

Schizofrene symptom og splitta sinn

Kritiske metonymi- og metaforanalysar
av fagtermar knytte til diagnosen schizofreni
i skandinaviske lærebøker i psykiatri

Helga Mannsåker



Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)
ved Universitetet i Bergen

2017

Dato for disputas: 08.09.2017

© Copyright Helga Mannsåker

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av reglane i åndsverklova

År: 2017

Tittel: Schizofrene symptom og splitta sinn

Kritiske metonymi- og metaforanalysar av fagtermar knytte til diagnosen schizofreni i skandinaviske lærebøker i psykiatri

Forfattar: Helga Mannsåker

Trykk: AIT Bjerch AS / Universitetet i Bergen

Forord

Eg ønskjer å takka følgjande personar for på ymse vis å ha hjelpt meg i arbeidet med avhandlinga mi:

Hovudrettleiar **Torodd Kinn** og birettleiar **Sandra Halverson**. Kva kan eg seia? Her ser eg meg nøydd til å ty til følgjande utveg: «Manglar du ord, så bruk ein metafor.» Torodd og Sandra er definitivt to av dei skarpaste knivane i skuffa (sjå avsnitt 5.1.2 for drøfting av kvifor det er så bra å vera skarp). Som ekte rett-leiarar har dei gong på gong leidd meg i rett (både i tydinga ‘bein’ og ‘riktig’) retning etter at eg har rota meg vekk med diverse teoretiske, tematiske, analytiske, terminologiske, språklege, omsettingsmessige, layoutmessige og rettskrivingsmessige avsporingar og grunnstøytingar, og det har dei gjort med endelaust tolmod, godt humør og ein retningsans og ei orienteringsevne som Lars Monsen kunne ha misunnt dei.

Ph.d.-kollegaar ved LLE generelt og forskingskollokviet spesielt, for alt dei har bidrege med av hjelp, sympati, empati, oppmuntring, konstruktiv kritikk, gode råd og innsiktsfulle innspel.

Administrasjonen ved LLE for eineståande serviceinnstilling og tilrettelegging. Dei har gjort stipendiattilveret til ein (administrativt sett) «walk in the park».

Espen Ingebrigtsen, for hjelp med omsetting av tyske sitat.

Sylfest, for oppmuntring, engasjement og mange gode råd og innspel.

Knut, for støtte, oppmuntring og tolmod. Di jordnære realist-innstilling og evne til å setja ting i perspektiv har hjelpt meg til å halda hovudet nokolunde kaldt undervegs i det som til tider har vore ein relativt småstressande prosess.

Henrik og Liv Marit, som dagleg (vel å merka implisitt) minner meg på at livet (heldigvis) består av meir enn lingvistikk.

Foreldra mine, som har oppmuntra meg og gjeve meg støtte på så mange vis.

Svigerforeldra mine for all hjelp, særleg **svigermor**, som har stilt som barnevakt og «husmorvikar» tallause gongar.

Humanistisk fakultet og Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, for at dei hadde tru på ph.d.-prosjektet mitt, og for at dei gjennom å tilsetta meg som stipendiat gav meg mogelegheit til å gjennomføra det.

Og sist, men ikkje minst, takk til **pasientar og personale** ved den langtidsposten for pasientar med alvorlege psykoselidingar der eg som ung sjukepleiarstudent hadde min obligatoriske praksis i psykiatri. Her vart mi vitelyst vedrørande kombinasjonen språk og psykiatri vekt – ei vitelyst som låg latent heilt til **Torodd Kinn** introduserte meg for kognitiv lingvistikk og metafor-teori i emnet *Semantikk og biletleg språk* då eg ein del år seinare var i ferd med å følgja nordistkallet som bachelorstudent ved UiB. Nyfikenheita resulterte først i ei mastergradsoppgåve (Mannsåker, 2010) og no altså òg i denne ph.d.-avhandlinga.

Eventuelle feil og manglar ved denne avhandlinga er eine og åleine mitt ansvar.

Abstract

This thesis investigates the use of the psychiatric terms *schizofreni* ('schizophrenia') and *schizofren* ('schizophrenic') in Scandinavian psychiatric expert language by means of Cognitive Linguistic theories of metaphor and metonymy. I use metaphor and metonymy analyses as a basis for critical discussions of the ways in which the terms are used in psychiatric expert language. My material consists of Scandinavian (i.e. Norwegian, Swedish and Danish) textbooks on psychiatry from three time periods: c. 1900, when the term for the disorder was *dementia praecox*, c. 1950, when *schizofreni* had fully replaced *dementia praecox*, and the period after 2000, i.e. the text books that are currently used in the education of physicians. My results indicate that metonymy plays a vital role in psychiatric expert language, and that some forms of metonymic use of psychiatric expert terms may lead to unfortunate conceptualizations and hence to stigmatization of patients. I have also found indications that the term *schizofreni* (from Greek *skhizein* 'to split' + *phrēn* 'mind') may still be alive as a metaphor in the psychiatric language community, inasmuch as the disorder is still referred to and therefore potentially also conceptualized in terms of the source domain SPLITTING. This study provides a deeper understanding of the role of metonymy in expert language and of the mechanisms contributing to the stigmatizing potential of some linguistic constructions.

Innhold

FORORD	III
ABSTRACT	V
INNHALD	VI
LISTE OVER FIGURAR	XV
LISTE OVER TABELLAR	XVI
1. INNLEIING	1
1.1 DEN ALLSTADNÆRVERANDE METAFOREN	5
1.2 PSYKIATRIEN OG SPRÅKET	11
1.2.1 Om læreboksjangeren	21
Kvifor lærebøker?	23
1.3 PROBLEMSTILLING OG FORSKINGSSPØRSMÅL.....	28
1.4 OVERSIKT OVER UNDERSØKINGAR I AVHANDLINGA.....	30
2. MATERIALE	31
2.1 PRIMÆRMATERIALE – LÆREBØKER	31
2.1.1 Utval av lærebokmateriale	31
Bøker frå perioden rundt 1900 (1900-tekstane).....	35
Bøker frå perioden rundt 1950 (1950-tekstane).....	36
Bøker frå perioden rundt 2000 (2000-tekstane).....	36
2.2 SUPPLERINGSMATERIALE	37
2.2.1 Grunngeving for val av suppleringsmateriale.....	38
Bleuler (1908).....	38
Blåboka.....	39

2.3	HANDTERING AV ANALYSETEKSTANE	41
2.4	DISPOSISJONEN TIL AVHANDLINGA	42
3.	METAFOR- OG METONYMITEORI	43
3.1	INNLEIING	43
3.2	KOGNITIV LINGVISTIKK	46
3.2.1	<i>Den kognitive lingvistikken sine rettesnorer</i>	47
3.2.2	<i>Tanke, språk og samfunn</i>	49
3.3	OMGREPSMETAFORTEORI	51
3.3.1	<i>Kva går omgrepsmetafor teorien ut på?</i>	52
3.3.2	<i>Den integrerte metafor teorien</i>	56
	Conflation	56
	Primære metaforar/korrelasjonsmetaforar	57
	Nevral metafor teori	60
	Den integrerte versjonen	62
	Konseptuell integrasjon	64
3.3.3	<i>Levande og døde metaforar</i>	67
	<i>Kva kjem først – det metaforiske språket eller den metaforiske tanken?</i>	72
3.3.4	<i>Kritikk avt OMT</i>	76
	Omgrepsmetaforar	77
	Metaforisk vitalitet	80
3.4	METAFOR SOM OVERTALINGSMIDDEL	83
3.4.1	<i>Det normative aspektet i OMT</i>	83
3.4.2	<i>Kritisk metaforanalyse</i>	86
3.5	METAFOR VERSUS METONYMI	90

3.5.1	<i>Interaksjonar mellom metonymi og metafor</i>	92
3.5.2	<i>Korleis skilja mellom metafor og metonymi?</i>	94
3.6	KVA ER EIT DOMENE?.....	97
3.7	METONYMI.....	105
3.7.1	<i>Kva er metonymi?</i>	106
3.7.2	<i>Kva kognitiv og kommunikativ funksjon har metonymi?</i>	109
	Metonymitypar.....	116
	Metonymi som prototypekategori.....	119
3.8	METODISKE MERKNADAR OG OPERASJONALISERING.....	123
4.	METAFOREN SI ROLLE I VITSKAPSSPRÅK	131
4.1	VITSKAPSSPRÅK.....	131
4.2	METAFORBRUK I VITSKAPSSPRÅK.....	136
4.2.1	<i>Funksjonane til vitsskapelege metaforar</i>	137
4.2.2	<i>Grammatiske metaforar</i>	141
4.2.3	<i>Vitsskapeleg terminologi og metafor</i>	146
5.	SCHIZOFRENI – TERMAR OG OMGREP	150
5.1	FRÅ <i>DEMENTIA PRAECOX</i> TIL <i>SCHIZOFRENI</i>	151
5.1.1	<i>Den metonymiske sida ved dementia praecox, ungdomssløvsinn og schizofreni</i>	153
	Metonymiane dementia praecox / ungdomssløvsinn.....	153
	Metonymien schizofreni.....	154
5.1.2	<i>Termene som metaforar</i>	155
	Metaforen dementia praecox.....	157
	Metaforen (ungdoms)sløvsinn.....	160
	Demens versus sløvsinn.....	161

Metaforen schizofreni	162
Splittingsmetaforen	163
5.1.3 <i>Oppsummering</i>	166
5.1.4 <i>Det psykiatriske språket</i>	169
Psykiatrisk nomenklatur	171
Fagtermer for psykotiske tilstandar	174
5.2 KVA ER SCHIZOFRENI?	176
5.2.1 <i>Strukturen til schizofrenikategorien</i>	182
5.2.2 <i>Forståingsramma for schizofreni</i>	184
Schizofreni – ICM	185
Schizofreni – kontiguitetsrelasjonar	187
6. METONYMI OG SCHIZOFRENI	195
6.1 DISPOSISJON	196
6.1.1 <i>Adjektiv</i>	199
Adjektiviske relasjonar og funksjonar	199
Adjektivtypar	201
Warren om funksjonskategoriar for adjektiv	201
Dirven om semantiske klassar av attributive adjektiv	202
Warren om semantiske relasjonar mellom adjektiv og substantiv	203
6.1.2 <i>Metonymi og adjektiv</i>	204
Bruk av adjektivet schizofren	207
Metonymi pluss metafor	209
6.2 BRUK AV ADJEKTIVET <i>SCHIZOFREN</i> I LÆREBØKENE	210
6.2.1 <i>Oversikt over bruken av schizofren i Bleuler-artikkelen og i lærebøkene</i>	212

6.2.2	<i>Adjektivisk bruk av adjektivet schizofren</i>	216
	Metodiske merknadar	217
	Adjektivet brukt om menneske (ikkje-metonymisk bruk)	218
	Attributiv bruk	218
	Predikativ bruk	219
	Metonymisk attributiv bruk av adjektivet	220
	PASIENT	225
	FAMILIE/SLEKT	225
	Analyse av konstruksjonen «schizofren familie»	226
	TILSTAND	228
	Analyse av konstruksjonen «schizofren tilstand»	230
	PSYKE/KROPP	231
	Analyse av konstruksjonen «schizofren arv»	233
	Analyse av konstruksjonen «schizofren hjerne»	235
	Psykiske funksjonar	237
	Analyse av konstruksjonen «schizofren verd»	239
	SJUKDOM	243
	SJUKDOM	243
	Analyse av «schizofren lidning»	245
	Analyse av «schizofrene grensetilstandar»	247
	SYMPTOM	249
	Forholdet mellom schizofrenisymptom og schizofreni	251
	Analyse av «schizofrene symptom»	254
	Analyse av «schizofren psykose»	256

Eigenskapar ved symptom eller tilstand knytt til schizofreni	258
Analyse av «språk- og tenkningsforstyrningar av schizofren art»	258
Individet sine produkt	260
Analyse av «schizofrene brev»	261
FORLØP	266
Analyse av «schizofren prosess»	269
6.2.3 <i>Samanlikning av funna for adjektivet schizofren med semantisk beslektede adjektiv..</i>	270
Drøfting	272
6.2.4 <i>Kvifor er ikkje-metonymisk adjektivisk bruk av schizofren relativt sjeldan i lærebøkene?</i>	273
Sjanger	274
Idealet om ikkje-stigmatiserende språkbruk	275
Skilnaden mellom attributive og predikative konstruksjonar – språkleg ikonisitet	277
Språkleg økonomi og fleksibilitet	279
Predikativ bruk av adjektivet <i>psykotisk</i>	280
Oppsummering	282
6.2.5 <i>Kvifor finst ikkje predikativ metonymisk bruk i lærebøkene?</i>	282
Ingen regel utan unntak?	284
Kvifor manglar metonymisk, attributiv bruk om ICM-kategori 3) og 4)?	285
6.2.6 <i>Oppsummering, adjektivisk bruk av adjektivet schizofren</i>	287
6.2.7 <i>Substantivisk bruk av adjektivet schizofren</i>	290
Kva er substantivisk bruk?	292
Ellipse eller metonymi? (Eller både òg?)	294
Kva konsekvensar har substantivisk bruk av schizofren?	298
People first language	303

Oppsummering, substantivisk bruk av schizofren	318
6.3 METONYMISK BRUK AV SUBSTANTIVET <i>SCHIZOFRENI</i>	321
Grensetilfelle	323
6.3.2 Oppsummering, metonymisk bruk av substantivet <i>schizofreni</i>	326
6.4 OPPSUMMERING AV UNDERSØKINGA AV METONYMI OG SCHIZOFRENI	327
7. METAFOR OG SCHIZOFRENI	330
7.1 KRITERIUM FOR METAFORISK VITALITET	332
7.1.1 Er grunntydninga i bruk?	338
7.1.2 Er måldomenet eksplisitt nemnt?	345
7.1.3 Er måldomenet abstrakt?	346
7.1.4 Inneber metaforen evaluering?	346
7.1.5 Er omgrepsmetaforen språkleg produktiv?	347
Ikkje-språkleg produktivitet?	348
Patologiske former for levandegjering?	349
7.2 UNDERSØKING AV METAFORISKE UTTRYKK KNYTTE TIL NAMNET PÅ SJUKDOMMEN I LÆREBØKENE	350
7.2.1 Presentasjon av søkjetermar	352
Grunngjeving for val av søkjetermar	354
Metode	356
sløv-	359
Avstump- / avtrubb-	361
-flat-	363
split-	365
spalt-	367

kløyv-	368
dissosi-	369
fragment-	371
opploys-	372
(u)samanheng-	375
7.2.2 Oppsummering av metaforundersøkinga	378
7.3 OPPSUMMERING OG DRØFTING	380
7.3.1 Var schizofreni eit heldig val av erstatningsterm?	384
Splittingsforvirring	389
Folkeleg bruk av termane	393
8. AVSLUTNING	403
8.1 KVA ROLLE(R) SPELAR METONYMI I VITSKAPSSPRÅK?	404
8.2 KAN METONYMISK BRUK AV ADJEKTIVET <i>SCHIZOFREN</i> OG SUBSTANTIVET <i>SCHIZOFRENI</i> FØRA TIL UHELDIGE FORSTÅINGSMODELLAR OG STIGMATISERING AV PASIENTAR MED DIAGNOSEN SCHIZOFRENI?	406
8.3 KAN INNLÅNTE VITSKAPELEGE TERMAR VERA LEVANDE METAFORAR, OG I SÅ FALL, PÅ KVA MÅTE?	407
8.4 KAN TERMEN <i>SCHIZOFRENI</i> HA FØRT TIL UHELDIGE FORSTÅINGSMODELLAR OG STIGMATISERING AV PASIENTAR MED DIAGNOSEN SCHIZOFRENI?	408
8.5 SLUTTORD	409
8.5.1 Vidare forskning	411
LITTERATUR	413
VEDLEGG	457
VEDLEGG 1: UTFYLLANDE OPPLYSINGAR OM LÆREBOKFORFATTARANE OG -PUBLIKASJONANE ...	458
VEDLEGG 2: <i>PSYKOTISK, HEBEFREN, KATATON, PARANOID</i> : ETYMOLOGI, TYDING OG SEMANTISK RELASJON TIL ADJEKTIVET <i>SCHIZOFREN</i>	464
VEDLEGG 3: DEFINISJONAR AV SCHIZOFRENI I SKANDINAVISKE ORDBØKER	468

VEDLEGG 4: OVERSIKT OVER UNDERSØKINGAR AV BRUK AV SCHIZOFRENITERMANE I MEDIA	471
VEDLEGG 5: OMSETTE TYSKE SITAT	478

Liste over figurar

Figur 1: Hendingsstruktursystemet	60
Figur 2: Oversyn over metonymitypar føreslegne i metonymilitteratur	119
Figur 3: Oversyn over elementa i schizofreni-ICM-en	186
Figur 4: Relasjonstypar adjektiv–substantiv etter Warren (1984: 23)	204
Figur 5: Mal for analyse	224
Figur 6: Analyse av «schizofren familie»	227
Figur 7: Analyse av «schizofren tilstand», i tydinga 'sjukdom'	230
Figur 8: Analyse av «schizofren arv»	233
Figur 9: Analyse av «schizofren hjerne»	236
Figur 10: Analyse av «schizofren verd»	239
Figur 11: Analyse av «schizofren lidings»	245
Figur 12: Analyse av «schizofrene grensetilstandar»	248
Figur 13: Analyse av «schizofrene symptom»	254
Figur 14: Analyse av «schizofren psykose»	257
Figur 15: Analyse av «språk- og tenkingsforstyrningar av schizofren art»	259
Figur 16: Årsakskjede, «schizofrene brev»	261
Figur 17: Analyse av «schizofrene brev»	263
Figur 18: Analyse av «schizofren prosess»	269
Figur 19. Metaforisk vitalitet på ulike nivå	331
Figur 20. Ulike kriterium for språkleg vitalitet på ulike nivå	336
Figur 21: Nasjonalspråklege termar for 'sløvskap'	352
Figur 22: Nasjonalspråklege termar for 'splitting'	353

Liste over tabellar

Tabell 1: Forholdet mellom adjektivet schizofren og substantivet schizofreni	214
Tabell 2: Fordeling mellom substantivisk og adjektivisk bruk av adjektivet schizofren	215
Tabell 3: Fordeling mellom metonymisk og ikkje-metonymisk adjektivisk bruk av schizofren	216
Tabell 4: Totalt antal treff på adjektivisk bruk av schizofren i 1908-artikkelen og 1950- og 2000-lærebøkene	217
Tabell 5: Attributiv bruk av schizofren om menneske	218
Tabell 6: Predikativ bruk av adjektivet schizofren	219
Tabell 7: Fordeling på kategoriane 1) sjukdommen og 2) den sjuke	222
Tabell 8: Schizofren brukt om grupper	225
Tabell 9: Schizofren brukt om tilstand	228
Tabell 10: Schizofren brukt om del av / aspekt ved individ	231
Tabell 11: Schizofren brukt om psykiske funksjonar	238
Tabell 12: Schizofren brukt om schizofreni som sjukdom/sjukdomsgruppe	243
Tabell 13: Schizofren brukt om symptom knytte til schizofreni	250
Tabell 14: Schizofren brukt om eigenskapar ved symptom/tilstand knytt til schizofreni	258
Tabell 15: Schizofren brukt om individet sine produkt	260
Tabell 16: Schizofren brukt om schizofreni som prosess	267
Tabell 17: Fordeling av bruken av adjektivet schizofren	272
Tabell 18: Fordeling av bruken av adjektivet psykotisk	272
Tabell 19: Fordeling av bruken av adjektivet hebefren	272
Tabell 20: Fordeling av bruken av adjektivet kataton	272
Tabell 21: Fordeling av bruken av adjektivet paranoid	272
Tabell 22: Substantivisk bruk av adjektiva schizofren, psykotisk, hebefren, kataton, paranoid	291
Tabell 23: Oversikt over adjektivisk bruk av schizofren i ICD-10 si blåbok	300

Tabell 24: Treff på dei sjukdomsrelaterte orda i lærebøkene	357
---	-----

1. Innleiing

Remember when you were young, you shone like the sun.

Shine on you crazy diamond.

Now there's a look in your eyes, like black holes in the sky.

Shine on you crazy diamond.

(Pink Floyd, 1975)

Pink Floyd-songen «Shine on you crazy diamond», som sitatet over er henta frå, handlar om den tidlegare bandmedlemmen (og no avlidne) Roger Keith «Syd» Barrett, som ifølgje somme var «displaying an almost textbook case of schizophrenia» (NN, 2016).¹

Skildringa av Barrett i songen er klårt metaforisk. Barrett vert omtalt som «ein skinande diamant», som før «skein som sola», men som no har eit uttrykk i auga som «svarte hòl på himmelen». Eit svart hòl er ifølgje Grønli (2002):

[...] et objekt i rommet med så stor massekonsentrasjon at ingen ting, ikke en gang lys, klarer å komme unna gravitasjonens klør så fort det er fanget. [...]. Alt som kommer innenfor er fanget for alltid. Hva enn det er som skjer innenfor, vil aldri bli mulig å se fra utsiden.

Men kva vil det i røynda seia at ein har «auga som svarte hòl»? Korleis vert sinnstilstandar som den til Barrett, kalla eit «lærebokdøme» på schizofreni, skildra og forklart i psykiatrien sine lærebøker?

¹ NB: Påstanden om at Barrett leid av schizofreni, er omstridd. Sjølv om somme hevdar at han hadde ei psykoseliding (Fusar-Poli 2007), meiner andre at han hadde Aspergers syndrom (Campanella, 2015).

Psykiatrar snakkar sjølvstilt ikkje om edelsteinar og himmellekamar når dei omtaler og skildrar psykiske lidingar. Sidan dei har eit presist, stringent, ikkje-metaforisk og veldefinert vitenskapelig fagspråk tilgjengeleg, kan dei velja å uttrykkja seg utan bruk av metaforar.

Eller kan dei egentleg det?

I første utgåva av *Lærebok i klinisk psykiatri*, som var det gjeldande norske lærebokverket i psykiatri for medisinarar på den tida då Barrett fekk psykiske vanskar for alvor, står følgjande å lesa om affektive (‘emosjonelle, kjenslemessige’) endringar ved schizofreni, som mogelegvis er det same fenomenet som Pink Floyd refererte til i sitatet over:

Pasienten blir mere og mere ufølsom overfor sine nærmeste, bryr seg heller ikke om deres omsorg, taper etter hvert også den sosiale **innføling**, viser ikke normal affektiv **resonans** på det som ellers framkaller følelsesmessige reaksjoner. Denne affektive **avstumping** kan gi seg iøyefallende utslag i den daglige atferd og reaksjonsmåte. (Langfeldt, 1951: 359, mine uthevingar)

Innføling er definert som «projeksjon fra eget bevissthetliv over på et objekt» (Svendsen, 2011), dvs. ei form for «overføring» av mentale, subjektive fenomen til ein fysisk lekam, noko som lyder temmeleg metaforisk, for ikkje å seia metafysisk, då det her ikkje egentleg er snakk om forflytting av fysiske entitetar i rommet, men om noko som utelukkande går føre seg i medvitet til eit subjekt.

Resonans er ein term henta frå fysikken, med tydinga ‘gjenlyd, gjenklang’:

I fysikk brukes resonans om det fenomen at et svingedyktig system vil oppta energi og komme i sterke svingninger når det blir påvirket av en periodisk kraft med samme frekvens som systemets egen frekvens. Fenomenet er meget utbredt i naturen i de forskjellige former. Holder man en svingende stemmegaffel i nærheten av en annen med samme svingetall, begynner den siste å svinge. (NN, 2012)

Og *avstumpa* tyder egentleg ‘gjort butt’, noko ein berre kan gjera med fysiske objekt.

For å oppsummera det Langfeldt skriv om kjenslelivet ved schizofreni, kan vi seia at det ser ut til å dreia seg om tap av evna til å overføra entitetar frå det subjektive medvitet over på fysiske objekt, defekt «stemmegaffelfunksjon» som gjev manglande eller feil gjenklang av andre objekt sine svingingar, og nedslipte fysiske konturar. Avsnittet er, som vi ser, spekka med metaforar.

Det psykiatriske fagspråket er ikkje blitt mindre metaforisk med tida. I ei moderne norsk psykiatrilærebok for medisinarar finn vi følgjande avsnitt, som skildrar det same fenomenet som er omtalt i Langfeldt-sitatet:

Affektavflatning eller emosjonelle forandringar ved schizofreni er et viktig grunnsymptom. Det typiske er gjerne affektavflatning, en tilsynelatende avflatning følelsesmessig. Det virker som om pasienten ikke lenger har evnen til å føle nært med sine medmennesker, ikke bryr seg om dem, har mistet evnen til å føle for noe annet enn seg selv. Dette betyr imidlertid ikke at de schizofrene er følelsesavstumpet. Ofte ser man at de kan vise atskillig sensitivitet og følsomhet, kanskje særlig i innledningsfasen. Det kan komme til svære affektekspløsjoner i forbindelse med forurettelser, der pasienten føler seg rammet på **ømme punkter** i sin personlighet. (Malt, Retterstøl, & Dahl, 2003: 205, mine uthevingar)

Her snakkar ein om «affektavflating» heller enn «avstumping» og manglande «resonans». *Avflating* er semantisk beslekta med *avstumping*, då begge orda i bokstaveleg tyding refererer til ein fysisk entitet som har fått relativt mindre kuperte eller mindre spisse konturar, men det ser likevel ut til å vera ein klår skilnad mellom dei innanfor psykiatrien, då forfattarane eksplisitt skriv at det ved schizofreni *ikkje* er snakk om affektavstumping, utan at den faglege skilnaden mellom *avflating* og *avstumping* vert forklart. Ordet *affektavstumping* er likevel handsama som ein fagterm og ikkje som ein metafor av forfattarane. Det er t.d. ikkje sett hermeteikn eller liknande om ordet *affektavstumping*, og det er ikkje problematisert som term. Ut frå sitatet er det

ingenting som hindrar ei tolking i retning av at «affektavstumping» er eit symptom som godt kan finnast ved andre psykiatriske tilstandar.

Affekteksplasjon er klårt metaforisk; her vert personar med schizofreni framstilte som sprenglekamar som kan «gå av». Å seia at personlegdommen inneheld «punkt», og at somme av dei kan vera «ømme», er òg døme på metaforisk språkbruk.

Som vi ser, er lærebokforfattarane si framstilling av psykiske lidingar langt ifrå fri for metaforar, sjølv om metaforane her vel å merka ikkje er så iaugefallande, høgstemde og lyriske som dei vi finn i teksten til Pink Floyd. Den nyaste lærebokteksten har bytt ut metaforen *avstumping* med ein ny metafor, *avflating*, og definisjonen av den nye metaforen er sirkulær: I apposisjonen som følgjer etter introduksjonen av termen *affektavflating*, finn vi utdjupinga «en tilsynelatende avflatning følelsmessig». *Avflating* vert altså definert som ei ‘tilsynelatande avflating’, noko som ikkje gjev haldepunkt for kva termen eigentleg refererer til, berre at det eigentleg ikkje er snakk om avflating, men noko som ser ut som avflating (jf. bruken av adjektivet «tilsynelatende»). Denne språkbruken opnar opp for ulike lesartolkningar.

Kendell (1975: 81–2) drøftar skilnadane i diagnostisering mellom ulike fagmiljø (m.a. det faktum at schizofreni har vore ein vesentleg mykje hyppigare stilt diagnose i USA enn i Storbritannia), og lanserer følgjande som ei av fleire moglege årsaker til dette:

First, the apparent similarity between the stereotypes held by different schools of psychiatry may be illusory because the technical terms used to define the diagnoses in question may themselves hold different meanings for them. American and British psychiatrists may agree, for example, that schizophrenia is characterised by thought disorder and flattening of affect, but mean different things by flattening of affect and thought disorder.

Det er i tillegg ei anna form for biletlegheit som er sentral i sitata henta frå lærebøkene og Pink Floyd-teksten, og det er metonymi. Metonymi er ei form for biletleg språk der noko står for noko anna, og der det er tett samband mellom dei to, t.d. ein årsak–verknad-relasjon. Både songteksten og læreboktekstane skildrar (forsøksvis) indre,

subjektive tilstandar ved hjelp av direkte observerbar åtferd og utsjånad. Auga er sjelas spegel, vert det sagt, og ved å skildra uttrykket i auga til ein person som «svarte hòl», seier ein indirekte noko om sinnstilstanden hans. Sitata frå lærebøkene skildrar ein indre sinnstilstand vha. observerbar åtferd, eller mangel på forventa åtferd: Personen viser ikkje forventa reaksjonar, han oppfører seg «unormalt», han «eksploderer». På basis av observert åtferd postulerer psykiatrane underliggjande årsaker i form av indre sinnstilstandar: «avstumping», «avflating», «emosjonelle forandringar». Men desse patologiske endringane, sjukdomsprosessane, må på si side vera resultat av noko anna: ei eller fleire sjukdomsårsaker som har ført til at personen sitt kjensleviv ser ut til å vera endra eller (tilsynelatande) utradert. Og desse sjukdomsårsakene og sjukdomsprosessane er ikkje kjende. Vi veit ikkje per i dag kva sjukdommar som schizofreni er, eller kva dei kjem av, og vi har ingen vedunderkur som kan gjera pasientane friske.

Psykiatrien sitt vitskapsspråk inneheld i det heile rikeleg med metaforar og metonymiar. Ifølgje kognitiv-lingvistisk metafor-teori er dette heilt som forventa.

1.1 Den allstadnærverande metaforen

[M]ost people think they can get along perfectly well without metaphor. We have found, on the contrary, that metaphor is pervasive in everyday life, not just in language but in thought and action. Our ordinary conceptual system, in terms of which we both think and act, is fundamentally metaphorical in nature. (Lakoff & Johnson, 1980b: 3)

Metafor styrer heile tilveret vårt: språk, tankar, erfaringar, relasjonar og handlingar, skreiv lingvisten George Lakoff og filosofen Mark Johnson i boka *Metaphors we live by* i 1980. Og med det braut stormen laus. Ein tett, vedvarande skur av metafor-litteratur og metafor-forsking, akkompagnert av sur motvind frå fagfellar som ikkje kjøpte ideen. Ubereknelege sidevindar med kuling i kasta spreidde

metaforforskinga til andre fagfelt som psykologi, nevrologi, litteratur, kunstig intelligens, politikk med meir.

Dersom ein metaforforskar i tradisjonen etter Lakoff og Johnson, kalla omgrepsmetafor-teorien, hadde lese den kursiverte delen av det førre avsnittet, hadde han straks bite seg merke i metaforbruken der, og dernest analysert dei ulike metaforiske ytringane som overflatemanifestasjonar av ein metaforisk forståingsmodell. Han ville ha sagt at forfattaren (eg) m.a. nyttar erfaringsområdet VÊR som *kjeldedomene* for å omgrepsleggjera *måldomenet* LINGVISTIKKFORSKING. Han hadde sett opp denne forståingsmodellen, kalla *omgrepsmetafor*, slik: LINGVISTIKKFORSKING ER VÊR, og hevda at ulike aspekt ved kjeldedomenet VÊR vert projiserte over på måldomenet LINGVISTIKKFORSKING, slik at nedbøren tilsvare forskingsprosjekt og akademisk litteratur, motvind tilsvare kritikk frå fagfellar, sidevindar tilsvare årsaka til spreiiing til omkringliggjande forskingsfelt, vindstyrke tilsvare spreiiingsfarten osv. I tillegg hadde han på basis av uttrykket «kjøpte ideen» sett opp omgrepsmetaforen IDEAR ER VARER, og uttrykka «fagfelt» og «spreidde» ville ha blitt framstilt som motiverte av omgrepsmetaforen FAGDISIPLINAR ER FYSISKE OMRÅDE (sjå t.d. Lakoff, Espenson, & Schwartz (1991) og Lakoff & Johnson (1980a)).

Ein metaforforskar som nyttar såkalla kritisk metaforanalyse (sjå t.d. Charteris-Black, (2004)), ville i tillegg ha gjort ei normativ vurdering og problematisert metaforbruken min ved å undersøkje kva ideologiar og verdisyn som løyner seg bak mine val av kjeldedomene. Ein de facto storm er ikkje noko vi i utgangspunktet ønskjer velkomen, og desse negative assosiasjonane vert truleg projiserte over på måldomenet, slik at framstillinga ikkje kan seiast å vera nøytral. Det attributive adjektivet *sur* i konstruksjonen *sur motvind*, nytta om kritikarar av metafor-teorien til Lakoff & Johnson, ville gjerne blitt kommentert som særleg interessant, sidan ein her får assosiasjonar om at kritikken kjem som følge av ein medfødd eigenskap (at dei

skeptiske fagfellane er dysforiske² og har eit vanskeleg lynne) og ikkje som følge av saklege, objektive og faglege funderte vurderingar. At «ubereknelege sidevindar» har «spreidd» metaforforskinga, gjev konnotasjonar om noko ukontrollert og tilfeldig, kanskje til og med uforvarande og uheldig.

Metaforar legg føringar på korleis vi oppfattar måldomena, i kraft av såkalla metaforiske følgjeslutningar, som byggjer på kunnskap om og haldningar til kjeldedomenet. Eitt døme på dette er den psykiatriske termen *utbredtheit*, der følgjeslutningane er 'irreversibel skade', dvs. at personen ikkje kan bli (heilt) bra att. Alle assosiasjonar som gjeld kjeldedomenet, kan potensielt «smitta» over på måldomenet, og det skjer umedvite. Forsøk har vist at metaforar kan påverka korleis vi tenkjer og handlar utan at vi sjølve er merksame på det. Effekten gjeld både konseptualiseringa av fenomenet og måten ein tek avgjerder i høve til og tileignar seg ny informasjon om fenomenet på (Thibodeau & Boroditsky, 2011; 2013). Analogiar kan fungera som grunnlag for resonnering og slutningar (Gentner & Gentner, 1983). Ei rekkje eksperiment tyder på at såkalla primære metaforar, som t.d. MORAL ER REINLEIK, har psykologisk realitet, sjå Landau, Meier, & Keefer (2010) for ei oversikt over slik forskning, og sjå avsnitt 3.3.3.

Det er ikkje ei overdriving å påstå at metaforforsking er eit stort og stadig veksande felt. Sjølv om andre tidlegare hadde vore inne på mange av dei same tankane som Lakoff & Johnson presenterte i *Metaphors we live by*, tok metaforinteressa først av etter at Lakoff & Johnson (1980b: 239) hevda m.a. følgjande:

It is as though the ability to comprehend experience through metaphor were a sense, like seeing and touching or hearing, with metaphors providing the only ways to perceive and experience much of the world. Metaphor is as much a part of our functioning as our sense of touch, and as precious.

² *Dysfori*: 'dårlig humør, grettenhet, irritabilitet, det å være ille til mote' (U. Malt, 2016d)

Viss det er slik Lakoff & Johnson her seier, at metafor er den einaste måten å forstå store delar av verda på, er det interessant å undersøkje språklege metaforar for å avdekkja dei underliggjande omgrepsmetaforane som motiverer dei. Språklege metaforar kan rett og slett gje oss eit vindauge inn til sinnet.

Metafor finst ifølgje omgrepsmetaforteorien i alle sjangrar og kontekstar, òg i vitskapleg språk og tanke:

In fact, metaphorical concepts are essential to scientific thought – without them we could understand very little beyond our direct physical experience. It is the genius of a good scientist that he can come up with a consistent set of natural metaphors that, when elaborated, fit a wide range of phenomena. It is important to recognize the indispensibility of metaphors for science; but it is equally important to understand that the metaphors of a science, like any other metaphors, typically hide indefinitely many aspects of reality (Lakoff & Johnson, 1980a: 208).

Metafor har blitt forska på med mange ulike vinklingar, analysemateriale og problemstillingar. I tillegg til undersøkingar av metafor som fenomen, som metaforforståing generelt (Blasko, 1999), og ved ulike spesifikke medisinske tilstandar (Amanzio, Geminiani, Leotta, & Cappa, 2008), (McGeoch, Brang, & Ramachandran, 2007), er derfor mange ulike felt etter kvart blitt undersøkte i høve til metafor: språkinnlæring (Boers, 2000), undervising (Cameron, 2003), kjensler (Kövecses, 2000), (Crawford, 2009), dødsannonsar (Solheim, 2014), vestleg kultur (St. Clair, 2002), lærebøker på ungdomstrinnet (Golden, 2005), (Askeland, 2008), omsetting (Lomheim, 1984), økonomi (Langerfeld, 2015), (Charteris-Black & Musolff, 2003), vitskapsspråk (Herrmann & Sardinha, 2015), (Herrmann, 2013), litteratur (Lakoff & Turner, 1989), (Semino & Steen, 2008), politikk (Chilton, 1995), diakron språkutvikling, (Sweetser, 1990), (Allan, 2008), tidsomgrep (Boroditsky, 2000), kvantitetsomgrep (Kinn, 2001), gestar (Cienki & Müller, 2008a), ideologi (Goatly, 2007b), (Charteris-Black, 2004), Bibelen (Feyaerts, 2003), popularisering (Knudsen, 2003), sosialpsykologi (Landau et al., 2010), kommunikasjon (Reddy, 1979),

teiknspråk (Selvik, 2006), omgrepsmetaforar hjå sjimpansar (Dahl & Adachi, 2013) – og den lista eg har sett opp her, er på ingen måte utfyllande.

I omgrepsmetaforteorien etter Lakoff og Johnson vert det hevda at både metafor og metonymi først og fremst er kognitive strategiar som gjer det mogeleg å forstå, formidla og diskutera abstrakte emne ved hjelp av meir saliente, konkrete, velavgrensa og/eller velkjende fenomen. Dette gjenspeglar seg i språkbruk: Ein snakkar om abstrakte saker som om dei hadde fysisk eksistens. Det å konseptualisera og snakka om noko ved hjelp av noko anna er ifølgje omgrepsmetaforteori kjenneteiknet på både metafor og metonymi, sjå t.d. Kövecses (2010) og Lakoff & Johnson (1980b). Språklege metaforuttrykk er ifølgje denne teorien overflatemanifestasjonar av metaforiske tenkjemåtar, dvs. at vi snakkar i metaforar fordi vi tenkjer i metaforar. Det språklege metaforuttrykket inneheld termar henta frå kjeldedomenet, men refererer til/handlar om måldomenet. Omgrepsmetaforar har òg ikkje-språklege manifestasjonar, som gestusar, reklame, teikneseriar m.m. (Kövecses, 2010; Forceville & Uios-Aparisi, 2009; Cienki & Müller, 2008).

Menneskesinnet er eit godt døme på ein entitet som ofte vert framstilt ved hjelp av metafor (Leary, 1990) og metonymi (Kövecses, 2000). Mange har undersøkt metaforar for menneskesinnet. Beger & Jäkel (2009) og Gentner & Grudin (1985) har undersøkt metaforar i det psykologiske fagspråket. Lakoff & Johnson (1980a) har eit avsnitt om metaforar i kognitiv vitskap. Kirkebøen (1993) har forska på korleis psykologien har henta inn metaforar og forståingsmodellar frå informasjonsteknologien (i vid tyding av ordet) og vice versa. Smith (1993) har undersøkt metaforar nytta i fagfeltet hjerneforskning, og Feldman (2006) drøftar på si side eit mogeleg nevralt grunnlag for metafor.

Eit fenomen som er mindre forstått enn menneskesinnet, er det dysfunksjonelle menneskesinnet. Metaforbruk innanfor fagfeltet psykiatri er interessant å undersøkje fordi det kan gje innsikt i korleis psykiatriske fenomen er omgrepsleggjorde i fagfeltet. Psykiatrar har ei viktig rolle i samfunnet: Dei diagnostiserer menneske med avvikande

åtferd, gjer framlegg om tvangsinnlegging og -behandling og gjer tilreknelegheitsvurderingar av brotsmenn og -kvinner. Deira fråsegner har kvalifiserande funksjon: Dersom ein psykiater erklærer at ein person er psykisk sjuk, då *er* personen det. Er personen ueinig i dette, kan det bli tilskrive manglande sjukdomsinnsikt eller realitetsorientering, noko som kan tolkast som eit symptom på sjukdommen og ei underbygging av diagnosen (Lian, 2014).

Både framveksten av psykiatri som vitenskap og psykopatologiske manifestasjonar på individnivå speglar samfunn og menneskeleg sjølvoppfatning. Sjamanar, offer for hekseprosessar og innlagde pasientar på psykiatriske sjukehus kan alle ha hatt psykotiske erfaringar, men samfunnet har oppfatta dei ulikt, og dei sjølve har oppfatta seg ulikt. Psykiatri og psykiatrihistorie er særleg interessant også fordi når ein definerer eller redefinerer grensene for normalitet, seier ein samtidig noko om menneskesyn, toleranse, syn på avvik etc., sjå t.d. Lian (2014).

Eit vitenskapsfelt som psykiatri har stor definisjonsmakt og viktige samfunnsfunksjonar. Det har i tillegg sensitiv problematikk og sårbare menneske som forskingsobjekt. Metaforbruken i slike disiplinær kan med fordel undersøkjast med eit kritisk blick. Kan metaforbruken seiest å vera problematisk på noko vis? Gjev han indikasjonar på løynde ideologiar? Fører han til ei uheldig oppfatning blant fagfolk og/eller lekfolk og ditto sjølvoppfatning blant psykisk sjuke menneske? Sjølv om det er estimert at annankvar nordmann kjem til å oppleve psykiske vanskar i løpet av livet (Kjos & Aas, 2008), er det å ha ei psykisk lidning framleis stigmatisert. Dette gjeld ikkje minst for dei som er diagnostiserte med ei psykoseliding som t.d. schizofreni (Gallo, 1994; Kingdon, Vincent, Vincent, Kinoshita, & Turkington, 2008).

1.2 Psykiatrien og språket

Intrapsychische Ereignisse eines Andern sich vorzustellen, das ist «keine so leichte Sache». Die Sachverhalte, die die klinische Psychiatrie untersucht, können nicht ohne weiteres den Sachverhalten gleichgestellt werden, die sich andere medizinische und biologische Wissenschaften vornehmen. [...] Die Sprache der klinischen Psychiatrie, weil sie subjektive Sachverhalte beschreibt, ist anders als die Sprache anderer Wissenschaften. (Feer, 1987: 4–5) [1]

I den medisinske spesialiteten psykiatri arbeider ein med menneskesinnet, ikkje med menneskekroppen. Psykiatri skil seg frå somatikk som vitskap: Medan dei andre 40–50 medisinske spesialitetane stort sett er biokjemiske disiplinar som i hovudsak konsentrerer seg om relativt konkrete og objektivt målbare fenomen, handlar psykiatri om det abstrakte og fluktuerande. Som Møller (2017) uttrykkjer det: «En premis for all forskning på psyken, er at alle mentale hendelser og lidelser utfolder seg i bevisstheten, som er en abstrakt størrelse og består av kun en ting: opplevelser.»

Eit beinbrot er det same over heile verda og til alle tider, og kan diagnostiserast vha. objektive metodar som røntgenundersøkingar, men ei psykiatrisk lidning varierer med auga som ser, kulturen og tidsalderen ho opptrer i, og lidinga er ulik frå individ til individ. Ho er heller ikkje lik over tid hjå individet, men går føre seg i fasar, stadium og svingingar, sjå t.d. Abrahamsen & Dahl (2004). I psykiatrien arbeider ein hovudsakleg med subjektive (private) fenomen som berre kan observerast og målast indirekte, via ei tolking og vurdering av teikn eller symptom: åtferd (herunder språkleg åtferd) eller ev. sjølvrapportering av opplevde plager. Når ein skal tenkja på og referera til intersubjektive fenomen, herunder psykopatologi, tyr ein ofte til meir eller mindre konvensjonelle metaforar eller metonymiar. Intrasubjektive fenomen er typiske måldomene, sidan dei ikkje er direkte observerbare for andre enn subjektet, ikkje har fysisk eksistens, ikkje er velavgrensa storleikar, og er vanskelege å definera og tolka, sjølv for subjektet som opplever dei. Psykopatologiske fenomen er i regelen endå meir komplekse og mindre forstått enn «normale» psykologiske fenomen, nettopp fordi dei

skil seg frå allmenne opplevingar, fordi dei er ekstra vanskelege å definera og tolka både for observatøren og for subjektet, og fordi etiologi og sjukdomsmekanismar for ein stor del er ukjende. Dei einaste som har førstehandskjennskap til desse opplevingane, er pasientane, og det kan vera vanskeleg å setta ord på erfaringar som ligg så langt frå erfaringsbakgrunnen til andre, som t.d. korleis det er å vera psykotisk eller alvorleg deprimert. I boka *Synlig mørke. Erindringer om en depresjon* reflekterer William Styron over kor vanskeleg det er å formidla til friske menneske korleis det kjennest å ha ein alvorleg psykisk sjukdom:

[...] hvis smerten hadde latt seg beskrive, ville de fleste av de utallige mennesker som har vært rammet av [depresjonen] gjennom tidene, ha kunnet gi sine nærmeste og sine venner (og også sine leger) et skikkelig innblikk i dens virkelige dimensjoner og dermed kanskje vinne større forståelse enn tilfellet er. Denne mangelen på forståelse skyldes som regel ikke manglende sympati, men det faktum at friske mennesker i praksis ikke er i stand til å forestille seg en tortur som ligger så langt utenfor deres daglige erfaringsområde. Selv sammenligner jeg den med følelsen av å drukne eller å bli kvalt, men heller ikke slike sammenligninger er adekvate. [...] For de fleste som har opplevd depresjonen, står den som noe så overveldende redselsfullt at det ikke kan uttrykkes i ord. (Styron & Amlie, 1991: 26, 95)

Ved å nytta biletleg språk for å referera til psykisk sjukdom kan ein vekkja bestemte assosiasjonar hjå den andre, slik at han kan danna seg eit meir dekkjande omgrep om fenomenet. Kjeldedomena er meir handfaste, direkte observerbare, forståelege og/eller allmenne fenomen som opptrer i vår sams verd heller enn i sinnet til individet. Styron nyttar m.a. metaforar som «en storm – en virkelig hylende skypumpe i hjernen» og «å føle [s]eg innesperret i et overopphetet værelse» (ibid.: 48, 61). For ein som ikkje har vore alvorleg deprimert, er det umogeleg å vita korleis det kjennest å vera i denne psykiatriske tilstanden, men dei aller fleste har førstehandskjennskap til lukka rom og overoppheiting. Intenst fysisk og psykisk ubehag i samband med ein ufrivillig situasjon som ein ikkje har herredøme over, kan seiast å vera fellesnemnaren mellom depresjon og innesperring i eit heitt rom. Men ved psykotiske lidingar som t.d. schizofreni er

ikkje sjølvrapportering alltid relevant, sidan psykotiske lidningar kan medføra mangel på det ein kallar sjukdomsinnsikt.

Patologi i sinnet lét seg ikkje måla på same måte som mange tilstandar innanfor somatisk patologi vert målte; det finst ingen spesifikke nevrobiologiske markørar for psykiske lidningar (Malt et al., 2003: 17). Sjølv for ei så alvorleg og omfattande lidning som schizofreni finst det ikkje objektive målemetodar og kriterium (Haukvik, 2013). Medisinarar som vurderer om ein person har *hjartesvikt*, kan stø seg til objektive målingar av m.a. blodtrykk og puls, blodprøveverdiar, EKG m.m. for å komma fram til ein diagnose. Psykiatrar som skal vurdere om ein person har *realitetssvikt* (psykose), har ingen tilsvarende hjelpemiddel. Somatikken har m.a. såkalla referanseområde³ for analysar av kroppsvæsker, men i psykiatrien er det mangel på semje om kva som skal definerast som normalt (Kringlen, 1997: 34–5; Torgersen, 2014), og «målemetodane» er hermeneutiske heller enn biokjemiske. Ein psykiater må tolka utsegnene (sjølvrapportering av symptom og/eller språklege forstyrringar) og åtferda til pasienten og vurdere funksjonsevna hans, sjå t.d. Andreassen (2016).⁴ Sinnstilstanden til observanden kan bli påverka av samspelet mellom han og observatøren, og dermed kan han verta tolka ulikt av ulike observatørar (Feer, 1987: 1). Diagnostisering av schizofreni er eit spørsmål om tolking, ikkje om eksakte, objektive målingar, noko som til fulle vart demonstrert i prosessen med den rettspsykiatriske vurderinga av Anders Behring Breivik.⁵ Samspelet mellom psykiateren og den psykiatriske pasienten kan òg avgjera effekten til behandlinga: Braslow (1997) drøftar t.d. korleis ulike somatiske

³ Tidlegare kalla *normalverdiar*, definert som det talintervallet der ein forventar å finna 95 % av verdiane når prøvematerialet er henta frå friske personar. (Braut, 2016)

⁴ Det er sjølvsagt ikkje dermed sagt at dei andre medisinske vitenskapene er eksakte: All medisinsk diagnostikk inneber eit element av tolking, og langt frå alle tilstandar er lette å måla objektivt, jf. t.d. lærbeinsbrot vs. fibromyalgi; her er det snakk om grad av eksaktheit.

⁵ Den første rettsmedisinske undersøkinga førte til diagnosen paranoid schizofreni og dermed til ein konklusjon om at Behring Breivik var strafferettsleg utilrekneleg. Den andre rettsmedisinske undersøkinga, som kom i stand pga. den kontroversen som oppstod som følge av denne konklusjonen, førte til diagnosen dyssosial og narsissistisk personlegdomsforstyrring og dermed til ein konklusjon om at Behring Breivik var strafferettsleg tilrekneleg. Den sistnemnde konklusjonen vart godkjend og teken til etterretning, og Behring Breivik vart dømd til fengsel. Hadde den første konklusjonen blitt ståande, ville Behring Breivik ha blitt dømt til tvinga psykisk helsevern i staden.

behandlingsmetodar for psykiatriske lidingar, som innleiingsvis har gjeve lovande resultat, men som med tida ser ut til å missa effekten, kan tenkjast å vera eit døme på ei form for placeboeffekt: Når behandlarar trur at dei har funne ein kur som kan lækja ei pasientgruppe, får dei eit nytt syn på og ei ny haldning til pasientane, og denne optimismen smittar over på pasientane. Braslow (1997: 94) hevdar at den forbigåande suksessen til desse kurane kan lesast som: «the triumph of hope, and of a desire to heal and be healed». Ifølgje Kringlen (1997: 375) er det (med visse unntak) vanskeleg å dokumentera at somme psykoterapeutiske metodar fungerer betre enn andre: Det som avgjer om terapien lukkast, er «[d]en gode allianse mellom pasient og terapeut, og terapeutens evne til å vekke håp og tro [...]», noko som tyder på sterk placebo-/noceboeffekt⁶ i terapi. Det er dermed ikkje uvesentleg kva måte terapeuten vel å ordleggja seg på. Dessverre finst det døme på at fagfolk innanfor psykiatrien heller har freista å fjerna håpet og trua hos pasienten med overdrive dystre prognosar (sjå t.d. Bjørklund (2012) og Lauveng (2005: 187)), noko som kanskje botnar i det Parnas et al. (2009) kallar «klinikerens illusion», eit pessimistisk syn på prognosar farga av erfaringar med kroniske, hyppig innlagte pasientar, i motsetnad til dei det går bra med, og som derfor ikkje vert innlagde att.⁷ Og dei to psykiatriske diagnosesystema som er i bruk på verdsbasis, ICD⁸ og DSM,⁹ er ikkje naturgjevne taksonomiar, men eit resultat av kontinuerleg fagleg forhandling og strid mellom ulike syn, sjå Torgersen (2014).

«Jo mindre sikker kunnskap vi har, desto større blir kulturvirkningen», skriv Lian (2014) om medisinske diagnoser. Ho hevdar at: «For psykiatriske diagnoser blir

⁶ *Nocebo* er eit antonym til *placebo* og refererer til det fenomenet at negative forventningar fører til negativ effekt.

⁷ Følgjande kan illustrera korleis overpessimistiske prognosar vert formidla til pasienten av behandlarane: – Jeg har fått beskjed om at jeg ikke kommer til å kunne studere eller bo alene. I dag gjør jeg begge deler. Jeg vet jo ikke hva som vil skje i fremtiden, men nå nyter jeg at livet er fint. (Eline Skår, diagnostisert med schizoaffectiv lidning, sitert i Norman & Åsebo, 2016)

⁸ ICD er forkorting for *International classification of diseases and related health problems*, og systemet vert nytta i Noreg i ei norsk utgåve. ICD er tilknytt WHO.

⁹ DSM er forkorting for *Diagnostic and Statistical Manual of Mental Disorders*. Dette er eit USA-amerikansk klassifikasjonssystem laga av den USA-amerikanske psykiaterforeninga, så i motsetnad til ICD gjeld dette diagnosesystemet berre psykiatri.

kulturpåvirkningen særlig sterk, noe som gjør dem (sosiologisk sett) meget interessante». Mangelen på objektive målemetodar og kriterium gjer at psykiatrien vert prega av (og pregar) kulturelle normer og verdiar (Lian, 2014). Å justera den strafferettslege grensa for utilrekelegheit er derfor ikkje det same som å justera promillegrensa, på same måte som det å *definera* utilrekelegheit er noko heilt anna enn å definera straffbar alkoholpåverknad. Justis- og beredskapsdepartementet, som handsama Straffelova i Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), skreiv dette om psykose og tilrekelegheit: «Straffeloven sier ikke uttrykkelig hva tilregnelighet er. [...] Psykose i strafferettslig forstand er de tilstander som psykiatrien til enhver tid regner som psykose.» (Justis-og-beredskapsdepartementet, 2003–2004). Det er altså opp til fagfeltet psykiatri å definera strafferettsleg tilrekelegheit. For å gje ein peikepinn om kva det kan dreia seg om, viser Justis- og beredskapsdepartementet til Ot.prp. nr. 87 (1993–94) side 22, der Helse- og omsorgsdepartementet uttaler følgjande om psykoseomgrepet:

Ved spørsmålet om hvilke tilstander som skal regnes som *psykoser* i straffelovens forstand, legges det avgjørende vekt på hvordan psykiatrien til enhver tid definerer psykosebegrepet. Det henvises til at det i dag blant psykiaterne er enighet om at det som først og fremst kjennetegner psykose, er at forholdet til virkeligheten i vesentlig grad er forstyrret. Evnen til å reagere adekvat på vanlige inntrykk og påvirkninger mangler. Den psykotiske mister ofte kontrollen over tanker, følelser og handlinger. De intellektuelle funksjoner kan derimot være i behold. Grensen mellom psykoser og andre sjelelige tilstander er ikke skarp. (Helse-og-omsorgsdepartementet, 1998–1999)

Kva som skal reknast som «vesentleg grad», «adekvate reaksjonar», og kva som kvalifiserer til karakteristikken «forstyrret» og «mister kontrollen» vert det ikkje sagt noko om. Jamfør dette med definisjonen av straffbar alkoholpåverknad, som vert definert på følgjande måte i Vegtrafikklova § 22:

Har han [fører av køyretøy] større alkoholkonsentrasjon i blodet enn 0,2 promille eller en alkoholmengde i kroppen som kan føre til så stor alkoholkonsentrasjon i blodet, eller større alkoholkonsentrasjon i

utåndingsluften enn 0,1 milligram per liter luft, regnes han i alle tilfeller for påvirket av alkohol i henhold til bestemmelsene i loven. (<http://www.lovdatab.no/all/tl-19650618-004-004.html>.)

Ved mistanke om promillekøyning kan politiet gjera ein såkalla førebels blåseprøve og eventuelt framstilla personen for utandingsprøve, blodprøve og spyttprøve, alle objektive målemetodar. Ingen slike metodar eksisterer for å avgjera om ein person er tilreknelig eller ikkje. Nettopp derfor er språket så viktig i psykiatrien: Psykopatologi kan berre målast og definerast ved hjelp av språket – måling er beskriving, og definering er å byta ei metaforisk (eller metonymisk) beskriving ut med ei anna. Ein psykiater kan t.d. vurdere pasientens status presens ('tilstand for augneblinken') som «oppstemd». Det finst ingen objektive målemetodar som sikkert vil kunna stadfesta dette, eller hjelpa med å måla nøyaktig kor «oppstemd» pasienten er i høve til eit «normalt» stemningsleie, både i høve til kva som er normalt for pasienten sjølv og for befolkninga generelt. Ein «oppstemd» person vil sjølv typisk kategorisk nekta for at sinnstilstanden hans er unormal eller inneber noko problem. *Oppstemt* er definert som 'i løftet stemning, opprømt' i *Bokmålsordboka*, og psykiatrar definerer *oppstemdheit* som 'heva stemningsleie', eller som eksaltasjon¹⁰ (Malt et al. 2003: 286). Igjen finn vi ein sirkeldefinisjon og eit kaleidoskop av metaforar.

Psykiske tilstandsendingar vert, som t.d. i tilfellet *eksaltasjon*, ofte framstilt som romleg forflytting. Dette dømet, henta frå psykiatrilæreboka til Smith & Strömgren (1956: 142), viser korleis schizofrenien si utvikling over tid vert omtalt som rørsle mot eit endepunkt:

I nogle tilfælde **skrider** sykdommen ganske *jævn* **fremad**, i andre **forløber** den **skubvis** eller i nogen grad **undulerende**¹¹, med remissioner indimellem.

¹⁰ Av lat. *exaltare* 'løfta opp, høgja' (Øyri, 1992)

¹¹ 'Bølgjande'. Av lat. *unda* 'bølgje' (Øyri, 1992)

Sluttstadiet kan **nås** i løbet af et års tid, men er dog som regel en årrække om at utvikle sig. (Mine uthevingar)

Ifølgje omgrepsmetafortheorien er slike uttrykksmåtar motiverte av omgrepsmetaforar, kognitive koplingar mellom ulike erfaringsdomene. I dømet ovanfor er det omgrepsmetaforane ENDRING ER RØRSLE, TILSTAND ER PLASSERING og SLUTTSTADIUM ER DESTINASJON som ligg bak metaforbruken. Biletleg språk er ofte det einaste ein har å hjelpa seg med, som t.d. når ein psykiatrisk pasient freistar å formidla vanskane sine til psykiateren:

Ved mange psykopatologiske tilstande er metaforen imidlertid det eneste middel til at kommunisere opplevser, der falder uden for det gængse ordforråd. Patienten forsøger undertiden at beskrive noget, der ikke lader sig udtrykke i almindelige sproglige vendinger (især ved visse symptomer på skizofreni). (Parnas et al., 2009: 53–4)

Styron & Amlie (1991) er òg inne på dette poenget. Men sjå Stuart (1997) for døme på at metaforar også kan bli nytta med defensivt siktemål, for å blokkera framgang i terapien.

Språket er altså eit sentralt verktøy i psykiatrien. Det vert nytta til diagnostisering («det psykiatriske intervjuet»), til terapi («samtaletterapi») og til å definera og skildra dei fenomenene som høyrer inn under psykiatrien, sjå t.d. Spitzer (1994) og Feer (1987) for diskusjon. Psykiatrien sitt språk kan bidra til å skapa eller svekkja håp (Norman & Åsebø, 2016; Lauveng, 2005) og verka som sjølvoppfyllande profetiar (Malt et al., 2003: 16). Ein psykiatrisk fagterm som *schizofreni* skil seg frå t.d. ein mineralogisk fagterm. Kva ein vel å kalla dei ulike mineraltypene, har ikkje så mykje å seia, for minerala bryr seg ikkje om det. Men det har noko å seia kva ein kallar dei ulike psykiske lidningane og diagnosane, og korleis ein definerer og karakteriserer dei, for dei

diagnostiserte individa bryr seg om det.¹² Og har ein person først fått ein psykiatrisk diagnose, kan det vera vanskeleg å verta kvitt han att, sjå t.d. Lauveng (2005: 193–5;) og Malt et al., (2003: 16).

Ei undersøking av kva språk, og særleg kva slags språklege metaforar, psykiatrien nyttar om forskingsobjekta sine, dvs. psykopatologiske fenomen, kan seia oss noko om korleis fenomena blir – og har blitt – oppfatta i fagfeltet. Og fleire forskarar har undersøkt forholdet mellom språk/tekst og psykiatri.

Psykiateren Jon Geir Høyersten (2000) har analysert menneskebletet i islendingssagaane med psykiatrisk innfallsvinkel. Litteraturvitaren Jan Inge Sørbo (2013) har skrive om det han kallar «den tredje røysta», dvs. skjønnlitteraturen, som ifølgje han kan verka supplerande der dei to andre røystene, psykiatrien og pasienten, kjem til kort språkleg. Litteraturvitaren Petter Aaslestad (2007) har gjort ein diakron studie av narrative mekanismar i psykiatrijournalar om schizofrene pasientar.

Når det gjeld metaforbruk i psykiatrisk fagspråk, har Feer (1987) skrive om psykiatrien sitt fagspråk, med eit lite avsnitt om metaforar. Rosenman (2008), Skårderud (2004), Nayman (1994), Eynon (2002) og Mojtabai (2000) er døme på fagfolk innanfor psykiatrien som med ulike innfallsvinklar har skrive om metaforar i samband med psykiatri. Amarasingham Rhodes (1984) har undersøkt kva metaforar pasientar og helsearbeidarar bruker om antipsykotiske medisinar. Agdestein-Wagner (2014) har samanlikna metaforar om psykiske lidningar generelt i norske og tyske lærebøker i sjukepleiarutdanninga. Underteikna samanlikna metaforbruken til lekfolk og fagfolk om emnet affektive lidningar (Mannsåker, 2010). Sarbin (1990) har undersøkt metaforar om ulike psykiatriske tilstandar. Biong (2009) har undersøkt metaforar om sjølvoppleving hjå yngre norske menn med heroinavhengigheit og sjølvmondsåtferd.

¹² Jamfør følgjande sitat frå ein tidlegare schizofrenipasient: «Å få en psykiatrisk diagnose kan oppleves som en dom, som noe fremmed, og hvis man ikke har følt seg syk før, så gjør man det i alle fall da. Selv husker jeg at det var vanskelig å forstå at alle de rare, skremmende ordene og beskrivelsene egentlig handlet om meg. Det virket så sært, og så alvorlig, – det var sånn man snakket om andre, men, jeg var jo ikke sånn!» (Lauveng, 2005: 138)

Det er òg forska ein del på metaforbruk i psykoterapi. For å nemna eit døme: I terapiretninga narrativ terapi freistar ein å finna terapeutiske metaforar som kan erstatta pasienten sine uheldige metaforar om seg sjølv og livet sitt (White, 2009). Sjå McMullen (2008) for ein gjennomgang. Szabó (2014) har gjort ein kassustudie av metaforar i jungiansk psykoterapi. Beger (2015) har samanlikna psykologar sin metaforbruk i online rådgjeving og i akademiske førelesingar. For ei kopling mellom metafor- og metonymiteori og psykoanalytisk teori, sjå Borbely (2008), og sjå Saks (1999) for ein kritisk diskusjon av metaforar i hermeneutisk psykoanalyse. Metaforar i familierapi er undersøkte av Hansson (2002).

Ein psykose er definert som ekvivalent med utilrekelegheit av Justis- og beredskapsdepartementet i sitatet over, og som ein psykisk tilstand kjenneteikna av tankeforstyrningar, vrangførestillingar og hallusinasjonar. Innhaldet i desse vrangopplevingane står ifølgje somme i eit forståeleg samband med pasienten sine personlege erfaringar og opplevingar (Parnas et al., 2009: 281), slik at metafortolkning kan vera eit viktig verktøy for terapeuten (Skårderud, 2004).

Denne avhandlinga undersøker i motsetnad til Agdestein-Wagner (2014), Mannsåker (2010) og Sarbin (1990) ein meir spesifikk og avgrensa del av det psykiatriske fagspråket: diagnosenamn og adjektiv avleidde av desse. Eg har valt å undersøka opphavet til og bruken av ulike namn knytt til den diagnosen som per i dag vert kalla *schizofreni*, med eit deskriptivt og normativt perspektiv ved hjelp av kognitiv-lingvistiske teoriar om m.a. metafor og metonymi. Undersøkingmaterialet er primært tekstutval frå psykiatriske lærebøker.

Schizofreni vert kalla ein gåtefull sjukdom av det psykiatriske fagfeltet (Langfeldt, 1951: 356; Malt et al., 2003: 200; Parnas et al., 2009: 248; Møller, 2017). Det er difor interessant å undersøka korleis dette diffuse fenomenet har vore, og vert, omtalt i fagspråklege samanhengar. Korleis omtalar fagpersonen eit abstrakt og lite forstått fenomen som han ikkje har sjølvopplevde førstehandserfaringar med? Og korleis formidlar han denne (ufullstendige) kunnskapen i ei lærebok for nybegynnarar?

Når det gjeld diagnosen schizofreni og metafor meir generelt, finst det ein del forskning, men ikkje så mykje spesifikt på fagspråk, sjølv om Agdestein-Wagner (2014) har eit avsnitt om metaforar for psykoselidingar/schizofreni spesielt. Døme på forskingsområde som er relevante for mi undersøking, er folkeleg bruk av termen *schizofreni* som metafor, dvs. at termen vert nytta for å snakka om emne utanfor psykiatrien, som t.d. vêret, meiningar, aksjemarknadar m.m. Sjå m.a. Duckworth, Halpern, Schutt, & Gillespie (2003) og Chopra & Doody (2007) (vedlegg 4 inneheld ei meir fullstendig liste). Det faktum at termen vert feilaktig oppfatta som å denotera ein «Jekyll-Hyde»-personlegdom, er blitt forska på m.a. av McNally (2007). Goodyear (2004) har undersøkt korleis schizofreni vert framstilt i spelefilmar og kome fram til tre dominerande metaforar: «schizophrenia as monstrosity, schizophrenia as a way to describe a divided self, and schizophrenia as a divine gift.» (ibid.: Abstract). Det er òg blitt forska på metaforforståing og metaforbruk hjå schizofrene personar, då schizofreni er assosiert med forstyrning i evna til å skilja mellom bokstaveleg og biletleg språkbruk, sjå t.d. Kircher, Leube, Erb, Grodd, & Rapp (2007), Parnas et al. (2009).

Det fenomenet som vi i dag refererer til med termen *schizofreni*, og som i fagfeltet er rekna for den viktigaste forma for psykose (Malt et al., 2003), vart definert som ein eigen sjukdomskategori først i 1896, under namnet *dementia praecox*. I psykiatrien har det alltid vore usemje om intensjonen og ekstensjonen til termene *dementia praecox* og *schizofreni*. Symptoma på sjukdommen varierer med tid og kultur og frå individ til individ, dei er ikkje patognomoniske, dvs. så karakteristiske at dei tillèt ein sikker diagnose, og symptoma er fluktuerande òg på individnivå. Manifestasjonane av sjukdommen har òg endra seg med tida. Til dømes er innhaldet i og tolkinga av vrangførestillingar knytt til den konteksten dei oppstår i (Lie, 2012). Eg vil likevel understreka følgjande faktum: Det som ved ein fagleg konvensjon i skrivande stund vert omtalt som *schizofreni*, er høgst reelle og høgst alvorlege, ofte invalidiserande,

symptom og plager som har omfattande konsekvensar for både den som vert ramma, og for omgjevnadane hans, og for samfunnet, sjå t.d. Kendell (1975: 21–23).¹³

Termen *schizofreni* er sentral innanfor psykiatrien fordi han refererer til ein alvorleg og relativt utbreidd sjukdomskategori og til ein diagnose lista i dei diagnostiske klassifikasjonssystema ICD og DSM. Han er ein negativt ladd merkelapp ein tildeler personar på grunnlag av observasjonar av avvikande åtferd (Lian, 2014). I kraft av å vera ein diagnose inneber han òg ein spådom om framtida til den diagnostiserte; ein prognose, og han legg føringar for behandlingsplanen for den diagnostiserte. I tillegg er termen ein metafor, då *schizofreni* bokstaveleg talt tyder ‘splitta sinn’. Sidan sinnet ikkje er eit fysisk objekt, kan det ikkje splittast i konkret forstand. Mange er skeptiske til termen *schizofreni* fordi han er potensielt stigmatiserande og lett fører til feilaktige metaforiske følgjeslutningar (*entailments*). Mykje tyder nemleg på at metaforen *schizofreni* på eitt eller anna nivå framleis er levande, dvs. tett knytt til kjeldedomenet SPLITTING, jf. den utbreidde folkelege bruken av termen, i tydinga ‘indre splitting, inkonsistens’. Det vert no diskutert om termen bør bytast ut, og nokre asiatiske land har allereie erstatta schizofreni-termen (Lasalvia, Penta, Sartorius, & Henderson, 2015). Mine analysar og drøftingar av bruken av termen i psykiatriske lærebøker vil m.a. komma inn på spørsmålet om termen – og/eller bruken av termen – kan seiast å vera stigmatiserande.

1.2.1 Om læreboksjangeren

Ifølgje Brodersen, Bråten, Reiersgaard, Slethei, & Ågotnes (2007) er det grovt sett tre ulike akademiske sjangertypar, klassifiserte ut frå føremål: vitkapelege, populærvitkapelege og instruerande tekstar. Dei skil seg frå kvarandre ved at dei på ulike måtar og i ulik grad fokuserer på logos, patos og etos. Dei vitkapelege tekstane fokuserer mest på logos, budskapen i teksten, populærvitkapelege på patos, på å gjera stoffet forståeleg og interessant for folk flest, instruerande på etos, å meistra eit fag

¹³ Ifølgje Johannessen (2002) er kostnadane assosierte med lidinga estimerte til meir enn 1 % av BNP i vestlege land.

med grunnlag i etablert fagleg autoritet. Under sistnemnde kategori høyrer metode- og læreboktekst til. Metodetekstar er normative; dei handlar om korleis ein skal gå fram i forskinga. Læreboktekstar er deskriptive; dei samanfattar den mest sentrale og etablerte kunnskapen på feltet (ibid.: 64). Lærebøkene eg har undersøkt, høyrer til sjangeren instruerande tekstar. Dei skildrar fenomenet schizofreni, men dei instruerer òg lesaren i korleis han skal diagnostisera, snakka om og behandla sjukdommen og den sjuke.

Brodersen et al. hevdar at skilnadane mellom dei ulike akademiske sjangrane finst m.a. i språkbruk og forfattaretablering. Når det gjeld språkbruk, er dei vitskapelege tekstane tyngst å lesa for dei uinnvigde, fordi terminologien er så spesifikk og framandarta. I populærvitskapelege framstillingar vil forfattaren unngå slike vanskelege termar, eller forklara dei grundig. Instruerande tekstar ligg mellom dei to andre sjangrane i språkbruk. Forfattaretableringa går også føre seg på ulike måtar i sjangrane. For vitskapssjangeren er idealet stort sett ei nøktern, objektiv framstilling og ein meir eller mindre «usynleg» forfattar.

Selander & Skjelbred (2004) kallar lærebøker kulturelle artefaktar og skriv at læreboka har belæring, informasjon og forståing som intensjon og «skal formidle et stoff som finnes, *fra* noen som kjenner dette stoffet, *til* noen som ikke kjenner det, og den skal skape tilslutning til dette stoffet.» (Selander & Skjelbred, 2004: 36). Asymmetri mellom forfattar og lesar er såleis ein grunnposisjon ved læreboka. Læreboka formidlar kunnskap som skal hugsast og reproduserast. Selander & Skjelbred (2004: 38) skriv om tradisjonelle lærebøker at: «Teksten blir beskrivende og konstaterende, den forteller hvordan noe *er* i et saklig og avpersonifisert språk.»

Soyland (1994) hevdar i boka *Psychology as metaphor* at i akademiske tekstar vert lesaren invitert til å sjå noko på ein bestemt måte. Forfattaren si oppgåve er å presentera truverdige og overtydande argument for kvifor lesaren bør ta til seg dette bestemte synet. Men overtydinga kan i mange fagdisiplinar vera løynd, slik at forfattaren freistar å gje eit inntrykk av at teksten berre er sannferdig referering av fakta:

[...] most academic writing is structured so as to conceal the aim to persuade; more specifically, the rhetoric of most texts is used to convince the reader that it is the object under discussion (in the last resort: Nature) which is the agent of persuasion, and the text is either an adequate or inadequate means of communicating information about that object. (Soyland, 1994: 1)

Lærebøker inneheld i motsetnad til aktuelle fagartiklar ikkje nødvendigvis dei nyaste forskingsfunna og -innsiktene. Eg har likevel valt å sjå på lærebøker framfor forskingsartiklar, og i det følgjande avsnittet vil eg grunngje dette valet.

Kvifor lærebøker?

Lærebøker er interessante å analysere fordi det er rimeleg å gå ut frå at dei representerer ein slags «common ground» (eit hovudsyn eller i alle fall eit «minste felles multiplum») i fagfeltet i si samtid. Dei har stor påverknadskraft på medisinarar under utdanning; dei er med på å forma deira syn på psykiatri som fagfelt, på psykiske lidningar og ikkje minst på psykiatriske pasientar. Parnas et al. (2009: 5) skriv t.d. i forordet at: «[...] det er vores håb at kunne inspirere og motivere kommende kolleger til at arbejde indenfor psykiatrien.»

Det er rimeleg å tru at desse tekstane i høg grad verkar normativt på dei som skal sosialiserast inn og verka i fagfeltet psykiatri, og at dei dermed igjen får følgjer for deira pasientar. Alle medisinstudentar i Noreg har ein praksisperiode innanfor psykiatrien. Og dei aller fleste medisinarar vil kunna komma til å møte pasientar med psykiatriske (tilleggs)diagnosar i løpet av yrkeskarrieren sin. Dermed får lærebøkene indirekte effekt på pasientane og studentane til desse legane når dei byrjar å praktisere yrket sitt. Bøkene er også meinte for allmennlegar, psykologar og andre profesjonsgrupper som jobbar med eller er interesserte i psykiatri. Dei har dermed ei omfattande målgruppe. Malt et al. (2003) oppgir òg pasientar, pårørande og interesserte lekfolk som målgruppe for boka si.

Lærebøker er ei kjelde til etablert språkpraksis i eit fagfelt. Lærebokforfattarane nyttar dei fagtermane som er konstituerte i faget, men dermed bidreg dei òg til å konstituere

og legitimera termane. Dei gjev instruksjonar til medisinstudentane om korleis dei skal kategorisera psykiatriske fenomen, og korleis dei skal ordleggja seg når dei snakkar om dei. Tekstane gjev eksplisitt eller implisitt instruksjon i *språkføring* om fenomenet: «slik ordlegg vi oss når vi snakkar om schizofreni». Eit døme på eksplisitt fagspråkleg instruksjon kan vera følgjande sitat frå Malt et al. (2003: 204):

Senere, og i mer alvorlige tilfeller, kan tankene bli mer uforståelige og usammenhengende. Vi taler da om *inkoherens*. [...] Den stereotype gjentakelse av de samme tankerekker kaller vi perseverasjon.

I Parnas et al. (2009: 339) finn vi følgjande eksplisitte terapispårlege instruksjon, dvs. råd om korleis terapeuten bør ordleggja seg i møte med ein schizofren pasient:

Eksempelvis virker brug af tredje person (fx «Nogle mennesker oplever») mindre konfronterende og ængstende end en direkte omtale og tolkning af patientens oplevelser.

Lærebøkene har såleis ein konserverande verknad på språket, sjølv om fagfeltet psykiatri har hatt ei rivande utvikling sidan det etablerte seg som eige fag innanfor medisinen. Det vi kallar moderne psykiatri, oppstod for ca. 200 år sidan, med namn som Pinel, Esquirol og Rush (Malt et al., 2003: 44–5). Klorpromazin (øg kjend som *Largactil*) vart oppdaga rundt 1950 (Shorter, 1997: 248; Aronson, 2007). Dette markerte starten på det som er blitt kalla «den psykofarmakologiske revolusjonen» i psykiatrien generelt og i psykosebehandling spesielt (Kringlen, 2007: 268), og som er blitt skildra slik i Smith & Strömngren (1956: 153):

Medens hovedreglen tidligere har været, at man gav skizofrene så få medikamenter som muligt og især begrenset anvendelsen af sedativa og hypnotica, er situationen siden 1953 blevet en ganske anden. Largactil og serpasil har vist sig at være overordentlig nyttige virkemidler ved skizofrenibehandling.

Lærebøker kjem ofte i mange utgåver over lang tid¹⁴ og er dermed sannsynlegvis lærebøker for neste generasjons lærebokforfattarar. Eit tydeleg døme på dette finn vi i Malt et al. (2003: 211), der to setningar er rein parafrasering av ein passasje i Langfeldt sin tekst (1951: 381), mellom anna ein relativt påfallande metaforbruk:

Det avgjørende for å stille diagnosen schizofreni, er om det er kommet til en «knekkbøyning» i personlighetsutviklingen som peker i retning av at lidelsen er blitt mer progressiv.

Jamfør med Langfeldt (loc.cit.):

Det avgjørende for diagnosen schizofreni blir dermed med hensyn på dette punkt om der kan skjønnes å være kommet til noe nytt, en knekkbøyning på personligheten som peker i retning av en progressiv lidelse.

Den noko påfallande metaforbruken ser her ut til å ha gått i arv frå ein lærebokforfattar til ein annan. Men er det berre snakk om språkleg påverknad, eller òg omgrepsmessig og kognitiv påverknad?

I ei undersøking som denne kan ein ikkje sikkert slå fast retninga av påverknad mellom språk og tanke. Språket vert forma ut frå korleis menneske tenkjer, men tanken kan også verta forma av språket. Språket tilbyr ferdige stillas¹⁵ for tanken. Det finst ein konvensjonalisert måte å snakka om ulike saker på i eit gjeve språk og på eit gjeve fagfelt, og desse konvensjonane må både språklæraren (her: lærebokforfattaren) og språkkinnlæraren (her: medisinstudenten) forhalda seg til. Sidan kommunikasjon handlar om å gjera seg forstått, er det ikkje mykje rom for å bryta desse konvensjonane. Fjernar ein seg for langt frå dei språklege konvensjonane, står ein i fare for å bli

¹⁴ Som dei to norske lærebøkene som har vore dominerande i den norske medisinstuderinga lenge: Kringlen, som kom ut første gong i 1972 og no ligg føre i 10. utgåve (Kringlen, 2011), og Malt et al., som kom ut første gong i 1994 som ei vidareutvikling av eit verk som kom i 1971, og som no ligg føre i 3. utgåve (Malt, 2012).

¹⁵Jamfør Talmy (2000), som nyttar metaforen "scaffolding".

mistenkjeleggjord. I psykiatrien reknar ein dette til og med som eit symptom på alvorleg sinnsliding:¹⁶

I psykiatrien brukes ‘neologisme’ som samlebetegnelse for det fenomenet at en del personer med alvorlige psykiske lidelser (spesielt schizofreni), kan konstruere nye ord, vri på ord eller tillegge ord en helt ny og for andre uforståelig betydning. Ordene blir således høyst personlige og har i ikke noen entydig kommunikasjonsverdi. (Malt & Kjøll, 2014)

Sjå òg Parnas et al. (2009). Jamfør Wittgenstein & Tin (2010), som kallar eit språk ingen andre kan forstå, for privat språk. Privat språk har ingen kommunikatív funksjon og ingen informasjonsverdi utanom for personen sjølv.

I undersøkinga mi vil eg sjå på slike språklege konvensjonar i fagspråket til psykiatrien, nærare bestemt namn på diagnosar. Mykje av språkbruken går som sagt i arv frå generasjon til generasjon, men på den andre sida har psykiatri som vitskap endra seg radikalt i perioden frå 1900 til i dag. Dette legg press på språket til å endra seg i takt med utviklinga av vitskapen, noko som er reflektert i dei stadige revisjonane av klassifikasjons- og diagnosesystema ICD og DSM, der gamal terminologi vert bytt ut med ny. Når ein les dei eldste lærebøkene, vert det tydeleg at språkbruken har forandra seg på mange måtar med åra. Pasientar vert ikkje lenger omtalte som t.d. «idiotar», «imbesile» eller «fødde forbrytarar», som i t.d. Friedenreich (1901/2009). Men merk at ein ikkje utan vidare kan slå fast at tidlegare fagtermar som «idiot» de facto var stigmatiserande i eldre fagtekstar. Boréus (2006: 411) skriv at det er eit vanleg fenomen at nøytrale ord som vert nytta for å referera til stigmatiserte (diskriminerte) grupper, med tida vert negativt ladde via ein pejorativiseringsprosess. I moderne psykiatri er ein

¹⁶ Eit av dei mange stridsspørsmåla rundt vurderinga av den tiltalte i rettssaka etter massakren på Utøya i 2011 var nettopp at den første kommisjonen hevda at ein av indikasjonane på at tiltalte (Anders Behring Breivik) var psykotisk, var den utstrekte bruken hans av neologismar. Den andre kommisjonen var sterkt usamd i dette, og hevda at for at bruk av neologismar skulle vera eit symptom på psykose, måtte neologismane vera uforståelege for andre. Dei samanlikna nyorda til tiltalte med andre nyord som *smørkrise* og *askefast*. Eit av vitna påpeikte i tillegg at ein del av orda ikkje var nye i det submiljøet tiltalte tilhøyrdte (Brekke, 2012).

generelt svært oppteken av stigmatiseringsproblematikk, ikkje minst i høve til språkbruk. Utfordringa for fagfeltet er sjølvsagt at termar som i utgangspunktet var nøytrale og ikkje-stigmatiserande, over tid vil kunna gå gjennom ein slik pejorativiseringsprosess, då referentane til psykiatrien sine fagtermar i utgangspunktet er stigmatiserte fenomen og menneske.

Psykiatrar i dag møter til dels den same symptomatologien som for 100 år sidan, og somme tilstandar og symptom er det vanskeleg å omtala på ein nøytral måte. Ein term vil over tid kunna få så sterke negative assosiasjonar hefta ved seg at han vert vurdert bytt ut. Eit døme på dette er termen *psykopat*, av gr *psykhē* ‘sjel, sinn’ + *pathos* ‘liding, sjukdom’, dvs. ordrett ‘sinnssjuk’. Termen vart opphavleg, som grunntydninga indikerer, nytta om alle former for psykopatologi, men vart seinare nytta om personlegdomsforstyrningar som er prega av mangel¹⁷ på hemningar, og vidare smalna inn til å gjelda «varige karakteravvik av negativ art [...] [f.eks.] ekstrem aggressivitet, impulsivitet eller holdningssvakhet», som Kringlen (1997: 37) formulerer det. Etter kvart har termen dermed vorte svært belasta. Termen vert t.d. ukritisk nytta i daglegspråk som nedvurderande personkarakteristikk (Parnas et al., 2009: 544). Blackburn (1988: 511) hevdar at termen slik han no er nytta, denoterer eit omgrep som i realiteten er «a moral judgement masquerading as a clinical diagnosis», og at han bør fjernast frå fagspråket. Termen refererer no ikkje lenger til ein eigen diagnosekategori i ICD-systemet, men er «gøymd» under ICD-10-kategorien F60.2, *Dyssosial personlighetsforstyrrelse*, som igjen er ein underkategori av F60, *Spesifikke personlighetsforstyrrelser*. Noko av den same problematikken heftar ved schizofrenitermen, då han i tillegg til å vera nytta som ein fagterm òg vert ukritisk nytta i daglegspråket som ein metafor for ‘splitting’ i vid forstand.

¹⁷ I motsetnad til karakternevrosene, som var fellesnamnet på personlegdomsforstyrningar som er prega av for stor grad av hemming, skildra i Malt et al. (2003) som ein tilstand der ein «kjører gjennom livet med bremsene på» (nevrose) – medan psykopati på si side er skildra som ein tilstand der ein «kjører gjennom livet uten brems» (Malt, 2003: 563)

1.3 Problemstilling og forskingsspørsmål

I denne avhandlinga vert følgjande spørsmål undersøkte:

1. Kva rolle(r) spelar metonymi i vitskapspråk?
2. Kan metonymisk bruk av adjektivet *schizofren* og substantivet *schizofreni* føra til uheldige forståingsmodellar og stigmatisering av pasientar med diagnosen schizofreni?
3. Kan innlånte vitskapelege termar vera levande metaforar, og i så fall, på kva måte?
4. Kan termen *schizofreni* ha ført til uheldige forståingsmodellar og stigmatisering av pasientar med diagnosen schizofreni?

For å finna svar på desse spørsmåla har eg undersøkt skandinaviske (dvs. norske, svenske og danske) lærebøker i psykiatri frå tre ulike periodar: tida rundt 1900, då namnet på sjukdommen framleis var *dementia praecox*, tida rundt 1950, då termen *schizofreni* hadde erstatta *dementia praecox*, og tida etter år 2000, dvs. dei lærebokverka som er i bruk i medisintutdanninga per i dag. Eg har i tillegg nytta ein artikkel av den sveitsiske psykiateren Eugen Bleuler til supplerande undersøkingar. Artikkelen er ei nedteikning av innlegget der schizofrenitermen vart lansert, og det er dermed den første publikasjonen der termen vert nytta (Bleuler, 1908). Denne artikkelen er teken med som samanlikningsgrunnlag for å finna ut kor mykje av den seinare skandinaviske bruken av termene som er å finna allereie hjå Bleuler. Vidare er kapittelet om schizofreni i ICD-10 si såkalla blåbok, som inneheld kliniske skildringar og diagnostiske retningslinjer for psykiske lidingar og åtferdsforstyringar, teke med som samanlikningsgrunnlag for ei av dei språklege undersøkingane.

På den eine sida nyttar eg kognitiv-lingvistiske teoriar om metafor og metonymi som analytiske verktøy for å undersøkje og vurdere psykiatriske vitskapelege fagtermar og bruken av dei med eit kritisk perspektiv, og på den andre sida nyttar eg psykiatriske fagtekstar som kjelde for å få betre innsikt i fenomenene metafor og metonymi.

Metonymien sin funksjon i vitskapsspråk er eit emne som er vesentleg mindre undersøkt enn metaforen sin funksjon i vitskapsspråk (Sánchez, Rodríguez, Linares, & Faber, 2012), men sjå Rundblad (2007), som har undersøkt bruk av metonymi versus bruk av passiv i medisinske forskingsartiklar, og sjå Kreuzthaler & Schulz (2012), Patrick (2006), pluss Gangemi, Pisanelli, & Steve (2000), som har undersøkt metonymi i medisinsk terminologi, og Kuna (2014), som har undersøkt metafor og metonymi i ungariske medisinske manuskript frå 1500- og 1600-talet. Så vidt eg kjenner til, er det ikkje gjort noka undersøking av metonymi i psykiatrisk fagspråk, og interaksjonar mellom og koeksistens av metafor og metonymi i vitskapsspråk er heller ikkje blitt undersøkte empirisk. Generelt er det ikkje så ofte at ein støyter på undersøkingar som undersøker både metafor og metonymi pluss interaksjonar mellom desse; som oftast konsentrerer forskaren seg om anten metafor eller metonymi (men sjå t.d. Deignan (2005)). Og undersøkingar av metonymi har i liten grad omhandla adjektiv. Undersøkinga mi kastar lys over desse lite utforska felta. Eg studerer metonymisk bruk av adjektiv i detalj og skil i tillegg mellom attributiv, predikativ og substantivisk bruk av adjektivet. I tillegg bidreg eg med ei inngåande drøfting av kva syn på metafor og metonymi som finst i det kognitiv-lingvistiske fagfeltet. Særleg omgrepsmetaforteorien inneheld til dels ganske sterke påstandar om språk og tanke, og det er mitt syn at viss ein skal bruka kognitiv metafor- og metonymiteori som teoribasis for språkleg analyse, så bør ein innleiingsvis gå grundig og kritisk gjennom dette teorigrunnlaget før ein startar å setta fram påstandar om observert språkbruk.

Eg har utarbeidd eit eige analyseapparat for analyse av ein spesiell type metonymisk bruk av adjektiv, nemleg adjektivisk attributiv bruk av (i mitt tilfelle) *schizofren* om aspekt ved sjukdommen schizofreni. Denne typen bruk er svært lite drøfta i metonymilitteraturen (eller adjektivlitteraturen for den del), men eg har funne at denne måten å bruka det fagspråklege adjektivet *schizofren* på er svært utbreidd i tekstane eg har undersøkt. Og så vidt eg kan sjå, er det lite som tyder på at denne bruken er unik for det psykiatriske fagfeltet. Eit adjektiv kan ofte verta nytta om ei rekkje saker som er relaterte til, men ikkje identiske med, den entiteten som de facto har den eigenskapen

som adjektivet refererer til. *Biologiske foreldre* er t.d. ikkje meir «biologiske» enn andre foreldre (eller andre karbonbaserte livsformer), *grøn teknologi* er ikkje «grøn», osv.

1.4 Oversikt over undersøkingar i avhandlinga

Eg har gjort to undersøkingar som eg presenterer i ulike kapittel i avhandlinga. Oversikta under listar opp undersøkingane, avhandlingskapittelet der undersøkinga er presentert, aktuelle problemstillingar som undersøkingane kastar lys over, og undersøkingsmaterialet som er nytta:

1. Språkleg undersøking av metonymisk bruk av *schizofren(i)* i det psykiatriske fagspråket
 - a. Kap. 6
 - b. Materiale: utvalde skandinaviske lærebøker frå rundt 1950 og rundt 2000, med Bleuler-artikkelen, Blåboka og skandinaviske lærebøker frå rundt 1900 som samanlikningsgrunnlag.
 - c. Knytt til problemstilling 1 over, dvs. kva rolle(r) metonymi spelar i vitskapsspråk. Drøftinga av funna er knytt til problemstilling 2, dvs. om metonymisk bruk kan føra til stigmatisering og uheldige forståingsmodellar.

2. Språkleg undersøking av *schizofreni* som metafor i det psykiatriske fagspråket
 - a. Kap. 7
 - b. Materiale: dei utvalde skandinaviske lærebøkene frå rundt 1950 og rundt 2000, pluss utvalte lærebøker frå rundt 1900
 - c. Knytt til problemstilling 3 over, dvs. om innlånte termar kan vera levande metaforar. Drøftinga av funna er knytt til problemstilling 4, dvs. om termen *schizofreni* kan ha ført til stigmatisering og uheldige forståingsmodellar.

2. Materiale

Eg har undersøkt til saman elleve tekstar: ni skandinaviske lærebøker i psykiatri for medisinarar og ein tysk artikkel av Eugen Bleuler, pluss blåboka til ICD-10. Eg har som vist i avsnitt 1.4 over nytta dei ulike tekstane i materialet mitt i ulik grad og til ulike føremål. Kjernen i materialet (primærmaterialet) er lærebøkene i psykiatri. Blåboka og artikkelen til Bleuler vert nytta som supplerings- og samanlikningsmateriale.

2.1 Primærmateriale – lærebøker

Som primærmateriale har eg valt ut kapittel eller avsnitt om schizofreni/dementia praecox i ni skandinaviske lærebøker i psykiatri for medisinarar. Med «skandinaviske» meiner eg at lærebøkene er originalforfatta på skandinaviske språk for eit skandinavisk publikum, av skandinaviske forfattarar. Det er altså ikkje snakk om lærebøker som er omsette til skandinavisk frå eit anna språk. Med «lærebøker» meiner eg bøker som er tiltenkte (eller i praksis nytta av) medisinstudentar, anten som fullverdig lærebok i emnet psykiatri eller som innførings- eller tilleggsbok.

2.1.1 Utval av lærebokmateriale

Avgjerda om å undersøkje skandinaviske lærebøker heller enn berre norske kom som følgje av eit ønske om eit større analysemateriale. Det fanst ikkje så mange lærebøker i psykiatri for medisinarar i dei to tidlegaste periodane, så ved å ta med svenske og danske lærebøker i tillegg til norske har eg kunna undersøkje fleire lærebøker per tidsperiode. Eg har basert meg på ein hypotese om at språkbruken i dei ulike lærebøkene frå kvar tidsperiode ikkje er vesentleg meir ulik seg imellom enn språkbruken i ulike lærebøker frå same land i same periode, då lærebøkene kjem frå tre svært nærskylde språk og kulturar. Med det meiner eg at eventuelle skilnadar i framstillinga av schizofreni mellom lærebøkene i same periode sannsynlegvis skuldast individuell språkbruksvariasjon og/eller teoritilhøyrslar heller enn systematiske

nasjonale skilnader i fagspråk(føring) eller teoritilhøyrse mellom dei tre landa. Til dømes er den norske professoren Alv A. Dahl medforfattar av både den danske og den norske læreboka eg har plukka ut frå tidsavsnittet rundt 2000,¹⁸ skandinaviske lærebøker i psykiatri vert vurderte av kollegaer frå andre skandinaviske land i kraft av å vera aktuelle på tvers av landegrensene (Nordentoft, 2009; Nordentoft, 2004; Nordentoft, 2013; Haver, 2010; Ilnér, 2010; Olstad, 2009; Dencker & Ågren, 2007), og både danske og svenske så vel som norske lærebøker i psykiatri vert førte opp som tilrådd litteratur på norske medisinstudium.¹⁹ Ved Universitetet i Bergen vert medisinstudentane hausten 2016 m.a. anbefalt to danske lærebøker i tillegg til norske, og ved NTNU vert både svenske og danske lærebøker i tillegg til norske anbefalt medisinstudentane hausten 2016.

Eg kjenner ikkje til om det motsette er tilfelle, dvs. om norske lærebøker er blant dei fakultetstilrådde verka for danske og svenske medisinstudentar (men sjå Dencker & Ågren (2007)), eller i kor stor grad skandinaviske medisinstudentar faktisk vel nabospråklege lærebøker framfor nasjonalspråklege. Nordmenn har generelt noko lettare for å forstå dansk og svensk enn vice versa (Vikør, 2001). Men det faktum at norske medisinske fakultet fører opp danske og svenske lærebøker på lik linje med norske som tilrådd litteratur, vitnar uansett om at likskapane er store (og skilnadane ignorerbare) mellom dei skandinaviske landa i høve til psykiatri som fagfelt, og at framstillingar av fagfeltet ikkje varierer på inkompatible måtar. Ifølgje Olstad (2009: 2512) er t.d. dansk psykiatri «[...] ganske lik norsk når det gjelder forståelsesperspektiver og valg av behandling». Det har m.a. sidan 1947 funnest eit nordisk psykiatrisk tidsskrift,²⁰ og ein nordisk psykiatrikongress (som no òg inkluderer

¹⁸ Merk: Dahl er ikkje forfattar av kapittelet om schizofreni i den danske læreboka.

¹⁹ UiB hausten 2016: <https://lticanvas.uib.no/lti-reading-list/download/nn/MEDPSY/2016h>

NTNU hausten 2016:
<https://www.ntnu.no/documents/10268/31870966/Semesterh%C3%A5ndbok+II+C+H%C3%B8st+2016+ver+3+290816.pdf/c7428360-4c24-472d-94d8-503ddea18dea>

²⁰ Noverande namn: *Nordic Journal of Psychiatry*. <http://www.tandfonline.com/loi/ipsc20>

dei baltiske landa) vert arrangert kvart tredje år, sist i Danmark hausten 2015 (den 31. i rekkja), sjå òg Kringlen (2007: 163–4).²¹ Dette skulle tilseia at ein kan snakka om eit sams skandinavisk språksamfunn i det psykiatriske vitskapsfeltet. Då mange av lærebøkene har berre éin forfattar, kan ein viss idiosynkrasi spela inn når det gjeld språkbruken. Ved å undersøkje tre bøker frå kvart nedslagsfelt håpar eg å kunna motverka at idiosynkrasi påverkar resultata for mykje.

Eg har valt ut tre nedslagsfelt for å få eit best mogeleg bilete av språkbruken over tid, både før og etter innføringa av schizofrenitermen: 1900, 1950 og 2000. For Noreg sin del kom den første norske læreboka ut i 1895,²² og psykiatri som fag etablerte seg innanfor medisinen rundt denne tida: Frå 1907 vart det obligatorisk for norske medisinstudentar å ta eit kurs i psykiatri, og i 1918 fekk psykiatrien status som eigen spesialitet innanfor Legeforeningen (Kringlen, 2007). Perioden rundt 1950 er som nemnt tidspunktet for den såkalla psykofarmakologiske revolusjonen (Kringlen, 2007: 268). Det antipsykotiske medikamentet Klorpromazin kom på marknaden i byrjinga av 1953. Brått fanst det ein medisin som kunne hjelpa alvorleg sinnslidande, og dette var eit stort gjennombrøt for legevitenskapen. *Schizofreni* hadde erstatta *dementia praecox* i fagfeltet rundt 1950 (McNally, 2012; Blom & van Praag, 2011), så dermed er tidspunktet rundt 1950 eit passande startpunkt for å undersøkje bruken av schizofrenitermen i lærebøkene.

Lærebøker kjem som nemnt ofte i mange opplag over mange år, så for å sikra at det var ulike forfattarar og ulike lærebøker for kvar periode, valde eg å ha 50 år mellom tidsbolkane. Eg valde ut tre av dei nyaste lærebøkene for medisinarar, som alle er utgjevne etter år 2000, for å undersøkje språkbruken slik han er per i dag. Ved òg å undersøkje lærebøker frå rundt 1900, dvs. rett etter at *dementia praecox*-omgrepet var innført, og rett før schizofrenitermen vart lansert, kan eg samanlikna bruken av

²¹ http://www.bupnet.dk/media/31_Nordic_Congress_og_Psychiatry_september_2.pdf

²² I form av Holm (1895).

dementia praecox med bruken av *schizofreni* i det skandinaviske fagfeltet. Utvalet av materiale frå 1900 og 1950 er òg til dels eit resultat av praktiske avgrensingar, dvs. 1) kva lærebøker eg kjenner til, og 2) kva lærebøker det har late seg gjera å få tak i.²³

Dei skandinaviske landa er små, og lærebokmarknadane likeeins, dermed er det ikkje å venta at det er mogeleg å kunna finna tre lærebøker frå same tidspunkt på tre ulike originalspråk, i alle fall ikkje for dei to tidlegaste tidspunkta. For nedslagsfeltet 1900 lét det seg t.d. ikkje gjera å skaffa ei svensk lærebok i det heile. Så vidt eg kjenner til, har det ikkje eksistert noka svensk lærebok for denne tidlegaste perioden, så her har eg valt to norske lærebøker og ei dansk lærebok. Den svenske boka frå 1950-talet er ein elementær introduksjon i psykiatri for medisinarar m.m. og ikkje ei fullverdig lærebok.

Med unntak av den danske læreboka frå 2000-talet, som har bidrag frå nokre kvinnelege forfattarar, m.a. i kapitlet om schizofreni, er alle dei andre lærebøkene forfatta utelukkande av menn. Om dette har hatt innverknad på språkføringa i lærebøkene, er vanskeleg å seia, og spørsmålet fell i alle høve utanfor rammene for denne avhandlinga.

Dei ni lærebøkene er altså delte i tre grupper på tre bøker, utjevne i åra rundt tre ulike tidspunkt, 1900, 1950 og 2000. Kvar av læreboktekstane i materialet har fått ei eiga forkorting for forfattaren/-ane som eg ofte²⁴ nyttar når eg siterer den aktuelle læreboka, særleg i analysesamanheng. Denne forkortinga tener to funksjonar: Ho sparar plass, og ho indikerer at det siterte verket er ei av dei ni utvalde lærebøkene. Det siste er eit poeng sidan eg òg siterer andre publikasjonar av lærebokforfattarane (men då altså

²³ For den første perioden finst det ytterlegare éi norsk lærebok: Leegaard, C. (1895) si *Forelæsninger over sindssygdomme afholdt for distriktslæger høsten 1894*, men denne boka nemner ikkje *dementia praecox* i det heile (Evensen, 1904), så derfor er ho vald vekk.

²⁴ Systemet er ikkje gjennomført fullt ut.

alltid utan forkorta referanse). Sitat frå dei ulike tekstane er markerte med etterstilte parentesar med initial, kolon og sidetal. Dei ni lærebøkene eg har valt ut, er følgjande:

Bøker frå perioden rundt 1900 (1900-tekstane)

Tittel: *Den specielle psykiatri for læger og studerende: forelæsninger holdte ved Kristiania universitet 1895 med sygehistorier, facsimiler af haandskrifter samt tegninger*

Forfattar: Harald Holm

Nasjonalitet: norsk

Årstal: 1895

Utval: s. 104–118 + delar av s. 33, s. 184 og s. 294, til saman 17 sider.²⁵

Forkorting: (H)

Tittel: *Kortfattet, speciel Psykiatri*

Forfattar: Alexander Friedenreich

Nasjonalitet: dansk

Årstal: 1901/2009

Utval: Avsnittet «Forløbs- og Terminalformer af Neuropsykoserne», s. 89–108, til og med første avsnitt på s. 108. Til saman 20 sider.

Forkorting: (F)

Tittel: *Psykiatriens grundtræk*

Forfattar: Ragnar Vogt

Nasjonalitet: norsk

Årstal: 1905

Utval Kapitlet «Dementia præcox (s. primaria).», s. 117–143, til saman 27 sider

Forkorting: (V)

Totalt antal ord i det samla utvalet frå perioden rundt 1900: 17 414.

Totalt antal sider: 64.

²⁵ Når det gjeld kva utval som er relevant å ta med frå læreboka til Holm, har eg konsultert (Evensen, 1904: 220–221), som har vurdert Holm si lærebok i høve til korleis læreboka har kategorisert dei fenomena som etter Kraepelin anno 1899 inngår i dementia præcox.

Bøker frå perioden rundt 1950 (1950-tekstane)**Tittel:** *Lærebok i klinisk psykiatri***Forfattar:** Gabriel Langfeldt**Nasjonalitet:** norsk**Årstal:** 1951**Utval:** kapittelet «Schizofreniene», s. 341–395, til saman 55 sider**Forkorting:** (L)**Tittel:** *Psykiatri***Forfattar:** Jens Chr. Smith & Erik Strömgren**Nasjonalitet:** dansk**Årstal:** 1956**Utval:** kapittelet «Skizofreni», s. 133–160, minus avsnittet «Breve fra skizofrene patienter» (s. 160–162), til saman 25 sider**Forkorting:** (SS)**Tittel:** *Psykiatri och mentalhygien***Forfattar:** Gunnar Lundquist**Nasjonalitet:** svensk**Årstal:** 1959**Utval:** kapittelet «Schizofreni», s. 174–184, til saman 11 sider**Forkorting:** (Lu)**Totalt antal ord i det samla utvalet frå perioden rundt 1950:** 38 017.**Totalt antal sider:** 91.**Bøker frå perioden rundt 2000 (2000-tekstane)****Tittel:** *Dynamisk psykiatri***Forfattar:** Johan Cullberg**Nasjonalitet:** svensk**Årstal:** 2003**Utval:** Kapittelet «Schizofreni», s. 267–302, til saman 36 sider**Forkorting:** (C)

Tittel: *Lærebok i psykiatri*

Forfatter: Ulrik Fredrik Malt, Nils Retterstøl og Alv A. Dahl

Nasjonalitet: norsk

Årstal: 2003

Utval: Kapittelet «Schizofreni», s. 193–236, til saman 44 sider

Forkorting: (MRD)

Tittel: *Klinisk psykiatri*

Forfatter: Ole Mors, Per Kragh-Sørensen og Josef Parnas (red.) Parnas er oppgjeven som hovudforfattar av kapittelet om schizofreni, med bidrag frå Birte Glenthøj.

Nasjonalitet: dansk

Årstal: 2009

Utval: Kapittelet «Skizofreni, skizotypisk sindslidelse, paranoide psykoser, akutte forbigående psykoser samt skizoaffektive psykoser», s. 247–343 (til og med avsnittet om «Social behandling»). Avsnittet om biologisk behandling, s. 320–338 er ikkje teke med. Frå s. 343 og utover handlar kapittelet om andre lidingar enn schizofreni. Utvalet er på til saman 78 sider.

Forkorting: (MKP)

Totalt antal ord i det samla utvalet frå perioden rundt 2000: 73 526.

Totalt antal sider: 171.

2.2 Suppleringsmateriale

Følgjande suppleringsmateriale er undersøkt:

Tittel: *Die Prognose der Dementia Praecox (Schizophreniegruppe)*

Forfatter: Eugen Bleuler

Nasjonalitet: sveitsisk

Årstal: 1908

Utval: s. 436–464, til saman 29 sider

Totalt antal ord i utvalet: 10 926.

Tittel: *ICD-10: Psykiske lidelser og atferdsforstyrrelse: kliniske beskrivelser og diagnostiske retningslinjer (Blåboka).*

Forfatter: WHO

Nasjonalitet: norsk utgåve ved Statens helsetilsyn

Årstal: 1992

Utval: Kapittelet «F20–F29 Schizofreni, schizotyp lidelse og paranoide lidelser» (til og med «F25.9 Uspesifisert schizoaffektiv lidelse»). Punkt «F28 Andre ikke-organiske psykoser» og punkt «F29 Uspesifisert ikke-organisk psykose» er ikkje tekne med.

Totalt antal ord i utvalet: 6 174.

2.2.1 Grunngeving for val av suppleringsmateriale

Bleuler (1908)

Bleuler lanserte termen *Schizophrenie* på eit møte i den tyske psykiatriske foreininga i 1908. Termen var skapt av Bleuler med det føremålet å erstatta *dementia praecox*-termen, som var blitt introdusert av den tyske psykiateren Emil Kraepelin (som er rekna som grunnleggjaren av moderne psykiatrisk sjukdomslære (Shorter, 2005)).²⁶ Innlegget (pluss den etterfølgjande diskusjonen) vart nedskrive og publisert i *Allgemeine Zeitschrift für Psychiatrie und psychisch-gerichtliche Medizin*. Eg har nytta Bleuler sitt innlegg som suppleringsmateriale fordi det er den første publikasjonen der termen *Schizophrenie* og det avleidde adjektivet *schizophren* er nytta. I innlegget argumenterer Bleuler m.a. for at *schizofreni* er betre eigna syntaktisk og morfologisk sett enn *dementia praecox*, og han underbyggjer dette poenget implisitt med måten han nyttar førstnemnde på. Etter først å ha understreka behovet for eit sjukdomsrelatert adjektiv (som *dementia praecox* vanskeleg kan gje opphav til) i første avsnitt, innfører han utan vidare kommentarar adjektivet *schizophren* eit par sider seinare, og han nyttar det faktisk oftare enn han nyttar substantivet *Schizophrenie*. Det har altså aldri vore slik

²⁶ Kraepelin er mannen som har fått æra for å modernisera psykiatrien, og delar av hans psykiatriske nosologi ('sjukdomslære') står fast i fagfeltet den dag i dag. For Kraepelin hadde psykiatrisk nosologi vore ein jungel av meir og mindre idiosynkratiske termar, sjå t.d. Evensen (1904: 188–222) og Holm (1895: 112–113), men etter at Kraepelin hadde systematisert og slått saman, var nosologien oversiktleg og ikkje minst etter kvart sams for det internasjonale psykiatrifagfeltet.

at *schizofreni* har vore nytta på ein måte som er parallell med bruken av *dementia praecox*, dvs. som ein meir eller mindre stivna substantivisk frase utan tilhøyrande orddanningar.

Tysk psykiatri hadde stor internasjonal innverknad frå midten av 1800-talet og utover. Det var tidlegare vanleg med studieopphald i Tyskland for leiande skandinaviske psykiatrar. Skandinaviske språk er nært beslekta med tysk og har tilsvarende mønster for orddanning og bøyning. Agdestein-Wagner (2014), som har samanlikna metaforar i tyske og norske psykiatrilærebøker for sjukepleiarar, rapporterer om stor grad av samanfall og likskap i metaforbruken i dei to språka. Alt dette tilseier at tekstar som *Bleuler sin* kan ha påverka det skandinaviske fagspråket.

Blåboka

Den såkalla Blåboka er ei utviding av ICD-10 sitt kapittel V. (Kapittel V er den delen av ICD-10 som omhandlar psykiske lidningar og åtferdsforstyringar.) I Noreg syt Statens helsetilsyn for å utarbeida ei norsk utgåve av ICD-10 spesielt tilpassa norske forhold, ifølgje Malt (2016f), som skriv følgjande om bakgrunnen for Blåboka:

Ved klassifikasjon og diagnose av psykiske lidelser kan man i liten grad bruke biologiske undersøkelser alene for å stille en diagnose. For å sikre at helsepersonell legger de samme kriteriene til grunn når de stiller psykiatriske diagnoser, har Verdens helseorganisasjon derfor utgitt to bøker med utdypende beskrivelser av hvilke symptomer og tegn som skal finnes for å stille en bestemt psykiatrisk diagnose, kalt henholdsvis ICD-10-klassifikasjon av psykiske lidelser og atferdsforstyrrelser: *Kliniske beskrivelser og diagnostiske retningslinjer og Diagnosekriterier for forskning (ICD-10 Classification of Mental and Behavioral Disorders; clinical descriptions and diagnostic guidelines, 1992, og Diagnostic criteria for research, 1993)*. Ved å ta i bruk slike kliniske beskrivelser og diagnosekriterier har Verdens helseorganisasjon begynt å bruke de samme prinsippene for psykiatrisk klassifikasjon som amerikanerne har fulgt siden 1980 (se DSM-systemet). Dette atskiller ICD-10 fra forgjengeren ICD-9.

Blåboka er ifølgje forordet mynta på vanleg klinisk verksemd og opplærings- og tenesteføremål. Boka er (framleis ifølgje føreordet) utforma slik:

For hver lidelse og forstyrrelse er det gitt en beskrivelse av de viktigste kliniske trekkene og andre viktige, men mindre spesifikke, kliniske trekk. «Diagnostiske retningslinjer», som indikerer det antall og den balanse mellom symptomer som kreves for at en pålitelig diagnose kan stilles, er så gitt for de fleste tilfeller. Retningslinjene er utformet slik at det er beholdt en viss romslighet for diagnostiske beslutninger i klinisk arbeid, særlig der det må stilles foreløpige diagnoser før det kliniske bildet er helt klart eller informasjonen er fullstendig. [...] Når spesifiserte krav i de diagnostiske retningslinjene er klart oppfylt, kan diagnosen betraktes som «sikker». [...] Beskrivelsene og retningslinjene har ingen teoretiske implikasjoner, og er ikke ment å være omfattende redegjørelser for dagens kunnskap om lidelsene. De er ganske enkelt en samling symptomer og kommentarer som en stor gruppe rådgivere og konsulenter i flere land mener danner et passende grunnlag for å definere grenseoppgangene mellom kategorier i klassifikasjonen av psykiske lidelser.

Blåboka kan dermed seiast å utgjera det næraste ein kjem ein *common ground* i internasjonal psykiatri, og det er rimeleg å tru at språkføringa i denne teksten kan verka inn på det nasjonale fagspråket.

Vedlegg 1 inneheld utfyllande opplysingar om forfattarane av dei ulike tekstane (unntatt Blåboka). Som det går fram av desse forfattarbiografiane, er forfattarane av dei tekstane eg har undersøkt, sentrale og mektige figurar innanfor psykiatrien – somme helst nasjonalt, andre òg internasjonalt. Dei aller fleste har verka som direktørar på psykiatriske institusjonar. Haave (2008: 472) snakkar om tidlegare tiders «allmektige» asyldirektørar:

I lang tid ble sykehuspsykiatrien formet av direktørenes medisinske ambisjoner og handlinger, men etter hvert som anstaltene ble større, vokste det fram et fellesskap av sykehusleger som delte ansvaret for den medisinske virksomheten mellom seg.

Mennene som har forfatta læreboktekstane eg undersøker, har altså i høg grad vore med på å forma både den kliniske og teoretiske psykiatrien og fagspråket til psykiatrien.

2.3 Handtering av analysetekstane

Eg skreiv dei ulike tekstutdraga frå dei ni lærebøkene inn i Excel-ark, setning for setning, og laga slik søk- og filtrerbare filer. Desse setningane, med tilhøyrande opplysingar i verk og sidetal, er i tillegg kopierte over i Word-dokument, slik at eg har kunna nytta søkjefunksjonen i Word. Eg har med dette laga mitt eige minikorpus med skandinaviske læreboktekstar om dementia praecox/schizofreni. Den relativt beskjedne storleiken på korpuset gjer at eg ikkje har nok analysegrunnlag for å trekkja veldig bastante slutningar om språkbruk i fagfeltet. På den andre sida tillèt den avgrensa storleiken til korpuset ein meir finmaska analyse der det er mogeleg å oppdaga nyansar og fenomen som elles vanskeleg lèt seg identifisera og observera, mellom anna ved at det lèt seg gjera å lesa gjennom heile korpuset på relativt kort tid for å leita fram ulike språklege element.

Eg skreiv ikkje inn artikkelen til Bleuler i Excel, då det ville ha vore for tidkrevjande. 1908-artikkelen til Bleuler er derfor undersøkt manuelt vha. nærlesing av ei papirutgåve av artikkelen.

Utdraget frå Blåboka er kopierte over til eit Word-dokument frå den elektroniske versjonen funne på nettsida <https://finnkode.ehelse.no/#icd10/1/0/0/-1> hausten 2015.

Generelt gjeld at når eg presenterer sitat, er aktuelle ord/passasjar utheva med feit skrift av meg, om ikkje anna er nemnt. Meir utfyllande presentasjon og drøfting av metode finst i tilknytning til dei ulike undersøkingane i avhandlinga.

Merk: I denne avhandlinga førekjem det ein del tyskspråklege sitat. Dei som ikkje les tysk, kan finna desse sitata omsette til norsk (så ordrett og tett opp til originalen som råd) i vedlegg 5. Kvar tyske sitat i teksten er nummerert i samsvar med nummereringa

til omsettingane i vedlegget, slik at det skal vera lett å finna fram til omsettinga av kvart sitat. (Eventuelle tyske sitat i fotnotar er ikkje omsette.)

2.4 Disposisjonen til avhandlinga

I kap. 3 drøftar eg kognitiv lingvistikk generelt og kognitiv-lingvistisk metafor- og metonymiteori spesielt. I kap. 4 drøftar eg metafor og metonymi i vitskapsspråk, før eg i kap. 5 drøftar det terminologiske bytet frå *dementia praecox* til *schizofreni* og det psykiatriske fagspråket og set opp forslag til to modellar for ei fagleg forståing av fenomenet schizofreni. Desse modellane tener som bakgrunn for analysar og drøftingar i det påfølgjande kapitlet. Metonymisk bruk av *schizofren* og *schizofreni* vert analysert og drøfta i kap. 6. Den metaforiske sida ved schizofrenitermen vert analysert og drøfta i kap. 7. Kapittel 8 er eit oppsummerings- og konklusjonskapittel.

3. Metafor- og metonymiteori

3.1 Innleiing

Mange som skriv om metafor, startar med å referera den fremste av dei gamle grekarane, Aristoteles, som i *Poetica* lovprisar metaforen som kongen av tropar.²⁷

But the greatest thing by far is to be a master of metaphor. It is the one thing that cannot be learnt from others; and it is also a sign of genius, since a good metaphor implies an intuitive perception of the similarity in dissimilars.²⁸

I same andedrag vert det gjerne nemnt at ordet *metafor* er innlånt frå gresk *metaphora*, av *metapherein* ‘å overføra’. Metafor inneber å nytta ord i overført tyding, og kognitivt inneber metafor å føra to ulike ting saman. Metaforen har vore kjend og drøfta sidan antikken, men han har ikkje vore like populær alltid og i alle sjangrar (her pleier den logiske positivismen å bli trekt fram som ein sterkt metaforskeptisk skule, sjå t.d. Ortony (1979: 1)). Somme meiner ifølgje Lothe, Refsum, & Solberg (1997) at alt er metaforisk, som Derrida, andre meiner at ingenting er metaforisk, som Donald Davidson. Dei fleste befinn seg ein plass mellom desse ytterpunkta. Det går òg eit skilje mellom dei som ser på metafor som først og fremst eit språkleg fenomen, og dei som ser på metafor først og fremst som eit kognitivt fenomen. Kor vid definisjon ein har av metafor, ymsar òg, frå litteraturforskinga sin smale definisjon, der berre innovative metaforar er rekna som levande metaforar, til omgrepsmetaforteorien sin vide definisjon, der svært konvensjonelle metaforar er rekna som sprell levande og til og med dei mest interessante å studera.

²⁷ Andrew Ortony skriv t.d. i sitt introduksjonskapittel til boka *Metaphor and thought* at: «Any serious study of metaphor is almost obliged to start with the works of Aristotle.» (Ortony, 1979: 3)

²⁸ Henta frå <http://www.authorama.com/the-poetics-23.html>

Metafor er ein av dei viktigaste mekanismane for tydingsutviding. Ifølgje Bierwiazzonek (2013) er det to grunnar til at vi treng tydingsutviding i språket:

- 1) Katakrese, dvs. «hol» i språket. Nye oppdagingar, oppfinningar eller omgrep treng namn. Ein strategi for namngjeving er å likna det nye med noko som er kjent og allereie namngjeve. *Mus* ('skjerpilot') og *meny* ('liste over valmogelegheiter i programvare') er døme på dette. Førstnemnde er døme på ein såkalla biletmetafor, der fysisk likskap har motivert namngjevinga, medan sistnemnde er motivert av funksjonell og relasjonell likskap.²⁹ Det er sistnemnde type motivasjon Aristoteles siktar til når han snakkar om «similarity in dissimilars». I slike tilfelle fungerer metafor som tydingsutviding.
- 2) Ønske om kreativ innovasjon. Aristoteles skriv i *Poetica* at metafor bidreg til at språket ikkje vert prosaisk ('kvardagsleg, trivielt, upoetisk'). Metafor vert tradisjonelt ofte assosiert med språkleg ornamentikk, eit retorisk og poetisk verkemiddel som er knytt til nokre få, spesielle sjangrar, som lyrikk og politiske talar. I tilfelle der metaforen vert nytta som kreativ omskriving, finst det alltid eit ikkje-metaforisk, etablert synonym for å referera til det same fenomenet. Dette er per definisjon ikkje tilfellet når metafor vert nytta ved katakrese.

Metaforen dekkjer altså både behovet for tydingsutviding og for kreativ innovasjon. Ulike framstillingar av metafor konsentrerer seg ofte om ein av desse funksjonane, som t.d. erstatningsteorien versus analogidanningsteoriar, sjå t.d. Ritchie (2013). Dersom vi manglar ord for noko, kan vi ty til metafor. Og når metafor vert nytta til kreativ innovasjon, tilfører han noko som vantar i det ikkje-metaforiske synonymet: emosjonell aktivering og stor informasjonsverdi. Ifølgje Citron & Goldberg (2014) vel vi ofte å nytta eit metaforisk uttrykk jamvel om det finst eit gangbart ikkje-metaforisk alternativ. Dei har undersøkt setningar som *She looked at him sweetly* versus *She looked at him kindly*, og resultatata tyder på at sjølv svært konvensjonelle metaforiske uttrykk er meir emosjonelt engasjerande enn dei ikkje-metaforiske parafrasane, dvs. at metaforar fører til større aktivering i hjernen. Dette kan vera grunnen til at vi ofte

²⁹ Synonymet til *mus*, metaforen *skjerpilot*, er òg motivert av funksjonell likskap heller enn av fysisk likskap.

uttrykkjer oss metaforisk sjølv når eit ikkje-metaforisk alternativ er tilgjengeleg. Narayanan (1999: 6) viser til at av setningane *Government deregulated business* og *Government loosened strangle-hold on business* er sistnemnde meir informativ (sjølv om begge refererer til det same saksforholdet), sidan «[...] the source domain inference of «stranglehold» is able to assert the detrimental nature of Government control leading to the possible «demise» of business.»

Aristoteles (over) hevda at det å vera «master of metaphor» er det gjævaste av alt. Viss ein tolkar uttrykket «master of metaphor» akademisk som ‘ha full oversikt over all forskingslitteratur som gjennom tidene er blitt skrive om metafor’, er målet temmeleg utopisk, då metaforforskingfeltet dei seinare tiåra har sett ut til å auka mest eksponensielt. Då eg i tillegg tek mål av meg til òg å dekkja metonymiteori, er det naudsynt å gjera nokre brutale avgrensingar av omsyn til tid og plass. Eg spolar derfor frå Aristoteles fram til ca. 1979, og eg konsentrerer meg i dette kapittelet om utvalde aspekt ved omgrepsmetafor- og omgrepsmetonymiteorien spesielt, og ved kognitiv lingvistikk generelt.

Forskningsretninga kognitiv lingvistikk, som er den teoretiske overbygningen til omgrepsmetafor- og omgrepsmetonymiteorien, vert presentert i avsnitt 3.2. Eg gjer i avsnitt 3.3 detaljert greie for omgrepsmetafor-teorien (OMT). I 3.3.4 gjer eg greie for noko av kritikken mot OMT. Det normative aspektet som er knytt til i omgrepsmetafor-teorien, er drøfta i avsnitt 3.4. Korleis metonymi skil seg frå og interagerer med metafor, er tema for avsnitt 3.5. Deretter drøftar eg i avsnitt 3.6 korleis ein best skal forstå den teoretiske storleiken domene, som er sentral i så mange framstillingar av metafor og metonymi. Eg presenterer og drøftar ulike definisjonar på og framstillingar av metonymi i avsnitt 3.7. Ei operasjonisering av metafor og metonymi vert gjord i avsnitt 3.8.

3.2 Kognitiv lingvistikk

Kognitiv lingvistikk er ei retning innanfor språkvitskapen som på fleire felt har lånt både teori og terminologi frå den kognitive psykologien. Ei fullgod forståing av den kognitive lingvistikken krev dermed kjennskap til den kognitive psykologien.³⁰

Den kognitive retninga i psykologi kom på 1950-talet som ein reaksjon på behaviorismen, ei retning innanfor psykologien som hadde blømingstida si i første halvdel av førre hundreåret, og som hevda at ein ikkje kan handsama vitskapeleg det ein ikkje kan observera direkte. Behavioristane forklarte åtferd som eit resultat av respons på miljøstimuli, formelt uttrykt i prinsippa om klassisk og operant betinging. Desse prinsippa forklarar rett nok korleis individ tilpassar seg miljøet på ein dekkjande måte, men dei kan ikkje forklara meir avanserte former for kognisjon, noko som førte til den såkalla kognitive revolusjonen på 1950-talet.³¹

I lingvistikken oppstod den kognitive retninga på 1970-talet, som ein reaksjon på generativ grammatikk, der Noam Chomsky er den førande teoretikaren. Chomsky hevda(r) at språk er ei medfødd evne i form av ein universell grammatikk, og at språklæring inneber å læra grammatikken i det aktuelle språksamfunnet med utgangspunkt i den medfødde universelle grammatikken. Ifølgje Sinha (2007) kan kognitiv lingvistikk seiast å høyra til den såkalla andre kognitive revolusjonen, medan den tidlege generative lingvistikken høyrer til den «klassiske» kognitive vitskapen. Der

³⁰ Ifølgje Sinha (2007) byggjer kognitiv lingvistikk òg på idear frå tysk *Sprachpsychologie*, gestaltpsykologi, Piaget, Vygotsky, Sapir, Whorf, Jakobson mfl. Sjå òg Nerlich & Clarke (2007) for ei drøfting av lingvistiske forløparar for kognitiv lingvistikk.

³¹ Ifølgje ein sentral pioner innanfor feltet kognitiv psykologi, George A. Miller, oppstod kognitiv psykologi på ein konferanse ved MIT 10.–12. september 1956. Der skildra Newell og Simon arbeid om computerlogikk, Chomsky la fram sine teoriar om språk som eit medfødd, regelstyrt system, og Miller sjølv presenterte forskning som viste at 7 er eit «magisk» tal: Menneske kan berre skilja mellom sju ulike aspekt ved noko og kan berre ha sju meningsfulle einingar i arbeidsminnet om gongen (Hergenhahn, 2001: 539).

generativ lingvistikk er basert på reglar og algoritmar, er kognitiv lingvistikk basert på bruk.

Innanfor kognitiv lingvistikk (KL) har ein det synet at språkbruk er ein kognitiv prosess på linje med tenking, problemløysing, minne osv., og at dei same prinsippa som gjeld for kognisjon, òg gjeld for språk (Evans & Green, 2006). KL hevdar det funksjonalistiske synet at språkstruktur og brukaren sin kunnskap om språk kjem av språkbruk. Denne tilnærminga nyttar ein til å forklara språkbrukaren sin kunnskap om språk, språkending og språktileigning. Det finst ifølgje KL ikkje nokon separat modul i hjernen for språk (sjølv om evna vår til å læra og nytta språk er basert på medfødde, artsspesifikke strukturar i hjernen). Fenomen som den generative grammatikken har sett på som perifere (fordi dei vanskeleg lét seg innlemma i logikkbaserte grammatiske system), blir i KL handsama som sentrale, t.d. metafor og idiom. Sidan KL vurderer språk som ei kognitiv evne, vert språket her handsama som eit vindauge inn til sinnet: Språket reflekterer tankemønster og gjev innsikt i strukturen til og organiseringa av tankar og idear, og språket sin semantiske struktur speglar strukturen til omgrepssystemet.

3.2.1 Den kognitive lingvistikken sine rettesnor

Ifølgje Evans & Green (2006) har kognitiv lingvistikk to hovuddisiplinar: kognitiv semantikk og kognitiv grammatikk. Den kognitive semantikken undersøker korleis omgrep vert danna og strukturerte på det kognitive nivået, dvs. at dei ser på lingvistisk meining som eit uttrykk for korleis *sinnet* konstruerer meining. I KL blir grammatikken sett på som eit meiningsfylt system i seg sjølv, og grammatikk og semantikk vert ikkje sedde på som to distinkte modular. KL sitt syn er at grammatikken berre kan bli forstått på grunnlag av semantikken. Dette heng saman med KL sitt såkalla «Generalisation Commitment», som går ut på at målet er å finna generelle prinsipp som gjeld for alle aspekt ved språket. I tillegg skal prinsippa vera i samsvar med eksisterande kunnskap frå dei andre kognitive disiplinane (psykologi, nevrovitenskap, kunstig intelligens m.m.), ei rettesnor som vert kalla «The Cognitive Commitment».

Kognitiv semantikk har ifølgje Evans og Green (2006) fire hovudprinsipp:

- 1) Omgrepstruktur har grunnlag i erfaring med omverda (erfaringsrealisme). Teorien om biletskjema³² illustrerer dette prinsippet og går ut på følgjande: Som resultat av dei grunnleggjande erfaringane vi alle har av å ha ein kropp som interagerer med omverda, gjennom m.a. syn, hørsel, rørsle, balanse, har vi danna oss prekonseptuelle, skjematiske, undermedvitne omgrep. Termen *prekonseptuell* refererer til at desse omgrepa oppstår i dei første leveåra, i såkalla førkonseptuell alder. Det er dei første omgrepa som blir lagra, og dei dannar grunnlaget for resten av omgrepssystemet. Desse omgrepa kan igjen bli utvida til å gjelda for meir abstrakte omgrep via såkalla konseptuell projeksjon. Eit døme på ein slik projeksjon er omgrepsmetaforar eller konseptuelle metaforar.
- 2) Semantisk struktur er ein refleksjon av omgrepstruktur, dvs. at språket refererer til objekt i verda via omgrep i sinnet til språkbrukarane.
- 3) Meiningsrepresentasjon er basert på kunnskap om verda. Ord er nøklar til store lager av kunnskap om ulike omgrep. Vi kan ikkje forstå kva eit ord tyder uavhengig av den store kunnskapsbasen det er knytt til. Denne tilnærminga er kalla det ensyklopediske synet på tyding.
- 4) Meiningskonstruering er konseptualisering. Mening er ikkje ei eining som er ferdig nedfelt i språket, mening blir forma «on-line» i ein spesifikk kontekst. I KL vert det derfor ikkje skilt skarpt mellom semantikk og pragmatikk. Språket gjev «stikkord» for ei rekkje operasjonar på omgrepsnivået, og for aktivering av relevant bakgrunnsinformasjon.

Kroppsforankring (*embodiment*) er eit sentralt omgrep i KL. Våre erfaringar med og vår oppfatning av verda er eit resultat av korleis kroppen og hjernen vår fungerer, m.a.o. er dei underlagde menneskekroppen sine evner og avgrensingar. Persepsjonen vår har artsspesifikke grenser og kan spela oss puss (jf. t.d. optiske bedrag). Kroppen vår avgjer kva vi opplever, og erfaringane våre dannar grunnlaget for og pregar språket

³² «Bilete» refererer til alle former for sanseerfaringar, ikkje berre visuelle.

(erfaringsrealisme). Språket reflekterer altså *ikkje* den objektive verda direkte (objektivisme).

3.2.2 Tanke, språk og samfunn

Den kognitive lingvistikken er oppteken av kva som går føre seg inne i hovudet til dei individuelle språkbrukarane, og har tradisjonelt vore lite oppteken av sosiale og kulturelle faktorar. Men språket er ikkje berre ei kognitiv evne, det er òg eit kulturelt og sosialt symbolsystem. Vi kan snakka om tre ulike område når det gjeld språk: omgrep, språklege einingar og kategoriar. Desse tre korresponderer med kvarandre, men høyrer til kvar sin dimensjon. Kategoriar er knytte til ei verd, typisk den ytre verda, men òg tenkte eller virtuelle verder (Cruse, 2011: 53), språket er knytt til det kollektive eller sosiale nivået (Croft, 2000), og omgrep finst som mentale strukturar i langtidsmindet til individet (Eysenck & Keane, 2010). Omgrep svarer til ein kategori av situasjonar eller entitetar ute i verda. Eit domene ('felt') er definert som ein større mental kunnskapsstruktur som tener som forståingsbakgrunn/ramme for eit omgrep (sjå 3.6).

Termen *kategorisering* blir brukt om evna vår til å finna likskapar og skilnadar mellom entitetar og på bakgrunn av dette samla dei i grupper. Denne prosessen blir styrt av to prinsipp: kognitiv økonomi og den strukturen vi oppfattar at verda har.³³ Omgrep er mentale representasjonar i form av skjema, dvs. abstraksjonar over kategoriar. Der ein kategori består av ei gruppe individuelle fenomen, er eit omgrep ei skjematisk

³³ Det første prinsippet går ut på at vi umedvite prøver å skaffa oss mest mogeleg informasjon om omverda med minst mogeleg bruk av kognitive ressursar. Ved å samla liknande entitetar i ein og same kategori slepp vi å lagra individuell informasjon om kvar einaste individuelle entitet. Kategorisering gjev oss grunnlag for å predikera informasjon som ikkje er umiddelbart tilgjengeleg, sidan vi har lagra informasjon om kvar kategori. Slik kan vi generalisera over ei rekke erfaringar, og vi kan læra av erfaringane våre. I tillegg er verda strukturert slik at det finst samband mellom ulike entitetar og ulike eigenskapar, slik som fjør, vengjer og flygeevne. Når vi kategoriserer noko, knyter vi det til eit omgrep. Møter vi eit ukjent, fjørkledd vesen med vengjer som trippar rundt, kategoriserer vi det som ein fugl og går ut frå at det kan fly og legg egg. Vi er fødte med ein tendens til å kategorisera verda på ein viss måte når det gjeld t.d. fargar, kjensleuttrykk m.m. (Lundh, Montgomery, & Waern, 1996).

førestilling, ein syntese av kategorien. Omgrep er basis for tenking. Tenking inneber å manipulera og kombinera omgrep.

Når vi persiperer noko, er det eit samspel mellom ytre stimulus (lys, lyd m.m.) og kognitive strukturar hjå individet. Vi tek inn informasjonen vha. sanseorgan, som er temmeleg like for alle, og tolkar han vha. kognitive strukturar, som varierer individuelt. Persepsjonspsykologien er oppteken av sansing, medan den kognitive psykologien er oppteken av korleis sansestimuli vert tolka og selekterte av kognitive strukturar. Sidan kapasiteten til merksemda er avgrensa, er det berre ein brøkdeler av alle sansestimuli som når medvitet.

Kognitive strukturar er ein slags arbeidsmodellar som vert kontinuerleg oppdaterte. Det er tre måtar dette skjer på, ifølgje Piaget og andre etter han:

- 1) **Assimilasjon**, der informasjon frå omverda vert tilpassa til indre skjema ved selektiv merksemd og såkalla stadfestingsbias: Vi er mest merksame på det som stadfestar våre førestillingar om verda.
- 2) **Akkomodasjon**, der diskrepansen mellom skjematizerte og nye erfaringar er så stor at indre skjema vert tilpassa informasjonen frå omverda, dvs. at vi revurderer oppfatningane våre.
- 3) **Ekvilibrerings**, der dei to komplementære prosessane assimilasjon og akkomodasjon oppnår etterfølgjande tilstandar av stabil interaksjon, og prosessen der ulike skjema vert assimilerte og akkomoderte til kvarandre (Lundh et al., 1996; Sinha, 2007).

All omgrepsdanning inneber altså generalisering: Indre skjema er generelle, men kvar situasjon, hending, kvart individ osv. vi møter på, er noko unikt. Kva informasjon individet tek inn til kvar tid, vert styrt av a) skjema (som byggjer på tidlegare erfaring) og b) kva skjema som er aktive i situasjonen (kontekst).

Språklege einingar høyrer til det kollektive nivået, som er relatert til kultur, språksamfunn og kommunikasjon. Ord, som vi nyttar for å kommunisera tankeinnhald til andre, er knytte til omgrep på den måten at dei fleste omgrep har eit tilhøyrande ord

som vi kan nytta for å aktivera omgrepet i sinnet til tilhøraren. Språket refererer til objekt i verda via omgrep i sinnet til språkbrukarane. Tydinga til ord (i form av kombinasjonar av språklydar og ev. skrifteikn) er ein overeinskomst mellom medlemane av eit språksamfunn. Språklege konvensjonar er sams kunnskap som oppstår fordi språksamfunnet over tid landar på ei standardløysing for å kommunisera ei bestemt meining (= tankeinnhald), og fordi medlemane av samfunnet er lojale mot denne løysinga og forventar at dei andre medlemane òg er det (Croft, 2000: 95f.). Omgrepsmetafor-teorien er blitt kritisert for å ignorera sosiale/kollektive mekanismar til fordel for mentale mekanismar, noko som vil bli drøfta meir utførleg seinare. Først må sjølve omgrepsmetaforen presenterast nærare.

3.3 Omgrepsmetafor-teori

Ifølgje Grady (2007) har metafor stått sentralt i KL sidan starten, mellom anna på grunn av metaforinteressa til George Lakoff, som er ein av grunnleggjarane av KL, men òg fordi metafor klårt viser korleis språk er ein refleksjon av kognisjon. Omgrepsmetafor-teorien (*Conceptual Metaphor Theory*), som ifølgje Grady (2007) er ein av dei mest definerande teoriene innanfor kognitiv lingvistik, vart lansert med brask og bram av George Lakoff og Mark Johnson i den vesle, men enormt innflytelsesrike boka *Metaphors we live by* i 1980.³⁴ Her slår dei fast³⁵ at omgrepssystemet vårt – og dermed òg tankeprosessane våre – er grunnleggjande metaforisk(e), og at metaforar styrer tankar, erfaringar, oppfatningar og handlingar. I denne teorien er språket underordna og kognisjon overordna: Metafor er først og fremst ein kognitiv strategi for omgrepsleggjing, ikkje eit språkleg fenomen. Dei språklege

³⁴ George Lakoff er kanskje den mest sentrale figuren i omgrepsmetafor-teorien. I tillegg til introduksjonsboka *Metaphors we live by*, har han – blant svært mange andre publikasjonar – publisert *More than cool reason - A field guide to poetic metaphor* med Mark Turner (Lakoff & Turner, 1989), der han nyttar omgrepsmetafor-teorien for å undersøkje metaforisk kreativitet og konkluderer med at metaforisk kreativitet i regelen inneber å handtera etablerte omgrepsmetaforar på nye måtar, anten ved å utdjupa dei, utvida dei, kombinera dei eller setta spørjeteikn ved dei. Saman med Mark Johnson gav han i 1999 ut boka *Philosophy in the flesh*, der den såkalla integrerte metafor-teorien vert presentert.

³⁵ På ein noko manifestaktig måte, kan ein vel drista seg til å seia. Framstillinga er ikkje spesielt prega av korkje atterhald eller smålåtenskap. Det same kan seiast om boka dei gav ut i 1999, *Philosophy in the Flesh*.

metaforuttrykka er sett på som sekundære overflatemanifestasjonar av dei kognitive metaforane. Ved å studera språklege metaforuttrykk kan ein få innblikk i dei bakanforliggjande kognitive metaforiske operasjonane og strukturane.

Grady (2007) peikar på at den kognitiv-lingvistiske tilnærminga til metafor har bidrege med to viktige innsikter: Metaforisk språk er data som kan undersøkjast systematisk og sjåast i samanheng med andre aspekt ved mental aktivitet, og metafor er ikkje avgrensa til nokre få sjangrar, men er allstadnærverande.³⁶

3.3.1 Kva går omgrepsmetafor-teorien ut på?

Kort oppsummert går omgrepsmetafor-teorien (OMT) ut på at vi snakkar i metaforar fordi vi tenkjer i metaforar. Metaforar er ikkje utanpåklistra språkleg staffasje, men ein kognitiv strategi. Vi nyttar noko kjent og konkret for å forstå og omgrepsleggjere ukjende, uhandgripelege eller abstrakte³⁷ fenomen, t.d. når vi nyttar temperatur for å snakka om personlegdomsdrag (herunder omsorgsevne), som i «ein varm/kald person», eller tunge bærer for å snakka om problem (herunder suter), som i «ansvaret kvilte tungt på ho», eller som her:

Tung bær på barn av aidssyke.

Mange sør-afrikanske barn med aidssyke foreldre må ta mye ansvar for pleien. (Nordahl, 2010, mine uthevingar)

Ut frå språklege metaforuttrykk som dette sluttar ein at det må vera ei kognitiv kopling mellom (i det siterte dømet over) erfaringsdomenet BØR og erfaringsdomenet SUT. Domenet som vert nytta til omgrepsleggjering, vert kalla **kjeldedomenet** (sidan dette er «kjelda» ein «ausar av» for å forstå det meir abstrakte/ukjende), domenet som vert

³⁶ Det er truleg denne innsikta som har motivert tittelen på den norske utgåva av *Metaphors we live by*, «Hverdagslivets metaforer» (Lakoff & Johnson, 2003).

³⁷ Med abstrakt meiner eg ikkje 'abstrahert', men 'som ikkje gjeld sensomotoriske erfaringar', sjå Clausner & Croft (1999).

omgrepsleggjort vha. kjeldedomenet, vert kalla **måldomenet**, sidan det er det som er «målet» metaforen «tek sikte på» å omgrepsleggjera.

Ein **omgrepsmetafor** er definert som ei **tilordning** (*mapping*) mellom korresponderande aspekt ved måldomenet og aspekt ved kjeldedomenet. Termen *mapping* er innlånt frå matematikk (Grady, 2007). På norsk snakkar ein om matematisk *avbildning* eller *projeksjon* (NNa, 2009), og fenomenet er i matematikken definert slik: «Det er gitt en avbildning av en mengde A inn i en mengde B dersom det er gitt en forskrift som lar hvert element i A svare til et bestemt element i B.» (NNb, 2009). I OMT vil tilordning seia at kunnskap om aspekt ved kjeldedomenet vert projisert over på kunnskap om motsvarande aspekt ved måldomenet. Det er ikkje berre elementa frå kjeldedomenet som vert projiserte over på måldomenet, relasjonar mellom element i kjeldedomenet (òg kalla *topologi* (endå ein term henta frå matematikk)) kan òg verta projiserte over til måldomenet. Gevinsten ved denne tilordninga er at vi kan nytta vår kunnskap om kjeldedomenet til å omgrepsleggjera måldomenet og resonnera rundt det. Denne resonneringa vert kalla **logiske følgjeslutningar**.

Når det gjeld bærer, veit vi til dømes at dess tyngre børa er, dess tyngre slit vi med å bera ho, og at det er lettare viss ein er fleire som ber børa, ev. byter på å bera ho.³⁸ Får vi ei tung bær fjerna frå skuldrene, vert vi *letta*. Vi veit at objekt med høg temperatur strålar ut varme til omgjevningane, at brann gjev frå seg svært høg varme, og at dersom vi er kalde, hjelper det å stå inntil ei varmekjelde. Denne allmenne kunnskapen er basis for den metaforiske logikken i følgjande utsnitt av diktet «Tung tids tale», av Halldis Moren Vesaas:

Alt du kan løfte av børa til bror din,
må du ta på deg.
Det er mange ikring deg som frys,
ver du eit bål, strål varme frå deg!
(Vesaas, attgjeven i Havnevik, 2005: 352)

³⁸ Ein kan t.d. bli «avlasta» eller «velta ansvaret over på andre», slik at ein slepp å «dra heile lasset» sjølv.

I kognitiv-lingvistisk analysesamanheng vert namnet på domene og på omgrepsmetaforar skrivne med kapitel for å skilja dei frå det språklege nivået. Formelen er slik at måldomenet kjem først, så kjeldedomenet. Forma $A \text{ ER } B$ er den mest vanlege, der A er måldomene og B er kjeldedomene, t.d. $\text{PERSONLEGDOM ER TEMPERATUR}$. Sidan denne måten å namngje omgrepsmetaforar på har form som ein påstand, og dermed kan forvekslast med språklege metaforuttrykk som *Akilles er ei løve*, føretrakkjer eg å nytta SOM heller enn ER : $\text{PERSONLEGDOM SOM TEMPERATUR}$. Metafor inneber å snakka om måldomenet *som om* det var kjeldedomenet, t.d. FORSTÅING framstilt *som SYN*, ikkje å påstå at måldomenet er kjeldedomenet. Jamfør Lakoff (1993: 207), som forklarar namngjevinga av omgrepsmetaforar slik:

To make it easier to remember what mappings there are in the conceptual system, Johnson and I (Lakoff & Johnson, 1980) adopted a strategy for naming such mappings, using mnemonics which suggest the mapping. Mnemonic names typically (though not always) have the form: **TARGET-DOMAIN IS SOURCE-DOMAIN, or alternatively, TARGET-DOMAIN AS SOURCE-DOMAIN.** [...] It is a common mistake to confuse the name of the mapping [...] for the mapping itself. The mapping is the set of correspondences. [...] If mappings are confused with names of mappings, another misunderstanding can arise. Names of mappings commonly have a propositional form, for example, *LOVE IS A JOURNEY*. But the mappings themselves are not propositions. If mappings are confused with names for mappings, one might mistakenly think that, in this theory, metaphors are propositional. They are anything but that: metaphors are mappings, that is, sets of conceptual correspondences.³⁹ (Mine uthevingar)

(På same måten som for omgrepsmetaforar vert kjelde og mål i omgrepsmetonymiar skrivne med kapitel. Formelen for omgrepsmetonymiar skil seg frå den til omgrepsmetaforar, sidan kjelda kjem før målet: $B \text{ FOR } A$, der A er målet, det vi siktar til, og B er kjelda, det vi nyttar for å komma fram til målet.)

³⁹ Metaforlitteraturen ser ut til å vera noko inkonsekvant når det gjeld bruken av *mapping(s)* og *correspondences*. Av og til vert ein metafor kalla ei *mapping* med fleire korrespondansar, av og til vert ein metafor framstilt som ei rekkje *mappings*, der kvar *mapping* ser ut til å tilsvare ein korrespondanse.

Ein omgrepsmetafor kan gje opphav til mange språklege metaforuttrykk, der ein nyttar ord som eigentleg denoterer aspekt ved kjeldedomenet, for å referera til aspekt ved måldomenet, t.d. omgrepsmetaforen BODSKAP SOM MAT, som har gjeve opphav til dei språklege metaforane *tyggja på, få inn med teskei, hard kost, åndeleg føde* osv. Eit språkleg metaforuttrykk kan òg vera motivert av fleire ulike omgrepsmetaforar, som t.d. *å gå i kjellaren*, som kan vera motivert av både TRIST SOM NED, TILSTAND SOM PLASSERING, ENDRING SOM RØRSLE og ev. fleire, som moglegvis TRIST SOM MØRKT, jf. at kjellarar ofte er mørke fordi dei ligg dels under bakkenivå.

Vidare er det slik at metaforen framhevar somme aspekt ved måldomenet, nemleg dei som korresponderer med aspekt ved kjeldedomenet, medan andre aspekt ved måldomenet hamnar i skuggen. Og det er sjeldan at alle aspekt ved eit kjeldedomene vert nytta for å omgrepsleggjera eit måldomene, sjølv om metaforar ofte kan byggjast ut i fleire trinn, noko Lakoff & Turner (1989) kallar utviding (*extension*). Av og til kan metaforbruk såleis slå tilbake på talaren, som tilfellet var med Tony Blair si metaforiske ytring: «Forward or back. I can only go one way. I've not got a reverse gear.»⁴⁰ Ifølgje *The Economist* fekk metaforbruken til Blair blanda mottaking:

Most of the audience loved it, though the metaphor doesn't bear too much consideration: as a BBC commentator pointed out afterwards, if you are on the edge of a cliff, a reverse gear is quite useful. (Leiarartikkel, 2003)⁴¹

Sidan metafor i OMT er sett på som eit primært kognitivt fenomen, har ein undersøkt andre område enn berre språket for å finna overflatemanifestasjonar av metaforar. Kunst, matematikk, ritual, teikneseriar, film, gestar og musikk er blitt undersøkte med tanke på omgrepsmetaforar, sjå t.d. Kövecses (2010), Gibbs & Barnden (2008), ei

⁴⁰ <https://www.theguardian.com/politics/2003/sep/30/labourconference.labour5>. Jones (2003) hevdar at Blair si utsegn var «Echoing the 1980 declaration by Margaret Thatcher that the "Lady's not for turning"».

⁴¹ Sjå òg Semino,(2008), og sjå Ritchie (2013) for ei drøfting av den metaforiske tydinga til Blairs bruk av *forward*.

rekkje psykolingvistiske eksperiment og fMRI-undersøkingar er blitt designa og utførte, og ein nevralt teori for metafor er blitt lansert (Lakoff, 2008; Feldman, 2006).

Noko av det som særpregar OMT, er at teorien søkjer å samla mest mogeleg under metaforparaplyen: nyskapande så vel som konvensjonelle biletlege uttrykk, kognitive koplingar så vel som språklege uttrykk, språklege så vel som ikkje-språklege produkt (t.d. gestar, film, skodespel, teikneseriar, kunst, myter m.m.).

I og med at OMT tek mål av seg til å gje ei uttømmende framstilling av metafor, har det etter kvart blitt utarbeidd ein utvida omgrepsmetaforteorien. I det følgjande skal eg presentera dei ulike delane av denne teorien, som Lakoff & Johnson (1999) kallar «The integrated theory of primary metaphor», og som ifølgje dei forklarar kvifor og korleis omgrepsmetaforar oppstår.

3.3.2 Den integrerte metaforteorien

I 1999 gav George Lakoff og Mark Johnson ut *Philosophy in the Flesh*, der dei integrerer Christopher Johnsons teori om *conflation*, Joseph Grady sin teori om primære metaforar, Srini Narayanans nevralt metaforteorien og Gilles Fauconnier og Mark Turner sin teori om konseptuell integrasjon (*blending*).⁴²

Conflation

Johnson (1999) sin *Conflation Hypothesis* går ut på at visse polyseme språklege former i tidleg barndom vert assosierte med semantiske representasjonar som kombinerer eller smeltar saman element frå distinkte tydingsvariantar. Samansmeltinga skjer fordi born først møter dei språklege formene i situasjonar som opnar for fleire tolkingar. Barnet oppnår med tida kjennskap til dei «vaksne» tydingsvariantane via ein prosess der brukstypene vert differensierte frå kvarandre. Ifølgje Johnson møter born (i motsetnad til vaksne) ofte utsegner der begge tolkingar er aktuelle, som «Skal vi sjå kven som

⁴² C. Johnson, Grady og Narayanan leverte alle inn si doktorgradsavhandling ved Berkeley i 1997.

ringjer på?»), der *sjå* vert nytta i *både* konkret og overført tyding, om høvesvis syn og forståing.

Vi har ikkje direkte tilgjenge til andre sine sinn, berre til åtferda deira. Dette kan vera grunnen til at vi i så stor grad nyttar språk for sensomotoriske erfaringar for å snakka om subjektive erfaringar, meiner Johnson:

[...] adults may use situations involving visual experience, and forms from the visual domain, to talk to children about mental experience before children have learned much mental vocabulary. It is difficult to talk to children about mental experiences directly because such experiences are relatively private. Visual situations provide a perfect opportunity to do so, due to the correlation between visual and mental experiences of certain kinds and to the intersubjective nature of visual experience and related behavior, such as direction of gaze. (Johnson, 1999: 160)

Born utviklar truleg eigne, distinkte omgrep for visuell og mental erfaring først seinare, slik at barnets tolking av utsegner som «Skal vi sjå kven som ringjer på?» ikkje kan seiast å vera metaforisk, ifølgje Johnson.

Primære metaforar/korrelasjonsmetaforar

Det finst grovt sett to typar erfaring: sensorisk erfaring, som gjeld perseptuelle inntrykk frå omverda, og introspektiv erfaring, som gjeld kjensler, medvit, tidsoppleving. Det er ifølgje primærmetaforteorien typisk for menneskeleg omgrepsdanning at introspektiv erfaring blir strukturert ut frå omgrep som gjeld sensorisk erfaring. Primære metaforar, òg kalla *korrelasjonsmetaforar* (*correlation metaphors*), oppstår som følgje av basale erfaringar med omverda. Grady & Johnson (2003) hevdar at den erfaringsmessige motivasjonen for primære metaforar er såkalla primære scener, av typen skildra i Johnson (1999). Ei primær scene er eit erfaringsscenario som t.d. «Skal vi sjå kven som ringjer på?» der erfaringar assosierte med mål- og kjeldedomenet opptrer saman på tett samannovne og føreseielege måtar. I ei primær scene er det to subscener, der den eine gjeld sensomotorisk erfaring og den andre intrasubjektiv erfaring. Som døme på ei primær scene nyttar Grady & Johnson (2003) det å handsama

eit komplekst objekt. Subscene 1 består av den fysiske handsaminga av objektet, subscene 2 består av danninga av ein mental representasjon av oppbygginga til det fysiske objektet. Sistnemnde er kausalt avhengig av og temporært korrelert med førstnemnde, noko som gjev barnet høve til å språkleg koda abstrakte tydingar. ORGANISASJON SOM FYSISK STRUKTUR er såleis ein metafor som har oppstått som følge av dei korrelerte erfaringane mellom a) det å interagera med komplekse objekt og å observera del-heilskap-strukturen deira, og b) det å danna kognitive representasjonar av struktur og logiske relasjonar mellom delane til komplekse objekt (Lakoff & Johnson, 1999).⁴³ Grady jamfører korrelasjonsmetaforar med metaforiske uttrykk som *Akilles er ei løve*, der ein ikkje kan hevda at metaforen er basert på korrelasjonar i erfaring: Ein kan vanskeleg sjå for seg grunnleggjande, allmenne, gjentakande korrelasjonar av erfaringar som motivasjon for koplinga mellom modige personar og løver. Her meiner Grady vi heller må snakka om oppfatta likskap (*perceived resemblance*).⁴⁴ I løvedømet er det snakk om ei form for funksjonell likskap heller enn fysisk, medan fysisk likskap er motivasjonen for såkalla biletmetaforar av typen *vepsetalje*, *muffinsmage*, *timeglasfasong* etc. (mine døme). Grady meiner at likskapsmetaforar og biletmetaforar har det sams at den konseptuelle projeksjonen er svært avgrensa, og knapt kan kallast ei tilordning. Konseptuell struktur og følgjeslutningar vert ikkje tilordna frå kjeldedomenet til måldomenet i desse metafortypene. Skilnadane mellom likskapsmetaforar og korrelasjonsmetaforar vert sette opp på følgjande måte av Grady (1999: 95f.) (parentesane er sette inn av meg og inneheld mine kommentarar til Grady sine punkt):

1) **retning**: Likskapsmetaforar fungerer i baa retningar og er symmetriske, korrelasjonsmetaforar er asymmetriske og kan ikkje reverserast. (MORAL kan t.d.

⁴³ Primære scener kan, slik eg forstår det, gje opphav til metonymiske uttrykk så vel som metaforiske. Den sensomotoriske erfaringa kan fungera som referansepunkt for den subjektive, sidan erfaringane er så tett korrelerte. Koplinga mellom MEIR og OPP er t.d. metonymisk i uttrykket «havet stig pga. global oppvarming» (sidan stigande væskeniå er korrelert med meir væske; når havet stig, er det fordi det vert meir vatn i havet) og metaforisk når det ikkje er snakk om vertikal rørslle i konkret forstand: *rentesting*, *vektstiging*, *temperaturstiging*.

⁴⁴ Grady (1999: 89) understrekar at denne teorien skil seg frå tidlegare likskapsteoriar om motivasjonen for metafor: «I will call this proposition the 'resemblance hypothesis', in order to distinguish it from the similarity theory, and to highlight the role of our perceptions and representational schemas, as opposed to facts about the world.»

ikkje nyttast som kjeldedomene for REINLEIK, medan ein kan nytta dyr som kjeldedomene for menneske og vice versa)

2) **ontologi**: Likskapsmetaforar kan involvera koplingar mellom omgrep av same type, medan korrelasjonsmetaforar koplar saman distinkt ulike omgrep. (Akilles og løva er begge landbaserte pattedyr, medan mål- og kjeldedomena i primærmetaforar er høvesvis kognitive responsar på sensorisk innputt og sensomotoriske erfaringar.)

3) **konvensjonalitet**: Likskapsmetaforar er mykje mindre avgrensa (*constrained*) enn korrelasjonsmetaforar, fordi dei er motiverte av ei oppfatta form for likskap⁴⁵ heller enn av korrelasjonar i erfaring. I praksis vil det seia at medan det er lett å laga nye likskapsmetaforar, er korrelasjonsmetaforar per definisjon konvensjonelle og innprenta. Medan det nesten berre er fantasien som set grenser for kva vi kan oppfatta som ein eller annan likskap (funksjonell eller fysisk) mellom to fenomen, er det berre eit avgrensa antal primære erfaringar som danner grunnlaget for primærmetaforane. (Primærmetaforane legg strenge føringar for metaforbruk. Vi kan ikkje bryta med den primærmetaforiske logikken: *skitten* kan ikkje nyttast metaforisk for 'moralsk', *mørk* kan ikkje nyttast metaforisk for 'glad', osv.

Metaforar baserte på korrelasjon oppstår ifølgje Grady som følgje av assosiativ læring basert på grunnleggjande, fellesmenneskelege erfaringar som skjer ofte og samtidig: sensomotoriske erfaringar og intrasubjektive responsar på desse. Dette korrelasjonsbaserte projeksjonsmønsteret kan forklara utvikling av nye tydingar av ord over tid i ulike språk, sjå Kurath (1921) og Sweetser (1990).

Somme sentrale primærmetaforar er samla i det såkalla hendingssystemet (presentert under namnet *Event Structure Metaphor* i Lakoff (1993), sjå òg Kövecses (2010)). Systemet består av ei rekkje generiske metaforar for hendingar, handlingar og prosessar, og på norsk kan det settast opp slik (Mannsåker, 2010):

⁴⁵ Kövecses (2010: 81) kallar dette «perceived structural similarity».

MÅLDOMENE	KJELDEDOMENE
AKTIVITET	REISE
EKSTERNE HENDINGAR	STORE OBJEKT I RØRSLE
FRAMSTEG	REISERUTE-/TIDER
VANSKAR	HINDRINGAR
MIDDEL/METODE	STIG/VEG
MÅL	DESTINASJON/REISEMÅL
HANDLING	SJØLVGÅANDE RØRSLE
ÅRSAK	KRAFT
ENDRING	RØRSLE
TILSTAND	STAD/PLASSERING

Figur 1: Hendingssystemet

Desse metaforane kan seiast å inngå som motivasjon for ei rekkje språklege metaforuttrykk, noko som m.a. vil bli trekt inn og drøfta i analysen i kap. 6 og 7.

Nevral metafor-teori

Den nevralt metafor-teorien skriv seg frå den meir generelle *Neural Theory of Language* (NLT), sjå Feldman (2006) og Lakoff & Johnson (1999: Appendix). Ifølgje Lakoff (2008) er det sju typar nevralt krinsar som er essensielle for tankeverksemd. Mellom desse sju finn vi krinsar for høvesvis gestaltar (herunder rammer (*frames*)), for metonymi og for metafor og konseptuell integrasjon.

Narayanan (1997) utvikla i samband med doktorgradsprosjektet sitt ein simulasjonsmodell for verbsemantikk som han nytta i høve til verbalt aspekt og metaforiske projeksjonar. Modellen er òg presentert i Narayanan (1999) og omtalt i Grady (2007), Lakoff & Johnson (1999), Lakoff (2008) og i Feldman (2006: kap. 20). Den nevralt metafor-teorien (NMT) byggjer m.a. på arbeidet til Narayanan og på spegelneuronforskning (*mirror neurons*) (Feldman, 2006; Lakoff, 2005). Teorien tek sikte på å respektera KL sin *Cognitive commitment*, dvs. å utarbeida teoriar som samsvarer med funn frå dei andre kognitive vitenskapane, ikkje minst kognitiv nevrovitenskap (Feldman, 2006, Preface).

Fleire har teke til orde for at ordforståing inneber ei mental simulering av situasjonen ordet refererer til, sjå Feldman (2006: 166), Eysenck & Keane (2010: 412) og Barsalou (2008), altså at sensomotoriske område i hjernebarken vert aktiverte som om tilhøraren opplever den aktuelle situasjonen sjølv. Såkalla spegelnevron er aktive både når individet utfører, observerer eller vert presentert for ord for ei handling eller liknande (Aziz-Zadeh, Wilson, Rizzolatti, & Iacoboni, 2006; Keysers & Gazzola, 2010). Forskinga på denne teorien er enno i startgropa, men om dette skulle visa seg å vera tilfelle, kan ein tenkja seg at måten ein forstår abstrakte fenomen på, er via simulering av sensomotoriske situasjonar og metaforisk tankegang med desse som kjeldedomene, som føreslege av Feldman (2006) og Gibbs (2006), sjå òg McGeoch et al. (2007) og Ramachandran & Oberman (2006). Dette gjev ny meining til uttrykket «levande metaforar», dvs. at metaforforståing inneber å gjennomleva kjeldedomene vha. simulering.⁴⁶

NMT hevdar at semantikk er simulering, og modellane innanfor NMT er implementerte og testa i datasimuleringar. Å forstå eit ord som t.d. *gripa* er ifølgje NMT det same som å kunna simulera handlinga griping – uansett om ordet er nytta i bokstaveleg eller overført tyding, sjå òg Gibbs (2006). Dersom ordet vert nytta metaforisk, går prosesseringa føre seg på følgjande måte, ifølgje Lakoff (2008: 27):

When you hear a metaphorical expression, the literal meanings of the words should activate the source domain circuitry and the context should activate the target domain circuitry, and together they should activate the mapping circuit. The result is an integrated circuit, with activation of both source and target domains and processing over both at once. Thus, understanding language that makes use of a conventional conceptual metaphor should take no longer than normal frame-based nonmetaphorical processing.

⁴⁶ Det vil nok vera individuelle skilnadar mellom korleis ulike fenomen vert simulerte: Korleis forstår/simulerer t.d. ein som er fødd blind, verbet *sjå*? Korleis simulerer Magnus Carlsen substantivet *sjakktrekk*?

Ifølgje den nevralt metafortheorien vert altså både kjelde- og måldomenet automatisk aktiverte kvar gong konteksten triggjar ei metaforisk tolking, og dess meir konvensjonell metaforen er, dess fortare går prosessen. Kjeldedomenet vert altså ikkje «bypassa» med tida: Det er tvert om den nevralt tilordningskrinsen som vert etablert og styrkt (*fixed*) med tida.

Den integrerte versjonen

Ifølge Lakoff (2008) kan ein integrera Johnson, Narayanan og Grady sine teoriar på følgjande måte: I situasjonar der både kjelde- og måldomenet er aktive samtidig (primære scener), vil dei to hjerneområda for kjelde- og måldomenet vera aktive samtidig. Hebbiansk læringsteori («Neurons that fire together, wire together») tilseier at det då vert danna nevralt tilordningskrinsar mellom dei to domena. Desse krinsane utgjer den primære metaforen. Ulike kulturelle rammer kan bli kombinerte med dei primære metaforane og gje opphav til meir komplekse metaforar (Lakoff, 2008: 26).

Ifølgje OMT ligg assosiativ læring til grunn for omgrepsmetaforane: Når sensomotoriske og subjektive erfaringar regelbunde skjer samstundes, er begge domene aktive, og ifølgje (nevro)assosiativ læringsteori vil dette føra til styrking av sambanda mellom dei nevralt krinsane for dei ulike modalitetane. Desse nye, styrkte sambanda er den fysiske manifestasjonen til den metaforiske tilordninga. Modalitetane er og blir separate, dvs. at det alltid er mogeleg å oppleva det eine utan å oppleva det andre. Primærmetaforar gjer det mogeleg å uttrykkja private, subjektive opplevingar som om dei var ålment tilgjengelege/observerbare hendingar. Å bera tunge bærer (= sensomotorisk erfaring, observerbar for andre) vert opplevt som vanskeleg (= subjektiv oppleving, ikkje-observerbar for andre). Vanskar og tunge bærer vert assosiativt kopla. Ved å observera andre bera tungt kan ein vha. desse assosiasjonane danna seg ein teori om den subjektive tilstanden til den andre. Alternativt kan dette skje direkte: Den sensoriske informasjonen kan direkte-tilordnast dei motoriske strukturane som ville ha produsert den aktuelle emosjonen hjå observatøren, og observatøren «føler med» den

observerte, bokstaveleg talt (Rizzolatti, Fogassi, & Gallese, 2006), sjå òg Citron & Goldberg (2014).

Fordi det å bera på ei tung bør er ei erfaring som dei fleste andre òg har gjort, finst denne koplinga hjå dei fleste, og dermed er *PROBLEM SOM BØRER* ein konvensjonell omgrepsmetafor, som kan motivera språklege metaforar som: «Snakk med noen! Det letter børen på skuldrene.» (Kjell Magne Bondevik, sitert av Husøy, 2009) Denne typen metaforar kan ifølgje den integrerte metafor-teorien kombinerast til komplekse metaforar og er dermed basis for heile omgrepsmetaforsystemet. Samansette metaforar kan oppstå fordi ulike primære metaforar kan vera aktive samstundes, og samband mellom dei aktive tilordningane kan føre til krinsar som knyter dei saman og gjer at dei lettare vert koaktiverte i form av ein samansett metafor.

Proessen der primære metaforar og kulturelle modellar vert kombinerte til komplekse metaforar, er òg skildra i Lakoff & Johnson (1999), eksemplifisert ved den komplekse metaforen *LIVET ER EI REISE*. Denne metaforen er forklart som eit resultat av

1. den kulturelle førestillinga om at ein skal ha formål i livet og freista å realisera dei
2. dei primære metaforane *MÅL ER DESTINASJONAR* og *HANDLING ER SJØLVGÅANDE RØRSLE*

Ein metaforisk versjon av den kulturelle førestillinga blir at ein skal ha «destinasjonar» i livet og freista å «nå» dei. Kombinert med generell kunnskap om at ein langvarig tur til ulike destinasjonar er ei reise, vert *REISE* og *LIVET* metaforisk kopla saman. I motsetnad til primærmetaforane er ikkje denne metaforen direkte erfaringsbasert. Sjå òg Grady (1998).

Metaforar som byggjer på primære metaforar, bør ifølgje Lakoff vera lettare å læra og forstå enn nye omgrepsmetaforar, då førstnemnde involverer nye bindingar mellom allereie eksisterande nettverk, medan sistnemnde ikkje har noko eksisterande nettverk å byggja på. Jamfør Grady, som (1999: 95) definerer primære metaforar som

projeksjonsmønster i det kognitive repertoaret vårt, og Feldman (2006), som definerer dei som forsterka samband mellom ulike modalitetar i hjernen.

Lakoff (2008) hevdar at grunnen til at omgrepsmetaforar i regelen er asymmetriske, dvs. går frå det konkrete/sensomotoriske til det abstrakte/subjektive, er at ulike nevron har ulik fyringskapasitet; dei som fyrer mest, fyrer best. Og dei som er involverte i fysiske kroppsfunksjonar, fyrer svært ofte. Sjå òg Narayanan (1999: 1).

Den kognitive operasjonen som m.a. gjer at primære metaforar kan kombinerast og inngå i komplekse metaforar, vert kalla konseptuell integrasjon. Teorien om konseptuell integrasjon, eller blending, som det òg vert kalla, vert presentert i det følgjande.

Konseptuell integrasjon

Gilles Fauconnier og Mark Turner presenterer sin teori om konseptuell integrasjon i boka *The way we think* (Fauconnier & Turner, 2002), og ein kortversjon ført i pennen av Turner er å finna i Geeraerts & Cuyckens (2007), sjå òg kap. 12 i Evans & Green (2006).⁴⁷ Ifølgje Fauconnier & Turner (2002: v) er konseptuell integrasjon «a great mental capacity that [...] made us what we are today»: Konseptuell integrasjon spelar ei sentral rolle i tanke og handling og er opphav til ei rekkje overflatemanifestasjonar som inkluderer språk, ritual, symbol og det som vert kalla *material anchors*, som t.d. pengar og måleinstrument.

Teorien dreier seg i korte trekk om konseptuell integrasjon av såkalla mentale rom (*mental spaces*). Mentale rom er sett på som midlertidige konseptuelle domene («tankebobler») som er bygde «on-line» (dvs. i arbeidsminnet) og som opererer i nettverk. Allereie eksisterande kunnskap frå langtidsmminnet vert rekruttert for å strukturera dei mentale romma. Mentale rom er knytte til kvarandre vha. ulike typar

⁴⁷ Mi framstilling av teorien om konseptuell integrasjon baserer seg på desse tre kjeldene om ikkje anna er nemnt.

tilordningar mellom elementa i romma. I ein blend (eller eit integrasjonsnettverk, som det òg er kalla) er det minst fire rom:

Innputtrom (to eller fleire), som har element som motsvarar kvarandre, og som er lenkte saman med tilordningar mellom romma.

Eitt generisk rom, som inneheld delt struktur tilordna frå innputtromma, dvs. informasjon som er abstrakt nok til å passa alle innputtromma.

Eitt blenda rom, som inneheld projisert struktur frå innputtromma, generisk struktur frå det generiske rommet og ev. ny struktur/informasjon som ikkje finst i innputtromma (*emergent meaning*). Projesjonen frå innputt til blend er selektiv, dvs. at ikkje alle relasjonar og element frå innputtromma hamnar i blenden. Samband mellom to motstykke i innputtromma («outer-space relation») kan bli komprimerte i det blenda rommet til motstykkerelasjonar i eitt og same rom («inner-space relation») og vidare til m.a. identitet (ein relasjon mellom element som vert komprimerte til eitt element). Ny informasjon/struktur kan oppstå i blenden ved hjelp av **komposisjon** (å laga nye relasjonar mellom element frå dei ulike innputta), **fullføring** (å rekruttera bakgrunnskunnskap utanfrå innputtromma) og **vidareutvikling** (å køyra blenden som simulasjon), og denne nye informasjonen kan projiserast «baklengs» tilbake til innputtromma og føra til eit nytt syn på dei. Kreativiteten i konseptuell integrasjon kjem av at det er tallause måtar å rekruttera bakgrunnskunnskap og simulera blenden mentalt på.

Eit viktig prinsipp ved konseptuell integrasjon handlar om kompresjon av såkalla vitale relasjonar, som kan vera mellom ulike rom, mellom element i same rom eller både–og. Døme på vitale relasjonar er endring, årsak–effekt, del–heilskap, eigenskap m.m. Kompresjon kan gå føre seg på ei rekkje måtar, men det overordna målet er alltid å oppnå menneskeleg skala, dvs. å redusera kompleksitet og dermed letta forståinga, ved såkalla *global insight*:

The most obvious human-scale situations have direct perception and action in familiar frames that are easily apprehended by human beings: an object falls, someone lifts an object, two people converse, one person goes somewhere, and so on. They typically have direct intentionality, very few participants, and immediate bodily effect. They are immediately apprehended as coherent. Once blending achieves a human-scale blend, the blend also counts as human scale, and so can participate in producing other human-scale blends, in a bootstrapping pattern that characterizes much of cultural evolution. (Turner, 2007: 382–3)

Til dømes kan ein årsak–effekt-relasjon mellom to inntuttrom bli komprimert til ein eigenskap i blenden. Evans & Green (2006: 424–5) nyttar dømet *a warm coat* for å illustrera dette: Effekten av å ha på seg plagget er at *beraren* vert varm, årsaka er at plagget isolerer godt. Årsak–effekt-relasjonen vert i blenden komprimert til ein eigenskap ved årsaka (plagget). Meir komplekse årsak–effekt-relasjonar kan bli komprimerte ned til enkle relasjonar, sjå t.d. Fauconnier (2008). Utsegnet *Churchill bomba Dresden* kan illustrera dette, sidan det inneber komprimering av ei lang rekkje hendingar, drøftingar, avgjerder og ordrar som til slutt førte til at ei rekkje RAF-bombeflypilotar flaug over Dresden og trykte på bombeutløysarane, til eit enkelt handlingsscenario med ein agens (Churchill) og ein patiens (Dresden). (Mitt døme) Denne typen kompresjon kjem eg tilbake til i kap. 6 om metonymisk bruk av adjektivet *schizofren*.

Konseptuell integrasjon har mykje sams med metafor, sidan begge nyttar velkjende, direkte observerbare erfaringar for å forstå komplekse, abstrakte og lite kjende fenomen. Men metafor er berre eitt av dei fenomenen teorien om konseptuell integrasjon tek sikte på å forklara. Døma med den varme jakka og Churchill si bombing av Dresden er t.d. metonymiske heller enn metaforiske, og mange av døma drøfta vha. teorien om konseptuell integrasjon er ikkje å rekna som biletleg språk i det heile, sjå liste i Turner (2007: 392). Og medan blendingsteorien tradisjonelt har undersøkt høgst innovative og ukonvensjonelle språklege uttrykk, er OMT primært oppteken av konvensjonelle språklege uttrykk.

Ifølgje Lakoff (2008) eksisterer metaforar til dels uavhengig av blendar, sjølv om blending inngår i prosessen med å kombinera primære metaforar og kulturelle førestillingar til komplekse metaforar. Ei utsegn som er basert på ein enkelt primærmetafor, er ikkje rekna som ein overflatemanifestasjon av ein blend, sjå òg Evans & Green (2006: 437) og Grady (2005).

For å oppsummera presentasjonen av den integrerte metaforteorien, kan ein seia at han tek mål av seg til å kunna gjera greie for opphavet til alt frå konvensjonaliserte metaforiske uttrykk som stammar frå primære metaforar, til kreative døgnfluger der resultatet er meir enn summen av delane. Men ikkje alle er samde i at førstnemnde type skal reknast som levande metaforar.

3.3.3 Levande og døde metaforar

To diametralt motsette syn på kva som skal gjelda som ein levande metafor, er tradisjonell omgrepsmetaferteori à la Lakoff og det synet Lakoff & Turner (1989) kallar «The Dead Metaphor Theory». Sistnemnde syn inneber å setta likskapsteikn mellom metaforisk konvensjonalitet og metaforisk død (sjå t.d. Lothe et al. (1997), Geary (2011: 48), Goatly (2011), Itkonen (2005: 41) og Svennevig (2009: 181)). Går ein t.d. til *Litteraturvitenskapelig leksikon* (Lothe et al., 1997: 154–5), står det i oppslaget om metafor at:

En ‘død’ metafor er en metafor som er blitt så konvensjonell at vi ikke oppfatter spenningen mellom måten ordet blir brukt på i den aktuelle sammenhengen og i andre sammenhenger. F.eks. ‘tiden går’ og ‘bordbein’.

Eg tolkar ytringa slik at Lothe et al. meiner at dersom eit metaforisk uttrykk er så konvensjonelt at språkbrukarane ikkje er fullt medvitne om og merksame på at det er snakk om eit tilfelle av overført tyding, vert det rekna som ein død metafor (men altså framleis ein metafor). Levande metaforar vert her definerte som påfallande og nyskapande uttrykk, der språkbrukarane er merksame på «kollisjonen» mellom mål- og kjeldedomene, eller mellom opphavleg og overført språkleg tyding. Metaforiske

delydingar som står oppførte i ordbøker, som t.d. dei psykologiske tydingane til *sløv* og *tung*, vil bli rekna som døde av dei som set likskapsteikn mellom konvensjonalitet og metafordød. Svennevig (2009: 181) snakkar t.d. om: «døde eller stivnede metaforer, dvs. konvensjonelle måter å omtale et fenomen på» og Geary (2011: 48) om «extinct metaphors, such as ‘I see what you mean’». Metaforar der den opphavlege tydinga ikkje lenger er i bruk, er sjølvsagt etter dette synet endå meir døde. Metafor vert her definert som eit reint språkleg fenomen, og berre heilt nye og ukonvensjonelle språklege metaforar er rekna for levande metaforar (Lakoff, 1987a; Lakoff og Turner 1989: 128–9).

Lærebøker i psykiatri inneheld knapt nokon levande metaforar etter eit slikt syn. Læreboksjangeren er ikkje primært kjenneteikna av språkleg eksperimentering og nyskaping, så dette er ikkje uventa. Det finst nokre få døme på meir påfallande metaforikk i lærebøkene eg har undersøkt, men det høyrer til unntaka. Desse døma varierer frå det som kan tykkjast som uforvarande metaformiks, til meir medvitne retoriske grep, jf. t.d. høvesvis desse sitata frå Malt et al. og frå Cullberg: «å løse flokete og vanskelige livssituasjoner som måtte ha tårnet seg opp» (MRD: 228) og den smått geniale logiske følgjeslutninga av *skjelett i skåpet*-metaforen: «Även ‘liken i garderoben’ brukar må bra av att bli ventilerade» (C: 285).⁴⁸

Ifølgje OMT er alle former for språkbruk gjennomsyra av metaforar. Dette synet byggjer på ein svært vid metafordefinisjon, der ein ikkje ekskluderer sjølv svært konvensjonelle metaforar. Dei aller fleste av dei metaforiske uttrykka vi nyttar, er meir eller mindre konvensjonelle, dvs. at vi ikkje i utgangspunktet er merksame på at dei er metaforar. Men i omgrepsmetaforteorien vurderer ein konvensjonelle metaforar som spesielt viktige:

The «dead metaphor» account misses an important point: namely, that what is deeply entrenched, hardly noticed, and thus effortlessly used is most active in

⁴⁸ Følgjeslutninga baserer seg på allmenn kunnskap om kjeldedomenet. Klesplagg som heng inst i skåpet og sjeldan/aldri vert tekne fram og brukte, bør av og til luftast. for å unngå «skåplukt».

our thought. The metaphors listed above⁴⁹ may be highly conventional and effortlessly used, but this does not mean that they have lost their vigor in thought and that they are dead. On the contrary, they are «alive» in the most important sense – they govern our thought: they are «metaphors we live by». (Kövecses, 2010: xi)

Levande tyder altså ikkje det same i dei to ulike syna: I førstnemnde vert merkelappen «levande metafor» reservert for innovative og påfallande språklege bilete som språkbrukarane er fullt medvitne om er metaforiske og ikkje nødvendigvis straks greier å tolka, typisk poetiske metaforar (Müller, 2008: 55). Omgrepsmetaforteoretikarar reknar på si side konvensjonelle og ikkje-påfallande språklege metaforar som dei aller mest levande og interessante, fordi desse metaforane etter deira syn reflekterer korleis vi tenkjer. Og i OMT er ein ofte meir oppteken av underliggande omgrepsmetaforen enn av dei språklege metaforuttrykka. På den måten kan ein seia at det folk flest oppfattar som ein typisk metafor, dvs. den påfallande og kreative språklege metaforen, er sett på som relativt uinteressant i OMT. Lakoff & Turner (1989) hevdar at mange av omgrepsmetaforane er permanente og universelle, og at poetisk kreativitet består i å handtera desse kognitive koplingane på nye måtar. At vi forstår innovative, poetiske metaforar når vi møter dei, styrkjer teorien om levande omgrepsmetaforar, ifølgje Lakoff & Johnson (1999: 66). Sidan omgrepsmetaforane er levande, har vi ikkje problem med å forstå nye uttrykk som byggjer på dei:

Suppose we encounter a word like «gone» in an expression like «He’s almost gone,» used of a dying person. The Dead Metaphor Theory would claim that «gone» isn’t really metaphoric now, though it once may have been. The mistake derives from a basic confusion: it assumes that those things in our cognition that are most alive and most active are those that are conscious. On the contrary, those that are most alive and most deeply entrenched, efficient, and powerful are those that are so automatic as to be unconscious and effortless. Our understanding of life as a journey is active and widespread, but effortless. Part of the evidence that conventional metaphors exist as live aspects of cognition is

⁴⁹ Døma til Kövecses inkluderer uttrykk som: «his father’s *icy* stare; a local *branch* of this organization; Scientists *have taken a big step* in understanding Alzheimer’s disease» osb.

their occurrence in novel poetic creations [...]. If those metaphors did not exist at all in our conceptual systems, then we could not understand novel, unconventional poetic language that makes use of them. (Lakoff & Turner, 1989: 129)

Ukonvensjonelle språklege metaforar vert her drøfta i høve til at dei kan takast til inntekt for at mange av omgrepsmetaforane er levande på tvers av tid og kultur; dei kognitive mekanismane er dei same. Som Jackendoff & Aaron (1991: 333) er inne på, finn vi døme på kreativ bruk av omgrepsmetaforar i t.d. prosa, politisk retorikk og stand-up-komedie. Ikkje minst finn ein døme på kreativ kombinerings av omgrepsmetaforar i alle sjangrar, også kvardagsspråk, noko som er utførleg drøfta i blanding-teorien (Fauconnier & Turner 2002). Det som ein må gå ut frå karakteriserer diktarar sin måte å kombinera omgrepsmetaforar på, er at dei gjer det på påfallande og innovative måtar, sjå Lakoff & Turner (1989), og for ei meir balansert framstilling, sjå Semino & Steen (2008).

Lakoff (1993) hevdar at omgrepsmetaforar er «levande» på same måte som grammatiske og fonologiske reglar, dvs. undermedvitne, automatiske og i kontinuerleg bruk. I omgrepsmetaforteorien set ein altså likskapsteikn mellom levande og psykologisk aktiv, men ikkje mellom levande og medviten. Språkbrukarar *kan* vera medvitne (eller bli gjort medvitne) om metaforbruk i ein diskurs, men det høyrer til unntaka, ikkje regelen. Metaforar opererer stort sett under radaren vår. Dette synet harmonerer med det faktumet at dei fleste kognitive prosessar skjer på eit ikkje-medvite nivå (Lundh et al., 1996: 10; Barsalou, 1992: 9). Til dømes viser Lundh et al. (1996: 45f.) til at vi kan ta inn perseptuell informasjon på eit umedvite plan, mellom anna tydinga av ord. Aktivitetar som språkforståing er å rekna som meir eller mindre automatiske prosessar, utan medviten merksemd (ibid.).⁵⁰

⁵⁰ Nye ord og nye meiningar (over ordnivå) krev derimot merksemd. Fleire automatiske prosessar kan gå føre seg parallelt med kvarandre eller med ein merksemdskrevjande prosess.

Ei rekkje psykologiske eksperiment tyder faktisk på at omgrepsmetaforar kan vera psykologisk verksame, sjå t.d. Zhong and Liljenquist (2006), Zanolie et al. (2012), Williams and Bargh (2008), Sherman and Clore (2009), Banerjee, Chatterjee, & Sinha (2012), Casasanto & Dijkstra (2010), Chiou & Cheng (2013), Ijzerman et al. (2012), Jostmann, Lakens, & Schubert (2009), Liljenquist, Zhong, & Galinsky (2010), Meier, Hauser, Robinson, Friesen, & Schjeldahl (2007), Meier & Robinson (2006), Meier, Robinson, & Clore (2004), Parzuchowski & Wojciszke (2014), Robinson, Zabelina, Ode, & Moeller (2008), Schnall, Benton, & Harvey (2008), Schubert (2005), Zhong & Leonardelli (2008), Zhong, Bohns, & Gino (2010) og Meier & Robinson (2004). Eksperimenta som desse artiklane rapporterer om, observerer ikkje-språkleg åtfærd for å undersøkje mogelege omgrepsmetaforar. Zhong & Liljenquist (2006) undersøkte t.d. om moral er kognitivt kopla med reinleik ved å be to grupper forsøkspersonar minnst ei høvesvis etisk eller uetisk handling dei hadde gjort i fortida. I eitt eksperiment fekk dei to gruppene etterpå velja mellom ein antibakteriell vaskeserviett og ein blyant som gåve. Gruppa som hadde fått i oppgåve å minnst ei uetisk handling, valde i større grad vaskeservietten. I eit anna eksperiment fekk alle forsøkspersonane i oppgåve å minnst ei uetisk handling. Etterpå vart dei delte i to grupper, der den eine gruppa fekk vaska seg på hendene, og den andre gruppa ikkje. Gruppa som hadde vaska hendene, rapporterte at dei følte seg betre. Begge gruppene var deretter bedne om å delta i eit (fiktivt) nytt eksperiment utan å få betalt, noko som skulle testa i kor stor grad dei ønskte å bøta på samvitet sitt. Gruppa som hadde fått lov til å vaska hendene, viste seg å vera mindre motiverte til å delta i det ulønte eksperimentet enn den andre gruppa. Zhong & Liljenquist (2006: 1452) sin hypotese vart dermed stadfesta:

Presumably, participants who had cleansed their hands before being solicited for help would be less motivated to volunteer because the sanitation wipes had already washed away their moral stains and restored a suitable moral self.

Merk at desse funna ikkje indikerer at folk er medvitne om at språkuttrykk som «reint samvit» og «å reinvaska seg» er metaforiske, men derimot at omgrepsmetaforen MORAL SOM REINLEIK er psykologisk aktiv på eit umedvite nivå, som postulert av OMT.

Omgrepsmetaforar verkar på det kollektive nivået ved at dei er knytte til semantiske endringar og semantiske mønster som set spor i språket i form av konvensjonelle språklege metaforuttrykk, der ord knytt til visse kjeldedomene vert nytta for å omtala visse måldomene. Sweetser (1990: 45) snakkar om «'routes' of semantic change», som er baserte på overordna omgrepsmetaforar som t.d. SINNET SOM KROPPEN, dvs. at vi nyttar kroppen som kjeldedomene for sinnet, men ikkje omvendt. Semantisk endring går frå det konkrete, direkte observerbare til det abstrakte og intersubjektive. I dei indoeuropeiske språka finn vi t.d. hundrevis av ord for emosjonar som opphavelig skildra dei spesifikke gestane som høyrer til emosjonen, t.d. at ord for 'å skjelva' etter kvart denoterer 'frykt', som det sanskritske ordet *trasati* 'skjelva' og 'vera redd' (Kurath, 1921: 4). Primærmetaforen PROBLEM SOM BØRER resonnerer t.d. med at ord for 'tung' i uminneleg tid har vore nytta i overført tyding om 'sorg' (ibid.: 47), t.d. norrønt *dapr* 'tung, sørgmodig' og norsk *tung* 'tung, trist'.

Ifølgje primærmetaforteorien er det allmenne erfaringar i form av primære scener som er basis for danning av omgrepsmetaforar. I røynda kan det vera snakk om meir samansette verknadsmekanismar.

Kva kjem først – det metaforiske språket eller den metaforiske tanken?

Kva lærer individet først: omgrepsmetaforen eller det konvensjonelle språklege metaforuttrykket? Påverknaden kan truleg gå begge vegar. Gibbs (2011a: 582–3) opnar opp for at ein kan læra metaforar gjennom slutningar via språk, ikkje berre via sensomotoriske erfaringar. Gibbs (1999) hevdar at skilnaden mellom det kognitive og det kulturelle nivået er mindre enn det ein gjerne tenkjer seg. Metafor finst ikkje berre inne i hovudet til individet, men strekkjer seg utover i den kulturelle verda. For det første spelar kulturen ei viktig rolle i forminga av kroppsleggjinga som er basis for metaforisk tanke: Måten vi oppfattar og tolkar kroppslege opplevingar på, er påverka

av den kulturen vi er vaksne opp med. For det andre inneheld ulike kulturalar metaforiske representasjonar som t.d. teikneseriar, symbol og ritual, der koplinga mellom mål- og kjeldedomene er illustrert. Og sist, men ikkje minst møter vi metaforar gjennom språket. Gibbs meiner at det er heva over tvil at vi lærer omgrepsmetaforar via språket, ikkje berre via kroppslege erfaringar. Språket er forma av våre fysiske **og** kulturelle erfaringar. Vi har alle den same fysikken, mens kulturalar er til dels svært ulike. Døme: Kroppen vår har ei framside og ei bakside, der framsida er den sida der andletet og auga våre er, og den vegen vi beveger oss når vi går, er 'fram'. Vi har alle dei same indre organa, men det er kulturell variasjon i høve til kva organ som vert nytta som kjeldedomene for kva eigenskap: På norsk kan vi t.d. seia «auga hans lyste» for å indikera at vedkommande var glad, eller «han var heilt svart i auga», for å indikera at vedkommande var sint og ute av kontroll. I Kina, derimot, er augebryna ein viktig indikator for kjensler (Kövecses, 2010: 218). På same måten er magen sete for sinne i japansk, medan det i zulu er hjartet som husar sinne (Askeland, 2011).

I mange språk er det vanleg å snakka om tid på den måten at fortida er bak oss og framtida ligg framføre oss, men dette er ikkje tilfelle for språk som aymara, der fortida er omtalt som noko som ligg framføre oss, og framtida som noko som ligg bak oss. Denne metaforen er motivert av at vi kan sjå det som ligg framføre oss, men ikkje det som ligg bak oss, dvs. vi kjenner fortida, men ikkje framtida (Lakoff & Johnson, 1999: 141). Her ser vi at ulike kulturalar omtalar same fenomen ulikt, men at den underliggjande metaforen er universell: synet som kjeldedomene for kognisjon.

Landau et al. (2010: 1045, 1047) omtalar omgrepsmetafor som «a unique cognitive mechanism that shapes social thought and attitudes». Sidan mange sosiale omgrep er abstrakte og diffuse, er metafor eit viktig kognitivt hjelpemiddel for å tolka og evaluera informasjon knytt til desse omgrepa. Johnson (1999: 167) skriv at konflasjonsteorien kan bidra til å forklara korleis born lærer konvensjonelle metaforar:

Instead of assuming that mappings arise as a result of general correlations in experience, we might hypothesize that many mappings are established in the

language acquisition process by linguistic expressions that call the child's attention to certain correlations.

Metafor kan ikkje forståast som isolert frå den sosiale verda. Ritchie (2013: 74–75) hevdar at prekonseptuelle erfaringar førebur (*prime*) born på dei språklege metaforane dei vil møte i løpet av livet:

Metaphors are widely shared both because of the commonalities of embodied experience [...] and because culturally prominent metaphors are reinforced in everyday conversation. Children are primed by their prelinguistic experience to understand MORE IS UP and AFFECTION IS WARMTH, and these conceptual metaphors are reinforced in the language they hear throughout life.

Konvensjonelle metaforiske uttrykk er blitt konvensjonelle, dvs. tekne inn i språket, nettopp fordi «dei gjev meining», dvs. at dei byggjer på primære omgrepsmetaforar eller har ein logisk motivasjon. Primære metaforar kan tenkjast å vera svært utbreidde, men språklege uttrykk som samsvarer med dei, er ikkje mindre utbreidde, og slik verkar dei gjensidig forsterkande. Språk og tanke kan seiast å «dra i same retning», dvs. at den språkhistoriske utviklinga av polysemi vert spegla av utviklinga av omgrepssystemet hjå individet, der sensomotoriske erfaringar vert nytta til å omgrepsleggjera subjektive erfaringar, sjå Allan (2008: 61), Sweetser (1991) og (Kurath, 1921).

Lundh et al. (1996: 61) hevdar at vi i prinsippet kan utvikla omgrepssystemet vårt på to måtar – gjennom erfaring eller gjennom verbal instruksjon: «Når vi lærer nye begreper gjennom verbal instruksjon, lærer vi oss vanligvis det nye begrepet med utgangspunkt i gamle begrep som vi allerede er fortrolige med.» Denne forma for omgrepsdanning må nødvendigvis gå ut på å nytta kjende ord for å definera ukjende ord, då vi refererer til omgrep vha. ord. Desse kjende orda refererer ofte til konkrete og ålmenne erfaringar, jf. t.d. ‘balanse’⁵¹ eller ‘splitting’. Lundh et al. (1996) skriv at abstrakte omgrep neppe

⁵¹ Legevakthåndboken definerer t.d. psykisk krise som «psykisk ubalanse».
http://www.lvh.no/symptomer_og_sykdommer/psykiske_lidelser/kriser/psykisk_krise

kan lærast gjennom erfaring, berre gjennom verbal instruksjon. Det følgjer etter mitt syn av dette at læring av abstrakte omgrep kan seiast å indirekte basera seg på erfaring, då desse kjende omgrepa oftast er lærte på basis av erfaring. Framandord kan bli definerte vha. ein levande språkleg metafor motivert av same omgrepsmetafor, slik at den døde metaforen er assosiert med ein levande ein, og dermed indirekte til omgrepsmetaforen begge er motiverte av, som t.d. *deprimert*, av lat. ‘trykkja ned, audmjuka’, definert som ‘nedtrykt’ i m.a. BOB, NOB, Berulfsen & Gundersen (2003). *Deprimert* og *nedtrykt* er begge overflatemanifestasjonar av omgrepsmetaforen TRIST SOM NED.

Müller meiner at for å testa om omgrepsmetaforar er kognitivt reelle og eksisterer uavhengig av språket, må ein ha ikkje-lingvistiske prov, som t.d. gestikulering. Müller (2008: 77f.) presenterer eit slikt funn, som kan tolkast som ikkje-lingvistisk støtte til Lakoff sin levande–død-distinksjon. Det gjeld termen *depressivitet* (tysk *Depressivität*), som ifølgje Müller er lingvistisk død i tysk, dvs. ikkje transparent. Ho omtalar termen *Depressivität* slik:

a highly conventionalized, supposedly dead verbal metaphor [...]. Note that this refers to a «truly» dead metaphor in the sense that it lost its transparency a long time ago – it is dead, because its historical source is even potentially unavailable to the average speaker of German.

Müller har undersøkt gestane til ei kvinne som fortel om sin første kjærleik. Utan andre språklege uttrykk som denoterer ‘ned’ i konteksten, uttaler ho: «diese Depressivität». Før ho ytrar desse orda, fører ho handa sakte nedover, som om noko tungt dreg handa hennar ned. Müller tolkar dette som eit teikn på at omgrepsmetaforen TRIST ER NED kan vera levande for talaren i denne situasjonen, og at kjeldedomenet ‘ned’ er aktivert. Müller set altså **ikkje-språkleg produktivitet** som kriterium for kva som skal gjelda som ein levande omgrepsmetafor, vel å merka for einskildindividet.

Men er det absolutt garantert at dømet til Müller med den gestikulerande kvinna er eit fullt ut ikkje-språkleg prov for den konseptuelle koplinga mellom domena *DEPRESJON* og *NED*? Jamfør at termane *Depression*, *depressiv*, *Depressivität* og *deprimieren* alle vert definerte vha. dei levande språklege metaforane *nieder(ge)schlagen/niederdrücken* i ei tysk ordbok som *DUDEN* (Dudenredaktion, 2007). Müller (2008) nemner ikkje denne potensielle feilkjelda i si drøfting.

3.3.4 Kritikk avt OMT

OMT har hatt enorm påverknad, men har like fullt fått mykje kritikk. Noko av kritikken av OMT er på sin plass, og noko av kritikken er feilslått, ifølgje Gibbs (2009), som hevdar at mange kritikarar ikkje har lese anna enn *Metaphors we live by* frå 1980 og baserer kritikken sin på denne forelda framstillinga. Metaforforskningsfeltet veks stadig, og utviklinga kan seiast å på mange felt imøtegå den rettmessige kritikken som har kome, m.a. i form av auka vektlegging av undersøkingar av autentisk språkbruk (t.d. korpusstudiar) og anerkjening av kulturelle og kontekstuelle faktorar så vel som individuell kognisjon. Å vera «master of metaphor» i tydinga ‘ha full oversikt over alt som er blitt/og blir skrive om metafor i vitskapelege samanhengar’ er som nemnt blitt mest umogeleg, for feltet er stort, og det utvidar seg heile tida, m.o.t. metodikk, forskingsobjekt og forskingsdisiplinar. Herrmann & Sardinha (2015) peikar likevel på tre ulike bølger i metaforforskning: Den første forskinga baserte seg på einskilde tekstar eller på impresjonistisk evidens, deretter utvikla ein korpuslingvistiske metodar (sjå t.d. Deignan (2005), Stefanowitsch & Gries (2006), Steen, Dorst, Herrmann, et al. (2010)). Det nye i tida er no sjangerbaserte analysar og eit større (kon)tekstleg fokus, sjå t.d. Semino (2008) og Goatly (2011).

I det følgjande skal eg gjera greie for utvalte delar av kritikken mot OMT.⁵²

⁵² Rammene for avhandlinga tillèt ikkje ein uttømande gjennomgang av all kritikken mot OMT. Til dømes går eg ikkje inn på dei skuldningane om ahistorisme som med rette er komne mot særleg George Lakoff, sjå t.d. Nerlich & Clarke (2007) og Jäkel (1999).

Omgrepsmetaforar

«What is the explanatory value of a conceptual metaphor?» spør McGlone (2007) og konkluderer med «svært liten»: Polysemi og on-line kategorisering er dekkjande forklaringar, og omgrepsmetaformodellen er overflødig, meiner han.⁵³ Å bruka språklege ytringar som evidens for å postulera ein kognitiv mekanisme som er årsaken til dei same språklege ytringane, smakar av sirkelslutningar, for mykje vekt er lagt på forskaren sine intuisjonar, og «etymology is not epistemology» (McGlone, 2007: 123), dvs. at det å bruka eit idiomatisk uttrykk ikkje treng å føresetta at ein tenkjer i dei same banane som uttrykket etymologisk sett uttrykkjer (McGlone, 2007).

McGlone meiner at språklege uttrykk som i OMT vert tolka som prov på ein underliggjande omgrepsmetafor, kan skuldast abstrakte strukturelle fellesnemnarar:

For example, the semantic and syntactic similarities among conventional expressions we use to describe anger (e.g., *John was fuming*) and heat (e.g., *The furnace is fuming*) might reflect the organisational influence of conceptual structures that are superordinate to either concept. The similarities among these expressions may create comprehension facilitation effects consistent with the conceptual metaphor view, yet the true cause of these effects might be derived from these superordinate structures, rather than the anger or heat concept themselves. (McGlone, 2007: 120)

Pinker (2007: 259), som ser ut til å ha det same synet som McGlone, seier det slik:

Conceptual metaphors can be learned and used only if they are analyzed into more abstract elements like «cause», «goal» and «change», which make up the real currency of thought.

Overordna strukturelle likskapar som motivasjon for metaforiske uttrykk står sentralt både i *career of metaphor*-teorien (sjå nedanfor), og i blendingmodellen, som opererer med eit generisk rom der aspekt som er generelle nok til å gjelda for begge innputta, er samla. OMT er òg innom dette, i form av den teoretiske storleiken biletskjema, som er

⁵³ Sjå Lakoff (1993: 236f.) for ei framstilling av kvifor han (Lakoff) på si side meiner at *class inclusion*-teorien som Glucksberg og McGlone er tilhengarar av, er både mangelfull og overflødig.

sett på som basis for omgrepsmetaforane (Evans & Green, 2006: 301). Ifølgje Lakoff (1993) skjer tilordningar på overnivået (*the superordinate level*), og det er biletskjema frå kjeldedomenet som vert tilordna måldomenet, på ein måte som bevarer biletskjemastrukturen i kjeldedomenet. Biletskjema (*image schema*) er definert som mentale, skjematisk representasjonar av sensorisk og perseptuell erfaring, som t.d. KJELDE, STI, MÅL, BALANSE, BEHALDAR, MOTSTAND, HINDRING OSV. (Evans & Green, 2006), jf. avsnitt 3.2, og ifølgje Clausner & Croft (1999) er biletskjema ein type domene. Dei abstrakte fellesnemnarane som er skildra av McGlone og Pinker over, minner om biletskjema.

Cameron (2010) har utarbeidd eit såkalla diskursdynamisk rammeverk for metafor, då ho hevdar at OMT ikkje er dekkjande for å forklara metafor slik han opptre i diskurs, og at teorien legg for mykje vekt på kognisjon og for lite på språk. Rammeverket baserer seg på tanken om at ein ikkje kan ignorera korkje språket, tanken, kjenslene, kroppen eller kulturen eller korleis desse nivåa interagerer med kvarandre, når ein undersøker metafor. Cameron skriv at metafor manifesterer seg i diskurs i form av metaforiske vehiklar (*vehicles*), og at desse ikkje nødvendigvis treng bli vurderte som manifestasjonar av underliggjande omgrepsmetaforar. Cameron føretrekkjer å vera agnostisk i høve til omgrepsmetafor og meiner at det kan vera andre grunnar til bruken av språklege metaforar:

Metaphors may, for example, be produced as learnt formulae that the situation activates in memory as appropriate to say, or as conventionalized expressions that are produced from memory in connection with certain ideas, or through active processing that introduces a vehicle term and idea to compare with what is being spoken about. Most of the time it is not possible to know, from discourse data, what prompts the production of a particular metaphor. (Cameron, 2010: 86)

Cameron føretrekkjer derfor å snakka om **systematiske metaforar**, som ho definerer på følgjande vis:

A systematic metaphor is an emergent discourse phenomenon that is produced when discourse participants, over a discourse event or longer period of time, use

a particular set of linguistic metaphor vehicles in talking about a particular topic, or closely connected topics. A systematic metaphor is not a single metaphor but an emergent grouping of closely connected metaphors. [...] A systematic metaphor is seen as a kind of temporary stabilization in the dynamics of thinking-and-talking, which has the possibility of further evolution as discourse continues. As an emergent formulation, systematic metaphor may come to constrain and influence how discourse participants think and talk about topics. (Cameron, 2010: 91)

Sjølv om Cameron i føregåande sitat ser ut til å ta atterhald om at systematiske metaforar ikkje nødvendigvis vil påverka tanken (jf. bruken av *may*), hevdar ho annan stad (saman med to medforfattarar) at dei systematiske metaforane i det diskursdynamiske rammeverket tener som «both evidence for ideas, attitudes and values which may not be directly expressed in the discourse [...]» (Cameron, Low, & Maslen, 2010: 116).

Cameron peikar på at medan OMT føreset preeksisterande omgrepsmetaforar som basis for korleis folk tenkjer på det sosiale gruppenivået, likestiller det diskursdynamiske rammeverket språk og tanke som preeksisterande basis for deltaking i diskurs. Det som skjer undervegs i diskursen, kan vera påverka av faktorar på alle skalar og nivå (sjå òg Gibbs (2011a: 551) og Gibbs & Cameron (2008)). Cameron meiner at ein ikkje treng å føresetta omgrepsmetaforar for å forklara konvensjonell metaforbruk: «conventional metaphorical ways of talking-and-thinking can evolve through the dialogical dynamics of social interaction.» (Cameron, 2010: 93).

Men det ser likevel ikkje ut til at alle diskursanalytiske tilnærmingar er baserte på omgrepet systematisk metafor. Semino (2008), som òg er ein diskursorientert metaforforskar, vel å nytta omgrepsmetafor som teoretisk storleik, men tek atterhald om kor vidt systematisk metaforbruk i språket er evidens for metaforiske tankemåtar hjå språkbruket. (Sjå òg 3.4.2.)

Sjølv om teorigrunnlaget for systematiske metaforar skil seg frå det til omgrepsmetaforar, er dei ikkje lette å skilja frå kvarandre på tekstnivå, då det ser ut

som om namna på systematiske metaforar og omgrepsmetaforar er skrivne på eksakt same måte, dvs. A IS B (bortsett frå at systematiske metaforar er kursiverte), sjå t.d. Cameron et al. (2010), og Agdestein-Wagner (2014).

Metaforisk vitalitet

Eitt stridstema i metaforforskning er det vi kan kalla kriteria for metaforisk vitalitet, dvs. kva ein skal rekna som ein død metafor, og kva som skal reknast som ein levande metafor. Dette spørsmålet vil òg bli drøfta og empirisk undersøkt i kap. 7.

Vil bruk av konvensjonelle språklege metaforiske uttrykk som *grasp the point* uunngåeleg føra til at kjeldedomenet OBJEKTHANDTERING vert kognitivt aktivert saman med måldomenet FORSTÅING i hovudet til talar og tilhøyrar, slik det vert hevda i omgrepsmetaforteorien? Eller er det slik at konvensjonelle språklege metaforar gjev direkte tilgang til måldomenet? Dette er eit omstridd tema. Uttrykka vert gjerne nytta i overført tyding mykje oftare enn i opphavleg tyding, så kvifor skulle språkbrukarane måtta aktivera kjeldedomenet kvar gong uttrykka vert brukte? Mange språkbrukarar har betre (eller kanskje berre) kjennskap til den overførte tydinga av ein del fleirtydige ord, fordi ordet vert oftare nytta i overført enn i konkret tyding. I tillegg har vi ord som før var fleirtydige, men der berre den overførte tydinga har overlevd og den opphavlege tydinga er gått tapt. Jamfør adjektivet *galen* ‘sinnssjuk’. Ordet kjem av norr. *galinn* ‘fortrolla’, eigentleg perfektum partisipp av *gala* ‘1 gala, skrika 2 syngja (helst trollord eller galder)’ (Heggstad, Hødnebo, Simensen, Hægstad, & Torp, 1990). Moderne språkbrukarar får neppe verbet *gala* aktivert mentalt ved bruk av adjektivet *galen*. Og kva med ord som berre har overført tyding, men som er nært beslekta med ord eller frasar med konkret tyding, som *innvikla* versus *vikla inn*, *utvikla* versus *vikla ut*, *oppnå* versus *nå opp*?

Omgrepsmetaforteorien er ein av fleire metaforteoriar som definerer metafor som eit primært kognitivt fenomen, sjå Steen (2007: avsnitt 4.3). Forutan omgrepsmetaforen og blandingsteorien, som Steen kallar høvesvis *the two-domain approach* og *the many-space approach*, trekkjer han fram to teoriar som har oppstått utanfor KL, *the class-*

inclusion approach og *the career of metaphor approach*, med høvesvis Sam Glucksberg og Dedre Gentner som frontfigurar. I motsetnad til dei to førstnemnde teoriane, skil dei to sistnemnde skarpt mellom konvensjonelle og innovative metaforar. Skilnaden mellom OMT og dei to andre kognitive metaforteoriane dreier seg i hovudsak om desse stridspunkta:

- 1) Kor mykje informasjon er lagra i det semantiske langtidsmminnet, og kor mykje oppstår on-line i ein spesifikk brukskontekst? I OMT hevdar ein at dei fleste metaforane ligg lagra som systematiske omgrepsmetaforar, dei to andre teoriane hevdar at dei fleste er lagra som lokale tydingsvariantar av polyseme ord eller oppstår som ad hoc-kategoriar.
- 2) Korleis vert konvensjonelle metaforar tolka (prosesserte)? Vert kjeldedomenet aktivert kvar gong, uansett kor konvensjonell og frekvent den metaforiske tydinga til eit ord er? I OMT hevdar ein at kjeldedomenet alltid vert aktivert, sjølv for svært konvensjonelle metaforuttrykk. Grunnen til at konvensjonelle metaforar ikkje tek lenger tid å forstå enn bokstavelege tydingar, er ifølgje OMT at desse inngår i etablerte nevrane krinsar (sjå avsnitt 3.3.2). Dei to andre teoriane meiner at språkbrukaren forbigår kjeldedomenet ved konvensjonelle metaforuttrykk og går rett til måldomenet.

Class inclusion theory og *career of metaphor* har det sams at dei utelukkande drøftar isolerte metaforiske uttrykk med ei spesiell form, «måldomene er kjeldedomene», dvs. at dei har form som ein påstand, og at både mål- og kjeldedomenet er eksplisitt nemnde, som i *Akilles er ei løve*, *Juliet is the sun* etc. I tillegg er dei undersøkte metaforuttrykka i regelen konstruerte av forskarane sjølve for forskingsformålet, ikkje henta frå autentisk språkbruk. Språklege metaforar av denne typen er relativt sjeldne samanlikna med den totale mengda metaforiske uttrykk. Gibbs (2011b: 580) kallar desse «A is B» metaphors og hevdar at desse utgjer berre 5 % av all metaforbruk (utan å gje nokon referanse), sjå òg Steen, Dorst, Herrmann, et al. (2010). Grady (1999) hevdar at metaforar av denne typen høyrer til likskapsmetaforane, ikkje til korrelasjonsmetaforane (sjå 3.3.2).

Fleire har kritisert Lakoff for å vera altfor kategorisk når han seier at alle konvensjonelle metaforar er levande, dvs. at kjeldedomet vert aktivert kvar gong metaforen er i bruk, sjå m.a. Steen (2007: 67–68), Pinker (2007) og Jackendoff (2002). Müller (2008: 68) tykkjer òg at OMT kjem med for sterke påstandar om aktivering av kjeldedomene i samband med metaforbruk, og ho skriv:

[...] it appears that CMT⁵⁴ tacitly assumes that conceptual systems like the ones for anger are collective in nature (in that they reside in the lexicon of American English) and (at least partially) psychologically realistic (in that they guide «our» thought and language, i.e., that of the speakers using this system). If this were true, then this conceptual system of anger should be available, if not active, every time a speaker uses one of the linguistic expressions that are derived from conceptual metaphors. Is this plausible? I do not think so.

Ho grunnjev synet sitt med at «[...] the conceptual system of anger is rather complex, and, simply for reasons of procedural economy, it seems hardly probable that it is accessed as a whole each and every time a linguistic metaphoric expression based on it is used.» (Sjå òg Ritchie (2010: 75–6), som hevdar at metaforbruk ikkje nødvendigvis medfører aktivering av heile kjeldedomene, berre «a partial but coherent subset of detail-level perceptual simulations associated with the vehicle».) I tillegg peikar Müller på at omgrepsmetafor-teorien berre gjer greie for éi leksikalsk eining i setninga. Korleis relaterer ein metafor seg til dei andre einingane og syntaktiske nivåa i setninga?

Sjå t.d. Gibbs (2011a; 2011b) for eit motsvar på kritikken av omgrepsmetafor-teorien si framstilling av alle metaforar som like levande.

Frå å drøfta kritikk mot OMT skal eg no drøfta korleis OMT kan nyttast til kritikk. I det følgjande skal eg nemleg gjera greie for eit aspekt ved OMT som ser ut til å ha mykje vind i segla for tida, og som har røter heilt tilbake til før utgjevinga av Lakoff & Johnson (1980b), nemleg eit kritisk eller normativt perspektiv på språkbruk.

⁵⁴ CMT = Conceptual Metaphor Theory = omgrepsmetafor-teorien

3.4 Metafor som overtalingsmiddel

Frame, eller *ramme* på norsk, er som nemnt over definert i KL som ein kunnskapsstruktur som tener som bakgrunn for å forstå språklege einingar (Cienki, 2007). Det er alltid fleire måtar å seia noko på, og val av ord for å kommunisera eit gjeve tankeinnhald inneber val av ramme og dermed også val av ein spesiell meiningskonstruksjon. Språkbruk er ikkje nøytral eller tilfeldig; ein kjem ikkje utanom å velja eit perspektiv. Er den som snur på krona, *gjerrig* eller *nøysam*? Er glaset *halvfullt* eller *halvtomt*?

Den såkalla framingteorien vurderer ulike forståingsrammer normativt, og botemiddelet mot det som vert oppfatta som uheldige rammer, er ifølgje framingteorien *reframing*, ein strategi som går ut på å finna nye formuleringar som gjev eit nytt (og meir positivt og konstruktivt) syn på det som vert omtalt. Framingteori har fått aukande merksemd dei siste tiåra (Cienki, 2007), og George Lakoff fekk ei mest guru-aktig rolle i det demokratiske partiet i USA etter presidentvalet i 2004 med sine analysar av politiske *framings* og forslag til *reframings* (Bai, 2005), sjå òg (Wehling, 2013). Innsikter frå omgrepsmetaforteorien er nyttig for å analysera framing, sidan val av metafor legg føringar på korleis måldomenet vert oppfatta (Thibodeau & Boroditsky, 2011; 2013; Kövecses, 2010). Forståingsramma er i metafor basert på kjeldedomenet, sidan kunnskap om kjeldedomenet vert projisert over på måldomenet.

3.4.1 Det normative aspektet i OMT

Det normative aspektet som framingteorien legg opp til, er ikkje noko framandt element i metaforteorien. Normative vurderingar av rammer og metaforar finn vi allereie i Schön (1979) og Reddy (1979). Lakoff & Johnson (1980b) nemner spesifikt Reddy sin kritiske analyse av røyrmetaforen for språk (*the conduit metaphor*) som eit døme på korleis metafor på ei og same tid framhevar somme aspekt ved måldomenet og løyner andre aspekt. Reddy viser korleis røyrmetaforen har problematiske implikasjonar for korleis vi resonnerer rundt kommunikasjon. Lakoff & Johnson

(1980b) kjem på si side med ei hypotetisk reframing av metaforen DISKUSJON SOM KRIG, nemleg DISKUSJON SOM DANS.

Schön (1979: 255) definerer metaforiske ytringar som eit symptom ved eit gjeve *seeing-as*, der ei ramme vert overført frå eitt domene til eitt anna. I så måte er *problemstilling* viktigare enn *problemløysing*, for framinga gjer at løysinga tykkjest innlysende, skriv Schön, og gjev følgjande døme: Viss ein seier at sosiale tenester er fragmenterte, er det ei framing som framstiller situasjonen som problematisk pga. dei negative konnotasjonane «shattering of prior integration [...] like a vase that was once whole and now is broken. Under the spell of metaphor, it appears obvious that fragmentation is bad and coordination, good. But this sense of obviousness depends very much on the metaphor remaining tacit» (Schön, 1979: 255). Ei alternativ framing som gjev heilt andre konnotasjonar, er å seia at «social services are autonomous», der *autonomous* har positive konnotasjonar som ‘uavhengig, sjølvstendig, fri’. Reframing fører ikkje nødvendigvis til *betre* forståing, men det fører i alle fall til ei *anna* forståing, skriv Schön.

Metaforar opererer vanlegvis under radaren (*tacit*), og formar våre oppfattingar og vår forståing. Har ein først tileigna seg ei ramme, tilpassar ein ny informasjon til denne ramma (Schön, 1979), jf. avsnitt 3.2.2. Schön (1979: 264) snakkar i denne samanhengen om «*naming and framing*»: «Things are selected for attention and named in such a way as to fit the frame constructed for the situation.» Ein vel ut nokre få saliente trekk og relasjonar frå eit komplekst saksforhold, noko som gjev elementa ei samanhengande organisering og skildrar manglar på ein slik måte at det vert klårt og opplagt kva løysinga er (så lenge vi ikkje reflekterer medvite og kritisk). Dette fører til det Schön karakteriserer som eit normativt sprang frå fakta til verdiar. Metaforar får den normative krafta si frå mål og verdiar, frå normative bilete som er innprenta i kulturen vår (som t.d. HEILSKAP i dømet med sosiale tenester). Det er ikkje berre kunnskap om organiseringa av kjeldedomenet som vert overført til måldomenet; normative evalueringar av kjeldedomenet vert òg overførte. Dette vert drøfta nærare i

avsnitt 5.1.2, der det normative aspektet ved termar som *schizofreni* (apropos «knuste vasar») vert drøfta. Sidan metaforar har potensial til å aktivera kjensler (Citron & Goldberg, 2014), vert dei ofte nytta til overtaling (Charteris-Black, 2004), då kjensler har ein sterk påverknad på kognisjonen (Damasio, 2001).

På 2000-talet vart den kognitive lingvistikken i aukande grad oppteiken av ideologi og diskurs (Dirven, Hawkins, Sandikcioglu, 2001; Dirven, Frank, Ilie, 2001). Ein kognitiv-lingvistisk definisjon av ideologi er gjeven av Lakoff:

Any ideology is a conceptual system of a particular kind, including a moral system. However, ideologies have both conscious and unconscious aspects. If you ask someone with a political ideology what she believes, she will give a list of beliefs and perhaps some generalisations. A cognitive linguist, looking at what she says, will most likely pick out unconscious frames and metaphors lying behind her conscious beliefs. To me, that is the interesting part of ideologies — the hidden, unconscious part. It is there that cognitive linguists have a contribution to make. (Lakoff, sitert i Oliveira, 2001)

Andre føretrekkjer ein definisjon av ideologi som vektlegg at det er snakk om eit sosialt fenomen. Charteris-Black (2004: 28) peikar på at ideologi eksisterer som eit sosialt fenomen i kraft av å bli kommunisert. van Dijk (1998) skriv at ideologiar truleg er lokaliserte i sinnet, men at dei ikkje vert mindre sosiale av den grunn. Han definerer ideologi som grunnlaget for dei sosiale representasjonane som er sams for medlemmane av ei gruppe. van Dijk (1998: Preface) skisserer opp eit triangel av kognisjon, samfunn og diskurs i si handsaming av ideologi:

[F]irst, the status, internal organization and mental functions of ideologies need to be studied in terms of social cognition. Second, the conditions and functions of ideologies are obviously not only cognitive but also social, political, cultural and historical. And third, ideologies are formed, changed and reproduced largely through socially situated discourse and communication.

Han skriv at kognisjon, diskurs og samfunn er forbundne med kvarandre på ekstremt komplekse måtar, «in which influence and dependence are usually bidirectional,

multilevel, and both cognitive as well as social» (ibid.: 12). For å studera ideologi, må vi ta utgangspunkt i manifestasjonane av han, og her står diskurs i ein særstilling, skriv van Dijk (1998: 5), for sjølv om ideologisk baserte handlingar som t.d. diskriminering er direkte observerbare, gjev dei ikkje så eksplisitt uttrykk for den underliggjande ideologien som tilfellet er for dei diskursane som forklarar, forsvarer, legitimerer, motiverer m.m. delar av denne ideologien:

In other words, although discourses are not the only ideologically based social practices, they certainly are the most crucial ones in the formulation of ideologies in their social reproduction. Language use, text, talk and communication (together subsumed here under the overall term of ‘discourse’) are needed and used by group members to learn, acquire, change, confirm, articulate, as well as to persuasively convey ideologies to other ingroup members, to inculcate them in novices, defend them against (or conceal them from) outgroup members or to propagate them among those who are (as yet) the infidels. In sum, if we want to know what ideologies actually look like, how they work, and how they are created, changed and reproduced, we need to look closely at their *discursive manifestations*. (van Dijk sine uthevingar)

Punktet med innprenting⁵⁵ av ideologi til noviser er særleg aktuelt i mitt tilfelle, då eg undersøker språkbruken i lærebøker. Van Dijk understrekar at ei kritisk tilnærming til ideologi ikkje treng innebera eit syn på ideologi der ideologi er ekvivalent med eit undertrykkingsinstrument. I hans modell er ideologiar ikkje inherent negative, heller ikkje er dei avgrensa til sosiale dominansstrukturar.

3.4.2 Kritisk metaforanalyse

Gjeve framingteorien og det normative aspektet i OMT er det ikkje til å undrast over at innsikter frå kognitiv lingvistikk generelt og frå omgrepsmetaforteorien spesielt er blitt kopla med kritisk diskursanalyse til såkalla kritisk metaforanalyse (Charteris-Black, 2004), sjå òg (Goatly, 2007; Dirven, Polzenhagen, & Wolf, 2007). Nærare

⁵⁵ Verbet *inculcate* kjem ifølgje Goatly (2011) av latin, og han kallar det ein «dead and buried» metafor, sidan den bokstavelege tydinga av verbet ikkje er realisert (*represented*) av *inculcate*, men av forma *stamp in*.

bestemt er det her snakk om ei form for diskursanalyse der diskurs er definert som eit faktisk, tekstleg materiale, ikkje som diskursive praksisar om eit gjeve tema (Dirven et al., 2007). Kritisk diskursanalyse har ifølgje Charteris-Black (2004) som siktemål å avdekkja løynd ideologi i språklege ytringar for å endra sosial og politisk orden, då sosiale (makt)relasjonar vert forma, vedlikehaldne og styrkte vha. språkbruk. Kritisk diskursanalyse nyttar såleis lingvistiske undersøkingar til samfunnskritiske og humanistiske føremål. Dei tekstane ein undersøker, vert plasserte i ein sosial kontekst, og undersøkinga trekkjer gjerne inn innsikter frå sosiologi, politikk, historie og psykologi.

Den kritiske metaforanalysen set søkjelyset på korleis kultur og ideologi heng saman med metaforbruk, eit aspekt ved metafor som ofte vert underkommunisert i mange framstillingar av OMT, som primært ser metafor som eit universelt kognitivt fenomen som oppstår som følgje av kroppsleg basert kognisjon (*embodiment*) (sjå avsnitt 3.3). Konvensjonelle og innprenta metaforar er særleg interessante i denne samanhengen fordi dei er verbale prov på eit underliggjande idesystem som vi lett overser viss vi ikkje er medvitne om det. Påfallande, innovative metaforar er lette å ta stilling til og ev. kritisera, fordi mottakar gjenkjenner dei som metaforar og som forsøk på overtaling, medan dei konvensjonelle metaforane opererer løynt:

The scale of metaphorical effect runs in the opposite direction from the scale of ideological effect, precisely because with literal language and conventional metaphors the ideology is latent, and therefore all the more powerful. (Goatly, 2007: 29)

Dette synet har ein òg som nemnt i OMT, som hevdar at det er dei konvensjonelle metaforane som er mest levande og interessante, fordi dei påverkar tankane våre utan at vi er medvitne om det (Kövecses, 2010: xi).⁵⁶

⁵⁶ Jamfør Nietzsche: «Hva er altså sannhet? En bevegelig hær av metaforer, metonymier og antropomorfismer; kort sagt, en sum av menneskelige relasjoner, poetisk og retorisk forsterket, som er blitt overført og smykket, og som etter lang bruk nå forekommer folket kanoniske og bindende. Sannheten er illusjoner man har glemt er det, de er utbrukte metaforer som har

Charteris-Black (2004: 1–2) skriv at

[...] metaphor is a prime example of how pragmatics – context-specific linguistic choices by speakers – impinges on semantics – the linguistic system for the realisation of meaning. [...] Metaphor can only be explained by considering the interdependency of its semantic, pragmatic and cognitive dimensions. It is a gateway through which persuasive and emotive ways of thinking about the world mould the language that we use and through which our thoughts about the world are moulded by language use.

Ifølgje Charteris-Black spelar metaforar ei viktig rolle når det gjeld å forma og påverka våre oppfatningar, haldningar og handlingar. I kritisk metaforanalyse undersøker ein språket til dei som sit med makt i samfunnet i høve til metaforen sin overtalende og retoriske funksjon. Ein nyttar innsikter frå OMT til å identifisera metaforar i autentiske tekstar for så å nytta meir diskurskritiske grep for å tolka og forklara metaforane ved hjelp av pragmatiske, kognitive og sosiale faktorar. (Merk at det varierer kor mykje som vert importert frå OMT. Medan Charteris-Black (2004; 2014) nyttar omgrepsmetaforar som teoretisk storleik i sine analysar, føretrekkjer andre å nytta systematiske metaforar (sjå 3.3.4).) Det pragmatiske perspektivet inneber m.a. å trekkja kontekst med i analysen. Kontekst kan delast inn i tre nivå: tekstleg kontekst, situasjonskontekst (t.d. deltakarar, medium) og kulturell kontekst (t.d. konvensjonar for kommunikative sjangrar og deltakarroller) (Svennevig, 2009). Etter kvart som OMT vart nytta på autentiske tekstar, ikkje berre lausrivne metaforiske uttrykk, kom trongen til meir finmaska analyseapparat som kunne fanga opp kontekstuelle mekanismar som er relevante for tekstleg metaforanalyse. Semino (2008) introduserer t.d. det ho kallar emneutløyste og situasjonsutløyste metaforar, dvs. metaforbruk der valet av metafor er motivert av emnet for teksten eller situasjonen der teksten vert produsert/tolka. Etter mitt syn kan det vera vanskeleg å skilja mellom dei to typene i praksis, så eg føretrekkjer å slå dei to saman til ein kategori som eg i det følgjande vel

mistet kraften til å virke på sansene, mynter som har mistet sitt bilde, og som nå bare gjelder som metall og ikke lenger som mynter.» (Nietzsche, 2001: 335)

å kalla **kontekstutløyste metaforar** (sjå avsnitt 3.7.1). Goatly (2011) kombinerer innsikter frå funksjonell lingvistikk og relevanteori med OMT og presenterer eit omfattande og svært finmaska analyseapparat for studiar av metafor i autentiske tekstar.

Men eit analyseapparat for metafor er ikkje tilstrekkeleg for å identifisera biletebruk i autentiske tekstar. Det er mitt syn at ein ikkje fullgodt kan forstå, identifisera eller analysa metafor utan å kjenna til metonymi, og at metonymianalyse kan vera like interessant og relevant som metaforanalyse når ein ønskjer å undersøka språkbruk med eit kritisk perspektiv. Kritisk metonymianalyse er ikkje så mykje omtalt som kritisk metaforanalyse i litteraturen, men det finst døme på empiriske undersøkingar som nyttar innsikter frå omgrepsmetonymiteori som utgangspunkt for kritisk diskursanalyse. Catalano & Waugh (2013) undersøker metonymi i samband med media sine framstillingar av to ulike grupper kriminelle, finansfolk og latinske immigrantar. Ifølgje Catalano & Waugh (2013) kan metonymianalysar avsløra diskursive strategiar som elles lett vert oversett (*less-than-obvious*) fordi dei er så subtile. Men desse strategiane er viktige å avdekkja fordi tener til å (re)produsera ideologiar. Sjå òg Meadows (2007), som har undersøkt metafor og metonymi i utsegner frå Bush-administrasjonen om konflikten i Irak på 00-talet.

I det følgjande skal eg gjera greie for korleis metafor og metonymi skil seg frå kvarandre, og korleis dei interagerer. Deretter presenterer eg metonymi som teoretisk storleik.

3.5 Metafor versus metonymi

*I hit the city and
I lost my band
I watched the needle
take another man
Gone, gone, the damage done.*

*I've seen the needle
and the damage done
A little part of it in everyone
But every junkie's
like a settin' sun.
(Young, 1972)*

Utdraget frå teksten «Needle and the damage done» av Neil Young illustrerer både skilnaden mellom metafor og metonymi og korleis dei to ofte interagerer i eitt og same språklege uttrykk. Det er i hovudsak to ulike måtar å definera metafor versus metonymi på:

som oppfatta **tilgrensing/kontiguitet** (*contiguity*) mellom mål og kjelde (metonymi) versus oppfatta **likskap** mellom mål og kjelde (metafor)

eller

som tilordningar mellom aspekt i **eitt og same domene** (metonymi) versus tilordningar mellom aspekt frå **to ulike domene** (metafor)

I setninga *I've seen the needle and the damage done* står nåla ('sprøyta', eller strengt teke *kanylen* på sprøyta) metonymisk for heroinmisbruket, sidan heroin typisk vert administrert intravenøst ved hjelp av sprøyter, og sidan sprøytespissen/kanylen er svært salient (iaugefallande). Vi har ein INSTRUMENT FOR HANDLING-metonymi der sprøyta (instrumentet) står for intravenøst inntak av heroin (handlinga) (jf. uttrykket *sprøytemisbruk* for 'heroinmisbruk'). Vidare kan ein kanskje seia at HANDLING i Young sin tekst står metonymisk for TILSTAND, her: heroinavhengigheit, dvs. at ein ut frå den iaugefallande og direkte observerbare handlinga inntak av heroin sluttar at vedkommande er avhengig av det narkotiske stoffet.

I setninga *But every junkie's like a settin' sun* har vi ei tilordning mellom to ulike erfaringsdomene, HEROINMISBRUK(AR) og SOLNEDGANG, som mange vil kalla metaforisk (og somme ein simile), sjå 3.8. Der det er eit konkret, pragmatisk (sjå avsnitt 3.5.2) samband mellom sprøyta og heroinmisbruket, er det ikkje noko slikt samband mellom heroinmisbrukarar og solnedgangar. Neil Young liknar innovativt heroinmisbrukarar med solnedgangar, og det er opp til tilhøyraren å finna ut kva form for oppfatta abstrakte likskapar mellom dei to domena som har motivert metaforen. Nåla vert derimot ikkje samanlikna med heroinmisbruket, ho står for misbruket.

Ein test ein ofte⁵⁷ kan nytta for å finna ut om eit biletleg uttrykk er eit tilfelle av metafor eller metonymi, er å setta inn «er som». Medan *Heroinmisbrukarar er som solnedgangar* går greitt, gjev ikkje **Heroinmisbruk er som sprøyter* noka mening.

I setninga *I watched the needle take another man* har vi med ein interaksjon mellom metafor og metonymi å gjera. Nåla står for heroinmisbruket, som i dømet drøfta over.

⁵⁷ Testen fungerer ikkje for korrelasjonsbaserte metaforar, sidan dei er baserte på korrelasjonar og ikkje på oppfatta likskap.

Men her har nåla i tillegg blitt tilskriven menneskelege eigenskapar: evna til å «ta menneske» (*take another man*). Dette er døme på besjeling, dvs. ein type metafor.

3.5.1 Interaksjonar mellom metonymi og metafor

Metafor og metonymi kan opptre kvar for seg, eller dei kan interagera med kvarandre, som i Neil Young sin tekst. Den som ofte får æra for først å ha skildra dei ulike formene for interaksjonar mellom metafor og metonymi, er Louis Goossens, som i 1990 publiserte artikkelen: «Metaphonymy: The interaction of metaphor and metonymy in expressions for linguistic action» (Goossens, 1990; ny utgåve 2009). Goossens analyserte engelske konvensjonelle uttrykk der ulike former for språklege handlingar/tale (*linguistic action*) er måldomene og 1) valdsam handling, 2) lyd og 3) kroppsdelar er kjeldedomene. Han fann at to typar interaksjon var vanlege: 1) metafor frå metonymi og 2) metonymi inne i metafor. Metafor inne i metonymi og demetonymisering inne i metafor var sjeldan, og metonymi frå metafor var ikkje å finna i hans materiale. (Termen *schizofreni* kan kanskje vera døme på metonymi frå metafor, då termen i seg sjølv er ein metafor ('splitta sinn') som vert nytta metonymisk, sjå 5.1.1.)

Somme uttrykk kan ifølgje Goossens (2009: 356f.) tolkast anten metonymisk eller metaforisk, t.d. kan ytringa «*Oh dear,*» *she giggled* tolkast metonymisk (ho fniste faktisk medan ho snakka og laga dermed to lydar på ein gong; berre den eine lyden er omtalt) eller metaforisk (ho sa det *som om* ho fniste, dvs. på ein lystig, lett, tøysete måte). Denne metaforiske tolkinga kvalifiserer ifølgje Goossens til merkelappen **metafor frå metonymi**. Jamfør med Goossens sitt døme *bark* ('bjeffa') for 'say something in a sharp loud voice' (loc.cit.) som heilt klart er metaforisk, då bjeffing er noko berre dyr av hundeslekta driv med i bokstaveleg forstand. Vi kan seia at vi har ein metafor frå ein metonymi når kjelda ikkje lenger har eit konkret, pragmatisk samband med målet. Uttrykket *å møta sitt Waterloo* kan t.d. seiest å vera ein metafor frå metonymi så lenge det ikkje dreier seg om Napoleon Bonaparte sjølv. Waterloo er ein landsby i Belgia, og det kjende slaget som førte til oppløysing av hæren til

Napoleon, fann stad like ved denne landsbyen, så den aktuelle metonymien her er STAD FOR HENDING. (Mitt døme) Følgjande kontekstutløyste metafor funnen i ei melding av den norske oppsettinga av ABBA-musikalen «Mamma Mia» kan illustrera kategorien metafor frå metonymi:

«Mamma Mia» er en vinner – Her møter alle surpomper sitt Waterloo. (Bikset, 2009)

I tillegg er metaforen sannsynlegvis òg kontekstutløyst, gjeve det faktumet at songen titulert *Waterloo* var ein av dei største hitane til ABBA.

Den andre hovudtypen interaksjon, **metonymi inne i metafor**, illustrerer Goossens m.a. med dømet *bite one's tongue off* 'be sorry for what one has just said' (Goossens, 1990: 333). Her står tunga ifølgje Goossens metonymisk for heile taleevna. Å bita tunga av seg etter å ha sagt noko inneber å straffa seg sjølv for å ha gjort noko ein innser var feil, og slik kan det tolkast som ein metonymi der SANKSJON står for VURDERING: Personen vurderer handlinga si som så ille at han må straffast. Graden av straff står i samsvar med kor ille han synest handlinga var.⁵⁸ Uttrykket er døme på ein hyperbol og skal ikkje lesast bokstaveleg, derfor tolkar Goossens det som ein metafor. Ei alternativ tolking er «hyperbolsk nytta metonymi», sjå Feyaerts (1999). Deignan (2005: 76) hevdar at interaksjonen kalla metonymi inne i ein metafor berre kan gjelda fleirordsuttrykk og eventuelt samansettingar, då «a single word could not usually contain a metonymy within a larger unit of meaning.»

Eit anna døme Goossens drøftar, *shoot one's mouth off* for «talk foolishly about what one does not know about or should not talk about» (Goossens, 1990: 334), er tvillaust metaforisk. Her er kjeldedomenet (UVØREN) BRUK AV SKYTEVÅPEN, dvs. eit distinkt anna domene enn SPRÅKLEGE HANDLINGAR. I denne metaforen har vi ei tilordning mellom

⁵⁸ Merk at vi har eit beslekt, men mindre makabert uttrykk på norsk: *bita seg i tunga*, som kan tolkast metonymisk (*å faktisk bita seg i tunga som sjølvstraff*) eller metaforisk (*as if*).

skytevåpen og munn. Metonymien som er innbakt i metaforen, er at munn står metonymisk for heile taleevna.

Deignan (2005), som har gjort ei korpusanalyse av tilhøvet mellom metafor og metonymi basert på modellen til Goossens, introduserer ein ny kategori, metonymibasert metafor. Ho viser til at mange metaforiske uttrykk kan seiast å stamma frå metonymiske uttrykk, men at dei ikkje er tvitydige av den grunn, slik tilfellet er for Goossens sin kategori metafor frå metonymi. Ho nyttar ulike tydingar av *heated* som døme. Motivasjonen for å nytta ord for temperatur for å snakka om kjensler, stammar frå det faktum at kjensleaktivering er assosiert med merkbare endringar i kroppstemperatur, dvs. ein årsak–verknad-relasjon. Det viste seg at *heated* i Deignan si undersøking i all hovudsak refererte til anten fysisk varme, dvs. bokstaveleg tyding, eller til sinne eller emosjonell tensjon, dvs. metaforisk tyding. Bruken av ordet er altså tydeleg delt mellom ei bokstaveleg og ei metaforisk tyding, og det er svært sjeldan det er tvil om korleis det skal tolkast i kontekst. Denne kategorien, slik han er skildra i Deignan si framstilling, minnar svært om korrelasjonsmetaforar (sjå 3.3.2).

Vi kan seia at det som skil typane av interaksjon mellom metafor og metonymi, er at i metafor frå metonymi og metonymibasert metafor har metonymien gjenoppstått som metafor. Den konkrete relasjonen som motiverte metonymien er ikkje lenger til stades, som i dømet med surpompane som møter sitt Waterloo: Surpompane er ikkje de facto i den vidgjetne landsbyen i Belgia, heller ikkje er dei i ferd med å utkjempa (og spektakulært tapa) eit de facto militært slag. I metonymi inne i metafor er derimot det konkrete sambandet til stades, saman med likskapsrelasjonen i den omsluttande metaforen, som t.d. sambandet mellom tunge og taleevne.

3.5.2 Korleis skilja mellom metafor og metonymi?

Somme meiner at mange, kanskje til og med dei fleste, metaforar har metonymisk opphav. Dette synet finn vi i teorien om korrelasjonsmetaforar, som har metonymisk basis (Lakoff & Johnson, 1999), og hjå Barcelona (2003), som prøver å analysere alle

tilfelle av metafor som metonymibaserte. Eit anna spørsmål er om metafor og metonymi er distinkte fenomen eller best forstått som delar av eit kontinuum (Radden, 2000; Deignan, 2005).

Det kan av og til vera problematisk å skilja mellom metafor og metonymi, sidan dei interagerer på ymse vis, og sidan det er vanskeleg å trekkja klåre domenegrenser. Språkbruk som ved første augekast kan sjå ut som døme på personifikasjon/besjeling, dvs. på metafor, kan ved nærare ettersyn visa seg å heller vera metonymisk, eller å liggja i ei gråson mellom desse to fenomen. Jamfør Rundblad (2007), som kallar konstruksjonar av typen «this paper will argue», «the results suggest» metonymiar, ikkje personifikasjonar, sidan det er personen som skriv artikkelen / presenterer resultatane, som argumenterer og føreslår (jamfør at personifikasjon er definert som ein type metafor der noko ikkje-menneskeleg vert menneskeleggjort). Sjå òg Semino (2008: 101–103), som viser korleis personifikasjon og metonymi kan overlappa i somme tilfelle, ved hjelp av følgjande døme henta frå *British National Corpus*: «America, which supported Wallenberg’s activities in Budapest, quietly forgot, while Israel did little to honour him and even less to secure his release.» Bruken av *propria America* og *Israel* kan i dette dømet anten tolkast som personifikasjon (NASJON SOM EINSKILDMENNESKE) eller metonymi (NASJON FOR DEI SOM STYRER NASJONEN / OFFISIELLE REPRESENTANTAR FOR NASJONEN). Det er vanskeleg å trekkja ei skarp grense mellom metonymi og personifikasjon. Somme tilfelle kan tolkast som begge delar, avhengig av auga som ser. Andre tilfelle er klårt anten metonymiske eller metaforiske. Jamfør t.d. skilnaden mellom typiske metonymiar som «Houston, we have a problem», der *Houston* vart nytta metonymisk⁵⁹ for ‘bakkekontrollen som er lokalisert i Houston’ og typiske personifikasjonar, som biletbuiken i refrenget til visa «Hjemve» av Odd Nansen:

⁵⁹ NB: Uttrykket er no gått inn i språket som ein metafor (frå metonymi) (sjå t.d. <http://www.phrases.org.uk/meanings/houston-we-have-a-problem.html>), og *Houston* refererer i slikt bruk ikkje lenger konkret til NASA sin bakkekontroll i Houston. Visstnok er uttrykket berre ein parafraze av den opphavslege utsegnen, som ifølgje James A. Lovell (ein av dei tre astronautane på den famøse Apollo 13-romferda) var: «Okay, Houston, we’ve had a problem here.» <http://history.nasa.gov/SP-350/ch-13-1.html>

Trondhjem, Trondhjem, at æ reist ifra dæ,
at æ koinne finn paa nokka slekt!
Naar æ tænke paa ka godt du ga mæ
e de' som æ læste dekt!
Trondhjem, Trondhjem, no æ rætt forstaar dæ,
du min barndoms allerstørste ven!
Undres paa korless det gaar dæ
ka som heinne einn,
aldri reise æ fra dæ igjen!⁶⁰

I Nansen sin tekst vert byen (Trondheim) tillagd menneskelege eigenskapar og omtalt som ein ven (BARNDOMSBY SOM VEN), medan i Houston-dømet står lokalisasjonen til bakkekontrollen for bakkekontrollen (eller meir presist: dei som på det aktuelle tidspunktet bemannar bakkekontrollen) (LOKALISASJON FOR LOKALISERT).

I boka med den optimistiske tittelen «Defining Metonymy in Cognitive Linguistics. Towards a consensus view» (Benczes, Barcelona, & Ruiz de Mendoza Ibáñez, 2011) kjem Barcelona fram til følgjande metonymidefinisjon:

Metonymy is an asymmetric mapping of a conceptual domain, the source, onto another domain, the target. Source and target are in the same functional domain and are linked by a pragmatic function, so that the target is mentally activated. (Barcelona, 2011: 52)

Med «asymmetrisk» meiner han at det i motsetnad til i metaforar ikkje er noka symmetrisk tilordning i metonymi, dvs. det at kvart element i kjelda har eit motstykke i målet. «Funksjonelt domene» er ifølgje Barcelona ein annan term for ICM eller ramme. (ICM vert gjort greie for i 3.6 og kap. 5.) Kravet om eit pragmatisk samband ekskluderer tilfelle der kjelda og målet kan seiast å tilhøyra det Barcelona kallar eit overordna taksonomisk domene, som i uttrykket «Akilles er ei løve», der ein kan argumentera for at Akilles og løva høyrer til i same taksonomiske domene, landbaserte pattedyr. Dei er likevel ikkje i same funksjonelle domene, og det er ikkje noko

⁶⁰ Henta frå <http://www.skrift.no/sit/index.asp?lyd=Hjemve>

pragmatisk samband mellom dei, derfor er utsegna ein metafor, ikkje ein metonymi. Med andre ord: Det er ikkje noko krav om at det skal vera noko pragmatisk samband mellom Akilles og ei løve for å rettferdiggjera eller motivera metaforen «Akilles er ei løve». Men dersom ein på bakgrunn av dressurridingsdomenet seier: «Hesten manøvrerte meisterleg» og eigentleg siktar til rytteren, som jo styrer hesten, er dette ein metonymi, fordi dei to tilhøyrer same funksjonelle domene (DRESSURRIDING) og står i ein pragmatisk funksjon til kvarandre (MANØVRERT FOR MANØVRERAR).

Men er det gangbart, som Barcelona gjer i sin metonymidefinisjon, å operera med tre domene på same gong, dvs. at eitt domene aktiverer eit anna domene innanfor eit overordna tredje domene? Og kva er eigentleg eit domene? Før eg går vidare til å drøfta metonymi meir utførleg, vil eg gjera greie for korleis vi best skal forstå omgrepet domene.

3.6 Kva er eit domene?

Til no har eg referert til domene ('felt') utan å definera eller problematisera domeneomgrepet i særleg grad. Domene har ein sentral plass i definisjonen av omgrepsmetaforar og av omgrepsmetonymi, men det er notorisk vanskeleg å laga ein operasjonell definisjon av omgrepet domene.

I 3.2.2 drøfta eg kognitive strukturar, som interagerer med ytre stimuli i persepsjonsprosessen. Lundh et al. (1996: 67) skriv at når desse strukturane vert aktiverte, oppstår det såkalla mentale representasjonar. Utan desse mentale representasjonane kunne vi ikkje ha tenkt på noko som ikkje er til stades for sansane våre der og då, vi kunne ikkje førestilt oss hendingar som enno ikkje har skjedd, og vi hadde ikkje kunna fantasert opp imaginære verder.

I kognitiv psykologi snakkar ein ikkje om domene i samband med kognitive strukturar, men m.a. om kognitive skjema, og det vert skilt mellom skript og rammer. Førstnemnde inneheld kunnskap om hendingar (*events*) og konsekvensar av hendingar, t.d.

restaurantbesøk. Sistnemnde inneheld kunnskap om eit aspekt ved verda, t.d. bygningar. Desse kognitive skjema har viktige funksjonar: Dei inneheld kunnskap som lettar forståinga av det vi høyrer eller les, dei gjer at vi kan danna oss forventingar om kva som vil skje, og dei gjer verda relativt føreseieleg, då desse forventingane i regelen vert stadfesta (Eysenck & Keane, 2010: 401). Men Eysenck & Keane (2010: 405–6) understrekar òg at ulike problem heftar ved skjemaforsking, då det er vanskeleg å komma fram til kva som karakteriserer kognitive skjema: Kor mykje informasjon er lagra i kvart skjema, og kor integrert er denne informasjonen? Det er ikkje lett å testa skjema, fordi uavhengig evidens ikkje er tilgjengeleg, og det er uklårt kva faktorar som avgjer at eit gjeve skjema vert aktivert. Sinha (2007) skriv at skjemaomgrepet har fått ein så vid ekstensjon i kognitiv psykologi at det i praksis er blitt meiningslaust (*vacuous*). Ein kan undrast på om domeneomgrepet i kognitiv lingvistik er i ferd med å li same lagnad.

Clausner & Croft (1999) hevdar at det i kognitiv lingvistik i alle fall ser ut til å vera semje om følgjande: Den grunnleggjande semantiske eininga er den mentale representasjonen omgrep (*concept*), og omgrep kan ikkje bli forståtte uavhengig av domene som dei er omgjevne (*embedded*) av. Ifølgje Gärdenfors & Löhdorf (2013: 438) er distinksjonen mellom omgrep og domene lånt frå gestaltpsykologien, som igjen har lånt han frå den danske psykologen Edgar Rubin,⁶¹ som hevda at den mest grunnleggjande forma for persepsjon er ei deling av persepsjonsfeltet i to delar: figuren, som er klår og heil («unified») og senter for merksemda, og (bak)grunnen («ground»), som er diffus og består av alt det andre, det som *ikkje* er i fokus. Når ein flyttar merksemda, vert kva som er figur, og kva som er grunn, endra (Hergenhahn, 2001: 412–3). Mange metaforforskarar ser ut til å leva greitt med ein temmeleg vag definisjon på domene, og dei færaste problematiserer domene som teoretisk storleik, men når ein

⁶¹ Rubin stod m.a. bak den kjende illustrasjonen av vase/profilar, som dei fleste vel har sett, der ein anten tolkar biletet som ein vase eller som to menneskeprofilar, men aldri begge samstundes.

freistar å definera metonymi i kontrast til metafor, kan domeneomgrepet visa seg å vera problematisk, sjå t.d. Dasher & Traugott (2001: 28).

Det finst ulike måtar å definera metonymi på (noko eg vil komma nærare inn på seinare). Somme definisjonar er ganske svevande, som t.d. den vi finn i Kövecses (2010: 173):

Metonymy is a cognitive process in which one conceptual entity, the vehicle, provides mental access to another conceptual entity, the target, within the same domain, or idealized cognitive model (ICM).

Typisk for mange slike framstillingar av metonymi er at den teoretiske storleiken domene ikkje vert gjeven ein operasjonell definisjon. Om det i heile teke er mogeleg å komma fram til noko slikt, er eit anna spørsmål, men det er like fullt uheldig at domene som teoretisk entitet ikkje vert problematisert av dei som baserer metafor- og metonymidefinisjonane sine på høvesvis interdomenekoplingar og intradomenekoplingar. For å avgjera om to entitetar tilhøyrer same eller to ulike domene, må ein vita korleis ein skal setta grensene for kva som høyrer til eitt og same domene, og kva som høyrer til to distinkte domene. Domene har uklåre grenser, og «alt heng saman med alt» til sjuande og sist. Domene kan vera meir eller mindre inklusive, som t.d. ENGLSK SETTER-TISPER, HUNDAR, PATTEDYR, KARBONBASERTE LIVSFORMER. Om ein zoomar tilstrekkeleg ut, kan eit domene omfatta nær sagt alt mogeleg, t.d. domenet ROMLEG RØRSLE eller FYSISKE OBJEKT, og slik kan ein lett få kjensla av at det meste eigentleg bør reknast for å vera metonymisk heller enn metaforisk, fordi ein kan hevda at dei to entitetane tilhøyrer same generiske domene. Viss vi held oss til Kövecses (2010: 324), kan vi sjå at han definerer det han kallar *conceptual domain* på følgjande måte:

A conceptual domain is our conceptual representation, or knowledge, of any coherent segment of experience. We often call such representations «concepts», such as the concepts of BUILDING or MOTION. This knowledge involves both the knowledge of basic elements that constitute a domain and knowledge that is rich

in detail. This detailed rich knowledge about a domain is often made use of in metaphorical entailments.

Denne definisjonen genererer (minst) like mange spørsmål som svar. Kva er eigentleg skilnaden mellom domene og omgrep? Kövecses ser ut til å handsama dei to som eitt og same fenomen. Kva kvalifiserer som eit «samanhengande erfaringssegment»? Kva siktar Kövecses til med *coherent*; kva type «samanheng» er det snakk om? Og kva kvalifiserer som erfaring, er det berre erfaring vi har opplevd direkte, som sensomotoriske innputt, eller tel òg teoretisk kunnskap eller kjennskap til eit fenomen? Kövecses går frå å snakka om erfaring til å snakka om kunnskap utan å problematisera dette. Det er rimeleg å tru at både direkte erfaringar og teoretisk kunnskap om eit gjeve område tel som «omgrepsdomene», jf. at det i kognitiv psykologi vert hevda at omgrep kan dannast på basis av begge desse innputta (Lundh et al., 1996), sjå òg avsnitt 3.2.2.

Slår vi termen *domain* opp i den kognitiv-lingvistiske ordboka til Evans (2007: 61–2), finn vi at termen er nytta om to ulike fenomen innanfor kognitiv lingvistik:

- 1) A conceptual entity posited in Cognitive Grammar. A domain constitutes a coherent knowledge structure possessing, in principle, any level of complexity or organisation. For instance, a domain can constitute a concept, a semantic frame or some other representational space or conceptual complex. Crucially, a domain provides a particular kind of coherent knowledge representation against which other conceptual units such as concepts are characterised. For instance, linguistic terms such as hot, cold and lukewarm relate to different kinds of lexical concept which can only be characterised with respect to the domain of TEMPERATURE. Hence, the central function of a domain is to provide a relatively stable knowledge context in terms of which other kinds of conceptual units can be understood.
- 2) (also *conceptual domain*, *experiential domain*) A conceptual entity employed in Conceptual Metaphor Theory and related approaches to conceptual projection, such as approaches to conceptual metonymy and primary metaphor theory. Conceptual domains are relatively complex knowledge structures which relate to coherent aspects of experience. For instance, the conceptual domain JOURNEY is hypothesised to include representations for things such as traveller, mode of transport, route, destination, obstacles encountered on the route and so forth. [...]

Det er subtile skilnadar mellom dei to domenedefinisjonane. Domene (2) vert omtalte som relativt komplekse, og kan dermed ikkje vera så basale som domene (1). Men samstundes skriv Kövecses (2010: 43) følgjande om såkalla biletskjemametaforar, der element av biletskjema vert tilordna eit måldomene: «metaphors of this kind have source domains that have skeletal image schemas, such as the one associated with *out*.» Biletskjema som INN-UT, KONTAKT, RØRSLE og KRAFT (loc.cit.) er ikkje overveldande komplekse, men samanlikna med TEMPERATUR er dei fleirdimensjonale og inneber ulike deltakarar. Ifølgje Evans & Green (2006: 232f.) vert det i domene (1) skilt mellom basale, biletskjematiske og abstrakte domene. Evans & Green skriv at basale domene og biletskjema begge er mentale representasjonar som skriv seg frå prekonseptuell erfaring. Skilnaden mellom dei to er at basale domene ikkje kan delast opp i fleire delar, medan biletskjema kan, jf. skilnaden mellom SPACE og CONTAINER, der sistnemnde kan delast opp i SPACE og MATERIAL OBJECT. Der biletskjema er abstraksjonar frå ei rekkje erfaringsmønster, er basale domene baserte på eit meir avgrensa sett med erfaringar, og har ikkje nødvendigvis så stor spreiding i domenematriser. Medan biletskjema utelukkande er baserte på sensomotorisk erfaring, kan basale domene òg vera baserte på subjektive erfaringar, som t.d. TIME, EMOTION. Denne typen domene er typiske måldomene i metaforar, medan biletskjema er typiske kjeldedomene.

Eit skilje mellom domene (1) og domene (2) kan då vera at domene (2) berre kan dreia seg om biletskjematiske eller strukturelle domene, medan berre domene (1) òg omfattar basale domene. Men ei slik tolking vert noko forstyrra av det faktum at VARME er lista som kjeldedomene i primærmetaforen AFFECTION IS WARMTH (Lakoff & Johnson, 1999: 50) Kan ikkje VARME seiast å vera like basalt som TEMPERATUR? Temperatur er t.d. definert i NOB som ‘grad, styrke, nivå av varme’. Eller kan eitt domene basert på sensomotorisk erfaring både vera eit basalt domene og eit biletskjema?

Ein vel så viktig skilnad er den ulike perspektiveringa i domene (1) og domene (2). I domene (1) er det snakk om ein *forståingsbakgrunn*, i domene (2) eit *kunnskapsreservoar* som ein hentar ulike element frå.

Korleis er forholdet mellom omgrep og domene (1), (2)? Medan Kövecses (2010) ser ut til å handsama omgrep og domene (2) som same ting, gjev Croft & Cruse (2004: 14–16) ei meir utførleg utgreiing av forholdet mellom dei to, basert på domene (1). Dei hevdar at eit fornuftig utgangspunkt er å gå ut frå at omgrep korresponderer med tydinga til språklege einingar (definert som ord, komplekse uttrykk eller konstruksjonar).⁶² (Jamfør Lakoff (1993) si presisering av at namn på kjelde- og måldomenet (2) i omgrepsmetaforar ikkje må forvekslast med ein referanse til det namnet vanlegvis denoterer, sjå avsnitt 3.3.1.) Eit omgrep vert forstått på bakgrunn av ein større (bakgrunns)kunnskapsstruktur. Til dømes forstår vi omgrepet ‘hypotenus’ på bakgrunn av domenet RETTVINKLA TREKANTAR. Dette forholdet mellom omgrep og domene har fått ulike namn av ulike teoretikarar innanfor kognitiv lingvistikk: *profil/base*, *figur/ramme* eller *(bak)grunn*, *omgrep/domene*. Fokus kan skifta mellom kva som er omgrep (t.d. at vi byter fokus frå omgrepet ‘hypotenus’ til omgrepet ‘katet’) eller at domenet sjølv kan fungera som omgrep på bakgrunn av eit nytt, utvida domene (t.d. at domenet TREKANTAR er forståingsbakgrunn for RETTVINKLA TREKANTAR). Croft & Cruse (2004: 23) nyttar det dei med Langacker kallar «scope of predication» for å avgrensa domenet/ramma, dvs. at domenet/ramma omfattar den kunnskapen som er naudsynt for å forstå eit omgrep (og dermed det ordet som omgrepet korresponderer med, sjå ovanfor). Croft (2003) viser til at eit omgrep ofte presupponerer ein svært kompleks domenestruktur, eller ei domenematrise, og foreslår ein metonymidefinisjon der metonymi vert definert som ei tilordning som skjer i ei og same domenematrise. Ifølgje han inneber metonymi i regelen å gjera eit domene som er sekundært i den bokstavelege tydinga til ordet, primært, dvs. at ein går frå eitt domene i domenematrisa til eit anna domene i same matrise. Han nyttar altså domene (1) i sin metonymidefinisjon. Termgruppa i Norsk foreining for kognitiv lingvistikk (NORKOG) definerer omgrepsmetafor som «det at ein forstår eitt domene med

⁶² Eventuelle omgrep som ikkje korresponderer med språklege einingar vel dei å sjå bort frå, grunna mangel på empirisk basis for å kunna identifisera dei.

utgangspunkt i eit anna ved å nytte koplingar mellom dei» og omgrepsmetonymi som «det at ein forstår eitt omgrep ved hjelp av eit anna omgrep frå det same domenet».⁶³

Fleire har teke til orde for at avgrensa scenario er ein meir sannsynleg basis for metaforar enn heile domene. I blendingteorien (sjå avsnitt 3.3.2) er metafor framstilt som eit fenomen sett saman av mentale rom som representerer spesielle scenario som er strukturerte ved gjevne domene; berre ein liten del av kunnskapen om domenet er trekt inn (Grady, Oakley, & Coulson, 1999). Semino (2008) føretrekkjer òg å snakka om scenario heller enn domene. Andre, i hovudsak metonymiforskarar, føretrekkjer som vi har sett i ulike sitat og parafraseringar over, å snakka om om ICM-ar eller rammer heller enn om domene. Ein ICM er definert som ein kompleks og detaljrik kunnskapsstruktur, ein gestalt som inneheld ei rekkje ulike element, eller entitetar, og der kulturelle aspekt kan inngå (Lakoff, 1987b). Omgrepet ICM vert nærare presentert i avsnitt 5.2.2, men som det går fram av namnet, er det snakk om kognitive strukturar som organiserer kunnskap. ICM har mykje til felles med rammer (*frames*), men førstnemnde skil seg frå sistnemnde ved å vera teoriar om ulike aspekt ved verda som er abstraherte på tvers av ulike erfaringar heller enn å vera abstraksjonar av ei rekkje spesifikke tilfelle av éin type erfaringar (derav attributtet «idealisert») (Evans, 2007: 104). Termene *domene*, *ramme* og *ICM* (=idealiserde kognitive modellar) kan seiast å mykje godt visa til det same, nemleg til kunnskapsstrukturar som kan tena som forståingsbakgrunn for tolking av språkleg innputt, men dei er knytte til ulike teoriar og gjev ulike perspektiv (Cienki, 2007). *Ramme* er m.a. knytt til framingteori (sjå 3.4), *domene* til «klassisk» OMT og *ICM* til Lakoff sin teori om kategorisering (Lakoff, 1987b), som dels baserer seg på gestaltteorien (Cienki, 2007).

Situasjonen innanfor KL kan liknast med den innanfor kognitiv psykologi, der ein òg har fleire ulike termar for desse «kunnskapspakkane» som ein meiner befinn seg i langtidsminnet. I kognitiv psykologi nyttar ein termar som *skjema*, *mentale modellar*,

⁶³ http://www.termwiki.sprakradet.no/wiki/Kategori:Kognitiv_lingvistikk

mentale representasjonar, personlege konstruksjonar, mentale kodar, meiningsstrukturar, kognitive strukturar, kognitive arbeidsmodellar, skjema, scripts (= skjema for hendingssekvensar), *stereotypar* (= skjema for kategorisering av andre menneske) m.m., alt etter kva teoretikarane ønskjer å vektleggja. Alle desse termene refererer til indre modellar av verda, og kvar slik modell svarar til ein kategori av situasjonar eller hendingar i omverda (Lundh et al., 1996: 51–65). I så måte føretrekkjer eg ofte i det følgjande å snakka om ICM heller enn domene når eg vil vektleggja at det er snakk om idealiserte kunnskapsstrukturar, dvs. at dei er abstraherte både perseptuelt og omgrepsmessig i høve til røynda (Cienki, 2007). Vidare understrekar termen at det er snakk om modellar, dvs. at det dreier seg om skjematiske og forenkla framstillingar av ulike innputt frå røynda, jf. Lundh et al. (1996: 52). I avsnitt 5.2.2 presenterer og drøftar eg omgrepet ICM generelt og ein mogleg schizofreni-ICM for psykiatrar spesielt. Denne ICM-en tener som bakgrunn for analysane mine i kap. 6, der eg undersøker schizofrenitermane med tanke på metonymi, jamfør at ICM er ein mykje nytta teoretisk storleik i metonymiteori. Når eg drøftar og undersøker metafor, nyttar eg likevel termen *domene*, då det er i tråd med språkbruken og definisjonane i OMT, sjå avsnitt 3.8. (Eg tykkjer ikkje det ville ha vore heilt gangbart å snakka om «mål-ICM» og «kjelde-ICM».)

I det følgjande skal eg gjera nærare greie for korleis metonymi vert handsama innanfor kognitiv lingvistikk.

3.7 Metonymi

Plata o plomo

‘sølv eller bly’ (*Pablo Escobar*)

Metonymi har lenge stått i skuggen av sin meir iaugefallande slektning, metaforen, sjå t.d. Dasher & Traugott (2001). I *Metaphors we live by* (1980b) postulerer Lakoff og Johnson kortfatta⁶⁴ at språklege metonymiar er overflatemanifestasjonar av omgrepsmetonymiar (skrivne på formelen B FOR A), på same måte som språklege metaforar er overflatemanifestasjonar av omgrepsmetaforar (skrivne på formelen A ER B). Dei formulerer omgrepsmetonymiar som DEL FOR HEILSKAP, STAD FOR HENDING m.m. Ifølgje Lakoff & Johnson (1980b) har metonymi primært ein refererande funksjon, men han kan òg fremja forståing, då det ikkje er tilfeldig kva vi nyttar for å referera til noko anna: Ein arbeidsgjevar som treng fleire hender, søker etter nevenyttige folk til manuelt arbeid, medan ein som treng fleire hovud, søker etter nokon som er gode på intellektuelt arbeid, jf. den moderne tydinga av ordet *hovudjeger*.

I seinare tid er det gjort mykje arbeid på metonymi innanfor kognitiv lingvistikk, ikkje minst av europeiske forskarar.⁶⁵ Mange har peikt på at metonymi er eit sentralt fenomen i språk og tanke, og at metonymi på mange måtar er meir grunnleggjande enn metafor. Ifølgje Langacker (1999: 199) er metonymi eit utbreidd fenomen fordi det lèt oss balansera to konkurrerande faktorar: behovet for å vera presis (slik at tilhøyraren si merksemd vert retta mot det intenderte målet) versus vår sterke tendens til å tenkja på og snakka eksplisitt om dei entitetane som er mest kognitivt saliente for oss. Metonymi er no eit stort og veksande forskingsfelt i kognitiv lingvistikk, sjå t.d. Panther & Radden

⁶⁴ Kapitlet om metonymi utgjer berre knappe seks sider av heile boka, som totalt er på over 240 sider.

⁶⁵ Merk at *synekdoke* er ein term som vert brukt på ulike måtar om fenomen som i kognitiv lingvistikk vert samanfatta under metonymi (sjå t.d. Goossens (2009: 351))

(1999), Barcelona (2000b), Dirven & Pörings (2002), Hopper & Traugott (2003), Benczes et al. (2011), Panther, Thornburg, & Barcelona (2009), og sjå Steen (2005) for ei framstilling av kognitiv lingvistikk si handsaming av metonymi. Eit nevralt grunnlag for metonymi er postulert i Lakoff (2008), sjå avsnitt 3.3.2 over. Her heime har m.a. Schulte (2013), Nessel (2011) og Halverson (2012) undersøkt metonymisk språkbruk.

3.7.1 Kva er metonymi?

Diskusjonen om korleis ein best kan definera metonymi, går livleg. Ein generell definisjon er at metonymi inneber å nytta ei *kjelde*⁶⁶ for å referera til eit *mål*. Referansen er basert på ei form for tett samband mellom kjelda og målet, som gjer det mogeleg for kjelda å stå for målet. Det er ikkje semje om korleis dette sambandet best kan definerast, eller om metonymi primært er eit referensielt eller konseptuelt fenomen (Nerlich & Clarke, 2001). Det går t.d. som nemnt eit skilje mellom dei som tek utgangspunkt i domene (eventuelt rammer eller ICM-ar), og dei som tek utgangspunkt i tilgrensing (*contiguity*), der dei førstnemnde definerer metonymi som tilordningar innanfor eitt og same domene (og metafor som tilordningar mellom to ulike domene), og dei sistnemnde definerer metonymi som basert på konseptuell *tilgrensing* (og metaforar som baserte på *likskap*), sjå t.d. høvesvis Barcelona (2000a) og Peirsman & Geeraerts (2006). Men som Allan (2008: 12) peikar på, er korkje domene eller konseptuell tilgrensing veldefinerte storleikar, og i tillegg ser dei ut til å gå ut på mykje av det same: Om to entitetar kan seiast å tilhøyra same domene, er dei konseptuelt svært nære, og vice versa. Kövecses (2010: 173) er inne på dette poenget når han først skriv at det er eit grunnleggjande trekk ved metonymi at målet og kjelda er konseptuelt tilgrensande, men deretter definerer metonymi som ei kopling mellom to entitetar i same domene. Merk det attributive adjektivet *konseptuell* her: Det er ikkje primært

⁶⁶ Det finst ulike termar for denne teoretiske storleiken, t.d. *vehicle* (Kövecses, 2010) og *donor* (Goossens, 1990), men eg føretrekkjer *kjelde* (jf. t.d. Barcelona (2011)), sidan det er mest konsistent med kjelddomene/måldomene-skiljet i omgrepsmetafor-teorien.

snakk om objektiv, fysisk nærleik, men om oppfatta nærleik basert på tolking og omgrepsdanning.

Kva vil «konseptuell tilgrensing» egentleg seia? Konseptuell tilgrensing treng ikkje berre gjelda saker som står i metonymiske relasjonar til kvarandre. Måldomena kan seiast å vera «konseptuelt tilgrensande» til kjeldedomena i svært konvensjonelle og etablerte metaforar, då førstnemnde er tett assosierte med sistnemnde (men truleg ikkje vice versa, sjå Lakoff & Johnson (1999: 55–57)), t.d. AKILLES og LØVE. Men denne typen konseptuell tilgrensing (assosiasjon per metafor) inneber ikkje at dei to entitetane kan seiast å tilhøyra same domene, i alle fall ikkje slik domene tradisjonelt er blitt definert. Etter mitt syn er det viktigaste skiljet mellom metafor og metonymi det som Barcelona (2011) peikar på, at det er eit oppfatta konkret og pragmatisk samband mellom målet og kjelda i ein metonymi, medan mål- og kjeldedomenet i ein metafor ikkje står i noko oppfatta konkret eller pragmatisk samband med kvarandre. Ein person (t.d. Akilles) treng ikkje eingong å vita kva ei løve er, for å bli likna metaforisk med ei løve. Men ein må konkret ha sete inne i og køyrt ein spesifikk bil for å kunna seia *Eg står parkert i Bygarasjen*, der *eg* står metonymisk for bilen «eg» køyrer.

Oppfatta konseptuell tilgrensing er basert på observasjon av og erfaringar med omverda i samspel med kognitive skjema. Sjølv om språket ikkje refererer direkte til entitetar og relasjonar ute i verda, men til mentale abstraksjonar av dei, er det slik at det er eit indirekte samband mellom språket og verda, då omgrepa som språklege einingar refererer til, oppstår som følge av interaksjon med omverda. Sjø Lakoff (1987b) for ei drøfting av korleis mentale modellar er idealiserte i høve til røynda.

Det finst òg gjevne tilfelle av metaforbruk om situasjonar der både kjelde- og måldomenet kan seiast å vera aktualiserte, og der denne spesielle konteksten kan ha påverka metaforbruken (ofte i form av intenderte ordspel). Effekten i slike tilfelle vert ofte komisk og påfallande, og metaforane eller dei bokstavelege tydingane er ofte signaliserte, medan metonymiar i regelen går under radaren og er usignaliserte. Jamfør

følgjande tre pluss tre døme på høvesvis kontekstutløyst metafor og på metonymi (der eg har markert **eksplisitt signalisering** og metaforisk/metonymisk uttrykk):⁶⁷

- (1) Polfarerens beretninger om tynn is prelet av på de klimaskeptiske meddebattantene. [...] Det hele ble avfeid **som om** han **virkelig var på tynn is**. (Røkke, 2010) [metaforisk tyding: 'uttala seg om noko utan tilstrekkeleg belegg']
- (2) Han var langt på veg sanseløs, togpassasjeren som politiet i Lillehammer måtte ta av toget. Mannen i 70-årene fra Kragerø var **bokstavelig talt** «bortreist», og svært synlig beruset. (Lisødegård, 2013) [metaforisk tyding: 'mellombels redusert medvit og kognitive evner som følge av rus']
- (3) En 80 år gammel mann var ute og plukket bær, da han **bokstavelig talt havnet på bærtur**. Det opplyser Troms politidistrikt. (Rostad, 2013) [metaforisk tyding: 'gå seg vill, hamna på villspor']
- (4) «To bergensere havnet på pallen» (Bakken, 2012) [metonymisk tyding: 'siga', FØLGJE FOR ÅRSÅK]
- (5) «Gullet stakk imidlertid Glenn Granum fra NMK Modum og Sigdal av med.» (Bakken, 2012) [metonymisk tyding: 'siga', FØLGJE FOR ÅRSÅK]
- (6) «Etter 18 seire og fire uavgjort kunne champagnen endelig sprettes» (Lexander, 2015) [metonymisk tyding: 'siga', FØLGJE FOR ÅRSÅK]

Døme 1–3 er døme på kontekstutløyst metaforbruk, medan døme 4–6 er døme på metonymiar der ei følgje (stå på sigerspallen, få gullmedalje, feira med champagne) vert nytta for å referera til årsaka (siger i konkurranse).⁶⁸

Metonymi kan opptre i såkalla metonymikjeder eller metonymiske sprang (Peirsman & Geeraerts, 2006; Nerlich & Clarke, 2001; Barcelona, 2005). Nerlich & Clarke (2001: 254) forklarar slik «serial metonymy» på følgjande måte:

⁶⁷ Merk at uttrykket *bokstaveleg talt* i døma er nytta med diametralt motsett tyding av den tradisjonelle tydinga av *bokstaveleg*, som ein forsterkar til den metaforiske tydinga. ODE har teke inn denne alternative tydinga, sjå <http://www.oxforddictionaries.com/definition/english/literally>

⁶⁸ Merk at Kövecses (2010: 682) ser ut til å meina at metonymiar òg kan vera motiverte av kontekstuelle faktorar.

Once a word has been used metonymically, the centre of semantic gravity of that word may shift in a certain direction and may have a tendency to shift further in this direction – a «walk in semantic space» can begin to take place – serial metonymy can develop. Instead of creating bridges between conceptually distant domains, metonymy slides along well entrenched chain(s) of associations inside one domain and, in some cases, across to adjacent domains. The direction of this slide in mental space is set by the first metonymic use of a word for a specific purpose which provides the semantic momentum.

I Pablo Escobar sitt motto for korleis ein skal handtera myndigheitene, *Plata o plomo* ‘sølv eller bly’, får vi dette demonstrert.⁶⁹ Sølv står metonymisk for pengar, sidan pengar tradisjonelt var laga av sølv og hadde verdi ut frå metallet. Bly står for kuler (ammunisjon), som tradisjonelt inneheld bly. Vi har såleis ein MATERIALE FOR OBJEKT-metonymi: *Plata o plomo* tyder ‘pengar eller kuler’. Men i tillegg har vi ein INSTRUMENT FOR HANDLING-metonymi: Det *Plata o plomo* eigentleg tyder, er ‘ta imot stikkpengar eller ta imot ei kule’, eller meir utførleg: ‘Dersom du ikkje tek imot pengar for å unnlata å gjera jobben din og lata oss operera i fred, tek vi livet av deg’. Sølv står for pengane, og pengane står for korrupsjonen, sidan pengar er eit sentralt verkemiddel for å korrumpere folk. Blyet står for kulene, og kulene står for likvideringa, sidan kuler ofte vert nytta for å rydda folk av vegen. (Mitt døme)⁷⁰

3.7.2 Kva kognitiv og kommunikativ funksjon har metonymi?

I dette avsnittet skal vi sjå kva ulike forskarar meiner er den kognitive og kommunikative funksjonen til metonymi.

⁶⁹ Sjå òg Mamsåker (2016).

⁷⁰ Peirsman & Geeraerts (2006) drøftar døme som *bordeaux* (‘vin frå Bordeaux-distriktet’), som kan analyserast som ein kombinasjon av LOKALITET FOR INNBYGGJARAR OG PRODUSENT FOR PRODUKT, dvs. frå distriktet Bordeaux til innbyggjarane der, til vinprodusentane i Bordeaux, til produktet deira, vinen. Eit anna døme drøftar, er tysk *Frauenzimmer*, som har gått frå å bety ‘kvinnerom’ (*Zimmer* = ‘rom’) til å bety ‘kvinne’ via ei rekkje metonymiske sprang. Dette ordet er importert til norsk: *fruentimmer*.

Langacker (1999: 198–201) kallar metonymi eit referansepunktfenomen (*reference point phenomenon*):

By virtue of our reference point ability, a well-chosen metonymic expression lets us mention one entity that is salient and easily coded, and thereby evoke – essentially automatically – a target that is either of lesser interest or harder to name. (Langacker, 1999: 199)

Kjelda vert altså ifølgje Langacker nytta fordi ho er meir salient og lett å snakka om enn målet. Kjelda aktiverer målet meir eller mindre automatisk, sidan dei to entitetane er assosierte med kvarandre, men: «The requisite association is quite variable in nature.» (Langacker, 1999: 198). Kva er det då som avgjer kva som kan vera kjelde for kva for nokre mål, dvs. kva er salient nok til å fungera som metonymisk kjelde? Langacker (1993: 30) hevdar at følgjande prinsipp gjeld for kva som er kognitivt salient og dermed styrer val av høvesvis kjelde og mål i metonymi:

menneskeleg > ikkje-menneskeleg
heilskap > del
konkret > abstrakt
synleg > ikkje-synleg
etc.

Kövecses & Radden (1998) tek opp denne tråden, og presenterer følgjande utdjupa og utvida klassifikasjonssystem for prinsipp for val av høvesvis kjelde og mål i metonymi:

Human experience:

Human over non-human
Concrete over abstrakt
Bodily over emotional
Bodily over mental
Container for contained
Form for concept⁷¹
Interactional over non-interactional

⁷¹ Med «Form for concept» siktar Kövecses & Radden (1998: 65) til den ontologiske metonymien der «the concrete visual or acoustic shape of a sign stands for the abstract concept denoted by the form.»

Functional over non-functional

Perceptual selectivity

Immediate over non-immediate

Occurrent over non-occurrent

More over less

Dominant over less dominant

Good gestalt over poor gestalt

Bounded over non-bounded

Specific over generic

Cultural preferences

Stereotypical over nonstereotypical

Ideal over non-ideal

Typical over nontypical

Central over peripheral

Basic over nonbasic

Important over less important

Common over less common

Rare over less rare

Communicative principles

Clear over less clear (the principle of clarity)

Relevant over irrelevant (the principle of relevance)

Men prinsippa ovanfor kan ifølgje Kövecses & Radden (1998) verta overstyrte av følgjande prinsipp:

Overriding principles:

Social-communicative effects (t.d. eufemismar, høflegheit)

Rhetorical effects (t.d. humor, overtaling, pompøsitet)

Når vi ønskjer å uttrykkja oss høfleg, skånsamt eller humoristisk, tyr vi altså til andre (om)vegar enn det dei meir «naturlege» prinsippa tilseier, som t.d. klar over mindre klar, konkret over abstrakt, kroppsleg over mental m.m. Til dømes er dei høflege spørsmåla *Kan du opna vindauget / Vil du opna vindauget* døme på metonymi som følgjer prinsippet *potentiality over actuality*, sidan vi her eksplisitt spør etter naudsynte føresetnadar (evne/vilje) for å utføra den handlinga som vi ønskjer at vedkommande faktisk skal utføra (å opna vindauget), jf. òg ytringar som *Har du fyr?*

Metafor er definert som tilordningar mellom aspekt ved kjelde- og måldomenet, der kunnskap om kjeldedomenet vert projisert over på måldomenet (Lakoff, 1993). Det har kome ei rekkje teoriar om kva type kognitiv operasjon metonymi er knytt til. Barcelona (2011: 13) kallar metonymi ei asymmetrisk tilordning der kjelda projiserer sin struktur over på målet ved å påtvinga eit perspektiv som målet vert aktivert frå. Kjelda gjev altså eit perspektiv på målet, og målet vert forstått via kjelda, som fungerer som eit referansepunkt (*perspective imposition*), eller ei «brille» som vi ser målet gjennom:

The metonymic source projects its conceptual structure onto that of the target, not by means of a systematic matching of counterparts (as in metaphor), but by imposing a conceptual (and linguistic) perspective from which the target is activated; this activation entails a shift in (conscious or unconscious) attention from source to target.

Croft (2003: 161; 2006) definerer metonymi som eit fenomen som i regelen inneber «the highlighting of particular domains in a domain matrix». Brdar-Szabó & Brdar (2011) meiner på si side at det ikkje så mykje er snakk om tilordningar som om «two-way projections leading to mutual accomodation of source and target [...]» og at heller enn å snakka om tilordningar bør ein handsama metonymi som ein diskursdriven inferens eller pragmatisk funksjon som oppstår i samband med domeneekspansjon eller domenereduksjon, noko òg Ruiz de Mendoza Ibáñez (2011) er inne på. Panther (2005: 358) hevdar at «metonymy is a cognitive operation of meaning *elaboration*, i.e. an expansion of source meaning into a more complex conceptual structure of which the source meaning is part.» Dette baserer han m.a. på at i parafraseringar av metonymiske uttrykk er i regelen både kjelda og målet eksplisitt nemnt, som i dømet:

Paco likes Mozart.

[TARGET the music [that [SOURCE Mozart] composed]]

Nerlich & Clarke (2001) hevdar at metaforisk tenking er basert på evna vår til å oppnå tilgjenge til heilskapsbilete av tilstandar, situasjonar eller objekt ved hjelp av referanse

til ein av delane. Når eit ord er nytta metonymisk, spreier det seg ut over det dei omtaler som konseptuelle rom:

Whereas metaphor creates new meaning and possibly new conceptual structures, metonymy incorporates free-floating meaning, steals meaning from related concepts and conceptual domains and thereby changes or strengthens conceptual structures. (Nerlich & Clarke, 2001: 253)

Dette kan utleggjast som at der metafor gjer semantiske «hopp» frå eitt domene til eit heilt anna domene, dreier metonymi seg om tydingsforskuving mellom «naboar» i omgrepssystemet. Slik kan t.d. *krone* komma til å tyda 'isse', dvs. referera til det partiet av hovudet som er omgjeve av krona, og det å *forkjøla seg* 'kjøla for mykje' kan nyttast om ein effekt av nedkjølinga, *forkjøling* 'krimsjuka'. Tydingsglidingar av denne typen vert presenterte og analyserte i 5.1.1.

Fleire har vore inne på den pragmatiske funksjonen til metonymi og hevda at metonymi inviterer til pragmatiske slutningar. Barcelona (2005: 316, 327) skriv at: «metonymy is a fundamental conceptual mechanism guiding pragmatic inferencing», og at «every metonymy is ultimately an inferential metonymy». Nerlich & Clarke (2001) viser til at metonymitolking inneber å utleia dei referensielle intensjonane til talaren, sjå òg Panther (2005: 353), som hevdar at «metonymies provide [...] natural inference schemas» ved at eksisterande omgrepsmetonymiar er lett tilgjengelege rettesnorer for språkbrukarane når dei skal komma fram til eksplikaturar og implikaturar.

Nerlich & Clarke (2001: 252–3) skil mellom metafor og metonymi basert på pragmatisk funksjon:

We argue that metaphor is a pragmatic strategy used by speakers to convey to hearers something new that cannot easily be said or understood otherwise or to give an old concept a novel, witty or amusing package, whereas metonymy is a pragmatic strategy used by speakers to convey to hearers something new about something already well known. Using metaphors speakers tell you more than

what they actually say, using metonyms they tell you more while saying less. From the point of the hearer, metaphor is a strategy used to extract more information from old words, whereas metonymy is a strategy used to extract more information from fewer words. Metaphor is a conceptual and semantic simulation device, whereas metonymy is a conceptual and syntactic abbreviation device.

Men som eg vil visa i kap. 6 kan metonymi lik metafor nyttast som ein pragmatisk strategi når ein vil uttrykkja noko som er vanskeleg å uttrykkja i ord (eller for den del: å sjølv fatta), som tilfellet er når ein ønskjer å uttrykkja seg fagleg om fenomenet schizofreni. Mange av dei språklege uttrykka frå lærebøkene som eg har analysert som døme på metonymi, er det vanskeleg å tenkja seg gangbare ikkje-metonymiske parafraseringar av, rett og slett fordi fenomenet schizofreni er så komplekst, og fordi det er så mange ukjende faktorar i likninga.

Panther & Radden (1999: 12–13) meiner at metonymi bidreg med maksimal kontekstuell effekt med eit minimum av prosesseringskostnadar ved å tilby rask tilgang til målet, men samstundes òg pragmatiske implikasjonar som ikkje vert triggja av den alternative, ikkje-metonymiske formuleringa. Eit metonymisk uttrykk kan med andre ord vera meir informativt enn ei ikkje-metonymisk parafrasering. Jamfør skilnaden mellom den metonymiske ytringa «Han måtte gje seg» og den ikkje-metonymiske parafraseringa «Han gav seg», der førstnemnde er ein POTENTIALITY FOR ACTUALITY-metonymi. Verbet *måtte* i det første dømet impliserer at vedkommande ikkje gav seg frivillig, at han ikkje hadde noko anna val enn å gje seg, trass i at han ønskte å fortsetta.

Ein relativt auka informasjonsverdi har òg DEL FOR HEILSKAP-metonymiar som *Vi treng fleire hender* versus *Vi treng fleire hovud* for 'vi treng fleire folk', der val av kroppsdel signaliserer kva del av mennesket som er mest salient i konteksten:

– Jeg synes det blir feil når det ropes etter flere **hender**. Først og fremst trenger vi flere **hoder**, hevder Chaffey, som mener utdanningssektoren har viktige oppgaver foran seg i årene som kommer. Samtidig innser han at

arbeidsmarkedet vil ha behov for folk med både **hode** og **hender**. (Paul Chaffey, sitert i Ruud, 2010)

Sjå òg Panther & Thornburg (2007: 250), som nemner at metonymi kan vera ein økonomisk måte å referera til ukjende personar på, som når servitørar omtalar kundane som «table five» og at ulike kjelder for same mål gjev ulike kontekstuelle effektar, som i to japanske ytringar med tydinga ‘I have not ridden wheels recently’ og ‘I have not held a steering wheel recently’ for ‘I have not driven a car recently’. Førstnemnde metonymiske uttrykk framhevar aspektet mobilitet, det sistnemnde metonymiuttrykket framhevar aspektet kontroll.

I metonymi vert merksemda flytta frå ein entitet, som fungerer som omgrep (figur), til ein annan entitet i det same pragmatiske domenet, som då får status som omgrep (figur), og den førstnemnde entiteten går inn som del av forståingsramma. Føremålet med denne operasjonen er som nemnt ifølgje Barcelona (2011) at målet skal verta forstått i lys av kjelda; kjelda legg føringar for korleis vi oppfattar målet. Treng ein fleire hender, er det snakk om menneske som kan utføra *manuelt* arbeid, treng ein fleire hovud, er det *teoretisk* arbeid, treng ein fleire venstrebein, er ein sannsynlegvis fotballtrenar med for mange høgrebein (‘spelarar som skyt mest presist med høgrefoten’) på laget,⁷² osv. Når Pentagon snakkar om *boots on the ground* (‘bakkestyrkar’) er det soldatstøvlane som vert nytta for å referera til soldaten, sidan det de facto er støvelen som har direkte kontakt med bakken. Alternativt kan det vera snakk om å nytta noko meir salient for å referera til noko mindre salient, ofte vert t.d. noko lett synleg og handfast nytta for å referera til noko meir abstrakt eller mindre synleg, t.d. BYGNING FOR INSTITUSJON («Pentagon legg planar», «Slottet nektar å kommentera»).

⁷² «Asker har kun en spiller med ren venstrefot, forsvareren Gunhild Kvaalen Herregården. Trener Eli Landsem ønsker seg flere venstrebein.» (Thomas Karlsen på Fotballmagasinet.no, <http://www.fotballmagasinet.no/index.php?mode=news&id=8726>) Jamfør òg følgjande karakteristikk av fotballspelararen Santi Cazorla: «He was two footed, even taking corners from both sides and both feet, swinging in or swinging out.» (Javi Guerrero, sitert i Lowe, 2012, mine utheingar).

Ifølgje Feyaerts (1999) er ulike omgrepsmetonymiar på ulike nivå når det gjeld kor skjematisk/spesifikke dei er, dvs. at generelle omgrepsmetonymiar lik generelle omgrepsmetaforar har meir spesifikke spesialtilfelle. Førstnemnde er meir universelle, medan sistnemnde er meir kulturspesifikke, som tilfellet òg er for metaforar (Lakoff & Johnson, 1999; Kövecses, 2010). Sjå òg Panther (2005) og Panther & Thornburg (2007) som har sett opp ein taksonomisk struktur for *EFFEKT FOR ÅRSAK*-metonymien.

Ifølgje Peirsman & Geeraerts (2006) kan det ofte vera ein såkalla multippel motivasjon for metonymi, dvs. at fleire omgrepsmetonymiar kan seiast å ha motivert eit gjeve metonymisk uttrykk: «in a prototypical classification, individual examples can often be related to several more general types at the same time.» Dette gjeld òg for metaforiske uttrykk, sjå avsnitt 3.3.

Metonymitypar

Langacker (1999: 198–201) kallar som nemnt metonymi eit referansepunktfenomen og definerer metonymi slik:

We can define metonymy as occurring when an expression that normally designates one entity is used instead to designate another, associated entity. The requisite association is quite variable in nature.

Men fleire har teke til orde for at metonymi ikkje er eit utelukkande referensielt fenomen, og at det ikkje berre er snakk om entitetar som står for andre entitetar. Ruiz de Mendoza Ibáñez (2011) viser t.d. til at referensialitet ikkje er noko som kan skilja metonymi frå metafor. Metaforar kan òg vera referensielle, dvs. åleine referera til måldomenet utan at det i tillegg er ein ikkje-metaforisk, eksplisitt referanse til måldomenet i ytringa (sjå avsnitt 3.3). Han illustrerer poenget med dei metaforiske døma: «My husband is a rat; he abandoned me» vs. «There goes that damned rat that betrayed me.», der metaforen *rat* i sistnemnde ytring fungerer som ein referensiell metafor.

Det er blitt hevda at det i tillegg til **referensielle** metonymiar, som er den «klassiske» metonymitypen som det er brei semje om å kalla metonymi, òg finst **predikasjonelle** (*predicational*), **proposisjonelle** (*propositional*) og **illokusjonære** (*illocutional*) metonymiar, sjå t.d. Ruiz de Mendoza Ibáñez (2011), Panther & Thornburg (1999), Panther & Thornburg (2007) og Barcelona (2011). Sistnemnde drøftar òg det han kallar «inferential metonymies» (Barcelona, 2011). Dei ulike typane metonymi som er føreslegne, er lista i Figur 2 under.

Fauconnier (2008) nemner at somme metonymiar, som t.d. «Churchill bomba Dresden» (mitt døme) best kan sjåast som **kompresjonar** av kompliserte saksforhold heller enn (i dette tilfellet) FØRAR FOR FØRT (Lakoff & Johnson, 2003: 39). I blendingteorien er konseptuell kompresjon eit sentralt prinsipp, m.a. kan årsak–effekt-relasjonar bli komprimerte til eigenskapar ved anten agens eller patiens, som i dømet ei *varm jakke*, der den som vert varm, er personen som har på seg jakka, sjå Fauconnier & Turner (2002), Evans & Green (2006) og avsnitt 3.3.2. I kap. 6 vel eg å definera konstruksjonar av typen *varm jakke* for metonymiske kompresjonar, sjølv om blendingteorien ikkje gjer det (Fauconnier & Turner (2002) nemner knapt metonymi). Eit mogeleg argument mot å kalla denne typen konstruksjonar metonymiske, kjem frå Barcelona (2011: 20), som hevdar at ein viktig skilnad mellom metafor og metonymi er at i språklege metaforiske konstruksjonar kan både mål- og kjeldedomenet vera eksplisitt nemnde, medan i språklege metonymiar er alltid berre kjelda nemnd, og målet er underforstått. Jamfør t.d. metaforen «froskemann», brukt om menn med dykking som yrke/hobby med metonymien «suit», brukt i engelsk om toppleiarar. Men dette ser ikkje ut til å vera tilfellet for alle former for metonymi, sjå t.d. Brdar-Szabó & Brdar (2011: 221), som har døma «healthy complexion» og «slow road» som døme på høvesvis CAUSE FOR EFFECT- og EFFECT FOR CAUSE-metonymiar, og Ruiz de Mendoza Ibáñez (2000), som har dømet «He has an excellent brain» på såkalla predicational metonymy. I mange av dei konstruksjonane eg analyserer som døme på metonymiar i kap. 6, er det sameleis ikkje snakk om ein konstruksjon der ein entitet refererer til ein

annan entitet, men om ein komprimert konstruksjon der ei årsak eller ein effekt er referert til som ein eigenskap ved høvesvis effekten og årsaka.

I forlenginga av spørsmålet om kva funksjon(ar) metonymi har, og kor mange metonymitypar ein skal rekna med, er det òg usemje om kva språklege element som kan konstituera ein metonymi: berre substantiv/substantivfrasar (Croft, 2006; Lakoff & Johnson, 1980b), eller òg verb, eventuelt òg større konstruksjonar med fleire ledd, og til og med heile ytringar (Goossens, 1990; Peirsman & Geeraerts, 2006; Kövecses & Radden, 1998; Barcelona, 2011; Panther, 2005), eller òg mindre einingar, som affiks, ellipsar og initialar (Bierwiazzonek, 2013; Panther & Thornburg, 2009).

Dei ulike metonymitypane som er føreslegne i metonymilitteraturen, er samla i Figur 2 under.⁷³

⁷³ Bierwiazzonek, (2013) foreslår i tillegg til dei typane som er lista i Figur 2, kategorien formell metonymi (*formal metonymy*), som omfattar initial, akronym, ellipsar etc., dvs. alle tilfelle der ein del av den formelle representasjonen til ei lingvistisk eining står for heile den formelle representasjonen av den lingvistiske eininga. Sjå avsnitt 6.2.7.

Namn	Referensielle	Predikasjonnelle	Proposisjonnelle	Illokusjonære	Kompresjonar (Fauconnier, 2008)	Inferensielle (Barcelona, 2011)
definisjon	Noko refererer til noko anna (ein entitet står for ein annan entitet)	Metonymien er knytt til predikatet (det som vert sagt om subjektet)	Kombinasjon mellom ein referensiell metonymi og ein predikasjonell metonymi	Indirekte talehandlingar	Ulike relasjonar og saksforhold vert komprimerte	Implikaturane er metonymistyrte og ikkje konvensjonelt knytte til den grammatiske strukturen
Døme	<i>Vi treng fleire hender</i> [<i>'folk'</i>] <i>Det er ein Picasso</i> [<i>'måleri målt av Pablo Picasso'</i>] <i>Dresden vart bomba som hevn for Coventry</i> [<i>'bombinga av Coventry'</i>]	<i>Dei måtte leggja ned produksjonen</i> [<i>'dei la ned produksjonen'</i>]	<i>Slottet måtte kommentera saka</i> [<i>'kommunikasjonsansvarleg ved Slottet kommenterte saka'</i>]	<i>Kan du opna vindauget?</i> [<i>'øpn vindauget!'</i>]	<i>Churchill bomba Dresden.</i> <i>Ei varm jakke.</i>	Opposition M.P. (referring to the Prime Minister): «But what can we expect, after all, of a man who wears silk underpants?» Prime Minister (rising calmly): «Oh, I would have never thought the Right Honorable's wife could be so indiscreet!» (Barcelona, 2011)

Figur 2: Oversyn over metonymitypar føreslegne i metonymilitteratur

Metonymi som prototypekategori

Fleire har teke til orde for at metonymi best kan forståast som ein prototypisk kategori, dvs. at det finst metonymitypar som er meir typiske eller sentrale medlemar av kategorien enn andre typar. Barcelona (2011) skil mellom det han kallar «skjematiske», «typiske» og «prototypiske» metonymiar, som alle er del av eit kontinuum. Kövecses (2010) handsamar òg metonymi som ein prototypekategori og hevdar at referensielle metonymiar der ein entitet står for (refererer til) ein annan, er den prototypiske forma for metonymi. Panther (2005: 370) hevdar at «in a prototypical metonymy the target meaning is more prominent than the source meaning, although the source meaning

must of course have a sufficient degree of salience in the context of the utterance in order to be able to activate the target.»

Peirsman & Geeraerts (2006) har saumfare metonymilitteraturen etter ulike omgrepsmetonymiar (metonymiske mønster) og identifisert og klassifisert dei ulike metonymiane etter kva typar nærleik (kontiguitet) dei er baserte på. Dei har sett opp ein modell for prototypisiteten til metonymi som tek utgangspunkt i grad av tilgrensing i følgjande tre dimensjonar:

- grad av kontakt
- grad av avgrensing
- område

Graden av nærleik er proporsjonal med graden av prototypisitet. Ifølgje Peirsman & Geeraerts er romleg del-heilskap-kontiguitet den mest prototypiske forma for metonymi. Dei andre metonymitypane er mindre prototypiske, men dei er organiserte todimensjonalt på same måte som den romlege (sjå oppsett nedanfor). Denne utvidinga frå det prototypiske mønsteret er basert på likskap og derfor metaforisk av natur, skriv Peirsman & Geeraerts. Kvar type kontiguitet har òg intern prototypestruktur, dvs. meir eller mindre prototypiske medlemar. Peirsman & Geeraerts opererer med fire ulike område for kontiguitet: 1) rom; 2) tid (som er nært forbunden med rom); 3) handlingar, hendingar og prosessar og 4) samlingar. Denne modellen kjem eg til å nytta til å gjera greie for relasjonar mellom sjukdommen og den sjuke personen i avsnitt 5.2.2. I det følgjande vert derfor modellen til Peirsman & Geeraerts presentert, med mine kommentarar eller ev. deira døme på dei ulike typane:⁷⁴

⁷⁴ Peirsman & Geeraerts nyttar *and* mellom namna på entitetane når retninga på metonymien er uspesifisert.

Når retningar skal spesifiserast, nyttar dei *for*.

1) romleg kontiguitet

grad av kontakt

- a. den mest prototypiske er DEL-HEILSKAP-metonymiar
- b. BEHALDAR-INNHALD kjem deretter, sidan graden av kontakt er lågare; innhaldet kan lett skiljast frå behaldaren
- c. PLASSERING OG PLASSERT: lågare grad av kontakt
- d. ENTITET OG NABO: Her er det snakk om noko som er plassert inntil/nær noko anna, som t.d. klesplagg (ligg inntil kroppen), eller personar (plasserte nær bordkanten)

grad av avgrensing:

- e. MATERIAL og OBJEKT: Peirsman & Geeraerts skil denne kategorien ut frå DEL og HEILSKAP, då dei meiner at han best kan plasserast på aksen 'grad av avgrensing' (*boundedness*), då materiale er uavgrensa, medan heilskapen er avgrensa.
- f. «objektet» kan òg vera uavgrensa, som kakao (drikken)
- g. behaldaren kan vera uavgrensa, medan innhaldet kan vera avgrensa individ. Peirsman & Geeraerts nemner det nederlandske uttrykket *bubbels* for 'champagne'⁷⁵

2) temporal kontiguitet (speglar romleg kontiguitet sidan TID vert konseptualisert vha. ROM)

- a. temporal DEL og HEILSKAP: t.d. *morgon* nytta om heile morgondagen, ikkje berre om delar av dagen (jf. *morgon*, *middag*, *ettermiddag*, *kveld*, *natt*)
- b. TID og ENTITET: tida vert konseptualisert som ein behaldar⁷⁶
- c. FORLØPAR og ETTERFØLGJAR: t.d. det greske ordet *phobos*, som først hadde tydinga 'flukt', før det kom til å tyda 'redsle' (jf. *fobi*)

3) kontiguitet i handlingar, hendingar og prosessar (i det følgjande omtalt som *hendingar*), som kombinerer romleg og temporal kontiguitet og er organiserte på same måten som dei to andre områda, og som ifølgje Peirsman & Geeraerts er svært produktiv

⁷⁵ Dette uttrykket har vi ein parallell til i norsk, sjå t.d.: <http://www.dinside.no/928692/gode-tips-til-bobler-i-glasset>, der ein vinekspert m.a. tilrår «franske bobler fra Burgund».

⁷⁶ Kinn (2001: 156f.) drøftar ein type bruk av den norske preposisjonen *med* som kan klassifiserast som TID og NABO, nemleg uttrykk av typen «Måneder med hærverk», der tida vert konseptualisert som ei linje (jf. *tidslinje*) som aktiviteten (her: hærverk) utfaldar seg parallelt langsmed.

- a. DELHENDING og KOMPLEKS HENDING (heile hendinga, maksimal grad av kontakt, DEL og HEILSKAP)
- b. HENDING og TILSTAND (grad av avgrensing; tilstand er uavgrensa)
- c. HENDING og DELTAKAR (grad av kontakt: førstnemnde er konseptualisert som BEHALDAR, deltakaren er INNHALD)
 - i. HENDING og AGENS
 - ii. HENDING og PATIENS
 - iii. HENDING og PLASSERING
 - iv. HENDING og TID
 - v. HENDING og INSTRUMENT
- d. HENDING og DELTAKAR (grad av avgrensing) deltakaren kan vera ein uavgrensa entitet, eller det kan vera snakk om ein TILSTAND heller enn HENDING (tilstandar er uavgrensa)
- e. ÅRSAK og EFFEKT (lågare grad av kontakt, kontakt) kan involvera avgrensa så vel som uavgrensa entitetar
- f. DELTAKAR og DELTAKAR (låg grad av kontakt, nærleik)
 - i. LEIAR og LEIDD(E)
 - ii. EIGAR og EIGEDOM
 - iii. PRODUSENT og PRODUKT
 - iv. PRODUKSJONSSTAD og PRODUKT
 - v. INSTRUMENT og RESULTAT

4) kontiguitet i samlingar (tolka som utvidingar av del–heilskap-relasjonen til å gjelda samlingar, og som å ha same organiseringa som dei andre områda). Merk skilnaden mellom taksonomi (hyperonym–hyponym) og partonomi (holonym–meronym / partonym), og mellom dei to typene partonymi: 1) heilskap av ulike delar (kroppen), 2) heilskap av tilnærma like delar (bisverm), der sistnemnde inneber lågare grad av kontakt samanlikna med førstnemnde.

- a. KJENNETEIKN og ENTITET
- b. INDIVID og SAMLING
- c. OBJEKT og KVANTITET / MENGD
- d. SENTRAL FAKTOR og INSTITUSJON
- e. HYPONYM (underkategori) og HYPERONYM (overkategori)

Den siste kategorien (e.) er rekna for eit grensetilfelle av metonymi. Mange vil heller rekna døme som

1) «gå på pillar» (‘gå på p-pillar’)

og

2) «lypsyl» brukt om alle merke av leppepomade, jf. «Har noen tips om en god lypsyl som fungerer?»⁷⁷

for døme på høvesvis spesialisering og generalisering, dvs. at eit ord får smalare eller vidare denotasjon, sjå t.d. Croft (2006). Peirsman & Geeraerts lét spørsmålet stå ope. Sjå òg drøfting i Kövecses & Radden (1998), som reknar (e.) som (spesial)tilfelle av metonymi, sidan kategoriar metaforisk vert omgrepsleggjorde som behaldarar med innhald (HEILSKAP), og kategorimedlemar som innhald i behaldaren (DELAR).

Etter at eg no har gjort greie for metafor og metonymi, vil eg avslutningsvis i dette kapitlet komma med nokre metodiske og terminologiske avklaringar.

3.8 Metodiske merknadar og operasjonalisering

Eg vel å i regelen snakka om domene når eg drøftar metafor og metonymi generelt. Ifølgje Clausner & Croft (1999) er *domain* det mest generiske namnet for den kunnskapsstrukturen som tener som forståingsbakgrunn for omgrep, og det er den termen som er mest nytta i metafor- og metonymilitteraturen sett under eitt. Det er ikkje slik at ein slepp unna dei problema som heftar ved *domene*, ved å byta namn, for til sjuande og sist refererer dei ulike termene (*ramme*, *ICM*, *domene*) til om lag det same (Clausner & Croft, 1999), sjølv om dei framhevar kvar sitt perspektiv på det fenomenet dei refererer til. Når det gjeld metonymisk bruk av schizofrenitermane, nyttar eg derfor

⁷⁷ <http://vgd.no/samfunn/likestilling/tema/748988/tittel/lypsyl>

ICM-termen (sjå drøfting i 3.6). Eg nyttar òg *ramme* ved nokre høve, t.d. når eg drøftar framingsteori, eller når eg vil aksentuera at det er snakk om ein forståingsbakgrunn.

I utarbeidinga av operasjonelle kriterium for kva som skal telja som eit funn av ein språkleg metafor i analysetekstane mine, har eg delvis teke utgangspunkt i metodane MIP og MIPVU – sistnemnde er ei vidareføring av MIP.⁷⁸ Desse to er operasjonaliserte prosedyrar for identifikasjon av språklege metaforar. MIP vart utvikla av ei rekkje kjende metaforforskarar,⁷⁹ og MIPVU vart utvikla av eit forskarteam ved Vrije Universitet Amsterdam leidd av Gerard Steen, sjå Pragglez-Group (2007), Steen, Dorst, & Herrmann (2010), sjå òg Cameron & Maslen (2010), Kövecses (2010) og Semino (2008).

Tradisjonelt har metaforforskarar nytta eigen intuisjon av kva som er ein metafor, og idiosynkratiske skilnadar kan dermed vera ei feilkjelde i metaforanalyse. Den såkalla Pragglez-gruppa har difor utvikla den såkalla MIP-metoden, som er meint å skulla kunna redusera denne feilkjelda. I denne metaforidentifikasjonsprosedyren er framgangsmåten for å finna metaforar i ein tekst som følgjer:

1. Read the entire text–discourse to establish a general understanding of the meaning.
2. Determine the lexical units in the text–discourse
3. (a) For each lexical unit in the text, establish its meaning in context, that is, how it applies to an entity, relation, or attribute in the situation evoked by the text (contextual meaning). Take into account what comes before and after the lexical unit.
(b) For each lexical unit, determine if it has a more basic contemporary meaning in other contexts than the one in the given context. For our purposes, basic meanings tend to be
 - More concrete; what they evoke is easier to imagine, see, hear, feel, smell, and taste.
 - Related to bodily action.
 - More precise (as opposed to vague)

⁷⁸ MIP: *Metaphor Identification Procedure*, MIPVU: *Metaphor Identification Procedure Vrije Universiteit*.

⁷⁹ Nærare bestemt Peter Crisp, Ray Gibbs, Alan Cienki, Gerard Steen, Graham Low, Lynne Cameron, Elena Semino, Joseph Grady, Alice Deignan og Zoltan Kövecses – gruppa har dermed fått akronymet *Pragglez*.

—Historically older.

Basic meanings are not necessarily the most frequent meanings of the lexical unit.

(c) If the lexical unit has a more basic current–contemporary meaning in other contexts than the given context, decide whether the contextual meaning contrasts with the basic meaning but can be understood in comparison with it.

4. If yes, mark the lexical unit as metaphorical.

(Pragglejaz-Group, 2007: 3)

I MIP-metoden rår ein til å konsultera ordbok eller korpus for å unngå subjektive vurderingar. (Val av ordbok eller ev. korpus vil sjølvsagt kunna påverka resultatet, sjå fotnote 215.)

Semino (2008: 13) skriv at steg 3 i MIP kan reformulerast i OMT-vendingar: «The basic meaning and the contextual meaning correspond to elements of different conceptual domains» og «the contextual meaning can be understood in terms of a cross-domain mapping».

Sjølv om MIP-metoden er eit prisverdig forsøk på å standardisera metaforidentifikasjon, er han ikkje tilstrekkeleg for å finna alle typar metafor. Ein metafortype som går under radaren til MIP-metoden, og som er aktuell for mine analysar, er ontologiske metaforar/grammatiske metaforar (sjå 4.2.2).

Steen et al. (2010) har laga ein ny versjon av MIP, kalt MIPVU, der m.a. kategoriane direkte metafor, implisitt metafor⁸⁰ personifisering/besjeling og metaforsignalisering

⁸⁰ Steen, Dorst, Herrmann, et al. (2010) definerer *implicit metaphor* som tilfelle der eit antecedent metaforuttrykk vert pronominalisert eller utelate. Eg har i mine undersøkingar ikkje talt med tilfelle der ord fungerer som synonym, hyperonym eller andre former for omskriving av dei aktuelle termene. Tala eg presenterer for dei ulike undersøkingane mine, er baserte på reine treff på dei ymse søkjeorda. Ellipsar og substitusjonar er ikkje tekne med, som t.d.

Den sjuke [= den schizofrene] kan dessutom tidvis bli oresonlig och rastlös, "springer ute" och hänger sig åt ett slött dagdrivarliv. (Lu: 179).

Her er ikkje omskrivinga «Den sjuke» teken med som treff på «den schizofrene», sjølv om det ut frå den gjevne konteksten er eintydig at «sjuk» her er ekvivalent med «schizofren». Det følgjer av dette at tala for t.d. substantivisk bruk av sjukdomsrelaterte adjektiv, som sitatet over er eit døme på, er høgare enn det eit talmateriale basert på reine treff på schizofrenitermane åleine indikerer. Grunnen til at tilfelle som «den sjuke» ikkje er talde med, er omsyn til tidsbruk og vanskeleg grenseoppgang. Ved å avgrensa meg til reine treff, slepp eg å finleska konteksten for å tolka om det er rimeleg å tolka omskrivingane som ekvivalente med schizofrenitermane.

er inkluderte. Direkte metafor er definert som språkbruk der referansen er direkte, men der utsegna impliserer ei metaforisk kopling mellom to ulike domene, som er tilfelle i similar. Jamfør skilnaden på referansen til ordet *løve* i uttrykka *Akilles er ei løve* og *Akilles er som ei løve*, der *løve* i sistnemnde utsegn er ein direkte referanse til eksemplar av arten *Panthera leo*, medan *løve* i førstnemnde utsegn har ein meir indirekte referanse, der mottakar må avgjera kva slags «løve» Akilles er, eller meir presist, i kva forstand Akilles kan seiast å vera ei løve (mitt døme). Poenget er at begge utsegnene impliserer ei kopling mellom to ulike domene, der det eine (LØVE) vert nytta til å omgrepsleggjara det andre (AKILLES), slik at ein kan hevda at sjølv om ingen ord er nytta i overført tyding, inneber utsegna ei samanlikning av to domene. Men heller ikkje MIPVU kan fanga opp grammatiske metaforar (ein type ontologiske metaforar), som er sentrale i m.a. vitskapspråk (sjå analysen i kap. 6).

Eg nyttar følgjande operasjonelle definisjon av språkleg metafor i analysearbeidet mitt:

- Den kontekstuelle tydinga til eit ord eller eit fleirordsuttrykk kan seiast å kontrastera med ei distinkt og meir basal⁸¹ tyding eller med ein meir kongruent uttrykksmåte (sjå drøfting av grammatiske metaforar i 4.2).
- Tilhøvet mellom den kontekstuelle og den basale tydinga kan forklarast av ei likskapsbasert (eller korrelasjonsbasert, sjå avsnitt 3.3.2) tilordning mellom to ulike domene.

MIP og MIPVU strekk altså ikkje heilt til for mine føremål, men det er nyttig å byggja på innsikter frå denne metoden. Mellom anna tek forskarane bak metodane til orde for å nytta ordbøker som kjelde for å eliminera den potensielle feilkjelda å basera seg utelukkande på eigen intuisjon for å avgjera kva som skal telja som ein språkleg metafor. Ordbøker kan gje informasjon om meir basale tydingar av eit ord funne i ein

⁸¹ Med basal meiner Steen et al. (2010: 35) ‘meir konkret, spesifikk og menneskerelatert’, og i regelen òg ‘historisk eldre’.

tekst, og dersom det metaforiske uttrykket er oppført i ordboka, kan ein gå ut frå at det er konvensjonelt og etablert i det aktuelle språket. For mitt føremål er fleire ordbøker aktuelle, og dei eg har nytta mest, er følgjande:

Nynorskordboka (nettversjonen) (UiO/Språkrådet, 2015), forkorta til *NOB* i teksten min.

Bokmålsordboka (nettversjonen) (UiO/Språkrådet, 2015), forkorta til *BOB* i teksten min.

Svenska Akademiens ordbok (nettversjonen) (Svenska Akademien, 2016), forkorta til *SAOB* i teksten min.

Den danske ordbog (nettversjonen) (Det Danske Sprog- og Litteraturselskab), forkorta til *DDO* i teksten min.

Ordbog over det danske sprog – Historisk ordbog 1700–1950 (nettversjonen) (Det Danske Sprog- og Litteraturselskab), forkorta til *ODD* i teksten min.

Oxford English Dictionary (nettversjonen) (Oxford University Press, 2016b), forkorta til *OED* i teksten min.

Oxford Dictionary of English (nettversjonen) (Oxford University Press, 2016a), forkorta til *ODE* i teksten min.

Norsk medisinsk ordbok (Øyri, 1992)

Når det gjeld metonymiidentifikasjon, nemner ikkje MIP-/MIPVU-metoden noko om dette, men eg har utarbeidd følgjande operasjonelle definisjon:

- Dersom eit ord/fleirordsuttrykk opptrer i ein tekst med ei kontekstuell tyding som kontrasterer med ei basal tyding, og dersom tilhøvet mellom den kontekstuelle og den basale tydinga ikkje kan forklarast vha. ei tilordning mellom ulike domene, men derimot med eit pragmatisk samband mellom ulike aspekt ved eller entitetar i eitt domene, har vi med ein språkleg metonymi å gjera.

Døme: Dersom ein i ein tekst støyter på ordet *tyggja* i konteksten «X togg på forslaget» og lurar på om det er nytta biletleg, kan ein slå opp verbet *tyggja* i NOB og finna følgjande oppslag:

II tygge verb; el II tyggje verb (norr. *tyggja, tyggva*) knuse, male, elte (mat) med tennene

sitje og tygge / tygge maten godt / tygge skrå, tyggjegummi, drøv / sjå ut som ein er toggen og utattspytta svært medteken / tygge på ei flis / eg vil tygge på forslaget, tilbodet tenkje over litt / der fekk du noko å tygge på tenkje på, bite i

Den konkrete, «bokstavelege» tydinga (grunntydinga) av verbet *tyggja* er «knuse, male, elte (mat) med tennene». Dersom verbet er nytta i teksten med kontekstuell tyding 'tenkja over', er det døme på metaforisk bruk av ordet, fordi den kontekstuelle tydinga kontrasterer med grunntydinga av ordet (det er ein vesentleg skilnad på å elta mat med tennene og å tenkja over noko). Likevel kan ein postulera ein motivasjon for kvifor vi nyttar ordet i begge desse tydingane. I dette tilfellet er det snakk om ei korrelasjonsbasert tilordning mellom to domene, MAT og KOGNISJON, sjå t.d. Kövecses (2010) si drøfting av metaforen IDEAS ARE FOOD. Denne metaforen er konvensjonell, då vi finn tydingsvarianten lista i ordboksoppslaget som 'tenkja på'.

Dersom ein i ein tekst støyter på ordet *auge* i konteksten «samtale under fire auge» og lurar på om det er nytta biletleg, kan ein slå ordet opp i NOB og finna følgjande tydingsvariantar (eg har sett inn kommentarar i hakeparentesar):

1 synsorgan (ofte om den fremre synlege delen) [som er den basale tydinga av ordet]

2 synsevne, synssans [ei metonymisk utviding; SANSEORGAN FOR SANS]

3 synsfelt; blikk [ei metonymisk utviding; SANSEORGAN FOR DET SOM VERT SANSA]

4 augelag [ei metonymisk utviding; SANSEORGAN FOR EIGENSKAP VED SANSEORGAN]

5 rundt eller rundvore merke eller liknande [ei metaforisk utviding; biletmetafor basert på oppfatta fysisk likskap]

6 opning, hol [ei metaforisk utviding; biletmetafor basert på oppfatta fysisk likskap]

7 i mange uttrykk som gjeld medvit, merksemd og kjensler [truleg metaforiske utvidingar, eventuelt med metonymi innbakt]

Uttrykket *under fire auge* er lista under punkt 7 med tydinga ‘toeine (i samtale)’, og uttrykket er dermed å rekna som konvensjonelt. Ein kan postulera ein motivasjon for uttrykket ved å visa til ein del–heilskap-relasjon i domenet MENNESKE, nemleg at menneske (heilskap) har to auge (del). Ein samtale under fire auge er ein samtale mellom to menneske. Som typisk er for metonymiar, er det ikkje tilfeldig kva kroppsdel som er nytta for å referera til heile mennesket. Her er motivasjonen for val av kroppsdel den korrelasjonsmetaforiske koplinga mellom SYN og FORSTÅING, jf. avsnitt 3.3.2. Men uttrykket «samtale under fire auge» er ikkje metaforisk, sidan det de facto er fire auge til stades i ein samtale mellom to (normalt utrusta) personar.

Når det gjeld kva språklege funn som skal telja som ein levande språkleg metafor, og korleis det språklege uttrykket er relatert til eventuell metaforisk tanke, vert dette nærare drøfta i kap. 7. Det er uansett viktig å presisera at det på grunnlag av ei undersøking som denne, som baserer seg på undersøkingar av autentiske tekstar, og som ikkje nyttar psykolingvistiske undersøkingmetodar, ikkje er grunnlag for å hevda at ein metafor nytta av ein språkbrukar nødvendigvis er levande for denne språkbrukaren eller for den han kommuniserer med, dvs. at den konkrete/opphavlege tydinga til det metaforisk nytta uttrykket er mentalt tilgjengeleg, eller at han omgrepsleggjer måldomenet vha. kjeldedomenet. På den andre sida har ein heller ikkje grunnlag for sikkert å hevda at ein metafor nytta av ein språkbrukar er død for språkbrukaren eller for den han kommuniserer med.

I dette kapitlet har eg presentert metafor- og metonymiteoriar om språk generelt. Eg skal i det neste kapitlet drøfta kva funksjonar metafor har – og kva potensielle fallgruver metaforbruk inneber – i ein vitskapeleg kontekst.

4. Metaforen si rolle i vitenskapsspråk

I dette kapittelet vil eg drøfta metafor med eit meir spesifikt perspektiv, nemleg vitsskapeleg tenking og vitsskapspråk. Det er i all hovudsak metaforen si rolle som har vore drøfta i litteraturen, og den teoretiske drøftinga vil derfor dreia seg mest om metafor, med små innslag av referanse til metonymi her og der.

At metafor i det heile spelar ei rolle, eller bør spela ei rolle, i vitsskapspråk, er framleis kontroversielt for somme. Andre har framheva metafor som eit uunnverleg hjelpemiddel i vitsskapeleg tenking og språk. Dette kapittelet er bygt opp på følgjande måte: I 4.1 tek eg for meg vitsskapspråk generelt, før eg i 4.2 drøftar metaforbruk i vitsskapspråk, herunder dei ulike funksjonane til vitsskapsmetaforar (4.2.1), teorien om grammatiske metaforar (4.2.2) og metaforen si rolle i utviklinga av vitsskapeleg terminologi (4.2.3).

4.1 Vitsskapspråk

Kva er kjenneteikna på vitsskapspråk? Rienecker et al. (2006: 310–11) listar opp følgjande generelle krav til vitsskapeleg språk som gjeld på tvers av dei ulike fagdisiplinane: objektivitet; uttømmende informasjon; presist, forståeleg og eintydig språk; grunngjeving av påstandar; konsistent og reliabel framstilling; presis dokumentasjon; definisjon av termar med ulike tydingsnyansar; samanheng i teksten. Eg skal ikkje ta for meg alle desse kriteria, men vil problematisera følgjande kriterium sett i relasjon til metaforen si rolle i vitsskapspråk: objektivitet, presisjon og eintydig språk.

Noko vasssett skilje mellom vitsskapspråk og allmennspråk finst ikkje. Det er mange samband mellom ikkje-vitsskapeleg og vitsskapeleg språk:

Enhver vitenskapelig teori, selv den mest abstrakte, er forbundet med våre dagligdagse begreper og erfaringer gjennom et nettverk av logiske forbindelser;

enhver setning impliserer eller impliseres av andre, fra de mest teoretiske til de mest dagligdagse. (Føllesdal, 2002: 59)

Vitkapsfolk kan ikkje frigjera seg frå språket sine avgrensingar, reglar og konvensjonar. Vitkapspråk er ikkje eit eige språk,⁸² lausrive frå daglegspråket, det er ein variant av daglegspråket – med fagspesifikk terminologi, sjargong, stil og syntaks:

Let us confess, immediately, that the language of science is first and foremost – language: subject to the same facts and fantasies as ordinary language; and that the modes of scientific thinking are, to a great extent, an integral part of language in general. [...] The difference with scientific inquiry lies in its rigorous, close-fitting use of these thought modes. (Darian, 2003: 2)

Faber (2012: 1–2) skriv at sjølv om vitkapspråk deler mange trekk med daglegspråk, skil det seg ut pga. den semantiske børa (*load*) til terminologiske einingar, som namngjev entitetar, relasjonar og prosessar i eit vitkapeleg eller teknisk felt. Når desse terminologiske einingane er nytta i vitkapspråk, aktiverer dei sektorar i det aktuelle spesialiserte domenet ved å framheva konfigurasjonar av omgrep. Ifølgje Faber er vitkapelege termar oftast substantiviske samansettingar med spesifikke tydingar, og dei opptrer i stort omfang i vitkapelege tekstar. Eitt av kjenneteikna på vitkapspråk er høg frekvens – og ofte innforstått bruk – av fagtermar, noko som gjer at vitkapelege tekstar er vanskelege å forstå for dei som ikkje tilhøyrer det aktuelle fagfeltet.

Den store tettleiken av semantisk «sprenglasta» termar er vidare med på å gjera vitkapeleg språk informasjonstett, noko som er eitt av kjenneteikna på sjangeren (Guillén Galve, 1998). Orddanning er ein sentral mekanisme i høve til å pakka informasjonen tettare. Faber nemner samansettingar, men eg vil understreka at òg avleiingar er aktuelle her. Uttrykk for grammatiske metaforar (sjå 4.2.2), som nominaliseringar, er i regelen avleiingar, men dei kan i tillegg inngå som ledd i

⁸² Det finst rett nok spesialspråk for musikk, matematikk og logikk, men desse språka føreset bruk av «vanleg» språk for å forklara problemstillingar m.m.

samansettingar, som t.d. *schizofrenispektrumlidning*, der etterleddet er ei nominalisering avleidd av verbet *lida*, og der forleddet er ei samansetting som består av den psykiatriske fagtermen *schizofreni* og den meir generelle vitskapelege termen *spektrum*.

Sjølv om objektiv språkbruk er eit krav som vert stilt til vitskapelege framstillingar av eit emne, er det etter mange sitt syn grenser for kor objektiv ein kan vera, då formidlingsmediet (dvs. språket) ikkje kan reknast som objektivt. Språket er ikkje objektivt og eksakt, men forma etter vårt sanseapparat. Språket reflekterer våre kognitive evner og fysiske og kulturelle erfaringar (Talmy, 2000; Lakoff & Johnson, 1980b; Langacker, 1999). Det er ikkje noko direkte, ein-til-ein-forhold mellom språket og verda. Språket deler opp, samlar, komprimerer, framhevar, løyner, tingleggjer og/eller lagar gestaltar av ulike aspekt ved verda som ein refleksjon av korleis vi persiperer ho. Det er ikkje eit nøytralt medium, men gjev eit sosialt og kulturelt perspektiv på korleis kunnskap vert strukturert, uttrykt og oppfatta. Språket er mellom anna med på å legitimera sosiale verdiar ved å fungera som eit sosialt og kulturelt filter: Det er ein sosial **undersøkningsreiskap** (ein observerer og undersøker den sosiale åtferda til andre gjennom språket) og eit sosialt **barometer** (der menneske syner seg sjølv for andre gjennom språkbruken sin) (St. Clair, 2002: 53–4). Dette gjeld ikkje minst for psykiatri, då ein her nyttar språket både til samtaleterapi og til diagnostisering (sjukdomskriteria er formulerte i språklege retningslinjer, og undersøkningsfunna er formulerte i språklege notat – avvikande språk er i tillegg rekna som eit teikn på psykisk sjukdom). Språk er historisk nedarva menneskelege symbolsystem og dermed òg sosialt konstruerte (om enn ikkje medvite konstruerte, jf. Keller (1994)). Kvant språk har nedfelt lokale, sosiokulturelle måtar å oppfatta verda på:

Språket objektiviserer de felles erfaringene og gjør dem forståelige for alle innenfor det lingvistiske fellesskapet, dermed blir språket både en basis og et redskap for det kollektive lageret av kunnskap. Videre er språket et middel til objektivisering av nye erfaringer, slik at de lar seg innlemme i det allerede eksisterende lageret av kunnskap, og det er det viktigste middelet når det gjelder

overføring av de objektiverte avleiringene i henhold til det aktuelle kollektivets tradisjon. (Berger & Luckmann, 2000: 82)

Språket vårt kan altså vera med på å forma inntrykka våre av verda, fordi oppfatningane og teoriane vi har om verda, sjølv dei mest vitskapelege, må bli uttrykte i språk for å kunna kommuniserast:

Våre observasjoner av den fysiske natur er avhengige av hvilke oppfatninger vi har, dvs. hvilke teorier vi tror på. Ikke bare er de dataer man registrerer avhengige av vårt språk, av den terminologi vi anvender i våre teorier, men selve *observasjonene* er teoriavhengige. Etter hvert som våre teorier forandrer seg, vil ikke bare vår beskrivelse av vår sanseerfaring forandre seg, men selve erfaringen blir en annen. [...] Grunnen til at observasjonene er teoriavhengige er at de fysiske impulser som når våre sanseorganer [...] ikke er tilstrekkelig til å fastlegge hva vi sanser [...] (Føllesdal, 2002: 112–4)

Jamfør med avsnitt 3.2.2 og med følgjande sitat frå Evensen, som stammar frå ei tid då ‘dementia præcox’ starta å etablera seg som sjukdomskategori i psykiatrien:

Den gruppe, som nu gaar under navn af dementia præcox (primær juvenil demens, pubertetsdemens o.l.) er ikke barn af den tid, som har faaet øinene op for den, ikke en følge af kulturens nyeste fremskridt eller af forandrede livsbetingelser. Af hensyn til sindssygelæger, som endnu staar i den tro, at de ikke har seet disse tilfælde eller ialfald kun stødt paa dem som rene sjeldenheder, er det ikke overflødigt at gjøre opmærksom herpaa. Det kommer her som andensteds an paa øinene, som ser, og har man først faaet aabent blik for disse former, vil man snart forbauses over deres talrighed. Det nærmeste er da gjerne, at man synes, gruppen vokser én over hovedet, naar man konsekvent søger at gennemføre denne betragtningensmaade, og man begynder at tvile paa, om det kan være rigtigt fat med fremskridtet ved det «nye» sygdomsbegreb. (Evensen, 1904: 188)

Det måtte altså eit lansert sjukdomsogrep og ein ditto psykiatrisk fagterm til før klinikanane fekk «auga opp» for fenomenet. Fire år seinare lanserte Bleuler eit nytt omgrep og ein ny term, og psykiatrien fekk eit nytt syn på fenomenet. (Eigentleg fekk det internasjonale fagfeltet fleire nye syn, sjå 5.2.)

På bakgrunn av dette kan Kuhn (1979: 418) sitt spørsmål gje mening: «Is what we refer to as «the world» perhaps a product of a mutual accommodation between experience and language?» Pinker (2007: 259) hevdar på si side at «the methodical use of metaphor in science shows that metaphor is a way of adapting language to reality, not the other way around, and that it can capture genuine laws in the world, not just project comfortable images onto it.»

Men kva er eigentleg samanhengen mellom observasjon av omverda og språket?

Som nemnt i kap. 3 er det slik at hjernen tolkar sanseintrykk og lagar heilskapar og mønster av sanseopplevingar frå ulike modalitetar. Persepsjon er eit samspel mellom ytre stimuli, sanseorgan og indre strukturar. Desse indre strukturane er dels utvikla som følgje av erfaringar med omverda, dels som følgje av verbal instruksjon, dvs. språkleg opplæring. Stimuli frå omverda vert mottekne av sanseorgana våre, men kognitive strukturar tolkar dei og bestemmer kor mykje informasjon frå omverda vi tek opp. Persepsjonsprosessen inneber m.a. å velja ut kor stor del av sanseopplevingane som skal nå medvitet vårt, pluss å organisera desse opplevingane og tillegga dei mening. Ytre påverknad og indre strukturar tilpassar seg kvarandre over tid.

Dei indre kognitive strukturane (omgrep og skjema) er byggjesteinane til tankar og idear. Språket er eit medium der tankeinnhald kan omkodast til ei form som er ekternaliserbar, dvs. lèt sendar kommunisera tankane sine til ein mottakar. Språket fungerer som ein serie stikkord som lèt mottakar rekonstruera eller danna tankeinnhald, sidan tydingsinnhaldet til ei språkleg eining er knytt til omgrep. Det som er viktig for oss, har vi ord for. Dersom det manglar eit ord for noko vi oppfattar som viktig, lagar vi eit nytt ord for det, eller vi nyttar eksisterande ord på ein ny måte, dvs. i overført tyding. Metafor og metonymi er dermed viktige hjelpemiddel for å setta ord på og omgrepsleggjera ymse fenomen, ikkje minst dei fenomena som er nyoppdaga, abstrakte og/eller lite forståtte, eigenskapar som gjerne kjenneteiknar vitksapelege forskingsobjekt.

4.2 Metaforbruk i vitenskapsspråk

Tradisjonelt har ein del filosofar og vitenskapsfolk, særleg innanfor logisk positivisme, vore djupt skeptiske til bruk av biletleig språk i vitenskapelege samanhengar, men det er no ei aukande forståing, i alle fall hjå ein del, for at metafor er ein sentral mekanisme når det gjeld oppnåing og formidling av kunnskap (Semino, 2008: 131). (Sjå Knudsen (2015) for ei undersøking av ulike syn på metafor i vitenskap innanfor biologiske fag.) Steen, Dorst, Herrmann, et al. (2010) fann i ei undersøking av eit britisk korpus at av dei fire sjangrane akademiske tekstar, nyheiter, fiksjon og konversasjon, var det faktisk akademiske tekstar som hadde høgast andel av metaforisk nytta ord, med 18,5 %, medan dei tre andre hadde høvesvis 16,4 %, 11,7 % og 7,7 %.

Metaforforskarar er etter kvart blitt interesserte i å undersøkje bruk av metafor i spesialistspråk, som t.d. vitenskapsspråk (Herrmann, 2013; Herrmann & Berber Sardinha, 2015), og vitenskaps- og fagspråksforskarar er blitt interesserte i metaforen si rolle i vitenskapsspråk. Faber & Rodríguez (2012) snakkar om ei kognitiv vending innanfor terminologiforskning (dvs. ei dreining mot kognitiv lingvistikk), sjå òg Krüger (2014). Sánchez et al. (2012: 34) skriv:

Over the last ten years the pervasiveness of metaphor in scientific and technical texts has come under closer scrutiny, and has been studied in a wide range of specialized knowledge domains from biomedicine to mining [...] Metonymy, however, has largely been ignored.

(Denne mangelen prøver eg å bøta litt på, då eg undersøker metonymisk bruk av vitenskapelege termar empirisk i kap. 6.) Endringar i synet på metafor i vitenskapsspråk må forståast på bakgrunn av innføringa av ein vid metafordefinisjon, der ikkje berre påfallande metaforar, men òg innprenta og/eller kvardagslege metaforar er rekna for levande. I tillegg er metafor no av mange sett på som først og fremst ein kognitiv mekanisme heller enn eit (utelukkande) språkleg fenomen; dei språklege uttrykka er forstått som overflatemanifestasjonar av metaforisk tenking. Det er ikkje slik at ein

alltid lett kan erstatta metaforisk språk med ikkje-metaforiske parafrasar, viss dei språklege metaforane reflekterer ei metaforbasert forståing.

Ifølgje Leary er all kunnskap til sjuande og sist basert på metaforiske eller analogiske måtar å tenkja på, og forståing er ein komparativ og relasjonell prosess. Kunnskapstileigning og -formidling er baserte på metaforiske tenkjemåtar. Vi freistar å forstå fenomen rundt oss ved hjelp av andre, meir forståelege og kjente fenomen (Leary, 1990: 2–3). Fenomen vert konseptualiserte og handsama ulikt ved ulike metaforiske rammeverk, og metaforar spelar ei viktig ideologisk rolle i form av å vera sentrale i det dominerande synet på forskingsobjektet (Semino, 2008). Metaforar er såleis ikkje berre deskriptive, men og transformative (Leary, 1990). Ulike metaforar framhevar ulike aspekt ved det fenomenet dei omhandlar, og samstundes løyner dei andre aspekt ved fenomenet. Val av metafor kan dermed ha følgjer for *korleis* fenomenet vert forstått, eller kva aspekt ved fenomenet som vert *best* forstått. Gentner & Gentner (1983) fann t.d. at val av kjeldedomene for å omgrepsleggjera elektrisitet hadde følgjer for kor godt forsøkspersonane forstod to ulike aspekt ved fenomenet: Ein analogi der elektrisitet vart framstilt som væske i rørsle, gjorde at ei gruppe forsøkspersonar forstod prinsippet bak batteri betre enn dei forstod prinsippet bak resistorar, og ein analogi der elektrisitet vart framstilt som ei stor menneskemengd som skulle passera gjennom ein utgang, gjorde at ei anna gruppe forsøkspersonar forstod resistorar betre enn dei forstod batteri.

4.2.1 Funksjonane til vitskapelege metaforar

Boyd (1979) gjer eit skilje mellom det han kallar konstituerande (*constitutive*) vitskapelege metaforar (som t.d. computermetaforen i kognitiv psykologi) versus eksegetiske metaforar (som t.d. *elektrontskyer* og *ormehøl* i høvesvis fysikk og astronomi). Sistnemnde tener berre til visualisering og kan ikkje bidra til fundamental innsikt i det aktuelle fenomenet. Førstnemnde har ei mykje viktigare rolle i fagfeltet (til dei ev. vert bytte ut med nye metaforar). Boyd nemner ei rekkje kjenneteikn ved konstituerande metaforar. Dei vert introduserte når det er (eller ser ut til å vera) god

grunn til å tru at det er teoretisk viktige likskapar mellom to fenomen. Dei kan ikkje parafraserast vha. ikkje-biletleg språk, og det kognitive innhaldet i dei kan ikkje eksplikerast, noko som gjer at det kan oppstå usemje om korleis dei skal tolkast. Dei er uunnverlege når teoretiske posisjonar skal uttrykkjast.

Vidare har konstituerande metaforar det Boyd kallar *inductive open-endedness*. Målet for vitskapen er å nå fram til eit punkt der ein kan eksplikera nøyaktig det kognitive innhaldet til metaforane, t.d. å komma eksakt fram til på kva måtar t.d. menneske er som computerar. Desse metaforane inviterer til vidare utforsking av likskapar, og til å finna nye likskapar, mellom kjelde- og måldomenet: «Theory-constitutive metaphorical terms – when they refer – refer implicitly, in the sense that they do not correspond to explicit definitions of their referents, but instead indicate a research direction toward them.» (Boyd, 1979: 406) Med andre ord styrer dei forskinga i ei bestemt retning ved å invitera til utforsking av ulike likskapar mellom dei to fenomen som er førte saman i metaforen, òg aspekt som ikkje enno er oppdaga eller forståtte, som òg Leary (1990) er inne på (over).

Følgjande sitat henta frå Arnhild Lauveng, som er utdanna psykolog og tidlegare schizofrenipasient, illustrerer korleis splittingsmetaforen har fungert konstituerande i schizofreniforskinga:

Schizofreni betyr ‘spaltet sinn’, og mange forskere har opp gjennom tidene forsøkt å finne ut mer om hva denne spaltingen og splittingen består i, og hva den kommer av. (Lauveng, 2005: 43)

Boyd skriv at computermetaforen for menneskeleg kognisjon er ein analogi for funksjonelle (relasjonelle) eigenskapar mellom ulike tilstandar og prosessar i menneskesinnet. På same måte kan vi seia at splittingsmetaforen er ein analogi for relasjonen mellom funksjonelle tilstandar og prosessar i menneskesinnet (eller nærare bestemt i dette tilfellet: manglande eller defekte relasjonar og dysfunksjonelle tilstandar og prosessar).

Eit særtrekk ved konstituerande vitskapelege metaforar er ifølgje Boyd at dei i regelen vert tolka av vitskapsfolka sjølve, medan metaforar i andre sjangrar vert tolka av mottakaren (t.d. er det litteraturkritikaren og lesaren som tolkar skjønnlitterære metaforar), og fagfeltet er nøydd til å forholde seg til dei konstituerande metaforane:

Theory-constitutive scientific metaphors [...] become, when they are successful, the property of the entire scientific community, and variations on them are explored by hundreds of scientific authors without their interactive quality being lost. They are really conceits rather than metaphors – and conceits which extend [...] through the work of a generation or more of scientists. (Boyd, 1979: 361)

Sjølv om Boyd si framstilling ser ut til å hatt stor innverknad på synet på metafor i vitskap, er ikkje distinksjonen hans mellom eksegetiske (pedagogiske) og konstituerande (teoribyggjande) metaforar uproblematisk. Semino (2008) viser til at vitskap utviklar seg heile tida, og at det som før var konstituerande metaforar kan mista si sentrale rolle, men framleis vera i bruk som fagtermar. Desse termene har spesifikk tyding og vert ofte oppfatta som ikkje-metaforiske, særleg av fagfolka innanfor feltet. Men ifølgje Semino tyder ikkje dette at kjeldedomenet ikkje lenger er med på å strukturera måldomenet: Forskarane refererer ofte eksplisitt til kjeldedomena når dei omhandlar måldomena (sjå avsnitt 7.2, der eg undersøker nettopp dette), sjå òg Temmerman (2000: 187), som skriv at det ikkje er lett å seia om eller eventuelt i kva grad kjeldedomenet vert aktivert etter at analogien først er forstått, men at ein uansett nyttar seg av det eksisterande vokabularet frå det aktuelle kjeldedomenet når ein skal omhandla det aktuelle fenomenet.

Vidare er det ikkje noko vasstett skilje mellom konstituerande metaforar og eksegetiske metaforar, då førstnemnde òg kan nyttast til pedagogiske føremål. Knudsen (2003) rapporterer t.d. om ei undersøking av ulike vitskapelege sjangrar der ho finn at dei same metaforane vert brukte både for teoribyggjande og pedagogiske føremål, men på svært ulike måtar. I teoribyggjande tekstar er metaforane «lukka», dvs. nytta som halvbokstavlege omgrep. Metaforane fungerer her som hypotetiske påstandar som kan

testast og eventuelt underbyggjast med eksperiment. I populærvitskapelege tekstar vert metaforane «opna opp», dvs. at metaforstatusen deira vert signalisert, eller dei vert forklarte ved hjelp av andre metaforar. På den måten misser dei statusen sin som vitskapelege omgrep og vert reduserte til «vanlege» metaforar.

Grunnen til at dei same metaforane vert brukte til teoribygging og popularisering, er ifølgje Knudsen at forskarane er nøydde til å trekkja med seg dei vitskapelege metaforane inn i dei pedagogiske tekstane. Metaforane er sjølve nøklane vitskapsfolka nyttar til å forstå fenomena som dei arbeider med, og dermed er dei uunnverlege (ibid.: 1260). Knudsen, så vel som Semino (2008: 134), meiner derfor at det er feil å hevda at det er to ulike metaforkategoriar i vitskap. Det er rettare å seia at metafor har to ulike funksjonar i vitskap. Kuhn (1979: 410) er inne på det same når han skriv at vitskapelege metaforar ikkje berre vert nytta for å introdusera ein ny term i vitskapspråket, men òg når nye generasjonar skal lærast opp: «[...] accepted patterns of reference must be reestablished for each new cohort of recruits to the sciences.»

Gentner (1982) skil på si side mellom gode og dårlege såkalla «explanatory-predictive» analogiar i vitskap, der førstnemnde er klare, abstrakte, systematiske og har eit kjeldedomene (*base*) som er velkjend og godt forstått.

Både den kognitive lingvistikken og terminologiforskarar har altså fatta interesse for studiet av metaforar i vitskapsjangeren. Men viktige bidrag til forståinga av metaforen si rolle i vitskapspråk har òg kome frå andre forskingsretningar innanfor lingvistikk. Systemisk-funksjonell lingvistikk, ved M.A.K. Halliday, har t.d. introdusert omgrepet grammatisk metafor, som er særleg aktuelt for analyse av språkføringa i vitskapelege og tekniske tekstar. Omgrepsmetaforteorien inkluderer ikkje grammatiske metaforar som ein eigen kategori, men det den funksjonelle grammatikken definerer som grammatiske metaforar (i alle fall nominaliseringar), kan sjåast på som ei undergruppe av det OMT kallar ontologiske metaforar. Bruk av ontologiske metaforar inneber å «gje» ny ontologisk status til måldomenet (ontologi er læra om eksistensformer). Typisk for metafor er at fenomenet med abstrakt eksistens vert omgrepsleggjorde og

omtalte som om dei hadde fysisk eksistens (men fysiske fenomen kan òg vera måldomene i ontologiske metaforar, som t.d. handlingar og aktivitetar, sjå Lakoff & Johnson (1980b)). Ontologiske metaforar bidreg ikkje med noko særleg struktur til måldomenet (berre ein betre og meir avgrensa struktur), men med ei ny eksistensform. Kjeldedomene for ontologiske metaforar er (uspesifisert) fysisk objekt, substans og behaldar, og konkrete/fysiske hendingar og tilstandsendingar. Personifiseringar og besjelingar, der menneske og menneskeleg åtferd er kjeldedomene, er ifølgje Kövecses (2010) ein type ontologisk metafor. Teorien om grammatiske metaforar er kompatibel med OMT.

4.2.2 Grammatiske metaforar

Eit sentralt kjenneteikn ved vitskapeleg språk er utstrekt bruk av grammatiske metaforar. Grammatiske metaforar bidreg til høg informasjonstettleik, og eg har funne at dei ofte interagerer med metonymisk og/eller annan metaforisk bruk, noko eg vil komma nærare inn på i kap. 6.

Grammatiske metaforar er ifølgje Halliday & Matthiessen (2004) inkongruente måtar å uttrykkja noko på. «Inkongruensen» må forståast på bakgrunn av Halliday sin påstand om den kanoniske referansen til kvar ordklasse, dvs. at substantiv typisk refererer til ting, verb til handlingar, adjektiv til eigenskapar osv. Dersom ei handling vert referert til vha. eit substantiv (dvs. ei nominalisering), er dette ifølgje Halliday døme på inkongruens. Når eg i det følgjande refererer til (in)kongruens, er det Halliday si tyding eg siktar til.

Det vert i Halliday sin metaformodell skilt mellom interpersonelle og ideasjonelle grammatiske metaforar, der førstnemnde ser ut til å omfatta det som av somme vert kalla illokusjonære metonymiar (sjå drøfting av metonymi, avsnitt 3.7.2). Ideasjonelle grammatiske metaforar vert på si side definerte på følgjande måte:

[...] grammatical metaphor within the ideational metafunction involves a ‘re-mapping’ between sequences, figures and elements in the semantics and clause nexuses, clauses and groups in the grammar. In the congruent mode of

realization [...] a sequence is realized by a clause nexus and a figure is realized by a clause. In the metaphorical mode, the whole set of mappings seems to be shifted 'downwards': a sequence is realized by a clause, a figure is realized by a group, and an element is realized by a word. (Halliday & Matthiessen, 2004: 646)

Halliday & Matthiessen (ibid.) hevdar at slike metaforar har mogeleggjort moderne vitenskap fordi dei tillèt oss å rekonstruera erfaringsmodellar som er danna i kongruent modus, i metaforiske modus som er mykje meir språkleg fleksible. Substantivfrasar kan opptre som tema i setninga, bli modifiserte på ei rekkje måtar, og innta ei deltakarrolle, t.d. agens eller patiens (Halliday, 1998). Ein grammatisk metafor har på ei og same tid både ei kongruent og ei metaforisk tyding, som t.d. *forstyrning* (sjå nedanfor), som er eit substantiv, men som likevel har behalde si semantiske tyding som ein prosess, sidan den kongruente framstillinga er realisert vha. den verbale basen *forstyrra*. Nominaliseringa gjev det eit semantisk trekk *i tillegg til dette, ikkje i staden for dette* (Halliday & Matthiessen, 2004: 657). Ifølgje Banks (2003), som har undersøkt språket i britiske vitenskapsartiklar, ser det ut til at nominaliseringar i nyare tid i aukande grad òg vert nytta til å modifisera kjernen i substantivfrasen, i motsetnad til berre å bli nytta som kjerne. Banks si undersøking gjeld engelsk, men omsett til norsk tilsvarer dette nye fenomenet truleg samansettingar der forleddet er ein grammatisk metafor, som t.d. *effektiviseringskrav*, og substantivfrasar med attributive adjektiv, der adjektivet er avleidd av eit substantiv, som t.d. *adverbial funksjon*. Sjølv om nominaliseringar er den klårt mest drøfta forma for grammatisk metafor ifølgje Banks (2003), er det ikkje den einaste typen. Halliday (1998) gjev ei oversikt over 13 ulike typar, men understrekar at denne lista nok ikkje er utfyllande. Halliday peikar på at det som er sams for alle grammatiske metaforar, er ei drift mot «tinglegheit», mot det konkrete, med substantivet som endestasjonen. Denne trongen til tingleggjering er sams for grammatiske og leksikalske metaforar (Halliday, 1998: 211).

Grammatisk metafor kan illustrerast ved hjelp av følgjande døme henta frå analysetekstane mine:

Foruten den affektive avstumping som er den mest typiske av **de schizofrene emosjonelle forstyrrelser** kan der, særlig i begynnelsesstadiene ofte være depressive reaksjoner til stede. (L: 361)

I denne språklege konstruksjonen vert handlinga ‘å forstyrra’ uttrykt vha. eit substantiv (*forstyrrelse*).⁸³ Substantiv er den ordklassen vi typisk nyttar for å referera til deltakarar (m.a. agens og patiens), men her vert altså ei handling (som involverer agens og patiens) referert til ved eit substantiv. Dermed vert den grammatikalske realisasjonen nedgradert og den leksikalske densiteten høgare, og ein kan nytta nominaliseringa som tema i ei argumentasjonsrekkje. Substantivet *emosjon* (av verbet *emovere* ‘bevege’ (BOB)) er blitt avleidd til adjektivet *emosjonell*, som her fungerer som klassifiserande adjektiv til *forstyrningar*. Det same er tilfellet for adjektivet *schizofren*, avleidd av substantivet *schizofreni*. Ei mogeleg grammatisk kongruent framstilling av saksforholdet kan vera noko i retning av: «Schizofrenien forstyrrer emosjonsmaskineriet».⁸⁴

Samstundes som informasjonstettleiken vert større, går semantisk informasjon tapt. For det første: Kven eller kva er agens og patiens i verbalhandlinga ‘x forstyrrar y’? Nominalisering gjer det mogeleg å utelata eksplisitt referanse til deltakarane i prosessen eller handlinga. Sjølv om patiens, eller ev. opplevar, i dette tilfellet må vera personen med schizofreni, er det ikkje utan vidare klårt kva som er agens her. Er schizofrenisjukdommen t.d. *årsaka*, dvs. forstyrraren, eller *resultatet*, dvs. forstyrringa?

For det andre: Nominaliseringa av verbet *forstyrra* gjer bruk av fleirtal mogeleg, men refererer *forstyrningar* primært til fleire typar forstyrringar hjå a) individet; eller b)

⁸³ NB: I setninga finst det totalt fire grammatiske metaforar i form av nominaliseringar: I tillegg til *forstyrrelse* av verbet *forstyrre* har vi *avstumping* av adjektivet *avstumpe*, *begynnelse* av verbet *begynne* og *reaksjon* av verbet *reagere*. Den leksikalske densiteten i setninga er høg.

⁸⁴ Uttrykket *emosjonsmaskineriet* er henta frå Damasio (2001). Eg nyttar ikkje *emosjonane*, då det ikkje er emosjonane i seg sjølve som er forstyrra, men snarare det «maskineriet» (i mangel av eit betre ord) som produserer emosjonar som respons på ulike erfaringar.

fleire typar forstyrringar assosierte med sjukdomskategorien sett under eitt; eller til c) fleire typar forstyrringar fordelte på ulike stadium i eit typisk forløp?

Vidare gjer nominaliseringa bruk av bestemming mogeleg (i dette dømet berre markert ved demonstrativet *de*; såkalla enkel bestemming). Bruk av bestemtheitskonstruksjonen impliserer at referenten er identifiserbar for lesaren, og at avsendaren refererer til eit spesifikt sett med referentar (Hagen, 2000: 52), men kor identifiserbar er eigentleg denne referenten for lesaren av læreboka?

Halliday & Matthiessen (2004: 657) nyttar dømet *alcohol impairment* for å illustrera tap av semantisk informasjon ved grammatisk metafor. Refererer konstruksjonen til saksforholdet *alcohol impairs* eller til *alcohol is impaired* eller ev. til noko anna? Denne typen språkbruk kan vera ekskluderande: «The writer presumably knows exactly what it means; but the reader may not, and so this kind of highly metaphorical discourse tends to mark off the expert from those who are uninitiated.» (Halliday & Matthiessen, 2004: 657). Som regel vil konteksten hjelpe lesaren med tolkinga, men i skriftleg kommunikasjon kan det skje at avsendar føreset meir sams kunnskap mellom seg og mottakar enn det i realiteten er. For ei nærare drøfting av effektane til nominaliseringar, sjå Machin & Mayr (2012).

Det er ikkje dermed sagt at bruk av grammatisk metafor om eit gjeve emne alltid føreset eit kongruent utgangspunkt. Allereie i Bleuler (1908) finn vi ei rekkje ulike grammatiske metaforar av typen som er illustrert i sitatet frå Langfeldt over. Vi kan ikkje gå ut frå at dei psykiatrane som nyttar grammatiske metaforar når dei omtaler schizofreni, nokosinne har sett eller sjølv nytta den kongruente og dermed ikkje-metaforiske versjonen av dei grammatiske konstruksjonane. Dette er eigentleg som forventa, gjeve naturen til det fenomenet som det her er snakk om, dvs. schizofreni. Korleis ville ein eventuell fullstendig kongruent versjon av *schizofrene emosjonelle forstyrrelser*, dvs. ein versjon som ikkje nytta nominaliseringar som *schizofreni*,

emosjon eller *forstyrrelse*, ha sett ut?⁸⁵ Agens⁸⁶ er ikkje kjend og er i røynda ei rekkje faktorar i ei årsakskjede, patiens er på den eine sida og til sjuande og sist personen, på den andre sida spesifikke funksjonar eller funksjonssystem hjå personen, og vurderinga av fenomenen som forstyrringar ligg hjå personen (dersom symptoma er egodystone⁸⁷) og omverda (dersom symptoma er observerbare eller kommuniserte av personen). Altså må vi òg føresetta éin versus fleire opplevarar, der perspektivet til førstnemnde (kalla «førstepersonsperspektiv» av Parnas et al. (2009: 85f.)) er vesentleg annleis enn perspektivet til sistnemnde. Spørsmålet er vel heller om ein fullstendig kongruent versjon i det heile er mogeleg eller ønskjeleg? Jamfør Halliday & Matthiessen (2004: 654), som understrekar at sjølv om grammatisk metafor kan bidra til at teksten vert meir utilgjengeleg, vil ikkje alltid ein meir kongruent versjon vera å føretrekkja: «[...] anything approaching technical language, for example, tends to be noticeably more complex if one tries to ‘simplify’ it by removing the metaphors.» Som vi ser, tillèt adjektiv som *schizofren* i kombinasjon med grammatisk metafor språkleg komprimering og omgåing av årsaksforhold som er kompliserte og/eller ukjende. Dette skal eg komma nærare inn på i kap. 6.

Tydinga til ein grammatisk metafor kan ikkje bli forstått vha. samanlikning med ei meir grunnleggjande tyding av ordet, og grammatiske metaforar er derfor lette å oversjå. Dei vert som nemnt i avsnitt 3.8 ikkje fanga opp av metodar som MIP og MIPVU. Men denne typen metafor bør altså ikkje skuast på håra: Sjølv om han kan seiast å gå stille i dørene og i eitt med tapetet, gjer han eit formidabelt grovarbeid. I tillegg til å mogeleggjera moderne vitenskap, som Halliday peikar på, så fungerer han òg som basis for andre typar metaforar (Lakoff & Johnson, 1980b: kap. 6). For å ta eit døme:

⁸⁵ Jamfør at alle termene eigentleg denoterer tilstandar eller prosessar.

⁸⁶ Eg brukar termen *agens* i vid forstand her, i tråd med Faarlund, Vannebo, & Lie (1997: 47) som definerer agens som: «rollen til den som utfører en handling, eller som er årsak eller opphav til en prosess eller en hendelse».

⁸⁷ «Egodyston, brukes i psykologi og psykiatri om symptomer eller atferdsreaksjoner som pasienten opplever som fremmede i forhold til hva man oppfatter som normalt for en selv og dermed oppleves plagsomme. De fleste pasienter med ikke-psykotiske psykiske lidelser (se psykose) vil oppfatte symptomer og atferdsreaksjoner i forbindelse med psykiske lidelser som egodystone.» (U. Malt, 2016e)

Nominaliseringa *glede*, frå adjektivet *glad*, mogleggjer metaforiske uttrykk som *stor glede*, *små gleder*, *udelt glede*, *å spre glede*, osv. (BOB, NOB).

I vitenskapen søkjer ein etter ny og forbetra kunnskap. Nye idear og oppdagingar krev namn, og innføringa av ein ny vitenskapelig idé vert ofte følgd av innføringa av ein ny term. Dei ulike vitenskapsfelt har kvar sine sett med nøye definerte termar, og forskning på slike termar er i seg sjølv eit vitenskapsfelt. I det følgjande skal eg presentera to retningar innanfor terminologiforskning i høve til korleis dei handsamar metafor.

4.2.3 Vitenskapelig terminologi og metafor

I boka *Cognitive Linguistics View of Terminology and Specialized Language* (Faber Benítez, 2012) vert det nytta ei tilnærming kalla *Frame-based Terminology*. I *Frame-based Terminology* vert terminologiske einingar sett som multidimensjonale, og ein søkjer å definera termar ved hjelp av ei spesifisering av både figur og grunn. Faber & Rodríguez (2012) viser til at informasjonen i vitenskapelige og tekniske tekstar er koda i termar eller spesialiserte kunnskapseiningar som gjev tilgang til meir komplekse kunnskapsstrukturar i form av heile omgrepsdomene. Det å forstå ein tekst som er full av fagtermar, krev kunnskap om det aktuelle domenet, om dei ulike omgrepa knytte til domenet, og dei konseptuelle relasjonane mellom omgrepa i domenet. Både domene, omgrep og relasjonar mellom omgrep vert studerte i *Frame-based Terminology*. Metafor og metonymi vert definerte vha. domene, i tråd med tradisjonell omgrepsmetaforteorii: Metafor er sett som ein to-domene-operasjon og metonymi som ein eitt-domene-operasjon. Konseptuell integrasjon (blending) vert òg sett på som ein sentral kognitiv prosess i studiet av terminologi (Sánchez et al., 2012), mellom anna fordi denne teorien gjev eit rammeverk for å analysera semantikken til samansettingar.

Faber & Rodríguez (2012) opplyser at *Frame-based Terminology* er kompatibel med Temmerman (2000) si sosiokognitive tilnærming til terminologi, som m.a. går ut på at kategoriar har prototypestruktur, og som argumenterer for at termar må undersøkjast diakront. Temmerman (2000) skriv at mekanismane som ligg bak trongen til betre og

ny forståing, er knytte til metaforisk resonnering, og at metafor er uunnverleg i vitenskapsspråk. Omgrep er ifølgje Temmerman organiserte i idealiserte kognitive modellar, altså ICM-ar. I metafor vert ifølgje Temmerman ICM-en til eit kjent kjeldedomene nytta for å strukturera og kategorisera eit måldomene. Provet for og resultat av metaforisk tenking finst i dei metaforiske leksikaliseringane:

The discipline of Terminology could work out guidelines for the description of metaphorical models starting from the metaphorical lexicalisations which are the traces which metaphorical thinking leaves in a language. [...] The traces of this analogical thinking are in the textual archives of the domain. The analogical thinking can be traced from the metaphorical lexicalisations present in the lexicon of a language and it can be brought to a conscious level and explicitly explained. (Temmerman, 2000: 156–7)

Temmerman har studert metaforar knytte til fagfeltet genetikk og funne at den underliggjande metaforiske ICM-en (*m-ICM-en*) for forståinga av genetikk er DNA SOM INFORMASJON. Denne m-ICM-en har fleire sub-ICM-ar, som DNA SOM SPRÅK, DNA SOM PROGRAMVARE osv. Temmerman skil som Boyd (1979) mellom konstituerande og eksegetiske metaforar og hevdar at m-ICM-ar har prototypestruktur, dvs. meir eller mindre typiske leksikaliseringar. Somme leksikaliseringar er sams for (mest) heile fagfeltet, andre er idiolektale (dvs. at ein eller nokre få fagpersonar freistar å forklara noko vha. utdjuping av m-ICM-en). Førstnemnde endar opp i ordbøker og leksikon, sistnemnde vert normalt ikkje tekne opp i leksikonet til eit språk.

Temmerman meiner at ein kan kartleggja m-ICM-ane ved å undersøkje dei spora dei etterlèt seg i språket, dvs. språklege metaforar: Metaforisk namngjeving er det første provet for eksistensen av ein underliggjande m-ICM, og eksegetiske metaforar er det andre provet. Temmerman set opp ein modell som skil mellom *lexeme metaphor*, *category metaphor* og *domain metaphor*.

Leksemmetaforar tilsvarer språklege metaforar og består av eit leksempar, kjeldeleksem a og målleksem b, der b er projeksjonen av a. Døme: *source of income*, som ifølgje Temmerman er projeksjonen av *source of a waterway*.

Kategorimetamor består av ein kjeldekategori a og ein målkategori b, der b er projeksjonen av a. Ein kategori vert forstått på bakgrunn av ei ramme/ein ICM, og i ein kategorimetamor kan kjelde-ICM-en påverka mål-ICM-en. Ein kategori er definert som eit sett av leksem og ei(n) interkategoriisk og intrakategoriisk strukturert ramme/ICM. Døme: ICM-en for ein vassveg er BEGINNING, TRAJECTORY, END, som er relatert til høvesvis leksema *source*, *river*, *sea*. Denne kategorien kan ifølgje Temmerman projiserast på kategorien CIRCULATION OF MONEY, som gjev oss «source of money», «flow of money».

Domenemetamor består av domene a og domene b. Kwart domene består av eit sett med kategoriar. Kategoriane som høyrer til domene a, vert projiserte over på kategoriane som høyrer til domene b, som tilfellet ifølgje Temmerman er med domenet WATER og domenet MONEY i dømet over. Denne typen metamor ser ut til å tilsvara det som i omgrepsmetamorteorien vert kalla omgrepsmetamor.

Det vert altså operert med tre nivå av metamor her, frå dei reint språklege metamorane, til ein mellomkategori med ein ICM eller ei ramme som har eit sett med leksem som tilsvarer elementa i ICM-en, og til slutt ein metamorkategori med overordna domene, som ein må gå ut frå er reint kognitiv, der to domene vert førte saman og det eine forstått vha. det andre. Kva ein vinn med eit slikt ekstranivå, er noko uklårt for meg, så lenge domene kan ha ulike grader av spesifisitet. I praksis er det vanskeleg å skilja veldig klårt mellom rammer, ICM-ar og domene, som alle er hevda å vera kognitive strukturar som organiserer kunnskap og erfaringar, og som kan variera i høve til omfang og spesifisitet. Kva høyrer til dømes med og ikkje med i SJAKK, POLITIKK OG UTDANNING? SJAKK kan seiast å inngå i overkategoriar som BRETTSPEL (og vidare FRITIDSSYSSSEL), KONKURRANSE, HJERNETRIM OSV., men òg vera sett saman av m.a. SJAKKSPELARAR, SJAKKTURNERINGAR, SJAKKRATING, som på si side er forståingsbakgrunn for t.d. høvesvis MAGNUS CARLSEN, SJAKK-VM og 2847 (som er ratinga til Carlsen i skrivande stund).

Både den rammebaserte (*Frame-based*) og den sosiokognitive tilnærminga ser altså vitksapelege termar som nøklar som gjev tilgang til spesialiserte kognitive strukturar, høvesvis rammer og idealiserte kognitive modellar. Temmerman understrekar at vitksapelege metamor må bli forstått i eit diakront perspektiv, sidan framsteg i

vitskapen er eit resultat av samspel mellom sosiale, kognitive, språklege og tekniske utviklingar over tid. Sosiale faktorar er t.d. medverkande til utskifting av belasta språkbruk eller utfasinga av gresk og latin som lingua franca i termdanning. For å analysera ein term må vi ifølgje Temmerman kjenna den historiske bakgrunnen til termen og den forståingsbakgrunnen han føreset. Det neste kapittelet presenterer derfor termen *schizofreni* i høve til desse to perspektiva.

5. Schizofreni – termar og omgrep

Vi må formode, at den fænotype, som vi i dag kaller skizofreni, omfatter genetisk forskjellige tilstande samt fænokopier (dvs. organisk betingede sygdomme, som klinisk ikke lader sig skelne fra den ægte skizofreni). Ét kvalificeret gæt estimerer, at fænotypen skizofreni, som den afgrænses i dag, i ca. 70 % af tilfældene er den samme sygdom, mens de resterende 30 % fordeler sig på andre, genetisk betingede (genokopier) og miljøbetingede sygdomme (fænokopier). (MKP: 317)

I dette kapitlet vil eg drøfta fagtermar knytte til diagnosen schizofreni og det faglege schizofreniomgrepet, pluss det psykiatriske fagspråket. Eg vil òg presentera ei skjematisk framstilling av den fagspesifikke idealiserte kognitive modellen (ICM-en) som ein må gå ut frå at termen *schizofreni* gjev tilgang til, både med omsyn til element og relasjonar mellom elementa. Dette er ikkje minst viktig sidan eg i tillegg til metafor òg undersøker metonymi i samband med bruk av schizofrenitermane. Då metonymi i regelen er sett på som eit eitt-domene- eller kontiguitetsfenomen, vert det å kartleggja domenet, eller snarare ICM-en, og kontiguitetsrelasjonane mellom elementa i den aktuelle ICM-en sentralt. Metonymianalysane i kap. 6 byggjer på dette kartleggingsarbeidet.

Kapitlet er bygt opp på følgjande måte:

I 5.1 gjer eg greie for det historiske bytet frå *dementia praecox* til *schizofreni*. Vidare gjer eg greie for den metonymiske (5.1.1) og den metaforiske (5.1.2) sida ved termar knytte til schizofrenidiagnosen, med ei oppsummering i avsnitt 5.1.3. Særtrekk ved det psykiatriske vitskapspråket generelt og den psykiatriske nomenklaturen spesielt vert drøfta i avsnittet 5.1.4.

I 5.2 blir intensjonen og ekstensjonen til termen *schizofreni* i det psykiatriske fagfeltet presenterte både i eit synkront og eit diakront perspektiv. Framstillinga er bygt på både psykiatriske fagtekstar og faghistoriske tekstar.

I 5.2.1 presenterer eg elementa i schizofreni-ICM-en vha. ei skjematisk framstilling. Framstillinga er utarbeidd på basis av nærlesing av lærebøkene.

I 5.2.2 presenterer eg kontiguitetsrelasjonane mellom desse elementa vha. ei skjematisk framstilling basert på modellen til Peirsman & Geeraerts (2006), som eg presenterte i avsnitt 3.7.2. Framstillinga er utarbeidd på basis av nærlesing av lærebøkene.

Men først: Kva er opphavet til schizofrenitermen?

5.1 Frå *dementia praecox* til *schizofreni*

Termene *schizofreni* og *schizofren* oppstod offisielt i samband med eit møte i Den tyske psykiatriske foreininga i Berlin 24.4.1908. Det var der den sveitsiske psykiateren Eugen Bleuler i eit innlegg lanserte sin eigenskapte term *Schizophrenie* som avløysar for den tyske psykiateren Emil Kraepelin sin relativt nye⁸⁸ term *dementia praecox*.⁸⁹ Rundt 1950 hadde *schizofreni* mykje godt utradert *dementia praecox* som psykiatrisk fagterm internasjonalt. Mange hadde mislikt *dementia praecox*-termen, og mange hadde foreslege alternative namn på sjukdomsfenomenet, sjå m.a. Feldmann (2005), McConaghey (1905), Noll (2011) og Evensen (1904: 8–9)

Bleuler hadde på møtet i 1908 to ulike argument for at termen *dementia praecox* burde bytast ut, eitt semantisk og eitt morfologisk:

- a) Termen *dementia praecox* var etter hans syn dobbelt misvisande, då *dementia praecox* ordrett tyder ‘for tidleg demens’:

Im Interesse der Diskussion möchte ich nochmals hervorheben, daß es sich bei der *Kräpelinschen Dementia praecox* weder um eine notwendige

⁸⁸ Den mest parallelle bruken av *dementia praecox*-termen, om ein skal samanlikna han med schizofrenitermen, oppstod i 1899 i og med utgjevinga av 6. utgåve av *Psychiatrie*, den berømte læreboka til Emil Kraepelin. I 1899-utgåva hadde han samla dei tidlegare separate kategoriane hebefreni, katatoni og *dementia paranoides* inn under ein og same sjukdomskategori: *dementia praecox*. Denne definisjonen av termen *dementia praecox* var altså berre 9 år før ein ny term vart foreslått og gradvis teken inn som erstatning.

⁸⁹ Innlegget er nedteikna i Bleuler (1908) og nytta av meg som suppleringsmateriale, sjå 2.2.

Dementia, noch um eine notwendige Praecocitas handelt.» (Bleuler, 1908: 436) [2]

b) Termen *dementia praecox* var ueigna for orddanning: «[...] man [kann] von dem Ausdruck Dementia praecox keine adjektivischen und substantivischen Weiterbildungen machen [...]» (Bleuler, 1908: 436) [3]. Dette argumentet utdjupa han tre år seinare:

Leider konnten wir uns der unangenehmen Aufgabe nicht entziehen, einen neuen Namen für die Krankheitsgruppe [Dementia praecox] zu schmieden. Der bisherige ist zu unhandlich. Man kann damit nur die Krankheit benennen, nicht aber die Kranken, und man kann kein Adjektivum bilden, das die der Krankheit zukommenden Eigenschaften bezeichnen könnte, wenn auch ein verzweifelter Kollege bereits «präcoxe Symptome» hat drucken lassen. Eine ausführliche Differentialdiagnostik ohne ein solches Wort wäre schlimm zu schreiben und noch schlimmer zu lesen. (Bleuler, 1911/2014: 4) [4]

Bleuler ønskte seg altså m.a. eit adjektiv som kunne referera til dei sjuke og til kjenneteikn ved sjukdommen, slik at ein lett kunne drøfta differensialdiagnostikk (dvs. kriterium for å skilja mellom sjukdommar med liknande/overlappande symptom). Med *schizofreni* (ty. *Schizophrenie*) fekk Bleuler høve til å danna adjektivet *schizofren* (ty. *schizophren*). Adjektivet er danna ved ein lite vanleg prosess som vert kalla subtraksjon (Haspelmath & Sims, 2010: 37), dvs. at avleiinga består i å fjerna eit segment frå basen. Sannsynlegvis gjorde Bleuler dette i analogi med adjektiva *hebefren* (av *hebefreni*) og *kataton* (av *katatoni*), som allereie var etablerte i fagfeltet (og som var termar for sjukdomskategoriar som Kraepelin hadde samla under sitt *dementia praecox*-omgrep i 1899), t.d. skriv Vogt (1905: 119) om «Det hebefrene sløvsind» og «Den katatone villieforstyrrelse».

Det var altså Eugen Bleuler som skapte schizofrenitermen som ein avløysarterm for *dementia praecox*, og han lanserte termen for fagfellane sine våren 1908 med både

semantiske og morfologiske «salsargument». Ettersom målet med denne avhandlinga er kritiske metonymi- og metaforanalyser, vil eg i det følgjande gjera eit djupdykk ned i dei metonymiske og metaforiske motivasjonane for termen *schizofreni*, forgjengaren *dementia praecox* og hans skandinaviske synonym *ungdomssløvsinn* (da. *ungdomssløvsind*, sv. *ungdomsslösinne*). Dei metaforiske følgeslutningane som termene inneber, vert så drøfta med eit kritisk perspektiv.

5.1.1 Den metonymiske sida ved *dementia praecox*, ungdomssløvsinn og schizofreni

Metonymiane dementia praecox / ungdomssløvsinn

Termene *dementia praecox* og *ungdomssløvsinn* refererer eigentleg til **prognosen / utgangen av sjukdommen**, som ifølgje Kraepelin var fellesnemnaren for sjukdomsgruppa og grunngevinga for å samla dei ulike tilstandane i ei samlegruppe med sams namn, dvs. at dei alle førte til «for tidleg demens». Kraepelin (1896: 436) skriv at prognosen for alle alvorlege former for *dementia praecox* er sløvsinnet (*der Blödsinn*), eller som Shorter (2005: 269) kallar det: «a predictable, indeed, inevitable course, the convergent path of deterioration» (sjå avsnitt 5.2). Derfor fekk gruppa òg namn etter prognosen: *dementia praecox*. Dette er ein EFFEKT FOR ÅRSÅK-metonymi, der effekten (for tidleg demens/sløvsinn) vert nytta for å referera til årsaka: sjukdommen som fører til for tidleg demens/sløvsinn.

Følgjande kontiguitetsrelasjonar skildra av Peirsman & Geeraerts (2006) kan truleg ha spelt ei rolle i motivasjonen for metonymiane *dementia praecox / ungdomssløvsinn*:

- 1) EFFEKT FOR ÅRSÅK, nærare bestemt UTFALL FOR SJKDOM
- 2) DEL FOR HEILSKAP, nærare bestemt PROGNOSE FOR SJKDOM (jf. ICM-en presentert i avsnitt 5.2.2)
- 3) KARAKTERISTISK EIGENSKAP FOR ENTITET, nærare bestemt ENDETILSTAND FOR SJKDOM
- 4) TEMPORAL DEL FOR TEMPORAL HEILSKAP, nærare bestemt TEMPORAL DEL FOR TEMPORAL HEILSKAP (sluttstadium/utbrotsalder for heile sjukdomsforløpet)

Desse relasjonane kan sjåast som ulike perspektiv på same fenomen. Avhengig av konteksten termene opptrer i, kan den eine eller andre kontiguitetsrelasjonen vera framheva på kostnad av dei to andre. Ledda *ungdoms-* og *praecox* refererer begge til aldersperioden der sjukdommen bryt ut, medan *-sløvsinn* og *dementia* refererer til prognosen, eller endetilstanden for sjukdommen. Peirsman & Geeraerts (2006) hevdar som nemnt i kap. 3 at det ikkje er uvanleg at eitt og same metonymiske uttrykk kan relaterast til fleire kontiguitetsrelasjonar, og dei omtalar dette som «multiple motivation». I og med at dei forsvarer eit syn på metonymi som ein prototypisk kategori, meiner dei at det ikkje er naudsynt å velja éin motivasjon for eit metonymisk uttrykk, men at det ligg i naturen til prototypiske kategoriar at eitt eksemplar kan relaterast til fleire generelle typar.

Metonymien schizofreni

Termen *schizofreni* refererer eigentleg til det Bleuler meinte var eit **kardinalsymptom på sjukdommen**: Bleuler (1908: 436) skriv om motivasjonen for termdanninga at «Ich glaube nämlich, daß die Zerreiung oder Spaltung der psychischen Funktionen ein hervorragendes Symptom der ganzen Gruppe sei [...]» [5]. Han vurderte altså splittinga eller sundringa av dei psykiske funksjonane som eit salient symptom (effekt) ved heile sjukdomskategorien (årsak), og gav sjukdomsgruppa namn etter dette sams symptomet (*schizofreni* ‘splitta sinn’). Med Peirsman & Geeraerts (2006) kan vi truleg snakka om fleire kontiguitetsrelasjonar som kan ha spelt ei rolle for motivasjonen for metonymien *schizofreni*:

- 1) EFFEKT FOR ÅRSAK, nærare bestemt SYMPTOM FOR SJUKDOMMEN SOM FORÅRSAKAR SYMPTOMET
- 2) DEL FOR HEILSKAP, nærare bestemt DELEFFEKT FOR ÅRSAK (splittinga av dei psykiske funksjonane var berre eitt av mange symptoma Bleuler drøfta)
- 3) KARAKTERISTIKK FOR ENTITET, nærare bestemt SALIENT («hervorragendes») SYMPTOM FOR SJUKDOM

På same måte som for *dementia praecox* / *ungdomssløvsinn* kan vi seia at dei tre ulike relasjonane over utgjer kvar sine perspektiv på same fenomen, og at vi kan snakka om multipl metonymimotivasjon for termen *schizofreni*.

Grunnen til at ein effekt (symptom eller utfall) av sjukdommen vert nytta for å referera til sjukdommen, er at effekten i motsetnad til sjukdommen er direkte observerbar, og dermed er effekten meir handfast og velkjend enn den postulerte sjukdommen, som ikkje er direkte observerbar og korkje kjend eller forstått. Det sansbare og konkrete vert altså nytta for å omtala det ukjende og abstrakte.

5.1.2 Termene som metaforar

Vi skal no sjå på den metaforiske motivasjonen for termene *dementia praecox*, (*ungdoms*)*sløvsinn* og *schizofreni*. Kva slags omgrepsleggjing av sjukdomskategorien representerer dei ulike termene? I drøftinga av termene som metaforar vil eg delvis byggja på Lakoff & Johnson (1999) sin metaformodell for sjølv. Lakoff & Johnson (1999: kap. 13) nyttar nemleg eit eige kapittel til å drøfta det dei kallar *Subject-Self*-metaforen, der personen er delt i eit subjekt og i eitt eller fleire sjølv.⁹⁰ Subjektet er det aspektet ved ein person som er knytt til opplevt medvit, som er sete for fornuft, vilje og dømmekraft, og som berre eksisterer i tid. Det finst ifølgje Lakoff og Johnson eit subsystem der subjektet er setet til personen sin essens, den vedvarande kvaliteten som gjer personen til den han er. Subjektet er alltid omgrepsleggjort metaforisk som ein person. Sjølvet/sjølva er alle dei andre delane av personen: kroppen, sosiale roller, tidlegare tilstandar, handlingar. Kvant sjølv er omgrepsleggjort som ein person, eit objekt eller ei plassering. Denne metaforen vert hevda å vera einerådande; alle metaforar for vårt indre liv skal visstnok skriva seg frå denne metaforen. Vi opplever altså oss sjølve som splitta. Metaforen har ifølgje Lakoff & Johnson (1999) følgjande fem spesialtilfelle, som igjen har sine eigne spesialtilfelle

⁹⁰ Jamfør òg Kahneman (2011), som snakkar om «two selves», nærare bestemt «the experiencing self» og «the remembering self». Førstnemnde minner om det Lakoff & Johnson (1999) kallar subjektet.

(dei språklege døma er dels mine omsettingar av Lakoff & Johnson sine, dels mine egne):

1. The Physical-Object Self / Internal Causation

- a. SELF CONTROL IS OBJECT CONTROL
- b. SELF CONTROL IS THE FORCED MOVEMENT OF AN OBJECT
- c. BODY CONTROL IS THE FORCED MOVEMENT OF AN OBJECT
- d. CAUSING SELF TO ACT IS THE FORCED MOVEMENT OF AN OBJECT
- e. SELF CONTROL IS OBJECT POSSESSION
- f. TAKING CONTROL OF ANOTHER'S SELF IS TAKING ANOTHER'S POSSESSION

i. Motivasjon for metaforen **The Physical-Object Self / Internal Causation**: erfaring med objekthandtering

1. Døme: *eg drog meg sjølv ut av senga i dag tidleg*
2. Døme: *han pressar seg for hardt*
3. Døme: *eg vart heilt riven med*

2. The Locational Self

- a. SELF CONTROL IS BEING IN ONE'S NORMAL LOCATION
- b. THE SELF AS CONTAINER
- c. SELF CONTROL AS BEING ON THE GROUND

i. Motivasjon for metaforen **The Locational Self**: erfaring med å ha romleg plassering

1. Døme: *ta deg saman*
2. Døme: *komma til seg sjølv*
3. Døme: *gå i seg sjølv*

3. The Scattered Self / Getting Outside Yourself

- a. ATTENTIONAL SELF IS HAVING THE SELF TOGETHER
- b. THE OBJECTIVE STANDPOINT METAPHOR

i. Motivasjon for metaforen **The Scattered Self / Getting Outside Yourself**: erfaring med sosiale relasjonar

1. Døme: *eg kjem stadig tilbake til mitt åndelege sjølv*
2. Døme: *han er ikkje snill mot seg sjølv*
3. Døme: *sjå seg sjølv i spegelen* (i tydinga 'driva sjølvverkjenning')

4. The social Self / The Multiple Selves

- a. THE SOCIAL SELF METAPHOR

- b. THE MULTIPLE SELVES METAPHOR
- c. THE SUBJECT PROJECTION METAPHOR
- d. ADVISORY PROJECTION
- e. EMPATHIC PROJECTION

- i. Motivasjon for metaforen **The social Self / The Multiple Selves**: erfaring med empatisk projeksjon, t.d. imitasjon
 1. Døme: *viss eg var deg ...*

5. The Essential Self

- a. THE ESSENTIAL SELF METAPHOR

- i. Motivasjon for metaforen **The Essential Self**: folketeoriar om ein personlegdomsnessens, eit «ekte/verkeleg sjølv»
 1. Døme: *vera seg sjølv*
 2. Døme: *mitt sanne eg*

Lakoff & Johnson (1999) rapporterer at dei innleiingsvis gjekk ut frå at denne metaforen var unik for Vesten, men at dei no har evidens for at ein såpass «europeisk» kultur som Japan ser ut til å ha det same systemet. Skilnadane kulturane imellom ser dermed ut til å liggja i den japanske oppfattinga av relasjonen mellom sjølv og andre menneske, ikkje i oppfattinga av det indre livet til subjektet. I det følgjande refererer eg til metaforar eller førestillingar i modellen til Lakoff & Johnson (over) der det er aktuelt.

Metaforen dementia praecox

Termen *dementia praecox* er sett saman av lat. *dementia* og lat. *praecox*. *Dementia* kjem av lat. *de* ‘av, frå’ + lat. *mens* ‘sinn, vit’ og tyder ifølgje Glare (1982) ‘derangement of the mind, madness, insanity’. *Dementia* er ei avleiing av det latinske adjektivet *demens*, som ifølgje Glare (1982) tyder ‘out of one’s mind, mad, frenzied, insane’. *Praecox* kjem av lat. ‘føre tida’, av lat. *prae* ‘før, framføre’ + lat. *coquere* ‘å koka, laga vha. varme, modna (som t.d. sola gjer med frukt)’ (Glare, 1982), altså ‘prematur’. *Dementia praecox* tyder altså bokstaveleg talt ‘for tidleg frå vitet’. *Demens* og *dementia* er språklege overflatemanifestasjonar av omgrepsmetaforen SINNET SOM EIN ENTITET, eller THE PHYSICAL-OBJECT SELF, der ein konseptualiserer sinnet som ein konkret,

separat entitet som kan skilja lag med resten av lekamen. Mange uttrykk stammar frå denne omgrepsmetaforen, som t.d. *frå vitet, avsindig, frå seg sjølv, out of one's mind, to lose one's mind*.

Det ser ut som om det eksisterer eit dualsystem for den metaforiske omgrepsleggjeringa av nedsett mental kapasitet som mangel på samlokalisasjon med sinnet/vitet: Anten er det personen som fjernar seg frå sinnet, eller så fjernar sinnet seg frå personen. (Eit tilsvarande system er funne for den metaforiske omgrepsleggjeringa av domenet TID, der tid anten vert framstilt som eit landskap personen bevegar seg i (*vi nærmar oss jul*), eller som eit objekt som kjem mot personen (*jula nærmar seg*), sjå Lakoff & Johnson (1999), Gentner, Imai, & Boroditsky (2002).) Sinnet kan dermed vera konseptualisert som ein stasjonær entitet: ei plassering, THE LOCATIONAL SELF, (jf. «å gå frå vitet») eller ein behaldar, THE SELF AS A CONTAINER, (jf. «out of one's mind»), eller som eit mobilt objekt, SELF CONTROL IS OBJECT POSSESSION, (jf. «å missa vitet»).

Meir presist er det kanskje ikkje heile sinnet, i den norske tydinga til *sinn*, som ifølgje BOB og NOB er 'sete for tankar og kjensler', men berre éin av dei mentale funksjonane til mennesket som har blitt forlaten eller drege sin kos, alt etter som, i uttrykka siterte over, nemleg kognisjonen eller intellektet, som er grunntydinga til eng. *mind* og latin *mens*.⁹¹ Emosjonar og fornuft vert ofte konseptualiserte som to distinkte og separate delar av sinnet, der idealet er å halda emosjonane under kontroll slik at dei ikkje kjem i vegen for fornufta (Soyland, 1994: 91); sjå Damasio (2001) for ei kritisk drøfting av dette synet. Dei metaforiske følgjeslutningane går ut på at dersom fornufta og personen skil lag, har ikkje personen lenger herredøme over seg sjølv, og han er styrt av dei (irrasjonelle) kjenslene sine.

I psykiatrisk fagspråk har tydinga til termen *dementia* ifølgje Berrios, Luque, & Villagrán (2003) blitt innsnevra i tre steg:

⁹¹ Men som Allan (2008: 31f.) understrekar, har ord for sinnet og intellektet hatt varierende denotasjonar og konnotasjonar gjennom historia, så dette er ikkje alltid lett å slå fast.

- 1) 17. århundret: *dementia* = ‘tilstandar av psykososial inkompetanse, medfødde eller tileigna, uansett alder og reversibilitet’
- 2) 18. århundret: *dementia* = ‘tileigna tilstandar av intellektuell svikt/mangel, uansett alder og etiologi’
- 3) Slutten av 19. århundret til i dag: ‘irreversibel tilstand hjå eldre der kognisjonen (særleg minnet) er råka, med spesifisert etiologi og utvikling’

Ifølgje Berrios et al. (2003) hadde termen *dementia* endra tyding frå tyding 2) til 3) då Kraepelin for første gong nytta termen *dementia praecox*, i 1896-utgåva av læreboka si, og attributtet *praecox* understreka at den aktuelle demensen var ‘før tida’, fordi demens no var assosiert med høg alder. Men som Evensen (1904: 8) skriv, er termen:

[...] i flere retninger et uheldigt navn for denne sygdomsgruppe. Det gaar i grunden ud fra, at vi alle en gang bliver demente, og at disse syge bare bliver det for tidligt; ved de tilfælde, som foreløbig maa betegnes som helbredede eller har aarelange nogenlunde gode mellemrum, ser det ud, som det ikke er udgangen, men diagnosen, som var præcox [...].

Kraepelin (1896) fører opp sjukdomskategorien *dementia praecox* under avsnittet «Verblödungsprocesse». Sjukdomsbileta lista under denne overskrifta, *dementia praecox* [som i denne utgåva av læreboka tilsvare hebefreni], katatoni og *dementia paranoides*, har ifølgje Kraepelin (1896: 425–426) fellesnemnaren:

[...rasche] Entwicklung eigenartiger psychischer Schwächezustände. [...] Das Fortschreiten des Krankheitsvorganges kann auf jeder Stufe der Verblödung Halt machen, so dass wir als Ausgänge dieser Formen des Irreseins eine Reihe von Zuständen vorfinden, die von der leichtesten Abschwächung der psychischen Leistungen bis zum tiefsten Blödsinn herabgehen. [6]

Vi ser at *dementia praecox* er definert som ein svakheitstilstand som i verste fall fører til «tiefsten Blödsinn» (‘djup mental svekking/sløvsinn’). På tysk ser *Blödsinn* ut til å ha fungert som synonym til *dementia* (Duden: *Deutsches Universalwörterbuch*, 2007).

I skandinavisk hadde *sløvsinn* same funksjon⁹² (Malt, 2016i; Langfeldt, 1951: 71), og vi skal derfor sjå nærare på semantikken til denne termen.

Metaforen (ungdoms)sløvsinn

Samansettinga *sløvsinn* er ein metafor der sinnet vert omtalt som eit fysisk objekt med fysiske eigenskapar, her ‘sløvskap’, THE PHYSICAL-OBJECT SELF. Adjektivet *sløv* vert i BOB og NOB definert som ‘uskarp’, og tydinga vert illustrert vha. dømet *sløv kniv*. Overført tyding er oppført i NOB som ‘svak, svekt, dorsk, lat, likesæl’ med døma *sløvt syn; gammal og sløv; sløve elevar*. Grunntydinga til *sløv* er altså ‘ikkje skarp’, og ordet har negative konnotasjonar. Vi brukar det om ting som bør vera skarpe, men som ikkje (lenger) er det. Ein sløv kniv er t.d. ikkje nokon god kniv, og han bør skjerpast for å bli brukande. Samansettinga *sløvsinn* impliserer at sinn ideelt sett skal vera «skarpe», og vi har den antonyme samansettinga *skarpsinn*, pluss adjektivet *skarpsindig*, som har positive konnotasjonar. Likeins har adjektivet *skarp* ‘god, gløgg, intelligent’ som overført tyding, ifølgje BOB og NOB. Verbet *skjerpa*, som er avleidd av *skarp*, vert nytta refleksivt i tydinga ‘ta seg saman, vera (meir) merksam’ (NOB). Sjølv om Lakoff & Johnson (1999) ikkje nemner nokon metafor som er knytt til tilstanden til «The Physical-Object Self», så er det ei logisk følgeslutning at dersom sjølvet vert framstilt som eit fysisk objekt, kan vi nytta generelle erfaringar med fysiske objekt for å omgrepsleggjera sjølvet, deriblant fysisk tilstand og/eller bruksegenskapar. Ein person som tidlegare var frisk, men som har utvikla «sløvsinn», kan seiast å ha mist tilgang til sitt essensielle sjølv (ESSENTIAL SELF), med det at motivasjon, merksemd og emosjon er svekte, akkurat som ein sløv kniv som har mist eggen, har mist sin funksjonalitet. På den andre sida kan ein framstilla situasjonen som at det inne i ein sløva person eller ein sløv kniv bur ein skjerpa person eller ein kvass kniv som berre treng den rette

⁹² Jamfør Evensen (1904: 1) sin definisjon av dementia praecox (med mine utheingar): «[...] en væsentlig i de yngre aar (mellem puberteten og 30-aarene) opstaaet sindssygd, der i løbet af kortere eller længere tid som regel fører til en særegen **svækkelse af aandsevnerne** i større eller mindre grad, og som efter sygdomsbilledet lader skjelne mellem en hebefreni og en kataton form. Ved hebefreni forstaaes en i regelen raskt begyndende sindssygdhedsform, hvis regelmæssige udgang er en **dyb sløvhed**, og hvis mest fremtrædende kjendemerke er afstumpning af følelseslivet og **svækkelse af dømmekraften** ved bevaret samling og erindring. Ved katatoni forstaaes en i regelen raskt begyndende sindssygdhedsform [...] som i de fleste tilfælde **ender med en sløvhed**, der kun hos et mindretal naaar de høieste grader som ved hebefreni.»

behandlinga for å komma for ein dag. Dette synet vert fremja i nokre av lærebøkene frå 1950 og 2000 ((L); (MRD); (SS)), dvs. etter at sjukdomsfenomenet ikkje lenger vart kalla for «dementia/sløvsinn» – noko som kanskje ikkje er tilfeldig. I 1900 hadde ein eit dystert syn på prognosen til dementia praecox, som var oppfatta å vera den såkalla terminale demensen:

Prognosen er selvfølgelig meget daarlig. Ganske enkeltvis kan man se Tilfælde, der maatte henføres hertil, stanse paa et saa tidlig Stadium, at Patienten kan betragtes som helbredet, i Regelen dog med Defekt. En Del Tilfælde blive staaende paa et mindre fremskredent Standpunkt af moderat Dements, i de aller fleste skrider Sygdommen uafvendeligt fremad og reducerer Patienten yderligt, det er gerne de højeste Grader af apatisk Dements, der danne Terminalstadiet. Om Behandlingen er der desværre ikke meget at sige, man kan vel i det højeste haabe ved passende Regimen og hygiejniske Forholdsregler at bevirke, at et Tilfælde, der under uheldige Forhold vilde være endt i dyb Degradation, kan stanse paa et tidligere Stadium. (F: 103)

Demens *versus* sløvsinn

NOB fører opp *demens* og *sløvsinn* som synonym. Metaforisk sett er kjeldedomenet for både *dement* og *sløv* fysiske entitetar nytta for å omgrepsleggjera ein psykiatrisk tilstand, men to ulike aspekt av kjeldedomenet vert høvesvis nytta. I metaforen *demens* er det plassering og forflytningsevne som er i fokus. Sinnet vert omgrepsleggjort som ein fysisk entitet som kan skilja lag med lekamen. Denne separasjonen føreset at krefter har verka for å fjerna sinnet frå personen eller vice versa. Dette samsvarer med omgrepsmetaforane i hendingsstruktursystemet, som TILSTAND SOM PLASSERING, ENDRING SOM RØRSLE, ÅRSAK SOM KRAFT. Metaforen *demens* omgrepsleggjer psykisk sjukdom som mangel på samlokalisasjon mellom sinn og person. Når sinnet/vitet og personen ikkje lenger er samlokaliserte, kan ikkje personen nyttiggjera seg sinnet, for det er ikkje lenger tilgjengeleg for han.

Når det gjeld metaforen *sløvsinn*, er det (fysisk) forfatning som er i fokus. Ein fysisk gjenstand vert sløv som følgje av mekanisk eller kjemisk påverknad. Når sinnet er sløvt, har det nedsett funksjonsevne.

Kvifor er det bra å vera skarp, og ille å vera sløv, intellektuelt sett? Motivasjonen for metaforen er truleg m.a. metaforen FORSTÅING SOM OBJEKTHANDTERING, som har sitt opphav i erfaringa med at ein ved å handtera eit objekt lærer objektet å kjenna, sjå Lakoff & Johnson (1999: 54). Dersom objektet inneheld løynde element, må ein opna objektet for å undersøkje desse elementa og få ei full forståing av objektet. Og dersom objektet er vanskeleg å opna og/eller har høg densitet, kan eit skarpt verktøy vera nyttig. Med andre ord: Dersom informasjon vert konseptualisert metaforisk som eit fysisk, samansett objekt, følgjer det logisk at det er nødvendig å «trengja inn i kjernen til / dissekera objektet» for å kunna forstå det fullt ut. Eit anna erfaringsdomene som kan ha motivert metaforen, er det å måtta trengja seg gjennom tett vegetasjon for å nå fram til ein destinasjon, ein aktivitet der ein skarp reiskap er eit svært nyttig hjelpemiddel. Jamfør t.d. ordet *ugjennomtrengelig*, som ifølgje BOB har den overførte tydinga «som er vanskelig å tilegne seg; *en u- artikkel, framstilling*», og dei engelske termene *obtuse*,⁹³ *incisive*,⁹⁴ *penetrating*,⁹⁵. Sjå òg Allan (2008: 226–228). Metaforen bak *sløvsinn* kan kallast SINNET SOM (SKARPT) VERKTØY, der ei følgeslutning er at psykisk funksjonstap vert omgrepsleggjort og omtalt som tap av evne til å trengja gjennom tett materie.

Metaforen schizofreni

Termen schizofreni er som nemnt i avsnitt 5.1 sett saman av to greske ledd: *skhizein* 'kløyve' og *phren* 'sinn'. Det tyske suffikset *-ie* svarar til det greske suffikset *-ia*, som i medisinsk terminologi har tydinga 'tilstand, stode, tilhøve' (Øyri, 1992: 339); i skandinaviske språk nyttar ein berre *-i*.

⁹³ *Obtuse* har ifølgje ODE (m.a.) tydingane 'annoyingly insensitive or slow to understand' og 'not sharp-pointed or sharp-edged; blunt'

⁹⁴ *Incisive* har ifølgje ODE tydingane '(Of a person or mental process) intelligently analytical and clear-thinking', '(Of an account) accurate and sharply focused' og '(Of an action) quick and direct'. ODE oppgjev følgjande om etymologien til ordet: «Late Middle English (in the sense 'cutting, penetrating'): from medieval Latin *incisivus*, from Latin *incidere* 'cut into'»

⁹⁵ *Penetrating* (jf. verbet *penetrate*) har ifølgje ODE (m.a.) tydingane 'Able to make a way through or into something', 'Having or showing clear insight'.

Schizofreni tyder altså bokstaveleg talt ‘splitta sinn’. Termen er metaforisk sidan sinnet ikkje har fysisk eksistens og ikkje kan splittast i bokstaveleg forstand. Jamfør termen *schizencephalia* ‘medfødde abnorme kløfter i hjernen’ (Øyri, 1992: 698), som ikkje er metaforisk, sidan det her er snakk om konkret splitting av eit fysisk objekt. Det Bleuler oppfatta som manglande koordinering eller samspel mellom psykiske funksjonar, vert i termen *schizofreni* metaforisk framstilt som splitting av sinnet, THE SCATTERED SELF, THE PHYSICAL-OBJECT SELF. Men i dette tilfellet er det, i motsetnad til i Lakoff og Johnson sin modell, sjøve subjektet som er splitta.

At noko er splitta, inneber at det som tidlegare var heilt, no er delt i separate bitar og mogelegvis i mindre grad samlokalisert. Kva dette har å seia for funksjonen til det splitta objektet (dvs. om funksjonen er sett fullstendig ut av spel eller berre forstyrta), er ikkje opplagt, men det er i regelen ikkje positivt for funksjonen til eit objekt at det vert splitta. *Heilskap* og *einheit* har meir positive konnotasjonar enn *splitting*, *dissosiering* og *fragmentering*. Termen *schizofreni* er motivert av omgrepsmetaforane SINNET SOM FYSISK OBJEKT OG ORGANISERING SOM FYSISK STRUKTUR, og termen reflekterer ei kopling mellom domena PSYKISK SJKDOM OG FRAGMENTERING.

Konstruksjonen «splitta sinn» er tvitydig, og det er ikkje gjeve at språkbrukarane nødvendigvis tolkar «splitta sinn» som ‘sinn der dei psykiske funksjonane er splitta’, noko som vert drøfta meir utfyllande i avsnitt 7.3.1.

Splittingsmetaforen

Bleuler sin term var éin av mange manifestasjonar av det Berrios et al. (2003: 119) kallar «The Splitting Metaphor», som oppstod tidleg på 1800-talet som forklaringsmodell for avvikande åtferd:

[...] the metaphor of separating, dividing, breaking, dissociating, divorcing or splitting of mental functions became popular to explain unpredictable and strange human behaviour. The metaphor was used in popular literature and folk and scientific psychology. (Berrios et al. 2003: 119)

Boka *Strange Case of Dr Jekyll and Mr Hyde* av Robert Louis Stevenson er kardinaldømet når det gjeld skjønnlitterære overflatemanifestasjonar av splittingsmetaforen, og faglege døme er m.a. Charcot sin teori om hysteri⁹⁶ og Freud sin teori om splitting av ego som forsvarsmekanisme (ibid.). Dissosiasjon ('kløyving, spalting') var eit omgrep som vart tett knytt til psykiatri generelt, og psykose spesielt, på 1800-talet, og Bleuler sitt schizofreniomgrep «[...] provides the most clear fusion of dissociation and psychotic concepts to date» (Middleton, Dorahy, & Moskowitz, 2009: 17).

Splittingsmetaforen er veletablert, jf. t.d. at Goatly (2011: 49) reknar MENTALLY DISTURBED IS DIVIDED/INCOMPLETE som ein rotanalogi (= omgrepsmetafor). Ifølgje Emmot (2002: 153) er førestillinga om det splitta sjølvet like aktuelt i vår tid, sidan ho «reflects the sense of fragmentation of identity in postmodern society».

Fleire andre avløysingstermar for *dementia praecox* som baserte seg på splittingsmetaforen, verserte i tida før Bleuler lanserte sin term: *dementia dessecans*,⁹⁷ *dementia sejunctiva*,⁹⁸ *discordance*⁹⁹ (Berrios et al. 2003: 119), *dementia dissociativa*¹⁰⁰ (Kraepelin & Barclay, 1909/1919: 4), og Stransky, som var inne på mange av dei same tankane som Bleuler, lanserte termen *intrapsychic schism*¹⁰¹ nokre få år før *schizofreni* dukka opp (Shorter, 2005: 271).

Ifølgje Sarbin (1990: 313) byggjer Bleuler sin splittingsmetafor på tre postulat:

⁹⁶ Teorien gjekk ut på at eit traume genererer idear som forårsakar symptoma ved hysteri, desse ideane var dissosierte frå medvitet og utilgjengelege for rasjonell, medviten tankeverksemd (Hergenhahn, 2001: 451).

⁹⁷ Lat. *desicans* m.a. 'to cut off, sever, to cut a part from' (Glare, 1982).

⁹⁸ Lat. *sēiunctiō* m.a. 'split'; *sēiunctus* m.a. 'separate, detached, apart' (Glare, 1982). Denne termen vart foreslegen av nevropatologen og psykoanalytikaren Otto Gross før Bleuler foreslo *Schizophrenie*, og ifølgje Bernhard Küchenhoff skulda Gross Bleuler for å ha stole termen frå han (Bleuler, 1911/2014: i forordet til 2014-utgåva).

⁹⁹ Lat. *discordia* m.a. 'disagreement, divergence of views' (Glare, 1982).

¹⁰⁰ Dissosiasjon: 'kløyving, spalting', av. lat. *dis-* 'frå kvarandre, til ymse sider' og *sociare* 'sameine' (NOB).

¹⁰¹ *Schism*, no. *skisma*, kjem lik *schizo-* frå gr. *skizein* 'kløyva, splitta'.

Sinnet er ein eksisterande realitet (*existent reality*).

Sinnet er delt i tre distinkte område: intellekt, vilje og emosjon.

Assosiasjonisme (idéassosiasjon)¹⁰² er ein sentral psykologisk mekanisme.

Det følgjer av dette at den splittinga Bleuler meinte var kardinalsymptomet til schizofreni, var eit resultat av to metaforiske følgjeslutningar, basert på høvesvis punkt to og tre i lista over:

- 1) Dersom sinnet er delt i tre distinkte delar, må dei tre delane verka i samspel med kvarandre for at sinnet skal fungera, men denne tredelinga inneber òg at samspelet mellom delane kan svikta.
- 2) Dersom idear kan verta assosierte, kan dei òg verta dissosierte.

Det Sarbin ikkje nemner (i alle fall ikkje eksplisitt), er at omgrepsleggjinga av sinnet som ein fysisk entitet er ein føresetnad for modellen til Bleuler. Før ein kan snakka om at abstrakte storleikar som sinnet, psykiske funksjonar og idéassosiasjonar er splitta, må ein førestilla seg dei som entitetar med fysisk eksistens.

Termen *schizofreni* kan som nemnt tolkast som motivert av metaforen ORGANISASJON SOM FYSISK STRUKTUR, i form av ei logisk følgjeslutning: DISORGANISASJON SOM SKADD FYSISK STRUKTUR. Metaforen ORGANISASJON SOM FYSISK STRUKTUR er rekna som ein primærmetafor (korrelasjonsmetafor), sjå Lakoff & Johnson (1999: 51), Goatly (2011: 49). Dette har implikasjonar for korleis ein skal vurdere den metaforiske vitaliteten til omgrepsmetaforen (som eg undersøker i kap. 7), og til språklege metaforuttrykk motiverte av han, då primærmetaforar innanfor omgrepsmetaforteorien er rekna for

¹⁰² Assosiasjonisme: «The belief that the laws of association provide the fundamental principles by which all mental phenomena can be explained.» (Hergenhahn, 2001: 153). Hergenhahn (ibid: 118) skriv at Locke sin filosofi ikkje eksemplifiserer assosiasjonisme så lenge assosiasjonisme vert definert som ein freistnad på å redusere all mental aktivitet til assosiativ prinsipp, men «[...] for the British empiricists and French sensationalists that followed Locke the laws of association took on a greater significance. In their efforts to become «Newtons of the mind,» ideas corresponded to Newtons corpuscles and the laws of association provided the gravity that held ideas together.»

tilnærma universelle metaforar som eksisterer som nevrane koplingar i hjernen til individet. I tillegg resonnerer ideen om det splitta sinnet med det Talmy (2000: 431) kallar ein grunnleggjande semantisk konfigurasjon i språket, nemleg «det delte sjølv». Sinnet/sjølv vert ofte omtalt som om det inneheld distinkte delar som forhold seg til kvarandre slik menneske forhold seg til kvarandre. Sinnet kan dermed m.a. vera agens og patiens/opplevar/mottakar i same konstruksjon:

Hvordan tvinger **jeg meg selv** til å trene?¹⁰³

Jeg har hørt **meg selv** si til et barn: «Neimen, så stor du er blitt!»¹⁰⁴

[Den deprimerede] **gir seg selv** skylden for det meste av det som er gått galt i verden [...] (Retterstøl, 1998: 98)

5.1.3 Oppsummering

Vi ser at termene *dementia praecox*, *sløvsinn* og *schizofreni* alle er baserte på metaforar, nærare bestemt på dei spesifikke fysiske tilstandane DISLOKASJON, SLØVSKAP og SPLITTING. Sams for alle termene er at dei er bygde på metaforar der den abstrakte storleiken sinnet vert omtalt som ein fysisk entitet med fysiske eigenskapar og forflytningsevne. Førestillinga om mangel på samlokalisering er den sentrale tydinga til *demens*, mangel på ønskt fysisk eigenskap og dermed funksjonalitet er sentralt for *sløvsinn*, og mangel på heilskap og integrasjon er sentralt for *schizofreni*. I tillegg er SUBJECT-SELF-metaforen ein overordna metafor som kan seiast å ha motivert metaforane, dvs. ideen om eit splitta indre der ein har eit subjekt og eitt eller fleire sjølv. Subjektet kan ha skilt lag med sinnet/vitet, personen er ikkje lenger sitt essensielle sjølv, men ei sløva utgåve, eller sjølve subjektet kan vera spalta i fleire delar, som tilfellet er ved Bleuler sin schizofrenimodell.

¹⁰³ Henta frå: <http://aktivtrening.com/spoer-om-trening/hvordan-tvinger-jeg-meg-selv-til-a-trene>

¹⁰⁴ Monika Celius i Hadeland 06.06.14, http://www.hadeland.net/Nyheter/lokale_nyheter/article7403776.ece

Lakoff (1993: 222–225) drøftar det han kallar *inheritance hierarchies*, dvs. hierarkiske strukturar der metaforiske tilordningar er organiserte. Tilordningar lågare ned i hierarkiet «arvar» struktur frå dei høgare opp. Øvst i hierarkiet finn vi den generiske ontologiske metaforen ABSTRAKT EKSISTENS SOM KONKRET EKSISTENS, som gjeld for både *demens*, *sløvsinn* og *schizofreni*. SINNET SOM (SKARPT) VERKTØY er eit spesialtilfelle av denne metaforen, der både måldomenet og kjeldedomenet er nærare spesifiserte. Ei logisk følgjeslutning av denne metaforen er at eit dysfunksjonelt sinn er eit sløvt verktøy. Når det gjeld *demens*, er det som nemnt to variantar: ein der personen fjernar seg frå sinnet, og som føreset dei generiske metaforane TILSTAND SOM PLASSERING og ENDRING SOM RØRSLE. Idealet er at personen og sinnet skal vera samlokaliserte. Ei følgjeslutning av dette er at dersom personen fjernar seg frå sinnet, vert personen dysfunksjonell. Det same gjeld for den andre varianten, der sinnet fjernar seg frå personen, t.d. ved at personen «misser» sinnet. Her vert sinnet omgrepsleggjort som eit verdifullt objekt som personen må passa på for ikkje å missa det. Når det gjeld *schizofreni*, er det snakk om eit skadd eller øydelagt fysisk objekt: Eit objekt som ideelt sett skal vera heilt, er blitt splitta.

Det ligg ei verdivurdering implisitt i desse metaforane og følgjeslutningane: Skarp er bra, sløv er dårleg; samlokalisasjon er bra, mangel på slik er dårleg; heil er bra,¹⁰⁵ splitta er dårleg. Vi nyttar vår kunnskap om og vurdering av fysiske entitetar som verktøy, verdifulle gjenstandar og ideelle plasseringar til å omgrepsleggjera, resonnera rundt og vurdere psykiske tilstandar. Ifølgje Thibodeau & Boroditsky (2011) kan sjølv subtil metaforbruk ha sterke innverknadar på tankar og handlingar. Kjeldedomenet tener som grunnlag for slutningar om måldomenet, men språkbrukarane er umedvitne om denne påverknaden. Dermed kan val av kjeldedomene få store konsekvensar, vel å merka så lenge metaforen er levande.

¹⁰⁵ Jf. at *helse* er etymologisk beslekta med *heil* (NOB; Caprona, 2013), og eng. *whole*, som har 'healthy' som ei av tydingane (*healthy* er avleidd av *whole*), derav òg *wholesome*.

Er termene *dementia praecox* og *schizofreni* synonyme? Det vil seia: Refererer dei til det (eksakt) same fenomenet? Opp gjennom tida har dei ofte blitt handsama som noko i retning av synonym, ikkje minst av Bleuler sjølv, jf. titlane på dei to sentrale verka der han introduserte schizofreni som term og omgrep: *Die Prognose der Dementia praecox (Schizophreniegruppe)* (1908) og *Dementia praecox oder Gruppe der Schizophrenien* (1911). Kraepelin sjølv refererte til schizofreni i verk post 1911 (McNally, 2012; Blom & van Praag, 2011). Og slår ein opp *dementia praecox* i t.d. OED, ODE, Øyri (1992), Berulfsen et al. (2003), er termen definert som 'tidlegare namn på schizofreni'. Mange (Langfeldt, 1951; Hoenig, 1995; Peralta & Cuesta, 2003; Blom & van Praag, 2011; Gilman, 2008; McNally, 2012) har likevel påpeikt at *dementia praecox* og *schizofreni* i realiteten er langt frå synonyme, sidan Bleuler sitt schizofreniomgrep på fleire måtar skil seg frå Kraepelins *dementia praecox*-omgrep, i ekstensjon så vel som intensjon, og i tillegg har andre konnotasjonar. Det var altså ikkje berre termene som skifta, men òg omgrepet: Bleuler sitt schizofreniomgrep var basert på symptombilete og influert av psykoterapien, medan Kraepelin baserte sitt omgrep på forløp og prognose; eit longitudinelt perspektiv i motsetnad til Bleulers meir transversale. Og ekstensjonen til *schizofreni* var, som eg skal komma nærare inn på i 5.2, vesentleg større enn den til *dementia praecox*. Men i og med namnebyttet som kom i løpet av første halvdel av 1900-talet, vart etter kvart alle tvinga til å nytta schizofrenitermen, anten dei var tilhengarar av Kraepelin sitt omgrep eller Bleuler sitt, noko t.d. kraepelinianaren Langfeldt (1951) gjev tydeleg (for ikkje å seia smårritert) uttrykk for i si lærebok. *Dementia praecox* og *schizofreni* vart begge nytta heilt fram til midten av 1900-talet, men *schizofreni* vart raskt teken i bruk av psykiatrar som såg seg sjølve som freudianarar eller fenomenologar. Biologar var blant dei gruppene som lengst heldt fast ved *dementia praecox* (McNally, 2012: 8). Kraepelin sine tankar har levt parallelt med Bleuler sine i fagfeltet, med skiftande vektbalanse (Andreasen, 1997a; Tandon, Nasrallah, & Keshavan, 2009), så det er all grunn til å understreka at termen *schizofreni* i ulike tekstar kan vera knytt til ei rekkje ulike forståingar (og avgrensingar) av fenomenet.

Innføringa av ein ny term (og definisjon) for sjukdomsfenomenet førte ikkje nødvendigvis til at språkbruken vart mindre stigmatiserande, meir presis, eller sjukdomskategorien betre avgrensa, sjå t.d. Hyman (2010), Kendell & Jablensky (2003), van Os (2009: 368), Parnas et al. (2009: 247), Hoskins (1946: 70) og Keshavan, Nasrallah, & Tandon (2011: 3). Det er eit stigande antal fagfolk som argumenterer for eit byte av schizofreni-namnet, og eventuelt òg schizofreni-omgrepet, sjå Lasalvia et al. (2015), Maruta, Volpe, Gaebel, Matsumoto, & Iimori (2014), van Os (2009; 2010), Blom & van Praag (2011), Kingdon et al. (2008), Sato (2006), Bergsholm (2015) og Thoresen (2015).

Dersom schizofrenitermen no vert bytt ut, vil det seie at diagnosekategorien har fått nytt namn to gongar i løpet av ein periode på vel hundre år. Terminologiske utbytingar er ikkje uvanleg innanfor psykiatrien, jf. dei pensjonerte termene *psykopat*, *mongoloid*, *åndssvak*. Kva er det med det psykiatriske vitskapspråket som gjer at fagtermar så pass fort vert problematiserte og ev. erstatta?

5.1.4 Det psykiatriske språket

Naturvitskapen, med sine fysiske forskingsobjekt og objektive målemetodar, er den typiske forma for vitskap, medan meir hermeneutiske vitskapsgreiner som har abstrakte forskingsobjekt og ingen objektive målemetodar, er meir perifere medlemar av vitskapskategorien. Psykiatrien har eitt bein i naturvitskapen og eitt bein i meir humanistiske vitskapar som psykologi, sosiologi og sosialantropologi (Malt & Skålevåg, 2016), og forskingsobjektet er sensitivt. Som eg var inne på i innleiingskapitlet, har språkbruk som omhandlar menneske, konsekvensar for dei omtalte. Sjølv om Saussure peika på at sambandet mellom tingen og teiknet som symboliserer tingen, er arbitrært, og sjølv om ein term ikkje er inherent i det som termen denoterer, vert vi likevel primærsosialiserte til å tru at han er det, sjå Berger & Luckmann (2000). Namnet til eller omtalen av ein entitet vert oppfatta som ein del av entiteten i seg sjølv. Dette kan påverka vår oppfatning av og reaksjon på han. Berger & Luckmann (2000) hevdar at psykologiske teoriar skil seg nokså mykje frå andre

teoriar fordi dei verkar identitetsdannande så vel som sjølvrealiserande. Teoriane påverkar både korleis fagpersonar ser på pasientane, og korleis pasientane ser på seg sjølve, og dei kan fungere som sjølvoppfyllande profetiar, sjå t.d. Gallo (1994), Lian (2014). Metaforiske termar i psykiatrisk vitskapsspråk er dermed interessante å analysere, for val av kjeldedomene kan påverka synet på måldomenet via projeksjon av kunnskap og verddivurderingar frå kjeldedomenet.

Psykiateren Nancy Andreasen definerer psykiatri slik:

Psychiatry is the medical speciality that studies and treats a variety of disorders that affect the mind – mental illnesses. Because our minds create our humanity and our sense of self, our speciality cares for illnesses that affect the core of our existence. (Andreasen, 1997b: 592)

Psykiatri er ein relativt ny vitskap som har hatt ei rask utvikling i takt med utviklinga av somatisk medisin, farmakologi, psykologi, nevrobiologi, genforskning m.m. Sjølv om forståingsmodellane for sinnet endrar seg, og kunnskapen om det veks, finst det grunnleggjande fellesnemnarar for korleis vi snakkar om det. Til dømes er nervesystemet og sinnet gjennom tidene blitt konseptualiserte ved hjelp av kjeldedomena hydraulisk system, mekanisk innretning,¹⁰⁶ telefon, piano,¹⁰⁷ dampmaskin,¹⁰⁸ datamaskin¹⁰⁹ og kybernetikk¹¹⁰, dvs. at omgrep frå meir direkte observerbare (natur)vitskapar eller kjende instrument vert lånte inn. Datamaskinanalogen, der hjernen er *hardware* og sinnet *software*, er den dominerande i dag (Smith, 1993). Dei ulike metaforane som er nemnde over, har hatt spesifikke

¹⁰⁶ Hobbes såg på mennesket som ei maskin med fjører, strenger og hjul og nekta for at det skulle finnast eit ikkje-materielt sinn (Hergenhahn, 2001: 112–3).

¹⁰⁷ Herbert Spencer (ifølgje Leary (1990a: 11))

¹⁰⁸ Freud nytta dampmaskiner for å forklara libidomodellen. Libido = damp, ventilen på maskina slepper ut damp for å forhindra eksplosjon (Benson, Grove, & Syverstad, 1999: 50).

¹⁰⁹ Kognitiv psykologi liknar menneskesinnet med ei datamaskin (Hergenhahn, 2001: 545).

¹¹⁰ I familierapi/systemteori nyttar ein kybernetiske maskiner som modell for familiar (Kringlen, 1997: 400; Kirkebøen i Hornmoen 1994).

vegvisarfunksjonar: Dei har styrt fokuset og dermed dei teoretiske og praktiske aktivitetane til forskarane mot ulike aspekt ved hjernen (Leary, 1990: 12). På den andre sida har desse «mekaniske» metaforane om sinnet noko sams: I alle desse metaforane vert sinnet redusert til noko ikkje-menneskeleg, eit mekanisk system utan evne til sjølvinnsikt og personleg vekst.

Døme på ein omgrepsmetafor der sinnet vert omgrepsleggjort som ei mekanisk innretning, er SINNET ER EI MASKIN/EIT FRAMKOMSTMIDDEL. Tilordninga MANGLANDE KJENSLEREGULERING ER DEFEKT BREMSEMEKANISME ligg bak følgjande metaforiske utsegn:

Bipolar lidelse er å leve med defekte bremsar på følelsene/stemningen. Sånn sett kan man si at all regulering skjer med gasspedalen. (Sitatet er henta frå ein nettdiskusjon¹¹¹ for menneske med bipolar lidning.)

Motivering av denne metaforen kjem frå ein primær metafor: HANDLINGAR ER SJØLVGÅANDE RØRSLE, kombinert med metaforen MENNESKET ER EI MASKIN. Maskinmetaforen er svært utbreidd, men har uheldige implikasjonar, fordi han er reduksjonistisk og fører til eit fokus på effektivitet og nytteverdi. Dette fører til at dei som er «uproduktive», vert stigmatiserte, sjå t.d. Mannsåker (2010).

Psykiatrisk nomenklatur

Ifølgje Finn Skårderud (i føreordet til Aaslestad (1997)) var Freud influert av energetiske modellar, og termen *psykodynamikk* er direkte modellert over termen *termodynamikk*. I familieterapi nyttar mange kybernetikk som kjeldedomene (Hornmoen, 1994), sjå òg avsnitt 4.2.3. Det er òg typisk at termar for sensomotoriske erfaringar vert nytta for å omtala intrasubjektive fenomen (som psykiatriske lidningar er eit spesialtilfelle av), sjå t.d. Kurath (1921), Sweetser (1990) og Allan (2008) for eit diakront perspektiv og Grady sin teori om primære metaforar (Lakoff & Johnson, 1999; Grady, 1999; Grady & Johnson, 2003).

¹¹¹ <http://www.bipolarforeningen.no/forum/index.php?showtopic=57>

Generelt er det slik at metafor og metonymi er sentrale verkemiddel når vitskapen treng å namngje eit fenomen. Temmerman (2000: 182) hevdar at:

Metaphoric reasoning results in the understanding of a new fact, situation, process, or whatever type of category based on the imagined analogy between what one is trying to come to grips with, to understand, with something one knows and understands already. This inventive or creative capacity is made tangible and leaves its traces in neolexicalisations. The imaginative reasoning of which the metaphorical naming of new categories with existing lexemes is the result, is rooted in human experience.

Fagtermar er generelt ikkje arbitrære, men motiverte (Temmerman, 2000). Dolomitt (eit mineral) og Bekhterevs sjukdom har t.d. fått namn etter personen som oppdaga fenomenet (mine døme). Slike oppkallingsnamn (eponym) er metonymisk motiverte, sidan dei byggjer på den konkrete relasjonen som finst mellom t.d. ein som oppdagar eit fenomen, og fenomenet. Det internasjonale SI-systemet for fysiske einingar er t.d. spekka med eponym, m.a. *tesla*, *newton*, *volt*, *watt*, *hertz*, *becquerel* osv. Eponym finn ein heller sjeldan i psykiatrisk klassifikaşjon,¹¹² då det medisinske fagfeltet ifølgje (Kåss, 2009a) er oppteke av etymologi og rett motivasjon for termene:

Man prøver nå å komme bort fra eponymbetegnelsene og over til mer beskrivende betegnelser som gir bedre forståelse av hva det dreier seg om. Ser man nærmere på medisins historie, viser det seg heller ikke sjelden at det opptrer en helt annen person enn den som burde ha fått sitt navn tilknyttet den aktuelle sykdom eller lignende. Det har også vist seg at heller ikke medisinen er hevet over nasjonal prestisje. Det forekommer ikke sjelden at ulike eponymer brukes i forskjellige land.

Psykiatriske fagtermar skal altså etter fagfeltet sitt syn helst kasta lys over det dei denoterer, dvs. ha forklaringsverdi. Ein av motivasjonane til Bleuler for å laga og lansera termen *schizofreni* var nettopp at namnet på sjukdommen skulle reflektera

¹¹² Somme tilstandar med kjend organisk basis (= hjernesjukdom eller annan somatisk sjukdom som påverkar hjernen) har eponymiske nemningar, t.d.: alzheimer, demens med Lewy-lekamar, Huntingtons chorea, Downs syndrom.

kunnskap, det skulle referera til noko grunnleggjande og sant ved det som namnet refererte til. Det var òg Kraepelin sin motivasjon for å ta i bruk *dementia praecox*-termen: Kraepelin skilde ut diagnosekategorien *dementia praecox* på grunnlag av prognose: Dei psykosane som hadde som fellesnemnar at dei starta tidleg ('praecox') og hadde dårleg, for ikkje å seia håplaus, prognose ('dementia') vart samla i ein kategori og skild frå psykosar med betre prognose, som på si side vart samla i gruppa «das periodische Irresein», dvs. manisk-depressive og depressive lidingar, som har episodisk (periodisk) forløp. Kraepelin skriv i 1909 følgjande om motivasjonen for omgrepet og termen *dementia praecox*, på bakgrunn av kontroversane både omgrepet og termen hadde skapt i fagfeltet:

The objections [against *dementia praecox*] have been directed even more against the name than against the clinical conception. I got the starting point of the line of thought which in 1896 led to *dementia praecox* being regarded as a distinct disease on the one hand from the overpowering impression of the states of *dementia* quite similar to each other which developed from the most varied initial clinical symptoms, on the other hand from the experience connected with the observations of Hecker that these peculiar *dementias* seemed to stand in near relation to the period of youth. As there was no clinical recognition of it, the first thing to be done for the preliminary marking off of the newly circumscribed territory, was to choose a name which could express both these points of view. The name «*dementia praecox*», which had already been used by Morel and later by Pick (1891), seemed to me to answer this purpose sufficiently, till a profounder understanding would provide an appropriate name. (Kraepelin & Barclay, 1909/1919: 3–4)

Dette synet, at psykiatriske fagtermar skal vera gjennomtenkte og informative,¹¹³ finn vi att t.d. i diskusjonen om termen *schizofreni* bør bytast ut med ein ny term, sjå Lee, Kim, & Kwon (2013), Sato (2006), Tandon et al. (2009), Sartorius et al. (2014), Hsu

¹¹³ Dette synet er ikkje unikt for psykiatri, men finst for alle vitenskapar. Ein motivert og informativ term er lettare å hugsa enn ein som ikkje er det. Særmerkt for vitenskapar som har menneske som forskingsobjekt, er at det i stadig større grad melder seg eit tilleggskrav, som nemnt i førre kapittel: Termane skal ikkje vera stigmatiserande. Dette kravet er svært aktuelt for psykiatri, som har avvikande åtferd som forskingsobjekt, eit fenomen som i utgangspunktet er sterkt stigmatisert.

(2014), van Os (2009), Kingdon et al. (2008), Keshavan et al. (2011), Takahashi et al. 2009, Kim (2002), Tandon et al. (2009). Denne typen diskusjon er ikkje ny i fagfeltet. Ikkje minst i perioden rundt 1900 var sjukdomstermar eit kjært diskusjonstema. Men somme psykiatriske tilstandar er så gåtefulle at det er vanskeleg å finna ein term som «betrar forståinga av kva det dreier seg om». Dette er tilfellet når det gjeld fenomen som schizofreni og psykose.

Fagtermar for psykotiske tilstandar

30. august 2012 kunne ein på NRK sine nettsider lesa overskrifta: «Vil ha tilbake ‘sinssjuk’-omgrepet» (Auestad, 2012). Nyheitssaka dreia seg om at rettspsykiateren Randi Rosenquist med fleire tok til orde for å byta ut *psykose* med *sinssjuk* i den omstridde tilrekningsparagrafen.¹¹⁴ Dette vart grunngeve med at psykoseomgrepet er for snevert, og at gjeninnføring av *sinssjukdom* vil vera klårgjerande. Rosenquist uttalte at ho også kunne tenkja seg formuleringa «den som er heilt gal på handlingstida». Dersom ein undersøker termene *sinssjuk*, *psykotisk* og *galen* (jf. Rosenquist sine termforslag), ser ein fort at dei vert nytta om kvarandre: I *Nynorskordboka* vert *galen* nytta som definisjon for *sinssjuk* og vice versa, og *psykotisk* vert definert som «som gjeld sinssjukdommar».¹¹⁵ Dei to sistnemnde termene vert også nytta synonymt i lærebøker i psykiatri (Kringlen, 1997: 118–9; Malt et al., 2003: 186–91; Parnas et al., 2009: 32), sjå òg Øyri (1992: 652).

Psykose og *sinssjukdom* tyder eigentleg det same; *psykose* er ein term frå 1845, sett saman av det greske ordet *psyche* (‘sjel’) og det greske suffikset *-osis* (‘sjukdom’) (Beer, 1996), sjå òg avsnitt 6.2.3. Den konkrete tydinga av *sjukdom* er truleg avgrensa

¹¹⁴ Det dreiar seg om § 44 i den norske straffelova, der bytet frå sinssyk til psykotisk skjedde i 1997: ”Den som på handlingstiden var psykotisk eller bevisstløs straffes ikke. Det samme gjelder den som på handlingstiden var psykisk utviklingshemmet i høy grad.” <http://www.lovdatab.no/all/hl-19020522-010.html#44>. Rosenquist sitt utspel var eit innlegg i den rettspsykiatridebatten som oppstod i samband med rettssaka mot Anders Behring Breivik.

¹¹⁵ Bokmåls- og Nynorskordboka (<http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=&begge=+&ordbok=nynorsk>),

til somatiske lidingar. Ved bruk av ordet *sjukdom* om psykiatriske lidingar vert det i regelen presisert at «sjukdommen» gjeld sinnet og ikkje kroppen; det heiter sinnssjukdom, men ikkje *kroppssjukdom, sinnssjukehus, men ikkje *kroppssjukehus. Metaforisiteten til termar som *sinnssjukdom* er likevel omstridd og langt frå klår, sjå t.d. Pies (2012), Pickering (2005), Fulford, Thornton, & Graham (2006), Matthews (2003).

Galen har som nemt i 3.3.4 eit metonymisk opphav: Ordet er eigentleg perfektum partisipp av norr *gala* ‘*gala, skrika, hyla, snakka, syngja (helst trollord eller galder)*’ (Heggstad et al., 1990). **Årsak** (‘har blitt ytra trollord til’) vert her nytta for å referera til **resultat** (‘er fortrolla’).

Desse døma illustrerer fleire sentrale poeng når det gjeld psykiatrien sitt språk:

- 1) Heimlege og innlånte termar kan ofte ha tilnærma same bokstavelege tyding.
- 2) Termene har ofte metaforisk og/eller metonymisk opphav.
- 3) Gamle forklaringsmodellar kan verta konserverte i termene, som t.d. at psykopatologi er forårsaka av vonde makter, som i *galen*, eller av ulikevekt i kroppsvæskene (humoralpatologi), som i *melankoli* (som vert nytta for å referera til alvorleg depresjon, men som eigentleg tyder ‘svart galle’).¹¹⁶
- 4) Ei utbyting av ein term til fordel for ein annan vil ikkje nødvendigvis «betra forståinga av kva det dreier seg om», då t.d. korkje *galen*, *sinnssjuk* eller *psykotisk* kan seiast å letta diagnostiseringsprosessen eller referera til noko som kan oppdagast og målast vha. objektive målemetodar.

I løpet av dei følgjande sidene vil eg forsøkje å få fram kompleksiteten i det faglege schizofreniomgrepet og kor mykje forståinga av schizofreni har variert og varierer. Dette er viktig som forståingsbakgrunn til den seinare analysen av bruken av schizofrenitermane, då dei språklege uttrykka som vert nytta for å omtala schizofreni

¹¹⁶ Sjølv om vår kunnskap om sinnet aukar, er språket om det på mange måtar konservativt. Vi finn til dømes framleis døme på folkeleg bruk av språklege uttrykk som byggjer på den eldgamle førestellinga om at sjukdom og vanskar kjem av vonde ånder, som *besatt* og *indre demonar*. Uttrykket *galen* byggjer som nemnt òg på slik magisk tenking.

og menneske med schizofreni, oftast inneber ei vesentleg forenkling av ei svært samansett og gåtefull og omdiskutert røynd.

5.2 Kva er schizofreni?

Sjølv om det finst etablerte fagtermar og måtar å omtala schizofreni på, så er fenomenet langt frå eintydig avgrensa, einstemmig definert eller fullt ut forstått. Møller (2017) skriv at forskning på psyken er vesensforskjellig frå forskning på det fysiske objektet hjernen:

Psyken er derimot subjektiv, flytende, flyktig og abstrakt, og derfor langt mer krevende å forske på. Derfor vil forsøk på definisjoner av psykiske lidelser alltid være mangelfulle, upresise og vidåpne for tolkninger. Definisjoner av schizofreni har likevel sin nytte, men forskere og klinikere diskuterer kontinuerlig hvordan definisjonene skal tolkes. Erfarne rettspsykiatrisk sakkynndige er uenige, og i psykisk helsevern annullerer den ene spesialisten den andres vurderinger og diagnoser.

Denne teoretiske usemja er sjølv sagt ikkje særmerkt for psykiatri som vitenskap; det er mange vitenskapsfelt som har abstrakte og komplekse forskingsobjekt og konkurrerende syn. Men som nemnt arbeider psykiatrien med sårbare menneske, og fagfeltet har stor definisjonsmakt og viktige samfunnsfunksjonar. Det har ikkje så mykje å seia for samfunnet generelt om ein t.d. innfører eit nytt ordklassesystem, eller om ein definerer Pluto som ein planet eller ein dvergplanet, men korleis kriteria for tilreknelegheit vert definerte, og kva ein definerer som ei psykiatrisk lidning, har konsekvensar på både individ- og samfunnsnivå. Sjå t.d. Storvik (2012) om moglege utviding av psykiatriske diagnosar og Kringlen (2007: 352–4) om psykiatrien sitt forhold til homofili.

Det psykiatriske vitenskapsfeltet har per i dag ikkje noko sams teoretisk grunnlag som alle kan einast om. Malt et al. (2003) skriv at psykiatri som vitenskap er komen relativt kort veg: Det er vanskeleg å skilja mellom anerkjende funn, rimelege teoriar og personlege synspunkt, og ulike teoriar vektar funn og data ulikt. Mangelen på *common*

ground hindrar at ein teori får forrang framfor dei andre og gjev stort rom for spekulative (og konkurrerende) teorian om årsaksforhold og behandling, noko som fører til interne konflikhtar innerter i fagfeltet. Vidare skriv Malt et al.:

Hvert av disse synspunktene har sine ivrige talsmenn, som gjerne er påvirket av moteretninger og utdanningssteder. Talsmennene har ofte liten åpenhet og forståelse for alternative synspunkter. Dette bidrar ikke bare til å forvirre pasienter og pårørende, men også yngre fagfolk, særlig når talsmenn for ulike teorier iherdig bekjemper hverandre eller ikke er på talefot. (Malt et al., 2003: 61)

Josefsson (2013) skildrar kor gale det kan bera av stad når ei gruppe fagfolk trur blindt på ein teori og kategorisk avviser alternative forklaringsmodellar. Slike «sekte» kan gjera stor skade, noko tilfellet Sture Bergwall / Thomas Quick er eit skremmande døme på.¹¹⁷

Det næraste ein kjem ein slags *common ground* innanfor psykiatri er gjerne diagnosesystema. Ifølgje den internasjonale sjukdomsklassifiseringa ICD-10 er schizofreni generelt kjenneteikna av følgjande:

[...] fundamentale og karakteristiske endringer av tenkning og persepsjon, og av inadekvat eller avflatet affekt. Klar bevissthet og intellektuell kapasitet er vanligvis opprettholdt, selv om en viss kognitiv forstyrrelse kan utvikles over tid. De viktigste psykopatologiske fenomenene omfatter tankeekko, tankepåføring eller tanketyveri, tankekringkasting, vrangforestillinger når det gjelder persepsjon og kontroll, influens eller passivitetsbevissthet, hallusinatoriske stemmer som kommenterer eller diskuterer pasienten i tredje person, tankeforstyrrelser og negative symptomer. Schizofrene lidelsers forløp kan være kontinuerlig eller episodisk med progredierende eller stabil defekt, eller det kan være en eller flere episoder med fullstendig eller delvis remisjon. ((WHO), punkt F20)

¹¹⁷ Sture Bergwall, som ein periode kalla seg sjølv Thomas Quick, tilstod over 30 drap i løpet av eit utal samtalerapisesjonar i samband med rettspsykiatrisk behandling. Han vart dømd for åtte av desse drapa, sjølv om det ikkje fānst tekniske prov eller vitne. Seinare innrømte han ā ha dikta opp alt saman. Ved ā innrømma drap og agera sākalla «fortrengde minne» fekk han merksemd og medisinar frå behandlarane sine. Behandlarane fekk pā si side merksemd og anerkjenning og stōtte for teoriane sine, dā dei trudde dei oppklarte ei rekkje gamle drapsmysterium i Noreg og Sverige ved hjelp av etterforskning gjennom psykoanalytisk terapi. Bergwall er no frikjend og utskriven frå det rettsmedisinske sjukehuset der han var innlagt i nesten 25 ār. Sjā Rāstam (2012) og Josefsson (2013).

Under diagnosekode F20, schizofreni, har ICD-10 ført opp følgjande ni undergrupper: paranoid,¹¹⁸ hebefren, kataton, residual, enkel, uspesifisert og udifferensiert schizofreni, post-schizofren depresjon og «andre spesifiserte typer schizofreni».

Men det som vi i dag kallar schizofreni, har ikkje alltid hatt – og har ikkje i dag alle stader – denne definisjonen, desse ni undergruppene eller dette namnet. Slår ein opp schizofreni i den nyaste utgåva av den USA-amerikanske diagnosemanualen DSM-V, vil ein sjå at schizofrenidefinisjonen der ikkje (lenger) inneheld undergrupper.

Vi finn store variasjonar både synkront og diakront i synet på schizofreni. Parnas et al. (2009: 247) oppgjev at: «I de forløbne 30 år er det blevet foreslået mere end 20 forskellige operationelle skizofrenidefinitioner.» Hoskins (1946: 70) spør: «Again, what is «schizophrenia»? Is it an entity or, mayhap, a semantic convention?» Under den internasjonale «work conference on problems in field studies in the mental disorders» kommenterte fleire deltakarar den manglande semja om definisjonen av termen *schizofreni*, m.a. Frohlich:

When schizophrenia is mentioned, it seems to evoke a different concept in everyone. We have heard today of some wide variations in this concept – from a «schizophrenia» which is something that cannot be changed or cured and inevitably goes on to dementia on the one hand, to a «schizophrenia» which is seen in almost every patient presented at a hospital staff meeting by somebody on that staff. This much difference in the concept of schizophrenia is incompatible with any kind of common language, with any kind of common understanding, or any kind of comparable (sic) data. (Moses M. Frohlich i Zubin, 1961: 87)

Schizofreni har denotert høgst ulike fenomen og har hatt ulik ekstensjon i ulike land (Kendell, 1975: kap. 6), men i og med innføringa av dei nye diagnosesystema er det blitt større grad av harmonisering, slik at ein no i større grad kan jamføra

¹¹⁸ Dette er den diagnosen som Anders Behring Breivik fekk etter den første rettspsykiatriske vurderinga.

schizofreniforskning frå ulike land (Malt et al., 2003: 198).¹¹⁹ Synet på breidda til schizofreniomgrepet, som har variert sterkt i ulike land og i ulike fagmiljø, har konsekvensar for korleis fenomenet vert oppfatta:

Med et snevert schizofrenibegrep blir schizofreni en sjelden lidelse. Tar man på den annen side utgangspunkt i «schizophrenic spectrum disorder» betyr det at schizofreni blir en relativt hyppig lidelse, og overgangen fra normalitet til schizofreni blir i høy grad flytende. (Kringlen, 1997: 263)

Kategorien *dementia praecox* / schizofreni vart i tiåra før og etter 1900 sterkt utvida fleire gonger. Det heile begynte med at Kraepelin, som arbeidde med å laga ei systematisk inndeling av sinnssjukdommar, samla sjukdomskategoriene hebefreni (òg kalla *dementia praecox*) og katatoni (som presenterte av Kahlbaum og Hecker, (tidl. «stuporøs melankoli»)) (Gilman, 2008: 465) og *dementia paranoides* inn under fellesnamnet *Verblödungsprocesse* (Kraepelin, 1896). I 1899 gjorde Kraepelin *dementia praecox* til fellesnamn for den nye sjukdomsgruppa.¹²⁰ (Sjå òg Evensen (1904: 195).) Ideen bak samanslåinga var at sjølv om den nye gruppa bestod av ulike kliniske sjukdomstypar, hadde dei tre typane som fellesnemnar at dei alle førte til demens («sløvsinn») (Peralta & Cuesta, 2003). Denne samlinga var ledd i ei inndeling Kraepelin gjorde av dei funksjonelle (dvs. ikkje-organiske) psykosane i a) *dementia praecox* (med dårleg prognose) og b) manisk-melankolsk psykose (med god prognose)

¹¹⁹ Særleg stor avstand har det vore mellom den europeiske avgrensinga og den USA-amerikanske. USA-amerikanarane hadde tidlegare eit mykje vidare schizofreniomgrep samanlikna med europearane (NN, 1974), slik at det har vore vanskeleg å samanlikna litteratur om tilstanden (Malt et al., 2003). Ifølgje Kringlen (2011) har USA-amerikanarane no eit innsnevra schizofreniomgrep som liknar på det europeiske.

¹²⁰ Men denne sjukdomskategorien, som vart presentert i den 6. utgåva av læreboka til Kraepelin (1899), var berre mellombels for Kraepelin sin del, skal vi tru det han skriv i den 8. utgåva av læreboka si, der han etter å ha lese m.a. Bleuler (1911) aukar talet på underkategoriar av *dementia praecox* frå 3 til 11, med følgjande grunngjeving: «The undoubted inadequacy of my former classification has led me to undertake the attempt to make a more natural grouping, as I have in hand a larger number of possibly more reliable cases.» (Kraepelin & Barclay, 1909/1919: 87). Det kan verka som om fagfeltet slutta å lytta til Kraepelin etter 1899, eventuelt at at modellen med tre underkategoriar var meir tiltalende enn den med 11. I alle høve er det undergruppene frå 1899-utgåva av Kraepelin si lærebok som framleis (i alle fall til dels) er brukte i fagfeltet, jf. ICD-10.

(Kringlen, 2011: 297). Inndelinga er framleis ein hjørnestein i psykiatrisk nosologi¹²¹, og ho er i fagfeltet omtalt som *The Kraepelinian dichotomy* (Fischer & Carpenter, 2009; Craddock & Owen, 2005).

Etter hundreårsskiftet utvida og endra Eugen Bleuler *dementia praecox*-omgrepet under termen *schizofreni*. Han var usamd med Kraepelin i at sjukdommen alltid debuterte i ung alder, og at han alltid hadde dårleg prognose. Dermed omfatta kategorien ifølgje Bleuler fleire pasientar, både dei som fekk sjukdommen etter ungdomsåra, og dei som unngjekk å enda opp med demens. Til dømes introduserte Bleuler i 1911 underkategorien *latent schizofreni*¹²² og kasta med det eit mistankens lys over nær sagt kvar og ein:

Es gibt also eine latente Schizophrenie, und ich glaube geradezu, daß diese Form die häufigste ist, wenn sie auch am seltensten als solche in Behandlung kommt. [...] Reizbare, sonderbare, launenhafte, einsame, übertrieben pünktliche Leute erregen unter anderen den Verdacht schizophren zu sein. (Bleuler, 1911/2014: 196) [7]

Latent schizofreni (= «lette tilfelle med få uttalte symptom»), var ifølgje Bleuler altså ein tilstand som visstnok skulle vera meir utbreidd enn det han kalla den manifeste schizofrenien. Sistnemnde vart på si side kritisert av mange for å ha for vid ekstensjon (sjå t.d. (L: 341)), sidan Bleuler sin term *schizofreni* hadde vidare ekstensjon enn «forgjengaren» *dementia praecox*. Òg *dementia praecox* vart i si tid kritisert for å ha for vid ekstensjon (V: 132; F: 95–96). Kringlen (2011) hevdar at Kraepelin sin kategori *dementia praecox* stort sett svarer til dagens relativt snevre schizofreniomgrep, men Bleuler sin vidare definisjon er òg i bruk, t.d. hjå Cullberg (2003).

¹²¹ *Nosologi*: sjukdomslære, systematisk beskriving av éin eller fleire sjukdommar (Eek, 2009).

¹²² Denne kategorien er no teken opp i ICD-diagnosekategorien *schizotypisk sinnsliding*, som er definert i Parnas et al. (2009: 306) som «en lettere, udvandet form for skizofreni». Merk metaforbruken i definisjonen til Parnas et al.

Parnas et al. (2009: 247) skriv at: «Sygdommens grænser, dvs. de diagnostiske kriterier, er en konvention, mere dikteret af reliabilitets- end af validitetshensyn.». Per i dag veit ein altså ikkje sikkert kva schizofreni kjem av, korleis ein sikkert skal avgrensa sjukdomskategorien, eller kva som er den beste modellen for å forstå sjukdomsfenomenet. Dette trass i at «[n]ær sagt alle forskningsretninger innenfor medisin og samfunnsvitenskap har beskjeftiget seg med årsaksforholdene ved schizofreni.» (Malt et al., 2003: 197).

Når ein les dei ulike læreboktekstane, er det altså viktig å ha i mente at schizofreni er – og har vore – eit diffust og omdiskutert fenomen. Ein kan ikkje gå ut frå at termen *schizofreni* refererer til det eksakt same i ei 1950-lærebok som i ei 2000-lærebok, eller i den psykodynamisk inspirerte læreboka til Cullberg versus den meir filosofisk-eksistensialistisk-orienterte læreboka til Parnas et al. Schizofreni har i faglitteraturen vore omtalt som m.a.: fleire ulike tilstandar, ein sjukdom med undergrupper, ei sjukdomsgruppe, eit(t) syndrom, fleire syndrom, eit spektrum, som den eine delen av eit psykosekontinuum med bipolar lidning i den andre enden (Craddock & Owen, 2005), og, i eit meir overordna perspektiv, som del av eit kontinuum med normalitet i den eine enden og psykose i den andre (van Os, 2009: 365), som ein gestalt (Parnas, 2011), som ikkje-eksisterande (Szasz, 1976),¹²³ som ein sjukdom **og** som ein måte å leva på (Kringlen, 1997: 39), eller som ei form for alvorleg affektiv lidning (Lake, 2012).¹²⁴

Det ser i alle fall ut til å vera generell semje om at årsakene er mange og samansette, og at termen *schizofreni* er ein paraplyterm for fleire ulike lidningar eller tilstandar.¹²⁵ Fenomenet schizofreni er i det heile så komplekst at det byr på problem å danna seg eit

¹²³ Jf. Szasz (1976: 316): «There is, in short, no such thing as schizophrenia. Schizophrenia is not a disease, but only the name of an alleged disease. Although there is no schizophrenia, there are, of course, individuals who are called 'schizophrenic'. Many (but by no means all) of these persons often behave and speak in ways that differ from the behaviour and speech of many (but by no means all) other people in their environment.». Merk at dette er eit ekstremt synspunkt frå ein "antipsykiatrisk" psykoanalytiker.

¹²⁴ Lake (2012) ser ut til å meina at schizofreni høyrer til dei alvorlege formene av bipolar lidning (med psykose), og ikkje er ein eigen kategori.

¹²⁵ Jamfør at *schizofreni* av og til vert nytta i fleirtal eller med etterledd som *-gruppe* eller *-spektrum* og liknande.

presist og fulldekkjande omgrep om det, sidan det så langt ifrå utgjer nokon naturleg kategori: Ei fullgod forståing krev at ein tenkjer i dimensjonar heller enn i kategoriar, ifølgje Tandon et al. (2009), noko som er for komplekst å operera med i praksis (Parnas et al., 2009: 36). Schizofreni som sjukdomsgruppe har strengt teke korkje noko kardinalsymptom (hovudsymptom) eller noko patognomonisk (‘spesifikt for ein einaste sjukdom’) symptom. Ifølgje diagnosemanualane finst det t.d. schizofreni med berre negative symptom, dvs. nedsett eller manglande motivasjon, som residual schizofreni eller enkel schizofreni; og schizofreni med hovudsakleg berre positive symptom som vrangførestillingar og hallusinasjonar (paranoid schizofreni).¹²⁶ Så semantikken (denotasjonen og ekstensjonen) til termane *schizofreni* og *schizofren* er ikkje lett å få grep om.

5.2.1 Struktura til schizofrenikategorien

I den nyaste diagnosemanualen til APA, DSM-V, er diagnosekriteria for schizofreni slik at av ei liste på fem symptom treng personen berre ha to av symptomata for å få diagnosen (eitt av dei må høyra til symptom 1, 2 eller 3). Dette tyder i praksis at det ikkje er eit krav om at personar diagnostiserte med schizofreni skal ha eitt einaste symptom felles. To personar kan få schizofrenidiagnosen med distinkt ulikt symptombilette, dvs. utan overlapp i symptomata. Det same er tilfellet i ICD-10, WHO sin internasjonale sjukdomsklassifikasjon, men i endå høgare grad, sidan diagnosekriteria her er slik at av ei liste på ni symptom er eitt av dei fire første nok til å få diagnosen.¹²⁷ Diagnosekategorien schizofreni kan dermed sjåast på som ein kategori der det er familielikskap mellom medlemene, som skildra i Wittgenstein & Tin (2010: 63–68). Wittgenstein nyttar ‘spel’ som døme, men ‘schizofreni’ oppfører seg på ein liknande måte:

¹²⁶ Positive symptom er noko som er kome til pasienten, som t.d. hallusinasjonar, medan *negative symptom* vert nytta om fråfall av tidlegare funksjonar, som tap av sosiale evner eller motivasjon.

¹²⁷ Dersom ein person ikkje har nokon av dei første fire symptomata på lista, er kriteriet at ein har to av dei fem siste symptomata.

Prøv en gang å undersøke for eksempel de prosessene vi kaller «spill». Jeg mener brettspill, kortspill, ballspill osv. Hva er det som er felles for dem? – Ikke si: «Noe *må* de jo ha til felles, elles ville vi ikke kalle dem «spill» – men se om det er noe som er felles for dem alle sammen. – For når du ser på dem, vil du nemlig ikke finne noe som er felles for *alle*, men du vil finne likheter, slektskaper, og til og med en hel rekke av dem. Som sagt: Tenk ikke, men se! – Se for eksempel på brettspillene med de mangfoldige slektskapene sine. Og gå så over til kortspillene: Her finner du mange trekk som svarer til den første klassen, men det er også mange felles trekk som forsvinner og nye som viser seg. Når vi nå går over til ballspillene, vil mye fremdeles være bevart, men mye er også gått tapt. (Wittgenstein & Tin, 2010: 63)

Kategorien schizofreni oppviser ein prototypisk struktur, der den såkalla hebefrene varianten, med det somme av lærebokforfatarane karakteriserer som «blomstrende» eller «floride» symptombilete (MRD: 225; L: 381), ser ut til å vera den mest prototypiske, jf. den synonyme termen *kjerneschizofreni* (Malt, 2016b).¹²⁸

ICM-en for schizofreni kan i tillegg definerast som ein klyngjemodell (*cluster model*) (Lakoff, 1987b: 74–76, 203). Ifølgje Lakoff er somme omgrep definerte vha. ei klyngje av kognitive modellar, der klyngja har gestalteigenskapar, dvs. at heilskapen er lettare å oppfatta enn dei individuelle modellane. Ofte vert det nytta modifierarar for å isolera ein individuell modell i klyngja. Lakoff nyttar omgrepet ‘mother’ for å illustrera fenomenet. Han hevdar at ‘mother’ er ein gestalt sett saman av dei meir komplekse modellane ‘birth mother’, ‘genetic mother’, ‘legal mother’ osv. Desse individuelle modellane representerer ulike definisjonar av omgrepet ‘mother’. Det finst ikkje éin definisjon som dekkjer alle tenkjelege tilfelle som kan seiast å tilhøyra kategorien *mother*. Det same er tilfelle for schizofreni, som er eit omgrep basert på familielikskap. Ifølgje Croft & Cruse (2004: 31) er klyngje-ICM-ar i praksis domenematriser. Det vil seia at omgrepet schizofreni presupponerer ei rekkje domene som eitt kasus i større eller mindre grad kan samsvara med. Ulike definisjonar av schizofrenitypar bidreg

¹²⁸ I 1893-versjonen av læreboka til Kraepelin var hebefreni ekvivalent med *dementia praecox* (Shorter, 2005), det same gjeld for 1896-versjonen.

samla til gestalten schizofreni. Termen *schizofreni* kan opptre med modifierarar når ein individuell modell skal isolerast frå resten, som t.d. «kjerneschizofreni», «defekt-schizofreni», «kataton schizofreni», «paranoid schizofreni» osv.

Nokre sams grunnelement ser likevel ut til å eksistera i lærebøkene sine framstillingar av schizofreni, og desse vert presenterte i det følgjande.

5.2.2 Forståingsramma for schizofreni

Eg freistar å skildra schizofreniomgrepet ved hjelp av to ulike modellar:

- 1) ein eigenprodusert modell for element i ein fagleg schizofreni-ICM
- 2) ein eigentilpassa versjon av Peirsman & Geeraerts sin modell (sjå 3.7.2) for ulike former for kontiguitet mellom element i den faglege schizofreni-ICM-en

ICM-modellen er ei taksonomisk framstilling av domenet SCHIZOFRENI, medan kontiguitetsmodellen viser relasjonar mellom to bestemte element i ICM-en, pasienten og sjukdommen.

Som nemnt i kap 3 går det eit skilje i metonymiforskinga mellom dei som definerer metonymi basert på domene eller ICM-ar, og dei som definerer metonymi basert på kontiguitet. Slik eg ser det, er ICM-baserte og kontiguitetsbaserte metonymidefinisjonar ikkje inkompatible, men heller to perspektiv som belyser ulike aspekt av same sak. Peirsman & Geeraerts (2006) baserer metonymidefinisjonen sin (presentert i kap 3) på kontiguitet, og som nemnt i kap. 3 er det nødvendigvis konseptuell kontiguitet mellom elementa i ein ICM. Kontiguitetsbaserte og ICM-baserte tilnærmingar til metonymi kan dermed utfylla kvarandre. Kontiguitetsmodellen er nyttig for å forstå somme typar metonymiar funne i materialet mitt (nærare bestemt substantivisk bruk av adjektivet *schizofren* og av substantivet *schizofreni*, omtalt høvesvis i avsnitt 6.2.7 og 6.3), medan ein ICM-modell er nyttig for å forstå andre typar (nærare bestemt adjektivisk metonymisk bruk av *schizofren*, omtalt i avsnitt 6.2.2).

Schizofreni – ICM

For å kunna nytta ei ICM-basert tilnærming til å undersøkje fagleg språkbruk om schizofreni er det naudsynt å freista å skissera og sortera kva element som inngår i ein fagleg ICM for schizofreni,¹²⁹ eller med andre ord, kva domenestruktur som omgrepet schizofreni vert forstått på bakgrunn av, jf. Croft & Cruse (2004). Ifølgje Croft (2003) følgjer det av kognitiv lingvistikk sin tese om ensyklopedisk ordtyding at det ikkje er nokon vesentleg skilnad mellom (språkleg) semantisk representasjon og (generell) kunnskapsrepresentasjon: Ord fungerer som inngangsportar til eit kunnskapsnettverk som er organisert i domene.

Basert på Croft (2003), på eigen intuisjon og tileigna kunnskap om feltet basert på lesing av psykiatriske fagtekstar, og på nærlesing av den delen av materialet som omhandlar schizofreni (dvs. lærebokkapitla frå 1950- og 2000-talet), har eg utarbeidd eit framlegg om kva element ein slik fagleg schizofreni-ICM må innehalda, eller sagt på ein annan måte, kva domene omgrepet SCHIZOFRENI presupponerer. Desse grunnelementa er drøfta i alle lærebokkapitla eg har undersøkt, og dei kan sjå ut til å samla utgjera ein mal for korleis ei lærebok framstiller den psykiatriske sjukdomskategorien – jamfør at lærebøkene skal bidra til at medisinstudentar utviklar eit fagleg schizofreniomgrep. Figur 3 under inneheld eit oversyn over desse grunnelementa:

¹²⁹ Sjå Meyer & Mackintosh (2000: 114–115) for ei framstilling av korleis ein fagperson si oppfatning av ein fagterm skil seg frå den til ein lekmann.

1) SJKDOM	2) PASIENT	3) BEHANDLING	4) TEORI
SJKDOM	MENNESKE	DIAGNOSTISERING	TEORI
ÅRSÅK	FAMILIE/SLEKT	BEHANDLING	FORSKING
UTBROT	LIVSHISTORIE <i>Herunder sjukehistorie</i>		
SYMPTOM <i>Herunder observerbar åtferd, produkt og subjektive plager</i>	TILSTAND <i>Til elementet tilstand reknar eg både symptombilete, framtoning, psykomotorisk åtferd og funksjonsnivå.</i>		
FORLØP	PSYKE <i>Herunder personlegdom, konstitusjon, psykologiske (mal)funksjonar og liknande</i>		
PROGNOSE	KROPP <i>Herunder genotype, gen, organ, fysiologiske (mal)funksjonar og liknande</i>		

Figur 3: Oversyn over elementa i schizofreni-ICM-en

Ei domenematrise for omgrepet schizofreni inneheld domena SJKDOM (1), PASIENT (2), BEHANDLING (3) og TEORI (4). Domena BEHANDLING og TEORI er ikkje så inherente i og tett knytte til sjukdommen schizofreni som det den schizofrene personen er (jf. kontiguitetsmodellen nedanfor) og dei impliserer andre personar utover den schizofrene personen, nemleg behandlarar og forskarar.

Fleire har peikt på at det er lett for at alt som har med personen å gjera, vert oppfatta på bakgrunn av schizofrenien: «Once a person is designated abnormal, all of his other behaviors and characteristics are colored by that label.» Dette gjeld òg tolkinga av livshistoria hans: «the perception of his circumstances was shaped entirely by the

diagnosis.» (Rosenhan, 1973: 386–7). Åtferd og tankar vert symptom; slekta vert potensiell kjelde til gen som disponerer for sårbarheit for utvikling av schizofreni; familie, nære relasjonar, oppvekstvilkår og arbeidsplass vert potensielle utløysande stressfaktorar som kan utløysa sjukdommen. Alle former for observerbar åtferd kan i teorien bli vurderte som utslag av sjukdommen (Lian, 2014). I ICM-modellen har eg derfor valt å plassera «produkta» til personen under observerbar åtferd i sjukdomskategorien og ikkje i personkategorien. Produkt som brev, teikningar og tale kan ofte vera prega av sjukdommen eller verta *tolka* som teikn på sjukdommen. Adjektivet *schizofren*, nytta om ein person diagnostisert med schizofreni, kan altså komma til å denotera «heile personen». Men i psykiatrisk språkbruk er det, som eg vil visa i kap. 6, langt frå berre *personar* som kan bli tillagde eigenskapen ‘schizofren’; adjektivet vert nytta om ei rekkje andre fenomen som alle kan seiast å vera aspekt ved schizofreni, og som høyrer inn under kategoriane i Figur 3 over, som mellom anna symptom, tankegang, tankeforstyrringar (effektar av lidinga), hjernar, gen, arv og anlegg (årsaker til lidinga).

Croft (2003) spesifiserer ikkje kor mange domene som må reknast som naudsynte for å forstå eit omgrep. Ein kan argumentera med at det held med 1) SJKDOM og 2) PASIENT. Samstundes er behandling og teori sentrale i eit profesjonelt sjukdomsomgrep, og element frå gruppene 1–4 verkar inn på kvarandre. Nye forskingsfunn har t.d. effekt på behandling og avgrensing av sjukdomskategorien, og dermed implikasjonar for pasientane; diagnostisering skjer som følgje av diagnostiske kriterium baserte på teori og forskning på sjuke personar; forløp, symptombilete og prognose kan påverkast av behandling, osv.¹³⁰

Schizofreni – kontiguitetsrelasjonar

Ved hjelp av nærlesing av lærebøkene har eg òg identifisert ei rekkje ulike former for oppfatta og/eller omtalt kontiguitet mellom sjukdomen og den sjuke, dvs. ICM-element

¹³⁰ Til dømes er det faktum at kataton schizofreni er sjeldan i våre dagar, visstnok ei følgje av at behandlarane tidleg set i gang medikamentell behandling som effektivt motverkar denne tilstanden (Malt, 2016a).

1) og 2). Lærebokforfatarane nyttar desse ulike kontiguitetsrelasjonane om kvarandre. Dei ulike relasjonane eg har funne døme på i materialet, er oppsummerte og strukturerte ved hjelp av modellen til Peirsman & Geeraerts (2006) (presentert og drøfta i kap. 3). Det viser seg nemleg at mange av relasjonane presenterte i modellen til Peirsman & Geeraerts kan kasta lys over lærebøkene si framstilling av tilhøvet mellom sjukdommen og den sjuke.

Eg har teke utgangspunkt i punkttoppstillinga til Peirsman & Geeraerts (2006) og sett inn spesialtilfelle av dei ulike punkta som eg meiner å ha funne belegg for i lærebøkene, som til dømes at sjukdommen er oppfatta som eit separat vedheng til personen, som er eit spesialtilfelle av den relasjonen som Peirsman & Geeraerts kallar ENTITET og NABO. Desse spesialtilfella er illustrerte med eitt eller fleire språklege døme frå læreboktekstane. Eg har markert språklege indikasjonar på kontiguitetsrelasjonar med feit skrift.

Merk at ikkje alle dei språklege døma som illustrerer spesialtilfella, inneheld språklege metonymiar. Det er ikkje slik at analysematerialet har døme på språklege metonymiar for alle dei omtalte typane kontiguitet, men analysematerialet inneheld språklege formuleringar som uttrykkjer dei ulike formene for kontiguitet som ifølgje Peirsman & Geeraerts (2006) kan gje opphav til språklege metonymiar. Døma frå materialet tener altså til å illustrera korleis ulike konseptualiseringar inneber ulike former for oppfatta kontiguitet mellom sjukdommen og den sjuke. Desse kontiguitetsrelasjonane *kan* gje opphav til metonymisk språkbruk, og somme av døma inneheld språklege metonymiuttrykk. Merk òg at ikkje alle tilfella av kontiguitet som er lista i modellen under, gjeld schizofreni generelt, men heller undertypar av schizofreni (eller, meir presist, individuelle kognitive modellar i den klyngja som utgjer schizofreni-ICM-en). I tillegg tek eg atterhald om at lista ikkje nødvendigvis er utfyllande, dvs. at det kan tenkjast å vera nokre relasjonstypar omtalte i lærebøkene som eg har oversett.

Romleg kontiguitet

a. DEL OG HEILSKAP

- i. *Sjukdommen vert oppfatta som ein salient eller altoverskuggande del av den sjuke:*
 1. «En kan regne med at i de skandinaviske land utgjör antall **schizofrenier**¹³¹ fra 50–70 % av sinnssykehusenes samlede klientel.» (L: 345)
- ii. *Ein medfødd organisk disposisjon eller skade eller ei tidleg utviklingsforstyrning (biologisk versus psykologisk sårbarheit) for schizofreni vert oppfatta som ein uavhendeleg del av personen (heilskapen):*
 1. «Den **sårbarheten** [for å utvikla schizofreni] kan vara av biologisk art (genetik, hjærnskada etc) eller vara psykologisk (allvarliga störningar eller brister i den tidiga barndomsutvecklingen); ofta är det en kombination av de båda.» (C: 279)

b. BEHALDAR OG INNHALD

1. *Sjukdommen er samlokalisert med den sjuke personen. Sinnet og hjernen til den sjuke personen vert oppfatta som «beholdar» eller sete for sjukdommen:*
 - 1) «Videre skal nevnes at lobotomier av schizofrene nå har gitt muligheter for histologiske undersøkelser av **schizofrene hjerner** som hittil ikke har foreligget.» (L: 349)
2. *Sjukdommen og symptoma han medfører, kan òg ev. bli konseptualiserte som «beholdar» for den sjuke personen (jf. metaforen TILSTAND SOM BEHALDAR):*
 - 1) «Patienten blev kort tid efter indlagt i en psykotisk tilstand, som den omtalte episode var det første tegn på.» (MKP: 258)
 - 2) «Vårdens innehåll måste annars vara att undan för undan försöka **få ut patienten ur hans psykotiska värld.**» (C: 289)

¹³¹ Substantivet *schizofreni* er her gått frå uteljeleg til teljeleg og refererer til personar diagnostiserte med schizofreni. Personane vert refererte til vha. namnet på sjukdommen, sidan sjukdommen er ein salient del av personane. Sjå òg punktet MATERIAL og OBJEKT.

C. PLASSERING OG PLASSERT

3. *Sjukdommen vert oppfatta som at personen er på ein annan stad (jf. metaforen TILSTAND SOM PLASSERING):*
 - 1) «Selv i sådanne tilfælde ser man imidlertid - undertiden efter mange års forløb - et nyt «skub», som **fjerner den syge yderligere fra realiteterne.**» (SS: 144)

d. ENTITET OG NABO

- i. *Sjukdommen vert oppfatta som eit separat vedheng til personen:*
 1. «Statistikk over førstegangsinnleggelse i forskjellige land tyder på at pasienter **med schizofreni** utgjør det største antall av pasienter med psykoser som blir lagt inn i psykiatriske sykehus.» (MRD: 196)
- ii. *Sjukdommen vert oppfatta som eit skal, hylster eller liknande:*
 1. «Samtidig må man huske at **bak den kroniske symptomatologi** vil de aller fleste ha bevart både sin individualitet og tross alt ha et håp [...].» (MRD: 212)

e. MATERIALE OG OBJEKT

- iii. *Sjukdommen vert oppfatta som uteljeleg og uavgrensa materiale og dei sjuke personane som teljelege og avgrensa objekt laga av materialet:*
 1. «De fant dårligst resultat hos dem som var oppfattet som **«rene schizofrenier»**, og gunstigere forløp ved den tilstanden som var kalt schizofreniforme og best ved de schizoaffektive.» (MRD: 223)

Kontiguitet i handlingar, hendingar og prosessar**f. DELHENDING OG KOMPLEKS HENDING**

- iv. *Sjukdommen vert oppdaga når personen si åtferd vert tilstrekkeleg påfallande. Men den eller dei hendingane som utløyser mistanke og til slutt fører til diagnosen, vert oppfatta som del av ei større hendingsrekke som skjer som følge av sjukdomsprosessen. Tidlegare hendingar vert tolka på bakgrunn av dette:*

1. «En 38-årig, gift akademiker, hvis **sygdom startede akut** for nogle år siden, kan retrospektivt erindre, at han som teenager havde en markant tilbøjelighed til at falde i staver.» (MKP: 303)

g. HENDING / HANDLING / PROSESS OG TILSTAND

- v. *Sjukdommen vert oppfatta som ein kontinuerleg psykotisk tilstand som personen er i:*¹³²
 1. Liksom andra **psykos** har schizofrenin en starkt engagerande effekt på många icke-schizofrena. (C: 275)
- vi. *Sjukdommen vert oppfatta som ei rekkje enkeltstående psykoseepisodar som personen går gjennom:*
 1. «Episodisk remitterende [forløpsform] (fuld remission i perioderne **mellem de psykotiske faser**)» (MKP: 310)

h. HENDING / HANDLING / PROSESS OG DELTAKAR

- vii. HENDING / HANDLING / PROSESS OG AGENS
 1. *Sjukdommen vert oppfatta som ei handling personen utfører:*
 - a. «Man kan fra en slik synsvinkel betrakte en schizofren utvikling som uttrykk **for en retrettløsning som personen føler seg «tvunget» til å foreta** fordi han eller hun ikke ser noen annen løsning.» (MRD: 212)
 - b. «Den personen som senere **reagerer med schizofreni** har ikke i tilstrekkelig grad tatt inn i sitt indre en visshet om at gode, varige forhold til andre mennesker er mulige.» (MRD: 202)
 2. *Sjukdommen vert oppfatta som agens og personen som patiens:*
 - a. «Symptomene og utviklingen tyder på at det her foreligger en schizofreni, som vesentlig har vært av paranoid natur, og som må oppfattes som kronisk, men likevel ikke så svær at **den har slått ham**

¹³² Jamfør at *psykose* kan referera til 'sjukdom som medfører psykotiske episodar eller tilstandar'.

[pasienten] helt ut av den sosiale funksjon.»
(MRD: 227)

viii. HENDING / HANDLING / PROSESS OG PATIENS

1. *Sjukdommen vert oppfatta som ei hending, og den sjuke som ekvivalent med hendinga:*
 - a. «Sannsynligvis må de fleste **tilfeller av schizofreni** fortsatt behandles i institusjon i perioder, med de rikere muligheter til aktivisering man der har.»
(MRD: 225)

i. ÅRSÅK OG EFFEKT

- ix. *Sjukdommen vert oppfatta som årsak til avvikande åtferd og funksjonsforstyrningar hjå den sjuke:*
 1. «Hvis en person er præget af disse symptomer, **medfører** det social tilbageatrækning og reduktion i de sociale færdsigheder, og personligheden ændres med tab af interesser, manglende fremdrift og uvirksomhed, tom og formålsløs adfærd samt indsynken i sig selv.» (MKP: 301)
- x. *Handlingar den sjuke utfører, som t.d. å slutta med medisinar sine, eller å rusa seg, vert oppfatta som å verka inn på forløpet til sjukdommen:*
 1. «I ettervern høstes titt den erfaring av (sic) pasienten av forskjellige grunner slutter å ta sin medisin, med **residiv til følge.**» (MRD: 226)
 2. «Misbruget af alkohol ligesom stofmisbrug sker undertiden i autoterapeutisk, angstdæmpende øjemed, men har utilsigtede konsekvenser og **kan fremprovokere eller forværre sygdommen.**» MKP: (298–300)

j. DELTAKAR OG DELTAKAR

- xi. EIGAR OG EIGEDOM
 1. *Sjukdommen vert oppfatta som eigdommen til den sjuke personen:*
 - a. «Risken för en tvåäggstvilling att insjukna om den andra tvillingen **har schizofreni** är endast 9 procent, dvs inte större än för andra syskon till en schizofren.» (C: 276)

- b. «**Hendes skizofreni** debuterede først, da hun var 26 år gammel efter en ny prodromal fase af ca. 12 måneders varighed.» (MKP: 308)

Som vi ser, kan ein i dei seks lærebøkene finna svært mange ulike oppfatta samband og samspel mellom sjukdommen og den sjuke, både romlege, kausale og partonymiske relasjonar. Alle desse sambanda kan ifølgje Peirsman & Geeraerts (2006) produsera metonymi. Assosiasjonane mellom sjukdommen og den sjuke kan forklara språklege konstruksjonar der eitt og same ord ut til å referera til både sjukdommen og den sjuke samtidig, som t.d. følgjande døme på bruk av substantivet *tilfelle*:

Enkelte forfattere slaar vistnok **saadanne tilfælde** sammen under navn af dementia paranoides til en særskilt undergruppe af dementia præcox; men om berettigelsen hertil kan der ihvertfald tvistes og selv finder jeg det mere tjenligt at behandle disse former i forbindelse med paranoiaen. Hvor grændserne skal sættes bliver imidlertid vilkaarligt; dog burde det vel kræves, at der under dementia præcox kun tages **med saadanne tilfælde, som viser tydelige hebefrene eller katatone træk**. Som før nævnt, viser **de fleste dementia præcox-tilfælde** kun et lettere islæt af paranoid natur. (V: 132)

Det som vert referert til med «saadanne tilfælde» og «dementia præcox-tilfælde», er på ei og same tid både pasienten og sjukdommen. *Dementia præcox* er eit ikkje-teljeleg substantiv, *dementia præcox-tilfelle* er teljeleg. Eitt tilfelle = eitt kasus = ein pasient. Jamfør følgjande sitat: «De mest udtalte Tilfælde af «erhvervet Imbecillitet», som man har kaldt det, ende vel oftest paa en eller anden Plejestiftelse.» (F: 99). Samstundes drøftar Vogt i sitatet grenseoppgangen til sjukdommen dementia præcox i høve til paranoia. Det er ikkje personane som vert slegne saman under eit felles sjukdomsnamn, det er tilstandane dei lir av, som vert sorterte. Denne typen vagheit, der fleire enn ei tolking er mogeleg, er ikkje uvanleg i samband med metonymiske tydingsutvidingar baserte på konseptuell kontiguitet (Halverson, 2012).

Som vist over er kontiguitetsrelasjonane mellom sjukdommen og den sjuke mange og tette. Dette gjer at skiljet mellom personen og sjukdommen lett kan forsvinna, både

språkleg og kognitivt. Diagnosen schizofreni vert sett etter vurderingar og observasjon av individet: status presens, sjukehistoria, slektshistoria og livshistoria, herunder barndomsforhold og familieforhold, samlivsforhold osv. Personen si åtferd vert observert, og ein freistar å vurdera dei subjektive opplevingane hans (Malt et al., 2003: kap. 6).

6. Metonymi og schizofreni

Som omtalt i avsnitt 3.7 er metonymi sett på som ein sentral mekanisme i tanke og språk generelt. Eg har funne at metonymi òg er ein sentral mekanisme i psykiatrien si språklege handsaming av fenomenet schizofreni. Innanfor psykiatrien vert termene *schizofreni* og *schizofren* nytta metonymisk på ei rekkje ulike måtar. Metonymi er allstadsnærverande i framstillinga av schizofreni.

I tillegg til å sjølv å vera metonymisk motiverte (5.1.1), vert schizofrenitermane nytta metonymisk på fleire ulike måtar. Følgjande typar metonymi knytte til bruk av termene *schizofren* og *schizofreni* funne i lærebokmaterialet vil bli drøfta i dette kapittelet:

- 1) Bruk av adjektivet *schizofren* om aspekt ved schizofreni i staden for om menneske med schizofreni. Dette er ei særeigen form for metonymi, der kompliserte årsak-effekt- og del-heilskapsforhold m.m. vert komprimerte til ein eigenskap ved ein av entitetane i årsakskjeda/heilskapen. Denne typen metonymi er ikkje referensiell, og han inneber ikkje at noko står for noko anna. Det er i staden snakk om ei komprimering på basis av metonymiske relasjonar mellom entitetar i same funksjonelle domene (Barcelona, 2011: 245; Fauconnier, 2008).
 - a. Døme: «En gruppe af **skizofrene symptomer**, hvor oplevelsen og den forklarende vrangforestilling er tæt forbundne, er influensfænomener (passivitetsfænomener).» (MKP: 283). I dømet er det snakk om symptom *assosierte med diagnosen schizofreni* (ikkje symptom som har eigenskapen «schizofren»).

- 2) Substantivisk, personrefererande bruk av adjektivet *schizofren*, der adjektivet vert nytta utan etterfølgjande substantiv og slik åleine refererer til personen med slik eigenskap. Ein salient eigenskap ved personen vert då nytta for å referera til personen. Dette tolkar eg som metonymisk motivert, heller enn som berre ein ellipse.

- a. Døme: «Hos enkelte **schizofrene** – som er foreslått gitt betegnelsen dyssymbolske **schizofrene** [...] – er dette symptom meget uttalt.» (L: 382). I dømet er det snakk om menneske som lir av schizofreni, og som derfor kan seiast å inneha eigenskapen ‘schizofren’.
- 3) Substantivet *schizofreni* nytta i tydinga ‘person med schizofreni’. Dette er ein typisk referensiell metonymi, der termen som refererer til diagnosen, vert nytta metonymisk for å referera til personen som har diagnosen. Denne bruken er relativt sjeldan, og grenseoppgangen mellom denne bruken og generisk referanse til schizofrenikategoriar er vanskeleg.
- a. Døme: «Ved Boston Psychopathic Hospital, U.S.A., hvor et stort materiale lobotomerte **schizofrenier** var etterundersøkt i en årrekke [...]» (L: 395) I dømet vert sjukdomsnamnet *schizofreni* nytta for å referera til menneske som lir av sjukdommen schizofreni, jf. at ein kan lobotomera eit menneske, men ikkje ein sjukdom.

Merk at lista over ikkje er utfyllande. Metonymi i samband med orddanningar med *schizofreni*, *schizofren* og *schizo-* vil ikkje bli behandla her, grunna plassomsyn. Metonymi i samband med bruk av eintalsformer av schizofrenitermen vil heller ikkje bli drøfta.¹³³

6.1 Disposisjon

Først vil eg drøfta adjektiv generelt (6.1.1) og tilhøvet mellom adjektiv og metonymi spesielt (6.1.2), dette for å setta undersøkinga mi inn i ei overordna teoretisk ramme. Analyseapparatet eg har utarbeidd for undersøkinga, byggjer til dels på dette

¹³³ Fagleg sett burde ein eigentleg ha referert til sjukdomsfenomenet med fleirtalsformene av schizofrenitermen. Keshavan et al. (2011) skriv i den siste av ein artikkelserie på seks artiklar som omhandlar det som per i dag er kjent om fenomenet schizofreni, at: «At the very least, we should consistently use the term “schizophrenias” or “psychosis spectrum disorders” to avoid the illusion this entity being a single disease entity.” Praksisen med å nytta eintal samstundes som ein vedgår at det eigentleg er snakk om eit fleirtal, kan tolkast som døme på metonymi.

teoristoffet. Eg drøftar først adjektiviske relasjonar og funksjonar og presenterer Warren (1984) sin modell for ulike former for relasjonar mellom attributive adjektiv og substantiv. Vidare drøftar eg metonymisk bruk av adjektiv generelt og kontrasterer med metaforisk bruk av adjektiv. Så følgjer ei generell drøfting av metonymisk bruk av adjektivet *schizofren* i høve til metonymiteori. Deretter presenterer eg den prinsipielle skilnaden mellom «rein» metonymisk bruk av *schizofren* i psykiatrisk fagspråk, versus metonymisk-metaforisk bruk i lekmannsspråk.

Før eg presenterer sjølve metonymiundersøkinga, gjev eg i 6.2.1 ei oversikt over bruken av termane *schizofren* og *schizofreni* i lærebøkene samanlikna med den første publikasjonen der termane vart nytta, nemleg Bleuler (1908). Dette har eg gjort for å visa likskapane mellom bruken av termane i lærebøkene og i Bleuler sin artikkel. Bleuler nytta termane metonymisk på alle dei tre måtane eg har presentert i avsnitt 5.1.1 over. Det er på ingen måte slik at det har vore ein «bokstaveleg gullalder» i psykiatrisk fagspråk der termane *schizofren* og *schizofreni* berre vart nytta ikkje-metonymisk.

For å setta lærebøkene sin metonymiske bruk av adjektivet *schizofren* i perspektiv, gjev eg i avsnitt 6.2.2 først ei oversikt over og kort drøfting av den ikkje-metonymiske bruken av adjektivet *schizofren* i lærebøkene, dvs. attributiv bruk om menneske, pluss predikativ bruk (som utelukkande er ikkje-metonymisk i mitt lærebokmateriale). Så går eg gjennom den omfattande metonymiske bruken av adjektivet. Metonymitypane 1–3 vert i analysedelen drøfta i stigande rekkjefølgje, dvs. at eg først tek for meg metonymisk (1) og deretter substantivisk (2) bruk av adjektivet *schizofren*, før eg til slutt undersøker metonymisk bruk av substantivet *schizofreni* (3).

Følgjande oversikt viser rekkjefølgja til metonymiundersøkinga i kapitlet:

1. Adjektivet *schizofren*
 - a. ikkje-metonymisk bruk
 - i. attributiv

- ii. predikativ
 - b. metonymisk bruk
 - i. attributiv
 - c. Jmføring av bruken av schizofren med bruken av beslekta adjektiv
2. Substantivisk bruk
3. Substantivet *schizofreni*
- a. metonymisk bruk
 - b. jmføring av metonymisk bruk med ikkje-metonymisk bruk og tvilstilfelle

Eg undersøker altså først adjektivisk bruk av *schizofren*, så konstruksjonar der adjektivet er nytta substantivisk. I den substantiviske bruken av adjektivet opptrer det med substantivisk funksjon, og dermed er denne forma for bruk meir typisk for metonymi slik fenomenet tradisjonelt har vore definert, altså at eit substantiv (eller i dette tilfellet noko som fungerer som eit substantiv) refererer til noko som konvensjonelt sett vanlegvis vert referert til vha. eit anna substantiv (som t.d. *hand* for *menneske*).

I samband med undersøking av metonymitype (1) og (2) undersøker eg òg følgjande spørsmål: Står den adjektiviske og substantiviske metonymiske bruken av adjektivet *schizofren* i ei særstilling i psykiatrisk fagspråk, eller er metonymisk bruk av adjektiviske fagtermar eit typisk drag ved psykiatrisk fagspråk (og ved fagspråk generelt)? For å få ein peikepinn om dette, presenterer eg i avsnitt 6.2.3 ei undersøking av bruken av følgjande adjektiv, som alle er semantisk beslekta med *schizofren* (om enn på ulike måtar, sjå vedlegg 2), og som opptrer relativt frekvent i kapitla om schizofreni i læreboktekstane:¹³⁴ *psykotisk, hebefren, kataton, paranoid*. Alle adjektiva

¹³⁴ Merk: I dei eldste læreboktekstane har eg undersøkt avsnitt som omhandlar *dementia praecox*, då tekstane alle vart skrivne før 1908, då Bleuler lanserte termene *schizofren* og *schizofreni*.

var òg i bruk i lærebøkene frå 1900, så nær som eitt: *psykotisk*. Med dette utvidar eg undersøkinga mi til å omfatta dei tidlegaste skandinaviske lærebøkene i psykiatri, og får høve til å undersøka i kor stor grad (om nokon) metonymisk bruk av adjektiviske fagtermar er å finna i desse bøkene òg, eller om denne typen bruk er eit nyare fenomen.

Etter å ha undersøkt adjektivet *schizofren* (og å ha jamført med beslekta adjektiv) tek eg for meg metonymisk bruk av substantivet *schizofreni* (avsnitt 6.3). Substantivet er ikkje brukt reint personrefererande særleg ofte, men det er mange tilfelle der substantivet ser ut til på ei og same tid å referera til sjukdommen og den sjuke, slik at grenseoppgangen mellom reint personrefererande og reint sjukdomsrefererande bruk er vanskeleg. Eg vil derfor jamføra ikkje-metonymisk bruk av substantivet *schizofreni* med metonymisk bruk av substantivet, og vidare med tvilstilfelle der ei anten–eller tolking er vanskeleg.

6.1.1 Adjektiv

Eg vil i dette avsnittet gjera greie for kva slags relasjonar mellom adjektiv og substantiv som er dei mest vanlege ifølgje Warren (1984), og kva ulike typar adjektiv som finst. Eg vil illustrera adjektiviske relasjonar og adjektivtypar ved hjelp av adjektivet *trojansk*, sidan dette adjektivet er eit godt døme på at eitt og same adjektiv i ulike kontekstar kan opptre med ulike «hattar».

Adjektiviske relasjonar og funksjonar

'I put it to you,' replied Sir Humphrey, 'that you are looking a Trojan Horse in the mouth.' I wasn't quite sure what he meant by this. 'Do you mean, 'I asked, 'that if we look closely at this gift horse we'll find that it is full of Trojans?' (Lynn & Jay, 2006: 430)

Adjektiv står i all hovudsak til substantiv. På same måten som den semantiske relasjonen mellom for- og etterledd i ei samansetting kan variera, kan den semantiske relasjonen mellom adjektivet og det substantivet det står til, variera. Cruse (2011) meiner at hovudfunksjonen til adjektiv er modifisering: Kombinasjonen av adjektiv og

substantiv avgrensar typisk domenet som substantivet gjev namn til, til ein underdel (*subpart*), og namngjev ei delmengd av dei entitetane som substantivet denoterer utan eit slikt modifierande adjektiv. I uttrykket *den trojanske hesten* er valet av adjektiv som skal avgrensa domenet som substantivet refererer til, ei følgje av perspektivet til den som kom opp med uttrykket: ein grekar.¹³⁵ For grekarane ville det objektivt sett kanskje meir presise uttrykket *den greske hesten* ha vore mindre informativt, gjeve deira kjennskap til ei mengd andre greske hestar. Avgrensinga ville for dei ha vore vanskelegare utan tilleggsopplysingar. Den trojanske hesten var ei spesifikk og unik innretning produsert og nytta i *Troja* for å beseira *trojanarane*, og det trojanske aspektet var mykje meir salient for grekarane enn at hesten var greskprodusert og inneheldt grekarar. For grekarane var det dermed god språkleg og kognitiv økonomi å tenkja på og referera til hesten som «trojansk», sidan han var produsert i Troja med det siktemålet å vinna over trojanarane. (Trojanarane ville på si side truleg ha referert til byggverket som «den greske hesten», gjeve deira motsette perspektiv.) Når adjektivet *trojansk* vert nytta som metafor i moderne tid, utanfor Hellas, er ikkje relasjonen like gjennomsiktig for språkbrukarane (dersom dei ikkje kjenner sin Homer), fordi han står i kontrast til den typiske relasjonen mellom eit adjektiv som denoterer nasjonalitet *x*, og eit substantiv *y*, som er ‘*y* kjem/stammar frå *x*’ (NOB definerer adjektivet *trojansk* slik: ‘som gjeld Troja og trojanar’). Rett nok var hesten bygt i Troja, men han vart bygt av grekarar som eit hjelpemiddel for å utsletta Troja. Dersom ein parafraserer uttrykka «den trojanske hesten» og «den trojanske hæren», ser ein skilnaden klart:

den trojanske hesten – ‘den greskproduserte hesten fylt med greske soldatar som gjorde det mogleg for grekarane å nedkjempa den trojanske hæren og øydeleggja Troja’

den trojanske hæren – ‘hæren av menn frå Troja som kjempa på trojansk jord mot den greske hæren for å forsvara Troja’

¹³⁵ Som det vert understreka i Lynn & Jay (2006: 431): «[...] technically it was not a Trojan Horse at all. In fact, it was a Greek Horse.»

Adjektivet *trojansk* har ulike relasjonar til substantivet det står til, i dei to døma over, men det har same funksjon i begge døma – det bidreg til å identifisera kva slags hest/hær det er snakk om. I neste avsnitt skal vi sjå på kva slags andre ulike adjektivrelasjonar og -funksjonar som finst.

Adjektivtypar

Det er fleire måtar å dela inn adjektiv på. Eg skal ta for meg Warren (1984) si inndeling basert på funksjon og Dirven (1999) si semantiske klassifisering av adjektiv i attributiv stilling. Deretter presenterer eg Warren (1984) si klassifisering av dei vanlegaste semantiske relasjonane som finst mellom eit adjektiv og substantivet det står til.

Warren om funksjonskategoriar for adjektiv

Warren (1984) deler adjektiv inn i tre funksjonskategoriar, **karakteriserande**, **klassifiserande** og **identifiserande**, alt etter kva informasjon dei gjev om referenten til substantivet X:

- 1) **karakteriserande** (skildrande). Svar på spørsmålet: Korleis er X?
 - a. Døme: «*trojansk pellet*»¹³⁶
- 2) **klassifiserande** (kategoriserande). Svar på spørsmålet: Kva type x?
 - a. Døme: *ein trojansk soldat*
- 3) **identifiserande** (spesifiserande). Svar på spørsmålet: Kva for ein x?
 - a. Døme: *den trojanske hesten*

Warren (1984: 15, 86) hevdar at medan karakteriserande adjektiv er predikerande, er klassifiserande og identifiserande adjektiv ikkje-predikerande. Skiljet mellom predikerande og ikkje-predikerande adjektiv er dels syntaktisk: Ikkje-predikerande adjektiv står i all hovudsak berre attributivt. Og dels er skiljet semantisk: Visse

¹³⁶ Dømet er funne i ein artikkel på ein nettportal for industrielle prosessar. Forklaringa på kvifor adjektivet *trojansk* er nytta for å karakterisera pelleten, er å finna i følgjande passasje henta frå artikkelen: «Forskare ved Luleå tekniska universitet har tillverkat en pellet som ska rapportera inifrån LKAB:s transportsystem. Syftet är att förbättra processen med hjälp av ny insidesinformation.» (Gunnarsson, 2015). Adjektivet har i dette dømet fått ei tyding som er eit godt stykke unna den opphavlege tydinga til adjektivet, 'som gjeld Troja' (BOB, NOB).

relasjonstypar ser ut til å berre kunna verta uttrykte ved attributive konstruksjonar med klassifiserande adjektiv. Dette siste punktet gjeld ifølgje Warren relasjonane KJELDE-RESULTAT, HEILSKAP-DEL, STAD/TID-OBJEKT, OPPHAV-OBJEKT, ÅRSAK-EFFEKT, AFFISERT OBJEKT-AKTØR, MÅL-INSTRUMENT, jf. Figur 4 nedanfor. Adjektivet *schizofren* vil i psykiatrisk fagspråk i regelen fungera klassifiserande. I metaforisk, folkeleg bruk vil det fungera karakteriserande.

Dirven om semantiske klassar av attributive adjektiv

Dirven (1999) deler adjektiv i attributiv posisjon inn i tre semantiske klassar: **kvalifiserande** (som gjeld subjektive vurderingar), **deskriptive** og **rollebaserte** (sjå døme under), der sistnemnde berre kan stå attributivt og dei to andre kan stå både attributivt og predikativt. Han meiner at grunnen til at rollebaserte adjektiv ikkje kan stå predikativt, er at dei er så tett knytte til substantivet konseptuelt. Dette er døme på såkalla språkleg ikonisitet: Tett tilknytning til substantivet er reflektert i syntaktisk nærleik mellom adjektivet og substantivet. Rollebaserte adjektiv impliserer ifølgje Dirven semantiske roller som AGENS, PATIENS, INSTRUMENT, KJELDE, TILSTAND (*essive*).

Dirven meiner at skilnaden mellom dei tre adjektivtypane ligg i kva slags eigenskapar dei denoterer, eller meir presist kor permanente desse eigenskapane er: Rollebaserte adjektiv *denoterer stabile og uforanderlege* eigenskapar. Deskriptive adjektiv denoterer *stabile, men foranderlege* eigenskapar. Kvalifiserande adjektiv denoterer *både foranderlege og ustabile eigenskapar*, eigenskapar som er *minst inherente*, og som delvis er baserte på *subjektive vurderingar*. I ein substantivfrase med eit adjektiv av kvar type i attributiv stilling, vil det kvalifiserande adjektivet stå lengst frå substantivet, og det rollebaserte nærast: «a nice, round, wooden table» (Dirven, 1999: 63). Dette kallar Dirven *the principle of proximity*: Dess høgare grad av inherens, dess mindre avstand mellom adjektivet og substantivet. Dersom eit attributivt uttrykk inneheld fleire adjektiv av same type, gjeld ifølgje Dirven *the principle of saliency*: Det som for observatøren er mest perseptuelt eller konseptuelt salient, kjem først i rekkja. Nærleiksprinsippet er altså høgrevendt (dess meir inherent, dess lenger til høgre står

det attributive adjektivet), medan saliensprinsippet er venstrevendt (dess meir salient, dess lenger til venstre står adjektivet).

Når det gjeld adjektivet *schizofren*, kan det sjå ut som om det i mange tilfelle passar best i kategoriane rollebasert og deskriptivt, i alle fall så lenge det er nytta om fenomen som fell inn under psykiatri. Når det er nytta metaforisk, vil det hamna i kategorien kvalifiserande.

Warren om semantiske relasjonar mellom adjektiv og substantiv

Ifølgje Warren (1984: 21f.) må eit adjektiv i bruk sjåast i høve til 1) kva adjektivet refererer til (denotasjon), og 2) kva type relasjon adjektivet har til substantivet. Denotasjonen til adjektivet er eksplisitt og referensiell, medan relasjonen mellom adjektivet og substantivet er implisitt. Warren (1984) har på basis av ein semantisk analyse av 291 engelske adjektiv sett opp ei liste over dei ulike formene for relasjonar mellom adjektivet og substantivet som opptre regelmessig. Sjølv om Warren hevdar at det i prinsippet er mogeleg at både klassifiserande og karakteriserande adjektiv kan nyttast i alle relasjonstypene, understrekar ho at det berre er dei karakteriserande adjektiva som heilt sikkert vert nytta til heile variasjonsbreidda av relasjonar. Eg har delvis inkorporert Warren sitt analyseapparat i arbeidet med analysen av bruken av adjektivet *schizofren*, ved at eg 1) nyttar Warren sin metode med å parafrasera uttrykk for å kartleggja relasjonstypen og 2) sorterar uttrykka etter relasjonstypene på Warren si liste.

Lista over relasjonstypar som Warren kom fram til, er relativt kort, og ho er gjengjeven under, med dei relasjonane som ho predikerer berre kan uttrykkjast med klassifiserande adjektiv i attributiv stilling, markerte med feit skrift:

Role Combination	Connecting (prototype) link	Example
SOURCE ¹³⁷ – RESULT	Constituted by	<i>Criminal case</i>
RESULT – SOURCE	Constituting	<i>Criminal assault</i>
NORM – ADHERENT	In accordance with	<i>Conventional methods</i>
COMPARANT – COMPARED	Resembling	<i>Roman nose</i>
WHOLE – PART	Belonging to	<i>Vocal tone</i>
PART – WHOLE	Having	<i>Rational creatures</i>
PLACE – OBJECT	Occurring in / on	<i>Celestial bodies</i>
OBJ – PLACE	Containing	<i>Magnetic field</i>
ORIGIN – OBJ	Deriving from	<i>Domestic sewage</i>
TIME – OBJ	Occurring in / at	<i>Nocturnal illumination</i>
OBJ – TIME	During which - - Prevails / prevailed	<i>Nuclear age</i>
AFF. OBJ. – ACTOR	Dealing with	<i>Medical officer</i>
CAUSER – RESULT	Caused by	<i>Electric shock</i>
RESULT – CAUSER	Causing	<i>Pathetic boy</i>
GOAL – INSTRUMENT (PURPOSE)	Be for	<i>Athletic equipment</i>

Figur 4: Relasjonstypar adjektiv–substantiv etter Warren (1984: 23)

I dei døma på attributiv og metonymisk bruk av *schizofren* som eg har funne og analysert i 6.2.2, har eg funne følgjande relasjonar: ÅRSAK-RESULTAT (6 tilfelle), RESULTAT-ÅRSAK (3 tilfelle), KJELDE-RESULTAT (2 tilfelle), HEILSKAP-DEL (1 tilfelle), SAMANLIKNINGSGRUNNLAG-SAMANLIKNA (1 tilfelle) og OBJEKT-STAD (1 tilfelle). Eg har ikkje analysert døme på attributiv og ikkje-metonymisk bruk av adjektivet (dvs. døme som *schizofrene pasientar*), men relasjonen DEL-HEILSKAP er vel den mest nærliggjande for slik ikkje-metonymisk bruk.

6.1.2 Metonymi og adjektiv

Adjektiv har generelt ikkje vore så mykje drøfta i metonymiforsking, men sjå Brdar (2009: 268–270), som drøftar konstruksjonar med predikativ bruk av adjektiv, som i

¹³⁷ Med *source* meiner Warren «abstract or concrete constituent matter/parts» (Warren 1984: 23).

dømet «The President was clear on the matter», og som skriv: «Assuming that the locus of metonymic mappings [...] is indeed the predicatively used adjective, we are justified in classifying them as MANNER FOR (LINGUISTIC) ACTION metonymies.» (I dette tilfellet: «x var klar» for «x snakka i klartekst».) Radden & Kövecses (1999: 33) kommenterer formuleringa «he is an angry person» slik: «the latter situation with *angry* as an attributive adjective does not describe a person's fit of anger at the present moment but his or her disposition to get angry potentially.» Dei meiner at formuleringa står metonymisk for 'he can be angry', og at ho er eit uttrykk for metonymien ACTUAL FOR POTENTIAL, på same måten som «This is a fast car» ved at «the occurrent senses of the words *angry* and *fast* as found in their predicative usages stand for their non-occurrent, potential senses.» (Radden & Kövecses, 1999: 47).

Meir relevant for min diskusjon er Radden & Kövecses (1999: 38) si drøfting av dei attributive formuleringane «healthy complexion» og «slow road» som døme på høvesvis CAUSE FOR EFFECT («healthy complexion for 'the good state of health bringing about the effect of healthy complexion'») og EFFECT FOR CAUSE («slow road for 'slow traffic resulting from the poor state of the road'»). Konstruksjonar som desse kan sjåast som døme på det Fauconnier & Turner (2002) og Fauconnier (2008) kallar kompresjon (*compression*), dvs. at ulike relasjonar, som t.d. årsak–effekt-forhold, kan bli komprimerte til eigenskapar i ein blend. Døme: I formuleringa *ei varm jakke* er det ikkje jakka som er varm: Om du tek jakka på deg (ÅRSAK), vert *du varm* (EFFEKT) (Evans & Green, 2006: 424), sjå òg avsnitt 3.7.2.

Konstruksjonar der ein menneskeleg eigenskap vert tillagt ikkje-menneskelege entitetar som er aspekt ved eit menneske som har denne eigenskapen, er med andre ord på ingen måte reserverte utelukkande for psykiatrisk fagspråk. Det er mange allmennspråklege døme på at menneskelege eigenskapar eller tilstandar (som typisk er uttrykte vha. adjektiv) vert overførte til nærliggjande aspekt, t.d. adjektivet *sunnt*, som ifølgje *Nynorskordboka* tyder 'som har god helse', men òg vert nytta om årsaker til og effektar av god helse, t.d.:

- (1) *sunt kosthald* [‘kosthald som bidreg til at personen er sunn’]
(2) *sunt hår* [‘hår som er tjukt og blankt, primært som følge av gode levevanar’]¹³⁸
(jf. dømet *healthy complexion* over)

Konstruksjonar der ein metafor ligg i botnen er òg vanlege, t.d.:

- (3) *varme tankar*

der det truleg er primærmetaforen GODHUG SOM VARME som er utgangspunktet (Lakoff & Johnson, 1999: 50). Det er *personar* som kan vera varme eller kalde, metaforisk sett, men eigenskapane kan bli metonymisk overførte til eitt aspekt ved personen, t.d. tankane dei metaforisk «sender». Eit døme frå motsett ende av temperaturskalaen er

- (4) «Iskalde fakturaer»

Uttrykket er brukt i ei overskrift i ein politisk kommentar i VG for å karakterisera konsultentselskapet First House sin faktureringspraksis: «Når Telemark fylkeskommune dekker softis med strø mot bilag fra First House, nærmer norsk offentlig sektor seg det absolutte bunnpunkt.» (Jacobsen, 2015) Den omtalte softisen har saman med metaforen MANGEL PÅ GODHUG SOM KULDE vore med på å motivera metaforbruken, gjennom det Semino (2008) og Kövecses (2010) høvesvis kallar emnetrigga («kontekstutløyst», sjå 3.4.2) og kontekstuell motivasjon for metaforbruk. Telemark fylke engasjerte First House for å skapa arbeidsplassar i fylket med ein seks millionars-kontrakt, men etter to år (per 27.10.2015) er visstnok ingen arbeidsplassar skapte. First House ekstrafakturerte like fullt Telemark fylke for utgifter til softis og Snickers og dyre middagar på toppen av dei seks millionane (Westhrin & Tomter, 2015). Denne praksisen kvalifiserer ifølgje Jacobsen (2015) til karakteristikken

¹³⁸ Jamfør t.d. Arsky (2010), som slår fast at: «Ingen shampo i verden kan hjelpe deg med slapt, tørt hår dersom du ikke spiser sunt, drikker nok, er i bevegelse og holder deg unna røyken.»

«iskald», og då er det ikkje primært softisen han karakteriserer, men mentaliteten til menneska i konsultentselskapet. Gjennom metonymisk komprimering har sjølve fakturaane, det konkrete resultatet av (og handfaste prøvet på) denne mentaliteten, blitt tillagt eigenskapen ‘iskald’: «Iskalde fakturaer».

Bruk av adjektivet schizofren

Etter mitt syn kan metonymiteori kasta lys over fagspråklege så vel som allmennspråklege adjektivkonstruksjonar, ikkje minst følgjande type konstruksjonar frå lærebøker i psykiatri:

Et par typiske skizofrene breve: (SS: 141)

Her vert ein menneskeleg tilstand eller eigenskap (‘schizofren’) tillagt eit ikkje-menneskeleg¹³⁹ fenomen (jamfør at *schizofren* refererer til ein menneskeleg psykiatrisk tilstand, det å li av schizofreni; *schizofreni* tyder bokstaveleg talt ‘splitta sinn’, og *schizofren* ‘sinnssplitta’).

Kva er det adjektivet *schizofren* karakteriserer i konstruksjonen «Et par typiske schizofrene breve», og kva tydingsaspekt ved adjektivet er i bruk? Eit brev kan per definisjon ikkje vera «schizofrent» i bokstaveleg forstand; schizofreni er ei psykisk lidning, og berre menneske kan ha psykiske lidingar. Dermed er det anten ein metafor eller ein metonymi vi har med å gjera her. Når det er nytta metaforisk, har adjektivet *schizofren* (til liks med substantivet *schizofreni*) i all hovudsak tydinga «splitta, ambivalent», men tydinga «eksentrisk kunstnarleg kreativitet» er òg rapportert, sjå t.d. Anda (2013), Athanasopoulou & Valimaki (2014), Chopra & Doody (2007), Duckworth et al. (2003), Magliano, Read, & Marassi (2011), McNally (2007) og Skoglund (2009). Men når ein lærebokforfattar i psykiatri illustrerer kapittelet om schizofreni med det han kallar «Et par typiske skizofrene breve», meiner han ikkje primært at breva er inkonsekvante eller vitnar om ambivalente haldningar, eller er

¹³⁹ Med «ikkje-menneskeleg» meiner eg her rett og slett alt som ikkje er eit menneske.

innovativt/kreativt kunstnarlege. Det lærebokforfattaren ønskjer å få fram, er at breva er skrivne av personar som de facto har fått diagnosen schizofreni, ei psykisk lidning som mellom anna kan føra til såkalla lause assosiasjonar, autistisk logikk og semantiske forstyrringar. Eit samlenamn for desse fenomenane er *formelle tankeforstyrringar*, som er definerte som forstyrringar i *korleis* ein tenkjer (form), ikkje i *kva* ein tenkjer (innhald) (Parnas et al., 2009: 257). Som følgje av dette er personen ute av stand til å følgja dei etablerte sjangerkonvensjonane for brev, og for kommunikasjon i det heile.¹⁴⁰ Brevforfattaren det her er snakk om, lir av reell schizofreni og er dermed schizofren i bokstaveleg forstand, og ikkje i metaforisk forstand. Brevet vert vurdert av psykiatrane som ein overflatemanifestasjon av og eit teikn på sjukdommen (symptom), dvs. eit uttrykk for schizofrenien til brevskrivaren. I denne konteksten meiner eg at utsegna må tolkast som basert på ein metonymi, ikkje ein metafor, sidan det er ein de facto schizofren person som har skrive brevet, og sidan det er eit tett og konkret samband mellom brevskrivar og brev. Sjukdommen og den sjuke kan seiast å høyra til same ICM, og biletleg språk som gjeld aspekt innanfor ein og same same ICM, er metonymisk, ikkje metaforisk, som drøfta i kap. 3 og avsnitt 5.2.2. Metonymien «schizofrene breve» kan seiast å vera basert på omgrepsmetonymien PRODUKT FOR PRODUSENT, her nærare bestemt BREV FOR BREVSKRIVAR. Det vert feil å tolka «skizofrene breve» som besjeling/personifikasjon, fordi det ikkje-menneskelege fenomenet (brev) er eit aspekt ved eller produkt av den psykiatriske lidinga schizofreni, eller snarare av eit menneske som har diagnosen schizofreni.

Det følgjer av dette at bruk av adjektivet *schizofren* om noko anna enn menneske i psykiatriske tekstar om schizofreni, i regelen alltid vil vera metonymisk, fordi adjektivet vert nytta om fenomen som alle kan seiast å vera oppfatta som konkret knytte

¹⁴⁰ For å illustrera: Eitt av breva som er sitert etter parentesen i «Et par typiske skizofrene breve:», lyder slik: «Jeeeee NNNNi Vhamba født Bamba. En Tamp Sigurddd Hansen harrr brugtt Hoofpia Byyngning Grudeer Oweeerr Formyndeeerri. Værrrsgoooo. Og Hilsss Etadsssraaddd Indeen Hrrr Arkitrkttt Philip Smidt Deeereesss Frøken Søstreee. Meergeeett Err Gaa Glasaksee Jeeeg Veeeddd Frhu Aarr bo Smidtt! Styrr Deem Og Ladd Aldrig Miig Raadee Styrr Og Gør Meeeeeene Frøkeeen rø Aldrig ondt Elleeeerrrsss kommeerrr Deeett Lydig intil Ondtt Deeer Regneerr Sammeen Paaa Muffeeellen Koop.»

til fenomenet schizofreni (dvs. vera konseptuelt tilgrensande og del av ICM-en for schizofreni).

Spesifikke språksamfunn eller sjangrar utviklar ofte sine eigne sett med metaforar og ikkje minst metonymiar. Littlemore, Chen, Tang, Koester, & Barnden (2010) hevdar at metonymi effektiviserer kommunikasjonen og fungerer som snarvegar innanfor praksisfellesskap, men at metonymiar kan ha karakter av «stammespråk», dvs. vera vanskelege å forstå for dei som ikkje er medlem av gruppa. Dei nemner m.a. dømet «loose nappy», henta frå ein barnehage. *Loose nappy* tyder ikkje ‘bleie som sit laust’, men ‘laus avføring, lett diaré’. På same måten som i uttrykket *schizofrene brev* refererer ikkje adjektivet her direkte til ein eigenskap ved denotasjonen til substantivet det står attributivt til. Ein må ha tilstrekkeleg innsidekunnskap for å knekkja koden, dvs. vita kva desse uttrykka eigentleg tyder, og kva aspekt ved den gjevne ICM-en som t.d. er ‘laus’, ‘schizofren’ etc. I mitt undersøkingsmateriale har eg ikkje funne nokon bokstavelege framstillingar/parafraseringar av dei saksforholda som uttrykk som *schizofrene brev* eller *schizofrene symptom* refererer til. Spørsmålet er om desse uttrykka primært fungerer som språklege og kognitive *utvegar* heller enn som snarvegar? Meir om dette i avsnitt 6.2.6.

Metonymi pluss metafor

Merk at det er noko metonymisk ved å tilleggja eit produkt eigenskapar som eigentleg må tilhøyra produsenten, anten det er snakk om faktisk eller metaforisk schizofreni. I begge tilfelle er det *produsenten av produktet* som er schizofren/»schizofren», ikkje *produktet*: Ein salient eigenskap ved produsenten vert tillagd produktet. Skilnaden ligg i at det er ein metafor i botnen pluss ein metonymi i det eine tilfellet, og «berre» ein metonymi i det andre tilfellet. Eit døme på bruk av adjektivet *schizofren* som er både metaforisk og metonymisk, finn vi i Bærum bibliotek si spalte «Lytte tips». Under overskrifta «Ukens schizofrene» rosar biblioteket debutplata til bandet *Major Parkinson* med m.a. følgjande vending: «Det er noe burlesk, schizofrent og litt galskap

over den musikken Major Parkinson spiller.»¹⁴¹ Musikk oppstår ikkje av seg sjølv, det er menneske som komponerer og spelar han. Ingen i bandet er så vidt eg kjenner til, diagnostiserte med schizofreni, og dermed må det utvilsamt vera snakk om metaforisk bruk av adjektivet, her i tydinga «eksentrisk kunstnarleg kreativitet». Hadde alle bandmedlemene de facto vore diagnostiserte med schizofreni, hadde ein moglegvis kunna tolka utsegna metonymisk,¹⁴² som uttrykk for ein PRODUKT FOR PRODUSENT-metonymi, som i dømet med brevet og den de facto schizofrene brevskrivaren ovanfor. Adjektivet *schizofren* fungerer slik klassifiserande og rollebasert i psykiatrisk, metonymisk språkbruk og karakteriserande og kvalifiserande i folkeleg, metaforisk språkbruk. Ein kan òg støyta på døme med metafor utan metonymi, der det er snakk om rein metaforisk personifikasjon eller besjeling, noko følgjande døme kan illustrera:

Belgias schizofrene hovedstad er et must på besøkslisten under EM. (VG-Forbruker, 2000)

– Kontrastfylt og schizofrent 2002-vær (Kristiansen, 2002)

I begge døma over vert noko ikkje-menneskeleg tillagt menneskelege eigenskapar, og det er ikkje snakk om noko menneske i desse døma som kan tenkjast å li av reell eller metaforisk schizofreni, slik tilfellet er i døma med høvesvis schizofrene brev eller schizofren musikk.

6.2 Bruk av adjektivet *schizofren* i lærebøkene

Når no metonymisk bruk av adjektivet *schizofren* er drøfta generelt, kan vi gå over til følgjande spørsmål: Korleis oppfører adjektivet *schizofren* seg i dei psykiatriske lærebøkene eg har undersøkt?

¹⁴¹ Henta frå <http://bibliotek.baerum.kommune.no/Musikk/Lyttetips1/Ukens2011/>, lasta ned 12.02.15.

¹⁴² Eventuelt som ein kontekstutløyst metafor.

Som drøfta i avsnitt 5.2.2 inkluderer ICM-en for schizofreni ulike aspekt ved både sjukdom og person, i tillegg til behandling og teori. Eg har funne i læreboktekstane at adjektivet er nytta metonymisk i kombinasjon med 97 ulike substantiv som alle har det sams at dei ikkje denoterer menneske, men som alle kan seiast å denotera fenomen som er (eller på eit tidspunkt har vore) del av den idealiserte kognitive modellen for schizofreni som eg har utarbeidd, og som er å finna i Figur 3. To kategoriar i denne schizofreni-ICM-en vert derimot aldri karakteriserte vha. adjektivet *schizofren*: kategori 3) BEHANDLING og kategori 4) FORSKING.

Adjektivet opptrer ofte i konstruksjonar som òg inneheld grammatiske metaforar, som skildra i Halliday & Matthiessen (2004) og drøfta i avsnitt 4.2 over. I læreboktekstane vert adjektivet nytta metonymisk berre i attributiv stilling, aldri i predikativ stilling, medan det er lett å finna døme på at adjektivet står i predikativ stilling når det er nytta metaforisk om ikkje-menneskelege fenomen utanfor psykiatridomenet. Jamfør t.d. Lars Haltbrekken i Naturvernforbundet, som hevdar at «Norsk klimapolitikk er schizofren» (Blindheim, 2009), og Marie Alming (2011), som hevdar at ho slutta på journalistutdanninga fordi «utdanningen var så schizofren». Metonymisk, ikkje-metaforisk bruk av adjektivet *schizofren* er utbreidd i læreboktekstane. Adjektivet *schizofren* er nytta om ei rekkje ulike fenomen, frå det handfaste og konkrete (brev, hjernar) til det abstrakte (einsemd, perpleksitet). Det som er påfallande ved den metonymiske bruken av adjektivet i læreboktekstane, er at han er tynt spreidd, dvs. at det er mange ulike substantiv som inngår i metonymisk konstruksjon med adjektivet *schizofren* (97 typar), men kvar adjektiv-substantivtype har stort sett få eksemplar (*tokens*). Samstundes ser det ut til at det har skjedd ei viss endring over tid i kva for fenomen som vert karakteriserte vha. adjektivet, og dette kan ha med utviklinga av fagfeltet å gjera. Det som var sett på som relevant tidlegare, er blitt erstatta av andre faktorar no. Dette gjeld t.d. brev og kunst. Vektlegginga av litterære og kunstnarlege produkt som symptom synest rundt 1950 å ha vore stor, jf. at Smith & Strömngren (1956: 142) ser seg nøydde til å komma med følgjande åtvaring: «Man kan da aldrig stille diagnosen skizofreni alene ud fra kunstværket.» Men i dei nyaste lærebøkene finn vi

ikkje omtale av slike produkt i samband med schizofreni i det heile. Tekstane frå 2000 nyttar i større grad adjektivet om m.a. dynamiske aspekt som episode, utvikling og prodrom.¹⁴³ Psykiatri som vitskap er i stadig utvikling, og nye klassifikasjonar og omgrep dukkar stadig opp, noko lærebøkene reflekterer: «Nytt i tiden er at de fleste som blir schizofrene har hatt en prodromalfase, en fase hvor det har utviklet seg symptomer som man i ettertid kan bedømme som innledningssymptomer til den kommende schizofreni.» (MRD: 221). Slik oppstår nye adjektiv-substantiv-kombinasjonar (og/eller orddanningar), medan gamle og utdaterte forsvinn.

6.2.1 Oversikt over bruken av *schizofren* i Bleuler-artikkelen og i lærebøkene

Adjektivet *schizofren* er som nemnt nytta på ei rekkje ulike måtar i lærebøkene, og det er nytta hyppig. Dette mønsteret ser vi òg tydeleg allereie i den første publiserte teksten som tok i bruk termen, nemleg Bleuler (1908). Allereie i 1908-artikkelen utnytta Bleuler til fulle den språklege fleksibiliteten schizofrenitermen innebar. For å få eit bilete av kor mykje adjektivet *schizofren* versus substantivet *schizofreni* er nytta i tekstane over tid, samanlikna eg tala for adjektivbruken og tala for substantivbruken i artikkelen til Bleuler med lærebøkene frå 1950 og 2000.

Tala eg presenterer, baserer seg på reine treff på søkjeordet *schizofreni*. Ellipsar, omskrivingar og pronominaliseringar av adjektivet pluss andre former for underforståthet er ikkje talde med, som t.d. dette dømet (uthevingar og klammeparentesar er mine):

For schizofrenes søsken er sykdomsrisikoen 7-12 %, og for **deres** [= **schizofrenes**] barnebarn 2-5 %. (L: 346)

¹⁴³ *Prodrom* er definert som fasen frå dei første tydelege endringane i åtferd eller opplevingar til det første klårt psykotiske symptomet (Møller & Husby, 2003).

Men ellipsar der substantivet som adjektivet står til, er underforstått, er talde med, som i dømet under, der eg har rekna med to treff på kombinasjonen *schizofren* + *einsemd* (jf. hakeparentesen min), sjølv om substantivet berre står eksplisitt ein gong i setninga.

Vrangforestillingen isolerer patienten fra hans medmennesker, og med få undtagelser (fx folie à deux) er den paranoide patient ensom, men igjen er der forskel på **den skizofrene [ensomhed]** og **den ikke-skizofrene ensomhed**. (MKP: 280)

Dette har eg gjort av praktiske grunnar. Eg har nytta søkefunksjonen i Word til å søkja opp adjektivet *schizofren*, og då fekk eg opp alle faktiske treff på ordet. Å finleso og analysera alle tekstane for å sjå etter ellipsar, omskrivingar og underforståttheit på tvers av setningsgrenser ville ha teke for lang tid og vore hefta med risiko for feiltolkningar og inkonsekvent grenseoppgang. Eit utelate substantiv slik vi har i dømet over (*ensomhed*), er derimot uproblematisk å handtera, sidan fenomenet opptrer i parataktiske substantivfrasar innanfor setningsgrensa og er utvitydig.

Vidare tel funnet «skizofrene tegningar og malerier» (SS: 142) som to treff, og *maleri* er talt med i oversikta over ulike substantiv som adjektivet er brukt attributivt om. Inkludert i dei «reine» treffa er ei orddanning med prefikset post- (*post-schizofren*) og to orddanningar med høvesvis negerande forledd og prefiks: *ikke-schizofren* og *non-schizofren*. Desse to sistnemnde termene føreset eksistensen av antonym. Konstruksjonen «ikke-skizofrene kunstnere» føreset t.d. eksistensen av «skizofrene kunstnere», jamfør konteksten orddanninga er funnen i:

De omtalte egenskaber præger jo også visse «surrealistiske» produkter af ikke-skizofrene kunstnere, hvortil kommer, at «typisk skizofrene» tegninger og malerier undertiden hidrører fra manio-depressive og andre patienter. (SS: 142)

I tillegg til å søkja opp dei ulike skandinaviske stavemåtane og bøyingsformene av *schizofreni/schizofren*, har eg òg talt med treff på *schizophren-*, sidan dette er skrivemåten i engelsk og tysk, og sidan forfattarane ein sjeldan gong nyttar termene i

denne språkdrakta. Merk at det ikkje har vore noko hovudmål for meg å finna kontrastar mellom språk, men heller finna ut *kva* adjektivet har vore brukt om, og i *kva utstrekning* det har vore brukt. Derfor har eg valt å slå saman dei tre tekstane frå kvar tidsperiode for slik å få meir plasseffektiv framstilling av funna. Dette grepet fører til at skilnadar i språkbruk mellom forfattarane (pga. idiosynkrasi eller ulike tradisjonar) vert løynde. Samstundes er tekstane så pass korte at ein ikkje kan utelukka at fordelinga av treff uansett er tilfeldig, særleg i og med at eg berre tek med reine treff, ikkje semantisk beslekta treff.

Ei oversikt over fordelinga mellom *schizofren* og *schizofreni* i tekstane er presentert i Tabell 1 under. Tabellen viser talet på treff (N), fordelinga mellom adjektivet og substantivet i prosent, og den relative frekvensen (i høve til totalt antal ord i den aktuelle teksten) i promille.

Tekst	1908-artikkel			Lærebøker, 1950-talet			Lærebøker, 2000-talet		
	N	%	‰	N	%	‰	N	%	‰
<i>schizofren</i>	36	63,2	3,4	263	37,0	6,9	381	37,9	5,2
<i>schizofreni</i>	21	36,8	1,9	447	63,0	11,8	625	62,1	8,5
Totalt:	57	100,0	5,3	710	100,0	18,7	1006	100,0	13,7

Tabell 1: Forholdet mellom adjektivet *schizofren* og substantivet *schizofreni*

Vi ser at Bleuler i 1908 nytta adjektivet vesentleg oftare enn substantivet, men at dette forholdet har snudd i lærebøkene. Adjektivet er likevel relativt mykje brukt i lærebøkene, om lag halvparten så ofte som substantivet. Forholdet mellom adjektivet og substantivet har ikkje endra seg frå 1950 til 2000. Bruken av termane i høve til det totale antalet ord i tekstane er høgare i lærebøkene enn hos Bleuler.

Eg har òg undersøkt korleis bruken av adjektivet fordeler seg på kategoriane substantivisk bruk, adjektivisk bruk og metonymisk adjektivisk bruk. Tabell 2 under viser fordelinga mellom substantivisk og adjektivisk bruk av adjektivet *schizofren*. Fordelinga mellom kategoriane er vist i tal, prosent og promille.

Tekst	1908-artikkel			Lærebøker, 1950-talet			Lærebøker, 2000-talet		
	N	%	‰	N	%	‰	N	%	‰
Substantivisk bruk	12	32,4	1,1	114	43,3	3,0	142	37,3	1,9
Adjektivisk bruk	25	67,6	2,3	149	56,7	3,9	239	62,7	3,3
Totalt:	37	100,0	3,4	263	100,0	6,9	381	100,0	5,2

Tabell 2: Fordeling mellom substantivisk og adjektivisk bruk av adjektivet *schizofren*

Vi ser at substantivisk bruk er frekvent i alle tidsperiodane, men at han aldri overstig frekvensen til adjektivisk bruk. Han var minst på 1950-talet og ser ut til å ha begynt å taka seg opp att igjen i nyare tid.

Kategorien adjektivisk bruk kan delast vidare opp i metonymisk og ikkje-metonymisk bruk, dvs. i høvesvis bruk om aspekt ved sjukdommen og om menneske diagnostiserte med schizofreni. Tabell 3 under viser fordelinga mellom desse to kategoriane. Fordelinga er vist i tal, prosent og promille.

Tekst	1908-artikkel			Lærebøker, 1950-talet			Lærebøker, 2000-talet		
	N	%	‰	N	%	‰	N	%	‰
Ikkje-metonymisk bruk	2	8,0	0,2	45	30,2	1,2	112	46,9	1,5
Metonymisk bruk	23	92,0	2,1	104	69,8	2,7	127	53,1	1,7
Adjektivisk bruk totalt	25	100,0	2,3	149	100,0	3,9	239	100,0	3,2

Tabell 3.: Fordeling mellom metonymisk og ikkje-metonymisk adjektivisk bruk av *schizofren*

Vi ser at Bleuler nytta adjektivet mest utelukkande (92,0 %) metonymisk i adjektiviske bruk. I perioden frå 1950-talet til 2000-talet ser den metonymiske adjektiviske bruken ut til å minka til fordel for ikkje-metonymisk bruk (frå 69,8 til 53,1 %). Men i 2000-tekstane utgjer metonymisk bruk framleis over halvparten av den adjektiviske bruken av *schizofren*.

Substantivisk bruk av adjektivet vil bli drøfta i 6.2.7. Først tek vi for oss den adjektiviske bruken av *schizofren*.

6.2.2 Adjektivisk bruk av adjektivet *schizofren*

Den adjektiviske bruken av adjektivet *schizofren* i analysetekstane kan sorterast på to måtar:

- 1) **attributiv versus predikativ bruk**, som handlar om syntaktiske konstruksjonar og plassering i høve til substantivet som adjektivet står til
- 2) **metonymisk versus ikkje-metonymisk bruk**, som handlar om den semantiske sida av konstruksjonane: Kva er denotasjonen til substantivet som adjektivet *schizofren* står til i dei ulike konstruksjonane, og kva er den semantiske relasjonen mellom adjektivet og substantivet?

I tabellen under er dei samla treffa i 1908-artikkelen og lærebøkene sorterte på desse fire kategoriane:

	Attributiv	Predikativ
Ikkje-metonymisk	141	19
Metonymisk	290	0

Tabell 4: Totalt antal treff på adjektivisk bruk av *schizofren* i 1908-artikkelen og 1950- og 2000-lærebøkene

Den metonymiske bruken av adjektivet finn vi berre i attributive konstruksjonar, aldri i predikative konstruksjonar, medan den ikkje-metonymiske bruken finst både attributivt og predikativt. Den predikative, ikkje-metonymiske bruken av adjektivet er sjeldan samanlikna med den attributive ikkje-metonymiske bruken. Av alle typene er den metonymiske typen mest vanleg for periodane sett under eitt, men som nemnt over minkar denne bruken til fordel for ikkje-metonymisk bruk.

I det følgjande skal vi sjå nøyaktig kva substantiv adjektivet *schizofren* vert nytta om i lærebøkene (*type*), og kor ofte (*token*).

Metodiske merknadar

Eg har sett inn treffa i tabellar, med opplysingar om talet på treff. Talet på ord i 2000-tekstane er om lag dobbelt så stort som i 1950-tekstane, så dersom det er eitt treff i kvar av tidsperiodane, er det dobbelt så hyppig i den eldste perioden. Eg har konsekvent nytta eintal av substantiva i tabellane sjølv om det av og til er nytta fleirtal i tekstane. Substantiv med ti treff eller meir er plasserte øvst i tabellen, elles er substantiva plasserte i alfabetisk rekkjefølgje. Alle orda er omsette til nynorsk av meg for å gje eit heilskapleg preg. Eg har handsama samansettingar for seg, t.d. skil eg mellom substantiva *mann*, *drapsmann* og *arbeidsmann*¹⁴⁴, som slett ikkje kan seiast å vera synonyme. Eg har plukka ut nokre få døme frå tekstane som eg kommenterer og analyserer nærare. Konstruksjonane er her presenterte med heile setninga dei opptrer i,

¹⁴⁴ Arbeidsmann, som det er eitt treff på i det danske materialet, har på dansk tydinga 'ufaglært arbeidar' ifølgje [/http://www.denstoredanske.dk/Erhverv,_karriere_og_ledelse/Erhvervsliv/Arbejdsmarkedet/arbejdsmand](http://www.denstoredanske.dk/Erhverv,_karriere_og_ledelse/Erhvervsliv/Arbejdsmarkedet/arbejdsmand), opphavleg forfattar: Flemming Ibsen.

som kontekst, og den aktuelle konstruksjonen er utheva med feit skrift av meg for å skilja han frå resten av setninga. Det ville ha ført altfor langt å gå gjennom kvar type treff på denne måten, då adjektivet vert nytta som attributt til 97 ulike substantiv.

Adjektivet brukt om menneske (ikkje-metonymisk bruk)

Når adjektivet står attributivt eller predikativt til substantiv som denoterer menneske, er det per definisjon *ikkje* metonymisk nytta. Eg presenterer og drøftar denne bruken innleiingsvis, for å setta den metonymiske bruken av adjektivet i perspektiv.

Attributiv bruk

Den ikkje-metonymiske attributive bruken av adjektivet *schizofren* er vist i Tabell 5 nedanfor, sortert etter kva substantiv det står attributivt til.

Substantiv	1950-talet	2000-talet
	N	N
<i>Pasient</i>	26	79
<i>Arbeidsmann</i>	0	1
<i>Barn</i>	2	1
<i>Dame</i>	1	0
<i>Drapsmann</i>	0	1
<i>Forelder</i>	0	5
<i>Herre</i>	1	0
<i>Individ</i>	0	1
<i>Kunstnar</i>	1	0
<i>Kvinne</i>	3	3
<i>Langtidspasient</i>	0	1
<i>Mann</i>	0	1
<i>Menneske</i>	0	3
<i>Mor</i>	0	2
<i>Person</i>	2	0
<i>Sysken</i>	2	3

Tabell 5: Attributiv bruk av schizofren om menneske

Den ikkje-metonymiske bruken i lærebøkene kan t.d. sjå slik ut:

Den schizofrene pasient har gjerne en avvikende verbal kommunikasjon, og dette gjør det naturlig å belyse kommunikasjonen innenfor den familien den

schizofrene er vokset opp i og derfor har lært å kommunisere i. (MRD: 203)

I dømet ser vi at adjektivet først er nytta attributivt og ikkje-metonymisk, og deretter substantivisk («den schizofrene»). I begge tilfella er det tale om såkalla generisk bruk, der eintalsformer vert nytta for å referera til heile kategorien schizofrene (pasientar), ikkje til eitt spesifikt medlem av kategorien.

I den ikkje-metonymiske bruken vert adjektivet altså nytta attributivt om menneske med diagnosen schizofreni. Bruken av adjektivet som attributt til substantivet *pasient* er i særklasse mest frekvent (relativ frekvens i høve til totalt antal ord i tekstane frå kvar av dei to tidsperiodane er høvesvis 0,68 ‰ for 1950 og 1,07 ‰ for 2000). Bruken av konstruksjonen *schizofren + pasient* har med andre ord skote i vêret sidan 1950. Grunnen til det kan m.a. vera at termen *pasient* er a) kjønns- og aldersnøytral, slik at han kan nyttast om alle, og b) rollespesifikk, dvs. at det ligg inherent i termen at vedkommande er 1) sjuk, og 2) i kontakt med behandlingsapparatet, altså er i ei såkalla pasientrolle. *Pasient* har ein spesifikk definisjon innanfor helsevesenet ifølgje Bruusgaard (2009); for å bli kalla *pasient* må ein ikkje berre vera sjuk, ein må òg vera under behandling i helsevesenet. Det er i eigenskap av å vera pasient at personar med schizofreni kjem i kontakt med psykiatrar.

Predikativ bruk

Det finst nokre få døme på predikativ bruk av adjektivet i tekstane, med verba *vera* og *bli*, som vist i Tabell 6 nedanfor:

Verb	1950-talet	2000-talet
	N	N
<i>Vera</i>	4	8
<i>Bli</i>	3	3

Tabell 6: Predikativ bruk av adjektivet schizofren

Merk at alle treffa dreier seg om ikkje-metonymisk bruk. Det dynamiske verbet *bli* refererer til utbrotet av sjukdommen, medan *vera* refererer til ein meir stabil og langvarig tilstand etter utbrotet av sjukdommen:

For schizofrenes barn regner en med at 16-17 % selv kan **bli schizofrene**, dessuten blir ca. 33 % schizoide psykopater. (L: 346)

Den kan lige så lidt som de somatiske terapier få patienterne til at holde op med at **være skizofrene**. (SS: 151)

Predikativ bruk er, som vi ser, relativt uvanleg å finna i lærebøkene, og i Bleuler (1908) finn vi berre eitt tilfelle. Det er ingen døme på predikativ bruk i lærebokkapittelet til Lundquist, heller ikkje i lærebokkapittelet til Mors et al. Mogelege grunnar til den sparsame bruken av predikativkonstruksjonar vert drøfta i 6.2.4 under.

Metonymisk attributiv bruk av adjektivet

Som vist over er predikative konstruksjonar med adjektivet *schizofren* sjeldne i læreboktekstane. Ein konstruksjon som derimot er svært utbreidd, er metonymisk attributiv bruk av adjektivet. Adjektivet vert nytta metonymisk til ei lang rekkje substantiv som alle har det til felles at dei a) ikkje denoterer menneske, og b) dei kan seiast å tilhøyra ICM-en for schizofreni, som presentert i avsnitt 5.2.2.

Eg har sortert dei ulike adjektivtreffa i grupper etter kva substantivet dei står attributivt til, denoterer. Det er som nemnt ingen treff på adjektiv-substantiv-kombinasjonar som ville ha passa inn i ICM-gruppe 3) BEHANDLING og 4) TEORI. For å klassifisera entitetar i desse kategoriane nyttar lærebokforfattarane i staden orddanningar med substantivet *schizofreni-* som forledd (t.d. *schizofrenibehandling*, *schizofreniforskning*), eller preposisjonsfrasar med substantivet *schizofreni* eller adjektivet *schizofren* nytta substantivisk (*behandling av schizofreni/schizofrene*).

Alle treffa høyrer altså til i gruppe 1) SJKDOM og gruppe 2) PASIENT. Substantiva er fordelte på elementa i desse to gruppene i schizofreni-ICM-en. Eg fann at det var mest tenleg å slå saman elementa PSYKE og KROPP, då det i praksis er vanskeleg å avgjera om

eit substantiv refererer til personen sin psyke, kropp, eller ein kombinasjon. Dette skuldast ikkje minst det spenningsforholdet som eksisterer mellom ulike oppfatningar av biologi versus psyke i psykiatrien. Innanfor psykiatri finst det ulike forståingsmodellar av psykisk sjukdom, somme biologiske, andre sosialpsykologiske, og andre meir balanserte (Kringlen, 1997: 38). Vidare fann eg på basis av funna mine at det var mest tenleg å skilja ut nokre undergrupper for eit par av ICM-elementa. Desse undergruppene er ikkje nødvendigvis del av forståingsbasen for omgrepet schizofreni på same måte som elementa SYMPTOM og FORLØP er, og namnet på undergruppene er derfor skrivne med små bokstavar. Inndelinga er vist under:

1) Sjukdommen

- a. SJUKDOM (schizofreni som sjukdom/sjukdomsgruppe)
- b. SYMPTOM
 - i. eigenskapar ved symptom eller tilstand knytt til schizofreni
 - ii. det schizofrene individet sine produkt
- c. FORLØP (schizofreni som prosess)

2) Den sjuke

- a. FAMILIE/SLEKT
- b. TILSTAND
- c. PSYKE/KROPP (del av / aspekt ved individet)
 - i. psykiske funksjonar

Treffa i kategorien fordeler seg talvis og prosentvis på undergruppene som vist i Tabell

7:

Undergruppe		1950-talet		2000-talet	
		N	%	N	%
1a.	SJUKDOM	19	18,3	32	25,2
1b.	SYMPTOM	27	26,0	46	36,2
1bi.	Egenskapar ved symptom eller tilstand knytt til schizofreni	2	1,9	2	1,6
1bii.	Det schizofrene individet sine produkt ¹⁴⁵	5	4,8	0	0
<i>SUM</i> (1b+1bi+1bii)		34	32,7	48	37,8
1c.	FORLØP	19	18,3	22	17,3
2a.	FAMILIE/SLEKT	2	1,9	2	1,6
2b.	TILSTAND	8	7,7	17	13,4
2c.	PSYKE/KROPP	16	15,4	2	1,6
2ci.	Psykiske funksjonar	6	5,8	4	3,1
<i>SUM</i> (2c+2ci)		22	21,2	6	4,7
Totalt:		104	100,0	127	100,0

Tabell 7: Fordeling på kategoriene 1) sjukdommen og 2) den sjuke

Tabell 7 over syner at gruppa med flest treff er «Symptom knytte til schizofreni» (høvesvis til saman 26,0 % og 36,2 % i 1950- og 2000-tekstane. Gruppa «Individet sine produkt» har ingen treff i 2000-materialet. Alle gruppene med flest treff høyrer til gruppe 1) SJUKDOM. I gruppe 2), PASIENT, skjer det ei endring frå 1950-talet til 2000-talet: Undergruppa PSYKE/KROPP er den med flest treff i dei eldste tekstane, (N = 16, sjå òg Tabell 10), medan TILSTAND har flest treff i dei nyaste (N =17, sjå òg Tabell 9).

I det følgjande går eg gjennom fordelinga i kvar enkelt gruppe. For kvar gruppe presentert i Tabell 7 gjev eg opp kva substantiv adjektivet er brukt om, pluss antal treff

¹⁴⁵ Ulike former for observerbar atferd kan bli vurderte som symptom og dermed utslag av sjukdommen. Eg har derfor valt å plassera «produkta» til personen under punktet SYMPTOM i sjukdomskategorien og ikkje i pasientkategorien. Produkt som brev, teikningar og tale kan ofte vera prega av sjukdommen og/eller verta tolka som teikn på sjukdommen. Dersom dese produkta i det heile vert nemnde i psykiatrisk faglitteratur, er det i regelen i kraft av å vera handfaste manifestasjonar av symptom.

på kvar konstruksjon. Tabellane er ordna slik at konstruksjonar med ≥ 10 treff står først og dei andre treffa står i alfabetisk rekkjefølgje under.

Dersom det står eit adjektiv mellom *schizofren* og substantivet, er treffet lista for seg, slik at t.d. «psykotiske symptom» ikkje er teke med inn under «symptom», men står lista separat. Eg har valt å gjera det slik for å visa variasjonsbreidda i konstruksjonane. Dei «ekstraadjektiva» som i læreboktekstane står mellom adjektivet *schizofren* og substantivet, er *emosjonell*, *psykotisk* og *autistisk*. Det er fem ulike slike konstruksjonar (6 treff), og sams for alle er det at begge adjektiva er nytta metonymisk. Døme: «den skizofrene, autistiske vrangforestilling» (MKP: 280). Jambør med den hypotetiske konstruksjonen «den schizofrent autistiske vrangforestilling», som er grammatisk gangbar, men fagleg sett truleg ikkje gangbar. Det er ikkje *vrangforestillinga* som er schizofren og autistisk, det er *personen med vrangforestillinga* som har desse eigenskapane. Meir presist er *vrangforestillinga* eit produkt av den «schizofrene autismen»¹⁴⁶ som i (MKP: 251) vert definert som:

en slags psychopathological organizer ved schizofreni: Autisme er således ikke et symptom i gængs betydning, men en betegnelse for en karakteristisk forandret subjektivitet (bevidsthed) og eksistens, en større helhed eller gestalt, der binder enkeltsymptomerne meningsfuldt sammen.

Det følgjer av dette at i ein og same substantivfrase kan meir enn eitt attributivt adjektiv fungera metonymisk og klassifiserande.

Nokre av treffa i kvar gruppe vert presenterte i form av setninga dei opptre i, som illustrerande døme på korleis konstruksjonane opptre i autentisk setningskontekst, med uthevingar gjorde av meg. Eg presenterer i tillegg ein utfyllande analyse av 1–2 utvalde døme frå adjektiv-substantiv-konstruksjonane i kvar gruppe. Analysane er plasserte i tekstboksar for betre oversikt etter følgjande mal:

¹⁴⁶ Som dei understrekar at må skiljast frå den såkalla infantile autismen, altså autismespekterlidingar.

Situasjon	Her skildrar eg den faktiske situasjonen som er freista referert til i det språklege uttrykket
Metafor	Somme konstruksjonar inneheld eit substantiv (nominalisering) som kan tolkast som uttrykk for ein grammatisk metafor, slik fenomenet er skildra i avsnitt 4.2 over. I andre tilfelle kan det vera snakk om uttrykk for andre typar omgrepsmetaforar.
Metonymi₁	Presentasjon av omgrepsmetonymien som motiverer det språklege uttrykket, t.d. DEL FOR HEILSKAP.
Metonymi₂	Somme konstruksjonar inneheld meir enn ein metonymi, t.d. i form av to metonymiske sprang (ei metonymisk kjede).
Språkleg resultat	Det språklege uttrykket er overflatemanifestasjonen av metonymien/-ane og ev. metaforane presenterte i radene over.
Metonymisk overføring	Her vert den metonymiske overføringa av eigenskapen 'schizofren' mellom entitetar i schizofreni-ICM-en presentert. Analysen av metonymisk overføring baserer seg på følgjande: Då schizofreni er ei psykiatrisk lidning, er det per definisjon berre menneske som kan vera schizofrene i bokstaveleg forstand. Dersom adjektivet schizofren vert nytta om noko anna enn eit menneske som lir av schizofreni, slik tilstanden til ei kvar tid er definert i diagnosemanualane til psykiatrien, har vi anten med ein metafor eller ein metonymi å gjera. Dersom adjektivet vert nytta om noko som kan seiast å høyra inn under eitt av elementa i schizofreni-ICM-en i Figur 3, har vi med ein metonymi å gjera.
Parafrasering	Den metonymiske konstruksjonen vert parafrasert ved å laga ein alternativ konstruksjon der adjektivet <i>schizofren</i> er bytt ut med substantivet <i>schizofreni</i> .
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>X</i>	Her vert dei semantiske rollene til og relasjonstypen mellom adjektivet og substantivet presentert etter modellen til Warren (1984), t.d. 'forårsaka av', som er den relasjonen vi har dersom adjektivet har rolla ÅRSAK og substantivet har rolla RESULTAT

Figur 5: Mal for analyse

I arbeidet med tolking av desse konstruksjonane må eg av og til ty til ein utvida kontekst som strekkjer seg ut over setningsgrensene, men når eg presenterer døma, tek eg berre med setninga dei opptre i, som kontekst. Eg vil grunngje tolkingane mine ved å visa til den utvida konteksten der det er naudsynt.

PASIENT

Vi begynner med gruppe 2), *PASIENT*, då denne gruppa er nærast knytt til kategorien ikkje-metonymisk bruk av adjektivet, som er drøfta over.

FAMILIE/SLEKT

Kategorien *FAMILIE/SLEKT* består av substantiv som refererer til kollektiv, ikkje substantiv i fleirtal, som refererer til fleire personar. Eg har funne at adjektivet *schizofren* er nytta attributivt til to slike substantiv, nemleg *familie* og *slekt*, som vist i Tabell 8 under.

Substantiv	1950- talet	2000-talet
	N	N
<i>Familie</i>	1	2
<i>Slekt</i>	1	0

Tabell 8: Schizofren brukt om grupper

DØME:

Tidigt på 70-talet fann engelska forskare att det i en majoritet av **de schizofrena familjerna** fanns ett högt känslomässigt tryck som bl a tog sig uttryck i aggressiva attacker å ena sidan och överengagemang gentemot den sjuke familjemedlemmen å den andra. (C: 292)

Det kan være anankastiske karaktertyper (som ofte påtreffes premorbid i **schizofrene slekter**, Luxenburger) hos hvem den schizofrene prosess begunstiger framkomsten av manifeste tvangstendenser. (L: 364)

Denne bruken er ein mellomting mellom å nytta adjektivet om eit individ eller å nytta det om eit aspekt ved individet. Det finst personar med reell schizofreni i schizofrene familiar eller slekter, men dette gjeld typisk éin person i «den schizofrene (kjerne)familien» eller nokre få i «den schizofrene slekta». Bruken av dei to ulike konstruksjonane må forståast på bakgrunn av ulike forskingsretningar innanfor schizofreniforsking: På den eine sida objektrelasjonsteori og familierapi m.m., som fekk vind i segla etter midten av førre århundret, og der dynamikken og samspelet i familiemiljøet i familiar der ein av medlemmane hadde utvikla schizofreni, vart sett under lupa. På den andre sida arvelegheitsforskinga, som leitar etter gen som er forbundne med risiko for schizofreni, og som kan nedarvast i slekter. Førstnemnde teori, med fokus på familierelasjonar, gav opphav til den no forkasta avleiinga *schizofrenogen*¹⁴⁷, som ikkje må forvekslast med samansettinga *schizofrenigen*, funne i (SS: 146), som er knytt til arvelegheitsforsking, sjå Harrington (2012), Haavik (2014) og Neill (1990).

Analyse av konstruksjonen «schizofren familie»

Eg vil analysere konstruksjonen *schizofren familie*, som har eitt treff i 1950-materialet og to i 2000-materialet.

¹⁴⁷ Avleiinga *schizofrenogen* er samansett av schizofreni pluss suffikset -gen (av gresk *gignesthai* 'verta til') som ifølgje Øyri (1992) tyder 'skaping, tilverting' eller viser til årsak. *Schizofrenogen* tyder ordrett 'schizofreniforårsakande'. Det var i all hovudsak mødrer som vart omtalte som «schizofrenogene», sjå Harrington (2012), Neill (1990), Parker (1982).

Situasjon	Ein medlem av familien er diagnostisert med schizofreni. Dei andre medlemmane i familien ¹⁴⁸ har ikkje diagnosen schizofreni.
Metonymi	eigenskap ved del (familiemedlem) vert tillagt heilskapen (familie)
Språkleg resultat	«schizofren familie»
Metonymisk overføring	Overføring av eigenskapen 'schizofren' mellom entitetar i kategori 1), frå personen til familien til personen
parafrasering	'familie der ein av medlemmane er diagnostisert med schizofreni'
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>familie</i>	a) <i>forårsakar</i> : RESULTAT-ÅRSÅK b) <i>inneheld</i> : OBJEKT-STAD

Figur 6: Analyse av «schizofren familie»

Relasjonen mellom adjektivet *schizofren* og substantivet *familie* kan anten vera RESULTAT-ÅRSÅK (traumatiserende familiemiljø som utløyser schizofreni eller genetisk nedarva sårbarheit for schizofreni) og OBJEKT-STAD, der familien vert konseptualisert som ein stad der medlemmane er samlokaliserte (kjernefamiliar bur jo typisk i same husvere). Jamfør uttrykk som «det er schizofreni i familien».

«Schizofrene familiar» snakkar ein altså om i samband med objektsrelasjonsteori og familierapi. Sjølv om berre éin av familiemedlemmane i ein slik familie er schizofren, vert adjektivet nytta attributivt om heile familien som kollektiv. Grunnen til dette er truleg at den sjuke og familiemedlemmane hans vert oppfatta som eit likevektssystem der heilskapen er meir enn summen av delane, jf. at systemteoriar (kybernetikk) vert nytta innanfor familierapi (sjå Kringlen (1997: 400) og Kirkebøen i Hornmoen (1994)). Schizofrenien og problema til personen kan i dette perspektivet ikkje sjåast

¹⁴⁸ *Familie* vert her nytta i tydinga 'kjernefamilie', i motsetnad til *slekt*.

isolert frå familien sin dynamikk. På den eine sida kan familiedynamikken utløysa, forverra, ev. hindra eller dempa schizofrenisjukdommen til den disponerte familiemedlemmen. På den andre sida er det svært belastande for familien å leva med ein schizofren familiemedlem. Ved å ta inn heile familien til terapi og kursing meiner ein å kunna betra prognosane til den sjuke, og letta tilveret for resten av familien. I denne konteksten gjev det meining å snakka om «ein schizofren familie».

TILSTAND

I gruppa TILSTAND har eg plassert substantiv som har som fellesnemnar at dei denoterer fenomen som er knytte til korleis observatøren vurderer den aktuelle stoda til personen. Det er altså ikkje snakk om einskildsymptom her, men om eit totalinntrykk av personen si åtferd og sinnssituasjon, ein slags gestalt. Dette utanfrå- og betraktarperspektivet vert eksplisert i ledda *framtoning-* og *-bilete*, som vi finn i tre av substantiva i gruppa (sjå Tabell 9 under). Konstruksjonen *schizofren tilstand* opptre 11 gonger i 2000-materialet og er den klårt mest nytta i gruppa, medan det er berre eitt treff på denne konstruksjonen i 1950-materialet.

Substantiv	1950-talet	2000-talet
	N	N
<i>Tilstand</i>	1	11
<i>Framtoningspreg</i>	1	0
<i>Residualtilstand</i>	0	3
<i>Sjukdomsbilete</i>	0	1
<i>Symptomatologi</i>	4	1
<i>Tilstandsbilete</i>	2	0
<i>Urotilstand</i>	0	1

Tabell 9: Schizofren brukt om tilstand

DØME:

Hos den akut syge, svært psykotiske patient kan det være umuligt med sikkerhed at afgøre, om det drejer sig om en affektiv eller en **skizofren tilstand**. (MKP: 313)

Simpel skizofreni overlapper med skizotypisk sindslidelse og kan forveksles med **skizofren residualtilstand**, men ved sidstnævnte sindslidelse har der tidligere været skizofrenitypiske psykotiske symptomer. (MKP: 304)

Den **skizofrene symptomatologi** ledsages af en lige så udtalt affektiv symptomatologi. (MKP: 302)

Adjektiva *affektiv* og *schizofren* verkar begge klassifiserande i det første dømet: *Affektive lidningar* er eit samlenamn for depressive og bipolare¹⁴⁹ lidningar på same måten som *schizofrene lidningar* er eit samlenamn for fleire ulike lidningar som er postulert å danna eit syndrom, spektrum eller sjukdomsgruppe.

Det ser ut til at *tilstand* i psykiatrisk fagspråk kan nyttast både om ‘situasjon’ og ‘sjukdom’, jamfør desse sitata: «Derfor foretrekker noen i stedet å snakke om det schizofrene syndrom, som uttrykk for at schizofreni vel egentlig er **flere sykdommer eller tilstander**.» (MRD: 197) versus «Nyere læringsteorier legger vekt på psykologiske disposisjoner, som gjør at den schizofrene pasient reagerer usedvanlig kraftig på små påkjenninger og derfor lettere blir brakt i **en psykologisk stresstilstand**.» (MRD: 202). I dømet frå (MKP: 313) over ser *tilstand* ut til å vera brukt i tydinga ‘liding, sjukdom’, då setninga opptrer i eit avsnitt om differensialdiagnostikk. Setninga kan parafaserast med: «Dersom ein psykose har oppstått brått og er svært alvorleg, kan ein ikkje vita sikkert om vedkommande har depresjon eller bipolar (manisk-depressiv) liding eller lir av schizofreni.» *Tilstanden* (i tydinga situasjonen / symptombiletet / den mentale tilstanden) til personen er uansett «alvorleg psykose», uavhengig av om han har ei schizofren eller ei affektiv liding.

¹⁴⁹ Bipolar liding vart tidlegare kalla *manisk-depressiv liding*.

Innanfor medisinsk fagspråk (dvs. både somatisk og psykiatrisk) er sjukdomstydinga av substantivet *tilstand* ein metonymi av ‘situasjon’, på den måten at tilstanden (‘situasjonen’) som sjukdommen forårsakar, vert nytta for å referera til sjukdommen, dvs. RESULTAT (patologisk tilstand) FOR ÅRSÅK (sjukdom).

Analyse av konstruksjonen «schizofren tilstand»

I Figur 7 under har eg sett opp analysen av konstruksjonen *schizofren tilstand*. I analysen har eg basert meg på ei tolking av *tilstand* som ‘sjukdom’, ikkje som ‘situasjon’.

Situasjon	Personen oppfører seg på ein måte og/eller rapporterer om psykiske plager som er assosierte med schizofreni, slik sjukdommen på det aktuelle tidspunktet er definert i diagnosemanualane DSM/ICD.
Metonymi₁	Tilstand for sjukdommen som forårsakar tilstanden RESULTAT FOR ÅRSÅK
Metonymi₂	eigenskapen ‘schizofren’ vert tillagt sjukdommen schizofreni
Språkleg resultat	«schizofren tilstand»
Metonymisk overføring	Overføring av eigenskapen ‘schizofren’ mellom entitet i kategori 1), personen, til entitet i kategori 2), sjukdommen
parafrasering	‘tilstand som er assosiert med og forårsaka av schizofreni’
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>tilstand</i>	<i>Utgjort av:</i> KJELDE-RESULTAT

Figur 7: Analyse av «schizofren tilstand», i tydinga ‘sjukdom’

Relasjonen mellom adjektivet *schizofren* og substantivet *tilstand* i tydinga ‘sjukdom’ er ‘utgjort av’, dvs. at sjukdommen «består av» schizofreni, på same måten som Warren sitt døme *criminal case*, der *crime* er KJELDE (konstituent) og *case* er RESULTAT; saka «består av» eit brotsverk, sjå 6.1.1.

Dersom substantivet *tilstand* hadde vore nytta i den andre mogelege tydinga, ‘situasjon’ (jamfør termen *tilstandsbilete*, som det er 30 treff på i 1950-tekstane, men ingen i 2000-tekstane), ville relasjonen ha vore ein annan, nemleg forårsaking: ÅRSAK-RESULTAT, då schizofreni, som er det referensielle innhaldet til adjektivet *schizofren*, her ville ha vore årsaka til tilstanden til personen (tilstanden til personen er eit resultat av schizofrenien til personen).

PSYKE/KROPP

Tabell 10 under inneheld treff på attributive konstruksjonar med substantiv som kan seiast å referera til ulike delar av individet. Desse «delane» utgjer ein heterogen kategori; her finn vi både konkrete, fysiske saker som gen og hjerne og meir abstrakte fenomen som mentalitet og personlegdom. Denne kategorien har klart fleire treff i 1950-materialet enn i 2000-materialet, som vist i tabellen under.

Substantiv	1950-talet	2000-talet
	N	N
<i>Anlegg</i>	2	0
<i>Arv</i>	4	1
<i>Disposisjon</i>	1	0
<i>Gen</i>	1	0
<i>Hjerne</i>	4	0
<i>Konstitusjonstype</i>	1	0
<i>Mentalitet</i>	1	0
<i>Morbiditetsbetingande arv</i>	1	0
<i>Personlegdom</i>	1	0
<i>Vulnerabilitet</i>	0	1

Tabell 10: Schizofren brukt om del av / aspekt ved individ

DØME:

Resultaten tyder på att en familj med god familjestruktur har en skyddande inverkan mot att **ett schizofrent arv** kommer till uttryck. (C: 276)

Videre skal nevnes at lobotomier av schizofrene nå har gitt muligheter for histologiske undersøkelser av **schizofrene hjerner** som hittil ikke har foreligget. (L: 349)

Det transfænotypiske niveau er et niveau, hvor de mest elementære træk af **den skizofrene vulnerabilitet** kommer klinisk til syne (vi må antage, at dette ikke altid er tilfældet, dvs. at penetrasen selv på dette niveau er inkomplet). (MKP: 318)

Analyse av konstruksjonen «schizofren arv»

Eg vil analysera konstruksjonen *schizofren arv*, der adjektivet står til eit substantiv som denoterer ei av årsakene til sjukdommen.

Situasjon	Det er opphoping av schizofreni i somme slekter, dvs. at det er fleire personar i ei og same slekt som har blitt diagnostiserte med schizofreni. På bakgrunn av dette er det postulert at disposisjon for schizofreni kan arvast.
Metafor	BIOLOGISK, AVVIKANDE EIGENSKAP SOM AVHENDELEG OBJEKT Overførbar, polygen sjukdomsdisponerande mutasjon vert omtalt som «arv».
Metonymi	Eigenskapen 'schizofren' vert tillagd ei av dei postulerede delårsakene til schizofreni, nemleg ei genetisk sårbarheit som gjer personen disponert for å utvikla schizofreni. DEL FOR HEILSKAP (delårsak for alle årsaker) i kombinasjon med ein kompresjon der (ei av) årsakene til schizofreni (og dermed til eigenskapen 'schizofren') vert tillagd eigenskapen 'schizofren'
Språkleg resultat	«schizofren arv»
Metonymisk overføring	Overføring av eigenskapen 'schizofren' mellom entitet i kategori 1), personen, til entitet i kategori 2) sjukdomsårsak
parafrasering	'nedarva genetisk disposisjon for schizofreni'
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>arv</i>	<i>forårsakar</i> : RESULTAT-ÅRSAK

Figur 8: Analyse av «schizofren arv»

Schizofren arv må i psykiatrisk kontekst kunna tolkast som 'nedarving av genmateriale som disponerer for schizofreni'. Ein person som er disponert for schizofreni, er sårbar for schizofreni, slik at dersom han vert utsett for såkalla stressfaktorar, kan han utvikla

schizofreni. Eg har tolka bruk av substantivet *arv* i denne samanhengen som ein metafor, sidan tydinga til *arv* i *schizofren arv* skil seg frå den basale tydinga til *arv* på fleire måtar. *Arv* refererer i si mest basale tyding til konkrete, avhendelege verdiar som nokon etterlèt seg eller tek imot, og som vert overførte mellom generasjonar etter fastsette reglar. I konstruksjonen *schizofren arv* vert *arv* derimot nytta for å referera til ein genotype med uregelbunden «arvegang», nærare bestemt eit samspel mellom mange gen som fører til disposisjon for schizofrenispektrumlidning (Malt, 2016h; Heiberg, 2016).¹⁵⁰

I 1950-materialet er det eitt treff på «schizofrent gen». Denne konstruksjonen vil truleg ikkje vera å finna lenger i psykiatrisk fagspråk (i alle fall ikkje utan negasjon eller atterhald), sidan det no er semje om at schizofreni ikkje kan knytast til eitt enkelt gen (Haavik, 2014). Vidare kan ein slik konstruksjon i våre dagar lett oppfattast som tvitydig i og med den aukande metaforiske bruken av adjektivet *schizofren*, ein bruk som òg ser ut til å dukka opp innanfor naturvitskapeleg fagspråk, der somme snakkar om t.d. «schizofrene elektron med splitta personlegdom» (Pfleiderer & Hackl, 2007), sjå òg Cava (2004), Batema et al. (2014), Cauliez, Polo, Roisnel, Llusar, & Fourmigue (2010) og Fitzpatrick (1995). Sjå Chase (2008) og May (2008) for protestar mot denne metaforbruken. Medan moderne psykiatri av somme vert kritisert for berre å vera oppteken av hjernekjemi (Malt et al., 2003: 72), vert altså naturvitskapane kritiserte for å nytta psykiatriske fagtermar for å skildra kjemiske eigenskapar.

Mogelege tolkingar av konstruksjonen «eit schizofrent gen» kan dermed vera anten ‘gen som disponerer for schizofreni’ eller ‘gen som opptrer «schizofrent»’.

¹⁵⁰ Nokre gen kan disponera for både schizofreni og affektive lidningar (Kringlen, 1997: 288).

Analyse av konstruksjonen «schizofren hjerne»

Konstruksjonen «schizofren hjerne» er interessant å analysere sidan dette er den einaste «schizofrene» kroppsdel / organet omtalt i materialet, og sidan hjernen er ein konkret og direkte observerbar storleik i motsetnad til dei andre entitetane i Tabell 10 over. Det er vanskeleg å tenkje seg at andre organ eller kroppsdelar skulle verta omtalte som «schizofrene» i psykiatrisk fagspråk, då ein normalt tenkjer seg at hjernen og hjernen åleine er sete for sinnet og for psykiske lidningar.¹⁵¹

¹⁵¹ Hjernen er likevel ikkje «åleine», slik den norske popgruppa deLillos hevdar i ein kjend songtekst, men er ein del av eit større biologisk system. Sjå t.d. Collins, Surette, & Berick (2012) om det kompliserte tovegssamspelet som er oppdaga mellom tarmflora og hjerne. Mellom anna er det blitt postulert eit samband mellom abnormal tarmflora og lidningar som regressiv autisme og schizofreni.

Situasjon	Patologar utfører ei undersøking av hjernevev henta i samband med lobotomi av personar som er diagnostiserte med schizofreni slik sjukdommen på dei aktuelle tidspunkta er definert i diagnosemanualane DSM/ICD.
Metonymi	Eigenskapen ‘schizofren’ vert tillagt eit av organa (DEL) til personen (HEILSKAP), nærare bestemt det organet som er oppfatta som sete for sinnet, og som det organet som er affisert av sjukdommen schizofreni
Språkleg resultat	«schizofren hjerne»
Metonymisk overføring	Overføring av eigenskapen schizofren mellom entitetar i kategori 1), frå personen til del av personen.
parafrasering	‘hjerne som har tilhøyrt person diagnostisert med schizofreni’
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>hjerne</i>	Tolkinga kjem an på perspektiv: Er schizofreni ei årsak til eller ein verknad av utviklings- og funksjonsforstyrningar i hjernen? Er schizofreni ei medfødd genetisk sårbarheit, eit latent potensial eller ein konsekvens av medfødd sårbarheit + utløysande miljøfaktorar? Er det schizofrenien som formar hjernen eller omvendt? ¹⁵² Perspektiv 1) <i>Forårsaka av</i> : ÅRSÅK-RESULTAT (schizofrenien formar hjernen); perspektiv 2) <i>Forårsakar</i> : RESULTAT-ÅRSÅK (hjernen formar schizofrenien)

Figur 9: Analyse av «schizofren hjerne»

Ein hjerne kan ikkje vera schizofren, det er eigaren av hjernen som eventuelt kan vera det. Men hjernen er sett på som sete for sinnet og dermed òg som sete for mentale lidingar, jf. konteksten i eksempelsetninga, som refererer til ei undersøking av hjernevev henta frå schizofrene personar for å finna ut meir om sjukdommen.

¹⁵² Etiologien og dei patogenetiske mekanismane ved schizofreni er langt ifrå klårlagde (Parnas et al., 2009: 313). Graden av sårbarheit vil variere for ulike typar av schizofreni. Det kan påvisast cerebrale abnormitetar hjå somme schizofrene pasientar, men det er ikkje klart om desse skriv seg frå perinatal hjerneskaade, om dei er genetisk betinga, eller om dei er konsekvensar av sjukdomsprosessen (ibid.: 317).

Forstyrningar i hjernen sin funksjon er ei postulert årsak til symptoma ved schizofreni. Konstruksjonen «schizofren hjerne» må forståast på bakgrunn av nevrobiologisk forskning som søker å finna (hjerne)organiske årsaker til og følgjer av schizofreni. Sidan hjernen er den mest saliente delen av den schizofrene personen for desse forskarane, er snarvegen «schizofren hjerne» for «hjernen til personar med schizofreni» logisk. (Meir psykologisk orienterte retningar innanfor psykiatrien ville kanskje heller ha snakka om «det schizofrene sinnet».) For forskaren er det viktig å skilja hjernar frå schizofrene personar frå hjernar frå ikkje-schizofrene personar, slik at resultatane vert valide. Adjektivet verkar her klassifiserande, ikkje deskriptivt: Eigaren av hjernen er klassifisert som schizofren, då kan hjernen hans per definisjon klassifiserast som «hjernen til person med schizofreni». Målet for forskarane er nettopp å kunna identifisera og beskriva kva som (ev.) kjenneteiknar slike hjernar. Dersom dette målet vert nådd ein gong i framtida, kan adjektivet *schizofren* brukt om substantivet *hjerne* kanskje fungera deskriptivt i somme faglege samanhengar: No må diagnosen komma *før* hjerneundersøkinga, i ei slik mogeleg framtid kan hjerneundersøkinga *gje diagnosen*, ved at abnormitetar som er assosierte utelukkande med schizofreni, vert identifiserte. Då kan ein kanskje tenkja seg den mogelege ytringa «Denne hjernen er klart schizofren» i ein samtale mellom fagfolk som studerer resultat av ei hjerneundersøking.¹⁵³

Psykiske funksjonar

Bleuler skapte som nemnt termen *schizofreni* på bakgrunn av at han vurderte det han kalla «splittinga av dei psykiske funksjonane», som eit kardinalsymptom ved

¹⁵³ Utfordringa som heftar ved undersøkingar av hjernar til personar med schizofreni, anten det er snakk om vevsundersøkingar som i dømet over, eller ulike former for hjerneskaning, er å vita kva abnormitetar som er årsak til, og kva som er verknad av schizofrenien¹⁵³ (Abbott, 2009; Lingjærde, 2002). Ein ytterlegare komplikasjon er at miljøfaktorar og personen sin levemåte på godt og vondt kan ha påverka både sjukdommen og hjernen. Forskarar har t.d. funne at opptrening av arbeidminnet minskar tettleiken av dopaminreseptoren D1, som ledd i ei normal regulering for å unngå overstimulering. Forstyrningar i tettleiken av nevrotransmitterar er postulert som ein årsak til lidingar som schizofreni. Men dersom kognitiv aktivitet (eller mangel på slik) kan påverka denne tettleiken, kan dette like gjerne vera ein effekt av den nedsette kognitive aktiviteten forårsaka av schizofrenien, t.d. nedsett merksemd og minne (Abbott, 2009). Så relasjonen mellom adjektivet *schizofren* og substantivet *hjerne* er vel mest presist å rekna som ein kombinasjon av *både* ÅRSÅK-RESULTAT og RESULTAT-ÅRSÅK.

sjukdomsgruppa. Det er uklårt kva Bleuler egentleg sikta til her. Ifølgje Moskowitz & Heim (2011: 474) har «splittinga av dei psykiske funksjonane» blitt tolka som ‘separasjon av tanke og emosjon’, eller som ‘splitting av assosiasjonar’, men Bleuler nytta ofte uttrykket for å referera til «the splitting of ‘idea-‘ or ‘affect-laden’ complexes and at other times refers simply to the splitting of psychic functions.» (ibid.) I Tabell 11 under har eg lista opp substantiv som kan seiast å referera til ulike former for psykiske funksjonar, og som opptrer i konstruksjonar med adjektivet *schizofren* som attributt.

Substantiv	1950-talet	2000-talet
	N	N
<i>Oppleving</i>	1	0
<i>Opplevingsmåte</i>	1	0
<i>Tankegang</i>	2	0
<i>Tankeinnhald</i>	1	0
<i>Tenking</i>	1	2
<i>Verd</i>	0	2

Tabell 11: Schizofren brukt om psykiske funksjonar

DØME:

Det er jævnligt blevet fremhævet, at **den skizofrene tankegang** er beslægtet med tankegangen under den normale drøm (med hvilken **den skizofrene oplevelsesmåde** jo også har hallucinationerne fælles; den afgørende forskel er, at den skizofrene patient er bevidsthedsklar). (SS: 135)

Først og fremst er **den skizofrene tenkningen** karakterisert ved å være virkelighetsfjern, preget av innadvendthet og selvpoptatthet. (MRD: 204)

Betegnelsen «**den skizofrene verden**» henviser netop til denne transformation af patienten og hans verdensbillede. (MKP: 289)

Analyse av konstruksjonen «schizofren verd»

Eg har plukka ut konstruksjonen «schizofren verd» til analyse, sidan han inneheld ei metonymisk kjede.

Situasjon	Individ med schizofreni persiperer og resonnerer rundt verda på ein måte som avvik frå den normale måten å persipera og resonnera rundt verda på, og som dermed vert oppfatta av andre som realitetsbrest.
Metonymi₁	Fenomen (verd) for persipering av og resonnering om fenomena (verda) OBJEKT FOR OPPFATNING AV OBJEKT
Metonymi₂	Eigenskap ved persiperande og resonnerande individ vert tillagd objektet individet persiperer og resonnerer rundt Metonymisk kompresjon: overføring av eigenskap frå den som oppfattar, til det som vert oppfatta
Språkleg resultat	«schizofren verd»
Metonymisk overføring	Overføring av eigenskapen ‘schizofren’ mellom entitetar i kategori 1), frå <i>personen</i> til <i>dei psykiske funksjonane til personen</i> . I tillegg er denne metonymien kjeda saman med ein metonymi der <i>fenomena</i> som er persiperte av dei psykiske funksjonane, står for <i>fenomena slik dei vert oppfatta (og her forvrengde) av dei psykiske funksjonane til individet</i> , slik at dei persiperte fenomena vert tillagde eigenskapen ‘schizofren’.
parafrasering	‘verdsopfattinga til ein person med realitetsbrest forårsaka av psykotisk tilstand som følgje av schizofreni’
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>verd</i>	<i>Forårsaka av</i> : ÅRSÅK-RESULTAT

Figur 10: Analyse av «schizofren verd»

På bakgrunn av det lærebokavsnittet der uttrykket «den skizofrene verden» er å finna, ser *verden* her ut til å stå metonymisk for den skizofrene personen sin persepsjon av og tenking om (den verkelege) verda: «Verdens virkelighedsstatus blegner, kausalitetslove subjektiviseres, modsigelsens grunnsætning ophæves etc.» (Parnas et al., 2009: 289) *Schizofren* refererer til ein eigenskap ved personen som persiperer og resonnerer, ikkje til ein eigenskap ved verda i seg sjølv («das Ding an sich»).

I konstruksjonen «den skizofrene verden» har vi å gjera med ein dobbelmetonymi (Ruiz de Mendoza Ibáñez, 2011) eller ei metonymisk kjede (Peirsman & Geeraerts, 2006; Radden & Kövecses, 1999). Substantivet *verd* står metonymisk for ‘oppfatting av verda’, dvs. at eit ord som denoterer det oppfatta objektet, vert nytta for å referera til oppfattinga av objektet. Menneske med schizofreni lever i akkurat den same verda som resten av oss, og dei mottek dei same sanseinstrykka, men dei har kognitive forstyrningar som gjer at dei ikkje *oppfattar* og *resonnerer rundt* (om)verda slik friske personar gjer:

Den skizofrene verdens struktur er kausalt fortattet: Alle fænomener og begivenheder er indbyrdes afhængige, der er ingen uafhængige eller tilfældige begivenheder, og den syge kan befinde sig i centrum af den fortættede verdensstruktur (fx solipsistiske oplevelser ved visse katatone tilstande). (MKP: 286–7)

Metonymien vert yttarlegare komprimert ved at eigenskapen ved individet som oppfattar verda (‘schizofren’), vert tillagd verda sjølv: «schizofren verd». «Ei schizofren verd» er i denne samanhengen ikkje «ei sjuk verd», men derimot verdsbiletet til ein person med schizofreni (jf. parafraseringa av «skizofren verden» i det analyserte dømet: «transformation af **patienten** og **hans verdensbilde**»).

Relasjonen mellom adjektivet *schizofren* og substantivet *verd* (dvs. *verd* for ‘verdsoppfatting’) er FORÅRSAKING: Schizofreni forårsakar ei spesiell form for (forstyrra) verdsoppfatting. I setninga som følgjer rett etter den setninga der

konstruksjonen opptrer, ser vi korleis schizofrene personar si oppfatting av verda (verdsbilete) vert omtalt som ei anna form for eksistens:

Dette nye verdensbillede kan ingenlunde anses for et symptom i samme medisinske forstand, som gulsot er ved en leversygdome; det kan bedst anskues som en forandret eksistensform. (MKP: 289)

Men det kan tenkjast å vera fleire ulike former for motivasjon (multipel motivasjon) som ligg bak uttrykket *schizofren verd* i tillegg til den ovanfor analyserte metonymien. Det kan t.d. tenkjast at uttrykket *schizofren verd* i tillegg er motivert av eller konnoterer omgrepsmetaforen TILSTAND SOM PLASSERING, her nærare bestemt SCHIZOFRENI SOM Å VERA PÅ EIN ANNAN STAD, nærare bestemt FEILPLASSERING. Agdestein-Wagner (2014) hevdar at CONTAINER (BEHALDAR) er eit sentralt kjeldedomene for å konseptualisera og snakka om positive symptom ved schizofreni, dvs. tanke- og persepsjonsforstyringar. I løpet av mi lesing av schizofrenikapitla i lærebøkene har eg fått inntrykk av at det i tillegg til BEHALDAR er eit anna kjeldedomene som er sentralt for å omgrepsleggjera schizofreni: FEILPLASSERING (AVSTAND). Agdestein-Wagner (2014) nemner avviksmetaforen som ein generell metafor for psykisk sjukdom. Dersom den sjuke lever i «ei schizofren verd», er han separert frå andre (friske) og kan ikkje nåast, jf. uttrykket «å vera i si eiga verd». Termar som *eksentrisk* ('som ligg utanfor sentrum'), *delirium* ('å avvika frå plogföra'), *avvikande*, *ekstrem* ('ytst', av 'utanfor') m.m. reflekterer denne omgrepsleggjeringa. Å vera psykisk frisk er assosiert med å vera rett plassert (i sentrum, sentralt) og med rettlinja rørsle (ikkje avvika frå den beine vegen, ikkje vika av eller virra rundt (jf. termen *forvirringstilstand*)). Ei logisk følgjeslutning av denne metaforiske tenkinga er at sidan den sjuke er sett frå den friske sitt perspektiv og ståstad, er han feilplassert, og langt vekke frå den friske. Termen *eksentrisk* impliserer at sentrum er der dei friske befinn seg, og at dei sjuke eller avvikande er i periferien. Jamfør at *sentral* har positive konnotasjonar og *perifer* negative. I dømet under vert termene *sær*, *aparte* og *eksentrisk* nytta av Parnas et al. (2009) for å skildra eitt av kriteria for schizotypisk sinnsliding:

Sær, aparte eller excentrisk adfærd eller udseende (MKP: 305)

Sær og *aparte* tyder begge opphavleg ‘særskilt, for seg sjølv’. Den sjuke er åleine med sine patologiske og private opplevingar, og han er skild frå andre. Termar som *livsfjern* (2 treff) og *verkelegheitsfjern* (1 treff) vert òg nytta for å skildra symptom ved schizofreni i lærebøkene.

I tillegg er den sjuke personen ofte vanskeleg å nå på meir konkrete måtar, ved at han rett og slett er vanskeleg å få kontakt med, t.d. fordi han har høyrselshallusinasjonar, manglande motivasjon og affekt eller paranoide tankar. Dermed kan motivasjonen for uttrykket *schizofren verd* òg vera basert på oppfattinga av at den sjuke ser ut til å *frivillig* trekkja seg vekk og fjerna seg frå dei friske. Jamfør to av dei andre kriteria for schizotypisk lidning ifølgje Parnas et al. (2009):

Inadækvat eller indsnævret affekt, så **personen fremstår tilbaketrukket og kølig** (MKP: 305)

Dårlig emotionel kontakt og social isolationstendens (MKP: 305)

Her vert omgrepsmetaforen noko i retning av SCHIZOFRENISPEKTERLIDING SOM FRIVILLIG TILBAKETREKKING FRÅ ANDRE MENNESKE. Det kan dreia seg om fysisk så vel som psykisk tilbaketrekking. Betraktaren si oppleving av den sjuke som fjern og vanskeleg å få kontakt med vert skildra slik i Malt et al. (2003):

Man pleier å si at man ler med en manisk pasient, som man ofte føler seg **på bølgelengde med**, men man ler av den katatone pasient som i sin oppstemthet eller uro er mer stereotyp og **fjern**, og har **mindre appell** til vanlige mennesker. (MRD: 211)

Verd kan ifølgje BOB og NOB brukast i tydinga ‘tilveret, livet’. *Ei schizofren verd* kan dermed òg oppfatast som «eit tilvere prega av schizofreni», «ein måte å leva på som er prega av schizofreni» e.l.¹⁵⁴

SJUKDOM

Kategori 1) i schizofreni-ICM-en er SJUKDOM. Som nemnt presenterer eg denne etter kategori 2), PERSONEN, fordi dette gjev høve til ein meir naturleg overgang mellom ikkje-metonymisk bruk og metonymisk bruk av adjektivet.

SJUKDOM

I kategorien «schizofreni som sjukdom/sjukdomsgruppe» vert adjektivet *schizofren* nytta metonymisk om sjølve sjukdommen. Funna som høver inn i denne gruppa, er lista i Tabell 12 under.

Substantiv	1950-talet	2000-talet
<i>Liding</i>	10	12
<i>Spektrum</i>	0	13
<i>Grunnforstyrring</i>	6	0
<i>Grunnliding</i>	1	0
<i>Psykopatologi</i>	0	1
<i>Sinnsliding</i>	1	0
<i>Sjukdom</i>	1	3
<i>Syndrom</i>	0	2
<i>Grensetilstand</i>	0	1

Tabell 12: Schizofren brukt om schizofreni som sjukdom/sjukdomsgruppe

DØME:

Som det framgår av denne drøftelse av de Bleulerske grunnsymptomer er ingen av dem i og for seg så typiske at de kan sies å være spesifikke for **de schizofrene lidelser**. (L: 362)

¹⁵⁴ Det er med andre ord mykje å seia om uttrykket *schizofren verd*. Det siste poenget eg vil nemna, er at den «schizofrene verda» ser ut til å vera privat, dvs. at den sjuke lever einsam i denne verda, og at andre ikkje har tilgang til ho.

Det markante ved **det skizofrene spektrum** er en mangfoldighed af symptomer og varierende fremtrædelsesformer og forløb. (MKP: 248)

Derfor foretrekker noen i stedet å snakke om **det schizofrene syndrom**, som uttrykk for at schizofreni vel egentlig er flere sykdommer eller tilstander. (MRD: 197)

Schizofren liding kan tolkast som eit (uspesifiserande) synonym til namn på underkategoriar av schizofreni, eller som ‘ei liding som høyrer til spekteret av schizofreni og schizofreniliknande tilstandar’. Kombinasjonen *schizofren* pluss *liding* er frekvent i begge tidsperiodane (relativ frekvens høvesvis 0,26 ‰ og 0,16 ‰), medan kombinasjonen *schizofren* pluss *spektrum* ikkje finst i 1950-talsmaterialet, men er den mest frekvente kombinasjonen i denne gruppa i 2000-talsmaterialet, med ein relativ frekvens på 0,18 ‰. *Spektrum* kjem ifølgje ODE av lat. *spectrum*, av *specere* ‘å sjå’ og vert nytta i vitskapspråk m.a. for å referera til ei stor variasjonsbreidd.

Analyse av «schizofren liding»

Sidan konstruksjonen *schizofren liding* er så frekvent, vil eg analysera han.

Situasjon	Personen oppfører seg på ein måte og / eller rapporterer om psykiske plager som er assosierte med schizofreni, slik sjukdommen på det aktuelle tidspunktet er definert i diagnosemanualane DSM/ICD.
Grammatisk metafor	<i>liding</i> : kongruent framstilling: ‘x lir’. Tilstanden vert referert til vha. eit substantiv: <i>liding</i> .
Metonymi₁	EFFEKT FOR ÅRSAK: <i>liding</i> for det som forårsakar liding
Metonymi₂	Eigenskapen ‘schizofren’ vert tillagd årsaka til eigenskapen; den underliggjande sjukdommen.
Språkleg resultat	«schizofren liding»
Metonymisk overføring	overføring av eigenskapen ‘schizofren’ frå entitet i kategori 1), personen, til entitet i kategori 2), sjukdommen
parafrasering	‘liding som tilhøyrrer samlekategorien schizofreni’
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>liding</i>	HEILSKAP-DEL

Figur 11: Analyse av «schizofren liding»

Termen *liding* kan ifølgje BOB tyda både ‘pine’, ‘smerte’ og ‘sykdom’. Brukt om sjukdom er det opphavleg ein effekt for årsak-metonymi: EFFEKT (*liding*) for ÅRSAK (sjukdom som forårsakar liding som subjektivt symptom). *Liding* er i tillegg ein grammatisk metafor, ei nominalisering av verbet *li*. Den kongruente framstillinga er: ‘x lir’. Adjektivet *schizofren* har her ein klårt klassifiserande funksjon, jf. uttrykka *affektiv liding*, *psykotisk liding*, *psykiatrisk liding*, *revmatisk liding*, *gynekologisk liding* osv.

Det same kan ein seia om funksjonen til adjektivet i konstruksjonen *det schizofrene spektrumet*. *Spektrum* refererer samanlikna med *liding/lidingar* til større variasjonsbreidd og større grad av heterogenitet. Schizofrenispektrumet inneheld andre lidingar enn berre «rein» schizofreni, som t.d. schizoaffektiv eller schizotyp liding. Eigenskapen ‘schizofren’ er her dermed ikkje nytta eksklusivt om diagnosekategorien schizofreni, men om ei gruppe tilstandar som har det til felles at dei blir tillagde eigenskapen ‘schizofren’. Dermed vert uttrykket *schizofren liding* eigentleg fleirtydig: er det snakk om schizofreni (spesifikk tyding), om ei av undergruppene til schizofreni, eller om ei av lidingane som er definerte som del av det schizofrene spektrumet (uspesifikk tyding)?

Det schizofrene syndromet er noko anna enn ei liding eller eit spektrum. *Syndrom* vert definert slik i SML: «Syndrom, gruppe eller sett av symptom, tegn og funn som til saman peker mot eller danner en klinisk enhet og som karakteriserer en sykdom eller tilstand.» (Roald, 2009b). Her er det symptomkomplekset assosiert med schizofreni som trer i framgrunnen og vert tillagt eigenskapen ‘schizofren’.

Substantivet *liding* er nytta sju gonger i eintal og 15 gonger i fleirtal. Eintalsvarianten ser ut til primært å lettare kunna referera til einskildkassus, eller i det minste til ei form for individuering av den uavgrensa entiteten schizofreni (jf. Peirsman & Geeraerts (2006: 302–6) om individuering av uavgrensa entitetar), medan fleirtalsvarianten ser ut til lettare å kunna referera til ulike undergrupper av schizofreni eller diagnosar heimehøyrande i schizofrenispektrumet, dvs. taksonomiske forhold, sidan *eitt* individ berre har *ei* schizofren liding (den uavgrensa og abstrakte storleiken schizofreni manifesterer seg konkret i individuelle kassus), og sidan schizofreni har fleire undergrupper og beslekta diagnosar:

En psykose kan saktens være diagnostisert som en reaktiv psykose innledningsvis, og ende opp som **en schizofren lidelse**, uten at man kan si at den opprinnelige diagnosen var feil. (MRD: 212)

Død og selvmord som utgang på **en schizofren lidelse** (MRD: 223)

Sannsynligvis foreligger det ved **schizofrene lidelser** en biologisk sårbarhet eller feilfunksjon av forskjellig grad fra pasient til pasient. (MRD: 201)

Schizofrene lidelser kan være dominert av hypokondre vrangforestillinger. (MRD: 211)

Dei to første døma refererer til kasus, dei to siste til diagnosar innanfor schizofrenispektrumet.

Analyse av «schizofrene grensetilstandar»

Vi skal analysa ein konstruksjon til, «schizofrene grensetilstandar», funnen i følgjande setning:

Sammanfattningsvis tyder resultatene på at det finst en statistisk sikkerstiltld övcrvikt av schizofreni, **schizofrena gränstillstånd** och borderlinepersonligheter bland de biologiska släktingarna till den schizofrene, även om barnet uppfostrats i en annan miljö. (C: 276)

Situasjon	Personen oppfører seg på ein måte og/eller rapporterer om psykiske plager som er assosierte med diagnosen schizofreni, men åtferda, plagene og/eller sjukehistoria til personen oppfyller ikkje alle kriteria til schizofreni slik sjukdommen på det aktuelle tidspunktet er definert i diagnosemanualane DSM/ICD. Symptoma og sjukehistoria til pasienten oppfyller kriteria for ein av dei andre tilstandane som på det aktuelle tidspunktet er vurderte som tilhøyrande schizofrenispektrumet.
Metafor	Tilstandar som har somme karakteristika sams, vert konseptualiserte og omtalte som grensande til kvarandre, dvs. at dei har sams grense og ligg ved sida av kvarandre; ‘samlokalisasjon’: LIKSKAP SOM NÆRLEIK
Metonymi	Eigenskapen ‘schizofren’ vert tillagd tilstandar som deler somme karakteristika med diagnosekategorien schizofreni, men som ikkje oppfyller alle kriteria for schizofreni
Språkleg resultat	«schizofrene grensetilstandar»
Metonymisk overføring	Overføring av eigenskap frå entitet i kategori 1), personen, til entitet i kategori 2), differensialdiagnosar
parafrasering	‘tilstandar som liknar schizofreni, men som ikkje oppfyller alle kriteria for schizofreni’
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>grensetilstandar</i>	SAMANLIKNINGSGRUNNLAG-SAMANLIKNA (Warren: «COMPARANT-COMPARED»)

Figur 12: Analyse av «schizofrene grensetilstandar»

«Schizofrene grensetilstandar» refererer truleg til tilstandar i det schizofrene spektrumet utanom schizofreni. I dette tilfellet er metonymien kombinert med ein språkleg metafor, *grensetilstandar*. Denne språklege metaforen er truleg motivert av ein kombinasjon av to omgrepsmetaforar: LIKSKAP SOM NÆRLEIK og KATEGORiar SOM BEHALDARAR, begge omtalte i Lakoff & Johnson (1999: 51). Ein kategori er metaforisk

framstilt som ein behaldar som rommar alle medlemmene av kategorien og ingenting anna. Vidare er likskapar og ulikskapar metaforisk uttrykte som høvesvis nærleik og avstand: Identiske fenomen er samlokaliserte, fenomen som liknar på kvarandre, er plasserte i nærleiken av kvarandre, dess likare, dess nærare kvarandre. Fenomen som ikkje liknar på kvarandre, er plasserte langt frå kvarandre, dess meir ulike, dess lenger vekke frå kvarandre. Ei metaforisk følgjeslutning (*entailment*) frå desse omgrepsmetaforane vert då at dersom noko grensar opp mot noko anna, er det svært mange likskapar mellom dei, men dei høyrer likevel til to ulike kategoriar. Eller for å seia det på ein annan måte: Dei er plasserte i kvar sin behaldar, men behaldarane er plasserte inntil kvarandre. Ein «schizofren grensetilstand» er ein tilstand som har ein del fellestrekk med schizofreni, men som ikkje oppfyller alle kriteria for schizofreni, slik sjukdommen til kvar tid er definert av fagfeltet.

Adjektivet *schizofren* kan altså nyttast eksklusivt om schizofreni eller om schizofreni pluss schizofreniliknande tilstandar, eller om schizofreniliknande tilstandar åleine.

SYMPTOM

Dette er den største kategorien, med 22 ulike substantiv, som har det sams at dei alle refererer til symptom, symptomgrupper eller meir samansette symptombilete. Den klårt mest frekvente konstruksjonen i denne gruppa, i begge tidsperiodane, er *schizofrene symptom* (relativ frekvens på høvesvis 0,34 % og 0,16 %), som tilliks med *fenomen* og *teikn* tener som hyperonym i gruppa, dvs. at dei andre substantiva fungerer som hyponym til desse i dei analyserte tekstane. *Psykose* er eit tvilstilfelle, det kunne òg ha vore plassert i gruppa TILSTAND over, men det skil seg frå substantiva i den gruppa ved å vera meir spesifikt, tilliks med dei andre substantiva i Tabell 13 nedanfor.

Substantiv	1950-talet	2000-talet
	N	N
<i>Symptom</i>	13	12
<i>Autisme</i>	2	1
<i>Autistisk vrangførestilling</i>	0	1
<i>Bisymptom</i>	1	0
<i>Demens</i>	1	0
<i>Depresjon</i> ¹⁵⁵	0	2
<i>Einsemd</i>	0	2
<i>Emosjonell forstyrning</i>	1	0
<i>Fenomen</i>	0	1
<i>Førsterangssymptom</i>	0	1
<i>Grunnsymptom</i>	1	2
<i>Hallusinose</i>	1	0
<i>Hørselshallusinasjon</i>	0	1
<i>Opplevingsforstyrning</i>	1	0
<i>Perpleksitet</i>	0	1
<i>Primærsymptom</i>	0	1
<i>Psykose</i>	1	8
<i>Psykotisk fenomen</i>	0	1
<i>Psykotiske symptom</i>	0	2
<i>Stupor</i> ¹⁵⁶	0	3
<i>Tankeforstyrning</i>	2	2
<i>Teikn</i>	1	0
<i>Transitivisme</i> ¹⁵⁷	0	1
<i>Vrangfortolking</i>	2	0
<i>Vrangførestilling</i>	0	4

Tabell 13: Schizofren brukt om symptom knytte til schizofreni

¹⁵⁵ I dette tilfellet opptrer adjektivet med prefikset *post-*: «postschizofren depresjon». Det er eit tvilstilfelle om dette avleide adjektivet skal vera med her. Eg har teke det med, fordi prefikset *post-* her ikkje vert nytta i si sentrale tyding, 'etter'. Postschizofren depresjon er rekna som ein tilstand innanfor schizofrenispektrumet (kode F20.4 i ICD-10), der schizofrene symptom tidlegare har dominert symptombiletet, men der depressive symptom no er mest dominerande. Men schizofrenisymptom må framleis vera til stades, elles vil diagnosen vera F32, depressiv episode. Schizofrenien er altså ikkje forbi, men i augneblinken overskugga av depressive symptom.

¹⁵⁶ I *Store medisinske leksikon* vert *stupor* definert slik:

Psykogen stupor er en psykisk tilstand med tilsvarende svekket reaksjonstilbøyelighet eller reaksjonsvegring, men med fullt bevart bevissthet. Psykogen stupor forekommer ved kataton schizofreni og ved svære depresjoner og som reaksjon på store sjelelige sjokk. Pasienten er stum, ubevegelig, ofte spisevegrende og reagerer ikke på noe, men følger likevel ofte med på hva som skjer rundt ham. (Jansen, 2009)

DØME:

Vrangforestillingen isolerer patienten fra hans medmennesker, og med få undtagelser (fx folie à deux) er den paranoide patient ensom, men igjen er der forskel på **den skizofrene og den ikke-skizofrene ensomhed**. (MKP: 280)

Noget som helst i retning af ægte paranoide reaktioner og **skizofren autisme** er således ikke beskrevet ved disse forgiftninger. (SS: 148)

Mangel på autisme og andre **schizofrene grunnsymptomer** i forhistorien avgjør diagnosen. (L: 387)

Schwartz et al (2001) påpeker også at det depressive innslaget i den schizofrene psykose er avgjørende for den suicidale intervensjon.¹⁵⁸ (MRD: 224)

I døma over har eg streka under frasar der adjektiva *paranoid*, *depressiv* og *suicidal* er nytta metonymisk på same måte som *schizofren* er nytta i frasane med feit skrift. I det siste dømet er det heile tre slike frasar i ei og same setning.

Forholdet mellom schizofrenisymptom og schizofreni

Det er fleire ulike relasjonar mellom symptom og schizofreni.¹⁵⁹ Symptom er både ein indikasjon (eller eventuelt på lengre sikt eit prov) på sjukdommen schizofreni og ein

¹⁵⁷ Parnas et al. (2009) definerer transitivity som «Forstyrrelse i jegdemarkationen, dvs. manglende forskel på "mig" og "ikke-mig"» (MKP:266) og som «Permeable jeggrænser» (MKP: 264).

¹⁵⁸ Konstruksjonen «den suicidale intervensjon» skal her lesast som 'tiltak for å hindra at pasienten tek livet av seg', jf. Schwartz & Cohen (2001), og altså ikkje som 'sjølvmorderisk intervensjon', dvs. ein intervensjon som venteleg vil ha ein katastrofal effekt for ein sjølv, jf. definisjonen av dei ulike tydingsvariantane av *suicidal* i ODE.

¹⁵⁹ Dei ulike symptoma er vektta og klassifiserte på ulike måtar i ulike schizofreniteoriar. Bleuler (1911/2014) opererte t.d. med dei to skilja primære/sekundære symptom og grunnsymptom / assosierte symptom. Seinare kom inndelingane positive/negative symptom og førsterangs-/andrerangssymptom (Andreasen, 1997a). Somme symptom eller kombinasjonar av symptom er rekna for meir schizofrenispesifikke enn andre, dvs. tettare assosierte med schizofreni enn andre symptom, som på si side kan fungera som «støy» i diagnostiseringsprosessen:

«Hva selve tilstandsbilledet ved schizofreni angår, så kan dette særlig på grunn av de mange ikke spesifikke bisymptomer være meget rikholdig. For diagnosen schizofreni er det først og fremst, en kan nesten si avgjørende, at der kan påvises et eller flere av de beskrevne grunnsymptomer. Det faktum at disse ofte dekkes av bisymptomer som hallusinose og vrangideer medfører undertiden at selve **den schizofrene grunnlidelse** oversees. Ofte nok begås også den feil, at der kun på basis av et blomstrende tilstandsbillede preget av hallusinose, paranoide ideer og atferdsforstyrrelser stilles diagnosen

effekt av sjukdommen. Val av preposisjon vil kunna reflektera kva for eitt av desse perspektiva som er mest vektlagt av avsendar. Det er såleis skilnad på *symptom på schizofreni* og *symptom ved schizofreni*:

Psykologisk oförklarliga tankevillor, som ej sammanhänger med kända organiska psykoser av annat slag liksom autism är likaledes misstänkta **symtom på schizofreni**. (Lu: 178)

Etter dopaminhypotesen er **symptomene ved schizofreni** sekundære til en overaktivitet i det dopaminerge system, jfr. teorien om at fenotiazinenes virkning beror på en dopaminblokkade. (MRD: 202)

Det er ein vekselverknad mellom symptom og diagnose. Symptoma ein person har (og har hatt), er med på å avgjera kva diagnose han får. Samtidig er det (og har vore) ulike måtar å vekta og sortera symptoma på, både symptoma imellom og i høve til vurdering av sjukehistorie og heilskapsbiletet (Andreasen, 1997a; 2007). Og skilnadane i kor liberal ein er med å stilla diagnosen schizofreni har variert (og varierer) både synkront og diakront, sjå t.d. NN (1974), Bergstrøm (2012). Diagnosen vert konsolidert dersom personen over tid viser symptom som er assosierte med schizofreni, men symptoma varierer mellom individ og gjennom det individuelle sjukdomsforløpet, og dei varierer diakront og kulturelt (Kringlen, 1997: 263). Konstruksjonen *schizofrene symptom* refererer i ulike tekstar til ei rekkje ulike former for avvikande åtferd som ein ved gjevne tidspunkt ved ein (mellombels) konvensjon er blitt samde om skal kvalifisera for diagnosen schizofreni, sjå t.d. Parnas et al. (2009: 247).

Dei aller fleste substantiva i Tabell 13 har oppstått som avleiingar av adjektiv eller verb og refererer til eigenskapar, tilstandar, opplevingar eller handlingar heller enn til entitetar, som t.d. *tenking, einsemd, stupor, hallusinasjonar*. Substantivet *symptom* kan

schizofreni, mens det kanskje i virkeligheten dreier seg om psykogene eller konstitusjonelle psykoser.» (L: 381, mine understrekingar)

t.d. sjåast på som ein grammatisk metafor der åtferd og subjektive opplevingar, dvs. handlingar og tilstandar, vert omtalte på ein inkongruent måte i form av eit substantiv. *Symptom* kjem ifølgje OED¹⁶⁰ frå gresk *sympiptein* ‘å falla saman, falla på, henda med’ frå *sym-* + *piptein* å falla; altså er avleingsbasen verbal og denoterer ei hending.

Åtferda som vert referert til som «schizofrene symptom», kan dreia seg om alt frå overaktivitet (urotilstand) til fullstendig mangel på aktivitet (psykogen stupor), påfallande handlingar eller påfallande kommunikasjon. Det kan vera snakk om tap av tidlegare funksjonar eller nedsett funksjonsnivå (*negative symptom*) eller noko som er kome til personen, som hallusinasjonar (*positive symptom*). Dei subjektive opplevingane kan ha form av perpleksitet, ambivalens, konsentrasjonsforstyringar, tankemylder eller tankeblokkering, osv. (Parnas et al., 2009). Slike handlingar og opplevingar er ikkje symptom før dei blir vurderte i ei psykiatrisk forståingsramme, som uttrykk for ei underliggjande psykisk lidning. Somme symptom, som hallusinasjonar eller stupor, er tydelege teikn på psykiatriske lidningar, og schizofreni er på mange måtar den typiske psykotiske lidinga, på same måte som schizofrene positive symptom er typiske psykiatriske symptom.¹⁶¹ Men ikkje alle symptom treng primært skuldast sjølve schizofrenien: «Endelig må nevnes at mange av de alvorlige symptomene ved schizofreni synes å være betinget av et dårlig sykehusmiljø og altså kan betraktes som artefakter.» (Kringlen, 1997: 263). Den medikamentelle behandlinga kan òg gje alvorlege biverknadar, og desse kan til dels vera vanskelege å skilja frå reelle schizofrenisymptom, med auka medisindosar og ytterlegare forverring av tilstanden som resultat (Cullberg, 2003: 287–288). Det følgjer av dette at relasjonen mellom adjektivet og substantivet i konstruksjonen *schizofrene symptom* langt frå er så enkel og rett fram som ein skulle tru.

¹⁶⁰ <http://www.oed.com/view/Entry/196320?rskey=vc5VHa&result=1&isAdvanced=false#eid>, lasta ned 30.06.2015

¹⁶¹ Men kategorien ‘psykiatriske symptom’ rommar mykje meir enn symptom som peikar på alvorlege lidningar som schizofreni. Forhold som dei fleste kanskje ikkje har tenkt på som tilhøyrande under psykiatrien, kan finnast i diagnosemanualane, t.d. avhengigheit av kaffi, eit fenomen som har betydeleg utbreiing i samfunnet. Den psykiatriske «lidinga» *Caffeine Withdrawal* («kaffiabstinens» på godt norsk) har kode 292.0 i den nye DSM-5 (APA, 2013: 506–508), sjå òg Lian (2014), og sjå Storvik (2012) for kritikk av den stadige utvidinga av diagnosekategoriar i DSM.

Sidan kategorien «symptom knytte til schizofreni» er den største kategorien i gruppe 1, vil eg analysere fleire konstruksjonar henta frå denne gruppa funn samanlikna med andre grupper.

Analyse av «schizofrene symptom»

Vi startar med konstruksjonen «schizofrene symptom», som er den mest utbreidde i gruppa (jf. Tabell 13).

Situasjon	Personen oppfører seg på ein måte og/eller rapporterer om psykiske plager som er assosiert med schizofreni, slik sjukdommen på det aktuelle tidspunktet er definert i diagnosemanualane DSM/ICD.
Grammatisk metafor	Personen oppfører seg på ein avvikande måte og/eller er plaga av egodystone fenomen. Tilstandsendringar og avvikande handlingar er inkongruent refererte til vha. eit substantiv: <i>symptom</i> .
Metonymi	Eigenskapen 'schizofren' vert tillagd åtferda / plagene som er overflatemanifestasjonane av schizofreni og kriterium for å stilla diagnosen schizofreni.
Språkleg resultat	«schizofrene symptom»
Metonymisk overføring	Overføring av eigenskapen 'schizofren' mellom entitet i kategori 1), personen, til entitet i kategori 2), symptom
parafrasering	'symptom som er assosierte med og forårsaka av schizofreni'
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>symptom</i>	forårsaking: ÅRSÅK-RESULTAT

Figur 13: Analyse av «schizofrene symptom»

Relasjonen mellom schizofreni og symptoma på schizofreni er i utgangspunktet eit tilfelle av årsak og resultat. Sjukdommen forårsakar symptoma. Men ikkje alle symptom står i eit direkte årsaksforhold til schizofrenien, som nemnt over.

Analyse av «schizofren psykose»

I analysen av konstruksjonen *schizofren psykose* tek eg utgangspunkt i følgjande setning:

(x) Ved **den skizofrene psykose**, som farves af autisme og selvførstyrrelser, er den psykotiske ensomhed en indefra voksende konstruktion af en privat verden. (MKP: 280)

Termen *psykose* vert nytta om både sjukdomsgrupper og forvirringstilstandar innanfor psykiatrien.¹⁶² Malt et al. (2003: 187) definerer t.d. psykose både som 1) den viktigaste gruppa av psykiske lidingar ('sjukdom'), som 2) manglande evne til å greia seg sjølv som følge av psykisk sjukdom ('funksjonsnedsetting'), og som 3) «nærvær av bestemte symptom som medfører realitetsbrist» ('symptombilette, tilstand'). Slik sett kunne *psykose* like godt ha vore plassert i kategori 1), i gruppa «tilstand», som har «symptombilette» og «funksjonsnivå» som undergrupper, sjå drøfting over. Substantivet *psykose* har altså (minst) to ulike tydingar: 1) 'sinnstilstand' (teljeleg og graderbar) og 2) 'sinnssjukdom' (uteljeleg og i mindre grad graderbar). Denne polysemien medfører at ein kan ha ein psykose (t.d. ha diagnosen schizofreni) utan at ein til kvar tid treng å vera psykotisk, eller fullstendig psykotisk, sjå t.d. Saks (2007: 303) og Rund (2017).

Schizofreni vert rekna som ei form for psykose, men samstundes ser psykose ut til å vera knytt til såkalla positive symptom, som har ein omdiskutert status innanfor schizofreniforskinga. Sjå t.d. Fischer and Carpenter (2009: 2), som hevdar at: «Psychotic experience is to the diagnosis of mental illness as fever is to the diagnosis of infection – important, but non-decisive in differential diagnosis.»

Eg har difor under noko tvil valt å plassera psykose i kategori 2) PASIENT.

¹⁶² Sjå òg <http://www.tips-info.com/hva-er-psykose/>

I dømet frå (MKP: 280) over er truleg *psykose* nytta i tydinga '(forvirrings)tilstand'. I tillegg ser vi at adjektivet *psykotisk* i den understreka passasjen vert nytta metonymisk om substantivet *einsemd*. Her må vi gå ut frå at det er snakk om den forma for «psykotisk einsemd» vi finn ved schizofreni, jf. setningskonteksten og Tabell 13 ovanfor, der to treff på «schizofren einsemd» er listeførte. Ut frå denne tolkinga av *psykose* har eg kome fram til følgjande analyse:

Situasjon	Personen oppfører seg på ein måte og/eller rapporterer om psykiske plager som er assosierte med schizofreni, slik sjukdommen på det aktuelle tidspunktet er definert i diagnosemanualane DSM/ICD. Åtferda/plagene er òg assosierte med psykose, slik omgrepet på det aktuelle tidspunktet er definert i diagnosemanualane DSM/ICD.
Grammatisk metafor	<i>psykose</i> : kongruent framstilling: 'dei normale funksjonane til x vert sterkt forstyrre av prosessar sette i gang av sjukdomsmekanismar, i den grad at personen ikkje lenger oppfatar røynda på ein adekvat måte'. Denne prosessen vert referert til vha. eit substantiv: <i>psykose</i> .
Metonymi	Eigenskapen 'schizofren' vert tillagd ein tilstand som er forårsaka av schizofreni, og som er eitt av kriteria for å stilla diagnosen schizofreni (<i>psykose</i>).
Språkleg resultat	«schizofren psykose»
Metonymisk overføring	Overføring av eigenskapen 'schizofren' frå entitetar i kategori 1), frå personen til tilstanden til personen
parafrasering	'psykose forårsaka av schizofreni'
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>psykose</i>	forårsaking: ÅRSÅK-RESULTAT

Figur 14: Analyse av «schizofren psykose»

På same måte som schizofreni forårsakar «schizofrene symptom», forårsakar schizofreni «schizofren psykose», dvs. den type psykose som er særmerkt for

sjukdomskategorien schizofreni. Relasjonen mellom adjektivet og substantivet er dermed ÅRSÅK-RESULTAT; schizofreni fører til eit tilstandsbilete som kan klassifiserast som psykose.

Eigenskapar ved symptom eller tilstand knytt til schizofreni

Her er det ikkje så mange treff (sjå Tabell 14 under), og oppbygginga av konstruksjonane er kompleks. Døma refererer til opphav eller kvalitet ved symptom eller eit symptombilete (tilstand) ved schizofreni.

Substantiv	1950-talet	2000-talet
	N	N
<i>Art</i>	1	1
<i>Kvalitet</i>	0	1
<i>Natur</i>	1	0

Tabell 14: Schizofren brukt om eigenskapar ved symptom/tilstand knytt til schizofreni

DØME:

De europeiske psykiatere fremhævede, at **en potensiell skizofren kvalitet** ved en vrangforestilling ikke (eller ikke alene) skyldes vrangforestillingens empiriske umulighed, men de træk ved indholdet, som afspejler en fundamentalt ændret oplevelsesmåde hos patienten, en måde, der blev benævnt som primær vrangforestilling (se nedenfor). (MKP: 286)

Samlet kan det i dag sies at det ikke er levert vitenskapelig holdbare bevis for å hevde at en bestemt familiekommunikasjon kan skape språk- og tenkningsforstyrrelser **av schizofren art** hos en person uavhengig av en biologisk eller psykologisk disposisjon. (MRD: 203)

Analyse av «språk- og tenkningsforstyrningar av schizofren art»

I det andre av dei to døma over vert symptomet «språk- og tenkningsforstyrrelser» tildelt karakteristikken «av schizofren art». Alternativt kunne ein ha sagt: *ein schizofren art av språk- og tenkningsforstyrningar* eller berre *schizofrene språk- og*

tenkingsforstyrningar. Ei undergruppe av symptoma ved schizofreni vert her klassifisert som schizofrene. Ytringa impliserer at det finst språk- og tenkingsforstyrningar som er av «ikkje-schizofren art».

Situasjon	Personen oppfører seg på ein måte og/eller rapporterer om psykiske plager som gjeld språk og tanke og som er assosierte med schizofreni, slik sjukdommen på det aktuelle tidspunktet er definert i diagnosemanualane DSM/ICD.
Metonymi	Eigenskapen ‘schizofren’ vert tillagd opphavstypen til symptoma, dvs. den sjukdommen som gjev desse symptoma, «schizofreniarten».
Språkleg resultat	«språk- og tenkingsforstyrningar av schizofren art»
Metonymisk overføring	Overføring av eigenskapen ‘schizofren’ mellom entitet i kategori 1), personen, til entitet i kategori 2), sjukdommen
parafrasering	‘språk- og tenkingsforstyrningar som er assosierte med og forårsaka av sjukdomsarten schizofreni’
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>art</i>	<i>Utgjort av: KJELDE-RESULTAT</i>

Figur 15: Analyse av «språk- og tenkingsforstyrningar av schizofren art»

Relasjonen mellom adjektivet *schizofren* og substantivet *art* er at arten «består av» schizofreni, dvs. at schizofreni er kjelda (konstituenten) og art resultatet. Sjå analyse av «schizofren tilstand» over. Språk- og tenkingsforstyrningar eit sentralt symptom ved schizofreni og noko som dermed kan gje mistanke om schizofreni. Korkje schizofreni eller biologisk eller psykologisk disposisjon for schizofreni er direkte observerbart for fagfolka, og heller ikkje for individet, men språk- og tankeforstyrningar manifesterer seg ofte på direkte observerbare måtar (som t.d. brev), og det er eitt av dei mest saliente aspekta ved ein schizofren person. Ifølgje Agdestein-Wagner (2014: 237f.) er det

skilnad på å snakka om ei psykisk **lidning** og ei psykisk **forstyrning**, då førstnemnde uttrykksmåte er pasientorientert og empatisk, og sistnemnde er sjukdomsorientert og mekanisk, dvs. at sjukdommen vert omgrepsleggjort som ein systemfeil. Sjukdomsfokuserte metaforar har ifølgje Agdestein-Wagner ein forklarande funksjon og fungerer som forståingsmodellar for kva som er i vegen.

Individet sine produkt

Dette er ein liten kategori med få treff i tekstane, til saman fem treff fordelte på tre typar, alle funne i 1950-materialet, som vist i Tabell 15 under. Denne kategorien er likevel interessant, då konstruksjonane her inneber ei metonymisk kjede, eller ein dobbeltmetonymi, sett i høve til konstruksjonar som t.d. *schizofren psykose*, som berre inneber eitt metonymisk sprang. I kategorien «Individet sine produkt» vert eigenskapen ‘schizofren’ overført til ulike produkt som individet diagnostisert med schizofreni produserer. Som nemnt over er alle treffa i bøker frå rundt 1950. Lærebøkene frå rundt 2000 omhandlar ikkje spesifikke produkt som brev og kunst i samband med schizofreni, men tek heller for seg avvikande kommunikasjon ved schizofreni meir generelt.

Substantiv	1950-talet	2000-talet
<i>Brev</i>	1	0
<i>Kunst</i>	2	0
<i>Teikningar og måleri</i> ¹⁶³	2	0

Tabell 15: Schizofren brukt om individet sine produkt

¹⁶³ Eg tolkar det slik at adjektivet *schizofren* står attributivt til begge substantiva i dette tilfellet, og reknar dermed med to treff.

DØME:

Det vil føre altfor langt her å gå nærmere inn på det interessante kapitel om **schizofren kunst**. (L: 363)

Også andre sinnslidelser er karakterisert ved spesielle særtrekk hva kunstneriske utforminger angår (således ved manisk psykose og epilepsi), men **den schizofrene kunst** er mest studert. (L: 363)

Analyse av «schizofrene brev»

Eg vil analysere følgjande konstruksjon, der adjektivet *schizofren* står som attributt til substantivet *brev*:

Et par typiske **skizofrene breve**: (SS: 141)

Formuleringa «et par typiske schizofrene breve» inneber at tilstanden til brevskrivaren ('schizofren') vert overført til eit sekundært teikn på eitt av symptomona ved schizofreni, som vist i Figur 16:

Fenomen	Schizofreni →	Formelle tankeforstyringar →	Avvikande språkleg kommunikasjon
Observerbarheit	Ikkje direkte observerbar for nokon	Ikkje direkte observerbare for utanforståande, egosyntone for individet (manglande sjukdomsinnsikt)	Direkte observerbar for utanforståande, egosynton for individet (manglande sjukdomsinnsikt)
Rolle i årsakskjeda	årsak ₁	effekt ₁ årsak ₂	effekt ₂

Figur 16: Årsakskjeda, «schizofrene brev»

Vi har ei årsakskjede der årsak₁ er schizofreni, effekt₁ av schizofreni er symptom (her formelle tankeforstyrningar, som er eitt av symptoma ved schizofreni). Dette symptomet er vidare årsak₂ til effekt₂: observerbar åtferd (språklege forstyrningar, her skriftleg kommunikasjon). Dette utgjer ei metonymisk kjede. Med Langacker (1999: 199) kan vi seia at lærebokforfattaren snakkar om det intenderte målet (den mentale tilstanden til brevskrivaren) vha. ein kognitivt salient entitet, her det konkrete brevet som avspeglar dei (antekne) formelle tankeforstyrringane som igjen er eit symptom/teikn på (den antekne) schizofrenien til brevskrivaren: effekt₁ (symptom) for årsak₁ (psykisk lidning) + effekt₂ (forstyrra kommunikasjon/språklege forstyrningar) for årsak₂ (tankeforstyrningar/symptom).

Analysen av konstruksjonen *schizofrene brev* er som følgjer:

Situasjon	Ein person er diagnostisert med schizofreni (eller under utgreiing for mogleg schizofreni). Personen skriv brev som avvik sterkt frå konvensjonell kommunikasjon, og som er foreinlege med forstyrningar assosierte med diagnosen schizofreni.
Metonymi₁	SYMPTOM FOR SJKDOM. Formelle tankeforstyrningar er ein effekt av schizofreni, og kan omtalast som «schizofrene tankeforstyrningar», sjå Tabell 13.
Metonymi₂	PRODUKT FOR SYMPTOM. Påfallande brev er effekt av «schizofrene» formelle tankeforstyrningar, som igjen er eit symptom ved schizofreni
Språkleg resultat	«schizofrene brev»
Metonymisk overføring	Overføring av eigenskapen 'schizofren' mellom entitetar i kategori 1) og kategori 2), frå personen via symptoma til personen til dei (skriftelege) produkta til personen
parafrasering	'brev som i form og innhald reflekterer eller tyder på formelle tankeforstyrningar assosierte med schizofreni'
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>brev</i>	forårsaking: ÅRSÅK-RESULTAT

Figur 17: Analyse av «schizofrene brev»

Brevet er ein konkret entitet som er salient på den måten at det gjev eit handfast, svart på kvitt (bokstaveleg talt?) bilete av den mentale tilstanden og til sjuande og sist den mentale sjukdommen til brevskrivaren: Utan schizofreni, ingen «schizofrene» tankeforstyrningar. Utan «schizofrene» tankeforstyrningar, ikkje noko «schizofrent» brev. Mentale tilstandar og psykiske lidingar er abstrakte og private; utanforståande kan berre få indirekte og ufullstendig kjennskap til dei via sekundære fenomen som

sjølvrapportering (personen fortel korleis han har det, i periodar der han har såkalla sjukdomsinnsikt) og/eller observasjon av åtferda til personen, herunder språkleg kommunikasjon. Som lærebokforfattaren skriv:

De kunstneriske frembringelser karakteriseres især af deres uforståelighed, og de gør ofte et mærkeligt forstemmende indtryk netop derved, at de røber et intenst sjæleliv, hvis forudsætninger man ikke forstår. (SS: 141)

Slik eg forstår Parnas et al. (2009), har ikkje individet sjukdomsinnsikt i dei formelle tankeforstyringane; symptoma er egosyntone, dvs. opplevde som rimelege og naturlege av individet, og dei vert dermed ikkje rapporterte til utanforståande som ei subjektivt opplevd plage. Den einaste direkte observerbare kjelda behandlarane har til desse fenomena, er dermed den språklege kommunikasjonen til individet. Dermed vert «schizofrene» brev av lærebokforfattaren vurderte som så viktige for forståinga av fenomenet schizofreni at fleire av dei vert siterte i sin heilskap i læreboka (etter kolonet i den setninga eg har analysert).

Det ser faktisk ut til at det tidlegare har eksistert ein praksis der ein diagnostiserer produsenten utelukkande på basis av produktet, skal vi tru Hecker og Kraepelin. Hecker skriv følgjande i sin anerkjende artikkel om hebefreni: [...] sehr oft kann man allein aus Briefen der Hebephrenen die Diagnose auf diese Krankheitsform [Hebephrenie] stellen (Hecker, 1871: 405) [8]. Kraepelin (1896: 429) skriv i 1896-utgåva av si banebrytande psykiatrilærebok: «Solche Briefe sind nicht selten so ungemain kennzeichnend, dass aus ihnen allein die Diagnose der hier besprochenen besonderen Schwachsinnform [dementia praecox i tydinga 'hebefreni'] mit voller Sicherheit abgeleitet werden kann.» [9]

Brevet fungerer altså som eit teikn på at brevskrivaren lir av formelle tankeforstyringar, og dermed at han (truleg) er schizofren: «Formelle tankeforstyrrelser er i stor udstrækning diagnostiske for skizofreni.» (Parnas et al., 2009: 260).

Merk at tolkinga av «skizofrene breve» som ‘brev som er prega av dei formelle tankeforstyrningane til den schizofrene brevskrivaren’ er gjord som følgje av den tekstlege konteksten, og på basis av dei breva som er siterte der. Det er nemleg to former for tankeforstyrningar ved schizofreni: 1) formelle tankeforstyrningar, som dreier seg om *korleis* ein tenkjer, og 2) vrangførestillingar, som dreier seg om *kva* ein tenkjer. Ein kan tenkja seg (minst)¹⁶⁴ ei alternativ tolking av frasen *schizofrene brev*, nemleg ‘brev som røper vrangførestillingar av schizofren art’,¹⁶⁵ men det er ikkje tilfelle i den aktuelle konteksten.¹⁶⁶

Dei spesifikke breva vert siterte i læreboka fordi dei vert vurderte som ein typisk overflatemanifestasjon («**typiske** skizofrene breve») av fenomen som ikkje er direkte observerbare for behandlaren: formelle tankeforstyrningar som symptom ved/teikn på det endå meir utilgjengelege fenomenet schizofreni, som er postulert å vera årsaka til den observerte åtferda. Dei spesifikke breva som er siterte i læreboka, representerer det generelle fenomenet formelle tankeforstyrningar ved schizofreni, på same måten som skildringar av spesifikke kasus representerer kategorien, ved å illustrera typiske kategoritrekke ved sjukdomskategorien schizofreni.

¹⁶⁴ Frasen kan òg tolkast metaforisk, som: ‘brev som avslører ambivalensen/vaklinga til brevskrivaren i høve til emnet for brevet’ e.l.

¹⁶⁵ Ifølgje Parnas et al. (2009: 280) har vrangførestillingar ved schizofreni eit kvalitativt særpreg.

¹⁶⁶ For å klargjera kva det er tale om: Eitt av breva som er siterte i lærebokkapittelet, lyder som følgjer:

«Hr. Doktor K.....»

Tillad mig, som noget ret specielt i Saarlægevidenskaben at bemærke Ordet

«Fistel»,

med følgende nærmere Omtale af dets Oprindelse: Det dannes til dels af Tal som i Klaviaturtekniken, Bom, der af Baryton & Sopran, gør Blod 3,5. Saadant sammenholdt med Skraaplanet, (se mit Globberids af D.D.) – Stemmebaandet, giver det Illdie Moment, Lyd, Fistel, A.E. Sol op- og Nedgang: eller ved en Cullimations Punktering O: «Thorax» Δ; hvilket derefter giver Brystet Klagen 6, d.v.s. «krug», sprukken Lyd, ved

Stedoskopings-Forskjeldforsøg

[...]» (SS: 162)

Adjektivet *typisk* refererer som nemnt til det typiske ved breva; og det står til substantivfrasen: typiske [skizofrene breve], jf. at det er bøyingsforma *typiske* og ikkje *typisk* som er nytta, dvs. at adjektivet *typisk* er samsvarsbøyt med substantivet. Merk at vi i påfølgjande avsnitt av lærebokteksten finn passasjen «'typisk skizofrene' tegningar og malerier» (SS: 124), der adjektivet *typisk* ikkje er samsvarsbøyt med substantiva *teikningar* og *måleri*, men kan tolkast som eit attributt til adjektivet *schizofren*: [typisk skizofrene] [tegningar og malerier], der *typisk* graderer adjektivet *schizofren*.

Heile setninga lyder:

De omtalte egenskaber præger jo også visse «surrealistiske» produkter af ikke-skizofrene kunstnere, hvortil kommer, at «typisk skizofrene» tegninger og malerier undertiden hidrører fra manio-depressive og andre patienter. (SS: 142)

Adjektivfrasen *typisk skizofren* står i hermeteikn som eit uttrykk for at lærebokforfattaren trekkjer sanningsverdien til frasen i tvil. Han ser ut til å meina at dei påfallande trekka ved skriftlege og kunstnarlege produkt som vert rekna som typiske for schizofreni, ikkje er eksklusive for schizofreni, og heller ikkje for psykiatriske pasientar. Han avsluttar avsnittet med følgjande åtvaring: «Man kan da aldrig stille diagnosen schizofreni alene ud fra kunstværket.» (ibid.). Kanskje grunnlaget for dette atterhaldet kan forklara kvifor det ikkje er nokon treff i kategorien for 2000-tekstane?

FORLØP

I kategorien FORLØP har eg samla substantiv som alle denoterer ei eller anna form for tilstandsending. Dette vil i praksis seia at dei aller fleste substantiva i gruppa (eigentleg

alle substantiva, viss ein grev seg langt nok tilbake i historia til ordet), er grammatiske metaforar, dvs. nominaliseringar av verb:¹⁶⁷

Substantiv	1950-talet		2000-talet	
	N	%o	N	%o
<i>Attakk</i>		1		0
<i>Dekompensasjon</i> ¹⁶⁸		0		1
<i>Episode</i>		0		1
<i>Forandring</i>		2		0
<i>Forløp</i>		1		0
<i>Forstyrring</i>		0		2
<i>Nyinnssjukna</i> ¹⁶⁹		0		1
<i>Innsjukning</i>		0		4
<i>Oppløysingsprosess</i>		1		0
<i>Prodrom</i>		0		2
<i>Prosess</i>		7		1
<i>Prosesspsykose</i>		1		0
<i>Psykotisk episode</i>		0		1
<i>Reaksjon</i>		1		2
<i>Reaksjonstype</i>		0		1
<i>Retning</i>		1		0
<i>Sjukdomsprosess</i>		2		1
<i>Spalting</i>		1		0
<i>Utvikling</i>		1		5

Tabell 16: Schizofren brukt om schizofreni som prosess

¹⁶⁷ Termen *prodrom* tyder eigentleg 'som skundar seg i førevegen' (NOB). *Episode*: Greek *ἐπεισόδιον*, neuter of *ἐπεισόδιος* coming in besides, < *ἐπί* in addition + *εἰσόδος* entering, < *εἰς* into + *ὁδός* way (OED).

¹⁶⁸ For å forstå kva termen *dekompensasjon* tyder i medisinsk fagspråk, må vi innom den medisinske tydinga til *kompensasjon*. Øyri (1992) definerer kompensasjon som «det at svikt i eit organ vert oppvegen av andre ytingar i same eller andre organ, døme kompensert hjartefeil der td klaffefeil vert kompensert av sterkare hjartemuskelarbeid; mindreverds skjensle kan bli kompensert gjennom draumar eller fantasiar, eller f eks samfunnsnyttig innsats som dekkar over mindreverdige drag i karakteren». Dekompensasjon er det same som mangel på kompensasjon: «1 det at kroppen ikkje greier å kompensera for ein hjartefeil, d e at pasienten får pustevanskar, ankelødem o a; 2 samanbrot av sjeleleg vern mot sinnssjukdom» (Øyri, 1992). Vi ser at termene kompensasjon/dekompensasjon har ei somatisk og ei psykologisk (psykodynamisk) tyding. *Kompensasjon* kjem frå lat. *compensare* 'vege opp' (NOB).

¹⁶⁹ I dette tilfellet er adjektivet «nyinnsjukna» nytta substantivisk i konstruksjonen: «den schizofrent nyinnsjuknade» (C: 267).

DØME:

Jo tidligere **den skizofrene proces** begynder, jo lettere vil den få ved at nedbryde personligheden, og jo hurtigere og mer malignt vil forløbet blive. (SS: 145)

Det er viktig at tiltak settes inn meget tidlig i **den schizofrene utvikling**, helst allerede i prodromalfasen [...]. (MRD: 226)

Der er ingen systematisk empirisk evidens for, at belastende livsbegivenheder (life events) bidrager til **den skizofrene dekomensation**. (MKP: 320)

När **den schizofrena episoden** klingar av bör man hålla farmakabehandlingen kvar, även om dosen kan minskas något. (C: 295).

Substantivet *episode* impliserer strengt teke to tilstandsendingar, ikkje berre ei, sidan *ein schizofren episode* konnoterer ei slags tur-retur-reise frå frisk til schizofren til frisk(?) att. I det aktuelle dømet over bør *schizofren* truleg lesast som ‘psykotisk’.

Dei andre substantiva (med unntak av *attakk*) refererer til uavgrensa prosessar som går ein veg (i retning fullt utvikla schizofreni), og som ikkje konnoterer reversibilitet eller ein mellombels tilstand (avgrensing), slik *episode* gjer.

Analyse av «schizofren prosess»

Eg vil analysera konstruksjonen *schizofren prosess*.

Situasjon	Personen byrjar å oppføra seg på ein avvikande måte og/eller rapportera om subjektive plager som vert fleire og/eller sterkare, ev. kjem òg nye typar avvikande åtferd og/eller plager til etter kvart. Forløpet og innhaldet i denne tilstandsendringsprosessen er assosierte med schizofreni, slik sjukdommen på det aktuelle tidspunktet er definert i diagnosemanualane DSM/ICD.
Grammatisk metafor	Substantivet <i>prosess</i> : kongruent versjon: 'x utviklar/endrar seg fortløpande'. Desse tilstandsendringane vert refererte til vha. eit substantiv, <i>prosess</i> .
Metonymi	Eigenskapen 'schizofren' vert tillagd sjukdomsforløpet personen med schizofreni går gjennom.
Språkleg resultat	«schizofren prosess»
Metonymisk overføring	Overføring av eigenskap frå entitet i kategori 1), personen, til entitet i kategori 2), sjukdomsforløpet
parafrasering	Den psykiske tilstanden og funksjonsnivået til x endrar seg over noko tid som følgje av at personen har schizofreni.
Relasjon mellom adjektivet <i>schizofren</i> og substantivet <i>prosess</i>	ÅRSÅK-RESULTAT

Figur 18: Analyse av «schizofren prosess»

Prosess er ein grammatisk metafor, opphaveleg ei nominalisering av det latinske verbet *procedere*, frå *pro-* 'framover' + *cedere* 'gå' (ODE).¹⁷⁰ *Forstyrning* kan referera til ein prosess (ein normal funksjon vert forstyrra som følgje av sjukdomsmekanismar) eller

¹⁷⁰ Er denne «schizofrene prosessen» ekvivalent med schizofreni? Jamfør at *sjukdom* er ei nominalisering av adjektivet *sjuk*, som denoterer ein tilstand. Er sjukdom eigentleg ein tilstand eller ein prosess som fører til ein (ende)tilstand? Svaret på dette ser ut til å vera «begge delar», dvs. at *sjukdom* er eit polysemt ord. *Sjukdom* er definert i SML som forstyrningar i dei normale funksjonane til kroppen (Roald, 2009a). (Sjå Kendell, (1975) for ei utførlig drøfting av ei rekkje ulike definisjonar av sjukdom, og problema som heftar ved dei ulike definisjonane.)

til ein tilstand (produkt av prosessen), som t.d. personlegdomsforstyrningar, åtferdsforstyrningar, spiseforstyrningar m.m. (sjå drøfting i avsnitt 4.2). Sameleis kan *schizofreni* referera til ein psykopatologisk (ende)tilstand:

Livstidsrisikoen (lifetime expectancy) for å **utvikle schizofreni** i den vestlige verden er ca. 1 %. (MRD: 196)

eller til ein psykopatologisk prosess:

Slike symptomer tas regelmessig som de primære årsaker til **den schizofrene utvikling**, mens en nærmere undersökelse oftast viser at det dreier seg om snikende schizofrenier som hadde fått sin begynnelse för den skuffende opplevelse (respektive för traumet). (L: 365)

Dette kan seiast å vera to sider av same sak: «Ei schizofren utvikling» er ekvivalent med «utvikling av schizofreni». Gangemi et al. (2000) understrekar at metonymibasert polysemi av denne typen er utbreidd i alle former for språk, òg i medisinsk fagspråk. Til dømes har termen *inflammasjon* følgjande tydingsvariantar: 1. ‘fysiologisk funksjon’, 2. ‘tilstand’, 3. ‘det området av organet som er affisert («inflammert»), dvs. som er i ein inflammasjonsprosess’. Polysemien er metonymibasert fordi det er ein konkret relasjon mellom prosessen, tilstanden og setet for tilstanden: «An inflammation process is embodied in an area of an organ, and both are contextualized in a condition» (ibid.: 285). På same måte er det ein konkret relasjon mellom utviklinga av schizofreni og ein «ferdigutvikla» schizofreni. Begge delar kan sjåast som manifestasjonar av sjukdommen.

6.2.3 Samanlikning av funna for adjektivet schizofren med semantisk beslekta adjektiv

For å setta funna mine i perspektiv og sjå om adjektivet *schizofren* oppfører seg spesielt eller typisk i høve til adjektiv henta frå psykiatrisk fagspråk, har eg undersøkt semantisk beslekta adjektiv som alle opptrer relativt ofte i læreboktekstane, nemleg

adjektiv som denoterer eigenskapar som kan seiast å vera ein del av schizofreni-ICM-en eller ein større ICM der schizofreni inngår som ein del. Sidan desse adjektiva alle er eldre enn adjektivet *schizofren*, har eg her utvida analyse materialet mitt med lærebøker i psykiatri som kom ut før 1908 (sjå 2.1.1), slik at eg kan undersøkje om den attributive og metonymiske bruken av adjektiv knytte til diagnosekategoriar var til stades i det psykiatriske fagspråket før Bleuler lanserte adjektivet *schizofren*. Adjektiva eg har valt ut, er:

- 1) *psykotisk*
- 2) *hebefren*
- 3) *kataton*
- 4) *paranoid*

I vedlegg 2 vert adjektiva presenterte med etymologi, tyding og semantisk relasjon til adjektivet *schizofren*. Schizofreni er innbakt i ICM-ane til desse omgrepa, og ICM-ane til omgrepa liknar for det meste på den eg har laga for schizofreni (5.2.2).

Den adjektiviske bruken av adjektiva (inkludert den til *schizofren*, for oversikta si skuld) fordelt på kategoriane predikativ og attributiv bruk og metonymisk og ikkje-metonymisk bruk, er vist i Tabell 17–Tabell 21:

SCHIZOFREN	Metonymisk	Ikkje-metonymisk
Predikativ bruk	0	18
Attributiv bruk	231	139

Tabell 17: Fordeling av bruken av adjektivet schizofren

PSYKOTISK	Metonymisk	Ikkje-metonymisk
Predikativ bruk	0	23
Attributiv bruk	180	23

Tabell 18: Fordeling av bruken av adjektivet psykotisk

HEBEFREN	Metonymisk	Ikkje-metonymisk
Predikativ bruk	0	2
Attributiv bruk	53	7

Tabell 19: Fordeling av bruken av adjektivet hebefren

KATATON	Metonymisk	Ikkje-metonymisk
Predikativ bruk	0	5
Attributiv bruk	153	13

Tabell 20: Fordeling av bruken av adjektivet kataton

PARANOID	Metonymisk	Ikkje-metonymisk
Predikativ bruk	0	4
Attributiv bruk	154	9

Tabell 21: Fordeling av bruken av adjektivet paranoid

Drøfting

Vi ser at sams for alle adjektiva gjeld at dei er nytta metonymisk og attributivt vesentleg oftare enn ikkje-metonymisk og attributivt. I materialet er det ingen døme på predikativ metonymisk bruk av dei fem adjektiva. Predikativ ikkje-metonymisk bruk er relativt sjeldan (med unntak for adjektivet *psykotisk*). Bruken av adjektivet *schizofren* føyer seg dermed inn i eit større mønster når det gjeld bruken av diagnoserelaterte adjektiv innanfor psykiatriske lærebøker, der predikativ bruk er sjeldan, predikativ metonymisk

bruk fråverande, og metonymisk attributiv bruk er langt meir frekvent enn ikkje-metonymisk attributiv bruk.

Eg vil på bakgrunn av desse funna drøfta følgjande spørsmål:

- 1) Kvifor er ikkje-metonymisk adjektivbruk generelt mindre frekvent enn metonymisk bruk i lærebøkene? Med andre ord: Kva er grunnen til at adjektiv som denoterer ein menneskeleg eigenskap, vert nytta mykje oftare til substantiv som denoterer noko ikkje-menneskeleg, enn til substantiv som denoterer menneske?
- 2) Kvifor er predikativ ikkje-metonymisk bruk mykje sjeldnare enn attributiv ikkje-metonymisk bruk?
- 3) Kvifor førekjem ikkje predikativ metonymisk bruk i materialet?
- 4) Kvifor inngår ikkje element frå ICM-gruppe 3) BEHANDLING og 4) TEORI i metonymiske, attributive konstruksjonar med *schizofren*?

6.2.4 Kvifor er ikkje-metonymisk adjektivisk bruk av *schizofren* relativt sjeldan i lærebøkene?

I dette avsnittet skal eg drøfta spørsmål 1) og 2), dvs. mogelege grunnar til at ikkje-metonymisk bruk er sjeldnare enn metonymisk bruk i attributiv stilling i materialet, og til at predikativ ikkje-metonymisk bruk er mykje sjeldnare enn den attributive ikkje-metonymiske bruken. Hovudvekta av avsnittet vil liggja på sistnemnde spørsmål, sidan svaret på det kan bidra til å kasta lys over det spørsmålet eg stiller seinare: Kvifor finst ikkje metonymisk predikativ bruk av adjektiva i materialet mitt? Til slutt i dette avsnittet vil eg drøfta mogelege grunnar til kvifor adjektivet *psykotisk* skil seg frå dei andre undersøkte adjektiva, med det at dette adjektivet er nytta like ofte predikativt som attributivt i ikkje-metonymisk bruk.

Når eg stiller spørsmålet om kvifor adjektivet *schizofren* sjeldnare vert brukt om menneske enn om ikkje-menneskelege fenomen, er det basert på det faktum at schizofreni er ein psykiatrisk diagnose, og at berre menneske kan ha eigenskapen

schizofren. Termen *schizofren* denoterer i si grunntyding ein menneskeleg eigenskap, og dermed skulle ein kanskje tru at adjektivet i byrjinga vart nytta utelukkande i grunntydinga, sidan grunntydinga til eit ord i regelen er den historisk eldste tydinga (Pragglejaz-Group, 2007). Men som Tabell 3 viser, nytta Bleuler i 1908-artikkelen sin adjektivet metonymisk i heile 92 % av tilfella av adjektivisk bruk.

Eg lanserer i det følgjande fire faktorar som kan tenkjast å spela ei rolle når det gjeld den relativt låge førekomsten av ikkje-metonymiske konstruksjonar: sjanger, stigmatisering, språkleg ikonisitet og språkleg økonomi og fleksibilitet.

Sjanger

I faglege framstillingar av schizofreni er det først og fremst fenomenet schizofreni som skal framstillast, dvs. symptom, forløp, undertypar m.m., ikkje individuelle kasus, dvs. personar som er schizofrene. Lærebokforfattarane nyttar ofte substantiv heller enn adjektiv når dei refererer til kasus, ikkje minst når det skal refererast til ein underkategori av schizofreni:

Kvinde, 28 år. **Hebefreni**. (SS: 155)

Mand, 35 år. **Schizophrenia paranoides**. (SS: 160)

Kasus 2: «Kvinnen med **hebefreni**, stoff og filosofi» (MRD: 207)

EKSEMPEL 5 En kvinne med **kronisk skizofreni** responderede altid godt på neuroleptisk behandling. (MKP: 258)

En 43-årig kvinne hadde i fire år været indlagt på sindssygehospital på grund af **en svær kataton skizofreni**. (SS: 143)

Når det gjeld mitt analysemateriale, som består av kapittel om schizofreni i psykiatriske lærebøker, lir dei aller fleste omtalte kasus per definisjon av schizofreni, slik at predikatet 'x er schizofren' kan reknast for gjeven informasjon. Dermed vert adjektivet *schizofren* generelt sjeldan nytta i konstruksjonar som refererer til einskilde kasus. I tilfelle der det vert referert til kasus, nyttar lærebokforfattarane ofte konstruksjonar som

ein pasient, ei eldre dame, ein 30-årig mann osv. At desse har schizofreni, er underforstått, då kasusa er presenterte i eit kapitel som omhandlar schizofreni:

En kvindelig patient gik år igennem med krydsede ben, vanskelig og besværligt. (SS: 144)

EKSEMPEL 31 **En patient** påstod, at CIA var ansvarlig for de globale, internasjonale narkoproblemer. (MKP: 281)

EKSEMPEL 12 **En yngre mand** havde ofte under samtale vanskeligheder med at skelne mellem sig selv og sin samtalepartner. (MKP: 267)

Det kan dermed vera at det rett og slett er mindre bruk for ikkje-metonymisk adjektivisk bruk av adjektivet i lærebøkene. Det ein har mest bruk for, ser ut til å vera eit klassifiserande adjektiv. Og *schizofren* fungerer klassifiserande når det står attributivt til eit substantiv som denoterer eit aspekt ved sjukdommen.

Idealet om ikkje-stigmatiserande språkbruk

Konstruksjonar med *vera* som verbal og eit sjukdomsrefererande adjektiv som predikativ er ofte blitt kritiserte, i alle fall i nyare tid. Sjå t.d. Aga (2015), som skriv at adjektivet *dement* bør utgå frå fagspråket, med følgjande grunngjeving: «Ved å bruke formuleringer som «han er dement», karakteriserer man mennesket gjennom sykdommen. Dette er umenneskelig, stigmatiserende og diskriminerende.» Sjå òg Nakken (2013)¹⁷¹, som refererer følgjande utsegn frå ein pasient: «Epilepsi er noe jeg har, ikke noe jeg er.» Psykiateren Finn Skårderud drøftar skilnaden mellom utsegnene «Han *er* slem, eller han *viser* slemme handlinger.» i sitt føreord i Aaslestad (2007: 11), og meiner at førstnemnde konnoterer noko permanent, medan sistnemnde konnoterer noko meir ope og situasjonsbestemt, og dermed er å føretrekkja. Psykoseforskarer Ingrid Melle tok klår avstand frå predikativ bruk i debatten kring diagnostiseringa av Anders Behring Breivik:

¹⁷¹ Karl Otto Nakken (f. 1945), per mai 2013 seksjonsoverlege ved Klinikk for kirurgi og nevrofag, Oslo universitetssykehus.

Det er ingen som *er* schizofrene slik flere medier har uttrykt det. Det er en sykdom eller lidelse, ikke en personkarakteristikk. Omtrent én prosent av Norges befolkning har eller har hatt schizofreni, og de er like forskjellige som andre mennesker. (Melle, sitert i Korneliussen, 2011).

Svein Friis kritiserer predikativ bruk i artikkelen «Kan man bli frisk av schizofreni?»:

Det har vært en utbredt oppfatning at det ikke går an å bli bra av schizofreni. Dette gir seg utslag i uttrykk som «han *er* schizofren», underforstått: Vedkommende er gal og vil fortsette å være det resten av livet. Dette bidrar til en stigmatisering som det ikke er grunnlag for. Med tidlig innsettende adekvat behandling er prognosen langt bedre enn vi tidligere trodde. (Friis, 2012)

Kvifor Friis hevdar at predikativ bruk av adjektivet *schizofren* nødvendigvis impliserer ein livsvarig eigenskap, er uvisst. Adjektivforskarar har tvert om hevda at medan attributiv bruk av adjektiv ofte gjeld permante og inherente eigenskapar, er predikativ bruk nøytral når det gjeld aspektualitet og refererer til mindre inherente eigenskapar (sjå 6.1.1 og (Cruse, 2011: 311)). Det er vel heller slik at predikative konstruksjonar med adjektivet *schizofren* vert oppfatta som å implisera ein livsvarig eigenskap fordi schizofreni er oppfatta som ein livsvarig sjukdom. Jamfør t.d. «han er schizofren» med «han er forkjøla». Det Melle og Friis truleg eigentleg vil ha fram, er at ein bør bruka substantivet *schizofreni* heller enn adjektivet *schizofren* når ein omtalar menneske med diagnosen, t.d. erstatta «han er schizofren» med «han har schizofreni». Jamfør at det finst ein språkbrukspraksis kalt *people first language* der eit av kjenneteikna er at ikkje-metonymisk predikativ bruk av sjukdomsdenoterande adjektiv konsekvent er erstatta med setningar med hjelpeverbet *ha* pluss namnet på sjukdommen. (Denne praksisen vert skildra i større detalj i 6.2.7, som omhandlar substantivisk bruk av adjektivet.)

På den andre sida finn vi psykiatriprofessoren Einar Kringlen, som i si lærebok frå 1997 skriv at ein ikkje bør seia om ein pasient at «han har schizofreni», men at «han er schizofren», då symptoma «springer ut av pasientens personlighet og totale livssituasjon» (Kringlen, 1997: 38). Kringlen ser altså ut til å meina at *ha-*

konstruksjonar er misvisande fordi dei framstiller sjukdommen som eit vedheng til personen, medan det i røynda er snakk om ein tilstand som er djupt rotfesta i personen.¹⁷² Det ser med andre ord ut til å vera mangel på semje i fagfeltet om kva som er den mest passande eller presise syntaktiske konstruksjonen (merk at *passande* og *presis* er to ulike målestokkar; det som er passande ('ikkje-stigmatiserande') er ikkje nødvendigvis mest (fagleg) presist, eller mest konsist, og vice versa). Den attributive bruken av adjektivet er ikkje spesielt nemnd i dei siterte kjeldene over, men i *people first language* er det eit heilt sentralt prinsipp at attributive konstruksjonar skal erstattast med *ha*-setningar eller adverbiale preposisjonsfrasar. For schizofreni kan prinsippet formulerast slik: Unngå konstruksjonar som *schizofren person*, bruk heller *person som har schizofreni* / *person med schizofreni*.

Skilnaden mellom attributive og predikative konstruksjonar – språkleg ikonisitet

Men dette forklarar ikkje kvifor predikativ bruk er så mykje sjeldnare enn attributiv bruk i tilfelle der adjektiva faktisk står til substantiv som denoterer menneske, dvs. ikkje-metonymisk, adjektivisk bruk. Forklaringa på kvifor predikative konstruksjonar opptretr så sjeldan samanlikna med attributive konstruksjonar i lærebøkene, kan liggja i dei semantiske skilnadane mellom attributive og predikative konstruksjonar, skilnadar som kan seiast å vera knytte til fenomenet språkleg ikonisitet.

Attributive og predikative konstruksjonar skil seg frå kvarandre i høve til profildeterminant (semantisk kjerne), skal vi tru Croft (2003: 190), som skriv følgjande:

The phrase *the fat book* and the sentence *The book is fat* symbolise two different semantic sorts: the phrase symbolises a thing, while the sentence symbolises a

¹⁷² Jamfør at livshistoria, konstitusjonen og bakgrunnen til den sjuke vert oppfatta som å forma symptoma eller å framprovosera sjukdomsutbrotet, ev. og at sjukdommen medfører at personen får ein endra måte å eksistera på, sjå t.d. følgjande sitat: «Skizofreni som sykdom utspiller sig i bevidstheden på en måde, der inddrager subjektet eller selvet, ejeren af denne bevidsthed, mens dette forhold ikke gør sig gældende for somatiske sygdomme eller for mental retardering. Den skizofrene patients verden er ofte fundamentalt forandret, og i den forstand er skizofreni også en eksistensform. Denne forandring af verdensbilledet er ikke et symptom i samme medicinske betydning, som gulsot er ved en leversygdøm.» (MKP: 319)

«state of affairs» (in cognitive grammar terms, *an imperfective process*). The two constructions differ (among other things) in their profile determinant, that is, the component element that determines the semantic type of the whole. In the phrase, *book* is the profile determinant, since it is also a thing (we are ignoring the semantic contribution of *the*). In the sentence, *book* is not the profile determinant; if we ignore the contribution of *be*, one could say that (*being*) *fat* is the profile determinant. As can be seen by the different status of *book* and *fat* in the phrase and in the sentence, profile determinancy is a function of the construction into which words enter.

Dei følgjande to konstruksjonane er altså ikkje semantisk ekvivalente:

den schizofrene pasienten

pasienten er schizofren

Medan den første varianten symboliserer eit objekt (pasient), symboliserer den andre «a state of affairs» (‘å vera) schizofren’). Dette kan vera med på å forklara kvifor klassifiserande adjektiv i regelen står attributivt. Klassifiserande adjektiv gjev informasjon om kva slags pasient det er snakk om (dvs. objektreferanse), ikkje om korleis pasienten er (dvs. referanse til *state of affairs*). Den predikative varianten over er eksplisitt forma som ein påstand. Påstanden kan tolkast som sann, falsk, hyperbolsk eller metaforisk, avhengig av kontekst og bakgrunnskunnskapen til mottakar. Den attributive konstruksjonen er ikkje forma som ein påstand, men impliserer det same saksforholdet som den predikative eksplikerer, nemleg at ‘pasienten er schizofren’.

Den klassifiserande attributive konstruksjonen har ein funksjon som ifølgje Warren (1984) minner mykje om determinative substantiv-substantiv-samansettingar. Ifølgje Warren (1978) er funksjonen til slike samansettingar primært referanse, ikkje først og fremst å gje ny informasjon. Samansettingar og attributive konstruksjonar impliserer eit predikat, medan predikative konstruksjonar utgjer eit eksplisitt predikat. Ta til dømes samansettinga *schizofrenipasient*, som impliserer predikatet i ‘pasient som lir

av schizofreni'.¹⁷³ Den attributive konstruksjonen *schizofren pasient* impliserer det tilsvarende predikatet i 'pasient som lir av schizofreni'. Warren hevdar at informasjonen i implisitte predikat allereie er kjend eller straks vert akseptert som mogeleg av mottakar, og at sendar veit dette. Dersom informasjonen er ny eller kontroversiell, lagar sendar heller ein konstruksjon med eksplisitt predikat. Ifølgje Warren følgjer det av dette at informasjonen i implisitte predikat brukar å vera permanent, faktisk og objektivt verifiserbar.

I eit lærebokkapittel om schizofreni er det ikkje ny eller kontroversiell informasjon at omtalte pasientar er schizofrene, det er tvert om forventa. Eigenskapen *schizofren* er i tillegg oppfatta som permanent, faktisk, absolutt og objektiv verifiserbar så lenge personen som vert tilskriven eigenskapen, de facto har blitt diagnostisert med schizofreni. Dette gjer at attributive konstruksjonar vert føretrekte framfor predikative. Sjå t.d. Langendonck (2007: 409). I tillegg er ein substantivfrase lettare å byggja ut syntaktisk enn ei setning, noko eg vil komma inn på i det følgjande.

Språkleg økonomi og fleksibilitet

Val av attributive konstruksjonar framfor predikative kan generelt òg skuldast språkleg økonomi, dvs. trongen til konsise eller informasjonstette formuleringar. I vitskapeleg språkbruk er det trong for fortetta frasar som kan inngå i kompliserte syntaktiske konstruksjonar. Konstruksjonen «schizofrene pasientar» er tvillaust kortare og smidigare enn «pasientar som er schizofrene / har schizofreni». Ta t.d. ei setning som følgjande:

Amerikanske forskere (Rosen, Hamilton og Wall m. fl.) har imidlertid vist at om man bare forsøker å sette seg inn i **de schizofrene pasienters** symbolske måte å uttrykke seg på, kan det lykkes å trenge inn til en forståelse av deres konflikter. (L: 391)

¹⁷³ Ev. 'ein pasient som er diagnostisert med schizofreni'.

Å erstatta adjektivet i den attributive utheva konstruksjonen med ei relativsetning, ville ha ført til at oversetninga måtte skrivast om og kanskje delast opp, då ein ikkje kan setta ein genitivs-s til subjektet i ei setning, slik ein kan med kjernen i substantivfrasar.

Predikativ bruk av adjektivet *psykotisk*

Adjektivet *psykotisk* er nytta oftare predikativt enn tilfellet er for adjektivet *schizofren* i 1950- og 2000-lærebøkene (i forholdet 23 versus 18). *Psykotisk* vert nytta like ofte predikativt som attributivt og ikkje-metonymisk, og 22 av dei 23 treffa på predikativ bruk er å finna i 2000-talsmaterialet, noko som strir mot den språkbrukspraksisen som *people first language* opererer med, og som Melle og Friis er talsmenn for. Merk at eg har talt med elliptiske døme i «journalstil» som eg tolkar som predikative, men som pga. manglande usjølvstendig verbal på tekstovertflata mogelegvis ikkje ville ha brote med reglane i *people first language*. Døme:

Innlagt noen uker i psykiatrisk avdeling, **upsykotisk** etter nevroleptikamedikasjon. (MRD: 207)

Siden da havde hun vært meget let trætbar og initiativløs, men, fraset et kortvarigt tilbagefald på grund af medicinsvigt, ellers symptomfri (ifølge eget udsagn) og **apsykotisk** (ifølge journaloptegnelser). (MKP: 285)

Den relativt frekvente predikative bruken av *psykotisk* kan tenkjast å skuldast at adjektivet *psykotisk* i motsetnad til dei andre adjektiva ikkje refererer til ein diagnosekategori (sjølv om det er eit hyperonym for ei rekkje psykiatriske tilstandar (sjå t.d. Malt (2016c) for ei oversikt over desse). Som nemnt over kan *psykose* referera til ei av dei to hovudgruppene av psykiatriske sjukdommar (som er psykosar og nevrosar), til ei funksjonsnedsetting eller til ein forvirringstilstand. Det ser ut som om *psykotisk* i tydinga ‘som er i ein forvirringstilstand’ kan fungera til dels deskriptivt heller enn reint klassifiserande i lærebokmaterialet, jamfør at det kan modifierast eller skildrast vha. graderande eller karakteriserande attributt:

Organiske¹⁷⁴ pasienter er dog sjældent **psykotiske på samme bizarre måde** som skizofrene, og differentialdiagnosen kommer derfor især på tale ved begyndende skizofreni. (MKP: 312)

Grunden hertil var, at han blev **voldsomt psykotisk**, hver gang han var beruset, med efterfølgende kortvarige hospitalsindlæggelser (med den fejlagtige diagnose «patologisk rus»). (MKP: 342)

Ei tilsvarande gradering eller skildring av eigenskapen *schizofren* er ikkje funnen i materialet.

Forvirringstilstandar kan no behandlast medikamentelt, og dei er ikkje inherente og langvarige tilstandar på same måten som sjukdommen skizofreni er:

I vår drömvärld är vi i många aspekter psykotiska – vi ligger nära detta tänkande men distanserar oss starkt under vårt vakna liv. (C: 275)

Derfor skal den kliniske vurdering af, hvorvidt patienten fortsat er psykotisk (fx i vigtige tvilssituationer), baseres på indirekte udspørgeteknikker (se specielle interviewteknikker) og en global vurdering af patientens realitetsopfattelse ud fra patientens argumentationsform og andre af patientens udtalelser (fx til plejepersonalet og de pårørende) og ikke mindst en vurdering af hans adfærd. (MKP: 285)

I andre tilfelle av predikativ bruk av *psykotisk* er adjektivet modifisert vha. det negerande prefikset *u-* eller nektingsadverbet *ikkje*, og i slike tilfelle kan ein òg argumentera for at eigenskapen ‘ikkje-psykotisk’ korkje er inherent eller permanent, då det i slike tilfelle anten er snakk om tidlegare psykotiske pasientar eller om pasientar som aldri har vore psykotiske:

¹⁷⁴ Merk bruken av *organisk* her! På same måte som biologiske foreldre ikkje er meir ‘biologiske’ enn andre foreldre, er «organiske pasientar» ikkje meir ‘organiske’ enn andre pasientar. «Organiske pasientar» har ein psykotisk tilstand som skuldast ei kjend biologisk årsak, som m.a. hjernesjukdommar, hjerneskode, stoffskiftesjukdommar og biverknadar av legemiddel, sjå Malt (2016g).

Hos personer med symptomatologi som vanligvis er forbundet med god prognose, kan seponering etter at pasienten er blitt upsykotisk være aktuelt. (MRD: 217)

Pasienter med skizotypisk sindslidelse er ikke psykotiske. (MKP: 312)

Oppsummering

Adjektivet *psykotisk* skil seg frå *hebefren*, *kataton*, *paranoid* og *schizofren* ved at det ikkje er knytt til nokon eigen diagnoseterm innanfor schizofrenispektrumet. Det denoterer ein mindre permanent og inherent tilstand samanlikna med dei andre (ein tilstand som er tilgjengeleg for modifikasjon vha. medikament). Adjektivet kan derfor opptre med deskriptiv heller enn reint klassifiserande funksjon og er då lausare knytt til substantivet det modifierer. Dette vert reflektert syntaktisk ved at predikativ bruk er relativt meir frekvent for dette adjektivet i læreboktekstane.

6.2.5 Kvifor finst ikkje predikativ metonymisk bruk i lærebøkene?

Det ser i lærebøkene ut som om metonymisk bruk av adjektivet *schizofren* kombinert med predikativ stilling ikkje er aktuelt. Det same er tilfellet for adjektiva *psykotisk*, *hebefren*, *kataton* og *paranoid*. Det finst ingen døme på slik bruk av adjektiva i lærebøkene, og intuitivt verkar tenkte konstruksjonar som

*symptoma er schizofrene

*anfallet er schizofrent

*sjukdomsprosessen er schizofren

ikkje gangbare. Konstruksjonane over kan høvesvis tolkast i retning av at:

1) symptoma ikkje eintydig peikar mot éin sjukdom; nokre symptom peikar mot ein sjukdom, medan andre symptom peikar mot ein annan, og at diagnostisering av kasuset dermed er vanskeleg

- 2) anfallet inneber ei veksling mellom innbyrdes motstridande element
- 3) sjukdomsprosessen skrur ikkje fram jamnt og trutt, men svingar frå det eine til det andre

Alle desse hypotetiske tolkingane inneber at adjektivet er nytta karakteriserande og metaforisk, i tydinga ‘splitta, inkonsekvent’, som ein personifikasjon av symptom, anfall og sjukdomsprosessar. Men i ein tekst om schizofreni er det svært usannsynleg at termene *schizofren* og *schizofreni* vert nytta metaforisk. Dette ville ha undergrave den faglege integriteten til forfattaren: Schizofreni er *ikkje* ekvivalent med splitta personlegdom. I tillegg ville det ha vore flåsete og respektlaust av ein psykiater å nytta termene metaforisk, ikkje minst i ei lærebok, som er eit språkleg førebilete for kommande fagfellar. Språkbruken ville og ha blitt tvitydig: Ein kan vanskeleg kombinera konstruksjonen «schizofrene symptom», som er vanleg i psykiatrisk fagspråk om schizofreni, og som alle forfattarane opererer med bortsett frå Lundquist, med den tenkte konstruksjonen «*symptoma er schizofrene», utan at det ville ha oppstått forvirring. I førstnemnde konstruksjon er det pasienten med symptoma som de facto er schizofren, i sistnemnde (tenkte) konstruksjon er det dei personifiserte symptoma som er «schizofrene» *samstundes* som dei er reelle symptom på den reelle schizofrenien til pasienten: *schizofrenisymptoma til pasienten er schizofrene. Dermed er det ikkje overraskande at den predikative bruken i læreboktekstane utelukkande dreier seg om tilfelle der det vert eksplisitt referert til personar med schizofreni.

Når diagnoserelaterte adjektiv som *schizofren* i psykiatrisk fagspråk vert nytta om ikkje-menneskelege fenomen, fungerer det i regelen alltid klassifiserande, ikkje deskriptivt. På same måte som for ikkje-metonymisk bruk er målet objektreferanse, ikkje informasjon om *state of affairs*, noko som favoriserer attributiv bruk, som drøfta i førre avsnitt. Vi kan seia at adjektivet fungerer rollebasert, sidan referansen til adjektivet er tett knytt til referansen til substantivet konseptuelt. Men eigenskapen som

schizofren denoterer, er ikkje inherent i symptom på schizofreni på same måte som han er inherent i personar med schizofreni. Den tette tilknytninga som fordrar attributiv bruk i metonymiske konstruksjonar, ligg i staden i metonymiproduserande, permanente og uforanderlege relasjonar som t.d. ÅRSÅK-EFFEKT, som er relasjonen mellom adjektivet og substantivet i uttrykk som *schizofrene symptom*. Medan ein schizofren person ikkje var 'schizofren' før sjukdommen starta å manifestera seg, og sluttar å vera 'schizofren' viss han vert frisk att, kan ikkje «schizofrene symptom» byrja eller slutta å «vera schizofrene», fordi symptom assosierte med schizofreni per definisjon er uløyeleg knytte til schizofreni. (Kva for nokre spesifikke symptom som til kvar tid er rekna for «schizofrene symptom» kan sjølvstøtt variera.) Dette kan vera med på å forklara kvifor metonymisk, predikativ bruk av adjektiv som *schizofren* ikkje er aktuelt.

Ingen regel utan unntak?

At predikativ metonymisk bruk av adjektivet *schizofren* er fullstendig utelukka i psykiatrisk fagspråk, er likevel ikkje tilfellet. Eg har funne to døme på predikativ metonymisk bruk i blåboka til ICD-10:

Tidvise eller forbigående hørselshallusinasjoner, særlig hos eldre pasienter, utelukker ikke denne diagnosen, forutsatt at **de ikke er typisk schizofrene** og bare utgjør en liten del av det samlede kliniske bildet.

Psykosen hos den dominante personen er vanligvis schizofren, men ikke nødvendigvis eller ikke uten unntak.

I den første setninga tolkar eg pronomenet *de* som ei pronominalisering av konstituenten *forbigående hørselshallusinasjoner* heller enn av *eldre pasienter*, sidan pronomenet opptre som sams subjektsledd i ein parataktisk konstruksjon: *at de ikke er typisk schizofrene og [(at) de] bare utgjør en liten del av det samlede kliniske bildet*. Uttrykket *det kliniske bildet* viser til sjukdomsbiletet for individet, ikkje til den samla variasjonsbreidda til dei ulike manifestasjonane av sjukdommen på tvers av alle kasus, då avsnittet dreier seg om diagnostisering av kasus med paranoid psykose, ikkje om ei skildring av schizofreni. Dermed har vi ein predikativ og metonymisk konstruksjon der

substantivet *hørselshallusinasjon* er (underforstått) subjekt og adjektivet *schizofren* er predikativ. I den andre setninga er det substantivet *psykose* som er subjekt.¹⁷⁵

Kvifor manglar metonymisk, attributiv bruk om ICM-kategori 3) og 4)?

Fenomen som sorterer under ICM-kategoriene 3) Behandling og 4) Teori, er ikkje omtalte som «schizofrene» i lærebøkene. Det same gjeld for adjektiva *psykotisk*,¹⁷⁶ *hebefren*, *kataton* og *paranoid*. Desse ICM-kategoriene er som nemnt i avsnitt 5.2.2 sekundære og mindre inherente i høve til kategoriene SJKDOM og PASIENT: Ein person kan ha ein disposisjon / ei sårbarheit for sjukdommen og verta utsett for utløysande stressfaktorar som uunngåeleg vil føra til eit sjukdomsutbrot eller i det minste til ein prodromalfase. Behandling kjem inn etter eit eventuelt sjukdomsutbrot *dersom* behandlingsapparatet vert kopla inn av pårørande eller andre, det er ikkje nokon automatikk i dette: «Epidemiologiske undersøgelser tyder på, at op til 20% af de mennesker, som lider af skizofreni i vestlige lande, aldrig kommer i kontakt med behandlingssystemet.» (MKP: 310)

Schizofreniforskning skjer heller ikkje automatisk, det føreset kvalifiserte fagpersonar som ønskjer å forska på sjukdommen, og institusjonar som legg til rette for forskinga, økonomisk og på andre måtar. Forsking og behandling er altså ikkje inherente i sjukdommen på same måte som t.d. den sjuke personen, symptoma og sjukdomsårsakene. Sjukdommen og den sjuke er «naturgjevne»,¹⁷⁷ medan forskning og behandling er kulturprodukt.

¹⁷⁵ Ein kan moglegvis våga seg på å spekulera på om det faktum at subjekta i desse setningane (høvesvis «hørselshallusinasjoner» og «psykosen») er skilt frå det predikativt nytta adjektivet (*schizofren*) med svært mange ord, og at det i begge setningane står frasar som refererer til schizofrene personar (høvesvis «eldre pasienter» og «den dominante personen»), fasiliterer predikativ metonymisk bruk i desse døma.

¹⁷⁶ Avleiinga *antipsykotisk* vert nytta som attributt til substantiv som denoterer behandling eller effekt av behandling ved 28 tilfelle i materialet frå 2000-talet (t.d. *antipsykotisk medikamentering*, *antipsykotisk verknad*). I motsetnad til *psykotisk* refererer ikkje *antipsykotisk* primært til ein menneskeleg eigenskap, men til ein eigenskap ved behandling og terapi, så denne bruken er ikkje samanliknbar med konstruksjonar som *psykotiske symptom*.

¹⁷⁷ (MRD: 194): «Vi må anta at schizofreni har rammet menneskene fra tidenes morgen.», og sjå Srinivasan et al. (2016).

I tillegg impliserer behandling og forskning fleire menneske enn berre den sjuke, nemleg høvesvis behandlarar og forskarar. Dette kan bidra til å forklara kvifor metonymisk og klassifiserande bruk av adjektivet i tilknytning til substantiv som er knytt til ICM-kategori 3) BEHANDLING og 4) TEORI, ikkje førekjem i materialet mitt. Adjektiv som *schizofren* refererer som kjent til ein menneskeleg eigenskap. Dersom *schizofren* vert nytta klassifiserande og metonymisk om forskning på eller behandling av schizofreni, eller om fagpersonar som forskar på eller behandlar schizofreni, vil ei nærliggjande tolking for mottakar vera at forskaren eller behandlaren har eigenskapen ‘schizofren’ i reell eller metaforisk forstand, noko følgjande døme illustrerer:

ein schizofren forskar

Tolkingsalternativ:

‘ein forskar som er ambivalent, sjølvmotseiande, ubestemmeleg, inkonsekvent’

‘ein forskar som er reelt schizofren’ (som t.d. Elyn Saks¹⁷⁸, John Nash¹⁷⁹)

schizofren behandling

Tolking:

‘behandling som er inkonsekvent eller sjølvmotseiande’

Inkonsekvensen kan anten skriva seg frå ein og same hovudbehandlar som praktiserer eit inkonsekvent behandlingsopplegg eller liknande, eller frå ei gruppe behandlarar som ikkje er samstemte, og dermed ikkje har eit konsekvent, samla behandlingsopplegg for pasienten.

¹⁷⁸ Merittert akademikar med schizofreni og forfattar av sjølvbiografien (Saks, 2007)

¹⁷⁹ Nobelprisvinnar i matematikk med schizofreni, portrettert av Russel Crowe i den kvadрупel-Oscarvinnande filmen «A beautiful mind».

For å referera til fenomen som høyrer inn under behandling og forskning, kan ein heller nytta substantivet *schizofreni* som forledd i ei samansetting, t.d. *schizofreniforskar*, *schizofrenibehandling*. Forledda i desse samansettingane har liknande funksjon som attributive, klassifiserande adjektiv, som drøfta over. Då forskarar med reell schizofreni er sjeldsynte, og då det finst mange forskarar som forskar på schizofreni, er den mest nærliggjande tolkinga av *schizofreniforskar* ‘person som forskar på schizofreni’, ikkje ‘forskar som lir av schizofreni’ eller ‘forskar som er «schizofren»’.

Eg kjenner til eitt publisert tilfelle av konstruksjonen *schizofren diagnostisering*, nytta som overskrift på ein artikkel på forskning.no. Illustrerande nok er adjektivet nytta deskriptivt og metaforisk i denne overskrifta, ikkje klassifiserande og metonymisk. Motivasjonen for metaforbruken er at psykiateren Anne Høye fann i doktorgradsprosjektet sitt at: «En mann får raskere diagnosen schizofreni enn en kvinne, selv om beskrivelsen av symptomene er like.» (Bergstrøm, 2012) *Schizofren* vert altså nytta i den metaforiske tydinga ‘inkonsekvent’, om fagfolk si (schizofreni)diagnostisering av menn versus kvinner. Metaforbruken er i tillegg tydeleg konteksttrigga.

6.2.6 Oppsummering, adjektivisk bruk av adjektivet *schizofren*

Den adjektiviske bruken av adjektivet *schizofren* føyer seg inn i eit mønster i lærebøkene der adjektiv som denoterer psykopatologi og er knytte til psykiatriske diagnosar, ofte vert nytta attributivt og metonymisk om ulike aspekt ved den psykopatologiske tilstanden. Dei overordna likskapane i bruken av adjektiva er store: Predikativ bruk er relativt sjeldan (med unnatak for adjektivet *psykotisk*), og predikativ metonymisk bruk av adjektiva er ikkje observert i lærebokmaterialet i det heile. Den metonymiske bruken er meir frekvent enn den ikkje-metonymiske bruken. Adjektiva fungerer i all hovudsak klassifiserande, ikkje deskriptivt i læreboktekstane. Metonymisk attributiv bruk gjer det mogeleg å kategorisera dei psykopatologiske tilstandane og aspekt ved dei utan samtidig å karakterisera eller kategorisera menneske, dvs. utan å eksplisitt referera til menneske på tekstoverflata. Metonymisk attributiv

bruk kan slik bidra til at det vert lettare for fagpersonen å omtala sensitive tema, sidan han ikkje bryt med prinsippa for ikkje-stigmatiserande språkbruk.

Er det mogeleg at metonymiske kompresjonar som *schizofrene symptom* i tillegg til å fungera som språklege og kognitive snarvegar kan fungera som språklege og kognitive *utvegar* når vi forsøker å omtala og omgrepsleggjera diffuse, komplekse og lite forståtte fenomen som schizofreni? Bruk av metonymiske kompresjonar er tvillaust ei økonomisk form for språkbruk, men han føreset ofte relativt stor bakgrunnskunnskap og slutningskapasitet hjå mottakar. Ved å nytta adjektivet *schizofren* metonymisk overlèt sendar ansvaret for å identifisera adjektiv-substantiv-relasjonen til mottakar. Men både avsendar og mottakar kan vera offer for det Rozenblit & Keil (2002: 1) kallar «the illusion of explanatory depth»:

People feel they understand complex phenomena with far greater precision, coherence, and depth than they really do; they are subject to an illusion—an illusion of explanatory depth. The illusion is far stronger for explanatory knowledge than many other kinds of knowledge, such as that for facts, procedures or narratives.

Ei av årsakene til denne illusjonen er ifølgje Rozenblit & Keil (2002: 3) at vi sjeldan er nøydde til å gje eksplisitte forklaringar på det vi (innbillar oss at vi) forstår:

[...] we rarely give explanations and therefore have little information on past successes and failures. By contrast, we often retrieve facts, tell narratives of events, or perform procedures; hence it is often easy to assess our average level of knowledge in these cases by inspections of past performance.

I tillegg er det vanskeleg å testa om forklaringa vi gjev, er adekvat:

[...] because explanations have complex hierarchical structure they have indeterminate end states. Therefore, self-testing one's knowledge of explanations is difficult. (ibid.: 3)

Bleuler sjølv nytta det (ifølgje han sjølv) etterlengta adjektivet *schizofren* metonymisk i stor grad i 1908-artikkelen sin, og han gjorde ikkje noko forsøk på å parafrasera, presisera, forklara eller utdjupa desse metonymiske uttrykka. Å parafrasera dei metonymiske uttrykka er ekvivalent med å prøva å forklara/eksplikera meir utfyllande kva som er meint med dei metonymiske kompresjonane, m.a. kva som er relasjonen mellom adjektivet og substantivet (og ev. mellom andre adjektiv, om det er ein fleirattributtskonstruksjon det er snakk om). Men ei slik parafrasering er eigentleg berre første, overflatiske ledd i ei forklaring, ei tentativ overforenkling av svært komplekse saksforhold som vitskapen sjølv ope innrømmer er langt frå ferdig kartlagde. Rozenblit & Keil (2002) meiner at ein del av forklaringa på kvifor vi ofte er så uvitande om vår uvitenheit, er at komplekse system kan forklarast på ulike nivå, dvs. eit hierarkisk system av forklaringar, frå den mest overflatiske forklaringa til forklaringar som går ned til dei djupaste nivåa. Ifølgje Rozenblit & Keil (2002: 3) kan evna til å gje ei overordna, «grunn» forklaring på eit komplekst system «lead to an illusion of understanding when a person gains insight into a high level function and, with that rush of insight, falsely assumes an understanding of further levels down in the hierarchy of causal mechanisms.»

Ein konstruksjon som *schizofrene symptom*, som er den mest frekvente typen av metonymisk bruk av *schizofren* i lærebøkene, så vel som i Bleuler (1908), kan sjå uproblematisk ut på overflata. Han er grammatisk gangbar, språkleg økonomisk, og lett å bruka. Men både denotasjonen, intensjonen og ekstensjonen til uttrykket er eit omstridd tema, og dei kan endra seg over tid og variera synkront på tvers av kulturar, teoriar eller fagmiljø. Striden rundt den judisielle vurderinga av Anders Behring Breivik kan tena som illustrasjon på ei slik fagleg usemje: Kvalifiserte åtferda hans eigentleg til merkelappen «schizofrene symptom» eller ikkje?

Alternativet til metonymiske kompresjonar er ei meir bokstaveleg framstilling der adjektivet *schizofren* er bytt ut med substantivet *schizofreni*, som i mine freistnadar på parafraseringar i analysefigurane over. I staden for *schizofrene brev* kunne ein i teorien

ha snakka om «brev som er skrivne av schizofrene personar, og som reflekterer formelle tankeforstyrningar forårsaka av schizofreni», eller liknande. Problemet er då sjølv sagt at konstruksjonane vert uhandterleg store og komplekse, både språkleg og truleg òg kognitivt. Og parafraseringa har ikkje vesentleg større forklaringsverdi eller presisjon enn den metonymiske kompresjonen, sidan termene *schizofren*, *tankeforstyrning* og *schizofreni* refererer til fenomen som på langt nær er kjende og forståtte av vitskapen. Metonymiske kompresjonar med [*schizofren* + eit substantiv X som refererer til noko som kan seiast å tilhøyra ICM-en for schizofreni] har eksistert så lenge termene *schizofreni* og *schizofren* har eksistert, og konstruksjonen ser ut til å vera svært produktiv. Som vist over er den metonymiske bruken av adjektivet *schizofren* i psykiatrisk fagspråk ikkje unik for dette spesifikke adjektivet, heller tvert om. Metonymiske kompresjonar er truleg utbreidde i alle former for fagspråk, fordi dei tillèt språkbrukarane å pakka informasjonen tettare, i tillegg til at ein kan utelata storleikar som agens og patiens, som ofte er ukjende eller kompliserte å eksplisera. Og det er ingen grunn til å tru at fenomenet er vesentleg mindre utbreidd i daglegspråket. Det er meir presist å snakka om metonymiske kompresjonar som eit generelt språkleg fenomen, slik blandingsteorien gjer. Jamfør t.d. analysen av «iskalde fakturaer» i avsnitt 6.1.2, og sjå avsnitt 1.3.

Vi har no gjort oss ferdige med attributiv, metonymisk bruk av adjektivet *schizofren*. I det følgjande skal eg ta for meg ei anna form for metonymisk bruk av adjektivet: den substantiviske bruken.

6.2.7 Substantivisk bruk av adjektivet *schizofren*

Adjektivet *schizofren* er, som vist i Tabell 22, ofte nytta substantivisk i læreboktekstane. Dei andre adjektiva eg har undersøkt (*psykotisk*, *hebefren*, *kataton*, *paranoid*), er berre nytta substantivisk ved nokre få høve, og det er ingen treff på substantivisk bruk av desse i 1900-talsmaterialet. Oversikt over substantivisk bruk av dei fem adjektiva (antal treff og relativ frekvens) er å finna i Tabell 22:

Adjektiv	1900-talet		1950-talet		2000-talet	
	N	%o	N	%o	N	%o
<i>Schizofren</i>	0	0,00	114	3,00	142	1,93
<i>Psykotisk</i>	0	0,00	0	0,00	2	0,03
<i>Hebefren</i>	0	0,00	5	0,13	1	0,01
<i>Kataton</i>	0	0,00	3	0,08	0	0,00
<i>Paranoid</i>	0	0,00	4	0,11	1	0,01

Tabell 22: Substantivisk bruk av adjektiva schizofren, psykotisk, hebefren, kataton, paranoid

Vi ser av tabellen at substantivisk bruk ikkje førekjem i det heile i 1900-materialet, men er relativt frekvent for *schizofren* sin del i dei to påfølgjande periodane. Vi ser òg at substantivisk bruk av *schizofren* er meir utbreidd i 1950-materialet enn i 2000-materialet.

DØME:

Weinberg og Lobstein har således funnet hyppigere forekomst av arv hos **hebefrene** og **katatone** enn hos **paranoid schizofrene**. (L: 347)

Ikke mindst under høj feber kan **en skizofren** pludselig for en tid næsten normaliseres. (SS: 143)

Nogle førstegangsindlagte skizofrene har haft en tidligere ambulat psykiatrisk kontakt, i gennemsnit syv år forinden hospitalsindlæggelsen. (MKP: 309)

I det følgjande vil eg avgrensa meg til å illustrera med og drøfta døme på substantivisk bruk av adjektivet *schizofren*, då dette adjektivet er klart mest substantivisk brukt.¹⁸⁰ Men eg vil trekkja inn språkbruk om diagnosen infantil autisme i drøftinga, då dette kan kasta lys over nokre av problemstillingane som substantivisk bruk av

¹⁸⁰ Dette er sjølvsagt ikkje å undrast over, då dei undersøkte lærebokkapitla primært handlar om schizofreni, ikkje om psykose generelt, eller om hebefreni, katatoni eller paranoid schizofreni spesielt.

diagnoserelaterte adjektiv medfører.¹⁸¹ Substantivisk og personrefererande bruk av diagnoserelaterte adjektiv er nemleg generelt svært omstridd. Mange meiner at denne typen konstruksjonar verkar stigmatiserande. Eg vil derfor, etter å ha drøfta konstruksjonen reint lingvistisk, gå over til å drøfta han med eit meir diskurskritisk perspektiv.

Kva er substantivisk bruk?

Substantivisk bruk av eit adjektiv inneber at adjektivet syntaktisk sett fungerer som eit substantiv i setninga. Substantivet som adjektivet er attributt til, er utelate eller underforstått. Ifølgje Faarlund, Vannebo, et al. (1997: 241) kan adjektiv som (ofte) vert nytta til å skildra menneske, fungera åleine som substantivfrasar utan at ein utelaten kjerne er nemnd direkte i nær kontekst. Adjektiv som *schizofren* kan altså fungera substantivisk utan eit personrefererande substantiv i nær kontekst, sidan det denoterer ein menneskeleg eigenskap. Kognitivt sett vert eigenskapen adjektivet denoterer, truleg «personifisert» gjennom metonymien DIAGNOSE FOR DIAGNOSTISERT, som eg vil drøfta nedanfor. Allereie i Bleuler sin artikkel er det 12 tilfelle av substantivisk bruk av adjektivet, t.d.:

55 % **der Schizophrenen** in Rheinau sind über 50 Jahr (sic) alt (Bleuler, 1908: 441)

På tysk vert den substantiviske karakteren adjektivet har i slike konstruksjonar, understreka ved at adjektivet vert skrive med stor bokstav, lik «regulære» substantiv.

I lærebøkene er det lett å sjå korleis dei substantiviske konstruksjonane kan variera svært i innhald og bøyingskategoriar. Når adjektivet er brukt substantivisk, er det like syntaktisk fleksibelt som substantivfrasar. Dei kan bøyast i tal og bestemtheit, knyta til

¹⁸¹ Ei lidning som autisme er på mange måtar lik schizofreni, med det at begge i hovudsak er definerte som ei cerebral utviklingsforstyrring med djuptgripande konsekvensar på ulike område. Autismen er òg som nemnt rekna som eit av grunnfenomèna ved schizofreni. Denne typen tilstandar er inherente og innvovne i personen på ein annan måte enn t.d. atopi (medfødd tilbøylegheit til å reagere allergisk). Vidare er autisme tilliks med schizofreni ikkje rekna som ein type tilstand, men som eit vidt spektrum av tilstandar, med ulike gradar av funksjonsvanskar.

seg genitivs-s, preposisjonsfrasar og adjektiv. Denne fleksibiliteten er illustrert ved følgjande døme henta frå lærebøkene:

Ikke mindst under høj feber kan **en skizofren** pludselig for en tid næsten normaliseres. (SS: 143)

Svært ofte retter **den unge schizofrenes vrangsider** seg mot den ene eller begge foreldrene. (L: 376)

Enkelte undersøkelser tyder også på at **schizofrene med rusmisbruk** har økt risiko for tardive dyskinesier. (MRD: 207)

De enda utbrända schizofrena är de som 40- och 50-talspsykiatrin har orsakat med lobotomi, elchocker i mängd och insulinkoma. (C: 282)

I læreboktekstane er den substantiviske bruken av adjektiv i all hovudsak generisk, dvs. at det ikkje vert referert til ein eller fleire spesifikke medlemar av kategorien ‘schizofrene personar’, men til heile kategorien (somme tider vert det referert til ein underkategori, vha. determinativ eller attributt, som vist i døma over). Det er som nemnt tidlegare ikkje overraskande at lærebøker opererer med generisk referanse, då ei lærebok omhandlar dei ulike klassane psykiatriske lidingar er delte inn i, og ikkje primært spesifikke kasus. Det å nytta eintalsformer for å referera til alle medlemane av arten vert drøfta i Fauconnier & Turner (2002: 115–9) som ein type kompresjon, der alle individa som tilhøyrrer ein klasse, konseptuelt vert komprimerte til eitt individ, som representerer heile klassen (her: *ein schizofren/den schizofrene*). På denne måten oppnår ein det dei kallar menneskeleg skala, noko som er eit hovudprinsipp i konseptuell integrasjon (blending). Menneskeleg skala får vi når komplekse og diffuse strukturar vert komprimerte ned (eller opp) til dimensjonar som vi har førstehandskjennskap til gjennom allmenne erfaringar med verda. Det er lettare for oss å førestilla oss eitt individ enn alle medlemar av ein gjeven kategori: tidlegare, noverande og kommande, hypotetiske og reelle.

Ellipse eller metonymi? (Eller både òg?)

Ei alternativ tolking av den substantiviske bruken av adjektivet er å sjå det som døme på ellipse heller enn metonymi. Medan Bierwiazonek (2013) klassifiserer alle former for morfologisk og syntaktisk ellipse i ein kategori han kallar formell metonymi, der ein salient del av forma står for heile forma, skil Nerlich & Clarke (2001) på si side mellom ellipse og metonymi. Nerlich & Clarke definerer ellipse som basert på syntagmatisk kontiguitet, ein type lingvistisk forkorting, og metonymi som basert på kognitiv forkorting. Dei meiner skilnaden mellom ellipse og metonymi er følgjande: I ellipse er ord utelatne som faktisk normalt omgjev andre ord (t.d. *the Commons for the House of Commons*), i metonymi er ord utelatne som nesten kunne ha omgjeve andre ord, men som i røynda aldri (?) gjer det (*[the water in] the kettle is boiling*). I tillegg er det vanlegvis berre *ein* måte å utvida elliptiske konstruksjonar på, medan det som regel er ulike måtar å utvida metonymiar på, jamfør Faarlund, Vannebo, et al. (1997: 240–242). Bierwiazonek si tilnærming inneber ei kraftig utviding av ekstensjonen til termen *metonymi*, men den operasjonelle definisjonen er i alle fall enkel å praktisera. Tilnærminga til Nerlich og Clarke er meir selektiv, men òg meir krevjande: Korleis kan ein avgjera om noko er ei kognitiv eller berre lingvistisk forkorting?

Følgjande døme henta frå materialet mitt kan illustrera korleis Nerlich og Clark sitt skilje likevel kan vera til nytte i analysen:

Weinberg og Lobstein har således funnet hyppigere forekomst av arv **hos hebefrene og katatone enn hos paranoid schizofrene**. (L: 347)

Det sier jo nemlig seg selv at et eventuelt hjerneorganisk grunnlag må være ytterst forskjellig for eks. for **den hebefrene lidelse og den katatone**. (L: 350)

Av interesse i denne forbindelse er også forfatterens egne kliniske undersøkelser over Testes' størrelse og konsistens **hos hebefrene og katatone schizofrene**. (L: 351)

I det første dømet er det ikkje utan vidare lett å vita kva språkleg element (substantiv eller noko som fungerer substantivisk) ein skulle ha sett inn etter adjektiva slik at

adjektiva gjekk frå substantivisk til adjektivisk bruk.¹⁸² I dei to siste av dei tre døma over er det derimot eintydig kva språkleg element som kunne ha vore sett inn, fordi dette elementet står eksplisitt i nær kontekst: *den hebefrene lidelse og den katatone [lidelse] og hos hebefrene [schizofrene] og katatone schizofrene*. Vi har altså i desse to tilfella med ellipse å gjera. Adjektiva fungerer ikkje på same sjølvstendige måten her som dei gjer i det første dømet, fordi dei inngår i ein parataktisk konstruksjon der eit anna adjektiv står attributivt til det språklege elementet som er utelate gjennom lingvistisk forkorting.) Medan dei substantivisk nytta adjektiva i det første dømet refererer til menneske, vert adjektiva i det andre dømet nytta for å karakterisera noko ikkje-menneskeleg, ei liding, og dermed er desse adjektiva nytta i ein metonymisk kompresjon. I det tredje og siste dømet vert adjektiva nytta for å karakterisera menneske som er refererte til vha. adjektivet *schizofren* nytta substantivisk. Adjektiva *hebefren* og *kataton* er ikkje sjølve nytta metonymisk her, men dei står attributivt til eit adjektiv som fungerer metonymisk (*schizofrene*), som ein språkleg manifestasjon av DIAGNOSE FOR DIAGNOSTISERT. *Schizofren* fungerer her på same måte som adjektiva i det første dømet.

Sidan dei substantivisk nytta adjektiva refererer til menneske her, står dei greitt åleine, utan at vesentleg tyding har gått tapt. Nærare spesifisering eller referanse til menneska er overflødig, så lenge forfattaren ikkje har ei undergruppe i tankane, ei avgrensing basert på kjønn, alder eller liknande. I så fall kan forfattaren nytta ein etterstilt substantivfrase, eit førestilt adjektiv, ei relativsetning, ei orddanning etc. (ev. kombinasjonar av desse) for å spesifisera:

I et finsk arbeid (Eronen et al 1996) ble funnet at risikoen for å begå alvorlige voldshandlinger (drap) var klart større ved schizofreni for begge kjønn enn i en tilsvarende normalbefolkning, i særlig grad **hos schizofrene menn som samtidig var alkoholmisbrukere**. (MRD: 221)

¹⁸² Merk at termen *paranoid schizofren* er avleidd av *paranoid schizofreni*; ein kan ikkje nytta adjektivet *paranoid* åleine for å referera til ein person med *paranoid schizofreni*, slik ein kan med adjektiva *hebefren* og *kataton* for høvesvis *hebefreni/hebefren schizofreni* og *katatoni/kataton schizofreni*. Jamfør at det er ein eigen kategori for paranoide psykosar med undergrupper i ICD-10. Paranoide psykosar er på same nivå som schizofreni i ICD-10-systemet.

Ved Gaustad sykehus har man fra 1973 drevet rideterapi, noe **unge schizofrene** synes å ha hatt særlig nytte av. (MRD: 219)

Hur bra kan **den långtidsschizofrene** bli? (C: 294)

Också **den långvarigt schizofrene som har levt på institution** kan ibland vara mycket låst i stereotypa tvångsfenomen av detta slag, vilket ytterligare bidrar till att försvåra återanpassningen i samhället. (C: 270)

En stor del av **de schizofrene som tidligere befant seg i «asylene»**, er i dag ute i samfunnet, i hjem og arbeid, i vernet bo- og arbeidssituasjon eller i sykehjem. (MRD: 223)

I materialet mitt ser det ser ut som om metonymiske kompresjonar der adjektivet *schizofren* karakteriserer noko ikkje-menneskeleg, og der substantivet er utelate, alltid er ellipsar, dvs. at dei er «avhengige av» at det utelatne kjerneleddet står tett attmed på tekstoverflata, som i det andre dømet over, slik at det er eintydig kva adjektivet karakteriserer. Dette er ikkje uventa, sidan adjektivet *schizofren* primært refererer til ein menneskeleg eigenskap, og standardtolkinga av frasen *ein schizofren* dermed er 'ein person med schizofreni'. Dersom adjektivet vert nytta for å karakterisera noko anna enn ein person med schizofreni, må det komma klårt fram av den språklege konteksten kva adjektivet står til. Ei eventuell utelating av substantivet baserer seg då utelukkande på språkleg økonomi, dvs. ei reint lingvistisk forkorting. Ellipsen *den hebefrene lidelse og den katatone* er meir smidig og effektiv enn *den hebefrene lidelse og den katatone lidelse* (om enn på si side noko mindre smidig enn alternativet *den hebefrene og den katatone lidelse*).

Ved substantivisk, personrefererande bruk av *schizofren* er det altså ikkje eitt spesifikt språkleg element som kan tenkjast å vera utelate, men mange: *pasient, menneske, person, individ* osv. Det er altså langt ifrå berre ein måte å utvida konstruksjonen på, og han kan utvidast på mange andre måtar enn ved berre å setta inn eitt etterstilt substantiv. I tillegg kan det substantivisk nytta adjektivet bøyast og opptre saman med ulike determinativ som indikerer numerus og bestemtheit, det kan nyttast med genitivs-s, med attributivt adjektiv osv., som vist over. Det er altså ikkje berre eitt fast

personrefererende uttrykk som inneheld *schizofren* nytta substantivisk. Dette talar for å tolka personrefererende substantivisk bruk som metonymi heller enn ellipse. Vidare ser døme på substantivisk bruk av *schizofren* ut til primært å ha generisk referanse, medan ellipsar ofte har spesifikk referanse. Jamfør døma «den unge schizofrenes vrangsider» (L: 376) og «helt sløve, såkaldte ‘udbrændte’ skizofrene» med ellipsen «Haukeland» for ‘Haukeland sjukehus’, som har spesifikk referanse og som berre kan utvidast med substantivet (*universitets*)*sjukehus*.

Metonymiske forkortingar reduserer ifølgje Nerlich & Clarke ikkje berre talet på ord, men endrar informasjonsstrukturen som er intendert av talaren; dei fungerer med andre ord som konseptuelle snarvegar. Grenseoppgangen mellom ellipse og metonymi kan likevel vera vanskeleg. Nerlich & Clarke (2001) gjev følgjande døme på dette: *a pint / a cuppa* – er det ellipsar for høvesvis «pint of beer» / «cup of tea» eller BEHALDAR FOR INNHALD-metonymiar?

Nerlich & Clarke hevdar òg at ellipse, metonymi, synekdoke og metafor kan opptre saman i semantiske endringsprossesar, jf. det engelske ordet *bedlam*, som opphavleg oppstod som ein ellipse for *The Hospital of St. Mary of Bethlehem*, og som etter kvart vart nytta metonymisk om pasientar innlagde der (*a bedlam*), før det vart generalisert til å referera til psykiatriske pasientar generelt. Til sist oppstod varianten der ordet vert nytta metaforisk om ville opptrinn eller full forvirring (eit metaforisk «galehus»), ei tyding som ifølgje ODE er så å seia einerådande i moderne engelsk. *Chambers Dictionary* listar i tillegg opp adjektivisk bruk av ordet (*a bedlam x*) med tydinga ‘fit for a madhouse’ (Brookes, 2006: 132). Så ei forkorting som opphavleg oppstod som ein ellipse, kan endra karakter i retning av metonymi og eventuelt òg metafor.

Spørsmålet vi må stilla oss, er altså ifølgje Nerlich & Clarke (2001) om det språklege uttrykket inneber ei kognitiv forkorting eller berre ei språkleg forkorting. I førstnemnde tilfelle har vi med ein metonymi å gjera, i sistnemnde med ein ellipse. Eg vel å tolka substantivisk og personrefererende bruk av adjektivet *schizofren* som eit døme på metonymisk tenking der diagnosen står for den diagnostiserte, med den effekten at

personen vert redusert til sin eigen diagnose. I slike konstruksjonar med substantivisk bruk finst ingen eksplisitte referansar til personar i nær kontekst. Jamfør skilnaden mellom: «I USA er 70 % av **alle schizofrene** arbeidsløse.» (MRD: 197) med det ikkje-metonymiske alternativet *I USA er 70 % av **alle schizofrene personer/individer/mennesker** arbeidsløse.*

Kva konsekvensar har substantivisk bruk av schizofren?

Tolkinga av substantivisk, personrefererande bruk av medisinske termar som *schizofren* som metonymi heller enn ellipse tykkjest rimeleg fordi a) det er mange tenkjelege måtar å utvida uttrykket på, og b) (i alle fall) delar av fagfeltet oppfattar konstruksjonar av denne typen som uheldige metonymiar heller enn harmlause ellipsar: Kringlen (1997: 34) forkastar i si lærebok eksplisitt substantivisk bruk av adjektivet *schizofren* som «sjargong og ikke riktig språkbruk». Tematikken har òg vore drøfta i *Tidsskrift for Den norske legeforening*, i samband med at Jøran Hjelmesæth, leiar ved Senter for sykelig overvekt i Helse Sør-Øst ved Sykehuset i Vestfold, og professor ved Universitet i Oslo, vil erstatta adjektiv som *overvektig* og *feit* med korresponderande substantiv som *overvekt* og *fedme*. Han underbyggjer forslaget sitt på følgjande måte:

- I fagkretser er det generell enighet om at folk ikke bør karakteriseres ved sin lidelse eller sykdom, som diabetiker, epileptiker, funksjonshemmet og utviklingshemmet. (Dyregrov, 2015), sjå òg (Hjelmesæth, 2015)

Språkrådet ved seniorrådgjevar Dag Simonsen ser ifølgje redaktør i *Tidsskrift for Den norske legeforening*, Erlend Hem, ut til å stilla seg uforståande til dette forslaget (Hem, 2015), men Simonsen nemner i si vurdering (referert av Hem) ingenting om den relevante skilnaden mellom *overvektig/overvekt* og *feit/fedme* i høve til stigmatiserande språkbruk: Adjektiva kan nyttast substantivisk for å referera til personen, medan substantiva ikkje kan nyttast åleine for å referera til personen.¹⁸³ I Språkrådet si

¹⁸³ Sjå Strømmen et al. (2015), ei undersøking av fedmepasientar si oppfatning av termar for sjukeleg overvekt i høve til om dei er passende eller ikkje (såkalla uttrykkssensitivitet). Skalaen gjekk frå -2 (svært upassande) til +2 (svært passende). Substantivet *overvekt* vart vurdert som passende (1,17), medan substantivet *fedme* vart vurdert som upassande (-0,51). Adjektivet *overvektig* var ikkje med i undersøkinga, men adjektiva *fet* og *feit* fekk gjennomsnittscore på høvesvis -1,03 og -

vurdering stiller dei opp døma «sykelig overvektige personer» versus «personer med sykelig overvekt» og meiner dei er ekvivalente både når det gjeld konnotasjon og denotasjon. I det førstnemnde dømet til Simonsen kan substantivet *personar* lett utelatast og adjektivet *overvektig* nyttast substantivisk: «sykelig overvektige». Dermed er personane språkleg refererte til ved – og mogelegvis òg konseptuelt reduserte til – diagnosen sin. I sistnemnde døme er det derimot ikkje mogeleg å utelata substantivet *personar* frå konstruksjonen. Vidare er det mange som i motsetnad til Simonsen meiner at faktorane sin orden ikkje er likegyldig, dvs. at ordstillinga har noko å seia for korleis ein oppfattar det som vert omtalt, noko eg skal komma tilbake til i neste avsnitt. Denne debatten omkring språkbruk om sensitive tema og sårbare menneske er ikkje særnorsk. Den USA-amerikanske diagnosemanualen DSM unngår t.d. substantivisk bruk av adjektiv som refererer til psykiatriske tilstandar, og har gjort det frå og med DSM-III, som kom ut i 1980, med følgjande grunngjeving:

A common misconception is that a classification of mental disorders classifies people, when actually what are being classified are disorders that people have. For this reason, the text of DSM-III-R (as did the text of DSM-III) avoids the use of such expressions as «a schizophrenic» or «an alcoholic,» and instead uses the more accurate, but admittedly more cumbersome, «a person with schizophrenia» or «a person with Alcohol Dependence.» (American Psychiatric Association, 1987: xxiii)

ICD-10 ser ikkje ut til å eksplisitt nemna ein slik språkpraksis, men substantivisk bruk av adjektivet *schizofren* vert ikkje nytta i avsnitta om schizofreni i Blåboka. I den delen av Blåboka som omhandlar schizofreni (6174 ord), er adjektivet *schizofren* nytta 49 gonger, herav 48 gonger adjektivisk og éin gong som apposisjon. Den adjektiviske bruken fordeler seg som vist i Tabell 23 under:

1,20, dvs. upassande. (Varianten *feit* er altså vurdert som vesentleg meir upassande enn *fet*.) Ordet som vart vurdert som mest passande, var det nøytrale substantivet *vekt*, med ein snittscore på 1,51.

	Attributiv		Predikativ	
	N	%	N	%
Ikkje-metonymisk	2	0,32	0	0,00
Metonymisk	44	7,12	2	0,32
Totalt:	46	7,44	2	0,32

Tabell 23: Oversikt over adjektivisk bruk av schizofren i ICD-10 si blåbok

Det er altså ingen treff på substantivisk bruk – eit funn som står i sterk kontrast til innslaget av substantivisk bruk i lærebøkene. Det er heller ingen treff på predikativ bruk om menneske, og det er berre to treff på ikkje-metonymisk attributiv bruk: «en schizofren pasient» og «schizofrene personer». Resten av adjektivbruken (bortsett frå eitt tilfelle der adjektivet er nytta som apposisjon), er metonymisk. Forfattarane av Blåboka har nytta adjektivet predikativt og metonymisk i to tilfelle; denne bruken er drøfta i 6.2.5 over. I praksis vil dette seia at det er berre to tilfelle i ICD si framstilling av schizofreni der adjektivet *schizofren* er nytta i ein konstruksjon saman med eit substantiv som refererer til menneske. Slik oppfyller dei idealet om å karakterisera tilstanden og ikkje personen. Metonymisk attributiv bruk av adjektivet gjer eksplisitte referansar til menneske overflødige.

Den substantiviske bruken av adjektivet *schizofren* inneber å referera til personen vha. ein salient eigenskap som personen er vurdert til å ha, og konstruksjonen er truleg motivert av det Peirsman & Geeraerts (2006: 303) kallar CHARACTERISTIC FOR ENTITY, der ein salient eigenskap/tilstand ved individet vert metonymisk nytta for å referera til individet (t.d. *ungdom* [‘ungt menneske’], bm. *skjønnhet* [‘vakker person/dame’]). Substantivisk bruk av adjektivet *schizofren* kan sjåast som eit spesialtilfelle av denne metonymien, der karakteristikken er relatert til ein diagnose og entiteten er ein psykiatrisk pasient: DIAGNOSE FOR DIAGNOSTISERT. Når adjektivet *schizofren* vert nytta substantivisk, vert eksplisitte referansar til dei sjuke personane fjerna eller utelatne frå den språklege konstruksjonen, berre sjukdommen/diagnosen står att: I staden for *ein schizofren person* får vi *ein schizofren*. KARAKTERISTIKK FOR ENTITET kan på si side sjåast som eit spesialtilfelle av den meir generiske DEL FOR HEILSKAP-metonymien, der ein

salient del av heilskapen (her: eigenskapen ‘schizofren’) vert nytta for å referera til heilskapen (personen).¹⁸⁴ Men det er ikkje alltid uproblematisk at ein salient del vert nytta for å referera til heilskapen. Sjukdommen er på sett og vis ein del av det sjuke mennesket, men han er ikkje heile mennesket, og folk kan bli friske av schizofreni, så delen er ikkje nødvendigvis permanent inherent (Cullberg, 2003: 282–3; Malt et al., 2003: 222–3). Og menneske med same diagnose er ikkje noka homogen gruppe, som understreka i diagnosemanualen DSM:

Another misconception is that all people described as having the same mental disorder are alike in all important ways. Although all the people described as having the same mental disorder have at least the defining features of the disorder, they may well differ in other important respects that may affect clinical management and outcome. (American Psychiatric Association, 1987: xxiii)

Særleg aktuell er denne presiseringa for ein diagnose som schizofreni, som er ei heterogen sjukdomsgruppe, både når det gjeld symptomatologi,¹⁸⁵ prognose og (truleg) etiologi. Men det er lett for at sjukdomsdelen dominerer biletet av heilskapen, og at ein ikkje lenger ser heile mennesket, etter at diagnosen er stilt, slik at det ikkje berre er i dei språklege konstruksjonane at individet kan «forsvinna ut av biletet»:

Med klebeeffekten forstår vi vanskene med å bli kvitt en psykiatrisk diagnose når den en gang er gitt. Det er som om den diagnostiske merkelappen er festet med et lim som gjør den umulig å fjerne. [...] En annen følge av merkelappseffekten er at behandlerne forholder seg til en diagnose og de forestillingene de har om konsekvensene av den, samtidig som de slutter å forholde seg til det syke medmennesket. (Malt et al., 2003: 51)

¹⁸⁴ Denne metonymien kan seiast å bryta med mange av dei kognitive prinsippa som Kövecses & Radden (1998) listar opp, (sjå 3.7.2), som t.d. *bodily over mental, concrete over abstract* osv. Det er gjerne den oppfatta saliensen til den psykiatriske diagnosen som gjer at han kan stå metonymisk for den diagnostiserte personen.

¹⁸⁵ Jamfør at to personar diagnostiserte med schizofreni ikkje treng å ha eit einaste symptom sams.

I verste fall kan sjukdommen bli oppfatta som ekvivalent med heilskapen, altså personen, og det finst ikkje noko «schizofrenifritt» område att. Alt kan bli vurdert som utslag av sjukdommen, noko som kan opplevast som bortimot kafkask:

Jeg husker fortsatt den enorme følelsen av hjelpeløshet og redsel, da jeg innså at det ikke lenger fantes noen områder som var garantert nøytrale, og at jeg alltid måtte regne med at alt jeg sa kunne bli mistrodd og tolket på bakgrunn av min diagnose. (Lauveng, 2005: 98).

Adjektiv kan seiast å vera ein mellomting mellom substantiv og verb når det gjeld aspektualitet. Der substantivet typisk skildrar permanente objekt, og verbet typisk skildrar forbigåande fenomen og prosessar, kan adjektiv referera til både permanente og kortvarige eigenskapar, t.d. «ballen er blå» versus «ballen er våt». Cruse (2011: 310f.) hevdar at adjektiv typisk denoterer atemporale eigenskapar, dvs. eigenskapar som er relativt stabile over tid, og at adjektiviske eigenskapar i tillegg typisk er eindimensjonale; dei denoterer eit isolerbart omgrep, t.d. lengd eller temperatur, i motsetnad til typiske substantiv, som denoterer rike, svært samanvovne kompleks av eigenskapar. Når adjektivet får substantivisk funksjon, kan det tenkjast at det får aspektualiteten til substantiv «med på kjøpet», og at eigenskapen då lett vert oppfatta som meir permanent (kronisk) og (alt)omfattande.

Schizofreni ser ut til å bli oppfatta som ein permanent og altomfattande eigenskap, både av fagfolk og lekfolk, men biletet er i røynda meir nyansert: Tilstanden schizofreni sett under eitt er vanskeleg å plassera når det gjeld grad av inherens, fordi somme typar av schizofreni er kroniske, medan det er mogeleg å bli frisk av eller leva greitt med andre typar. Cullberg (2003: 294) meiner at den kroniske forma for schizofreni best kan forståast som eit handicap heller enn ein sjukdom. Dermed kan denne forma på mange måtar jamstillast med ein diagnose som autisme. Andre typar schizofreni kan remittera, heilt eller delvis, og somme typar schizofreni (paranoid schizofreni) har ikkje så omfattande innverknad på personen som andre typar (hebefreni). Dei ulike prognosane forbundne med ulike schizofrenitypar kjem sjeldan fram språkleg. Den einaste

språklege uttrykket *funne* i lærebøkene som utvilsamt refererer til prognose og schizofreni samstundes, er samansettinga *langtidsschizofren* (tre døme) og *langtidsschizofreni* (eitt døme) (alle fire døma er funne i Cullberg (2003)). Paradoksalt nok gjev desse termene til sjuande og sist eit grunnlag for optimisme, sidan dei impliserer at ikkje alle former for schizofreni er langvarige eller kroniske. Termen *postschizofren* (med to treff i lærebøkene) er henta frå ICD-10-koden F20.4, *postschizofren depresjon*, og han viser ikkje til eit fenomen post schizofreni i den vanlege tydinga til *post*, 'etter' men til ein depressiv tilstand der symptom på schizofreni framleis er til stades, men ikkje lenger dominerer sjukdomsbiletet.¹⁸⁶ Slik sett har termen ikkje så positive konnotasjonar som han ved første augekast kan tykkjast å ha.

People first language

Oppfattinga av at somme typar språklege konstruksjonar er mindre heldige enn andre, førte på 1990-talet til at den språklege praksisen presentert i sitatet frå DSM over, vart utvida og sett i system under namnet «people first language» (òg kalla «person first language»¹⁸⁷ *People first*-praksisen har etter kvart fått internasjonal utbreiing. I Sverige har t.d. dei substantivisk nytta og personrefererande adjektiva *utvecklingsstörd*, *förståndshandikappad*, *efterbliven* blitt erstatta med *person med intellektuell funktionsnedsättning* i offisiell språkbruk (Vogel, 2014). FN nytta t.d. denne praksisen då dei utforma ein konvensjon for menneske med funksjonshemmingar i 2006 (Granello & Gibbs, 2016). Ein sentral aktør i denne rørsla var (og er) den USA-amerikanske psykologiske foreininga APA, som i 1992 publiserte ei rekkje språklege

¹⁸⁶ http://www.kith.no/sokeverktøy/icd10/html/KV_3.htm

¹⁸⁷ Sjå t.d. <http://www.disabilityisnatural.com/images/PDF/pfl-sh09.pdf>, https://en.wikipedia.org/wiki/People-first_language, <http://tcdd.texas.gov/resources/people-first-language/>, for kritikk, sjå t.d. <http://www.blind.net/a-philosophy-of-blindness/individual-articles/people-first-language.html>, <https://nfb.org/images/nfb/publications/bm/bm09/bm0903/bm090308.htm>

retningslinjer for det dei kallar «Nonhandicapping Language».¹⁸⁸ Prinsippa er ifølgje APA:

[...] to maintain the integrity of individuals as whole human beings by avoiding language that

implies that a person as a whole is disabled (e.g., disabled person)

equates a person with his or her condition (e.g., epileptic)

has superfluous, negative overtones (e.g., stroke victim)

is regarded as a slur (e.g., cripple)

I engelsk og syntaktisk beslektta språk som t.d. skandinaviske språk, kan *people first* til dels forståast bokstaveleg, sidan praksisen m.a. går ut på å erstatta premodifiserarar med postmodifiserarar. Når ein omtalar menneske med funksjonshemmingar o.l., skal syntaksen vera slik at personen skal refererast til først, deretter funksjonshemminga, t.d. «person som stammar» i staden for «stam person». Tanken bak denne praksisen er at dersom funksjonshemminga vert nemnd først, vert oppfattinga av personen negativt farga på førehand, og funksjonshemminga får for mykje fokus. Personar skal heller ikkje verta refererte til vha. tilstanden sin i form av substantivisk bruk av adjektivet. APA foreslår t.d. at termen *schizophrenics* skal erstattast med *people who have schizophrenia*, med følgjande grunngjeving: «Because the person is not the disability, the two concepts should be separate.» Personar med funksjonshemmingar (*disabilities*) skal ifølgje APA heller ikkje verta refererte til vha. substantiv som *patient* eller *invalid* viss dei ikkje de facto i augneblinken er innlagde på sjukehus, eller «[...] unless their illness status (if any) is under discussion» . Grunngjevinga for dette rådet er at desse termene «[...] implies that a person is sick or under a doctor's care.»

Eit anna prinsipp i *people first language* er at adjektiv skal erstattast med substantiv, og *er* skal erstattast med *har*: *ein astmatisk person* -> *ein person med astma*,¹⁸⁹ *Han er*

¹⁸⁸ Dokumentet er å finna på APA sine nettsider, sjå: http://www.apastyle.org/manual/related/nonhandicapping-language.aspx?_ga=1.237363141.499027595.1459413327

¹⁸⁹ Jamfør Peirsman & Geeraerts (2006) sin kategori ENTITET og NABO

autistisk -> *Han har autisme*.¹⁹⁰ Grunnen til at *ha* vert føretrakt framfor *vera*, er truleg at *ha* typisk vert nytta om eigedom, medan *vera* typisk vert nytta om eigenskap. Typiske eigedommar er ikkje del av personen, og kan avhendast. Eigenskapar er typisk meir inherente i personene, og kan ikkje så lett endrast. Jamfør Asbjørnslett, Helseth, & Engelsrud (2014: 369), som i ei rekkje intervju med funksjonshemma born mellom 12 og 14 år fann at:

The children in our study did not present themselves as being disabled, nor did they talk about themselves as being disabled. [...] Some children stated that instead of labelling themselves as ‘disabled’, they used their diagnosis to talk about problems related to their condition. ‘I say that I have back damage, a 13-year-old girl stated, ‘not that I am disabled’.

Merk at dette har samanheng med aspektualiteten til adjektivet som denoterer den aktuelle eigenskapen; det er t.d. skilnad på *å vera overraska* og *å vera innåtvend*. Dersom adjektivet denoterer noko som vert oppfatta som ein permanent og uønskt eigenskap, kan den predikative versjonen med *vera* oppfattast som stigmatiserande. Det ser som nemnt ut til at adjektivet *schizofren*, nytta om reell schizofreni, vert oppfatta som refererande til ein permanent eigenskap på linje med *autistisk* og *funksjonshemma*.

Kritikk mot den velmeinande *people first*-praksisen har kome frå ulike hald, mellom anna frå blinde-miljøet og frå autisme-miljøet (Granello & Gibbs, 2016). Jim Sinclair, som er ein såkalt høgtfungerande autist, er ein av leiarane av den såkalla nevrodversitetsrørsla. Nevrodversitetsrørsla er ei svært kontroversiell rørsla for autistar sine rettar, som er motstandar av å kurerer autisme,¹⁹¹ og som meiner at autisme bør definerast som ein alternativ veremåte heller enn som ein sjukdom, sjå Solomon (2008), Harmon (2004). Han skriv i teksten «Why I dislike ‘person first language’»: «I

¹⁹⁰ Sjå <http://tcdd.texas.gov/resources/people-first-language/>

¹⁹¹ Å kurerer autisme er per i dag ikkje mogeleg, men det finst intensive opplæringsopplegg som siktar på å auka funksjonsnivået til dei med diagnosen.

am not a ‘person with autism’. I am an autistic person.» (Sinclair, 1999) Denne utsegna grunnjev han med at 1) autismen ikkje kan skiljast frå han som person: «Autism is hard-wired into the ways my brain works. I am autistic because I cannot be separated from how my brain works.»; 2) autisme er ein essensiell del av han og kan gjerne nyttast substantivisk for å referera til han, slik vi nyttar nasjonalitet (*russisk, russar*), kjønn (*kvinne*) eller sosiale roller (*arbeidar, forelder*) for å referera til personar; og 3) å skilja adjektivet frå personen impliserer at eigenskapen adjektivet denoterer, har negative konnotasjonar, då vi ikkje protesterer mot utsegner som «X er ein atletisk/musikalsk person» (Sinclair, 1999). Sinclair og rørsla han tilhøyrrer, ser ut til å identifisera seg sterkt med autisme, og vil at dette skal reflekterast språkleg. Kit Weintraub, mor til to born diagnostiserte med autisme, har eit diametralt motsett syn på dette:

My children have autism; they are not «autistics.» What’s the difference? The difference is that autism refers to a neurological disorder, hereditary in nature. Autism, according to the vast majority of medical experts today, causes severely abnormal development, and without appropriate treatment it can condemn those affected to a life of isolation and dependency. «Autistics» is a rather new politically-correct term that I find troubling; it is a label that attempts to define people with autism as members of an elite group of human beings who differ from the rest of us only in terms of their unique talents and their superior way of experiencing the world. [...] I love my children, but I do not love autism. My children are not part of a select group of superior beings named «autistics.» They have autism, a neurological impairment devastating in its implications for their lives, if left untreated. (Weintraub)

Forsking tyder på at schizofreni er ei meir stigmatisert lidning enn autisme (Thys, Struyven, Danckaerts, & De Hert, 2013). Substantivisk bruk av adjektivet *schizofren* for å referera til personar med schizofreni er dermed rekna for upassande av mange. Det finst så vidt eg kjenner til, ikkje noka spesifikk schizofreni-aktivistrørsle som er parallell til nevrodiversitetsrørsla, og ingen personar med schizofreni som krev å bli

refererte til vha. diagnosen sin, slik Jim Sinclair gjer.¹⁹² Sjå Rund (2017), og jf. Saks (2007: 304), som skriv:

Go to any support group of people with mood disorders and, with some understandable sense of pride, they will name their famous forebears and their contemporary heroes. However, people with thought disorders do not keep a list of famous and successful people who share their problem. They can't, because there is no such list. Comparatively few schizophrenics lead happy and productive lives; those who do aren't in any hurry to tell the world about themselves.

(Sjå Mannsåker (2010) avsnitt 7.1.2 for ei drøfting av korleis stemningslidingar er assosierte med intellektuelle og kreative prestasjonar.)

Termene *schizofren* og *schizofreni* blir i presentasjonar av språklege retningslinjer for ikkje-stigmatiserande språk framstilte som tabubelagde, stigmatiserande og nedsettande heller enn som nøytrale fagtermar, noko som ironisk nok kan forsterka stigmaet som er knytt til diagnosen, som Sinclair er inne på. I sin *Guide for journalists and broadcasters reporting on schizophrenia* (som visstnok vart publisert globalt av *the World Psychiatric Association* i 2000 (NN, 2000)) skriv t.d. organisasjonen *Schizophrenia Ireland*:

The best way to describe someone with schizophrenia, provided it is relevant to the piece, is just that: «a man/ woman/ teacher / Donegal man etc. with schizophrenia». Calling someone a «schizophrenic» is dismissive, and has become a derogatory term. (Schizophrenia Ireland, 1999).

¹⁹² Men det finst ei rørsle kalla *Mad Pride*, der aktivistar med psykotiske lidingar «proudly call themselves mad» (Glaser, 2008), sjå òg Solomon, Mehren, Stokseth, & Nilssen (2013).

Sjå òg dokumentet «NUJ¹⁹³ guidelines for responsible reporting on mental health, mental illness & death by suicide 2014»,¹⁹⁴ som inneheld følgjande råd:

Avoid defining people by their mental health problem as in ‘he’s a depressive’ or ‘she’s a schizophrenic’. The mental health problem is only an element of that person’s life and this kind of reductionism is regarded as narrow and stigmatising. It would be better to say ‘she has schizophrenia’ or ‘he has depression’, or ‘a person with’ which is clear, accurate and preferable to ‘a person suffering from’.

Retningslinjene presenterte i dette sitatet framstiller person first-språkbruk som *clear* og *accurate*. Akkurat dette er det delte meiningar om. Konstruksjonane vert presenterte lausrivne frå eventuell kontekst, og kan ved første augnekast framstå som like språkleg brukbare som dei mindre «korrekte» alternativa, men det gjeld slett ikkje alltid, og særleg ikkje i akademiske tekstar. Uta Frith, ein anerkjend autismeforskar, skriv i forordet til boka «Autisme – En gådes afklaring» følgjande:

Jeg forstår selvfølgelig godt, at etiketten «et barn med autisme» helt rimeligt fremhæver den kendsgerning, at der først og fremmest er tale om et barn. Et handicap må selvfølgelig ikke opfattes som definerende for et menneskes identitet. Men når specialister skriver om denne lidelse, må de kunne henvise til den på en utvetydig måde. Derfor har jeg benyttet adjektivet «autistisk», hvor det forøger tekstens entydighed. Jeg beklager, at jeg herved ikke lever op til den politiske korrektheds krav. (Frith, 2005: 12)

Trass i den orsakande tonen i forordet hevdar altså Frith sin rett som fagperson til å kunna uttrykkja seg på den måten ho oppfattar som mest presis (og gjerne òg mest konsis). Det er ingen tvil om at språkbruk i tråd med prinsippa til *person first language* er meir tungvint i praksis enn dei mindre politisk korrekte alternativa. *Person first-*

¹⁹³ National Union of Journalists

¹⁹⁴ Henta frå: <https://www.nuj.org.uk/documents/nuj-guidelines-for-responsible-reporting-on-mental-health/> 30.9.2015

konstruksjonar kan verka som hinder for den tette pakkinga av informasjon som kjenneteiknar akademiske tekstar. Jamfør t.d. følgjande setning, henta frå (MRD: 215):

I alle tilfeller er det viktig at institusjonen og den som senere har kontakt med pasienten, også har kontakt med **den schizofrenes familie** og ikke behandler pasienten isolert.

Dersom det substantivisk brukte adjektivet *schizofren* i tråd med *person first*-prinsippa vert erstatta av eit personrefererande substantiv med substantivet *schizofreni* som etterstilt attributt, vert setninga sjåande ut slik:

*I alle tilfeller er det viktig at institusjonen og den som senere har kontakt med pasienten, også har kontakt med **personen som har schizofreni, sin familie** og ikke behandler pasienten isolert.

S-genitiv er bortimot utelukka i desse konstruksjonane, og må erstattast med *sin*-genitiv, som er ein omstridd konstruksjon i norsk bokmål (Gundersen, Engh, Fjeld, & Frysjøenden, 2001). Ei betre løysing er å endra ordstillinga slik at substantivet *familie* kjem før referansen til personen med schizofreni:

I alle tilfeller er det viktig at institusjonen og den som senere har kontakt med pasienten, også har kontakt med **familien til personen som har schizofreni**, og ikke behandler pasienten isolert.

I begge alternativa er konstruksjonen *den schizofrenes familie* erstatta med ein konstruksjon med dobbelt så mange ord, og som i tillegg inneheld ei leddsetning som må skiljast ut vha. etterstilt komma. Skal ein i tillegg følgja APA sine retningslinjer om ikkje å referera til personen som «pasient» så lenge han ikkje er innlagd på sjukehus, vert setninga temmeleg uhandterleg. Den første instansen, institusjonen, har gjerne kontakt med personen berre medan han er innlagd, men «den som senere har kontakt med» vedkommande, har per definisjon kontakt med personen først etter utskriving (jf. bruken av *seinare*, som refererer til tida etter utskriving), og då skal eigentleg personen

ikkje refererast til med substantivet *pasient* ifølgje APA (noko som tykkjest urimeleg strengt, då ein person ofte kan ha ei mellombels pasientrolle som ikkje inneber innlegging i sjukehus, som t.d. poliklinisk behandling, heimesjukepleie o.l.) APA krev meir presist at ein ved bruk av substantivet *pasient* begrensar seg til periodar då ein person er innlagd, eller dersom «the illness status (if any) is under discussion». I praksis er det vanskeleg å handtera dette skiljet, både kognitivt (Når kan sjukdomsstatusen seiast å vera «under discussion», og når er han ikkje det?) og språkleg. Ein og same person bør helst refererast til vha. same substantiv om ikkje forvirring skal oppstå, og APA sine retningslinjer vanskeleggjer dette:

* I alle tilfeller er det viktig at institusjonen der **pasienten** er innlagt og den som senere har kontakt med **personen**, også har kontakt med ...¹⁹⁵

Ein kan seia mykje godt om intensjonane bak *person first language*, men språkpraksisen fører unekteleg til mindre effektivt og fleksibelt språk, og i verste fall vert presisjonen og informasjonsverdien til språket redusert. I andre tilfelle må ein velja mellom språkleg økonomi og informasjonsverdi, som i APA sitt avløysarforslag til forkortingane *the CMI* og *SPMI* (som høvesvis står for *Chronically Mentally Ill* og *Serious and Persistent Mental Illness* (Spollen, 2003)): «people with long-term or serious and persistent mental illness or psychiatric abilities». Forkortingar kan verka ekskluderande for dei som ikkje veit kva forkortingane står for, men det kan vera

¹⁹⁵ Alternativt kan sjølvstilt *pasient* erstattast med *person*, men då vert konstruksjonen *personen med schizofreni* vanskeleg å tolka, då det kan sjå ut som om denne konstruksjonen refererer til ein annan person enn han som vert referert til i starten og slutten av setninga:

*I alle tilfeller er det viktig at institusjonen og den som senere har kontakt med **personen**, også har kontakt med **familien til personen som har schizofreni**, og ikke behandler **han** isolert.

Ved å fjerna det etterstilte attributtet *som har schizofreni* unngår ein dette problemet, men kjem ut for eit nytt. Vital informasjon er gått tapt, nemleg eksplisitt referanse til det fakta at personen det er snakk om, har schizofreni:

*I alle tilfeller er det viktig at institusjonen og den som senere har kontakt med **personen**, også har kontakt med **familien hans**, og ikke behandler **han** isolert.

praktiske grunnar til at uttrykka vart forkorta i utgangspunktet, noko APA sitt avløyarsforslag tydeleg (om enn truleg uforvarande) demonstrerer.

Sjølv om substantivisk bruk av adjektivet *schizofren* er frekvent i læreboktekstane, ser altså mange ut til å meina at konstruksjonar av denne typen er uheldige og potensielt stigmatiserande. Ideen bak *people first language* har eksistert i fleire tiår, men praksisen er på langt nær blitt einerådande. Granello & Gibbs (2016) har t.d. funne at frårådde og tilrådde konstruksjonar i høve til *people first*-tanken vert nytta om kvarandre både i media og i faglitteratur, sjølv i artiklar som drøftar stigma og dei negative verknadane av «merkelappar». Men har det eigentleg så mykje å seia? Er *people first language* eit utslag av misforstått «korrektheit» og overskånsam språkføring, eller har det verkeleg noko for seg?

People first language er basert på prinsippet om lingvistisk relativisme, dvs. at språket verkar inn på vår oppfatting av verda og på våre kognitive prosessar (Granello & Gibbs, 2016). Ved å endra språkbruk om eit tema kan ein då i teorien endra folk si oppfatting av temaet (med andre ord: *reframing*, sjå 3.4). Granello & Gibbs (2016) undersøkte om dette kan vera eit effektivt verkemiddel. Tre ulike grupper (lågaregradsstudentar, vaksne lekfolk og ei gruppe samansett av ferdigutdanna helsearbeidarar og helsearbeidarstudentar (*counselors*)) fekk ei spørjeundersøking om haldningar til personar med psykiske lidningar. Halvparten av kvar gruppe fekk ein versjon med konstruksjonar av typen *the mentally ill*, den andre halvparten fekk ein versjon med konstruksjonar av typen *people with mental illnesses*. Det viste seg at individ som fekk førstnemnde versjon, viste mindre toleranse overfor menneske med psykiske lidningar enn dei som fekk sistnemnde versjon, og dette gjaldt for alle tre grupper. Av alle gruppene var det faktisk dei ferdigutdanna helsearbeidarane (dvs. dei som jobbar med menneske med psykiske lidningar til dagleg) som hadde dei største skilnadane i toleranse som følgje av ulik språkbruk. Desse funna tyder på at val av språklege konstruksjonar for å referera til personar med psykisk sjukdom verkeleg har noko å seia for korleis ein oppfattar referenten. Langendonck (2007) hevdar at

diagrammatisk¹⁹⁶ ikonisitet på det syntaktiske nivået manifesterer seg spesielt i form av nærleik/avstand i syntaktiske konstruksjonar, og i rekkjefølgja av ord.¹⁹⁷ Han skriv:

Elements that occur closely together and form a unity in experience will tend to be related to each other by the prototypical speaker on the content level as well. Conversely, what is separated will be seen as unrelated conceptually. (Langendonck, 2007: 405)

Adjektivet *schizofren*, nytta substantivisk for å referera til ein person diagnostisert med schizofreni, denoterer heile personen, medan det alternative uttrykket *person med schizofreni* har separate referansar til personen og til diagnosen. I førstnemnde uttrykk har personen og diagnosen «smelta saman», og i sistnemnde uttrykk er dei separerte. Dette er ein viktig skilnad, då det generelt er ein tendens til at oppfattinga av personen vert dominert av diagnosen hans. Substantivisk bruk av typen «ein schizofren» ser ut til å konnotera det synet at ein person diagnostisert med schizofreni, er «tvers gjennom» schizofren.

Boréus (2006) har sett opp ein typologi for såkalla diskursiv diskriminering som består av følgjande fire kategoriar:

Negative other-presentation

Exclusion from discourse

¹⁹⁶ I denne typen ikonisitet liknar ikkje teiknet på referenten, men relasjonane mellom elementa i den språklege konstruksjonen liknar på relasjonane mellom referentane (eller kanskje meir presist: korleis talaren oppfatar relasjonane mellom referentane).

¹⁹⁷ Til dømes hevdar Byrne (1979) at når fleire adjektiv står attributivt til eit substantiv, er rekkjefølgja slik at adjektivet som denoterer type/art (dvs. klassifiserande adjektiv), står nærast substantivet, sidan dette er dei mest inherente eigenskapane til ein entitet. Han utførte eit eksperiment der forsøkspersonar vart presenterte for konstruksjonar der to antonyme adjektiv stod attributivt til eitt og same substantiv. Kvar frase kom med to moglege tolkingsalternativ. Ein av desse konstruksjonane var frasen «A slow fast dog». For denne frasen var tolkingsalternativa: *An aging greyhound / A rocket powered Saint Bernard*. Det viste seg at forsøkspersonane vurderte den eigenskapen som adjektivet nærast substantivet denoterte, som ein basal og inherent eigenskap ved den entiteten som substantivet denoterte, medan adjektivet som stod først, vart oppfatta som å denotera ein eigenskap som var lokal eller temporær, ei mellombels «avsporing» frå normalstoda. Dermed vart «A slow fast dog» tolka som 'ein aldersvekt greyhound' og ikkje som 'ein rakettdriven sanktbernhards'. Men når rekkjefølgja til adjektiva vart reversert («A fast slow dog»), var derimot sanktbernhardsvarianten den føretrekte tolkinga. Sjå òg Granello & Gibbs (2016).

Proposals that point towards unfavorable non-linguistic treatment

Discriminatory objectification

Ho skriv at ein føresetnad for diskursiv diskriminering er at ein nyttar kategoriar for å gruppera menneske saman, og at ‘vi’ og ‘dei’ er plasserte i ulike kategoriar. Ulikskapar mellom ‘oss’ og ‘dei’ kan verta peikte ut, konstruerte eller vektlagde, og dette fenomenet kallar ho «othering». *Othering* kan reflekterast i ei rekkje språklege former og talehandlingar, t.d. referanse. Dersom ein kategori er sosialt viktig og stabil over tid, finst det eit standard lingvistisk uttrykk for å referera til han, anten eit substantiv eller eit substantivisk nytta adjektiv. Boréus skriv at kvar gong eit slikt kategorinamn vert nytta for å referera til menneske som vi ikkje reknar som like på ‘oss’, vert det understreka at dei som er sorterte i kategorien, skil seg frå ‘oss’ på visse måtar. Ifølgje Boréus er konstruksjonar à la *person first* å føretrekkja:

If the categorization is carried out through expressions that are not standardized in language (‘a person who has immigrated to Sweden’) the basis for the categorization (here the ‘immigrantness’) does not appear to be such a defining characteristic of the person. We are more aware of the fact that the same person can also be sorted into any number of other categories that have to do with other characteristics. Thus, using a noun or an adjective in a noun-like way to refer to a group in which one does not include oneself is normally a stronger way of stressing differences between ‘us’ and ‘them’ than if less standardized expressions are used to make the distinctions, hence more othering. The very existence of such expressions is a sign of the social importance the distinction has or has had. (Boréus, 2006: 420)

Eg argumenterer for at substantivisk bruk av adjektivet er overflatemanifestasjonar av omgrepsmetonymien DIAGNOSE FOR DIAGNOSTISERT, der personen med diagnose vert referert til vha. termar knytte til diagnosen sin. Med Langacker (1999) kan vi seia at diagnosen fungerer som eit referansepunkt til den diagnostiserte personen. Som nemnt i avsnitt 3.7.2 hevdar Langacker at i ein velvald metonymi er kjelda er meir salient enn målet, som på si side er mindre interessant. For ein psykiater er sjølvsgt diagnosen

svært salient, men dette skal ideelt sett ikkje føra til at personen med diagnosen vert mindre interessant. Faren er likevel til stades for at noko slikt kan skje. Arnhild Lauveng skildrar korleis dette kan følast for den diagnostiserte:

Da jeg var syk, opplevde jeg at det var mye fokus på min sykdom, og også på mine svake sider. Jeg opplevde mindre interesse og oppmerksomhet omkring mine *sterke* sider, på hvem jeg var, *utenom* sykdommen min. Av og til hadde jeg nesten en følelse av at interesser, hobbyer og ønsker bare var til bryderi, noe som forstyrret det vi egentlig holdt på med, nemlig sykdommen og behandlingen av den. (Lauveng, 2005: 142)

Å diagnostisera ein person inneber på ein måte at ein er ferdig med å vurdera han. Ein er ikkje nødvendigvis nyfiken på noko som ein har kategorisert. Behandlarane har gjerne eit overdrive pessimistisk syn på schizofreniprognozen, som følgje av «[...] at klinikerens opplevelse af sygdommen domineres, og derfor farves, af kroniske patienter med hyppige genindlægelser, som altid udgør det store flertal af de til enhver tid indlagte patienter.» (MKP: 310–311).¹⁹⁸ Dermed forventar ein ikkje varig betring eller at personen vert heilt frisk att. Det kan føra til at ressursane til individet vert ignorerte. Det kan verta vanskeleg å ta personen på alvor, for ein lurar alltid på om det er «sjukdommen som snakkar». Alt kan verta tolka og bortforklart som symptom på schizofrenien. Det vert dermed svært vanskeleg for den diagnostiserte personen å overtyda omverda om at ein no er bra, eller heilt frisk att.

Val av talemåte kan ifølgje Granello & Gibbs (2016) påverka korleis menneske oppfattar personar med psykiske lidingar. På same måte kan det òg påverka korleis pasientar oppfattar seg sjølve og tilstanden sin. Grunnleggjaren av narrativ terapi, Michael White, hevdar følgjande:

Mange mennesker som ønsker å gå i terapi, tror at problemene de har i livet avspeiler deres egen identitet, eller andres identitet, eller at de avspeiler

¹⁹⁸ Ifølgje (MKP: 311) har ein i psykiatrien eit eige namn på dette overpessimistiske synet på schizofrenidiagnosen: «Dette fænomen kaldes i epidemiologien for «klinikerens illusion».»

identiteten til de personlige forholdene de lever i. Denne typen forståelse former deres anstrengelser for å løse problemene, og dessverre fører disse anstrengelsene uten unntak til at problemene forverres. Og så tror folk enda fastere på at problemene de opplever, avspeiler visse «sannheter» om deres natur og vesen, om andres natur og vesen, eller om forholdenes natur og vesen. Kort sagt begynner folk å tro at problemene er innebygd i dem selv eller i de andre – at de selv eller de andre faktisk er problemet. [...] Innenfor behandlingsprofesjonene er det for eksempel ikke uvanlig at terapeuter refererer til en person som «forstyrret» eller «dysfunksjonell», og i kulturen som helhet er det ikke uvanlig at folk betrakter seg selv eller andre som «inkompetente» eller «inadekvate» av natur. [...] Når problemet blir en egen enhet, adskilt fra personen, og når folk ikke knuges av begrensende «sannheter» om sin egen identitet og negative «vissheter» om livet sitt, åpner det seg nye muligheter for å ta fatt på vanskelighetene de opplever. (White, 2009: 14, 28–9)

Credoet i terapiforma narrativ terapi er at det er *problemet* som er problemet, ikkje personen, og at det ikkje er likegyldig korleis ein vel å uttrykkja seg. Ulike formuleringar kan lett føra til ulike omgrepsleggjingar. Konstruksjonar som *ein schizofren / x er schizofren* impliserer t.d. større grad av inherens og «gjennomsyring» enn formuleringar som *person med schizofreni / x har schizofreni*. Førstnemnde konstruksjonar konnoterer eigenskapar, sistnemnde eigeidommar eller vedheng.

På den andre sida er det ikkje umenta at slik språkbruk finst, og at tilstanden schizofreni er stigmatisert. Schizofreni er ei invalidiserande og alvorleg liding som vi ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om eller behandling for, og sjukdommen kan i verste fall unntaksvis føra til uføreseieleg, valdeleg åtferd, noko som lett gjev grobotn for frykt og stigma. Schizofreni affiserer grunnleggjande funksjonar som kognisjon, språk, åtferd, motivasjon, sosiale evner etc., og tilstanden ytrar seg ofte på svært iaugefallande måtar, dvs. at sjukdommen i periodar trer fram som ein vesentleg og salient del av personen. Det som er kognitivt salient for oss, er velegna som kjelde i metonymiar (Langacker, 1999). Dermed er det lett for at diagnosen vert nytta som eit refereransepunkt for den diagnostiserte, i form av kognitiv så vel som språkleg forkorting. Panther & Thornburg (2007) skriv at metonymiske tilordningar kan nyttast til å resonnera eller trekkja slutningar. Feyaerts (1999) viser t.d. korleis vi dreg

folketeoretiske slutningar om ein person sine intellektuelle evner (eller snarare mangel på slike) ut frå meir saliente og lett tilgjengelege fysiske og sosiale eigenskapar som åtferd, eigedelar,¹⁹⁹ kvar han er frå osv. Ifølgje Feyaerts (1999: 325) er dette døme på metonymisk tenking: «This conceptual extension is clearly metonymic in that salient properties like deviant behavior, appearance and possession [...] are constructed as manifestations of stupidity.» Sjå òg Panther & Thornburg (2007: 258). Jamfør òg Patrick (2006), som drøftar den utbreidde misforståinga om at holonym/partonym-forhold er like hyperonym/hyponym-forhold. Eigenskapar vert ikkje nødvendigvis «nedarva» frå heilskap til del, jf. t.d. skilnaden mellom ein bil og ein Ferrari (som har visse sams eigenskapar) og ein raud Ferrari og hjula til ein raud Ferrari (som ikkje er raude). Eigenskapar vert heller ikkje arva oppover i hierarkiet: «[...] if the spark plug is cracked then the motor won't work and the car won't work, but neither the motor nor the car is cracked.» (Patrick, 2006: 5) Sjølv om ein person er schizofren, er ikkje alle aspekt ved han «schizofrene». Men som vi har sett i avsnitt 6.2.7, er det somme former for utbreidd språkbruk som konnoterer nettopp dette synet: at ein person diagnostisert med schizofreni er «tvers gjennom» schizofren.

Tendensen til å tolka alle aspekt ved personen i lys av diagnosen må forståast på bakgrunn av at schizofreni er ein *sinns*-sjukdom. Sinnet er oppfatta som «det eigentlege sjølvet», kontrollsenteret vårt. Ein psykose er det same som forstyrring av hjernefunksjonar, noko som fører til at personen misser kontakten med røynda og evna til samspel med andre. Medan dei ulike delane av kroppen har klårt definerte funksjonar, har sinnet det ikkje, og derfor er det ein tendens til at menneske med alvorlege psykiske lidningar vert oppfatta som komplett dysfunksjonelle heller enn partielt dysfunksjonelle. Sjå t.d. Lauveng (2005) og Rustand (2007). Jamfør òg Andreasen (1997b: 592), som i teksten «What is psychiatry?» definerer psykiatri som

¹⁹⁹ Illustrert ved det tyske uttrykket *Mantafahrer*, som visstnok kjem av «the cultural (German) model in which the car is associated with a typical kind of people owning and driving it. This social stereotype characterizes a Manta-driver as macho, having a blond girlfriend or wife, belonging to a lower social class, driving fast and aggressively, and also as not very intelligent but rather stupid. Calling somebody a Mantafahrer thus can be interpreted in a particular context as 'he is stupid'.» (Feyaerts, 1999: 325)

vitskapen om mentale lidningar, og som held fram: «Because our minds create our humanity and our sense of self, our specialty cares for illnesses that affect the core of our existence.»

Å oppfatta personen som ekvivalent med sjukdommen eller diagnosen, ser ut til å vera ein tenkjemåte som finst den dag i dag i helsevesenet, og denne tenkjemåten har konsekvensar for pasientane. Hausten 2016 hadde avisa *VG* ein reportasjeserie der dei undersøker bruk av tvang (beltelegging) i psykiatrien. Dei har funne at bruken er omfattande og til dels ureglementert. Eline Skår er ei av dei som har opplevd å bli beltelagde, og ho seier følgjande i eit intervju med *VG*:

– Jeg har råd som gjelder både de ansatte og kontrollkommisjonen: Prøv å se oss som mennesker og ikke vandrende diagnoser. Det er en følelse jeg ofte har sittet igjen med, og det er en følelse jeg ikke unner noen andre. (Eline Skår, sitert i Norman & Åsebø, 2016)

Oppsummering, substantivisk bruk av schizofren

I og med at schizofreni er blant dei mest stigmatiserte lidingane som finst, er substantivisk og personrefererande bruk av adjektivet *schizofren* verd å problematisera. Konstruksjonen er lett å byggja ut med eit passende substantiv (som t.d. *ein schizofren [person]*), slik ein unngår at diagnoserelaterte termar åleine refererer til det diagnostiserte mennesket. Å følgja prinsippa til *people first language* ved å erstatta uttrykk som *ein schizofren (person)* med *person som har schizofreni* kan ofte føra til redusert språkleg fleksibilitet, men funna til Granello & Gibbs (2016) tilseier at val av språklege konstruksjonar kan ha konsekvensar for oppfattinga av det som vert omtalt.

Undersøkinga til Granello og Gibbs gjaldt substantivisk bruk av adjektiv versus bruk av nøytrale, personrefererande substantiv med etterstilt attributt. Det hadde vore interessant å i tillegg undersøkje korleis attributiv adjektivisk bruk av adjektivet skårar i høve til dei andre alternativa, dvs. kva som er skilnaden i effekt på uttrykka *ein schizofren*, *ein schizofren person* og *ein person med schizofreni*. Basert på det Langendonck (2007) skriv om diagrammatisk ikonitet på det syntaktiske nivået, skulle ein tru at attributiv bruk er mindre problematisk enn substantivisk bruk, men meir problematisk enn predikativ bruk, som igjen er meir problematisk enn å nytta modifierarar i form av preposisjonsfrasar med substantivet *schizofreni* som utfylling. Det er ikkje likegyldig om ein nyttar adjektivet eller om ein nyttar substantivet: Adjektivet *schizofren* denoterer ein eigenskap ved personen, korleis personen er, medan substantivet *schizofreni* denoterer ein separat entitet, sjukdommen.

Det er interessant å merka seg at substantivisk og personrefererande bruk av diagnoserelaterte adjektiv ikkje førekjem i det heile i materialet frå rundt 1900, bortsett frå eitt tilfelle av substantivisk bruk av *manisk* i Friedenreich («de maniske»). Men nærlesing av tekstane viser at korkje *hebefren*, *kataton*, *paranoid*, *hysterisk*, *melankolsk* eller andre diagnoserelaterte adjektiv er nytta substantivisk og personrefererande i det eldste lærebokmaterialet, sjølv om dei språkleg sett er like godt eigna til substantivisk bruk som *schizofren*. Det vil ikkje seia at substantivisk bruk av adjektiv ikkje førekjem

i det heile. Adjektivet *degenerert*, som ikkje er knytt til diagnose, men til etiologi, er nytta substantivisk ved til saman tre høve. Men det er det uspesifikke adjektivet *sjuk* som er klårt mest nytta substantivisk for å referera til dei diagnostiserte personane. I tillegg vert personane ofte refererte til vha. substantivet *pasient*, som i likskap med adjektivet *sjuk* er svært uspesifikt m.o.t. diagnose. Ved nokre få høve er avleiingar med *-ar* nytta, det gjeld *katatonikar* og *paranoikar*, med tre treff kvar i 1900-materialet.²⁰⁰ Substantivisk og personrefererande bruk av diagnoserelaterte adjektiv ser dermed ut til å ha dukka opp for fullt i perioden mellom 1900 og 1950.

I debatten rundt korrekt språkbruk om sensitive tema er det viktig å ikkje slå barnet ut med badevatnet: På den eine sida er det viktig å ikkje nytta språk som fører til stigmatisering eller uheldige konnotasjonar. Sjå t.d. Russell, Mammen, & Russell (2005), som drøftar korleis stigmatiserande merkelappar over tid kan bli internaliserte av det omtalte individet. På den andre sida er det viktig at språkbruken er presis, smidig (dvs. økonomisk og i tråd med språket sin naturlege syntaks) og reflekterer alvoret i dei fenomenane han refererer til. Denne balansegangen er vanskeleg. Ta for eksempel termen *utbrend*, som har blitt kritisert for å føra til unødvendig negative følgeslutningar og i verste fall sjølvoppyllande teoriar om irreversibel skade (Retterstøl, 1998: 30; Cullberg, 2003: 207). Men alternative termar som *uttappa* eller *utladd*, føreslegne av Retterstøl (1998), signaliserer ikkje det same alvoret som *utbrend* gjer, og dette kan gjera det vanskelegare å få sjukemelding, tilrettelegging, forståing m.m. frå hjelpeapparat, jobb og familie. Ein person som er «utbrend» har per definisjon brunne for noko, dvs. vore ei eldsjel. Såleis er det ei viss anerkjenning av personen å kalla han «utbrend», då termen impliserer at ein har stått på meir enn det er rimeleg å forventa av nokon. Ein «utladd» person kan kanskje stå i fare for å bli uglesett for ikkje å ha teke ansvar for å «lada seg opp» imellom slaga, dvs. leva sunt, trenar m.m. Overdriven korrekt og forsiktig bruk av diagnoserelaterte termar kan paradoksalt nok bidra til å forsterka stigmaet og tabuet som heftar ved diagnosane, sidan dette implisitt

²⁰⁰ Termen *katatonikar* er òg nytta ein gong i 1950-materialet.

kan signalisera at t.d. schizofreni er noko så ille at ein ikkje bør seia om ein person at han «er schizofren», jf. sitatet frå Friis (2012) over. Ein må finna den rette balansen mellom det å unngå å bruka termane som skjellsord, og det å handsama termane *som om dei var* skjellsord. For menneska med diagnosane er det truleg lite oppbyggeleg at termane som er knytte til diagnosen etter kvart vert så tabubelagde at andre vegrar seg for i det heile å nytta dei.

Strømmen et al. (2015), som har undersøkt korleis fedmepasientar oppfatta ulike uttrykk relaterte til fedme, trekkjer fram dilemmaet til behandlaren som skal drøfta sensitive tema med pasienten: Krenkjande uttrykk kan verka mot si hensikt. Men det finst forskning som tyder på at fedmepasientar oppfattar direkte uttrykk som meir motiverande i høve til endring enn eufemismar (Strømmen et al., 2015: 1735). Av og til er det kanskje mest tenleg å kalla ein spade for ein spade, men det er vanskeleg å vita dette sikkert på førehand.

Den store variasjonsbreidda i sjukdomsspektrum som autisme og schizofreni gjer at det er vanskeleg å vurdera språkbruk som gjeld heile spekteret. Der høgtfungerande autistar (personar med Aspergers) tek til orde for auka toleranse og eit vidare normalitetsomgrep, understrekar pårørande og fagfolk kor invalidiserande ei autismespekterlidning kan vera, og kor viktig det er å få behandling og opptrening. Førstnemnde gruppe meiner at det å freista å kurera autisme er umogeleg og eit utslag av intoleranse og konformitetstenking. Sistnemnde gruppe hevdar at behandling og opptrening er naudsynt, har god effekt og gjer det mogeleg å få eit vesentleg betre liv. Det kan vera at begge grupper har rett når det gjeld sin del av autismespekteret, og at problemet er at dei omtalar heile spekteret når dei eigentleg siktar til delar av det. Dei ulike ståstadane gjer at dei ulike gruppene har diametralt motsette syn på termar som *autist*: Førstnemnde gruppe oppfattar dei som nøytrale og uproblematisk, sistnemnde som stigmatiserande. Når det gjeld schizofreni, finst det som nemnt ikkje, etter det eg kjenner til, nokon organisasjon av schizofrene menneske som eksplisitt krev å verta refererte til med termar knytte til diagnosen sin, i form av termar som *schizofrenikar*

eller liknande. Det kan til dels henga saman med at schizofrenispekterlidingar manifesterer seg mykje seinare i livet enn autismespekterlidingar, og at schizofreni i større grad vert opplevd som noko som øydelegg ein i utgangspunktet frisk person heller enn som ein medfødd tilstand eller ein identitet (Solomon et al., 2013).

Etter at eg no ha drøfta metonymi i samband med adjektivisk og substantivisk bruk av adjektivet *schizofren* (pluss nokre beslektta adjektiv), er turen komen til metonymisk bruk av substantivet *schizofreni*.

6.3 Metonymisk bruk av substantivet *schizofreni*

Vi har sett at adjektivet *schizofren* kan nyttast substantivisk for å referera til ein person som har den eigenskapen adjektivet denoterer. Eg har òg funne at substantivet *schizofreni* kan verta nytta metonymisk for å referera til ein person diagnostisert med schizofreni, men at denne bruken er mykje sjeldnare og vanskelegare å identifisera enn substantivisk bruk av adjektivet. Like fullt er denne bruken nemnd i SAOB sitt oppslag for *schizofreni*:

[...] särsk. konkretare, om enskilt fall av schizofreni l. om person som insjuknat i l. lider av schizofreni. *Ett icke obetydligt antal av färska schizofrenier tillfrisknar eller förbättras spontant. SocÅb. 1945, s. 61. Kanske någon undrar .. om man verkligen .. tycks ha räddat några av de begynnande schizofrenierna eller de «känslökalla psykopaterna» åt ett normalt liv. Vi 1952, nr 22, s. 25.*

Der substantivisk bruk av adjektivet alltid refererer eintydig til den sjuke personen (så lenge det ikkje er snakk om ein ellipse, sjå over), refererer substantivet *schizofreni* primært til sjukdommen, og berre unntaksvis til den sjuke personen åleine. Men grenseoppgangen er vanskeleg, og somme tider kan det sjå ut som om referansen gjeld både personen og sjukdommen på ei og same tid.

Når substantivet *schizofreni* er nytta personrefererande, kan vi snakka om ein ekte språkleg DIAGNOSE FOR PERSON-metonymi i form av det Bierwiazzonek (2013: 117f.) kallar «Minor conversions», dvs. at eit abstrakt substantiv har blitt konkret og teljeleg.

Denne typen bruk av substantivet finn vi allereie 16 linjer inn i Bleuler sin 1908-artikkel:

Durch zwei Doktorandinnen [...] habe ich die während 8 Jahren im Burghölzli aufgenommenen **647 Schizophrenien** in bezug auf die Prognose durcharbeiten lassen. (Bleuler, 1908: 437). [10]

Det er to døme til på slik bruk i Bleuler (1908):

Wir bekommen nur einen sehr beschränkten Teil **aller Schizophrenien** in unseren Anstalten zur Beobachtung [...] (Bleuler, 1908: 461). [11]

Dafür werden ganz leichte **Schizophrenien** durch eine interkurrente Zornaufwallung, einen Zuchthausknall, eine manische Erregung, einen Selbstmordversuch, einen pathologischen Rausch in die Anstalt gebracht. (Bleuler, 1908: 461) [12]

I døma ovanfor ser vi at substantivet *Schizophrenie* tydeleg refererer til einskildtilfelle av schizofreni, dvs. til personar med schizofreni, og ikkje til fenomenet/sjukdomskategorien generelt. Substantivet har her gått frå å vera abstrakt og uteljeleg til konkret og teljeleg. Dette er døme på referensiell metonymi: Substantivet som er namnet på sjukdommen, vert nytta for å referera til eit tilfelle av sjukdommen, ein person med schizofreni.

Det er ikkje så mange tilfelle av tydeleg metonymisk bruk av *schizofreni* i lærebøkene, og dei som finst, er å finna i 1950-materialet, og framfor alt i Langfeldt (1951). Følgjande døme ser ut til å vera «reine» metonymiar, gjeve setningskonteksten dei opptrer i:

Ved Boston Psychopathic Hospital, U.S.A., hvor **et stort materiale lobotomerte schizofrenier** var etterundersøkt i en årrekke, var man nærmest

kommet til det resultat at **de tilfeller av «schizofreni» som ble helt restituert etter operasjonen**, ikke hadde frambudt de typiske schizofrene grunnforstyrrelser, men nærmest svarte til de schizofreniforme psykososer (beskrevet av Langfeldt). (L: 395)

Journaler over skizofrenier (SS: 155)

På grunn av lidelsens kroniske natur og nødvendigheten av forpleining i anstalt for et flertall av tilfellene, utgjør **schizofreniene overalt et flertall av asylenes klientel**. (L: 345)

Konstruksjonen «lobotomerte schizofrenier» i det første dømet er eit typisk døme på det vi kan kalla DIAGNOSE FOR DIAGNOSTISERT-metonymi: Namnet på diagnosen, *schizofreni*, vert nytta for å referera til menneske som har fått diagnosen. (Det var menneske diagnostiserte med schizofreni som vart lobotomerte, ikkje schizofrenien deira.) I den språklege konstruksjonen vert mennesket redusert til sin eigen diagnose. Når denne metonymien vert kombinert med perfektum partisipp av verbet *lobotomera* som attributt, får vi ein «upersonleg» konstruksjon der vi på tekstoverflata manglar referanse til agens («kven lobotomerte?»), og der pasient er metonymisk referert til vha. diagnosenamnet («schizofrenier»). Den kongruente framstillinga av saksforholdet ville ha vore noko slikt som ‘x lobotomerte y fordi y hadde schizofreni’. Språkleg sett er overgangen frå abstrakt og uteljeleg til konkret og teljeleg i regelen markert ved fleirtalsbøying og determinativ som talord og andre kvantorar. Når t.d. Langfeldt skriv: «En kan regne med at i de skandinaviske land utgjør antall **schizofrenier** fra 50–70 % av sinnssykehusenes samlede klientel.» (L: 345), så refererer prosenttalet til innlagte personar diagnostiserte med schizofreni, og «antall schizofrenier» refererer til pasientar diagnostiserte med schizofreni, som utgjør ein viss prosentdel av «klientellet» på mentalsjukehusa.

Grensetilfelle

Som oftast vert substantivet *schizofreni* nytta for å referera til diagnosekategorien/sjukdomstilstanden:

Skizofrenien er den i social henseende viktigste sindssygd. (SS: 133)

Diagnosen skizofreni er en klinisk diagnose, og der findes ingen robuste, spesifikke (potentielt diagnostiske) biologiske markører for sygdommen. (MKP: 247)

Men av og til er det uklart om det er det abstrakte sjukdomsfenomenet det vert referert til, eller meir konkrete manifestasjonar av det. I tilfelle der substantivet *schizofreni* er nytta i fleirtal, er det av og til vanskeleg å avgjera om lærebokforfattern snakkar om einskildkasus eller generaliserer over fleire kasus, eller om han siktar mest til ulike undergrupper av sjukdommen, til tilstandar innanfor schizofrenispektrumet, eller til andre former for delmengder av kategorien schizofreni, t.d. ulike typar forløp eller symptombilete, eller til personar som er diagnostiserte med sjukdommen.

Så vel ved alkohol- som ved brom- og andre forgiftningstilstander framkommer ofte paranoid-hallusinatoriske tilstander som lett diagnostiseres som **schizofrenier** hvis man ikke kjenner anamnesen og stiller diagnosen bare på bisymptomer. (L: 388)

Det er mulig at en kombinasjon av nevroleptika og benzodiazepiner kan være av verdi ved **schizofrenier** med betydelige hallusinasjoner der nevroleptika alene ikke har tilstrekkelig effekt. (MRD: 217–8)

Croft (2003) meiner som nemnt at metonymi ofte kan sjåast som framheving av eitt domene i ei domenematrise. Ifølgje han kan meir enn eitt domene verta framheva på ei og same tid, men av ulike kontekstuelle triggjarar, dvs. at eitt språkleg element kan referera til ulike domene eller fasettar samstundes. Croft (2003: 196) illustrerer dette fenomenet med dømet: «I cut out this article on the environment», der *article* refererer både til OBJEKT og INNHOLD, triggja av høvesvis *cut out* og *on the enviroment*.

Det same kan seiast å vera tilfellet for nokre av treffa på bruk av *schizofreni*. I følgjande døme ser substantivet *schizofreni* ut til å på ei og same tid referera til sjukdommen og

den sjuke personen. Kontekstriggarar for dei ulike tydingane er markerte med understreking:

I et materiale fra tiden før nevroleptika viste Stephens og medarbeidere (1997), som gjennomgikk et større materiale (484) av pasienter som hadde ligget i Phipps-klinikken i Baltimore at bare 13 % kunne karakteriseres som helbredet etter 5 år (presis som Kraepelins funn), mens 58 % var uforandret. De fant dårligst resultat hos dem som var oppfattet som «**rene schizofrenier**», og gunstigere forløp ved den tilstanden som var kalt schizofreniforme og best ved de schizoaffektive. (MRD: 223)

Det er bemerkelsesværdigt, at næsten samtlige skizofrene drabsmænd har haft mindst én psykiatrisk indlæggelse, der har fundet sted inden drabet, dvs. at det ikke drejer sig om uopdagede skizofrenitilfælde. (MKP: 300)

I omkring 10 % av **tilfellene av schizofreni** har stoffmisbruk gått forut for sykdommens debut, særlig cannabisbruk. (MRD: 203)

Behandlingen af skizofreni er i een henseende en utaknemmelig oppgave, for så vidt som man ikke kan gøre sig håb om fuldstændig at helbrede disse patienter. (SS: 150)

Det er eit ein-til-ein-forhold mellom eit tilfelle av schizofreni og personen som har schizofreni, dvs. at det ikkje er med schizofreni som med t.d. forkjøling; ein vert ikkje frisk av schizofreni for så å få eit nytt tilfelle av schizofreni på eit seinare stadium, då snakkar ein heller om tilbakefall til den opphavlege schizofrenien, som ein tenkjer seg har lege og «ulma» under overflata heile tida. Eitt sjukdomstilfelle = eitt kasus = ein pasient. Eit tilfelle av schizofreni, eller eit schizofrenikasus, er altså på den eine sida ein manifestasjon av sjukdommen, på den andre sida eit (unikt) menneske med sjukdommen, og den språklege konteksten (framheva av meg ved understreking) avgjer kva aspekt som eventuelt vert framheva. Jamfør følgjande sitat:

I Norge ble i 1945 som nevnt i alt 385 nye **tilfeller av schizofreni innlagt for første gang i asyl. (L: 345)**

Av interesse er også anførselen om at de **tilfeller av schizofreni** som reagerte gunstig på lobektomiene, for det meste var pasienter hos hvem det kunne påvises affektive tilblandinger og exogen genese. (L: 395)

At de imidlertid kan bringe betydelige forandringer selv i **tilfeller av schizofreni som har vart i årevis**, framgår av følgende statistikk over 100 lobotomerte, kronisk psykotiske pasienter fra Royal Edinburgh Hospital for Nervous and Mental Diseases (Henderson). (L: 395)

I over halvparten av **tilfellene av schizofreni** vil vi finne at **pasientene som barn har vært innadvendte, ofte oppfattet som nervøse eller følsomme**. (MRD: 204)

Endelig skal nevnes at man ved begynnende **tilfelle av schizofreni** svært ofte påtreffer **lettere tvangsfenomener, så vel i form av tvangstanker som fobier og banale og til dels også barokke tvangshandlinger**. (L: 364)

I dei to første sitata fungerer frasen *tilfelle(r) av schizofreni* personrefererende, i sitat nummer tre refererer han til sjukdommen, og i dei to siste sitata er det inga klar framheving av det eine eller det andre tydingsaspektet.

Substantivet *schizofreni* kan altså opptre med både uklår, tvitydig eller dobbelt referanse. Som nemnt i avsnitt 5.2.2 er denne typen vagheit ikkje uvanleg i samband med metonymiske tydingsutvidingar baserte på konseptuell kontiguitet (Halverson, 2012).²⁰¹

6.3.2 Oppsummering, metonymisk bruk av substantivet *schizofreni*

Metonymisk bruk av substantivet *schizofreni* er tilliks med substantivisk bruk av adjektivet *schizofren* døme på ein metonymisk språkbruk der ein kognitivt salient del av heilskapen vert nytta for å referera til heilskapen. Medan substantivisk bruk av

²⁰¹ Det same fenomenet gjer seg gjeldande òg t.d. når det gjeld omtale av schizofrenibehandling. Behandling ser i læreboktekstane ut til å kunna vera retta mot anten den sjuke eller mot sjukdommen:

«Det har skjedd en gjennomgripende forandring i **behandling av schizofreni**.» (MRD: 212)

«Formen og innholdet i den miljøterapi som gis, må stå i forhold til den videre **behandling av pasienten**.» (MRD: 214)

Behandlingen af skizofreni er i een henseende en utaknemmelig opgave, for så vidt som man ikke kan gøre sig håb om fuldstændig at **helbrede disse patienter**. (SS: 150)

Schizofreni er en lidelse det i dag kan gjøres mye for. (MRD: 228)

Språkbruken i det første sitatet må tolkast som ein metonymi, SJUKDOMMEN FOR DEN SJUKE. Det er strengt teke pasienten ein behandlar (kurerer), ikkje sjukdommen. Formuleringa i det siste sitatet er ein litt spesiell, og gjerne ikkje heilt vellukka konstruksjon, då ein vel ikkje har som mål å kunna gjera mykje for schizofreni, men heller gjera mykje for (å hjelpe) pasientar med schizofreni.

adjektivet nær sagt florerer i tekstane, er «rein» metonymisk bruk av substantivet sjeldan, og han er helst å finna i 1950-materialet. Sjølv om metonymi ofte har blitt definert som eit referensielt fenomen der ein entitet vert referert til vha. eit uttrykk (i regelen eit substantiv) som normalt refererer til ein annan entitet (sjå 3.7.2), så er metonymisk bruk av substantivet *schizofreni* marginal samanlikna med metonymisk bruk av adjektivet *schizofren* i mitt materiale. Dette kan hengja saman med at metonymisk personrefererande bruk av substantivet er tvtydig, medan metonymisk personrefererande bruk av adjektivet (dvs. substantivisk bruk) er eintydig.

Dei problema som heftar ved substantivisk bruk av adjektivet, og som er drøfta i detalj over, heftar minst like mykje ved rein metonymisk bruk av substantivet. I røynda er det truleg slik at metonymisk bruk av substantivet er meir problematisk enn substantivisk bruk av adjektivet, då sistnemnde lett kan byggjast ut med eit personrefererande substantiv, noko som ikkje er tilfelle for metonymisk bruk av substantivet. Dette kan vera grunnen til at denne bruken er så sjeldan. Adjektivet denoterer ein menneskeleg eigenskap og er tett knytt til personen, medan substantivet denoterer ein entitet utanom personen. Å referera til personen ved hjelp av namnet på ein sjukdom er meir påfallande enn å referera til personen ved hjelp av namnet på ein salient eigenskap ved personen. Sistnemnde bruk er utbreidd i språket generelt, sjå Faarlund, Vannebo & Lie (1997: 241–242). Ein del av døma på bruk av *schizofreni*, særleg der substantivet er nytta i fleirtal eller inngår i ein større substantivfrase, som t.d. *tilfelle av schizofreni*, ser ut til å kunna referera dels til sjukdommen, dels til personen. Dette fenomenet er ikkje overraskande, då sjukdommen og den sjuke personen er tett relaterte til kvarandre, som vist i avsnitt 5.2.2.

6.4 Oppsummering av undersøkinga av metonymi og schizofreni

I dei undersøkte læreboktekstane har eg funne at adjektivet *schizofren* er mykje nytta metonymisk både i attributiv stilling og i substantivisk bruk. Attributiv metonymisk

bruk er døme på metonymisk kompresjon, der kompliserte saksforhold vert komprimerte ned til ein eigenskap ved ein av entitetane i schizofreni-ICM-en. Substantivisk bruk er døme på referensiell metonymi, der ein person vert referert til vha. ein salient eigenskap ved personen, nærere bestemt eit diagnoserelatert adjektiv. Vidare har eg funne at metonymisk bruk av *schizofreni* førekjem, men ikkje særleg ofte i si «reine» form. Meir sentral er den «blanda» bruken, dvs. tilfelle der substantivet refererer til både sjukdommen og personen ved hjelp av ulike kontekstuelle triggerar.

Medan attributiv metonymisk bruk per definisjon vert nytta i konstruksjonar som refererer til andre element i schizofreni-ICM-en enn den sjuke personen, vert substantivisk bruk av adjektivet og metonymisk bruk av substantivet nytta for å referera til den sjuke personen. Førstnemnde type adjektivbruk (over)forenklar kompliserte saksforhold, men er relativt uproblematisk når det gjeld stigmatisering av menneske med schizofreni, sjølv om han kan tykkjast vel upersonleg og lite empatisk dersom bruken er gjennomført i heile teksten, som i Blåboka. Personrefererande metonymisk bruk inneber ikkje på same måte ei overforenkling av kompliserte saksforhold, då referenten er konkret, og då 'schizofren' og 'schizofreni' er noko som per definisjon er relaterte direkte til personen, i og med at han er blitt diagnostisert av ein autorisert fagperson. Men denne bruken er problematisk på ein annan måte, nemleg i form av å kunna verka uheldig inn på korleis menneske med diagnosen vert oppfatta av andre, og ev. på korleis dei oppfattar seg sjølve. Substantivisk bruk er blitt kritisert av m.a. ein norsk lærebokforfattar, nemleg psykiatriprofessoren Einar Kringlen. I si psykiatrilærebok, nærere bestemt i avsnittet «Farer ved psykiatrisk diagnostikk», skriv han følgjande:

Psykiatriske diagnoser har vært kritisert på humanistisk grunnlag. Man har ansett det kritikkverdige å kategorisere mennesker, men fra psykiatrisk hold har man hevdet at det er symptomer og syndromer, og ikke menneskene som kategoriseres. Når man har brukt nevrotikere, schizofrene og psykopater som uttrykk, er dette sjargong og ikke riktig språkbruk. (Kringlen, 1997: 34)

Kendell (1975: 4) er òg inne på problema som heftar ved substantivisk bruk av diagnoserelaterte adjektiv:

It is by no means rare for the aura surrounding such terms as hysteric, neurotic, psychopath and schizophrenic to have harmful effects on people's behaviour and attitudes towards the patient so labelled, and on his own attitude to himself; and at times they are used, by professional personnel as well as by laymen, as little more than thinly disguised expressions of contempt.

I ein vitskap som psykiatri, der forskingsobjektet er sårbare individ, har mange peikt på at det bør vera eit mål at språkbruken ikkje berre er presis, eintydig, standardisert og objektiv, men at han òg er respektfull overfor dei han omhandlar, noko òg Lauveng understrekar i følgjande sitat:

[...] diagnoser innebærer kategorisering av *mennesker*, og det vil alltid være annerledes enn å kategorisere ting som mynter eller frimerker. Mennesker vet hva som skjer, og de blir påvirket av det, på godt og vondt. Å få en psykiatrisk diagnose kan oppleves som en dom, som noe fremmed, og hvis man ikke har følt seg syk før, så gjør man det i alle fall da. (Lauveng, 2005: 138)

Det at diagnosen din eventuelt vert nytta metonymisk for å referera til deg av behandlarane dine, kan potensielt kjennast belastande og nedverdiggande.

Det kan nok opplevast som relativt utfordrande for fagfolk og behandlarar m.m. å skulla skriva og snakka om sensitive saker utan å risikera å trakka sårbare menneske (eller deira pårørande) på tærne. Ved å nytta adjektivet *schizofren* metonymisk om aspekt ved sjukdommen/diagnosen unngår ein dette problemet, og ein oppfyller idealet som er presentert av Kringlen (over): å snakka om sjukdommen, ikkje den sjuke. Metonymisk bruk av adjektivet i ev. kombinasjon med grammatisk metafor resulterer i eit teknisk, upersonleg språk som gjer det mogeleg å drøfta sjukdommen utan å eksplisitt måtta nemna den sjuke. Dette kan vera med på å forklara kvifor den metonymiske bruken av adjektivet er så utbreidd i fagtekstane eg har undersøkt.

7. Metafor og schizofreni

Schizofreni betyder «spaltning af sindet». Betegnelsen rammer væsentlige sider af symptomatologien, for så vidt som patienterne ofte frembyder tegn på personlighedsspaltning og på mærkelige former for splittelse af følelseslivet og tankegangen; de fleste enkeltfunktioner er intakte, men integrationen svigter. (SS: 133)

Ikke sjelden har pasienten en følelse av uhygge eller katastrofe, der han føler at han går i oppløsning eller er i ferd med å spaltes. (MRD: 205)

schizofreni *mI* (av gr. *skhizein* 'kløyve' og *phren* 'sinn', opphavleg 'mellomgolv') *sinnssjukdom som fører til at personlegdomen blir kløyvd, og at vilje og kjenslev blir sløva; ungdomssløvsinn (NOB)*

I dette kapittelet undersøker eg om *schizofreni* på nokon måte kan seiast å vera ein levande metafor i det psykiatriske fagfeltet. I 5.1.2 viste eg at termene *dementia, praecox, sløvsinn* og *schizofreni* i si tid oppstod som metaforar, men har schizofrenitermen vore (eller har han nokosinne vore) ein levande metafor i skandinavisk psykiatrisk fagspråk? Og kan lærebokmaterialet mitt nyttast til å undersøka dette spørsmålet?

Innleiingsvis vil eg komma med nokre viktige presiseringar og avklaringar. Når ein drøftar metaforisk vitalitet, må ein ha klart for seg kva nivå ein til kvar tid befinn seg på. I diskusjonen om levande og døde metaforar er det naudsynt å skilja mellom a) omgrepsmetaforar (dvs. det kognitive nivået) og språklege metaforar (det språklege nivået), og b) mellom det språksamfunnsnivået og det individuelle nivået.

Det er ikkje utan vidare ein fordel at ein i omgrepsmetaforteorien nyttar termen *metafor* om så mykje: Metafor skal altså ifølgje OMT finnast i omgrepssystemet (som omgrepsmetaforar) og i språket (som språklege metaforuttrykk), på språksamfunnsnivå (som språklege normer) og på individnivå (som kognitive strukturar hjå individet og språkbruk nytta av eit individ i ein spesifikk kontekst). *Metafor* har i og med omgrepsmetaforteorien blitt ein mangetydig term, og det er lett å blanda saman dei

ulike nivåa. Müller (2008: 179f.) hevdar at levande–død-skiljet i røynda inkorporerer både konvensjonalisering, kognitiv aktivering og transparens, og at dette inneber ei samanblanding av det individuelle nivået og språksamfunnsnivået: «Metaphors are members of a linguistic system *and* they are used by individual speakers and writers and comprehended by individual listeners and readers.» (ibid.: 208–9) Kunnskap om og forståing av metaforar ligg på det individuelle planet, medan konvensjonalisering, frekvens og utbreiing høyrer til på språksamfunnsplanet, det Kövecses (2010: 305f.) kallar «the supraindividual level». Itkonen (2006) hevdar at det er ein utbreidd feil innanfor lingvistikk å blanda konvensjonar og normer, som har sosial eksistens, saman med kunnskap/kjennskap til konvensjonar og normer, som er individuell/psykologisk. Når ein snakkar om konvensjonelle omgrepsmetaforar og ditto metaforiske uttrykk, siktar ein til det sosiale nivået. Når ein snakkar om mentale strukturar som biletskjema og metaforiske koplingar mellom erfaringsdomene, siktar ein til det individualpsykologiske nivået. Det faktum at desse to nivåa interagerer (språklege normer påverkar individet og vice versa), bør ikkje føre til at dei vert samanblanda i framstillingar av metafor som fenomen.

For å illustrera dette har eg laga Figur 19, som viser dei ulike nivåa som er knytte til metaforisk vitalitet. I dette kapitlet vil eg konsentrera meg om språksamfunnsnivået, dvs. om det som er oppført i den høgre kolonnen i figuren.

Metaforisk vitalitet	Individ	Språksamfunn
Språkleg	Kjennskap til språkleg norm	Språkleg norm
Kognitivt	Kognitiv aktivering	Felles tankemønster

Figur 19. Metaforisk vitalitet på ulike nivå

Spørsmålet om levande versus døde metaforar er dermed meir komplisert enn ein kan få inntrykk av ut frå enkle metafordefinisjonar, og heller ikkje innerter i kognitiv metafor-teori er det semje om kriteria for metaforisk vitalitet. I det følgjande vil eg drøfta kriterium for kva som skal reknast som ein levande metafor (7.1). Deretter drøftar eg kva dei ulike kriteria inneber for spørsmålet om metaforisiteten til termen

schizofreni (7.1.1–7.1.5). I 7.2 presenterer eg ei undersøking av læreboktekstane der den metaforiske vitaliteten til schizofrenitermen vert sett under lupa. Avsnitt 7.3 består av ei oppsummering og ei normativ drøfting, der òg den folkelege bruken av schizofrenitermane vert trekt inn.

7.1 Kriterium for metaforisk vitalitet

Ifølgje Lakoff (1987a) og Lakoff & Turner (1989) kan ein metafor vera død på eitt nivå, men levande på eit anna, som t.d. *comprehend*,²⁰² frå lat. ‘saman + gripa/forstå’, som i ODE vert definert som ‘grasp mentally’. *Comprehend* er ifølgje Lakoff **lingvistisk** død som metafor i engelsk fordi: «In English, [comprehend] does not mean ‘to hold onto’».²⁰³ Omgrepsmetaforen²⁰⁴ (det metaforiske tankesettet) som i si tid motiverte den overførte tydinga i latin, er derimot **kognitivt levande**, fordi det framleis er systematiske tilordningar mellom objekthandtering og forståing som gjev seg utslag i ulike språklege metaforuttrykk, som *grasp* for ‘forstå’ (Lakoff, 1987a: 146).

Ifølgje Lakoff (1987a) kan ein metafor òg vera **død både språkleg og omgrepsmessig**. Lakoff trekkjer fram ordet *pedigree* som illustrasjon på denne kategorien. *Pedigree* hadde opphavleg tydinga ‘tranefot’ (av fr. *pé de grue*, ODE) og fekk den metaforiske tydinga ‘stamtre’ sidan stamtrea tidlegare nytta eit tranefot-liknande diagram for å illustrera slektsliner. Metaforen er døme på det Lakoff kallar ein «one-shot» biletmetafor, motivert av fysisk likskap mellom to fysiske entitetar. Sidan *pedigree* ikkje lenger har tydinga ‘tranefot’ i engelsk, og sidan stamtre ikkje lenger har tranefotliknande diagram, er metaforen ifølgje Lakoff død både språkleg og konseptuelt. Som døme på ein metafor som er **levande både språkleg og**

²⁰² Av latin *com-* ‘saman’ + *prehendere* ‘gripa’. Ordet har ‘forstå’ som overført tyding i latin <http://www.oxfordreference.com/view/10.1093/acref/9780191739583.001.0001/acref-9780191739583>

²⁰³ Det vil seia at *comprehend* ikkje har tydinga ‘gripa’ i konkret forstand på engelsk. Ifølgje Allan (2013) var den konkrete tydinga i bruk i engelsk på 15- og 1600-talet, men bruken var sjeldan og avgrensa til visse stilar og sjangrar. ‘Gripa’-tydinga gjekk ut av bruk i løpet av 1600-talet.

²⁰⁴ Omgrepsmetaforen vert kalla UNDERSTANDING IS GRASPING på engelsk (Lakoff & Johnson 1999: 54).

omgrepsmessig, drøftar Lakoff ordet *grasp*, som har same rolle i engelsk som *comprehend* har i latin, nemleg at det kan referera til både ‘gripa’ og ‘forstå’. Denne metaforen er ifølgje Lakoff levande på begge nivå.

Lakoff skil i drøftinga av levande og døde metaforar mellom omgrepsmetaforar, som han vurderer som interessante, og biletmetaforar, som han ikkje synest er interessante. Medan *grasp* i tydinga ‘forstå’ er overflatemanifestasjon av ein omgrepsmetafor som har fleire strukturelle tilordningar, og fleire språklege manifestasjonar, er *dunk*, frå ‘dykka ned i vatn / dynka mat i væske’ ein biletmetafor nytta metaforisk om ein type scoring i basketball. Her meiner Lakoff at båe bileta er levande for språkbrukaren, men at dette i alle høve er «not an interesting metaphor» (Lakoff, 1987a: 145), fordi det berre er snakk om éi tilordning og eitt språkleg uttrykk, baserte på oppfatta fysisk likskap. Det vert ifølgje Lakoff i slike tilfelle ikkje tilordna nokon kunnskapsstruktur frå kjeldedomenet til måldomenet, og det oppstår derfor ikkje metaforiske følgjeslutningar. Lakoff føreslår å byta ut termen *død metafor* med *historisk metafor* for tilfelle som *pedigree* og å skilja mellom historiske metaforar (*pedigree*), biletmetaforar (*dunk*), konvensjonelle metaforar (*grasp*) og metaforar som vert definerte vha. kjeldedomenet til omgrepsmetaforen (*comprehend*).

Som vi ser, set Lakoff altså **produktivitet** som eit kriterium for kva som skal gjelda som ein levande omgrepsmetafor: Dersom den konseptuelle koplinga mellom to ulike omgrepsdomene framleis genererer språklege metaforuttrykk, er den metaforiske koplinga levande. Lakoff nyttar den primære metaforen UNDERSTANDING IS GRASPING som døme på ein levande metafor, og det er gjerne ikkje tilfeldig. Korrelasjonsmetaforar som denne er ikkje baserte på oppfatta likskap, men på ålmenne assosiasjonar mellom grunnleggjande, men distinkt forskjellige skjema, der måldomenet i regelen er subjektive erfaringar. Her gjev det meining å snakka om «levande metaforar», i den forstand at vi nyttar kjeldedomenet for å omgrepsleggjera måldomenet, og at måldomenet dermed er meir eller mindre «avhengig» av og assosiert med kjeldedomenet. Når det å vaska seg på hendene viser seg å korrelera med redusert

skuldkjensle (Zhong & Liljenquist, 2006), kan vi seia at MORAL SOM REINLEIK er ein levande omgrepsmetafor. Nr det gjeld vitaliteten til språklege metaforar, set Lakoff som kriterium at **uttrykket framleis vert nytta i den opphavlege, ikkje-metaforiske tydinga.**

Deignan (2005) kommenterer Lakoff si framstilling og hevdar at kriteria hans er for lite detaljerte og vanskelege å operasjonalisera for bruk i empiriske undersøkingar. Likevel gjev ho Lakoff sin modell skryt for å inkludera to distinksjonar som er viktige for språklege undersøkingar:

These are, firstly, the existence or otherwise of the original literal sense of an item, a point which can separate historically figurative expressions from other kinds of metaphors, and secondly the existence of systematic linguistic mapping of one domain onto another (Deignan, 2005: 37)

Deignan skil mellom innovative, konvensjonelle, døde og historiske metaforar. Innovative metaforar definerer ho operasjonelt som ei tyding av eit ord som er funne mindre enn éin gong per tusen treff i korpus. Ho vedgår at skiljet mellom innovative og konvensjonelle metaforar er uskarpt, sidan alle konvensjonelle metaforar ein gong har vore innovative. Konvensjonelle og døde metaforar er ifølgje Deignan vanskelegare å skilja frå kvarandre. Ho hevdar at skilnaden må liggja i at konvensjonelle metaforar på ein eller annan måte er «avhengige» av den bokstavelege tydinga, og at kjeldedomenet her har ei bokstaveleg tyding som er oppfatta som meir sentral (Deignan nyttar termen «core»), medan døde metaforar manglar begge desse kjenneteikna. Denne avhengigheita gjev seg ifølgje Deignan ofte utslag i form av konstruksjonar der måldomenet er eksplisitt nemnt i ytringa, for å letta forståinga, som i dømet «the civil service machinery» (Deignan, 2005: 42). Dette fenomenet er drøfta av fleire forskarar, men under ymse namn hjå dei ulike: Goatly (2011: 182) kallar det både domenesignalisering og emneindikator og ei form for metaforsignalisering,²⁰⁵

²⁰⁵ Han formulerer det slik: «In fact lexis which Indicates the Topic can simultaneously signal the metaphor».

Stefanowitsch (2006) kallar det metaforiske mønster, medan Dunn (2013) kallar det umetta metaforiske uttrykk.

Ifølgje Deignan er det ikkje alltid at vi finn slik signalisering av konvensjonelle metaforar. Ved tvil hevdar Deignan at ein semantisk analyse kan gje oss svar. Dersom både kjelde- og måldomenet er konkrete, vil metaforen ifølgje Deignan etter kort tid avgå ved døden. Ho nyttar *mouse* ('gnagar'/'skjermpilot') som døme på denne typen metafor. I tilfelle der måldomenet er abstrakt og kjelddomenet konkret, vil den abstrakte tydinga ifølgje Deignan vera avhengig av den konkrete, og metaforen er dermed konvensjonell, ikkje død. Her nyttar ho følgjande to sitat som illustrasjon:

... the glider soars effortlessly on the warm air.

For the first time in months my spirits soared.

Deignan hevdar vidare at ein finn avhengigheit av kjelddomenet òg i metaforiske tydingar som er «primarily evaluative», t.d. «She's such a little monkey», der overført tyding er avhengig av bokstaveleg tyding (Deignan, 2005: 46). Uttrykk med kroppsdelar eller organ som kjelddomene er ifølgje Deignan òg avhengige av kjelddomenet. Den bokstavelege tydinga til orda ligg oss her så nær (ordspel intendert) at sjølv i tilfelle der måldomenet også er konkret, vil den bokstavelege tydinga alltid bli oppfatta som den sentrale. (Dette inneber at Deignan truleg vil klassifisera uttrykk som *stolbein* og *fjordarm* som konvensjonelle, ikkje døde metaforar, som Lothe et al. (1997) hevdar at dei er, sjå avsnitt 3.3.3.)

Deignan set altså **måldomenesignalisering** eller ev. **abstrakt måldomene, evaluering** eller **kroppen som kjelddomene** som kriterium for metaforisk vitalitet.

Kriteria for metaforisk vitalitet som er drøfta av Lakoff og av Deignan, kan fyllast inn i følgjande felt i vitalitetsfiguren:

Metaforisk vitalitet	individ	språksamfunn
Språkleg vitalitet	-	Grunntyding i bruk (Lakoff) Måldomenet er eksplisitt nemnt (Deignan)
Kognitiv vitalitet	-	Språkleg produktivitet (Lakoff) Abstrakt måldomene, evaluering eller kroppen som kjeldedomene (Deignan)

Figur 20. Ulike kriterium for språkleg vitalitet på ulike nivå

I det følgjande vil eg med utgangspunkt i kriteria lista i Figur 20 drøfta vitaliteten til schizofrenitermen på det kollektive nivået, nærare bestemt i det psykiatriske språksamfunnet. Eg vil først undersøka om grunntydinga til schizofrenitermen kan tenkjast å på nokon måte vera i bruk i språksamfunnet, og deretter drøfta Deigan sine kriterium for kognitiv vitalitet i høve til schizofrenimetaforen.

Når det gjeld Lakoff sitt kriterium om språkleg produktivitet, kan, slik eg ser det, følgjande språklege undersøking av lærebokmaterialet gje indikasjonar om svaret på dette:

- 1) Står dei metaforiske termane *sløvsinn* og *schizofreni* isolerte i tekstane, eller er dei omgjevne av metaforiske uttrykk som ein kan argumentera for baserer seg på same kopling mellom mål- og kjeldedomene? Meir presist: Vert terminologi som på det gjevne nasjonalspråket i bokstaveleg, konkret tyding denoterer kjeldedomenet (SLØVSKAP, SPLITTING), nytta i overført tyding om det same måldomenet ((SJUKDOMSKATEGORIEN) SCHIZOFRENI)? Dersom lærebøkene nyttar språklege metaforar der måldomenet SCHIZOFRENI er omtalt ved hjelp av språklege element som er henta frå kjeldedomenet SPLITTING, kan det tyda på at omgrepsmetaforen SCHIZOFRENI SOM SPLITTING er levande, fordi han stadig produserer nye språklege metaforiske uttrykk (overflatemanifestasjonar) som er baserte på den same koplinga mellom mål- og kjeldedomene som i si tid motiverte danninga av termen *schizofreni*.

Dersom slik språkbruk finst i læreboktekstane, er det naturleg å følgja opp med undersøking 2) og 3) under.

- 2) Medførte det terminologiske skiftet frå *dementia praecox* / *ungdomssløvsinn* til *schizofreni* ei endring av metaforbruken i lærebøkene? Med andre ord: Skjedde det ein overgang i språkbruken om sjukdomsfenomenet – frå *sløvskap* til *splitting*? Dersom lærebøkene frå rundt 1950 og 2000 inneheld språklege overflatemanifestasjonar av splittingsmetaforen, kan ei samanlikning med lærebøkene frå rundt 1900 gje indikasjonar på i kva grad desse metaforane dukka opp først etter innføringa av termen *schizofreni* eller eksisterte i lik grad i lærebøkene pre 1908. I fall dei ser ut til å primært ha dukka opp i og med innføringa av termen *schizofreni*, er dette ein indikasjon på at termbyttet innebar ei dreining av val av språklege metaforar for å omtala fenomenet, noko som kan reflektera ei ny omgrepsleggjering av fenomenet, med nye metaforiske følgjeslutningar og med det nye resonnement, forskingsspørsmål og handlingsstrategiar (jf. Thibodeau & Boroditsky (2011) og Leary (1990)).

- 3) Er dei språklege metaforuttrykka markerte som metaforar på ein eller annan måte av lærebokforfattarane? Metaforsignalisering eller andre former for atterhald, som t.d. bruk av hermeteikn, i den umiddelbare språklege konteksten til dei metaforisk nytta orda kan gje indikasjonar på at sendar er merksam på at orda er nytta i overført tyding, og på at dei ikkje er presise og nøytrale. Motsett kan mangel på signalisering eller atterhald tyda på at metaforane vert oppfatta som gangbar og konvensjonell språkbruk i vitskapeleg kontekst, og at nokre av dei nærast kan ha fått status som fagtermar. (Sjå 4.2.1.) Merk at i OMT er mangel på merksemd på eller medvit om metaforisiteten til metaforuttrykka (som eg vil tru heng saman med mangel på bruk av metaforsignalisering) ikkje indikasjon på metafordød, men på konvensjonalisering og innprenting (*entrenchment*), sjå Kövecses (2010: xi) og avsnitt 3.3.3.

Kva kan desse tre språklege undersøkingane av læreboktekstane gje av sikker informasjon om vitaliteten til schizofrenimetaforen? Dei kan ikkje slå fast noko om dei metaforiske tenkjemåtane til individa i eit gjeve språksamfunn eller populasjon. Slike spørsmål krev psykologvistiske metodar. Men ved å studera språkbruken til eit språksamfunn kan ein bidra til å avdekkja språklege mønster og system og dermed få innblikk i tankemønster til fellesskapet, ikkje minst til dei vitskapelege tankemønster, som ifølgje Popper (1979: 106) har sosial eller intersubjektiv eksistens. Det er dette nivået eg er interessert i å undersøka. Eg tek altså det atterhaldet at sjølv om eg finn at eit ord/uttrykk har ei meir opphavleg tyding i språket og slik kan seiast å vera metaforisk, vil det ikkje automatisk innebera at det er ein levande språkleg metafor for den som nyttar det, og/eller for tilhøyraren/lesaren. Men så lenge eit språkleg element har ei meir opphavleg tyding i eitt språk, kan vi snakka om at vi har med ein metafor å gjera, om enn svært konvensjonell, på det sosiale nivået, i språket. Og dersom ei kopling mellom to domene, eller semantiske felt, gjev opphav til ulike språklege metaforuttrykk, kan vi snakka om at vi har med eit semantisk mønster i språket å gjera, i form av ein produktiv og dermed levande omgrepsmetafor

I det følgjande vert Lakoff og Deignan sine kriterium undersøkte i den rekkjefølgja dei er oppførte i Figur 20.

7.1.1 Er grunntydinga i bruk?

Termen *schizofreni* er lånt inn i skandinavisk fagspråk som ei eining, eit ord med berre ei tyding: ein psykiatrisk sjukdomskategori.²⁰⁶ Termen har dermed ikkje noka anna grunntyding. Men som nemnt i 5.1.2 er *schizofreni* sett saman av to ledd, *skhizein* 'kløyve' og *phren* 'sinn'. Bør termen i denne samanhengen analyserast som éi leksikalsk

²⁰⁶ Andre språk har ei meir puristisk tilnærming og har nytta omsetningslån som strategi for å namngje det psykiatriske sjukdomsfenomenet 'schizofreni': Islandsk har *geðklofi* 'sinn' + 'klyft, spalte', koreansk hadde til januar 2012 *jungshinbunyeolbyung* 'mind-split disorder' (Lee et al., 2013) og japansk til 2002 *Seishin Bunretsus Byo* 'mind-split-disease' (Sato, 2006). Sjølv om skandinavisk allmennspråk korkje har lånt inn det greske verbet *schizein* 'å splitta' eller *phren* 'sinn', har vi lånt det greske ordet *skisma* i tydinga 'splitting, kløyving, åtskiljing'. Likeins har vi orda *frenologi*, *frenesi* og *frenetisk*, som alle er orddanningar av *fren-* og refererer til psykiske fenomen.

eining, eller som to? Jamfør Pragglezaz-gruppa, som ifølgje Semino (2008: 12) er bevisst ulne når dei i MIP-prosedyren snakkar om «lexical units»:

The reference to ‘lexical units’ in the procedure is an acknowledgment that there is no unproblematic unit of analysis when investigating language generally and metaphoricity in particular. [...] Different researchers may define lexical units differently, depending on their goals and theoretical assumptions.

Til dømes kan vi då velja å handsama ledd i samansettingar kvar for seg. Om vi deler opp samansettinga *schizofreni* og analyserer forleddet *schizo-* for seg etter MIP-metoden (sjå 3.8), oppfyller det alle kriteria for metafor. Det har ei meir grunnleggjande tyding ‘splitta’, som er meir konkret, relatert til fysisk handling (kløyving/splitting er typisk ei menneskeleg handling), er meir presis og eldre enn den overførte tydinga. Den kontekstuelle (overførte) tydinga kontrasterer med den grunnleggjande tydinga (psykisk tilstand versus fysisk tilstand), men er forståeleg ut frå ho (splitting er eit veletablert kjeldedomene for psykisk dysfunksjon, på same måte som fysiske entitetar meir generelt er kjeldedomene for sinnet).

Schizo- er forleddsforma til *skhizein*²⁰⁷ og ho vert nytta i både opphavleg og overført tyding i medisinsk terminologi, som i desse døma frå *Norsk medisinsk ordbok* (Øyri, 1992: 698): *schizogenesis*: ‘formeiring ved deling’; *schizonychia*: ‘oppsplitting av neglene’; *schizophasia*: ‘uforståeleg, rotete tale ved schizofrenia’; *schizothymia*: ‘schizofreniliknande huglag; sky innovervend, kjenslekald måte å vera på’; *schizotrichia*: ‘oppsplitting av hårendane’. (Lista er ikkje utfyllande.)

Phren har òg ei meir opphavleg og konkret tyding som er i bruk i medisinsk fagspråk: ‘mellomgolv/diafragma’. Polysemien til ordet kjem av at ein på eit tidspunkt trudde at sinnet var lokalisert i mellomgolvet. Gjennom metonymien LOKALISASJON FOR LOKALISERT, EV. BEHALDAR FOR INNHALD, kunne ordet for ‘mellomgolv’ nyttast for å referera til sinnet. Teorien om mellomgolvet som sete for sinnet forsvann, men etterlét

²⁰⁷ <http://www.oxforddictionaries.com/definition/english/schizo->

seg denne språklege koplinga. *Fren/phren* er framleis nytta i begge tydingar, som det går fram av desse døma frå *Norsk medisinsk ordbok* (Øyri, 1992: 606): *phrenicus*: ‘som gjeld mellomgolvet’, *phrenesia*: ‘eldre namn på sterkt, bråttkomande sinnssjukdom’; *phrenodynia*: ‘smerter i mellomgolvet’; *phrenolepsia*: ‘tvangsførestilling’, og dei polyseme termane *phrenitis*: 1 ‘delirium’; 2 ‘mellomgolvsbetennelse’ og *phrenoplegia*: 1 ‘brått samanbrot av forstanden’; 2 ‘mellomgolvflamme’.

I spørsmålet om metaforisk vitalitet lener Pragglez seg på framstillinga til Lakoff (1987a), dvs. at konvensjonalitet ikkje er eit eksklusjonskriterium (sjå over), og opplyser følgjande:

In our case study, we aimed to mark as metaphorical any word that has an active metaphorical basis, in the sense of there being a widespread, knowable, comparison, and contrast between that word’s contextual and basic meanings. Of course, depending on one’s specific research interests, an analyst could adopt a more liberal scheme and identify as metaphorical any word that currently has, or once possessed, a metaphorical comparison and contrast between its basic and contextual meanings. This could be done, for example, for the contextual meaning of pedigree «family tree» if the historically original basic meaning, crow’s²⁰⁸ foot, is considered. (Pragglez-Group, 2007: 30)

For at eit språkleg uttrykk skal kallast ein metafor i MIP-metoden, må det altså vera «a widespread, knowable, comparison, and contrast» mellom grunntydinga og den kontekstuelle tydinga til ordet, noko som vel må tolkast som at grunntydinga må vera kjend for språkbrukarane i språksamfunnet. Men kor «knowable» må grunntydinga vera i språket før vi kan slå fast at metaforen er levande? Deignan (2005: 40) meiner at opphavleg tyding må vera *i bruk* i språket for at metaforen skal kallast lingvistisk, medan Goatly (2011: 32) nyttar *tilgjenge* og Müller (2008: 182) *transparens* som kriterium. For dei to sistnemnde ser dermed kjennskap til etymologien til ordet ut til å vera tilstrekkeleg.

²⁰⁸ Sic – Pragglez refererer her til feil fugl! Som nemnt i avsnitt 7.1 har *pedigree* tidlegare hatt tydinga ‘tranefot’ i engelsk.

Müller (2008: 11) skriv at språkleg transparens nok er knytt til både individ- og språksamfunnsnivå, men at det er det sistnemnde nivået som er viktig:

Transparency may figure on both levels. I, however, suggest that it is primarily a property related to the linguistic system. Note that one of the major characteristics of language change is loss of transparency, and what is relevant here is not that a metaphor becomes opaque for a specific person at the specific moment when he or she is speaking or writing but that it ceases to be transparent for a community of speakers. In other words, processes of conventionalization in verbal metaphors are often, if not mostly, accompanied by a loss of transparency. A systematic way of accounting for the loss of transparency is to check whether the verbal metaphor continues to figure as a literal expression in the language. If it does, then transparency is ensured for an average speaker. If not, then transparency can be reestablished through etymological reconstruction, that is, the identification of a historical, literal meaning.

Psykiatriske termar stammar ofte frå ord som opphavleg denoterer sensomotoriske erfaringar. Dette gjeld ikkje minst det store tilfanget av fagtermar med opphav i latin og gresk, som er nytta internasjonalt og fungerer som eit slags lingua franca for psykiatrien så vel som medisin generelt (Butler, 1980).²⁰⁹ Termen *schizofreni* er som nemnt motivert av eit spesialtilfelle av den veletablerte omgrepsmetaforen SINNET SOM ENTITET, som inneber at sinnet vert omtalt som om det hadde fysiske eigenskapar, og som har motivert mange andre metaforiske uttrykk, som t.d. *svartsinn*, *sløvsinn*, *sinnssvak*, *åndssvak* og *tungsinn*.²¹⁰ Skilnaden mellom termene *schizofreni* og desse uttrykka er at forledda *svart*, *sløv*, *svak* og *tung* alle har ei meir konkret tyding som er i allmenn bruk i skandinaviske språk, men det er ikkje tilfelle for *schizo-*.

²⁰⁹ Dette er ikkje særmerkt for psykiatri som vitenskap, det gjeld og i større eller mindre grad for andre vitenskapar, mest relevant her er (somatisk) medisin generelt og anatomi spesielt.

²¹⁰ Merk: *Sinnssvak* og *åndssvak* er ikkje synonyme: Medan førstnemnde tyder 'sinnsjuk, meiningslaus, vanvitig, vill, tullete' (sjå BOB og NOB), refererer sistnemnde primært til psykisk utviklingshemming, dvs. medfødd eller tidleg skade/svekking på åndsevnene (NOB), òg kalla *oligofreni* (Øyri, 1992). Termen *åndssvak* hadde ifølgje Simonsen (2014) ein vid ekstensjon, då han omfatta både utviklingshemming og lettare nedsette kognitive funksjonar.

Levande–død-spørsmålet har vore drøfta i høve til innlånte termar av fleire enn Lakoff (1987a) (som drøftar *comprehend*): Goatly (2011: 32f.) drøftar *inculcate*,²¹¹ og Müller (2008: 77f.) drøftar (som nemnt i 3.3.3) *Depressivität*. Dei meiner høvesvis at termane er lingvistisk døde for «most English speakers, unless they are Latin scholars» (Goatly) og «the average [German] speaker» (Müller). Allan (2013: 292) drøftar *pedigree*, *ardent*,²¹² *comprehend* og *muddle*²¹³ og reknar dei som døde fordi «the corresponding etymologically literal senses are not recorded in corpus-based synchronic dictionaries.» Steen (2007: 94f.) drøftar *fervent*²¹⁴ og *ardent*, som vart lånte inn i engelsk frå latin med både fysisk og psykisk (dvs. overført) tyding, men som ser ut til å ha mist den fysiske tydinga og blitt eintydige.²¹⁵

Steen hevdar at spørsmålet er kva som skal reknast som ei konvensjonell og tilgjengeleg opphavleg tyding for *kva gruppe av språkbrukarar*, og nemner klassisk skulerte og folk med etymologiske kunnskapar, utan å komma inn på at dette ofte er to sider av same sak: Klassisk skulering gjev etymologiske kunnskapar, og etymologisk arbeid gjev innsikt i klassiske språk (Roggen, 2010). Jamfør med Allan (2013: 309): «[...] awareness of the etymology of borrowed words can also result from familiarity with the donor language, or related languages, entirely through written documents». Eit språk har mange ulike språksamfunn, kvart med egne kodar (Croft, 2000). Eit

²¹¹ Oxford Dictionary (nettversjonen): ‘inprenta’ av lat. ‘pressa inn’. Goatly hevdar at engelsk har uttrykket *stamp in* for den bokstavelege tydinga av *inculcate*.

²¹² Av lat. ‘brenna, vera sterkt forstyrta eller forvirring’, no ‘svært entusiastisk’.

²¹³ Før: ‘wallow in mud’, no ‘confuse’ (ODE).

²¹⁴ Av lat. ‘koka, vera aktivert’, no ‘ha lidenskapleg intensitet’.

²¹⁵ Steen hevdar at desse i løpet av ein 30-årsperiode har gått frå å vera polyseme til å bli monoseme, basert på funn i ordbøkene *Macmillan* og *Collins Cobuild* jamført med *Concise Oxford Dictionary* frå 1974. I dei to førstnemnde er orda definerte berre med den overførte tydinga, den psykiske, medan i sistnemnde er orda oppførte med både konkret tyding (høvesvis ‘varm, brennande, glødande’ og ‘brennande, glødande’, jf. ODE) og overført tyding. Men Steen nemner ikkje at dersom ein tyr til dagens nettversjon av *Oxford Dictionary*, er temperaturtydingane oppførte som tyding to etter den psykologiske (rett nok med merkelappen «archaic» i bae tilfella). I alle høve ser det ut som om den konkrete, opphavlege tydinga til orda er på veg ut or bruk i engelsk. Dette *kan* ifølgje Steen innebera at den eldre garde, klassisk skulerte og dei med etymologiske kunnskapar (i tillegg til dei som i likskap med meg har slått opp orda i oxforddictionaries.com) kjenner til at orda er (var) polyseme, og mogelegvis at den psykologiske tydinga av desse orda er overført/metaforisk. Resten av språkbrukarane oppfatar orda som monoseme, med berre psykologisk tyding.

fagfelt som psykiatri er eit døme på eit språksamfunn med eigen kode (= fagspråk), som sjølvstøtt har mykje sams med det større (nasjonal)språksamfunnet, men òg med det internasjonale fagfeltet, som omfattar grupper frå andre (nasjonal)språksamfunn, og med det medisinske språksamfunnet generelt. Psykiatri er ei spesialisering innanfor medisin, dvs. at ein psykiater er ein cand. med. med vidareutdanning. Psykiatarar har altså ikkje berre den spesifikke psykiatrinomenklaturen sams, men òg den medisinske nomenklaturen. Og medisinarar tileignar seg den psykiatriske nomenklaturen gjennom undervisning og praksis i psykiatri i løpet av medisinstudiet, jf. at dei lærebøkene eg undersøker, har medisinstudentar som den primære målgruppa.

Skjelettet i medisinsk fagspråket, nomenklaturen, byggjer til dels på klassiske språk som ingen lenger har som morsmål, men som fungerer som lingua franca. Medisinarar, herunder psykiatarar, er til ein viss grad klassisk skulerte og har etymologiske kunnskapar, om enn sjølvstøtt i varierende grad. Dermed kan dei komma inn under Steen sin definisjon av språkbrukarar med spesiell kompetanse. Kontroversen rundt schizofrenitermen i fagfeltet kjem m.a. av at a) termen ikkje er sett som dekkjande for det synet fagfeltet har på fenomenet per i dag, og b) at han har uheldige konnotasjonar som dels har opphav i etymologien til termen. Både a) og b) tyder på at termen på ein eller annan måte er gjennomsløkt for språkbrukarane.

I dei lærebøkene eg har undersøkt, har eg gjort funn som gjer det vanskeleg å kalla *schizofreni* ein ugjennomsløkt term i det medisinske språksamfunnet, dvs. å påstå at medlemane i språksamfunnet generelt manglar kjennskap til etymologien. Alle dei seks lærebøkene frå periodane 1950 og 2000 spanderer nemleg plass til å presentera etymologien til termen *schizofreni*. Å presentera etymologien til ein fagterm, slik lærebøkene gjer for *schizofreni*, kan vera ein forfattarstrategi for å skapa/styrkja metaforiske assosiasjonar og bilete hjå lesaren, slik at dei abstrakte fenomen som er omhandla i teksten, vert meir forståelege. Det kan òg tenkjast at forfattarane sjølve i alle fall delvis baserer si forståing av fenomenet schizofreni på splittingsmetaforen. Ingen av lærebokforfattarane problematiserer eller tek avstand frå metaforen som ligg

implisitt i termen *schizofreni*, men ser i all hovudsak ut til å godta eller i alle fall ikkje eksplisitt kommentera splittingsmetaforen. I det følgjande skal vi sjå korleis dei ulike forfattarane presenterer etymologien til schizofrenitermen.

Lærebøkene frå 1950:

Ordet schizofreni betyr splittat sinne eller klyvning av sjålslivet og utgør en beteckning på de viktigaste symptomene ved ifrågavarande sjukdom. (Lu: 175)

Skizofreni betyr «spaltning af sindet». (SS: 133)

Det som nå er det mest karakteristiske for det schizofrene tilstandsbillede ved siden av de enkelte grunnforstyrrelser på tenkings, følelses og viljeslivets område er den spaltning av personligheten - depersonalisasjonen - som samtidig er til stede og som foranlediget Bleuler til å betegne lidelsen som schizofreni, hvilket oversatt betyr spaltet sinn. (L: 363–4)

Lærebøkene frå 2000:

Ordet [schizofreni] betyder egentligen²¹⁶ kluvet sinne och myntades av den psykoanalytiskt inspirerade schweiziske psykiatern Eugen Bleuler 1911. (C: 267)

Han [Bleuler] vektla splittelsen av de psykiske funksjoner (schizofreni - spaltet sinn) som vesentlig, og beskrev grunnsymptomene assosiasjonsforstyrrelser, affekt-aplanering, autisme og ambivalens. (MRD: 194)

Betegnelsen «skizofreni» henviser netop til en spaltning af sindet, og denne spaltning var oppfattet som manglende samspil eller dissociation mellem psykens elementer. (MKP: 318)

Vi ser at alle lærebokforfatterne kjenner etymologien til termen og presenterer han for lesaren. Nokre nyttar i tillegg *splitting* eller *spalting* for å definera sjukdomskategorien.

²¹⁶ Bruken av ordet *egentligen* kan tolkast i retning av at Cullberg ikkje går god for splittingsmetaforen som er inherent i etymologien til termen. På den andre sida ser Cullberg ut til å identifisera seg sterkt med Bleuler si framstilling av schizofreni. Og Cullberg kritiserer ikkje splittingsmetaforen i teksten sin, han nyttar han sjølv, som her: «Av dessa skäl är inläggning ofta en god hjälp för att hjälpa en akut försämrad patient att få konfronteras med sin **inre splittring** i en tränad personals bemötande i stället för att injaga skräck i sin familj eller sina arbetskamrater.» (C: 290)

Oppsummert kan vi seia at dersom ein analyserer kvart av ledda i *schizofreni* for seg, kan ein hevda at den ikkje-metaforiske grunntydinga til både for- og etterleddet er i bruk i det medisinske språksamfunnet. Vidare må etymologien til schizofrenitermen kunna reknast for å vera kjend, dvs. at termen er transparent i det medisinske språksamfunnet. Kriteriet **grunntyding i bruk** er dermed oppfylt.

7.1.2 Er måldomenet eksplisitt nemnt?

Schizofreni oppstod som nemnt i moderne tid i Sveits som ei metaforisk samansetting konstruert av byggjesteinar frå eit dødt språk (klassisk gresk). Termen er eit slags omvendt omsettingslån: Bleuler omsette sitt tyske fleirordsuttrykk «die Zerreiung oder Spaltung der psychischen Funktionen» til eitt «gresk» samansett ord.²¹⁷

Det er berre forleddet *schizo-* som nytta i metaforisk tyding i samansettinga (*phren* i tydinga ‘sinn’ er døme på ein metonymi, men ikkje på ein metafor). Dette gjer at ei bokstaveleg tolking av *schizofreni* er uaktuell.²¹⁸ Jamfør med ein annan psykiatrisk term, avleiinga *depresjon*, som anten har konkret eller abstrakt tyding:

1 tungsinn, mismot; 2 (tid med) økonomisk nedgang, krise; 3 i astronomi: et himmellegemes dybde i grader under horisonten, målt langs en vertikalsirkel; 4 i geografi: del av landjorda som ligger lavere enn havspeilet (BOB)

Dersom ein held fram med å analysera schizofrenitermen som to leksikalske einingar, slik eg har gjort i det føregåande, kan ein hevda at måldomenet faktisk er eksplisitt nemnt i uttrykket: Forleddet refererer til kjelledomenet SPLITTING, og etterleddet refererer til måldomenet, SINNET.

²¹⁷ Eg har sett *gresk* i hermeteikn her, sidan ordet *schizofreni* ikkje fanst i klassisk gresk. Termar som har oppstått på denne måten, vert kalla kalkar (Durkin, 2009; Wulff, 2003).

²¹⁸ Hypotetisk sett kan ein tenkja seg ei tolking der etterleddet er nytta i tydinga ‘mellomgolv’, dvs. ei tolking av *schizofreni* som ≈ ‘ruptur i mellomgolvet’, sidan *phren* er ein polysem term som tyder både ‘mellomgolv’ og ‘sinn’. Men sidan *schizofreni* er ein psykiatrisk term som aldri har vore nytta om somatiske fenomen, er ei slik tolking i praksis utelukka.

Slike hybride metaforiske samansettingar er ikkje heilt uvanlege, jf. t.d. *froskemann*, *idétørke*, *munndiaré*. Dette reflekterer Bleuler sitt tyskspråklege utgangspunkt (over), der han eksplisitt refererer til måldomenet vha. frasen «der psychischen Funktionen». Kriteriet **ekspisitt referanse til måldomenet** er dermed oppfylt.

7.1.3 Er måldomenet abstrakt?

Ifølgje Deignan (2005: 45) er metaforar med abstrakte måldomene avhengige av kjeldedomenet i så stor grad at desse metaforane vanskeleg kan avgå ved døden:

If the target domain is understood through the source domain, it follows that the concrete vehicle is more psychologically core to speakers than the abstract topic, and that the interpretation of the abstract topic is dependent on knowledge of the vehicle. By this argument, metaphorical mappings from concrete to abstract topics result in conventionalized or innovative metaphors.

Måldomenet i schizofrenimetaforen er sinnet. Sinnet er tvillaust abstrakt, noko som gjer at kriteriet **abstrakt måldomene** er oppfylt.

7.1.4 Inneber metaforen evaluering?

Deignan nemner òg evaluering som indikasjon på at ein metafor er levande. Det er eit aspekt av evaluering i schizofrenitermen, sidan sinnet til personen vert vurdert til å vera «splitta» og følgeleg dysfunksjonelt, sjå 5.1.2. Termen vert nytta for å referera til ein sjukdomstilstand, dvs. noko som avvik frå det som vert oppfatta som det som er friskt og «normalt». Jamfør òg Schön (1979), som hevdar at normative evalueringar av kjeldedomenet vert overført til måldomenet (sjå 3.4.1). Kriteriet **evaluering** er dermed oppfylt.

7.1.5 Er omgrepsmetaforen språkleg produktiv?

Det siste kriteriet eg vil drøfta, er Lakoff sitt kriterium om språkleg produktivitet. Produktivitet er eit kjenneteikn ved omgrepsmetaforar. Levande omgrepsmetaforar kan produsera nye overflatemanifestasjonar i ulike modalitetar: språk, gestusar (jf. Müller (2008)), kunst, kultur, arkitektur og nær sagt alle former for menneskeleg aktivitet, sjå Kövecses (2010, kap. 5) og Gibbs & Barnden (2008, del VI).

Schizofreni og *splitting* kan tykkjast parallelle med Lakoff sine døme *comprehend* og *grasp*, med det at førstnemnde er eit innlån utan ei kontrasterande konkret tyding, medan sistnemnde er eit heimleg ord som vert nytta for å definera innlånsordet, og som er uttrykk for same omgrepsmetafor. (Det er sjølv sagt likevel vesentlege skilnadar mellom *comprehend* og *schizofreni*, m.a. det at *comprehend* er eit ord som var i bruk i latin med tydingane ‘gripa’ og ‘forstå’, medan samansettinga *schizofreni* aldri har hatt noka konkret tyding, og at *schizofreni* vart danna i byrjinga av det 20. hundreåret av ein sveitsar som (så vidt eg veit) ikkje snakka flytande (gamal)gresk.)

Lakoff baserer påstanden om at omgrepsmetaforen bak *comprehend* er konseptuelt levande i engelsk, på funn i ordboka *American Heritage Dictionary*, som definerer *comprehend* som ‘to grasp mentally’ (noko òg ODE gjer). Det er ikkje klårt om Lakoff krev at ein term skal definerast vha. ord frå kjelddomenet i ordbøker for at omgrepsmetaforen som motiverte den metaforiske bruken av termen, skal vera levande, som tilfellet er for *comprehend*, eller om det held at det finst døme på parallell metaforisk språkbruk der ord som denoterer det same kjelddomenet, vert nytta i overført tyding om det same måldomenet. Det er også eit spørsmål om kven som definerer: *Collins Dictionary* definerer t.d. *comprehend* som ‘to perceive or understand’. I 7.1.1 såg vi at eit par av lærebokforfattarane definerte *schizofreni* vha. parallell metaforisk språkbruk i samband med at dei presenterte etymologien til termen. Nærare bestemt gjeld det sitata frå (Lu: 175), som skriv at det viktigaste symptomet ved *schizofreni* er «splittrat sinne eller klyvning av själslivet», og (L: 363–4) som skriv at det mest karakteristiske ved *schizofreni* er «spalting av personligheten». Desse to

forfattarane høyrer til perioden rundt 1950, men det å definera schizofreni vha. parallell metaforisk språkbruk vert framleis praktisert av somme. Slår ein opp *schizofreni* i nettutgåva av *Nynorskordboka*, finn ein dette oppslaget:

schizofreni m1 (av gr. *skhizein* ‘kløyve’ og *phren* ‘sinn’, opphavleg ‘mellomgolv’) sinnssjukdom som fører til at personlegdomen blir kløyvd, og at vilje og kjensleliv blir sløva; ungdomssløvsinn

Tilsvarande oppslag i *Bokmålsordboka* ser slik ut:

schizofreni m1 (av gr. *skhizein* ‘kløyve’ og *phren* ‘forstand’) alvorlig psykisk forstyrrelse som kjennetegnes av spaltet personlighet og av bl.a. tvangstanker, tilbaketrekning fra kontakt og forfølgelsesopplevelser

Medisinsk ordbok definerer schizofreni som «alvorlige psykiske sykdomstilstander (psykoser) som kjennetegnes av spalting av de psykiske funksjonene» (Kåss, Marthilm, & Welle-Strand, 1998: 286).²¹⁹ For fleire ordboks- og oppslagsverksoppslag, sjå vedlegg 3.

Ikkje-språkleg produktivitet?

Müller hevdar, som nemnt i 3.3.3, at ein må ha ikkje-språkleg evidens for å kunna hevda at ein metafor er kognitivt levande. Når det gjeld schizofreni, kan ein t.d. finna illustrasjonar av tekstar om schizofreni som reflekterer splittingsmetaforen, som t.d. omslaget på Bleuler (1911/2014), «Deux visages» (‘to andlet’) av Heinrich Anton

²¹⁹ Denne etymologinære måten å definera schizofreni på ser ikkje ut til å vera unikt for skandinaviske ordbøker; engelskspråklege ordboksooppslag på *schizofreni* gjev ifølgje Levin (2006: 325) termen «[...] a misleading Jekyll and Hyde connotation.» Dudenredaktion (2007) har sett inn ein faktaboks med følgjande presisering i oppslaget til adjektivet *schizophren*: Die Etymologie des Wortes schizophren entspricht der alten Vorstellung von einer «gespaltenen Persönlichkeit» der Erkrankten, obwohl diese in der modernen Begriffsdefinition der Schizophrenie nicht nur keine Rolle spielt, sondern im Gegenteil von vielen Betroffenen als Diffamierung wahrgenommen wird. Die Bezeichnung ist somit ein Beispiel dafür, dass zuweilen der sogenannte «wörtliche Sinn» und die Bedeutung eines Wortes nicht übereinstimmen.

Müller²²⁰, som førestiller to andlet som begge er delte ca. langs den vertikale midtlinja i ein lys og ein mørk del; og to biletmontasjar som illustrerer ein artikkel om schizofreni på nettavisa *forskning.no* (Malm, 2013) – begge illustrasjonane framstiller ein person med to andlet, og i den eine montasjen er det eine andletet splitta langs den vertikale midtlinja. Det er òg slik at dei to teikna for schizofreni i norsk teiknspråk begge er handrørslar som indikerer at andletet vert delt langs ei vertikal midtlinje og delane dregne frå kvarandre i ei horisontal rørsle vekk frå midtlinja (<http://www.minetegn.no/Tegnordbok-2016/tegnordbok.php>), jf. Müller si undersøking av metaforiske gestar. Døme som dette kan mogelegvis telja som ikkje-språkleg produktivitet. Vidare kan dei tenkjast å både reflektera og påverka folk si oppfatting av kva schizofreni er for noko.

Patologiske former for levandegjering?

Eit meir ekstremt aspekt, som ingen av metaforforskarane nemnde over har vore inne på, er at metaforar i patologiske tilfelle kan sjå ut til å vera levande på den måten at dei er konkretiserte eller gestalta i form av psykotiske symptom. Kva årsak(er) som ligg bak dette fenomenet, er ikkje godt å seia, men splittingsmetaforen som motiverte termforminga *schizofreni*, ser i alle fall ut til å vera kroppsleggjord i somme av kasusa skildra i lærebøkene:

Den opsplittning af selvet, beskrevet i sin gryende form i eksempel 9, kan tiltage i intensitet og blive oplevelsesmæssig konkretiseret (objektiveret). Patienten føler fx, at han består af to eller flere dele, som regel den onde og den gode, som han undertiden er i stand til at lokalisere spatialt (fx at venstre side af kroppen huser den onde). Der sker således en patologisk rumliggørelse (spatialisering) af bevidsthedselementer. (Parnas et al., 2009: 265)

Parnas et al. (2009) skildrar òg ein mann som hadde vanskar med å skjelna mellom seg sjølv og samtalepartnaren i samtalar: «Han plejede at gå med et stramt, bredt bælte,

²²⁰ Müller var illustratør og psykiatrisk pasient ved det sveitsiske Waldau-asylet, og «Deux visages» vart offentleggjort av den franske malaren Jean Dubuffet i samband med det såkalla Art Brute-manifestet. <http://uk.phaidon.com/agenda/art/articles/2015/april/29/a-movement-in-a-moment-art-brut/>

fordi det hjalp på hans svigtende fornemmelse af at være «hel og afgrænset».)» (MKP: 267). Malt et al. skriv i avsnittet om grunnsymptoma ved schizofreni: «Ikke sjelden har pasienten en følelse av uhygge eller katastrofe, der han føler at han går i oppløsning eller er i ferd med å spaltes.» (MRD: 205). Sjå òg Smith & Strömngren (1956: 156), som refererer følgjande opplysingar frå ein schizofrenipasient: «Der har været stemmer i den højre side af kraniet; de har sagt behagelige ting.»

7.2 Undersøking av metaforiske uttrykk knytte til namnet på sjukdommen i lærebøkene

Vi har sett i føregåande avsnitt at ein del oppslagsverk og lærebøker definerer schizofreni vha. orda *splitting* og/eller *spalting*, dvs. vha. terminologi henta frå kjeldedomenet. I det følgjande skal eg undersøkje i kva grad det finst indikasjonar i læreboktekstane på at splittingsmetaforen er produktiv. Eg vil òg undersøkje om namnebyttet frå *dementia praecox* til *schizofreni* medførte ei dreining av metaforbruk frå «sløv» til «splitta». Dersom schizofreni vert omtalt vha. ord som i skandinavisk har grunntydning lik eller tilnærma lik ‘splitting’, kan det tyda på at metaforen er levande i fagfeltet, sidan han kan seiast å produsera nye metaforuttrykk baserte på same koplinga som i si tid motiverte danninga av termen *schizofreni*.

Ei lingvistisk undersøking som mi kan som nemnt ikkje slå fast om ein metafor er levande eller død på individnivå. Men ho kan undersøkje språket på det intersubjektive nivået, i form av å avdekkja mønster og system på det semantiske planet i språket. Dersom ein kan påvisa at ein omgrepsmetafor er produktiv, dvs. genererer systematiske språklege metaforar i eit språk, er det ein indikasjon på at omgrepsmetaforen er levande i språket, og dermed potensielt òg for einskildindividet:

When, as researchers, we collect together connected linguistic metaphors and label them as a systematic metaphor, we are following, and constructing, semantic trace of the coupled systems through the data. The significance of that trace **for the discourse participants** will need to be interpreted very carefully, and will require other types of evidence if we are to claim cognitive reality.

Theoretically, it is claimed only that emergent systematic metaphors may reflect patterns of metaphorical thinking-and-talking for discourse participants, not that these have a prior independent existence and necessarily do so. (Deignan, 2005: 92, Deignan sine uthevingar)

Eg vil i tillegg undersøkje den språklege konteksten til metaforuttrykka: Vert metaforane nytta med noka form for atterhald eller signalisering, eller vert dei handsama som nøytrale, konvensjonelle uttrykk med etablert fagleg tydingsinnhald?

Goatly (2011: 178) hevdar at sidan metaforbruk er «a risky communicative strategy, not always easily interpretable», så treng vi ofte kontekst for å letta tolkinga, slik at metaforen skal bli oppdaga (metaforsignalisering), pluss eventuelt at måldomenet vert gjort eksplisitt (spesifisering/indikering av måldomenet). Den underliggjande oppfatta likskapen mellom mål- og kjeldedomene som motiverer metaforbruken, kan òg bli eksplisert (spesifisering av motivasjon for metaforen).

Som nemnt i avsnitt 3.3.3 er ikkje levande metaforar knytte til medvit og merksemd i OMT. At metaforen ikkje er signalisert, vil dermed ikkje seia at han nødvendigvis er død. Det kan tvert om vera slik at han er konvensjonalisert og innprenta i språksamfunnet, dvs. lever i beste velgåande – under radaren til språkbrukarane. Så lenge ein konvensjonell metafor ikkje er gått av ved døden, kan han reaktiverast og problematiserast, sjå t.d. Lakoff & Turner (1989: 69f.) og sjå Retterstøl (1998: 330), som kritiserer termen *utbrendheit* (jf. eng. *burnout*) og lanserer eit par forslag til reframingar:

Det er slitasjetilstander, men de er ikke umulige å reparere, slik uttrykket utbrent antyder. Det er heller som et batteri som er utladet, men som kan lades på nytt og fungere som før. Eller som et basseng, som er tappet tomt, men som kan fylles igjen. Det er bare å stenge avløpet og åpne alle tilførselskilder!

I det følgjande presenterer eg ei liste over søkjetermar som refererer til domena SLØVSKAP og SPLITTING og skildar framgangsmåten for undersøkinga. Deretter følgjer ei oversikt over funna før eg drøftar bruken av kvar analyseterm. Bruken av termane er illustrert med ulike tekstlege døme henta frå tekstane.

Merk at eg vel å ikkje inkludera termane *dementia* og *praecox* i denne undersøkinga, då nasjonalspråklege overflatemanifestasjonar av omgrepsmetaforane desse er motiverte av, i regelen vil vera i form av frasar og fleirordsuttrykk og dermed vanskelegare å søkja opp og handtera enn einskildord som *sløv* og *splitta*. I tillegg denoterer «frå vitet», som er den bokstavelege omsettinga til *demens*, ikkje primært ein kronisk tilstand, slik *demens* og *sløvsinn* gjer.

7.2.1 Presentasjon av søkjetermar

Eg har valt ut følgjande ordstammer henta frå kjelddomenet SLØVSKAP som eg har søkt opp i læreboktekstane:

NORSK	SVENSK	DANSK
<i>sløv-</i>	<i>slöv-</i>	<i>sløv-</i>
<i>avstump-</i>	<i>avtrubb</i> ²²¹	<i>afstump-</i>
<i>-flat-</i>	<i>-flat-/ -flackn-</i>	<i>-flad-</i>

Figur 21: Nasjonalspråklege termar for 'sløvskap'

²²¹ *trubba* 'gjera stump', jf. Munch-Petersen & Hartmann (1970)

Eg har valt ut følgjande ordstammer henta frå kjelddomenet SPLITTING som eg har søkt opp i læreboktekstane:

NORSK	SVENSK	DANSK
<i>split-</i>	<i>split-</i>	<i>split-</i>
<i>spalt-</i>	<i>spalt-</i>	<i>spalt-</i>
<i>kløv-</i>	<i>kluv- / klyv-</i>	<i>kløv-</i>
<i>dissosi-</i>	<i>dissoci-</i>	<i>dissoci-</i>
<i>fragment-</i>	<i>fragment-</i>	<i>fragment-</i>
<i>opløs-</i>	<i>upplös- / uppluckr-²²²</i>	<i>opløs-</i>
<i>(u)sammenheng-</i>	<i>(u)sammanhang- / (u)sammanhäng-</i>	<i>(u)sammenhæng-</i>

Figur 22: Nasjonalspråklege termar for 'splitting'

For å få ei heilskapeleg og effektiv framstilling, vert stammene i det følgjande refererte til i nynorsk språkdrakt, dvs. at t.d. *opløys-* skal lesast som *opløs-*, *upplös-*, *uppluckr-* og *opløs-*.

Merk at eg i mi undersøking inkluderer både innlånte stammer (*dissosi-*) og orddanningar (t.d. *avstump-* og *samanheng-*), så lenge dei har ei meir konkret grunntyding i skandinavisk. Det er delte meiningar om korleis ein skal handtera slike orddanningar. Goatly (2011) hevdar at endring frå ei grunnform med bokstaveleg grunntyding, som t.d. orddanning, kan føra til svekking av den metaforiske vitaliteten. Ei orddanning frå ei stamme med konkret grunntyding treng ikkje ha bevart den konkrete grunntydinga (jamfør skilnaden mellom mange norske parallelle fast og laust samansette verb, der førstnemnde har konkret og sistnemnde har overført tyding, t.d. *bryta av / avbryta* (Kulbrandstad & Kinn, 2016: 142). Deignan (2005) drøftar òg korleis ein skal handsama uttrykkspår som tykkjest å vera metaforisk beslekta, men som skil seg frå kvarandre formelt sett, og det ser ut som om ho er usamd med Goatly (over). Ho nyttar substantivet *dog* versus verbet *dog* som døme og stemmer for å definera

²²² *luckra* 'løysa, hakka opp', jf. Munch-Petersen & Hartmann (1970)

verbet som døme på metafor. Dette fordi mange metaforar som intuitivt tykkjest metaforiske elles vil måtta bli ekskluderte, og fordi eit metaforisk uttrykk alltid vil kunna skilja seg formelt frå den ikkje-metaforiske motparten på eitt eller annan nivå.

Mine metodiske val om å inkludera ulike typar stammer er i tråd med dei til Gentner & Grudin (1985), som i ei diakron undersøking av metaforar i psykologi inkluderte alt som på ein eller annan måte kunne tenkjast å vera metaforisk; «preferring to err on the side of inclusiveness», som dei uttrykkjer det. Mine preferansar er dei same: heller ta med for mykje enn for lite. I ei slik diakron undersøking er det uansett umogleg å vita kva som er eller har vore levande metaforar for forfattarane av tekstane; for nokre metaforar kan det kanskje vera slik at den konkrete meininga vore tilgjengelege i dei tidlegare tidsperiodane, men ikkje er det no lenger. Jamfør òg Steen, Dorst, Herrmann, et al. (2010), som i ei større korpusundersøking av metaforbruk i ulike tekstsjangrar nytta koden WIDLII ('When In Doubt, Leave It In') for tvilstilfelle, og jamfør Cameron & Maslen (2010: 112–3), som skriv om det dei kallar «The shared language of subgroups», at uttrykk som tykkjest metaforiske for ein som ikkje er medlem av gruppa, kan vera konvensjonaliserte og har redusert metaforisk potensiale innanfor grupppa – men at sidan det metaforiske potensialet eksisterer, reknar dei likevel med desse metaforane i identifikasjonsprosedyren sin.

Grunngjeving for val av søkjetermar

Eg har valt å søkja på fleire termar enn berre dei sjølvskrivne *sløv-* og *splitt-/spalt-/kløyv-*. Grunnen er at nærlesing av lærebokmaterialet har avdekt at det inneheld ei rekkje språklege uttrykk som kan seiast å vera henta frå, eller nært semantisk beslekta med, kjelddomena *SLØVSKAP* og *SPLITTING*.

For *SLØVSKAP* har eg i tillegg til *sløv-* valt å undersøkja bruken av *avstump-*, som har som opphaveleg tyding 'gjort stump, butt'. *Av* kan ifølgje *BOB* og *NOB* nyttast i samband med verb som denoterer m.a. resultat. Adjektivet *stump* er eit antonym til adjektiva *skarp* og *spiss*, då det tyder 'butt, rund'. Stamma *-flat-* er òg teken med, sidan eigenskapen 'flat' er beslekta med 'stump' og står i kontrast til 'skarp' og 'spiss'. I

tillegg dreier mange av treffa på stamma *-flat-* seg om orddanningar med forleddet *av-*, nærare bestemt skandinaviske variantar av avleiinga *avflating*. *Avflating* og *avstumping* refererer begge til ein prosess der eit objekt blir gjort mindre ujamnt, spisst eller skarpt.

Før SPLITTING har eg i tillegg til *splitt-/spalt-/kløyv-* teke med stammene *dissosi-*, *fragment-*, *oppløys-* og *(u)samanheng-*. *Dissosiasjon* er ein latinsk term for ‘kløyving, spalting’ som i BOB og NOB utelukkande vert presentert med den konkrete tydinga, og ikkje med den psykologiske. Stamma er i skandinaviske språk synonym med *spalt-* (BOB; NOB; SAOB; DDO); både konkret og overført tyding er i bruk. Bleuler nytta termen *Dissoziation* pre 1908-artikkelen (der han gjekk over til å nytta *Spaltung* (Moskowitz & Heim, 2011)). I 1911-monografien skriv han at sjølv om *Dissoziation* er ein etablert term for det han kallar *Spaltung*, er førstnemnde mindre eigna, då han òg refererer til andre psykiatriske fenomen (Bleuler, 1911/2014: 296). Stamma *fragment-* har òg tydinga ‘dela opp, hogga opp’. *Oppløysing* denoterer òg ein prosess der noko som tidlegare har vore samla, er blitt skilt i delar, jf. *å løysa opp ein knute, å løysa opp noko i væske*. Stamma *samanheng-* vert i tekstane nytta anten med prefikset *u-* eller i negasjonar o.l., som noko som vantar ved schizofreni. Her er det òg snakk om noko som før var samla eller saman, som no er blitt skilt frå kvarandre. Som tilfellet er for *avstumping* og *avflating* impliserer lærebøkene sine omtalar av mangel på samanheng ved schizofreni at mangelen på dei ulike formene for samanheng er noko som har oppstått i løpet av sjukdomsprosessen.

Trass i fellestrekk er det verd å merka seg at det er semantiske skilnadar mellom stammene *splitt*, *spalt-* og *kløyv-* og stammene *dissosi-*, *fragment-*, *oppløys-* og *(u)samanheng-*. Førstnemnde impliserer ei todeling med tydeleg agens og konsentrert kraft, sistnemnde ei fleirdeling med uklår agens og diffus kraft. Kløyving (i konkret tyding av ordet) skjer med reiskap som t.d. øks, medan oppløysing t.d. kan skuldast kjemiske reaksjonar og prosessar. Både *fragmentering* og *oppløysing* konnoterer ei meir omfattande dekomponering og forfall enn spalting, og er kanskje konnotasjonsmessig nærare *Zerreiβung* (‘sundriving’), som Bleuler nytta i 1908-

artikkelen sin: «die Zerreiung oder Spaltung der psychischen Funktionen» (Bleuler, 1908: 436). Stamma (*u*)*samanheng*- impliserer ei lausare tilknytning mellom to separate entitetar, jf. at to entitetar som pleidde å henga saman no ikkje gjer det meir. Dette er mindre dramatisk enn at ein entitet vert kløyvd, og kreftene som har forårsaka endringa, treng ikkje ha vore så store.

Agdestein-Wagner (2014) nemner metaforen *PSYKOSE = EN EKSPLOSION I EN CONTAINER* i si avhandling, med språklege dme som m.a. *realitetsbrist* og *psykotisk gjennombrudd* som språkleg underlag. D denne metaforen dreier seg om sjukdomsdebut og forverringsepisodar, og om psykose generelt og ikkje schizofreni spesielt, har eg ikkje teke med termar som kan seiast å vera knytte til denne semantiske og tematiske kategorien.

Metode

Som nemnt i avsnitt 2.3 har eg laga søkbare wordfiler av læreboktekstane. Eg skte mekanisk opp alle treffa p stammene vha. sk-funksjonen i Word. Ut fr konteksten til kvart og eitt treff vurderte eg om treffet var relevant. Til dmes er det 59 treff p det norske/danske skjeelementet *sammenh-*, men ikkje alle treffa handlar om psykisk samanheng (eller mangel p slik), t.d. «Noen studier kan ogs tyde p en sammenheng mellom perinatale komplikasjoner og tidlig debut av sykdommer [...]» (MRD: 198), som ikkje er talt med som eit relevant treff. Jamfr med skildringar av tapet av psykisk samanheng, som t.d. «Patienten overvldes af flere og usammenhngende tanker p samme tidspunkt eller oplever en tilstand, hvor usammenhngende tanker hurtigt aflser hinanden.» (MKP: 273). Det er berre treff av sistnemnde type som er tekne med i oppteljinga. Nr det gjeld stamma *slv-*, er treff p samansettinga *slvsinn* talde med, d dei er nytta for å skildra ein sinnstilstand heller enn som namn p ein sjukdomskategori: «Srlig er ogsa disse tegn hyppige ved udgang i slvsind.» (V: 129). Nr det gjeld stamma *-flat-*, er treff p samansettinga *overflatisk* ikkje tekne med, d ho ikkje har samanheng med slvskapsmetaforen.

Treffa er lista i Tabell 24 under, både i form av antal treff totalt (N) og treff per ord i det samla lærebokmaterialet for perioden (‰).

Stamme	1900		1950		2000	
	N	‰	N	‰	N	‰
<i>sløv-</i>	31	1,78	21	0,55	6	0,08
<i>avstump-</i>	1	0,06	17	0,45	2	0,03
<i>-flat-</i>	0	0,00	6	0,16	14	0,19
Totalt:	32	1,84	44	1,16	22	0,30
<i>splitt-</i>	0	0,00	5	0,13	11	0,15
<i>spalt-</i>	0	0,00	22	0,58	4	0,05
<i>kløyv-</i>	0	0,00	1	0,03	2	0,03
Totalt:	0	0,00	28	0,74	17	0,23
<i>dissosi-</i>	2	0,11	1	0,03	9	0,12
<i>fragment-</i>	0	0,00	0	0,00	5	0,07
<i>opploys-</i>	1	0,06	8	0,21	3	0,04
<i>(u)samanheng-</i>	16	0,92	10	0,26	34	0,46
Totalt:	19	1,09	19	0,50	51	0,69

Tabell 24: Treff på dei sjukdomsrelaterte orda i lærebøkene

Tabellen viser at terminologi henta frå kjeldedomena SLØVSKAP så vel som SPLITTING vert nytta for å omtala sjukdomsfenomenet i lærebøkene. Dei metaforiske termene er altså ikkje isolerte i tekstane, men er omgjevne av metaforiske uttrykk som stammar frå same omgrepsmetafor. Termbyttet frå *dementia praecox/ungdomssløvsinn* til *schizofreni* ser òg ut til å ha medført ei dreining i metaforbruken frå 'sløvskap' til 'splitting' i løpet av andre halvdel av 1900-talet. I tabellen ser vi at bruken av *sløv-* er gått sterkt ned sidan 1900, og at *splitt-*, *spalt-* og *kløyv-* ikkje var i bruk i det heile i 1900-tekstane, men dukka opp først etter innføringa av schizofrenitermen.

Eg vil understreka at dei relativt små tala gjer at undersøkinga ikkje gjev grunnlag for nokon sikre konklusjonar, og forfattarane sine eventuelle idiosynkrasiar gjev forholdsvis store utslag når det er berre tre bøker per periode. Men undersøkinga gjev i alle fall indikasjonar på språkbruk, og svar på om ei ordstamme i det heile var i bruk i alle fall éi lærebok i perioden.

Cameron et al. (2010: 129) peikar på at det ikkje alltid er mengda av observerte språklege metaforuttrykk det kjem an på:

The size of the set [of related linguistic metaphors] does not automatically relate to its importance, since a small set may include really powerful metaphors and a large set may collect together conventionalized and not very relevant metaphors. What matters is the discourse function of the metaphors connected together in a systematic metaphor.

I det følgjande vert døme på relevante treff på kvar søkjestamme presenterte i same rekkjefølgje som dei er lista i Tabell 24 over. Eg vil nytta schizofreni-ICM-en presentert i avsnitt 5.2.2 for å visa kva aspekt ved schizofrenien eller pasienten som vert refererte til vha. metaforiske uttrykk. ICM-en i Figur 3 er sett inn nedanfor for å friska opp minnet til lesaren.

SCHIZOFRENI			
1) SJKDOM	2) PASIENT	3) BEHANDLING	4) TEORI
SJKDOM	MENNESKE	DIAGNOSTISERING	TEORI
ÅRSAK	FAMILIE/SLEKT	BEHANDLING	FORSKING
UTBROT	LIVSHISTORIE		
SYMPTOM	TILSTAND		
FORLØP	PSYKE		
PROGNOSE	KROPP		

Som drøfta i avsnitt 5.2.2 er det mange og tette samband mellom gruppe 1) og 2) i ICM-en (sjukdommen og pasienten), noko som gjev grunn til å tru at sløvskapsmetaforen og splittingsmetaforen vert nytta om aspekt i begge desse gruppene. Merk: Eg analyserer berre dei døma eg har plukka ut for å illustrera bruken av dei ulike metaforiske uttrykka. Analysen er derfor ikkje utfyllande i høve til heile lærebokmaterialet. Det eg basert på nærlesing av tekstane derimot kan slå fast, er at metaforane ikkje vert nytta om aspekt i kategori 3) og 4) (eit funn som ikkje er

overraskande; sjå t.d. 6.2.5). I tillegg er det slik at dei ulike metaforuttrykka ikkje er signaliserte på nokon måte av lærebokforfattarane.

sløv-

Av Tabell 24 ser vi at *sløv-* er den stamma som har høgst relativ frekvens i 1900-materialet, med 1,78. I 1950-materialet er *sløv-* den nest mest nytta stamma, berre slått av *spalt-*, som har eitt treff meir. I regelen vert *sløv-* nytta i samband med skildring av ein kronisk endetilstand:

1900:

Flerheden af disse syge ender før eller siden i meget dyb **sløvhed**. (V: 136)

Naar patienten befinder sig i dette 4de stadium, dementsen, den komplette paranoias sidste udviklingsfase, beskjæftiger han sig mest med sine hallucinationer, og den indtraadte **sløvhedstilstand** gjør ham ligegyldig saavel for indholdet af hallucinationen som for alt forøvrigt. (H: 117)

Den sørgelige Udgang af alle ikke helbredede Sindssygdomme, som ogsaa af mange organiske Hjernelidelser, er Dementsen, **Sløvsindet**, ∅: Dissociationen, Opløsningen af Personligheden. (F: 103–4)

1950:

Drejer det sig om helt **sløve**, såkaldte «udbrændte» skizofrene, har behandlingen ikke store chancer. (SS: 153)

Forfatteren av denne lærebok har derfor (i tidligere omtalte monografier) beskrevet disse prosesstilfeller i en egen gruppe og har vist at nettopp disse tilfeller regelmessig forløper meget ugunstig og ender med et uttalt **sløvsinn** etter 1 à 2 år. (L: 377)

Men på 1950-talet er ikkje alltid bruken av *sløv-* knytt til ein uunngåeleg, kronisk tilstand:

Visse plutselige oppklaringer hos schizofrene pasienter som en tilsynelatende skulle tro var helt **sløv**, taler også for at den schizofrene «demens» iallfall i flere tilfeller er av reversibel natur. (L: 359)

Det er ikke tvilsomt at en slik total «Gå på» metode (Myerson: Total push method) er et meget nyttig middel til å motvirke **sløvheten** og endog drive den tilbake i visse tilfeller hvor den synes reversibel. (L: 390)

Hun lå snart **sløvt** hen i sengen, snart gikk hun oppe og skældte ud, gikk undertiden nøgen rundt i haven selv i kaldt vejr. (SS: 158)

Bruken av *sløv-* er gått vesentleg ned sidan 1900 og 1950, men han er ikkje forsvunnen heilt. Det er seks treff på *sløv-* i 2000-materialet. Vi skal sjå på desse treffa for å sjå om metaforen her er signalisert eller nytta med atterhald på nokon måte. Følgjande setningar frå 2000-materialet inneheld metaforen *sløv-*:

2000:

Morel beskrev en gutt på 13-14 år, velbegavet, sky og sjenert, som senere trakk seg helt inn i seg selv med **sløvhet** intellektuelt og følelsesmessig. (MRD: 194)

Forløpet av sykdommen og den senere utvikling av en **sløvhetstilstand** var typisk, og forstyrrelser i følelses- og viljeslivet sentralt. (MRD: 199)

Den hebefrene form, oppkalt etter ungdommens gudinne Hebe i den greske mytologi, er den form for schizofreni som svarer best til det sykdomsbilde som opprinnelig ble kalt for dementia praecox eller **ungdomssløvsinn**. (MRD: 206)

Man må hele tiden ha for øye at den schizofrene pasients menneskelige verdighet må respekteres selv om han frembyr aldri så akutte symptomer, eller skulle synes aldri så **sløvet**. (MRD: 212)

Få schizofrene blir **sløve** asylospasienter som før. (MRD: 224)

I stedet er patienten præget af vedvarende negative symptomer så som **sløvhed** og underaktivitet, tydelig affektaffladning, udtalt initiativløshed, ordfattig eller indholdsfattig tale, forringet non-verbal kommunikation, svigtende øjekontakt, flad stemmemodulation, mangelfuld pleje af egen person, svigtende evne til at tage sig af egne forhold samt defekt social adfærd. (MKP: 304)

Sams for treffa frå perioden 2000 er at heller ikkje her er metaforen *sløv-* nytta med metaforsignalisering eller atterhald til ordbruken, som t.d. å setta ordet i hermeteikn for

å markera avstand til innhaldet i det. Dette tyder på at *sløv-* framleis vert oppfatta som eit fagleg akseptabelt uttrykk for å skildra mentale tilstandar hjå pasientar. (Jamfør at metaforen *udbrændt* er markert med hermeteikn i sitatet frå (SS: 153).) Metaforen *sløv-* vert i all hovudsak nytta for å skildra pasienten. Sløvskapen er ikkje eit symptom, men ei framtoning. Men han har òg gjeve namn til sjukdommen i skandinavisk psykiatrisk fagspråk, *ungdomssløvsinn*, og til prognosen til sjukdommen («endar i djup sløvskap»). *Sløv-* refererer til stemning, motivasjon, aktivitet, affektive responsar m.m. (nærare bestemt ein påfallande mangel på desse, jf. sitatet frå (MKP: 304)). Følgjande ICM-aspekt er omtalte vha. sløvskapsmetaforen i mitt materiale: Sjukdom, Prognose, Pasient, Tilstand.

Avstump- / avtrubb-

Bruken av uttrykk som *avstumping af følelselivet* tilsvarer Kraepelin (1896: 428) sin omtale av «eine gewisse Stumpfheit» i avsnittet hans om sinnsstemninga ved *dementia praecox*. Denne «avstumpinga» refererer til eit sentralt kjenneteikn ved sjukdomsbiletet. Evensen (1904: 8–9) føreslår t.d. i ein monografi om *dementia praecox* at «følelselivets afstumpning blive[r] bestemmende for [sygdomsgruppens] navn» og lanserer termen *amblytymi* (av gr. *amblys* ‘sløv, matt’ + *-tymi* ‘sinn’ + *-ia* (Øyri, 1992)). Medan *avtrubning* på svensk ser ut til å vera nytta som synonym for ‘demens’, vert *avstumping* på norsk og dansk nytta meir spesifikt, som synonym for ‘kjensleløyse’:

Namnet [*dementia praecox*] betyder ordagrant «tidigt insättande **avtrubning**» och det var den framstående tyske psykiatern Emil Kraepelin, som på 1890-talet tog upp namnet *dementia praecox* som en beteckning på en grupp sinsemellan ganska olika sjukdomstillstånd, vilka alla hade gemensamt, att de förr eller senare förde till en psykisk **avtrubning** eller demens och att de oftast började i ungdomsåren («ungdomsslösinne»). (Lu: 175)

Den hyppigste forandring som påtreffes er den jevnt tiltagende affektive **avstumping** av følelselivet. Pasienten blir mere og mere ufølsom overfor sine nærmeste, bryr seg heller ikke om deres omsorg, taper etter hvert også den sosiale innføling, viser ikke normal affektiv resonans på det som ellers framkaller følelsesmessige reaksjoner. Denne affektive **avstumping** kan gi seg iøyefallende utslag i den daglige atferd og reaksjonsmåte. (L: 359)

Skilnaden mellom dei eldste og yngste læreboktekstane er lett å få auge på. 1900-forfattarane, og til dels 1950-forfattarane uttrykkjer seg meir direkte og mindre nøytralt enn 2000-forfattarane:

1900:

Følelseslivet **afstumpes**, de altruistiske Følelser **sløves**, Patienten taber Interessen for, hvad og hvem der ellers var ham dyrebarest, ogsaa de patologiske Affektilstande, der oftest have karakteriseret Sygdommens tidligere Stadier, tabe sig, dog holde Rester af dem sig ofte længe, næsten lige til Patienten er reduceret til et kun vegetativt levende Dyr. (F: 103–4)

Den **affektavstumpede** schizofrene kan forbli fullkommen følelseløs i situasjoner som knuger de nærmeste i dyp sorg, kan begå mishandlinger og mord uten følelsesmessige reaksjoner, likesom han kan demonstrere sin sjelelige **avstumpethet** ved umotivert latter i situasjoner som snarere innbyr til stille medfølelse o. s. v. (L: 359)

I 2000-materialet er tonen ein annan, og lærebokforfattarane nyttar heller stamma *-flat-*, t.d. i samansettinga *affektavflating*. Adjektivet *avstumpet* er nytta berre to gonger i 2000-materialet, ein gong med negasjon, ein gong med atterhaldet «tilsynelatende»:

2000:

Det typiske er gjerne affektavflatning, en tilsynelatende avflatning følelsesmessig. Det virker som om pasienten ikke lenger har evnen til å føle nært med sine medmennesker, ikke bryr seg om dem, har mistet evnen til å føle for noe annet enn seg selv. Dette betyr imidlertid ikke at de schizofrene er **følelsesavstumpet**. (MRD: 205)

Residualformen for schizofreni er karakterisert ved at pasienten er lite aktiv, engasjerer seg lite i medmenneskelige kontaktsituasjoner, tar lite initiativ, tilsynelatende er følelsesmessig **avstumpet** og vegeterer mye. (MRD: 210)

Sjølv om Malt et al. stiller seg tvilande til at schizofrene er «følelsesavstumpet», er stamma *avstump-* nytta utan atterhald. Spørsmålet er ifølgje dei om schizofrene er

emosjonelt avstumpa eller ikkje. Spørsmålet om *avstump-* er ein presis og eigna term i psykiatrisk fagspråk, tek dei ikkje opp til drøfting. Dette tyder på at *avstump-* framleis vert oppfatta som eit fagleg akseptabelt uttrykk for å skildra mentale tilstandar i lærebøkene. Metaforen *avstump-* vert på same måten som *sløv-* nytta for å skildra pasienten, men slik lærebøkene framstiller det, er det å forstå som eit symptom heller enn ein tilstand. *Avstumping* refererer til det som er rekna som eitt av fire grunnsymptom ved schizofreni: affektive forstyringar. Samstundes ser fenomenet òg ut til å vera knytt til prognosen til sjukdommen, då det er eit spørsmål om denne «avstumpinga» er irreversibel. På svensk ser *avtrubb-* ut til å referera til ein irreversibel tilstand og dermed ein prognose (demens). *Avstump-* vert nytta til å skildra sjukdommen så vel som pasienten. *Avstump-* refererer til stemning og affektive responsar (nærare bestemt ein påfallande mangel på slike). Følgjande ICM-aspekt er omtalte vha. avstumpingsmetaforen i mitt materiale: PROGNOSE, SYMPTOM, PASIENT, TILSTAND.

-flat-

Bruken av stamma *-flat-* startar i 1950 og vert meir enn dobla i 2000. *Flat* er ein meir nøytral term enn *avstumpa*, i og med at det å vera avstumpa er ein mangel på lik linje med å vera sløv, medan *flat* like gjerne kan referera til ein ønskt som ein uønskt eigenskap (t.d. *flat veg*). Som nemnt over ser *-flat-* ut til å ha teke over for *avstump-* i 2000-materialet, jamfør sitatet frå (MRD: 205) over.

1950:

En dag knuser hun pludseligt et stort spejl med en sko, men er umiddelbart efter ligeså tom og **affektflad** som ellers. (SS: 156)

Ved samtale **flad** stemning, nogen grimaceren, monoton stemme, fortaber sig i mumlen, noget stiv holdning, intet sikkert legemligt abnormt ellers, spinalvæske naturlig. (SS: 157)

Etter ham var hebefrenien karakterisert av en snikende og tidlig begynnelse med tiltagende affektiv **avflating** og psykisk inaktivitet, endende i forskruethet og sløvsinn. (L: 343)

Dette ytrer seg da ved at pasienten gjerne blir liggende lengst mulig utover dagen, bryr seg ikke om å gå ut, har ingen interesse av å være med sine tidligere venner og venninner, trekker seg i det hele tatt mest mulig tilbake fra kontakten med omverdenen og går opp i sitt eget, ofte tomme og **avflatete** indre liv. (L: 371–2)

2000:

Affekten kan være innsnævret eller ligefrem **flad**, dvs. at den affektive modulation ikke endrer sig, uanset hvilke emner pasienten taler om. (MKP: 256)

Skizofreni defineres i ICD-10 som en sindslidelse kendetegnet ved fundamentale og karakteristiske forstyrrelser af tænkning (formelle og subjektive tankeforstyrrelser) og perception og af inadækvat eller **afladet** affekt, men med klar bevidsthed. (MKP: 300)

Affektavflatning eller emosjonelle forandringer ved schizofreni er et viktig grunnsymptom. (MRD: 205)

Av «sløvskaps»-metaforane lista i Tabell 24 finn vi her flest treff på *-flat-* i dei nyaste lærebøkene. Dominansen til metaforen *-flat-* i dei moderne lærebøkene er mogelegvis eit resultat av ordlyden i ICD-10 sin definisjon av schizofreni med undergrupper. I ICD-10 er «avflatet affekt» definert som eit av kjenneteikna på schizofreni generelt, og «følelsesavflatning» er nemnt som ei av følgjene til hebefreni og som eit av kjenneteikna på undertypane residual og enkel schizofreni. Dette tyder på at *-flat-* er rekna som eit presist og gangbart uttrykk for å skildra mentale tilstandar.

Det kan tenkjast at metaforen er motivert av metaforparet TRIST SOM NED / GLAD SOM OPP på den måten at viss ein førestiller seg stemninga til ein person over tid som ein graf med tida som x-aksen og stemningsnivået (merk plasserings-metaforen, her *nivå* ‘vassrett leie’) som y-aksen, så er det normalt at stemninga vil fluktuera noko i vertikal retning (som resultat av naturleg emosjonell respons på ytre hendingar) om den horisontale linja som markerer nøytralt stemningsleie (igjen ein plasserings-metafor, her *leie*). Ved bipolar lidning vil stemningsutslaga vera mykje større i begge retningar enn for friske personar, medan ved unipolar (depressiv) lidning er utslaga større berre i

negativ retning langs y-aksen. (Ei slik grafisk framstilling er faktisk å finna på s. 396 i læreboka til Parnas et al. (2009) i kapittelet om affektive lidningar, sjå òg ei tidlegare utgåve (Hemmingsen, 1994: 133).) Ei tilsvarande grafisk framstilling av stemningsnivået over tid for schizofrenipasientar som ikkje viser affektiv respons, vil då vera ei flat horisontal linje som følgjer linja for nøytralt stemningsleie punkt for punkt. Gjennom ein metonymisk kompresjon vil då eit adjektiv som refererer til ein (metaforisk) eigenskap ved stemningsnivået (*flat*) kunna nyttast attributtivt om andre element i ICM-en, som t.d. personen sjølv, som personen (SS: 156) eller det indre livet til personen (L: 371–2).

Metaforen *-flat-* vert på same måten som *avstump-* nytta for å skildra pasienten, tilstanden hans og aspekt ved psyken hans (stemning, emosjonar), men òg det som er rekna som eitt av fire grunnsymptom ved schizofreni: affektive forstyrningar. *-flat-* vert altså nytta til å skildra sjukdommen så vel som pasienten. *-flat-* refererer til stemning og affektive responsar (nærare bestemt ein påfallande mangel på slike). Følgjande ICM-aspekt er omtalte vha. flatheitsmetaforen i materialet mitt: SJUKDOM, SYMPTOM, PASIENT, PSYKE, TILSTAND.

Vi går no over til å sjå på stammer relaterte til splittingsmetaforen.

split-

Split- er den splittingsmetaforrelaterte stamma som er mest brukt i 2000-materialet, med 11 treff, mot fem i 1950-materialet og ingen treff i 1900-materialet.

1950:

Det väsentliga i schizofreniens symtombild, vilken grupp det än är fråga om synes vara en förändring av personligheten, som består i en **splittring** eller upplösning av sammanhangen, en bristande kontakt med verkligheten och en förändrad jagupplevelse. (Lu: 178)

Betegnelsen [skizofreni] rammer væsentlige sider af symptomatologien, for så vidt som patienterne ofte frembyder tegn på personlighedsspaltning og på mærkelige former for **splittelse** af følelseslivet og tankegangen; de fleste enkeltfunktioner er intakte, men integrationen svigter. (SS: 133)

Merk korleis høvesvis *splitting* og *oppløysing* og *spalting* og *splitting* vert nytta om kvarandre i sitata frå (Lu: 178) og frå (SS: 133) over.

2000:

Den **splittrade**, akut schizofrene behøver ofta få «lægga ut» inre föreställningar på vårdpersonalen, som måste hjälpas att förstå att detta är ett led i en terapeutisk process. (C: 290)

När en patient plötsligt börjar försämras - förefalla **splittrad**, orolig och paranoid måste man noggrant försöka ta reda på vad som har hänt och inte bara rutinmässigt höja medicindosen respektive lägga in patienten. (C: 295–6)

Der ategner sig her en fordobling (**opsplitning**) af selvet: Det er ét, iagttaget, mekanisk sansende (ét, der lytter), og et andet, der iagttager og monitorerer det første. (MKP: 263)

Han [Bleuler] vektla **splitnelsen** av de psykiske funksjoner (schizofreni – spaltet sinn) som vesentlig, og beskrev grunnsymptomene assosiasjonsforstyrrelser, affekt-aplanering, autisme og ambivalens. (MRD: 194)

Split- vert nytta utan atterhald eller metaforsignalisering i tekstane. Dette tyder på at *split-* er rekna som eit presist og gangbart uttrykk for å skildra mentale tilstandar i lærebøkene. Bruken av *-split-* refererer i døma over til ulike aspekt ved schizofreni: pasienten, sjølvvet, tilstand, psyken, symptom og sjukdommen. Splitting er eit sentralt aspekt i Bleuler sin schizofrenimodell, der det er rekna som det sentrale kjenneteiknet til sjukdommen og som eit kardinalsymptom. Splittingsmetaforen vert dermed nytta til å skildra og forklara både sjukdommen og pasienten sin tilstand. *Split-* refererer til postulerte tilstandar som observatøren nyttar som ei forklaring av overflatefenomen, eller som forklaring på subjektive symptom rapporterte av personen. Følgjande ICM-aspekt er omtalte vha. splittingsmetaforen i materialet mitt: SJUKDOM, SYMPTOM, PASIENT, PSYKE, TILSTAND.

spalt-

Spalt- er mest nytta i 1950-materialet, med 22 treff, mot fire i 2000-materialet og ingen i 1900-materialet. Kvifor *split-* tilsynelatande har teke over for *spalt-*, er uvisst, men *spalt-* ser ut til å vera mindre nytta enn *split-* i daglegspråket, og førstnemnde har eit smalare bruksområde og eit visst stilistisk preg (jf. t.d. kollokasjonen *spalta atom*). Eit søk på dei to verba *splitte* og *spalte* i Leksikografisk bokmålskorpus²²³ (utført 9.9.2016) stadfestar denne intuisjonen, då verbet *splitte* har 1229 treff, medan verbet *spalte* har 537 treff, som er under halvparten. Ei tilsvarande undersøking i same korpus (utført 27.1.2017) på dei avleidde substantiva *splittelse* og *spalting/spaltning* i same korpus gav 708 treff på *splittelse*, men berre 144/39 treff på *spalting/spaltning* (183 treff tilsaman).

1950:

I den følgende beskrivelse vil vi da forbeholde betegnelsen schizofreni for de sinnssykdommer som må antas å ha arvebiologisk relasjon til denne sykdom, som regelmessig er ledsaget av en personlighetsforandring, oftest i form av en **spaltning** av personligheten og som i de fleste tilfeller ender med større eller mindre sjelelige defekter. (L: 342)

Davidson antar spesielt at den schizofrene **spaltning** av personligheten simpelthen kan forklares som en følge av en cerebral capillærskade, og minner i denne forbindelse om emosjonenes effekt på den capillære sirkulasjon. (L: 348)

Enkelte **spaltingssymptomer**, f. eks. inadekvat mimikk samt projeksjonssymptomer som hallusinose er i og for seg ikke karakteristisk for schizofreni. (L: 364)

²²³ **Leksikografisk bokmålskorpus** er eit såkalt lingvistisk annotert og balansert korpus utvikla ved Avdeling for bokmålsleksikografi ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo. Korpuset har ei sjangerfordeling som er meint å reflektera samansettinga (type og frekvens av type) av tekstar som «gjennomsnittslesaren» møter. For nærare opplysingar om korpuset, sjå Knudsen & Fjeld (2013).

2000:

Betegnelsen «skizofreni» henviser netop til en **spaltning** af sindet, og denne **spaltning** var opfattet som manglende samspil eller dissociation mellem psykens elementer. (MKP: 318)

Han [Bleuler] vektla splittelsen av de psykiske funksjoner (schizofreni – **spaltet** sinn) som vesentlig, og beskrev grunnsymptomene assosiasjonsforstyrrelser, affekt-aplanering, autisme og ambivalens. (MRD: 194)

Spalt- vert nytta utan atterhald eller metaforsignalisering i tekstane. Dette tyder på at *spalt-* er rekna som eit presist og gangbart uttrykk for å skildra mentale tilstandar i lærebøkene. Då *spalt-* er synonymt med *splitt-*, er bruken av dei to nokså parallell semantisk sett, men bruken av *spalt-* er som vist gått ned sidan 1950-talet. Spaltingsmetaforen er nytta til å omtala personlegdommen, sinnet, ein sinnstilstand og symptom. *Spalt-* refererer til postulerte tilstandar som observatøren nyttar som ei forklaring av overflatefenomen, eller som forklaring på subjektive symptom rapporterte av personen. Følgjande ICM-aspekt er omtalte vha. spaltingsmetaforen i materialet mitt: PASIENT, PSYKE, TILSTAND (å ha ein splitta personlegdom er ein tilstand), SYMPTOM.

kløyv-

Stamma *kløyv-* er nytta tre gonger i heile lærebokmaterialet, alle treffa er å finna i dei to svenske lærebøkene:

Ordet schizofreni betyder splittrat sinne eller **klyvning** av själslivet och utgör en beteckning på de viktigaste symtomen vid ifrågavarande sjukdom. (Lu: 175)

*Ordet [schizofreni] betyder egentligen **kluvet** sinne och myntades av den psykoanalytiskt inspirerade schweiziske psykiatern Eugen Bleuler 1911. (C: 267, fotnote)

Pasienten kan exempelvis vara **kluvnen** mellan att önska livet ur sina föräldrar och uttrycka starkt beroende av dem. (C: 268)

Vi ser her korleis termen schizofreni vert definert vha. heimlege ord som er henta frå same kjeldedomene som splittingsmetaforen er basert på: «splittrad» og «klyving». Skilnaden mellom *splitta* og *kløyva* er at sistnemnde konnoterer noko meir dramatisk, då grunntydinga til *kløve* /*klyva*/ *kløyva* ifølgje DDO, BOB, SAOB og NOB er å med stor kraft dela noko i to vha. øks, kile eller liknande. Mogelegvis er det derfor stamma ikkje er nytta fleire gonger i lærebokmaterialet. Det kan òg henda at verbet reint generelt er vanlegare i svensk enn i dansk og norsk. I døma vert *kløyv-* nytta for å omtala pasienten, tilstanden til pasienten eller sjelelivet hans. *Kløyv-* refererer til postulerde tilstandar som observatøren nyttar som ei forklaring av overflatefenomen, eller som forklaring på subjektive symptom rapporterte av personen. Følgjande ICM-aspekt er omtalte vha. kløyvingsmetaforen i materialet mitt: PASIENT, TILSTAND, PSYKE.

dissosi-

Som nemnt er *dissosi-* ei stamme med konkret tyding i skandinaviske språk. Stamma kjem frå lat. *dis-* ‘frå kvarandre, til ymse sider’ pluss *sociare* ‘sameina’, og er eit antonym til *assosi-*. *Dissosiera* tyder ifølgje BOB og NOB ‘kløyva, spalta, skilja’, og både verbet og det avleidde substantivet *dissosiasjon* vert ifølgje ordbøkene nytta innanfor kjemi (BOB oppgjev t.d. tydinga som ‘spaltning, særlig av molekyler’). Noka overført tyding er ikkje lista i NOB, BOB eller DDO, men SAOB listar følgjande psykologiske tyding (i tillegg til den konkrete tydinga): «(3) *psykol.* lösa, frånskilja, afkoppla (en viss själslig akt från medvetenhetslifvet i öfrigt).» Stamma er nytta to gonger i 1900, ein gong i 1950 og ni gonger i 2000.

1900:

Det ser ud, som om Hjernen manglede Udviklingsmulighed; paa det Tidspunkt, hvor dens Arbejde rigtigt skal til at begynde, svigter den, og ikke nok med, at den skal udvikles videre; den degenererer øjensynligt, og **Dissociationsprocessen** skrider oftest ustanseligt fremad, indtil Individet er reduceret til en sørgelig, aandelig Invalid. (F: 97)

Den sørgelige Udgang af alle ikke helbredede Sindssygdomme, som ogsaa af mange organiske Hjernelidelser, er Dementsen, Sløvsindet, o: **Dissociationen**, Opløsningen af Personligheden. (F: 103–4)

1950:

Hva psykoseinnholdet angår, så var hebefrenien etter Kraepelins beskrivelse preget av **dissociasjonen** (spaltningsfenomenene) og deriblant altså i visse tilfeller hallusinosen. (L: 343)

2000:

Udvikling af verbale hallucinationer, hvoraf tankehørighed og tankeekko er de mest elementære former, begynder med en **dissociation**, nemlig med en oplevelsesmæssig afstand mellem den indre dialog og jegfølelsen. (MKP: 294)

Ved læseekko er det en **dissociation** mellem en stum forståelse af grafiske tegns mening og deres verbale meningsforståelse, der træder tydeligt frem: Patienten kan ofte ikke beskrive sikker akustisk kvalitet, men siger blot: «Det føles, som om der er nogen, der læser med, som om teksten har været læst allerede». (MKP: 294)

Opløsningen af tænkningsens struktur, med **dissociation** mellem selvet, tanken (mening) og dens verbale medium (inner speech), bevirker, at tankerne kan opleves næsten som fysisk-rumlige genstande: Patienter beskriver dem som tunge, fortættede eller kondenserede og kan undertiden ligefrem lokalisere deres tanker til bestemte dele af hovedet (spatialisering = rumliggørelse). (MKP: 294)

I takt hermed sker det en tiltagende perceptualisering af tankerne, således at disse erhverver en kvasiakustisk kvalitet (tankehørighed) med **dissociation** mellem inner speech og dennes mening. (MKP: 294)

Betegnelsen «skizofreni» henviser netop til en spaltning af sindet, og denne spaltning var opfattet som manglende samspil eller **dissociation** mellem psykens elementer. (MKP: 318)

Dissosi- vert nytta utan atterhald eller metaforignalisering i tekstane. Dette tyder på at *dissosi-* er rekna som eit presist og gangbart uttrykk for å skildra mentale tilstandar i lærebøkene. *Dissosi-* vert nytta til å skildra eller omtala ein prosess, ein tilstand, eit preg ved ei form for schizofreni (hebefreni), eit symptom (lseekko), eit ledd i utvikling av hallusinasjonar eller som manglende samspel mellom psykiske funksjonar. *Dissosi-* refererer til postulerte tilstandar som observatøren nyttar som ei forklaring av overflatefenomen, eller som forklaring på subjektive symptom rapporterte av personen.

Følgjande ICM-aspekt er omtalte vha. dissosiasjonsmetaforen i materialet mitt: SJUKDOM, PROGNOSE, SYMPTOM, FORLØP, TILSTAND, PSYKE.

fragment-

Fragment- kjem frå lat. *frangere* ‘bryta’. Verbet *fragmentera* er oppført med tydinga ‘dela opp, hogga opp’ i NOB, medan *fragment* er lista med tydinga ‘brotstykke, del, bit’. Dei norske ordbøkene listar ikkje nokon overførte tydingar, men DDO listar den meir generiske tydinga ‘løsrevet eller ufuldstændig del af en større sammenhæng’ som ei deltyding av substantivet *fragment*. Stamma er ikkje nytta i 1900- eller i 1950-materialet, men ho er nytta fem gonger i 2000-materialet.

2000:

Det **fragmenterade** jaget hos de schizofrena avspeglas i en **fragmenterad** eller diffus kroppsuppfattning som också kan ha förstärkts av institutionalisering och neuroleptikabehandling. (C: 292)

Ved ekstrem tendens til afsporing består talen af en ophobning af **fragmenter**, der er svære at forstå og umulige at følge, og man betegner talen som usamlet.²²⁴ (MKP: 258)

Mange paranoid-persekutoriske reaktioner hos organiske patienter (fx ved et delir) er en følge af global bevidsthedsforstyrrelse, med **fragmenteret** og derfor ængstende oplevelse af omverdenen. (MKP: 289)

Selv-billede [ved schizofreni og schizotyp lidning:] **Fragmentarisk** (MKP: 314)

Metaforen *fragment-* er òg nytta i ICD-10 sin definisjon av undergruppa hebefren schizofreni, som er definert som: «Schizofreni med fremtredende affektive forandringer, flytende og fragmenterte vrangforestillinger og hallusinasjoner, uansvarlig og uforutsigbar atferd og ofte aparte manerer.»²²⁵. *Fragment-* har litt andre konnotasjonar enn *splitting* og *spalting*, då verbet *fragmentera* denoterer ei oppdeling

²²⁴ *Usamlet* er semantisk beslektet med *usammenhengende*.

²²⁵ <https://finnkode.ehelse.no/#icd10/0/0/0/2599484>, kode F20.1

i fleire delar (fragment) enn berre å dela noko i to (som er denotasjonen til verbet *kløyva*). Konnotasjonsmessig ligg dermed *fragment-* nærare *Zerreibung* ('sundring') enn *Spaltung*.

Fragment- vert nytta utan atterhald eller metaforisering i tekstane. Dette tyder på at *fragment-* er rekna som eit presist og gangbart uttrykk for å skildra mentale tilstandar i lærebøkene. I døma ser vi at fragmenteringa kan råka personen, talen, opplevinga av omverda og/eller eigen kropp og sjølvbiletet. Medan fragmentert tale er eit symptom som er direkte observerbart for andre, er dei andre formene for fragmentering postulererte tilstandar som observatøren nyttar som ei forklaring av overflatefenomenet, eller som forklaring på subjektive symptom rapporterte av personen. Følgjande ICM-aspekt er omtalte vha. fragmenteringsmetaforen i materialet mitt: PASIENT, TILSTAND, PSYKE.

oppløys-

Oppløys- er mest nytta i 1950-materialet, med åtte treff, mot eitt i 1900- og tre i 2000-materialet. *Oppløys-* har relativt sterke konnotasjonar, då noko som går i oppløysing, vert dekomponert og ofte går over i ei anna form. Ofte er det personen eller personlegdommen som vert «oppløyst» i læreboktekstane, men det kan òg vera snakk om persepsjonen, tenkinga eller «eg-grensene»:

1900:

Den sørgelige Udgang af alle ikke helbredede Sindssygdomme, som ogsaa af mange organiske Hjernelidelser, er Dementsen, Sløvsindet, σ : Dissociationen, **Opløsningen** af Personligheden. (F: 103–4)

1950:

Begynder sygdommen derimod først efter det 30. leveår, altså på et tidspunkt, hvor personligheden i det væsentlige er færdigudviklet og i nogen grad fikseret, vil de **personlighedsopløsende** faktorer have vanskeligere ved at gøre sig gældende. (SS: 145)

Dels kan tvangssymptomene, og da særlig tvangstenkingen, være en direkte følge av den schizofrene **oppløsningsprosess** og da betraktes som en form for

schizofren tenkingsforstyrrelse (stereotype gjentakelsestilbøyeligheter). (L: 364)

Det väsentliga i schizofreniens symtombild, vilken grupp det än är fråga om synes vara en förändring av personligheten, som består i en splittring eller **upplösning** av sammanhangen, en bristande kontakt med verkligheten och en förändrad jagupplevelse. (Lu: 178)

Känslan för takt och hänsyn, för vackert och fult, för etiska eller moraliska värden, **uppluckras** och går förlorad. (Lu: 179)

2000:

Detta är också en illustration över hur gränsen mellan jaget (självet) och omvärlden är **uppluckrad**. (C: 269)

Den anden form for vaghed (poverty of speech) består af, at patienten giver korte og kryptiske svar, som ikke kan forstås entydigt, ofte som et forsvar mod yderligere **opløsning** eller i et forsøg på dissimulation. (MKP: 257)

Kraepelin innførte begrepet parafreni om en særlig godartet form av den paranoide schizofreni, som rammer mennesker i et noe høyere livsavsnitt, ofte etter 60-årsalderen, der vrangforestillinger er relativt systematiserte, og hvor det er påfallende liten tendens til **personlighetsoppløsning**. (MRD: 209)

Oppløys- vert nytta utan atterhald eller metaforignalisering i tekstane. Dette tyder på at *oppløys-* er rekna som eit presist og gangbart uttrykk for å skildra mentale tilstandar i lærebøkene. *Oppløys-* vert nytta for å referera til ei rekkje aspekt ved schizofreni: prognose, tilstand (organiseringa av medvitet, uklåre eg-grenser), symptom (tankeforstyrningar, affektive forstyrningar, persepsjonsforstyrningar), personlegdom. *Oppløys-* refererer til postulerte tilstandar som observatøren nyttar som ei forklaring av overflatefenomen, eller som forklaring på subjektive symptom rapporterte av personen. Følgjande ICM-aspekt er omtalte vha. oppløysingsmetaforen i materialet mitt: PROGNOSE, SYMPTOM, TILSTAND, PSYKE.

Interessant nok ser nokre av treffa på bruk av *oppløys-* ut til å dreia seg om skildring av korleis schizofreni vert opplevt av subjektet, dvs. ikkje om ei skildring av sjølve fenomenet:

Usikker selv-identitet; følelse af indre vakuum; følelse af indre disintegration²²⁶ og **opløsning**; udtalte identitetsforstyrrelser (udseende, alder). (MKP: 264)

Følt distance til egen krop; følelsen af, at «kroppen og sjælen» ikke passer eller ikke hænger sammen; oplevelse af kropslig **opløsning**. (MKP: 264)

I fremskredne stadier af schizofreni vil der ofte være tale om massive ændringer i selvoplevelsen: Vitalitet og sammenhæng går tabt, og patienten oplever en **opløsning** af egen person. (MKP: 266)

Ikke sjelden har pasienten en følelse av uhygge eller katastrofe, der han føler at han **går i oppløsning** eller er i ferd med å spaltes. (MRD: 205)

Risikofaktorer for selvmord ved schizofreni [...] frykt for mental **opløsning** (MRD: 224)

Det er viktig å ikkje gløyma at menneske med schizofreni òg bruker metaforar om seg sjølve og tilstanden sin. I læreboksitata over kan det vera snakk om (indirekte) refererte utsegner frå pasientar. Det er berre dei som har førstehandskjennskap til korleis det kjennest å ha schizofreni. Vi kan ikkje vita sikkert om pasientane de facto har nytta *oppløysing* eller eit semantisk beslekta ord for å setta ord på korleis dei har det. Det kan sjølvsagt tenkjast at lærebokforfattaren har parafrasert utsegn frå pasienten med ein metafor som han synest er dekkjande, som *oppløysing* eller *disintegrasjon*. Men det kan òg sjølvsagt tenkjast at pasientane faktisk har nytta metaforen *oppløysing* (og *spalta*, som i sitatet frå (MRD: 205)) for å skildra (sinns)tilstanden sin. «Oppløysinga» kan gjelda anten heile personen, sinnet eller kroppen.

Møller (2017) skriv at såkalla sjølvforstyrningar ofte førekjem ved schizofreni:

²²⁶ *Disintegrasjon* er semantisk beslekta med *oppløysing*.

Dette er vedvarende og progredierende dyp og smertefull uvirkelighets- og fremmedfølelse med hensyn til egen kropps- og identitetsfølelse, i relasjonen til andre mennesker og til de fysiske omgivelsene. Typiske opplevelser er av typen «jeg har mistet meg selv», «det føles som om tankene ikke er mine egne», «jeg er usikker på om jeg egentlig finnes» eller «verden og menneskene virker ikke ekte». Dette er ikke harmløs filosofisk undring, men langt på vei bokstavelig ment og opplevd og innebærer at selve den subjektive karakter i opplevelsene, det at opplevelsen er forankret i meg, som min opplevelse, er vedvarende fordreid. De representerer en dyp eksistensiell forvirring og skaper stor lidelse og funksjonssvikt. Slike opplevelser er dessuten nesten umulig å sette ord på, særlig for unge.

Det kan sjå ut som om den subjektive opplevinga av å utgjera ein udeleleg og autonom heilskap – eit individ (*individ*, av av lat. *individuus* ‘udeleleg’ (NOB)) kan gå tapt ved schizofreni. Elyn Saks, som er professor i juss og psykiatri, og som sjølv har schizofreni, skriv følgjande om sjukdommen:

In any case, whatever schizophrenia is, it's not «split personality,» although the two are often confused by the public; the schizophrenic mind is not split, but shattered. (Saks, 2007: 303)

(u)samanheng-

Den siste stamma eg har undersøkt, er *(u)samanh-*. Grunnen til at denne stamma er teken med, er at samanheng, eller nærare bestemt mangel på slik, er eit aspekt ved splittingsmetaforen. Dersom sinnet vert splitta, er det ein patologisk tilstand, sidan sinnet må vera «heilt» og «samanhengande» for å kunna fungera optimalt. Ord som *splitta*, *spalta*, *kløyvt* vert nytta om entitetar som i sin naturlege tilstand er heile og samanhengande, men som er blitt delte pga. av at ei kraft har verka på dei. Splitta entitetar har tapt, nedsett eller endra funksjon. Sjølv om t.d. kløyvde vedskier og spalta atom har auka (energimessig) nytteverdi, har splittingsmetaforen negative konnotasjonar når han er nytta om menneskelege fenomen.

Stamma (*u*)*samanheng-* er nytta ofte i materialet. I 1900-materialet er det 17 treff, i 1950-materialet er det 10, og i 2000-materialet 41.

1900:

Dog mærkes ofte en relativ Sløvhed og Ligeegyldighed over for de sygelige Ideer, der dog ere egnede til at afficere Stemningen stærkt, Tale og Handlinger bære ogsaa ofte Præg af det **usammenhængende** og meningsløse, Patienterne kunne gjøre de løyerligste Ting, saasom springe i Vandet med Klæderne paa uden suicidal Hensigt eller lignende. (F: 100)

Tankegangen er ofte springende og **usammenhængende**, og ligesom de i den melankolske Periode, hvormed Sygdommen oftest begynder, «kokettere med deres Smerte» og ofte kunne springe fra de dybeste Udtryk af Fortvilelse til pjanket Latter, saaledes kunne de ofte tilsyneladende med Vilje svare aldeles forkert og meningsløst paa simple Ting, som man maa antage, at de vide Beskjed med. (F: 101)

Patienten lytter eller ser mistænksomt rundt sig; han bliver paafaldende grættet, klager over forskellige fornemmelser, indtil han endelig efter nogle dage begynder at føre en **usammenhængende** tale, der viser, at patienten er forvirret – desorienteret. (H: 105)

De vigtigste sondringstegn bestaar deri, at sindslivet er uden kontinuitet og **sammenhæng** ved sidstnævnte sygdom, hvorimod evnen til at reflektere og til at udforme tankeindholdet pleier at være i behold ved det tilbagevendende tungsind. (V: 140)

1950:

Den sjuke blir höggradigt autistisk och sluter sig inom sig själv, han blir **osammanhängande** i tal och åtbörder och brukar ofta hallucinera för hörseln eller känna påverkningar av sjuklig natur. (Lu: 179)

Der kan optræde «neologismer» (ordnydannelser), syntaksen kan opløses, så tankegangen og talen forekommer helt **usammenhængende**, «inkohærent», talen bliver en tilsyneladende meningsløs ophobning af ord, «ordsalat». (SS: 135)

Tankegangen kan bli **usammenhængende** (incohærens), idet de normale idéforbindelser stadig oppløses för målet er nådd, tankene kan gli ut eller over i andre tankebaner, smelte sammen med disse hvormed hele den tankegang blir ulogisk, tilsynelatende uforståelig, **usammenhængende** og broket. (L: 357)

Litt etter litt kommer det også til det 3dje grunnsymptom, nemlig assosiasjonsforstyrrelsene som kan nå forskjellige grader fra de lettere følelser av tanketomhet til den reneste **usammenhengende** tankegang. (L: 372)

2000:

Senere, og i mer alvorlige tilfeller, kan tankene bli mer uforståelige og **usammenhengende**. (MRD: 204)

Svære formelle tankeforstyrrelser, således at patientens tale er **usammenhengende** (MKP: 250)

Patientens vanskeligheter med at beskrive, hvad han oplever, ligger i, at han forsøger at beskrive en forstyrrelse i noget, hvis intakthed er selve forudsætningen for en **sammenhengende** oplevelse og dens beskrivelse (MKP: 263)

Patienten overvældes af flere og **usammenhengende** tanker på samme tidspunkt eller oplever en tilstand, hvor **usammenhengende** tanker hurtigt afløser hinanden. (MKP: 273)

Patienten kan opleve, at han ytrer noget uden at ville det, eller at det, han ytrer, ingen **sammenheng** har med hans igangværende tanker. (MKP: 274)

Patienten kan opleve, at tiden er gået i stå, at der ingen tid er, at tiden går baglæns, eller at tiden har mistet sin kontinuitet og består af **usammenhengende** brudstykker. (MKP: 275–6)

Utilstrækkelig følelse af at være et **sammenhengende** subjekt (MKP: 299)

(U)samanheng- vert nytta utan atterhald eller metaforsignalisering i tekstane. Dette tyder på at *(u)samanheng-* er rekna som eit presist og gangbart uttrykk for å skildra mentale tilstandar i lærebøkene. Av alle dei undersøkte stammene er det *(u)samanheng-* som ser ut til å vera nytta om flest ulike aspekt ved schizofreni. I døma er *(u)samanheng-* nytta om tale, handlingar, tankegang, gestusar, tankar, oppleving, (manglande) relasjon mellom tanke og tale, tid og subjekt. Mange av desse er observerbare symptom, medan andre er subjektive opplevingar (som t.d. endra tidsoppfatting). *(U)samanheng-* refererer altså både til direkte observerbare fenomen (usamanhengande tale, gestusar, handlingar) og til postulerte tilstandar som

observatøren nyttar som ei forklaring av overflatefenomen, eller som forklaring på subjektive symptom rapporterte av personen. Følgjande ICM-aspekt er omtalte vha. samanhengsmetaforen i materialet mitt: SYMPTOM, TILSTAND, PSYKE.

Merk òg bruken av *inkoherens* og *kontinuitet* i somme av sitata over. Desse termene er semantisk beslekta med (*u*)*samanheng*-, men er ikkje tekne med i undersøkinga mi fordi dei ikkje kan seiast å ha ei meir konkret grunntyding som kontrasterer med den abstrakte tydinga. Dei er heller ikkje semantisk gjennomsluktige på den måten som *samanheng* er (jf. *henga saman*).

7.2.2 Oppsummering av metaforundersøkinga

Termbyttet ser ut til å ha medført ei dreining i metaforbruken frå «sløv» til «splitta», og dei metaforiske stammene i lærebøkene viser seg å vera det Knudsen (2003) kallar lukka metaforar (*closed metaphors*) og Temmerman (2000) kreative metaforar (*creative metaphors*), dvs. språklege metaforar nytta utan atterhald, forklaring eller metaforsignalisering. Dette funnet samsvarer med funna til Steen, Dorst, Herrmann, et al. (2010), som fann at metaforar i ulike sjangrar i all hovudsak er usignaliserte, noko som i særleg høg grad er tilfelle for akademiske tekstar.

Vi har i tillegg sett at dei metaforiske stammene kan nyttast for å skildra eller referera til mange ulike aspekt ved schizofreni og den schizofrene personen. Bruken av dei einskilde stammene kryssar mellom elementa i gruppe 1) og 2) i ICM-en, dvs. at ei og same stamme kan nyttast om (aspekt ved) både sjukdommen og pasienten. Grunnen til at ein kan omtala så ulike aspekt med ein og same metafor, kan dels vera metonymi. Ta til dømes stamma *splitt*-, som vi har sett kan nyttast om både pasienten, sjølv, symptom (affektive og kognitive), psyken og sjukdommen. Viss ein tek utgangspunkt i Bleuler sin idé om splittinga av psykiske funksjonar som det sentrale kjenneteiknet på sjukdommen schizofreni, ser vi korleis metonymien HEILSKAP FOR DEL kan produsera uttrykk som *splitta sinn* eller *splitta personlegdom*, sidan dei psykiske funksjonane er ein del av sinnet og personlegdommen. På den andre sida kan ideen om splittinga av

psykiske funksjonar ha oppstått som følge av observasjonar av og intervju med pasientar som presenterer eller rapporterer om symptom som t.d. kan tolkast i retning av manglande koordinasjon mellom kjensle og tanke. Som nemnt over kan det òg tenkjast at noko av metaforbruken er direkte innlånt frå pasientane sine skildringar av korleis det er å ha schizofreni.

Ein annan faktor når det gjeld splittingsmetaforen sin relasjon til schizofreni, er schizofrenimodellen til Bleuler, som er spekka med ulike former for splitting eller oppløysing. Dei fire såkalla grunnsymptoma som Bleuler førte opp for schizofreni, impliserer alle ei form for splitting eller oppløysing. Grunnsymptoma vert i Malt et al. (2003) kalla dei fire A-ane:

- 1) assosiasjonsforstyrningar (tankeforstyrningar) – m.a. realitetsbrest og inkoherens
- 2) autisme – m.a. oppløysing av eg-grensene
- 3) affektavflating – m.a. manglande samsvar mellom situasjon og kjenslerespons
- 4) ambivalens – m.a. oppleving av motstridande impulsar

Den schizofrene personen misser ifølgje lærebøkene kontakten med røynda, trekkjer seg inn i seg sjølv og vekk frå kontakt med andre, han har usamanhengande tankar og (dermed) tale, han er usikker på grensene mellom seg og andre individ (både på kvar grensene går, og om dei fungerer eller i det heile eksisterer), han føler seg kontrollert av andre og høyrer stemmer, og er utsett for motstridande behov og impulsar. Det oppstår altså brot mellom han og andre, brot mellom han og den (sams) ytre røynda, brot i tankerekkjene hans, oppløysing av eg-grensene hans, og impulsane hans er splitta og trekkjer i motstridande retningar. At *splitt-* og *oppløys-* vert nytta av både pasientar og fagfolk for å skildra og referera til ein slik tilstand, er dermed gjerne ikkje så ulogisk. Arnhild Lauveng skildrar t.d. utbrotet av schizofrenisjukdommen sin på følgjande måte:

Det hadde gått bra å skjule ting forholdsvis lenge, men nå sprakk alle skall og avslørte at min verden var blitt et eneste kaos hvor ingenting lenger hang sammen. (Lauveng, 2005: 30)

Når det gjeld stammer som høyrer inn under sløvs-kapsmetaforen (*sløv-*, *avstump-*, *-flat-*) versus dei som høyrer inn under splittingsmetaforen (*splitt-*, *spalt-*, *kløyv-*, *dissosi-*, *fragment-*, *oppløys-*, (*u*)*samanheng-*) er det ein skilnad i bruk: Sløvs-kapsmetaforane karakteriserer eller refererer i hovudsak til overflatefenomen, dvs. til direkte observerbare fenomen, t.d. som manglande affektiv respons, medan splittingsmetaforane i hovudsak karakteriserer eller refererer til postulerte underliggjande psykiske årsaker til overflatefenomena. Unntaket er stammene *fragment-* og (*u*)*samanheng-*, som i tillegg kan nyttast om overflatefenomen som tale og handlingar.

Denne skilnaden reflekterer skilnaden mellom Kraepelin sitt *dementia praecox*-omgrep og Bleuler sitt *schizofreni*omgrep. Ifølgje Moskowitz & Heim (2011) var dissosiative prosessar og det umedvitne viktige i Bleuler sitt *schizofreni*omgrep, medan Kraepelin hadde det synet at psykiske lidingar var biologiske/somatiske og ikkje sosialt/psykologisk baserte. Dermed var sistnemnde ikkje avhengig av å trekkja inn det umedvitne eller dissosiative prosessar i sitt *dementia praecox*-omgrep. Bleuler si tilnærming var meir psykologiserande. Ifølgje Gilman (2008) la Bleuler vekt på tydinga og organiseringa av symptoma. Mange av symptoma ved sjukdommen (t.d. hallusinasjonar, vrangførestillingar, stereotypisk åtferd) var ifølgje Bleuler sekundære følgjer av den primære, underliggjande forstyrringa: dissosiering av idékompleks, som førte til inadekvat affekt, autisme og ambivalens (Decker, 1978). I Kraepelin sin sjukdomsmodell var prognosen (ein direkte observerbar endetilstand) fellestrekket. I Bleuler sin sjukdomsmodell var fellestrekket ein spesifikk type psykiske forstyrringar som var postulerte på grunnlag av observerte overflatefenomen.

7.3 Oppsummering og drøfting

I dette kapitlet har eg undersøkt den metaforiske vitaliteten til termane *sløvsinn* og *schizofreni*. Medan metaforen *sløvsinn* kan reknast som ein språkleg levande metafor i skandinavisk sidan *sløv* har ei meir basal og konkret tyding enn den vi finn i

samansettinga *sløvsinn*, er saka ikkje så opplagt for termen *schizofreni*. Er *schizofreni* språkleg sett ein levande eller død metafor i skandinavisk psykiatri? Eg vil hevda at på språksamfunnsnivå er *schizofreni* sannsynlegvis ein språkleg levande metafor, i den forstand at etymologien til den metaforiske termen er kjend, og at forleddet er i bruk i fagspråket både i konkret og i overført tyding. (Dette gjeld vel å merka det medisinske språksamfunnet, ikkje det allmennspråkelege.) Medisinarar utgjer eit eige språksamfunn med ein relativt omfattande språkleg kompetanse i morfem frå latin og gresk frå utdanninga. Etymologikunnskap er eit godt hjelpemiddel m.a. i anatomiundervising (Smith, Carmichael, Pawlina, & Spinner, 2007) eller når ein skal memorera fagtermar. Mange av desse termene har metonymisk og/eller metaforisk motivasjon, og ofte er dei parallelle med termar på andre språk, t.d. *depresjon* versus *nedtrykt* og *eksaltasjon* (av lat. *exaltare* ‘opphøgja’) versus *oppløftet*. Det er dermed ikkje urimeleg at etymologien til orda vert aktivt nytta for at stoffet skal vera lettare å læra og hugsa.²²⁷

Den opphavlege tydinga til termar baserte på gresk og latin kan såleis reknast for å vera kjend – og til dels i bruk – for medisinarar. I alle dei seks aktuelle læreboktekstane eg har sett på, er etymologien til termen *schizofreni* eksplisitt presentert. Innanfor det medisinske fagfeltet er forleddet òg brukt i opphavleg, konkret tyding (jf. termar som *schizotrichia* ‘oppsplitting av hårendane’). Medisinutdanning inneber innlemming i medisinarspråksamfunnet på basis av sams kunnskap. Læreboktekstar er viktige kjelder til slik kunnskap, m.a. ved å gjera *schizofreni* til ein språkleg transparent og dermed levande metafor for lesaren.

Så til spørsmålet om splittingsmetaforen er omgrepsmessig levande på språksamfunnsnivå, dvs. om det er eit sams tankemønster i språksamfunnet at schizofreni vert omgrepsleggjort vha. kjelddomenet splitting. Eg har funne at schizofreni vert definert vha. dei språkelege metaforane *sløv-*, *splitt-*, *oppløys-*, *kløyv-* og *spalt-* i ymse skandinaviske ordbøker og oppslagsverk. Dette er ein indikasjon på at

²²⁷ T.d. når det gjeld namna til musklar: *musculus biceps brachii* og *musculus triceps brachii* er namnet på overarmsmusklane. Førstnemnde har, som namnet ber bod om, to «hovud», medan triceps har tre. Det bør ikkje då komma som noka overrasking at quadriceps har fire.

schizofreni i alle fall til dels vert omgrepsleggjort ved hjelp av splittingsmetaforen i Skandinavia, og at metaforen såleis er kognitivt levande i språksamfunnet. Ein ytterlegare indikasjon på at schizofreni er omgrepsleggjort vha. splittingsmetaforen, er funna av språklege metaforar som kan seiast å reflektera splittingsmetaforen, i læreboktekstane. Korkje *splitt-*, *spalt-* eller *kløyv-* (som er dei stammene som er nærast knytte til splittingsmetaforen) er nytta i tekstane frå rundt 1900, men dei dukkar opp i dei lærebøkene som er skrivne etter innføringa av schizofrenitermen. Eg har ikkje funne døme på at desse metaforiske uttrykka er signaliserte på nokon måte, noko som tyder på at fagfolka er vane med både å møta og sjølve produsera desse metaforane, dvs. at dei er innprenta i fagspråket. Og lesarane av lærebøkene vil òg kunna få desse metaforane innprenta.

Ifølgje omgrepsmetaforteorien er det dei innprenta metaforane som er aller mest (kognitivt) levande, sidan dei styrer tankane våre utan at vi merkar det (Kövecses, 2010: xi). Eit sentralt kriterium for kva ein skal rekna som ein (kognitivt) levande omgrepsmetafor, er nettopp produktivitet: Dersom ein (postulert) omgrepsmetafor stadig gjev opphav til språklege metaforuttrykk, kan ein rekna han som levande. Dette ser ut til å vera tilfelle for splittingsmetaforen (nytta om sjukdommen *schizofreni*) i det psykiatriske fagfeltet.

I drøftinga av metaforen sin plass i vitskapen er det viktig å forstå samspelet mellom individet sine omgrepsmetaforar og fagfeltet sine metaforiske forståingsmodellar. Harder (2011) sitt skilje mellom det han kallar *conceptual construal* og *social construction* er nyttig i så måte. Ifølgje Harder refererer førstnemnde til kroppsleggjort kognisjon hjå individet og sistnemnde til (individuell) omgrepsleggjering som følgje av sosial påverknad. Dersom den sosiale påverknaden er sterk, vil han sannsynlegvis influera omgrepsleggjeringa til individet uavhengig av kva erfaringar individet sit med. Harder skriv at ein ekte sosial konstruksjon korkje har sendar eller mottakar, men eksisterer i det sosiale rommet, uavhengig av samtalekonteksten. Generell kunnskap består av slike sosiale konstruksjonar, som t.d. det heliosentriske verdsbiletet. Harder

skil òg mellom formelt etablerte og uformelle sosiale konstruksjonar, der førstnemnde er nedfelte i offentlege organisasjonar som skuleverket og rettsvesenet og i korleis samfunnet faktisk fungerer. Eg vil illustrera dette med helsevesenet som døme: Samfunnet anerkjenner at visse yrkesgrupper, som medisinarar, har ein viss status og ei viss definisjonsmakt, og at dei og berre dei kan diagnostisera sjukdommar og skriva ut medisinar. Likeins anerkjenner samfunnet at medisinske diagnosar har ein viss status og er knytt til visse rettar.

Harder hevdar at sjølv om ein konseptuell modell kan seiast å eksistera både i sinnet til individet, i tekstar og i det sosiale rommet, er det føremålstenleg å skilja mellom *conceptual construal* og *social construction* når ein undersøker gjennomslagskrafta til omgrepsleggjinga. Finst t.d. omgrepsleggjinga berre i hovudet til eit individ, vert ho eksplisitt uttrykt, eller er ho nedfelt i lovverket? Ei omgrepsleggjing kan undersøkjast frå to innfallsvinklar: frå individuell omgrepsleggjing til diskursive konstruksjonar til ei sosialt konstruert røynd; eller frå sosialt påverknad til individuell omgrepsleggjing. Omgrep må forståast både ut frå sine konseptuelle eigenskapar og ut frå si karriere i det sosiale rommet. Innovasjon er knytt til individet, men sosiale krefter avgjer kva status (om nokon) den nye ideen får i samfunnet, eit syn som Harder hentar frå Croft (2000) sin evolusjonære teori om språkending.

Det at ein metafor er død for eit einskildindivid, medfører altså ikkje at han nødvendigvis er død på språksamfunnsnivået. OMT si sterke vektlegging av mentale strukturar hjå individet som basis for språklege metaforar og mangel på tydeleg skilje mellom det individuelle og det interindividuelle (språklege) nivået er uheldig i så måte, for funn av systematiske språklege metaforar kan gje sikre teikn på semantiske mønster i *språket* som kulturelt/kollektivt fenomen, men ikkje avgjera om metaforen er levande for *den einskilde språkbrukaren*.

I det følgjande vil eg drøfta schizofrenimetaforen med eit normativt perspektiv og stilla følgjande spørsmål:

7.3.1 Var schizofreni eit heldig val av erstatningsterm?

Somme ser ut til å meina at svaret på dette spørsmålet er *nei*. Dei semantiske sidene ved schizofrenitermen er omdiskuterte m.o.t. både stigmatiseringsproblematikk og fagleg presisjon, og det er eit stigande antal fagfolk som argumenterer for eit byte av schizofreni-namnet, og eventuelt òg schizofreni-omgrepet (Lasalvia et al., 2015; Maruta et al., 2014; van Os, 2009; Van Os, 2010; Blom & van Praag, 2011; Kingdon et al., 2008; Sato, 2006; Bergsholm, 2015; Thoresen, 2015).²²⁸ Rapportar frå nokre land der schizofreni-terminen (eller rettare sagt nasjonalspråklege ekvivalentar til schizofrenitermen) er blitt bytt ut med ein ny term, er så langt positive (Sato, 2006; Takahashi et al., 2009; Kim et al., 2012). Men, som Lasalvia et al. (2015) peikar på, er det for tidleg å seia noko om langtidseffektane av desse namneskifta. Lieberman & First (2007) meiner at eit byte av namn og/eller omgrep ikkje har nokon effekt på den grunnleggjande årsaka til det stigmaet som heftar ved schizofreni, nemleg: «the public's ignorance and fear of people with mental illness». Vidare hevdar dei at eit eventuelt nytt namn kan ha den utilsikta konsekvensen at ein legg skulda for symptomata på personen heller enn på sjukdommen (sjå òg fotnote 228).

Lasalvia et al. (2015) har gått gjennom litteratur frå Europa, USA og Canada der eit eventuelt namneskifte vert drøfta, og dei har sett opp følgjande oversikt over ulike forslag til nye namn:

Kraepelin–Bleuler Disease

Neuro-Emotional Integration Disorder (NEID)

²²⁸ I nokre land har ein gjort alvor av dette. Ifølgje Lasalvia et al. (2015) har følgjande endringar i namnet på schizofreni skjedd i Asia i perioden 2002–2012:

Sør-Korea: *jungshinbunyeolbyung* ('mind-split disease') er blitt erstatta med *johyeonbyung*²²⁸ ('attunement disorder')

Japan: *seishin-bunretsui-byo* ('mind-split-disease') er blitt erstatta med *togo-shitcho-sho* ('integration disorder')

Hongkong: *jing-sheng-fen-lie-zheng* ('mind-split-disease') er blitt erstatta med *si-jue-shi-tiao* ('dysregulation of thought and perception')

Taiwan: *jing-sheng-fen-lie-zheng* ('mind-split-disease') er blitt erstatta med *si-jué-shí-tiào-zhèng* ('dysfunction of thought and perception')

Blom & van Praag (2011: 246) gjer framlegg om moglege framtidige namn som «hallucinatory syndrome with excess dopaminergic activity» og «hallucinatory syndrome with sensory deprivation and deafferentiation». Her heime er «psykosespekterlidelse» blitt føreslege som erstatningsterm (Thoresen, 2015).

*Salience Dysregulation Syndrome**Youth onset CONative, COgnitive and Reality Distortion syndrome (CONCORD)**Dysfunctional Perception Syndrome (DPS)**Psychosis Susceptibility Syndrome (PSS)**Bleuler's Syndrome*

Lasalvia et al. (2015) meiner at eponym ('oppkallingsnamn')-forslaga er dei mest tiltalande i lista over, då dei er nøytrale m.o.t. konnotasjonar og ikkje opnar for feiltolking, ei løysing som òg Kraepelin & Barclay (1909/1919) argumenterte for, med same grunngeving.²²⁹

Kraepelin anno 1909 ser nemleg ut til å ha brent seg på all kontroversen rundt termen *dementia praecox*, som var motivert av det han i beste tru oppfatta som essensen til sjukdomsgruppa på den tida han namngav fenomenet. Ikkje minst er han blitt betenkt fordi det synet han hadde på naturen til fenomenet, og som han baserte namngjevinga på, no har vist seg i beste fall å vera tvilsamt. I staden for å vera informativ har termen *dementia praecox* vist seg å vera villeiande. Kraepelin ser i følgjande sitat derfor nærast ut til å føretrekkja eit inkjeseiande namn heller enn eitt som reflekterer fagfeltet sitt syn på fenomenet:

It has since been found that the assumptions upon which the name chosen [*dementia praecox*] rested are at least doubtful. As will have to be explained more in detail later, the possibility cannot in the present state of our knowledge be disputed, that a certain number of cases of *dementia praecox* attain to complete and permanent recovery, and also the relations to the period of youth do not appear to be without exception. I certainly consider that the facts are not by any means sufficiently cleared up in either direction. If therefore the name which is in dispute, even though it has been already fairly generally adopted, is

²²⁹ Henderson & Malhi (2014), som lanserer forslaget «Bleuler's syndrom» viser til at liknande namnebyte har skjedd før i psykiatrien: Mongolisme og senil demens vart omdøypte til høvesvis *Downs syndrom* og *Alzheimers sjukdom*. Skilnaden mellom desse diagnosekategoriane og schizofreni er at førstnemde har kjende organiske årsaker og kan diagnostiserast vha. objektive undersøkingsmetodar, noko som så langt ikkje er tilfellet for schizofreni.

to be replaced by another, it is to be hoped that it will not soon share the fate of so many names of the kind, and of dementia præcox itself in giving a view of the nature of the disease which will turn out to be doubtful or wrong. From this point of view, as Wolff showed, a name that as far as possible said nothing would be preferable, as dysphrenia. The name proposed by Evensen «amblynoia,» «amblythymia,» further the «demenza primitiva» of the Italians, or the one preferred by Rieger, which meanwhile has certainly been already used in a narrower sense, «dementia simplex,» might also be taken into consideration. Bernstein speaks of a «paratonia progressiva,» a name that would suit only a part of the observed cases. Other investigators accentuate the peculiar disturbance of the inner psychic association in our patients and call the disease «dementia dissociativa,» «dissecans,» «sejunctiva» or with Bleuler «schizophrenia.» It remains to be seen how far one or other of these names will be adopted. (Kraepelin & Barclay, 1909/1919: 4)

Sett i forhold til eponymtermar er altså termar som *schizofreni* potensielt meir informative, men òg meir problematiske, sidan dei er motiverte av metaforisk tenking og dermed inneber ei bestemt omgrepsleggjering og framing, og sidan dei kan vera motiverte av ei forelda (mis)forståing av fenomenet. At Alois Alzheimer observerte og skildra dei psykologiske og organiske²³⁰ endringane som er karakteristiske for det vi no kallar Alzheimers sjukdom, er eit konkret, uforanderleg og objektivt faktum. Sjukdomsnamnet seier ingenting om naturen til sjukdommen, men namnet er motivert og gjev meining, sidan det er knytt til oppdaginga av sjukdommen som ein diagnostisk entitet.²³¹ Termar som *schizofreni*, derimot, seier forsøksvis noko om naturen til sjukdommen dei namngjev, men namnet er ikkje knytt til noko konkret og objektivt faktum ved sjukdommen, det er motivert av ei (mellombels) metaforisk omgrepsleggjering av han. Allereie Bernstein (1903: 569–70) føreslo «Morbus Kraepelini (Kraepelin'sche Krankheit)» som løysing på namnedisputten over

²³⁰ Avleiringar og nevrofibrillære flokar.

²³¹ Ifølgje nettsidene til *Alzheimer's disease international* var det faktisk Kraepelin, Alzheimer sin dåverande klinikkjef, som namngav sjukdommen. <https://www.alz.co.uk/alouis-alzheimer>, og ifølgje Weber (1997) var sjukdommen eigentleg Kraepelin si «oppfinning», sjølv om det var Alzheimer som oppdaga endringane som seinare vart knytte til sjukdommen.

Dementia praecox, eit forslag som, viss det hadde fått gjennomslag, kanskje ville ha hindra *schizofreni* frå å ha blitt introdusert og teke i bruk.

Kraepelin var ikkje åleine om å åtvare mot ei ny teorimotivert namngjeving. I drøftinga som følgte etter Bleuler sitt innlegg om *dementia praecox/schizofreni* i 1908 hadde Neisser²³² følgjande innvending mot schizofrenitermen:

[...] ich möchte dringend davor warnen, den Namen «Schizophrenie» anzunehmen. Gewiß ist, wie vorhin betont wurde, der Name Dementia praecox nicht ganz befriedigend; wir wissen aber nun alle, was damit gemeint ist, und können vorläufig klinisch damit arbeiten. Dagegen möchte ich mich gegen den Namen Schizophrenie wenden, nicht nur, weil er sprachlich sich nicht leicht einbürgern dürfte,²³³ sondern darum, weil er nicht von unmittelbar der klinischen Beobachtung zugänglichen Erscheinungen, sondern von einer theoretischen Anschauung über das Wesen des Krankheitsprozesses seinen Ausgang nimmt. (Bleuler, 1908: 476) [13]

Neisser peikar på ein viktig skilnad mellom Kraepelin og Bleuler sine termar: *Dementia praecox* er motivert av direkte observerbare overflatefenomen som alder for sjukdomsutbrot (‘praecox’) og prognose/endestadium (‘dementia’). Schizofreni er på si side motivert av ei postulert og ikkje direkte observerbar underliggjande årsak til observerbare overflatefenomen. Kraepelin sin motivasjon for sin term lét seg dermed relativt raskt falsifisera: Utbrotsalder og prognose variererte meir enn Kraepelin hadde gått ut frå, noko han sjølv ope medgjev i sitatet over. Men Bleuler sin postulerte motivasjon for sin term er umogeleg å falsifisera, fordi han ikkje kan testast empirisk: Ingen kan undersøkje sinnet for å sjå om det er «splitta» ved schizofrene tilstandar eller

²³² Det er sannsynlegvis snakk om Clemens Neisser, då han i artikkelen er referert til som *Neisser-Bunzlau*. Talarane vert refererte til ved etternamn og arbeidsstad (Bleuler er såleis titulert *Bleuler-Burghölzli*), og Clemens Neisser frå 1904 sjukehusdirektør for pleieanstalten i Bunzlau (https://de.wikipedia.org/wiki/Clemens_Neisser, henta 21.10.2016)

²³³ Det er usikkert kva Neisser siktar til her. Er det snakk om generell motstand i fagfeltet mot å byta ut ein veldefinert term med ein ny term?

ikkje. Denne mangelen på falsifiserbarheit deler Bleuler sin teori med ei rekkje andre psykologiske teoriar, ikkje minst teoriane til Freud og hans etterfølgjarar.²³⁴

Det har som nemnt alltid (men i varierende grad) vore mangel på semje om korleis diagnosekategorien schizofreni skal definerast og avgrensast, og det at schizofreniforskinga enno ikkje har fått noko fundamentalt gjennombrot, diskvalifiserer ifølgje Tandon et al. (2009: 13) alle freistningar på å byta ut termen *schizofreni* med eitt nytt namn på sjukdommen/sjukdomsgruppa:

[...] a change in the name might suggest that we have newly learned some fundamental truth about schizophrenia; although there is much that we know about schizophrenia, no single fact can be assigned primacy over all others that would warrant such a change in name.

Å velja eit eponym vil imøtegå denne kritikken. Men som nemnt i avsnitt 5.1.4, har ikkje eponym ei så høg stjerne hjå alle som dei har hjå Lasalvia et al. (2015), då eponym ikkje kastar lys over naturen til det fenomenet dei gjev namn til.

Det som ser ut til å vera heilt fråverande i denne namnedebatten, er dei morfologiske argumenta Bleuler nytta for å erstatta *dementia praecox* med *schizofreni* i si tid: Fleirordstermar er språkleg sett tungt handterlege. Ingen av namneforslaga som til no er komne (over) eignar seg for orddanning i germanske språk.²³⁵ Eit eventuelt skifte frå *schizofreni* til t.d. «hallusinatorisk syndrom med sensorisk deprivasjon og deafferensiasjon» (sjå fotnote 228) vil innebera eit vesentleg tap av språkleg fleksibilitet, og morfologisk sett vil dette føra fagspråket rett tilbake til dei bruksegenskapsproblema som hefta ved termen *dementia praecox* (og truleg vel så

²³⁴ Òg innanfor tidleg omgrepsmetafor vert det sett fram ein del ikkje-falsifiserbare påstandar, som den at metaforisk språkbruk kjem av omgrepsmetaforar. Undersøking av ikkje-språkleg åtferd i form av psykolingvistiske undersøkingar m.m. er derfor naudsynte supplement til språklege metaforundersøkingar i høve til drøfting av omgrepsmetaforar.

²³⁵ Eg kjenner ikkje til i kva grad dei asiatiske termene er språkleg fleksible i sine respektive språk eller ikkje, men dei gamle og dei nye namna ser i alle fall ut til å vera morfologisk parallelle, slik at ein kan tru at fleksibiliteten i det minste ikkje vart endra til det verre i og med namneskiftet.

det). Nokre av forslaga kjem med tilhøyrande akronym eller forkortingar, som t.d. *CONCORD*, men sjølv om desse er kortare og kan inngå i samansettingar og avleiingar, er det vanskeleg å sjå for seg at ein skal kunna avleia eit brukbart adjektiv frå dei. Akronymet *CONCORD* er òg semantisk uheldig, då *concord* på engelsk tyder harmoni, samstemtheit, semje.²³⁶ Å gå frå ein term som konnoterer ‘splitting’ til ein som konnoterer ‘samstemtheit’ tykkjest å vera eit vel langt logisk sprang. Det finst mange skildringar av symptomatologien og dei mogelege sjukdomsmekanismane ved schizofreni, men samstemtheit og harmoni er berre nemnde i desse samanhengane som noko som *manglar* ved schizofreni. Forkortingar verkar dessutan ekskluderande: Dei innvige veit kva dei tyder, men for alle andre er dei heilt ugjennomsiktige.

Eit eventuelt tap av eit adjektiv tilknytt namnet på sjukdommen vera ein alvorleg kjepp i hjulet for ei smidig og internasjonalt einskapleg fagspråkleg framstilling av sjukdomsfenomenet, jf. undersøkinga av bruksområda for adjektivet *schizofren* i kap. 6. Skandinaviske fagfolk kunne omgå (eller unngå) den ufleksible termen *dementia praecox* ved å nytta orddanningar fra den skandinaviske stamma *sløv-*, som ser ut til å motsvara Kraepelin sin bruk av den tyske stamma *blöd-*, ikkje minst termen *ungdomssløvsinn*. Men det er tungvint å operera med nasjonalspråklege alternativ parallelt med internasjonal nomenklatur (noko ein slepp med *schizofreni*), i tillegg til at det er vanskeleg å finna eit dekkjande nasjonalspråkleg og språkleg fleksibelt alternativ som ikkje allereie har ei etablert tyding i språket.

Splittingsforvirring

Den psykiske «splittinga» som er knytt til termen *schizofreni*, er, som vist i døma henta frå lærebøkene, oppfatta som å ha mange ulike manifestasjonar og å kunna skje på mange ulike område. I det følgjande skal eg drøfta mogelege grunnar til dette.

«In its long history, the splitting of ‘splitting’ was made to occur horizontally and vertically, and both between and within structures and/or functions.» skriv Berrios et

²³⁶ ODE: lat. *concordia*, from *concoro* 'of one mind', from *con-* 'together' + *cor, cord-* 'heart'

al. (2003: 119). Dei hevdar at splittingsmetaforen sjølv var splitta i følgjande to typar splitting: a) horisontal splitting og b) vertikal splitting, dvs. høvesvis splitting *i* psykiske funksjonar (som t.d. «splitta kjensler») eller *mellom* psykiske strukturar (som t.d. «splitting» mellom vilje og kjensler). Bleuler sin schizofrenidefinisjon og motivasjon for danninga av schizofrenitermen dreier seg om vertikal splitting, splitting *mellom* psykiske funksjonar.

Termen *splitting* blir i (psykodynamisk) psykiatrisk fagspråk òg nytta for å referera til eit fenomen primært assosiert med alvorlege personlegdomsforstyringar, ved at to antagonistiske impulsar, t.d. opplevinga av bra og dårleg, unngår konfrontasjon vha. ei spalting i eg-et (Cullberg, 2003: 98–99), eventuelt med projisering på andre, som då vert oppfatta som anten perfekte eller verdilause. Dette er truleg døme på det Berrios et al. omtalar som horisontal splitting.

Freud si framstilling av sinnet som delt i id, ego og superego kan ha influert førestillinga om splitta personlegdom, då denne modellen går ut på å framstilla sinnet som ein sameksistens mellom tre ulike personifiserte personlegdomsstrukturar (id som det impulsstyrte småbarnet, superego som det rettleiande samvitet som er internalisert frå foreldra sine formaningar og irettesettingar, og ego som meklaren mellom dei to andre). Som nemnt i 5.1.2 reknar Talmy (2000) førestillinga om det delte sjølvet som ein grunnleggjande semantisk konfigurasjon i språket. Vi er vane med å snakka om sinnet som om det bestod av fleire ulike individ, noko som t.d. gjer at NRK kan kalla ein tv-serie om psykiske vanskar «Jeg mot meg».

Ved nærare ettersyn viser det seg at årsakene til at Bleuler sitt splittingsomgrep er blitt tolka på så ulike måtar, dels kan visa seg å liggja hjå Bleuler sjølv. Under overskrifta «Die Definition» skriv han følgjande om schizofreni i 1911-monografien sin:

In jedem Falle besteht eine mehr oder weniger deutliche **Spaltung der psychischen Funktionen**: ist die Krankheit ausgesprochen, so **verliert die Persönlichkeit ihre Einheit**; bald representiert der, bald jener psychische Komplex die Person: die gegenseitige Beeinflussung der verschiedenen Komplexe und Strebungen ist eine ungenügende oder geradezu fehlende; die

psychischen Komplexe fließen nicht mehr wie beim Gesunden zu einem Konglomerat von Strebungen mit einheitlicher Resultante zusammen, sondern **ein Komplex beherrscht zeitweilig die Persönlichkeit**, während dessen andere Vorstellungs- oder Strebungsgruppen **«abgespalten»** und ganz oder teilweise unwirksam sind. (Bleuler, 1911/2014: 6) [14]

Allereie seks sider inn i boka introduserer altså Bleuler personlegdomsspalting eller multipel personlegdom som kjenneteikn på manifest schizofreni. Og det stoppar ikkje der. På s. 58, under overskrifta «Die Person» (i kapittelet om grunnsymptom ved schizofreni) skriv han følgjande om eg-et ved schizofreni: «Ganz intakt ist dennoch das Ich nirgends; es zeigt regelmäßig gewisse Alterationen, namentlich Neigung zu Spaltungen.» Eg-et er altså tilbøyeleg til spaltingar og er aldri heilt intakt.

I eit anna avsnitt, òg titulert «Die Person» (i kapittelet om såkalla aksessoriske symptom ved schizofreni), finn vi fleire passasjar som med reine ord ser ut til å referera til spalting av personlegdommen og/eller eg-et, heller enn til spalting av dei psykiske funksjonane:

Da beliebige **Teile des Ich abgespalten** und ihm anderseits ganz fremde Vorstellungen angegliedert werden können, werden die Patienten «depersonalisiert», **die Person «verliert ihre Grenzen in Raum und Zeit»**. Die Kranken können sich identisch fühlen mit irgend einer andern Person, ja, mit Sachen; mit einem Stuhl, mit der Schweiz; umgekehrt **verlieren sie den Zusammenhang mit sich selbst**; einzelne gefühlsbetonte Ideen respektive Triebe bekommen eine gewisse Selbständigkeit, so daß **die person in Stücke zerfällt. Diese Teile können nebeneinander bestehen und abwechselnd die Hauptperson, den bewußten Teil des Kranken einnehmen**. Es kann aber auch der Kranke von einem gewissen Zeitpunkt an definitiv **ein anderer sein**. [...] Aber auch ohne daß man **Zweiteilung der Person** nachweisen könnte, **spricht mancher Patient von sich nur in dritter Person**, gewöhnlich bezeichnet er sich mit einem seiner Namen. [...] In leichteren Fällen sind die Kranken **abwechselnd bald eine eingebildete Person, bald wieder die richtige**; die eingebildete kann immer die nähmliche sein oder ihrerseits wieder **verschiedene Gestalten annehmen**. Einzelnde Kranke sind so konsequent und vollständig **bald die eine, bald die andere Person**, daß sie in der einen Rolle nicht an die andere denken; diejenige Person, die sie gerade repräsentieren, ist dann jedesmal die ihnen selbstverständlich zukommende. Andere Kranke werden sich des Wechsels bewußt. [...] Nicht selten **fällt ein Stück der Persönlichkeit ab** und wird mit einer andern verbunden (Transitivismus). Was

die Patienten halluzinieren oder tun, das halten sie für Erlebnisse anderer Leute. [...] In einzelnen Fällen wird **die andere Persönlichkeit durch ganz verschiedene Sprache markiert**: der Patient spricht freundlich und normal mit gewöhnlicher Stimme mit dem Arzt und zwischendurch ganz verwirrt in Neologismen und mit auffälligem Ton oder flüsternd mit seinen Stimmen. In solchen Fällen kann **der Wechsel der Persönlichkeit** alle paar Sekunden stattfinden. Einzelne Kranke können auch während eines Gesprächs oder beim Vorlesen beständig mit Halluzinationen beschäftigt sein und ihnen leise antworten, und doch daneben die Wirklichkeit so genau auffassen, wie nur ein aufmerksamer Gesunder, z. B. eine vorgelesene Geschichte mit allen Details erfassen. Da **laufen zwei verschiedene Persönlichkeiten ganz parallel nebeneinander**, jede mit einer voller Aufmerksamkeit. Sie sind aber wohl nie vollständig voneinander getrennt, da man meist Auskunft über beide Reihen bekommt. (Bleuler, 1911/2014: 117–120) [15]

Avsnitt som dette kan forklara kvifor schizofreni ofte vert (og har vorte) oppfatta som splitta eller multipl personlegdom. Bleuler sin schizofrenimodell omfatta tydelegvis ikkje berre vertikal splitting (mellom psykiske funksjonar), men òg horisontal splitting (av personlegdommen). Kva er eigentleg skilnaden mellom ei splitting mellom psykiske funksjonar, ei splitting av sinnet, og ei splitting i personlegdommen? Bleuler sin tekst ser ikkje ut til å bidra til å avklara dette spørsmålet – om det då lèt seg avklara. Sjølv eit så etablert omgrep som ‘personlegdom’ er vanskeleg å definera. To kvalifiserte forsøk er desse:

[...] let us use the following working definition of personality: Personality represents those characteristics of the person that account for consistent patterns of feeling, thinking, and behaving. (Pervin & John, 1997: 4)

Det findes ingen definition af personlighed, som der er enighed om, men de fleste definitioner synes at omfatte en del af det følgende: Personligheden er et individuelt og kompliceret mønster af grundlæggende og stabile psykologiske egenskaber. Disse egenskaber ytrer sig som individets typiske og vedvarende måde at sanse, tænke, føle og handle på.» (Parnas et al., 2009: 533)

Personlegdom er altså sett på som eit stabilt mønster. Når denne stabiliteten og dette mønsteret forsvinn, og når personen vert usikker på kvar grensene går mellom han sjølv og omverda, som tilfellet ofte er ved manifest schizofreni, er splittingsmetaforen nærliggjande å ty til. Grensene er blitt uklære, og den indre samordninga er forstyrra.

Som vi ser, kan mykje av språkføringa om schizofreni førast tilbake til dei to tekstane til Bleuler ((Bleuler, 1908) og (Bleuler, 1911/2014)). Bleuler si orddanning reflekterte ei allereie innprenta metaforisk omgrepsleggjering. Det er derfor snakk om vekselverknadar heller enn ei enkel kausal årsak–verknad-forklaring her: Viss ikkje splittingsmetaforen hadde vore utbreidd på Bleuler si tid, ville han truleg ikkje ha nytta han som motivasjonsbasis for ein erstatningsterm for *dementia praecox*. Dersom sjukdomsfenomenet ikkje hadde gjeve betraktaren assosiasjonar om tap av einskap, ville ikkje Bleuler ha nytta splittingsmetaforen, og termen hadde blitt avvist av fagfellane hans. Dersom splittingsmetaforen ikkje allereie hadde vore så innprenta, ville truleg ikkje Bleuler sin erstatningsterm ha blitt teken inn i psykiatrisk nomenklatur. Dersom Bleuler sin erstatningsterm ikkje hadde blitt teken inn i nomenklaturen til internasjonal psykiatri, ville truleg ikkje sjukdommen blitt så assosiert med splitting. Og så vidare.

Det er som nemnt i 4.1 ikkje vasstette skott mellom vitskapsspråk og daglegspråk. Ei vitalitetsundersøking av schizofrenimetaforen og påfølgjande normativ drøfting av termen vil etter mitt syn ikkje vera komplett utan at den folkelege bruken av schizofrenitermane vert nemnd, då denne bruken er både omfattande og påfallande.

Folkeleg bruk av termane

When you hear about schizophrenics, they've usually chopped someone up or shot someone. (Lloyd Drew, diagnostisert med paranoid schizofreni, sitert i Nath, 2013)

Da Sulten var på besøk ble det spilt rolig, schizofren musikk over anlegget. Her var det mye asiatisk musikk, panfløyter og instrumental Lionel Richie på saksofon. («Sulten», 2015)

Det er forska mykje på korleis aviser og andre typar media framstiller psykiatriske lidingar, ikkje minst schizofreni, som er ei lidning assosiert med sterk stigmatisering. Undersøkingar av media sitt bilete av schizofreni viser at denne stigmatiseringa vert reprodusert og forsterka ved at framstillinga er ubalansert og gjev eit einseitig og unyansert bilete av kva schizofreni er. Uforholdsmessig mange av avisartiklane som inneheld søkjeorda *schizofren* og *schizofreni*,²³⁷ handlar om saker med kriminalitet og grov vald, der gjerningsmannen/-kvinna var mentalt sjuk, (Morlandstø, 2010²³⁸; Hoffmann-Richter et al., 1998; Magliano et al., 2011; Anda, 2013; Schlier & Lincoln, 2014; Boke, Aker, Alptekin Aker, Sarisoy, & Sahin, 2007; Vahabzadeh, Wittenauer, & Carr, 2011²³⁹; Thys et al., 2013; Clement & Foster, 2008; Finzen, Benz, & Hoffmann-Richter, 2001; Dubugras, Evans-Lacko, & de Jesus Mari, 2011b; Băban & Calo, 2013; Park, Choi, Kim, Lee, & Gim, 2012). I spelefilmar vert majoriteten av schizofrene karakterar framstilte som farlege eller valdelege (Owen, 2012). Dette er ei stor tilleggsbelastning for menneske som lir av schizofreni. Gjennom media si framstilling av schizofrene personar som «tikkande bomber» vert samfunnet lært opp til å frykta dei. Og personar som får diagnosen schizofreni, vert lærte opp til å frykta seg sjølve. I ein *Channel 4*-dokumentar om psykotiske lidingar laga av David Nath vert dette illustrert ved tilfellet Lloyd Drew, som var så redd for kva sjukdommen hans kunne få han til å gjera, at han isolerte seg heime:

Lloyd's deep-rooted anxiety about his diagnosis was, in large part, a product of years of sensational and inaccurate media reporting about the risks posed by paranoid schizophrenic patients living in the community. We're told to be afraid, to be very afraid, and Lloyd was. (Nath, 2013)

²³⁷ Nærare bestemt ekvivalentane til termane *schizofren* og *schizofreni* i ulike språk.

²³⁸ Artikkelforfattaren rapporterer om ein auke i talet på artiklar som handlar om brotsverk utført av personar med schizofreni på 50 % frå 1999–2000 til 2008.

²³⁹ Undersøkinga er diakron, og artikkelforfattarane rapporterer om ein statistisk signifikant nedgang i artiklar som omhandlar brotsverk utført av personar med schizofreni.

I tillegg til dette er det internasjonalt veldokumentert at schizofrenitermane ofte vert nytta metaforisk i media, i alle hovudsak i tydinga ‘splitta, inkonsistent, ambivalent’. ODE og DUDEN fører opp denne metaforiske tydinga, for både adjektivet og substantivet, og DDO fører ho opp for adjektivet. Vedlegg 4 inneheld ei oversikt over 15 undersøkingar frå ulike land som ser på folkeleg bruk av schizofrenitermane og på fordelinga mellom metaforisk og ikkje-metaforisk bruk. Undersøkingane er, så vidt eg kan sjå, alle utførte av psykiatrar eller psykologar med det siktemålet å kartleggja stigmatiserande framstillingar av schizofreni utanfor fagfeltet. Metakonklusjonen vi kan trekkja av desse undersøkingane, er at bruk og misbruk av termane er eit tema som vert problematisert og forska på over store delar av den vestlege verda, fordi uheldig bruk kan produsera eller forsterka stigma. Kort fortalt er metaforisk bruk av termane er funne i alle undersøkingane, om enn i varierende grad, frå 73,7 % (Magliano et al., 2011) til 7,8 % (Bában & Calo, 2013). Schizofrenitermane er vesentleg oftare nytta metaforisk enn andre termar knytt til kreft (Chopra & Doody, 2007), (Duckworth et al., 2003) og autisme (Thys et al., 2013). Med unntak av tyrkiske media (Boke et al., 2007) ser den metaforiske bruken ut til i all hovudsak å reflektera etymologien til termen, dvs. denotera ei eller anna form for abstrakt ‘splitting’.

Kva kan den metaforiske bruken av schizofrenitermane skuldast? Meyer & Mackintosh (2000) skriv at det er to former for såkalla determinologisering av fagtermar. Når ein fagterm fangar interessa til lekfolk og vert teken opp i daglegspråket, kan han anten bevare den essensielle tydinga si eller bli semantisk utvatna (*diluted*). Sjølv om tydingsessensen vert bevart, vil ikkje dette seia at lekfolk fullt ut forstår det fenomenet termen denoterer, og lekfolk kan ha andre konnotasjonar til termane enn fagfolk (t.d. *alkohol*, som kan ha ulike konnotasjonar for ein kjemikar og ein lekperson)²⁴⁰.

I tilfelle der termane er utvatna, er tydinga til den determinologiserte termen blitt abstrahert i så stor grad at han ikkje lenger denoterer det same fenomenet som det den

²⁴⁰ Mitt døme. Meyer & Mackintosh (2000) drøftar dømet *peroxide*, som dei meiner kan ha konnotasjonen ‘hårbleiking’, særleg for lek-kvinner.

faglege termen gjer. Som døme på slik utvatning nyttar Meyer & Mackintosh (2000: 117) m.a. termen *anorexic*, nytta i tydinga 'liten, svak, som manglar substans', som i utsegna «The plot [of the film] is positively anorexic» (loc. cit.). I dette dømet vert termen nytta metaforisk. Utan at Meyer & Mackintosh nemner det eksplisitt, må det nødvendigvis vera slik at ein og same term kan opptre i både popularisert og utvatna/metaforisk utgåve, då termen *anorexic* òg vert nytta i daglegspråket for å referera til menneske med de facto anorexia nervosa, pluss som hyperbol for å karakterisera menneske som er svært tynne.

Undersøkingar har altså vist at termane *schizofren* og *schizofreni* vert nytta metaforisk på ein etymologisk konsistent måte, dvs. for å referera til ulike former for «splitting». På same måte som psykiatrane nyttar ordet *splitting* metaforisk for å omtala 'schizofreni', nyttar lekfolk orda *schizofren* og *schizofreni* metaforisk for å omtala 'splitting' – vel å merka abstrakte former for splitting. For schizofreni som metafor er det i all hovudsak den mentale «splittinga» som vert henta frå kjeldedomenet. Andre aspekt, som t.d. hallusinasjonar, tap av motivasjon og inadekvate kjensleresponsar («affektavflating»), ser ikkje ut til å vera nytta for å omgrepsleggjera nokon av måldomena. Slik sett kan vi seia at schizofrenitermane er semantisk utvatna i folkeleg metaforisk bruk, men likevel har bevart den essensielle tydinga si i den ikkje-metaforiske folkelege bruken (dvs. referansar til de facto schizofreni). Men, som Meyer & Mackintosh (2000) er inne på, er det ofte slik at lekfolk har ei mangelfull forståing av fenomenet som fagtermen denoterer. For schizofreni sin del er del veldokumentert at lekfolk har uheldige og til dels misvisande konnotasjonar til schizofrenitermane, t.d. at schizofreni er ekvivalent med splitta personlegdom eller multipel personlegdomsforstyrning, at schizofreni er assosiert med valdeleg og morderisk åtfærd osv.

Det var truleg ikkje lekfolk som først byrja å nytta schizofrenitermane metaforisk. Ifølgje McNally (2007) stammar det antatt første dokumenterte tilfellet av metaforisk bruk av *schizofreni* frå G. Stanley Hall, ein sentral figur i USA-amerikansk psykologi.

Hall vart ifølgje McNally (2007) intervjuja i *Washington Post* i 1916 i samband med USA sin (forsøksvise) nøytralitet i høve til partane i den første verdskrigen, og i intervjuet introduserte Hall journalisten (og dermed *Washington Post* sine lesarar) for termen *schizofreni*:

«Schizophrenia.» Dr. Hall told me, «is a term much used by psychologists to describe a divided mind, of which the Jekyll-Hyde personality is one type. I was made in Germany, and everything I am I owe to German scholarship, for I spent some of my student days there. At the same time I deplore the militarist spirit. It is in trying to reconcile these conflicting tendencies in my self that I have developed schizophrenia or split soul.» (Sitat frå *Washington Post*-artikkelen «He Calls It Schizophrenia,» (1916) av ikkje namngjeven journalist, henta frå (McNally, 2007: 71))

McNally (2007: 72) stiller spørsmålet:

How could a serious professional like Hall deliberately introduce to a journalist an improper definition or caricature of schizophrenia? Could he not have said, «I am in two minds about the war» or «I am indecisive and emotionally torn»? As I shall demonstrate, the only sensible answer to this is that Hall was not deliberately misusing the term in some new way but was, in fact, using it in a sense that psychologists were using it at the time.

Bleuler sin definisjon av splittinga som ifølgje han kjenneteikna schizofreni, er langt frå klår (jf. sitata frå 1911-monografien hans over) og har blitt tolka på ulike måtar innanfor fagsamfunnet, som vi har sett døme på frå lærebøker og oppslagsverk (sjå òg t.d. McNally (2012), Raskin (1975), Berrios et al. (2003), Moskowitz & Heim (2011)). Det kan godt vera at det har vore (og framleis er?) mange mistolkingar av kva schizofreni er, òg innanfor fagfeltet, og at Hall er ein av dei som rett og slett har mistolka. Men McNally ser ut til å oversjå noko her: Han spør kvifor Hall ikkje kunne ha parafrasert «I have developed schizophrenia» med «I am in two minds [about the war]» eller «I am indecisive and emotionally torn».

For det første: Dei føreslegne parafraseringane lèt seg ikkje heilt utan vidare inkorporera i Hall si utsegn. Termen *schizophrenia* utgjer eit språkleg økonomisk og fleksibelt alternativ til frasar som *be in/of two minds* eller fulle setningar som «I am indecisive and emotionally torn», sidan termen er eit substantiv (og dermed ei reifisering av ein tilstand eller ein prosess) som m.a. kan innta ei deltakarrolle (sjå 4.2), som i Hall sitt utsegn «I have developed schizophrenia». Det er ikkje mogeleg å erstatta *schizophrenia* med *two minds* eller *indecisive and emotionally torn* her. Vidare ligg utsegna «I have developed schizophrenia» nær tankeinnhaldet til Hall, i og med at Hall (ifølgje McNally) ser ut til å oppriktig forstå schizofreni som splitta sinn/personlegdom.²⁴¹ Dersom Hall i tillegg hyste eit ønske om vera språkleg kreativ og gje journalisten nokre slåande sitat – og kanskje òg ønskte å visa seg som kunnskapsrik, informert og oppdatert, var den nye fagtermen *schizophrenia* gjerne freistande for han å ty til.

For det andre: Begge parafraseringsforslaga til McNally reflekterer den same splittingsmetaforen som schizofrenitermane: *I am in two minds* og *I am emotionally torn* er motiverte av same koplinga mellom kjelddomenet SPLITTING/SUNDRIVING og måldomenet SINNET som Bleuler gav opp som motivasjon for orddanninga *schizofreni* i 1908-artikkelen sin. Kanskje er det ingen andre måtar å uttrykkja slike kjensler og tilstandar på enn å nytta uttrykk som kan seiast å stamma frå eller vera i slekt med splittingsmetaforen?

van Os (2010: 311), som er ein forkjempar for å byta ut schizofreni-termen, skriv at:

The term ‘schizophrenia’ may be considered stigma-inducing by itself because it confusingly and mystifyingly refers to a ‘disease’ that is characterised by a ‘split mind’ – a psychological state that the public cannot personally relate to. This is different from, for example, depression, given the fact that virtually every member of the public knows that depression is about a negative emotional state

²⁴¹ Goatly (2011) kallar metaforar der avstanden mellom tankeinnhaldet og det språklege uttrykket er kort, for *approximative metaphors*, og metaforar der avstanden er større, for *transfer metaphors*.

that they themselves may also experience on a daily basis, albeit to a lesser degree.

Sjå òg Kingdon et al. (2008: 242), som skriv:

It may be that the stigmatisation arises from the nature of the illness [schizophrenia] as opposed to its terminology but the current term is semantically inexact – essentially meaningless – and increasingly associated inappropriately with violence and deterioration.

Etter mitt syn er det i røynda tvert om: Schizofrenitermen er **ikkje** meiningslaus, han gjev meining for oss alle, sidan ideen om det delte sjølvet er nedfelt i både språk og tanke. Folk flest *kan* relatera seg til splittingsmetaforen assosiert med schizofreni, elles ville ikkje folk («the public») nytta *schizofren(i)* metaforisk på den måten dei gjer, jf. t.d.:²⁴²

Det vil være fordeler og ulemper ved et eventuelt norsk EU-medlemskap. Jeg er **schizofren** og ambivalent, og vil ikke binde meg til et standpunkt før spørsmålet aktualiseres [...] Siv Jensen, sitert i (Skjævesland, 2006).

Men i de siste årene er McCain blitt utenrikspolitisk **schizofren**, idet han veksler mellom neokonservativ posering og realistisk fornuft. Talen hans ser ut til å være skrevet av to svært forskjellige personer, der hver av dem er blitt tildelt noen avsnitt om hvert emne. (Zakaria, 2008)

Horst Tappert har utgitt sine memoarer under den lett **schizofrene** dobbelttittelen «Derrick og jeg. Mine to liv. (NN, 1998)

Konklusjonen etter undersøkingane presenterte i dette kapittelet er at det er mykje som talar for at schizofrenimetaforen er levande både språkleg og kognitivt i det medisinske

²⁴² Vidare trur eg ikkje det stemmer at folk flest lett kan relatera til kva ein alvorleg depresjon faktisk kan innebera, slik van Os hevdar: Det er ein kvalitativ skilnad mellom lett og tung depresjon, då sistnemnde kan omfatta psykotiske symptom og alvorleg stupor (jf. òg sitatet frå Styron i 1.2).

språksamfunnet. I fagfeltet ser vi korleis val av kjeldedomene har føringar for korleis måldomenet vert oppfatta og omtalt. Innføringa av schizofrenitermen medførte ei dreining i metaforbruken, frå «sløv» til «splitta». Det nye sjukdomsomgrepet innebar samstundes eit skifte i fokus frå direkte observerbare tilstandar og symptom til postulerte underliggjande psykiske forstyrningar.

Når ein omgrepsmetafor er konvensjonell, er han både konstituert og konstituerande: Splittingsmetaforen og den påfølgjande schizofrenitermen verkar gjensidig forsterkande på kvarandre. Når etymologien til ordet vert presentert, vert splittingsmetaforen aktivert, ved at ordet *splitting* vert nemnt i samband med sjukdommen, og motsett: Når splittingsmetaforen vert aktivert, er *schizofren(i)* nærliggjande å ty til, som i den (folkelege) metaforiske bruken av termane. Slik vert assosiasjonane forsterka begge vegar.

I dette kapittelet har eg primært undersøkt fagfolk sin bruk av metaforar vha. læreboktekstane. Men eit spørsmål som melder seg ved nærlesing av desse tekstane, er kor mykje av metaforbruken som eigentleg må tilskrivast pasientane, anten fordi dei har vrangførestillingar om å vera splitta eller å gå i oppløysing (mentalt eller kroppsleg), eller fordi dei nyttar splittingsrelaterte metaforar for å skildra korleis dei føler seg. Jamfør følgjande rekkje med sitat, der dei to første sitata er skildringar av vrangførestillingar (i det første sitatet meiner forfattaren at vrangførestillinga skriv seg frå det han kallar oppsplittinga av sjølv). Dei to siste sitata refererer pasientutsegner der splittingsrelaterte metaforar er nytta:

I fremskredne stadier af skizofreni vil der ofte være tale om massive ændringer i selvoplevelsen: Vitalitet og sammenhæng går tabt, og patienten oplever en **opløsning** af egen person. [...] EKSEMPEL 10 «Det er så at sige et nøglespørsmål, om jeg fortsat eksisterer, og hvorvidt jeg er **udelelig**.» [...] EKSEMPEL 11 «Alting er fulstændig blandet sammen... hvor er min næse, hvad er der sket med min mund... min højre arm? [...] Denne patient var i en tilstand af stærk perpleksitet og på vej i en stuportilstand, men kunne fortsat kommunikere sin oplevelse af at **gå i opløsning**. (MKP: 266)

EKSEMPEL 13 «Når jeg ser andre mennesker eller hører dem tale, sker det undertiden, at jeg siger de samme ting, som de siger (ekkolali), eller bevæger mig på samme måte som dem (ekkopraksi), og jeg bliver bange for, at jeg faktisk ikke er mig selv, men de mennesker, jeg ser. Her på afdelingen føler jeg, at jeg gennemgår alle de andre patienters lidelser. Når Peter (en medpatient) har hovedpine, får jeg også ondt i hovedet.» Her er der tale om en massiv transitivity, **opløst identitet** og tilbøjelighed til mimetisk (efterlignende) kataton adfærd. (MKP: 267)

I begyndelsesfasene af skizofrenien besjæles patienten ofte af en ubestemt følelse af, at alt forandres, både ham selv og omgivelserne; undertiden er det beskrevet som et «Weltuntergangserlebnis». I dette stadium kan patienten endnu have noget i retning af sygdomsfølelse og et behov for at meddele sig om sine oplevelser. Han kan give udtryk for at føle sig **spaltet**, for at ikke være sig selv mere, for at ikke have herredømme over sine tanker og handlinger. (SS: 138)

EKSEMPEL 26 «Mine tanker og min tale mangler den naturlige glidning, som jeg tidligere kunne præstere uden besvær. Det er, som om der er **huller** i min tænkning. Nu tænker jeg kun i **brudstykker**. Jeg mangler overblik og sammenhæng.» (MKP: 275)

Denne kjensla av oppløysing og spaltning er òg skildra i psykiatrilærebooka til Einar Kringlen:

Enkelte ganger kan pasienten **føle at han går i oppløsning eller at han spaltes** eller opplever angst for at noe forferdelig skal skje, såkalt *katastrofefølelse*. (Kringlen, 1997: 266)

Sjå òg Abrahamsen & Dahl (2004: 134), der ei schizofren kvinne skriv om korleis ho opplever sjukdommen sin:

Den siste tiden før jeg fikk medisiner var vanskelig. Jeg følte at jeg mistet taket på tilværelsen og var tom innvendig. Jeg hadde også en følelse av å **gå i oppløsning**. Det var skremmende og jeg var redd. Mest redd var jeg for kontakt med andre mennesker og unngikk derfor alt som het naboer, fordi jeg følte meg på svak grunn og var redd for at andre skulle ødelegge meg.

Den same kvinna nyttar òg avstumpingsmetaforen for å skildra korleis det følest å gå på nevroleptika:

Det er mange fordeler med å bruke medisiner, men det er opplagt også en del bakdeler. Jeg **føler meg avstumpet** av medisiner, fordi jeg ikke følger med følelsesmessig. Jeg har vanskelig for å le og gråte. jeg klarer ikke å bli ordentlig sint [...]. Jeg er heller ikke redd for noe, og jeg har heller ikke veldig lyst på noe. Alt blir på en måte uvirkelig siden jeg ikke er med selv følelsesmessig. Det blir som å gå ved siden av meg selv. (loc. cit.)

Vi ser at «dramatiske» metaforar som *avstumping*, *oppløysing* og *spalting* ser ut til å bli brukt utan atterhald eller metaforsignalisering av både psykiatrar og pasientar.²⁴³ Kva veg ein eventuell språkleg påverknad har gått, er ikkje godt å seia. Kanskje er metaforar som *oppløysing*, *splitting* og *spalting* treffande bilete på korleis schizofreni vert opplevt? I så fall kan pasientane si sjølvrapportering ha verka inn på språket til psykiatrane. Eller har metaforbruken til psykiatrane påverka pasientane? Det kan òg vera snakk om ein vekselverknad der pasientane og behandlarane sin språkbruk påverkar kvarandre gjensidig. Bleuler var kjend for å ha tett kontakt med pasientane sine,²⁴⁴ og kanskje har deira skildringar av sin eigen (sinns)tilstand influert måten Bleuler omtalte sjukdommen på?

Sjølv om det skulle vera slik at oppløysing og spalting er treffande metaforar for korleis det kjennest å ha schizofreni, er det eit spørsmål om det er særleg konstruktivt å namngje sjukdommen på basis av denne opplevinga. Dersom schizofreni de facto medfører ei kjensle av å bli spalta eller oppløyst, er det kanskje ikkje så gunstig at diagnosen din er «sinns spalting»? Ein metonymisk (eponymisk) term som t.d. *Kraepelin-Bleulers syndrom* er slik sett gjerne å føretrekkja framfor ein metaforisk term, sjå Lasalvia et al. (2015).

²⁴³ Jamfør òg tittelen på Elyn R. Saks sin sjølvbiografi om å leva med schizofreni: *The centre cannot hold* (Saks, 2007)

²⁴⁴ Ashok, Baugh, & Yeragani (2012: 95) skriv: «One of the most striking differences between Emil Kraepelin and Bleuler is that Kraepelin collected information about his patients from their records while Bleuler obtained the information by careful clinical observations. He practically lived in the patients' surroundings.»

8. Avslutning

Sticks and stones may break my bones, but words will never harm me.

(Gamalt engelsk barnerim)

I denne avhandlinga har eg undersøkt og kritisk drøfta termene *schizofren* og *schizofreni* ved hjelp av kognitiv metafor- og metonymiteori. Eg har undersøkt det historiske opphavet til termene – så vel som bruken av dei i ulike lærebøker frå ulike skandinaviske språk i ulike tidsavsnitt. Forgjengarane til termene, *dementia praecox* og *ungdomssløvsinn*, er òg blitt undersøkte i høve til opphav. Diskusjonen som no pågår i fagfeltet om ei eventuell utskifting av schizofrenitermen er òg gjort greie for.

I kap. 3 presenterte og drøfta eg kognitiv metafor- og metonymiteori generelt, medan kap. 4 tok for seg metafor og metonymi i vitskapsspråk. Kap. 5 kombinerte psykiatriske teoriar om og definisjonar av schizofreni med kognitiv-lingvistiske teoriar og presenterte ein modell for ein fagleg ICM for schizofreni, pluss ei oversikt over ulike (metonymiproduserande) kontiguitetsrelasjonar mellom sjukdommen og den sjuke personen, basert på modellen til Peirsman & Geeraerts (2006).

I kap. 6 undersøkte eg den metonymiske bruken av schizofrenitermane. Den mest utbreidde bruken viste seg å vera klassifiserande attributive konstruksjonar som refererer til aspekt ved sjukdommen, og som må forståast på bakgrunn av teorien om metonymiske kompresjonar og schizofreni-ICM-en presentert i kap. 5. Ein annan type metonymisk bruk i lærebøkene er bruk av adjektivet eller substantivet for å referera til personar som har diagnosen schizofreni. Kontiguitetsrelasjonar mellom sjukdommen og den sjuke personen (sjå 5.2.2) kan forklara motivasjonen for substantivisk bruk av adjektivet og bruk av substantivet for å referera til den sjuke personen, som begge er døme på referensiell metonymi. I kap. 7 undersøkte eg den metaforiske sida av schizofrenitermen. Eg fann at det ikkje er rimeleg å kalla termen ein død metafor i det medisinske fagspråkssamfunnet, så lenge ein tek utgangspunkt i OMT sin definisjon

av metaforisk vitalitet. Schizofreni vert i lærebøkene skildra ved hjelp av metaforar som nyttar same kjeldedomene som schizofrenitermen er bygd på. Dette er ifølgje Lakoff (1987a) eit kriterium for å kunna seia at metaforen er levande på omgrepsplanet. I tillegg vert etymologien til termen presentert i alle lærebøkene, og både *schizo-* og *phren-* vert nytta i sine opphavlege, konkrete tydingar ('fysisk splitta' og 'mellomgolv, sinn') i medisinsk fagspråk. Dette tyder på at termen *schizofreni* er språkleg transparent og dermed kan seiast å vera levande på det språklege planet.

Det er no på tide å ta fram att dei spørsmåla eg stilte i innleiinga (1.3) og svara på dei:

1. Kva rolle(r) spelar metonymi i vitskapsspråk?
2. Kan metonymisk bruk av adjektivet *schizofren* og substantivet *schizofreni* føra til uheldige forståingsmodellar og stigmatisering av pasientar med diagnosen schizofreni?
3. Kan innlånte vitskapelege termar vera levande metaforar, og i så fall, på kva måte?
4. Kan termen schizofreni ha ført til uheldige forståingsmodellar og stigmatisering av pasientar med diagnosen schizofreni?

8.1 Kva rolle(r) spelar metonymi i vitskapsspråk?

Vi har sett at metafor og metonymi kan opptre kvar for seg eller i interaksjon med kvarandre i ei rekkje funksjonar i psykiatrisk vitskapsspråk. Namngjeving eller omdøyping av vitskapelege forskingsobjekt er ein av dei. Både *dementia praecox*, *ungdomssløvsinn* og *schizofreni* er metonymiar så vel som metaforar. Namnet til sjukdommar er ofte metonymiske, dvs. at ein refererer til sjukdommen ved hjelp av direkte observerbare overflatefenomen eller eitt salient aspekt. Dette gjeld for somatiske så vel som psykiske lidingar, jf. t.d. sjukdommen gulfeber, som er ein virusssjukdom som gjev feber og leverbetennelse, som fører til gulfarging av huda. (Det er altså ikkje febereren som er gul, det er pasienten – endå eit døme på metonymisk kompresjon.)

Metonymiske sjukdomsnamn kan i tillegg vera metaforiske, dvs. at ein liknar aspekt ved sjukdommen med fenomen frå eit anna domene, som t.d. dei fysiske eigenskapane til fysiske objekt (for eksempel sløvskap, splitting).²⁴⁵

Metonymiproduserande relasjonar mogeleggjer kompresjonar der t.d. aspekt ved schizofrenisjukdommen vert klassifisert som «schizofrene». I slike tilfelle verkar dei ofte i samspel med grammatiske metaforar, med fortetta og inkongruente konstruksjonar som resultat. Vidare mogeleggjer dei metonymiske referansar til sjuke personar ved hjelp av namnet på sjukdommen, av typen «dei schizofrene» eller «647 Schizophrenien» (Bleuler, 1908: 437).

Brukseigenskapane til schizofrenitermen, nærare bestemt høvet til å laga eit avleidd adjektiv, mogeleggjorde utstrekt metonymisk bruk så vel som folkeleg metaforisk bruk. Dei termene som er føreslegne som avløyserterm for *schizofreni*, er utan unntak fleirordstermar som er samanliknbare med *dementia praecox* når det gjeld brukseigenskapar. Eit eventuelt namnebyte vil kunna få betydelege ringverknadar i det psykiatriske fagspråket, sidan så mange psykiatriske fagtermar og -uttrykk er baserte på orddanningar av schizofrenitermen. Dette argumentet ser ut til å ha blitt gløymt i vår tid, skal vi tru forslaga til erstatningstermar for schizofreni som er lista i Lasalvia et al. (2015): Dei nye forslaga er utan unntak fleirordstermar som lik *dementia praecox* er vanskelege å laga orddanningar av i germanske språk.

Den metonymiske bruken av schizofrenitermane fyller ulike funksjonar i tekstane. Høve til språkleg økonomisering er sjølvsagt ein av dei. Meir interessant i denne samanhengen er det at metonymisk bruk av adjektivet schizofren gjer det mogeleg å omtala lite kjende fenomen på ein måte som forbigår og kamuflerer det faktum at det framleis er mange «kvite flekkar på kartet». Metonymiske kompresjonar, som er skildra i 6.2, oppfyller kravet Kringlen (1997: 34) set opp i si psykiatrilærebok om at

²⁴⁵ Eit somatisk dōme kan vera sjukdomsnamnet sanktveits**dans** ('**chorea**'), nytta om ulike former for ufrivillig rørsle. Forleddet kjem av *Sankt Vitus*, sidan ein i mellomalderen påkalla denne helgenen for å hjelpe dei kvileause pasientane (Dietrichs & Gjerstad, 2016).

psykiatrien skal kategorisera sjukdommar og symptom, ikkje menneske. Ved å nytta metonymiske kompresjonar kan ein langt på veg eliminera alle eksplisitte referansar til schizofrenidiagnostiserte menneske i ei framstilling av schizofreni. Døme på denne typen framstilling finn vi t.d. i blåboka til ICD-10 (sjå 6.2.5). På den andre sida kan slike framstillingar lett verka vel reduksjonistiske og tekniske, då dei står i fare for å underkommunisera at det i samband med schizofreni er snakk om (med)menneske med store subjektive og til dels invalidiserande plager.

8.2 Kan metonymisk bruk av adjektivet *schizofren* og substantivet *schizofreni* føra til uheldige forståingsmodellar og stigmatisering av pasientar med diagnosen schizofreni?

Schizofrenitermane vert nytta metonymisk på fleire ulike måtar. Ëi moglegheit adjektivet *schizofren* og substantivet *schizofreni* tilbyr språkbrukaren, er det å kunna referera metonymisk til den sjuke personen ved hjelp av namnet på sjukdommen åleine (eller det avleidd adjektivet) – ein språkbrukspraksis som kan seiast å verka stigmatiserande, då han gjev konnotasjonar om at personen er redusert til sin eigen diagnose. Den tidlegare psykiatriske pasienten Eline Skår oppfordrar det psykiatriske behandlingsapparatet til å sjå mennesket bak diagnosen i staden for å sjå «vandrende diagnoser» (Norman & Åsebø, 2016). «Man trenger at noen ser at man har friske sider», seier ein av dei schizofrenidiagnostiserte personane i NRK-serien «Stemmene i hodet» (Asting, 2017), og: «Man er ikke bare sykdommen, man er så mye mer» (ibid., sjå òg Rund (2017)). Metonymisk referensiell bruk av *schizofren(i)* for å omtala menneske med diagnosen schizofreni (6.2.7 og 6.3) kan truleg seiast å vera den språklege manifestasjonen av ein reduksjonistisk tankegang der ein set likskapsteikn mellom sjukdommen og den sjuke, og der ein går ut frå at alle sider av personen er affiserte av sjukdommen.

8.3 Kan innlånte vitskapelege termar vera levande metaforar, og i så fall, på kva måte?

I OMT er metaforisk vitalitet knytt til produktivitet på omgrepsmetaforplanet, og til transparens på det språklege planet, og begge delar ser ut til å vera tilfellet for metaforen *schizofreni*. Eg har i undersøkingane presenterte i kap. 7 funne evidens for eit semantisk nettverk assosiert med schizofreni: Språksamfunnet sin måte å omtala fenomenet på er knytt til splittingsmetaforen – vel å merka først etter innføringa av schizofrenitermen etter 1908. I tillegg er det veldokumentert at folkeleg bruk vert *schizofren(i)* nytta som metafor for abstrakt ‘splitting’. Somme rapporterte vrangførestillingar eller hallusinasjonar hjå schizofrene pasientar ser òg ut til å vera kompatible med splittingsmetaforen, men korleis dette heng saman med innføringa av schizofrenitermen (dvs. retninga på ein eventuell påverknad), er ikkje godt å slå fast. Basert på dei ovannemnde funna kan ein seia at omgrepsmetaforen (ALVORLEG) PSYKOPATOLOGI SOM SPLITTING er levande, og at vi i tillegg har ein folkeleg omgrepsmetafor som vi kan kalla (ABSTRAKT) SPLITTING SOM SCHIZOFRENI.

I tillegg har eg funne at etymologien til termen må kunna seiast å vera kjend i fagfeltet, då alle lærebøkene eksplisitt presenterer den bokstavelege tydinga til termen. Den bokstavelege tydinga til både forleddet *schizo-* og etterleddet *-phren* er i bruk i medisinsk fagspråk. Dette tyder på at schizofrenitermen ikkje er (fullstendig) innhylla i etymologisk mørke, sjølv om han er laga av byggjesteinar frå eit dødt språk (klassisk gresk) og innlånt frå tysk psykiatri.

Eg har ikkje drøfta metonymisk vitalitet i denne avhandlinga, og eg kjenner heller ikkje til nokon publikasjon som har gjort det. Men på same måten som for metafor er det gjerne rimeleg å gjera eit skilje mellom språk og omgrep for metonymi og seia at eit metonymisk uttrykk er språkleg levande dersom både opphavleg og overført tyding er i bruk i språket, og omgrepsmessig levande dersom omgrepsmetonymien framleis er produktiv (på eit meir spesifikt nivå enn det mest generiske). Adjektivet *galen* er gjerne eit godt døme på ein død metonymi i norsk, sjå avsnitt 5.1.4.

Undersøkinga mi viser at overgangen frå *dementia praecox* til *schizofreni* medførte ei dreining av den øvrige metaforbruken i lærebøkene ved at pasientane no vart omtalte som «splitta» i lærebøkene. Dette gjev haldepunkt for å hevda at *schizofreni* ikkje nødvendigvis var – eller er – ein død metafor.

8.4 Kan termen *schizofreni* ha ført til uheldige forståingsmodellar og stigmatisering av pasientar med diagnosen schizofreni?

Eit argument som vert trekt fram i den pågåande debatten om utskifting av schizofrenitermen, er stigmatisering: Fagtermar kan bli bytte ut dersom dei vert sett på som stigmatiserande. Spørsmålet er kvar stigmatiseringsproblematikken eigentleg ligg: Er det primært termen i seg sjølv som er stigmatiserande, eller er det referenten til termen i seg sjølv som er stigmatisert? Det er blitt hevda at det ikkje er noka varig løysing å byta ut schizofrenitermen: Sidan sjukdomsfenomenet er så stigmatisert i seg sjølv, vil dette smitta over på ein eventuell ny term slik at denne med tida kjem til å bli like stigmatisert som *schizofreni* (Lieberman & First, 2007; Rund, 2017). Andre hevdar at eit namnebyte kan føra til redusert stigmatisering og betre kommunikasjon mellom hjelpeapparatet og pasient og pårørande (Lasalvia et al., 2015). Med andre ord: Somme trur på at reframing nyttar, andre er meir pessimistiske.

Den inherente verdivurderinga i schizofrenitermen er drøfta i avsnitt 5.1.2 og 5.1.3. Å seia om noko at det er splitta, er ekvivalent med å påpeika dysfunksjonalitet, då splitting er antonymt med heilskap og samling, som har positive konnotasjonar.

Forvirringa som oppstod rundt korleis ein skulle forstå kva Bleuler sikta til med «splitting» i sin schizofrenimodell (og som han sjølv må ta sin del av ansvaret for, jf. sitata i 7.3.1) har ført til at schizofreni av mange har blitt tolka som splitta personlegdom eller multipel personlegdom – både i og utanfor fagfeltet. Ei omgrepsleggjering av ein psykisk sjukdom som «splitta personlegdom» fører lett til følgeslutningar som «Jekyll/Hyde-problematikk», uføreseielegheit osb.

Det at termen schizofreni ikkje i seg sjølv indikerer at referenten er fleire ulike tilstandar, kan òg tenkjast å representera eit problem, då bruken av termen kan seiast å bidra til reifisering og konsolidering av ei førestilling om ein nosologisk monolitt der det i røynda truleg er snakk om fleire ulike sjukdomstilstandar med ulik etiologi og symptomatologi og prognose. Dette poenget dreier seg dels òg om bruken av termen. *Schizofreni* kan godt bøyast i fleirtal i skandinaviske språk, eller byggjast ut til samansettingar som t.d. *schizofrenispektrum*, *schizofrenigruppe* eller *schizofrenisyndrom*. Somme av lærebokforfattarane nyttar ved nokre høve fleirtalsformer eller samansettingar av denne typen, men termen vert generelt stort sett nytta i grunnforma (dvs. berre *schizofreni*). Òg denne forma for språkbruk kan sporast tilbake til Bleuler, som nytta eintalsforma av termen sjølv om han såg på schizofreni som ei gruppe av fleire ulike sjukdommar, jamfør følgjande sitat (som er utheva med sperra skrift i originalteksten) frå monografien hans *Dementia praecox oder Gruppe der Schizophrenien*: «Der Bequemlichkeit wegen brauche ich das Wort [Schizophrenie] im Singular, obschon die Gruppe wahrscheinlich mehrere Krankheiten umfaßt.» (Bleuler, 1911/2014: 5) [16]

8.5 Sluttord

I denne avhandlinga har eg undersøkt bruk av fagtermar ved hjelp av ulike lingvistiske teoriar, primært kognitiv-lingvistisk metafor- og metonymiteori. Teorigrunnlaget eg har nytta, har mogeleggjort ei djupare forståing av forskingsobjektet og fungerer som eit fruktbart utgangspunkt for kritiske drøftingar av språkbruk sett i ein samfunnsmessig kontekst.

Eg har drøfta ei rekkje spørsmål som har vore lite undersøkte tidlegare:

Kva rolle(r) spelar metonymi i vitskapsspråk?

Kva rolle spelar ordklasse (adjektiv versus substantiv) når det gjeld metonymisk bruk?

På kva ulike måtar kan adjektiv fungera som metonymiar?

Kva rolle spelar ulike syntaktiske konstruksjonar (attributiv/predikativ stilling, substantivisk bruk) når det gjeld metonymisk bruk av adjektiv?

Korleis interagerer metafor og metonymi i vitskapsspråk?

Kan ein innlånt fagterm vera ein levande metafor?

Nøyaktig på kva måtar kan schizofrenitermen i seg sjølv seiast å ver(k)a stigmatiserande og problematisk?

Nøyaktig på kva måtar kan bruken av schizofrenitermane seiast å ver(k)a stigmatiserande og problematisk?

Eg har laga ein analysemal for analysering av metonymiske kompresjonar med klassifiserande adjektiv som har rom for å òg analysera fleire metonymiar (metonymiske kjeder), grammatiske metaforar og «vanlege» leksikalske metaforar.

Eg har operasjonalisert OMT sine kriterium for levande metaforar og nytta dei til å undersøka den språklege og omgrepsmessige metaforiske vitaliteten til schizofrenitermen.

I kap. 1 understreka eg at språkbruk om psykiatriske sjukdommar med fordel kan undersøkjast med eit kritisk blikk. Det kritiske blikket inneber å sjå etter språklege indikasjonar på løynde ideologiar, og språkbruk som kan seiast å føra til ei uheldig oppfatting blant fagfolk eller lekfolk og ditto sjølvoppfatting blant psykisk sjuke menneske. Slik eg ser det, eignar analysar baserte på kognitiv-lingvistisk metafor- og metonymiteori seg godt som utgangspunkt for normative drøftingar av ulike former for språkbruk.

Når eg no har gjort greie for det eg meiner kvalifiserer som bidrag til forskinga, er det på sin plass å òg identifisera moglege manglar ved undersøkinga. Ein mangel ved denne undersøkinga er det at brukarperspektivet manglar. Korkje språkbruken til pasientar og pårørande, eller synet dei har på språkbruken til fagfolk og lekfolk, er systematisk undersøkt. Eg har t.d. ikkje oppsøkt pasientar og pårørande for å intervjuar dei om synet på schizofrenitermane og bruken av dei. Det å ekskludera meiningane til ei gruppe frå ein diskurs er ifølgje Boréus (2006) er ei form for diskursiv diskriminering

(sjå 6.2.7). Det er innlysande at den gruppa som vert omtalt vha. ein gjeven term, bør ha siste ordet når det gjeld å vurdere om og ev. i kva grad termen er problematisk. Det å vera kritisk til ei gjeven form for språkbruk på vegner av andre – som er det eg er i denne avhandlinga – kan i verste fall oppfattast som patroniserande. For å om mogeleg å kompensera litt for dette har eg teke inn sitat frå publikasjonar av menneske som har levt med ein schizofrenidiagnose, som t.d. Arnhild Lauveng.

Når det gjeld storleiken på materialet, kan det innvendast at det ikkje er veldig stort, og at det dermed ikkje gjev grunnlag for bastante konklusjonar. På den andre sida er storleiken på materialet avgrensa av kva lærebøker som faktisk vart utgjevne i dei aktuelle periodane. Sjølv om utvalet av skandinaviske psykiatriske lærebøker i perioden etter 2000 er større enn dei tre eg har valt ut, gjeld ikkje det for dei to tidlegare periodane. Den relativt beskjedne storleiken på materialet gjev samstundes høve til finkorna analyse og nærlesing, noko som t.d. var til hjelp ved utveljing av søkjetermar i avsnitt 7.2.1.

I høve til metaforidentifisering og drøfting av metaforisk vitalitet kunne eg t.d. (utover dei to rettleiarane mine) ha fått fagfellar til å gje ein *second opinion*. Eg kunne òg ha undersøkt kva medisinarar generelt og fagfolk innanfor psykiatrien spesielt tenkjer om metaforisiteten til schizofrenitermen, og kva dei veit om etymologien hans. På den andre sida ville ikkje dette ha kunna gje noko avgjerande prov den eine eller andre vegen, då metafor ikkje er rekna som eit medvite fenomen i OMT. I så måte ville eit psykolingvistisk eksperiment ha vore å føretrekkja.

8.5.1 Vidare forskning

Som nemnt over ville det ha vore på sin plass å systematisk undersøkja pasientar og pårørande sin bruk av metafor og metonymi i omtalar av sjukdommen, pluss deira syn på språkbruken til fagfolk og den metaforiske bruken til lekfolk. Ei samanlikning mellom fagfolk og pasientar/pårørande sin bruk av schizofrenitermane ville òg ha vore interessant. Eit anna interessant felt å undersøkja er språkbruken i pasientjournalar,

gjerne med eit diakront perspektiv. Andre psykiatriske diagnosar kunne ha blitt undersøkte i høve til fagspråkleg metafor og metonymi, som t.d. stemningslidingar og personlegdomsforstyrningar. Bruken av schizofrenitermane i daglegspråket kunne med fordel ha blitt nærare undersøkt med tanke på metaforisk versus ikkje-metaforisk bruk av høvesvis adjektivet og substantivet. I forlenginga av dette ville ei samanlikning mellom folkeleg og fagleg bruk av schizofrenitermane vore interessant.

Skulle det skandinaviske psykiatriske fagfeltet bestemma seg for å byta ut schizofrenitermen med ein avløysarterm, kan ein m.a. undersøkje korleis fagfeltet handterer byttet språkleg: Korleis gjev ein slepp på ein term som har så mange språklege funksjonar og er så innprenta i fagspråket?

Litteratur

- Abbott, A. (2009). What causes schizophrenia? *Nature*. Henta frå:
<http://www.nature.com/news/2009/090205/full/news.2009.79.html>
doi:10.1038/news.2009.79
- Abrahamsen, P., & Dahl, L. (2004). *Psykosens verden: en schizofren kvinnes beretning*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Aga, O. (2015). Vi bør slutte å bruke ordet dement. *Tidsskr Nor Legeforen*, (Nr. 17, 22. september 2015), 135:1572. Henta frå <http://tidsskriftet.no/article/3385616>
doi:10.4045/tidsskr.15.0696
- Agdestein-Wagner, M. (2014). *Psykisk sykdom i et språksammenliknende perspektiv. En kognitiv-lingvistisk metaforstudie basert på norske og tyske lærebøker i sykepleierutdanningen*. (Dr. phil.), Universität Wien, Oslo.
- Ahlheim, K.-H. (1966). *Duden Fremdwörterbuch* (2., verb. und verm. Aufl. bearbeitet von Karl-Heinz Ahlheim unter Mitwirkung von zahlreichen Fachgelehrten und weiteren Mitarbeitern der Dudenredaktion. ed. Vol. 5). Mannheim: Bibliographisches Institut.
- Allan, K. (2008). *Metaphor and metonymy: a diachronic approach*. Chichester: Wiley.
- Allan, K. (2013). An Inquest into Metaphor Death: Exploring the Loss of Literal Senses of Conceptual Metaphors. *Journal of Cognitive Semiotics*, *V*(1-2).
- Almenningen, O., Bakken, K., Killingbergtrø, L., Grønvik, O., Vikør, L.S., Hellevik, A., [. . .] Universitetet i Oslo Avdeling for, l. (2011). *Norsk ordbok: ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet : B. 9 : Ramost-skodda* (Vol. B. 9). Oslo: Samlaget.
- Alming, M. (2011, 16.03). Schizofren utdanning, Debattartikkel. *Universitas*. Henta frå:
<http://universitas.no/leserbrev/55976/schizofren-utdanning>
- Amanzio, M., Geminiani, G., Leotta, D., & Cappa, S. (2008). Metaphor comprehension in Alzheimer's disease: Novelty matters. *Brain and Language*, *107*(1), 1–10.
doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.bandl.2007.08.003>
- Amarasingham Rhodes, L. (1984). "This will clear your mind": The use of metaphors for medication in psychiatric settings. *Culture, Medicine and Psychiatry*, *8*(1), 49–70.
doi:10.1007/BF00053101

- Anda, L.G. (2013). Mord, galskap og løver – schizofreni i norske aviser. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 50(12), 1154–1162.
- Andreasen, N.C. (1997a). The evolving concept of schizophrenia: From Kraepelin to the present and future. *Schizophrenia Research*, 28(2–3), 105–109.
doi:[http://dx.doi.org/10.1016/S0920-9964\(97\)00112-6](http://dx.doi.org/10.1016/S0920-9964(97)00112-6)
- Andreasen, N.C. (1997b). What is psychiatry? *American Journal of Psychiatry*, 154(5), 591–593. doi:[doi:10.1176/ajp.154.5.591](https://doi.org/10.1176/ajp.154.5.591)
- Andreasen, N.C. (2007). DSM and the Death of Phenomenology in America: An Example of Unintended Consequences. *Schizophrenia Bulletin*, 33(1), 108–112.
doi:[10.1093/schbul/sbl054](https://doi.org/10.1093/schbul/sbl054)
- Andreassen, L.E.H. (2016, 03.03). Annleis nok? Av Lars Erik H. Andreassen. *p3.no*. Henta frå: <http://p3.no/dokumentar/annleis-nok/>
- American Psychiatric Association (1987). *Diagnostic and statistical manual of mental disorders (DSM-III-R)* (3rd ed., rev. ed.). Washington, D.C: American Psychiatric Association.
- American Psychiatric Association (2013). *Diagnostic and statistical manual of mental disorders: DSM-5*. Washington, D.C.: American Psychiatric Association.
- Aronson, J.K. (2007). Old drugs – new uses. *British Journal of Clinical Pharmacology*, 64(5), 563–565. doi:[10.1111/j.1365-2125.2007.03058.x](https://doi.org/10.1111/j.1365-2125.2007.03058.x)
- Arsky, G.H. (2010). Mat som gir sunt hår. *klikk.no*. Henta frå: <http://www.klikk.no/helse/velvare/egenpleie/article595620.ece>
- Asbjørnslett, M., Helseth, S., & Engelsrud, G.H. (2014). ‘Being an ordinary kid’ – demands of everyday life when labelled with disability. *Scandinavian Journal of Disability Research*, 16(4), 364–376. doi:[10.1080/15017419.2013.787368](https://doi.org/10.1080/15017419.2013.787368)
- Ashok, A.H., Baugh, J., & Yeragani, V.K. (2012). Paul Eugen Bleuler and the origin of the term schizophrenia (SCHIZOPRENIEGRUPPE). *Indian Journal of Psychiatry*, 54(1), 95–96. doi:[10.4103/0019-5545.94660](https://doi.org/10.4103/0019-5545.94660)
- Askeland, N. (2008). *Lærebøker og forståing av kommunikasjon: om forståing av begrepet kommunikasjon gjennom metaforar og metaforsignal i seks læreverv i norsk for ungdomstrinnet 1997–99* (Vol. no. 373). Oslo: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.
- Askeland, N. (2011). Gjennomslag for humanoria. *Forskerforum*(9), 35.

-
- Asting, G. (regissør). (2017). 1:6. I: Vistven, M.M. (produsent), *Stemmene i hodet*.
<https://tv.nrk.no/serie/stemmene-i-hodet/KMTE30001114/sesong-1/episode-1>: NRK.
- Athanasopoulou, C., & Valimaki, M. (2014). 'Schizophrenia' as a metaphor in Greek newspaper websites. *Stud Health Technol Inform*, 202, 275–278.
- Auestad, G.E. (2012). Vil ha tilbake «sinnsjuk»-omgrepet. Henta frå:
<http://www.nrk.no/nyheter/norge/1.8300608>
- Aziz-Zadeh, L., Wilson, S.M., Rizzolatti, G., & Iacoboni, M. (2006). Congruent embodied representations for visually presented actions and linguistic phrases describing actions. *Curr Biol*, 16(18), 1818–1823.
- Aaslestad, P. (1997). *Pasienten som tekst: fortellerrollen i psykiatriske journaler : Gaustad 1890–1990*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Aaslestad, P. (2007). *Pasienten som tekst: fortellerrollen i psykiatriske journaler : Gaustad 1890–1990*. Oslo: Universitetsforl.
- Băban, A., & Calo, L. (2013). The Stigma of Schizophrenia in Romanian Newspapers: a Content Analysis. *Romanian Sociology*, XI(3/2013), 8–22.
- Bai, M. (2005). The Framing Wars. *The New York Times Magazine*.
- Bakken, I.L. (2012, 12. august). To bergensere havnet på pallen *Bergensavisen*. Henta frå:
<http://www.ba.no/nyheter/to-bergensere-havnet-pa-pallen/s/1-41-6185605>
- Banerjee, P., Chatterjee, P., & Sinha, J. (2012). Is It Light or Dark? Recalling Moral Behavior Changes Perception of Brightness. *Psychological Science*, 23(4), 407–409.
- Banks, D. (2003). The evolution of grammatical metaphor in scientific writing. I: Simon-Vandenberg, A.-M., et al. (red.), *Grammatical Metaphor : Views from systemic functional linguistics*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company, 127–147.
- Barcelona, A. (2000a). Introduction. The cognitive theory of metaphor and metonymy. I: Barcelona, A. (red.), *Metaphor and metonymy at the crossroads : a cognitive perspective*. Berlin: Mouton de Gruyter, 1–28
- Barcelona, A. (2000b). *Metaphor and metonymy at the crossroads : a cognitive perspective*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Barcelona, A. (2003). On the plausibility of claiming a metonymic motivation for conceptual metaphor. I: Barcelona, A. (red.), *Metaphor and metonymy at the crossroads*. Berlin: Mouton de Gruyter, 31–58.

- Barcelona, A. (2005). The multilevel operation of metonymy in grammar and discourse, with particular attention to metonymic chains. I: Ruiz de Mendoza Ibáñez, F.J. & Cervel, M.S.P. (red.), *Cognitive Linguistics: Internal Dynamics and Interdisciplinary Interaction*. Berlin: Mouton de Gruyter, 313–352.
- Barcelona, A. (2011). Reviewing the properties and prototype structure of metonymy. I: Benczes, R., Barcelona, A., & Ibáñez, F.J.R. d. M. (red), *Defining Metonymy in Cognitive Linguistics. Towards a consensus view*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company, 7–58.
- Barsalou, L.W. (1992). *Cognitive psychology: an overview for cognitive scientists*. Hillsdale, N. J.: L. Erlbaum.
- Barsalou, L.W. (2008). Grounded cognition. *Annu Rev Psychol*, 59, 617–645.
- Batema, G.D., Lutz, M., Spek, A.L., van Walree, C.A., van Klink, G.P.M., & van Koten, G. (2014). Organometallic benzyldiene anilines: donor-acceptor features in NCN-pincer Pt(ii) complexes with a 4-(E)-[(4-R-phenyl)imino]methyl substituent. *Dalton Transactions*, 43(32), 12200–12209. doi:10.1039/C4DT01023J
- Beer, M.D. (1996). Psychosis: A history of the concept. *Comprehensive Psychiatry*, 37(4), 273–91. doi:[http://dx.doi.org/10.1016/S0010-440X\(96\)90007-3](http://dx.doi.org/10.1016/S0010-440X(96)90007-3)
- Beger, A. (2015). Metaphors in psychology genres – Counseling vs. academic lectures. I: Herrmann, J.B., & Sardinha, T.B. (red.), *Metaphor in Specialist Discourse*. Amsterdam: John Benjamins, 53–75.
- Beger, A., & Jäkel, O. (2009). ANGER, LOVE and SADNESS revisited: Differences in Emotion Metaphors between Experts and Laypersons in the Genre Psychology Guides. *Metaphorik.de*, 16, 87–108. Henta frå: <http://www.metaphorik.de/de/journal/16/anger-sadness-and-love-revisited-differences-emotion-metaphors-between-experts-and-laypersons-genre.html>
- Benczes, R., Barcelona, A., & Ruiz de Mendoza Ibáñez, F.J. (2011). *Defining metonymy in cognitive linguistics: towards a consensus view*. Amsterdam: John Benjamins.
- Benson, N.C., Grove, S., & Syverstad, A.K. (1999). *Psykologi for begynnere*. [Oslo]: Spektrum forl.
- Berger, P.L., & Luckmann, T. (2000). *Den samfunnsskapte virkelighet*. Bergen: Fagbokforlaget.

-
- Bergsholm, P. (2015). Forsvinner schizofreni? Psykosediagnostikkens fallitt. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 52(8), 668–680. Henta frå:
http://psykologtidsskriftet.no/index.php?seks_id=447221&a=3
- Bergstrøm, I.I. (2012). Schizofren diagnostisering. *Forskning.no*. Henta frå:
<http://forskning.no/samfunnsmedisin-psykiske-lidelser-psykologi-samfunnskunnskap/2012/11/schizofren-diagnostisering>
- Bernstein, A. (1903). Ueber die Dementia praecox. *Allgemeine Zeitschrift für Psychiatrie und psychisch-gerichtliche Medizin*, 554–570.
- Berrios, G.E., Luque, R., & Villagrán, J.M. (2003). Schizophrenia: A Conceptual History. *International Journal of Psychology and Psychological Therapy*, 3(2), 111–140.
- Berulfsen, B., & Gundersen, D. (2003). *Fremmedord for alle*. Oslo: Kunnskapsforl.
- Bierwiazzonek, B. (2013). *Metonymy in language, thought and brain*. Sheffield: Equinox.
- Bikset, L. (2009, 20. mars). «Mamma Mia» er en vinner. Henta frå:
http://www.dagbladet.no/2009/03/20/kultur/scene/teater/mamma_mia/folketeateret/5377675/
- Biong, S. (2009). Metaforer noen dør med. *Socialmedisinsk tidsskrift*, 86(4), 324–331.
- Bjørklund, I. (2012, 28.07.12). En helt vanlig dag på jobben. *DN Magasinet*, 29–38.
- Blackburn, R. (1988). On moral judgements and personality disorders. The myth of psychopathic personality revisited. *Br J Psychiatry*, 153, 505–512.
- Blasko, D.G. (1999). Only the tip of the iceberg: Who understands what about metaphor? *Journal of Pragmatics*, 31(12), 1675–1683. doi:[http://dx.doi.org/10.1016/S0378-2166\(99\)00009-0](http://dx.doi.org/10.1016/S0378-2166(99)00009-0)
- Bleuler, E. (1908). Die Prognose der Dementia Praecox (Schizophreniegruppe). *Allgemeine Zeitschrift für Psychiatrie und psychisch-gerichtliche Medizin, fünfundsechzigster Band*, 436–464.
- Bleuler, E. (1911/2014). *Dementia Praecox, oder Gruppe der Schizophrenien. Unveränderte Neuauflage der Ausgabe von 1911 (Franz Deuticke). Mit einem Vorwort von Bernhard Küchenhoff*. [Gießen]: Psychosozial-Verlag.
- Blindheim, A.M. (2009, 7.12.). Her er Solheims tunge klimabagasje. *Dagbladet*. Henta frå:
http://www.dagbladet.no/2009/12/07/nyheter/miljo/klima/politikk/kobenhavn_2009/9327443/

- Blom, J.D., & van Praag, H.M. (2011). Schizophrenia: it's broken and it can't be fixed. A conceptual analysis at the centenary of Bleuler's *Dementia praecox oder Gruppe der Schizophrenien*. *Isr J Psychiatry Relat Sci*, 48(4), 240–248.
- Boers, F. (2000). Metaphor awareness and vocabulary retention. *Applied Linguistics*, 21(4), 553–571. doi:10.1093/applin/21.4.553
- Boke, O., Aker, S., Alptekin Aker, A., Sarisoy, G., & Sahin, A. (2007). Schizophrenia in Turkish newspapers. *Social Psychiatry and Psychiatric Epidemiology*, 42(6), 457–461. doi:10.1007/s00127-007-0198-8
- Borbely, A.F. (2008). Metaphor and psychoanalysis. I: Gibbs R.W., (red.), *The Cambridge Handbook of Metaphor and Thought*. Cambridge: Cambridge University Press, 412–424.
- Boréus, K. (2006). Discursive Discrimination. *European Journal of Social Theory*, 9(3), 405–424. doi:doi:10.1177/1368431006065721
- Boroditsky, L. (2000). Metaphoric structuring: understanding time through spatial metaphors. *Cognition*, 75(1), 1–28. doi:http://dx.doi.org/10.1016/S0010-0277(99)00073-6
- Boyd, R. (1979). Metaphor and theory change – What is 'metaphor' a metaphor for? I: Ortony, A. (red.), *Metaphor and thought*. Cambridge: Cambridge University Press, 356–408.
- Braslow, J. (1997). *Mental ills and bodily cures : psychiatric treatment in the first half of the twentieth century*. Berkeley, Calif.: University of California Press.
- Braut, G.S. (2016, 22. desember). Referanseområde. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå: <https://sml.snl.no/referanseomr%C3%A5de>.
- Brdar-Szabó, R., & Brdar, M. (2011). What do metonymic chains reveal about the nature of metonymy? R. Benczes, R., Barcelona, A., & Ibáñez, F.J.R.d.M. (red.), *Defining metonymy in Cognitive Linguistics – Towards a consensus view*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company, 217–248.
- Brdar, M. (2009). Metonymies we live without. I: Thornburg, L.L., K.-U. Panther, & Barcelona, A. (red.), *Metonymy and metaphor in grammar*. Amsterdam: John Benjamins Pub. Co, 259–274.

- Brekke, A. (2012, 06.06.2012). – «Smørkrise» og «askefast» har aldri vært forbundet med psykose. Henta frå: http://www.nrk.no/227/artikler/_-breiviks-ord-er-ikke-neologismer-1.8182586
- Brodersen, R.B., Bråten, F., Reiersgaard, A., Slethei, K., & Ågotnes, K. (2007). *Tekstens autoritet : tekstanalyse og skriving i akademia*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Brookes, I. (2006). *The Chambers dictionary*. Edinburgh: Chambers.
- Bruusgaard, D. (2009, 13. februar). Pasient. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå: <https://sml.snl.no/pasient>.
- Butler, R.F. (1980). Sources of the Medical Vocabulary. *Journal of Medical Education*, 55(February), 128–129.
- Byrne, B. (1979). Rules of prenominal adjective order and the interpretation of “incompatible” adjective pairs. *Journal of Verbal Learning and Verbal Behavior*, 18(1), 73–78. doi:[http://dx.doi.org/10.1016/S0022-5371\(79\)90574-7](http://dx.doi.org/10.1016/S0022-5371(79)90574-7)
- Cameron, L. (2003). *Metaphor in Educational Discourse*. London, GBR: Continuum International Publishing.
- Cameron, L. (2010). The discourse dynamics framework for metaphor. I: Cameron, L. & Maslen, R. (red.), *Metaphor analysis : research practice in applied linguistics, social sciences and the humanities*. London: Equinox, 77–94.
- Cameron, L., Low, G., & Maslen, R. (2010). Finding systematicity in metaphor use. I: Cameron, L. & Maslen, R. (red.), *Metaphor analysis : research practice in applied linguistics, social sciences and the humanities*. London: Equinox, 116–146.
- Cameron, L., & Maslen, R. (2010). Identifying metaphors in discourse data. I: Cameron, L. & Maslen, R. (red.), *Metaphor analysis : research practice in applied linguistics, social sciences and the humanities*. London: Equinox, 97–115.
- Campanella, M. (2015). Syd Barrett: Was he suffering from schizophrenia or Asperger’s syndrome? *Clinical Neuropsychiatry*, 12(3), 73–76.
- Caprona, Y.C. d. (2013). *Norsk etymologisk ordbok: tematisk ordnet*. Oslo: Kagge.
- Casasanto, D., & Dijkstra, K. (2010). Motor action and emotional memory. *Cognition*, 115(1), 179–185. doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.cognition.2009.11.002>
- Catalano, T., & Waugh, L.R. (2013). The ideologies behind newspaper crime reports of Latinos and Wall Street/CEOs: a critical analysis of metonymy in text and image. *Critical Discourse Studies*, 10(4), 406–426. doi:10.1080/17405904.2013.813774

- Cauliez, P., Polo, V., Roisnel, T., Llusar, R., & Fourmigue, M. (2010). The thiocyanate anion as a polydentate halogen bond acceptor. *CrystEngComm*, *12*(2), 558–566. doi:10.1039/B913559F
- Cava, R.J. (2004). Schizophrenic electrons in ruthenium-based oxides. *Dalton Transactions*(19), 2979–2987. doi:10.1039/B403107E
- Charteris-Black, J. (2004). *Corpus approaches to critical metaphor analysis*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Charteris-Black, J. (2014). *Analysing political speeches : rhetoric, discourse and metaphor*. New York: Palgrave Macmillan.
- Charteris-Black, J., & Musolff, A. (2003). ‘Battered hero’ or ‘innocent victim’? A comparative study of metaphors for euro trading in British and German financial reporting. *English for Specific Purposes*, *22*(2), 153–176. doi:http://dx.doi.org/10.1016/S0889-4906(02)00012-1
- Chase, R. (2008). Schizophrenia is a disease, so electrons aren’t at risk. *Nature*, *451*(7175), 127. doi:http://dx.doi.org/10.1038/451127d
- Chilton, P. (1995). *Security metaphors: cold war discourse from containment to common house*. New York: P. Lang.
- Chiou, W.-B., & Cheng, Y.-Y. (2013). In broad daylight, we trust in God! Brightness, the salience of morality, and ethical behavior. *Journal of Environmental Psychology*, *36*(0), 37–42. doi:http://dx.doi.org/10.1016/j.jenvp.2013.07.005
- Chopra, A.K., & Doody, G.A. (2007). Schizophrenia, an illness and a metaphor: analysis of the use of the term ‘schizophrenia’ in the UK national newspapers. *Journal of the Royal Society of Medicine*, *100*(9), 423–426.
- Cienki, A. (2007). Frames, idealized cognitive models, and domains. I: Geeraerts, D. & Cuyckens, H. (red.), *The Oxford handbook of cognitive linguistics*. Oxford: Oxford University Press, 170–187.
- Cienki, A.J., & Müller, C. (2008a). *Metaphor and Gesture*. Amsterdam, NLD: John Benjamins Publishing Company.
- Citron, F.M.M., & Goldberg, A.E. (2014). Metaphorical Sentences Are More Emotionally Engaging than Their Literal Counterparts. *Journal of Cognitive Neuroscience*, *26*(11), 2585–2595. doi:10.1162/jocn_a_00654

-
- Clausner, T.C., & Croft, W. (1999). Domains and image schemas. *Cognitive Linguistics*, 10(1), 1. doi:10.1515/cogl.1999.001
- Clement, S., & Foster, N. (2008). Newspaper reporting on schizophrenia: A content analysis of five national newspapers at two time points. *Schizophrenia Research*, 98(1–3), 178–183. doi:http://dx.doi.org/10.1016/j.schres.2007.09.028
- Collins, S.M., Surette, M., & Berick, P. (2012). The interplay between the intestinal microbiota and the brain. *Nature reviews*, 10(Microbiology), 735–742.
- Craddock, N., & Owen, M.J. (2005). The beginning of the end for the Kraepelinian dichotomy. *186*(5). doi:10.1192/bjp.186.5.364
- Crawford, L.E. (2009). Conceptual Metaphors of Affect. *Emotion Review*, 1(2), 129–139. doi:10.1177/1754073908100438
- Croft, W. (2000). *Explaining language change: an evolutionary approach*. Harlow: Longman.
- Croft, W. (2003). The role of domains in the interpretation of metaphors and metonymies. I: Pôrings, R., & Dirven, R. (red.), *Metaphor and metonymy in comparison and contrast*. Berlin Mouton de Gruyter, 161–205.
- Croft, W. (2006). On explaining metonymy: Comment on Peirsman and Geeraerts, “Metonymy as a prototypical category” *Cognitive Linguistics* (Vol. 17, s. 317).
- Croft, W., & Cruse, D.A. (2004). *Cognitive linguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Cruse, D.A. (2011). *Meaning in language: an introduction to semantics and pragmatics*. Oxford: Oxford University Press.
- Cullberg, J. (1999). Dynamisk psykiatri i teori og praksis. *Nordic Journal of Psychiatry*, 53(6), 468–470. doi:10.1080/080394899427746
- Cullberg, J. (2003). *Dynamisk psykiatri: i teori och praktik*. Stockholm: Natur och Kultur.
- Dahl, C.D., & Adachi, I. (2013). Conceptual metaphorical mapping in chimpanzees (Pan troglodytes). *eLife*, 2, e00932. doi:10.7554/eLife.00932
- Damasio, A.R. (2001). *Descartes' feiltagelse: fornuft, følelser og menneskehjernen* (K.A. Lie, omsettar). Oslo: Pax.
- Daniels, J. (2009). Catatonia: Clinical Aspects and Neurobiological Correlates. *The Journal of Neuropsychiatry and Clinical Neurosciences*, 21(4), 371–380. doi:doi:10.1176/jnp.2009.21.4.371

- Darian, S.G. (2003). *Understanding the language of science*. Austin: University of Texas Press.
- Dasher, R.B., & Traugott, E.C. (2001). *Regularity in Semantic Change*. Cambridge, UK: Cambridge University Press.
- Decker, H.S. (1978). The Historical Evolution of Dementia Praecox. I: Fann, W.E., Karacan, I., Pokorny, A.D., & Williams, R.L. (red.), *Phenomenology and treatment of schizophrenia*. New York: Spectrum Publications, INC, 301–309.
- Deignan, A. (2005). A corpus linguistic perspective on the relationship between metonymy and metaphor. *Style*, 39(1), 72–91, 101, 105. Henta frå:
<https://search.proquest.com/docview/231190249?accountid=8579>
- Deignan, A. (2005). *Metaphor and Corpus Linguistics*. Philadelphia, PA, USA: John Benjamins Publishing Company.
- Dencker, S.J., & Ågren, H. (2007). Norsk lärobok i psykiatri lämplig också i Sverige. *Läkartidningen*, 10(1), 65–66. Henta frå:
<https://ww2.lakartidningen.se/07engine.php?articleId=5823>
- Det Danske Sprog- og Litteraturselskab (u.å.). *Den danske ordbog* Henta frå:
<http://ordnet.dk/ddo>
- Det Danske Sprog- og Litteraturselskab (u.å.). *Ordbog over det danske sprog. Historisk ordbog 1700–1950* Henta frå: <http://ordnet.dk/ods>
- Dietrichs, E., & Gjerstad, L. (2016). Sanktveitsdans *Store medisinske leksikon*.
<https://sml.sn�.no/sanktveitsdans>.
- Dirven, R. (1999). The cognitive motivation for adjective sequences in attribution. *Journal of English studies*, 1, 57–67.
- Dirven, R., Frank, R.M., Ilie, C. (red.) (2001). *Language and Ideology : Volume 2: descriptive cognitive approaches*. Philadelphia, NL: John Benjamins Publishing Company.
- Dirven, R., Hawkins, B., Sandikcioglu, E. (red.) (2001). *Current Issues in Linguistic Theory : Language and Ideology : Volume 1: theoretical cognitive approaches*. Philadelphia, NL: John Benjamins Publishing Company.
- Dirven, R., Polzenhagen, F., & Wolf, H.-G. (2007). Cognitive linguistics, ideology, and critical discourse analysis. I: Geeraerts, D. & Cuyckens, H. (red.), *The Oxford handbook of cognitive linguistics*. Oxford: Oxford University Press, 1222–1240.

-
- Dirven, R., & Pörings, R. (2002). *Metaphor and metonymy in comparison and contrast*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Dubugras, M.T.B., Evans-Lacko, S., & de Jesus Mari, J. (2011a). Portrayal of schizophrenia in a prestigious newspaper in Brazil. *Psychiatric services (Washington, D.C.)*, 62(5), 565–565.
- Dubugras, M.T.B., Evans-Lacko, S., & de Jesus Mari, J. (2011b). A Two-Year Cross-Sectional Study on the Information About Schizophrenia Divulged by a Prestigious Daily Newspaper. *The Journal of Nervous and Mental Disease*, 199(9), 659–665. doi:10.1097/NMD.0b013e318229cf90
- Duckworth, K., Halpern, J.H., Schutt, R.K., & Gillespie, C. (2003). Use of Schizophrenia as a Metaphor in U.S. Newspapers. *Psychiatric Services*, 54(10), 1402–1404. Henta frå: <http://ps.psychiatryonline.org/article.aspx?articleID=87757&RelatedWidgetArticles=true>
- Dudenredaktion. (2007). *Duden : Deutsches Universalwörterbuch* (6., überarbeitete und erweiterte Aufl. ed.). Mannheim: Dudenverlag.
- Dunn, J. (2013). How linguistic structure influences and helps to predict metaphoric meaning. *Cognitive Linguistics* (Vol. 24, pp. 33–66).
- Durkin, P. (2009). *The Oxford guide to etymology*. Oxford: Oxford University Press.
- Dyregrov, S. (2015, 18.aug. 2015). Vil ha slutt på ordbruk som «fet», «overvektig» og «diabetiker» *Bergens Tidende*. Henta frå: http://www.bt.no/100Sport/sprek/Vil-ha-slutt-pa-ordbruk-som-fet_-overvektig-og-diabetiker-582010_1.snd
- Economou, M., Richardson, C., Gramandani, C., Stalikas, A., & Stefanis, C. (2009). Knowledge about schizophrenia and attitudes towards people with schizophrenia in Greece. *International Journal of Social Psychiatry*, 55(4), 361–371.
- Eek, Ø. (2009). Nosologi *Store medisinske leksikon*. <https://sml.snl.no/nosologi>
- Emmot, C. (2002). «Split selves» in fiction and in medical «life stories» – Cognitive linguistic theory and narrative practice. I: Semino, E. & Culpeper, J.V. (red.), *Cognitive Stylistics: Language and Cognition in Text Analysis*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company, 153–181.
- Evans, V. (2007). *A glossary of cognitive linguistics*. Edinburgh: Edinburgh University Press.

- Evans, V., & Green, M.C. (2006). *Cognitive linguistics: an introduction*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Evensen, H. (1904). *Dementia præcox*. Kristiania: Aschehoug.
- Eynon, T. (2002). Cognitive linguistics. *Advances in Psychiatric Treatment*, 8(6), 399–407. doi:10.1192/apt.8.6.399
- Eysenck, M.W., & Keane, M.T. (2010). *Cognitive psychology: a student's handbook*. Hove: Psychology Press.
- Faarlund, J.T., Vannebo, K.I., & Lie, S. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforl.
- Faber Benítez, P. (2012). *A Cognitive linguistics view of terminology and specialized language*. Berlin: de Gruyter Mouton.
- Faber, P. (2012). Introduction. In: Faber, P., Ibáñez, F., & Mendoza, J.R. d. (red.), *Applications of Cognitive Linguistics [ACL] : A Cognitive Linguistics View of Terminology and Specialized Language* (pp. 1–6). Berlin: De Gruyter Mouton.
- Faber, P., & Rodríguez, C.I.L. (2012). Terminology and specialized language. In: Faber Benítez, P. (red.), *A Cognitive linguistics view of terminology and specialized language*. Berlin: de Gruyter Mouton, 9–32.
- Fauconnier, G. (2008). How Compression Gives Rise to Metaphor and Metonymy. *Video recorded at the Inamori Center for Ethics and Excellence on the Campus of Case Western Reserve University in Cleveland, Ohio*.
<http://www.neurohumanitiestudies.eu/how-compression-gives-rise-to-metaphor-and-metonymy/>.
- Fauconnier, G., & Turner, M. (2002). *The way we think: conceptual blending and the mind's hidden complexities*. New York: Basic Books.
- Feer, H. (1987). *Die Sprache der Psychiatrie: eine linguistische Untersuchung*. Berlin.
- Feldman, J.A. (2006). *From molecule to metaphor: a neural theory of language*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Feldmann, S. (2005). *Die Verbreitung der Kraepelinischen Krankheitslehre im deutschen Sprachraum zwischen 1893 und 1912 am Beispiel der Dementia praecox*. (PhD), Justus-Liebig-Universität Gießen. Henta frå: <http://geb.uni-giessen.de/geb/volltexte/2006/3092/>

-
- Feyaerts, K. (1999). Metonymic Hierarchies : The Conceptualization of Stupidity in German Idiomatic Expressions. I: Panther, K.-U., & Radden, G. (red.), *Metonymy in Language and Thought*. Philadelphia: John Benjamins Publishing Company, 309–332.
- Feyaerts, K. (2003). *The Bible through metaphor and translation: a cognitive semantic perspective*. Oxford: P. Lang.
- Fink, M. (2013). Rediscovering catatonia: the biography of a treatable syndrome. *Acta Psychiatr Scand Suppl*(441), 1–47. doi:10.1111/acps.12038
- Finzen, A., Benz, D., & Hoffmann-Richter, U. (2001). Die Schizophrenie im «Spiegel» – oder ist der Krankheitsbegriff der Schizophrenie noch zu halten? *Psychiatrische Praxis, Jg. 28, 2001, Nr. 8, S. 365–367 : Tab., Lit.*
- Fischer, B.A., & Carpenter, W.T., Jr. (2009). Will the Kraepelinian dichotomy survive DSM-V? *Neuropsychopharmacology, 34*(9), 2081–2087.
- Fitzpatrick, J. (1995, August 29). University Scientists Produce ‘Schizophrenic’ Electron. *University of Rochester news*. Henta frå:
<http://www.rochester.edu/news/show.php?id=345>
- Forceville, C.J., & Uios-Aparisi, E. (2009). *Multimodal metaphor*. Berlin: Walter de Gruyter.
- Freeman, H. (1993). Erik Strömngren. *Psychiatric Bulletin, 17*(11), 700–701.
doi:10.1192/pb.17.11.700-a
- Friedenreich, A. (1901/2009). *Kortfattet, speciel Psykiatri*. Kjøbenhavn: F.H. Eibe/BiblioLife.
- Friis, S. (2012). Kan man bli frisk av schizofreni? *Tidsskr Nor Lægeforen, 132*(7), 847–848.
doi:10.4045/tidsskr.12.0270
- Frith, U. (2005). *Autisme: en gâdes afklaring*. København: H. Reitzel.
- Fulford, B., Thornton, T., & Graham, G. (2006). *Oxford textbook of philosophy and psychiatry*. Oxford: Oxford University Press.
- Fusar-Poli, P. (2007). Roger Keith «Syd» Barrett (1946–2006). *American Journal of Psychiatry, 164*(7), 1028–1028. doi:10.1176/ajp.2007.164.7.1028
- Føllesdal, D. (2002). *Argumentasjonsteori, språk og vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforl.

- Gallese, V., & Lakoff, G. (2005). The Brain's Concepts: The Role of the Sensory-Motor System in Conceptual Knowledge. *Cognitive Neuropsychology*, 22(3/4), 455–479.
Henta frå: <http://escholarship.org/uc/item/8r0615s2#page-1>
- Gallo, K.M. (1994). First person account: self-stigmatization. *Schizophr Bull*, 20(2), 407–410.
- Gangemi, A., Pisanelli, D.M., & Steve, G. (2000). Understanding systematic conceptual structures in polysemous medical terms. *Proceedings of the AMIA Symposium*, 285–289.
- Geary, J. (2011). *I is an Other: the secret life of metaphor and how it shapes the way we see the world*. New York, N.Y.: Harper, an imprint of HarperCollins Publishers.
- Geeraerts, D., & Cuyckens, H. (2007). *The Oxford handbook of cognitive linguistics*. Oxford: Oxford University Press.
- Gentner, D. (1982). Are scientific analogies metaphors? I: Miall, D.S. (red.), *Metaphor: Problems and perspectives*. Brighton: Harvester Press Ltd, 106–132.
- Gentner, D., & Gentner, D.R. (1983). Flowing Waters or Teeming Crowds: Mental Models of Electricity. I: Gentner, D. & Stevens, A.L. (red.), *Mental Models*. Hillsdale: Lawrence Erlbaum Associates, 99–129.
- Gentner, D., & Grudin, J. (1985). The Evolution of Mental Metaphors in Psychology: A 90-Year Retrospective. *American Psychologist*, 40(2), 181–192.
- Gentner, D., Imai, M., & Boroditsky, L. (2002). As time goes by: Evidence for two systems in processing space-time metaphors. *Language and Cognitive Processes*, 17(5), 537–565.
- Gibbs, R.W. (1999). Taking metaphor out of our heads and putting it into the cultural world. I: Gibbs, R.W. & Steen, G.J. (red.), *Metaphor in Cognitive Linguistics: Selected papers from the 5th International Cognitive Linguistics Conference, Amsterdam, 1997*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company, 145–166.
- Gibbs R.W., & Cameron, L. (2008). The social-cognitive dynamics of metaphor performance. *Cognitive Systems Research*, 9(1–2), 64–75.
doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.cogsys.2007.06.008>
- Gibbs R.W. (2009). Why Do Some People Dislike Conceptual Metaphor Theory? *Cognitive Semiotics*, 5(1–2), s. 14–36.

- Gibbs, R.W. (2006). Metaphor Interpretation as Embodied Simulation. *Mind & Language*, 21(3), 434–458. doi:10.1111/j.1468-0017.2006.00285.x
- Gibbs, R.W. (2011a). Evaluating Conceptual Metaphor Theory. *Discourse Processes*, 48(8), 529–562. doi:10.1080/0163853X.2011.606103
- Gibbs, R.W. (2011b). Multiple Constraints in Theories of Metaphor. *Discourse Processes*, 48(8), 575–584. doi:10.1080/0163853X.2011.606105
- Gibbs, R.W., & Barnden, J.A. (2008). *The Cambridge handbook of metaphor and thought*. New York: Cambridge University Press.
- Gilman, S.E. (2008). Constructing Schizophrenia as a Category of Mental Illness. I: Wallace, E.R. (red.), *History of Psychiatry and Medical Psychology : With an Epilogue on Psychiatry and the Mind-Body Relation*. Boston, MA: Springer US, 461–483.
- Glare, P.G.W. (1982). *Oxford Latin dictionary*. Oxford: Oxford University Press.
- Glaser, G. (2008, May 11). ‘Mad Pride’ Fights a Stigma. *The New York Times*. Henta frå: http://www.nytimes.com/2008/05/11/fashion/11madpride.html?_r=0
- Goatly, A. (2007). *Washing the Brain – Metaphor and Hidden Ideology : Metaphor and Hidden Ideology*. Amsterdam, NL: John Benjamins Publishing Company.
- Goatly, A. (2011). *The language of metaphors*. London: Routledge.
- Goldar, J.C., Starkstein, S.E., & Hodgkiss, A. (1995). Karl Ludwig Kahlbaum’s concept of catatonia. *History of Psychiatry*, 6(22), 201–207. doi:10.1177/0957154x9500602205
- Golden, A. (2005). *Å gripe poenget: forståelse av metaforiske uttrykk fra lærebøker i samfunnskunnskap hos minoritetselever i ungdomsskolen* (Vol. nr. 227). Oslo: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.
- Goodyear, S. (2004). *Schizophrenia as metaphor: ‘Madness’ and the cinematic asylum*. (MQ91035 M.A.), Concordia University (Canada), Ann Arbor. Henta frå: <http://search.proquest.com/docview/305132333?accountid=8579>²⁴⁶

²⁴⁶ http://x-port-sfx.uio.no/sfx_ubb?url_ver=Z39.88-2004&rft_val_fmt=info:ofi/fmt:kev:mtx:dissertation&genre=dissertations+%26+theses&sid=ProQ:ProQuest+Dissertations+%26+Theses+Global&atitle=&title=Schizophrenia+as+metaphor%3A+%27Madness%27+and+the+cinematic+asylum&isn=&date=2004-01-01&volume=&issue=&spage=&au=Goodyear%2C+Susan&isbn=9780612910355&jtitle=&title=&rft_id=info:eric/&rft_id=info:doi/ProQuest+Dissertations+%26+Theses+Global+database

- Goossens, L. (1990). Metaphtonymy: the interaction of metaphor and metonymy in expressions for linguistic action. *Cognitive Linguistics (includes Cognitive Linguistic Bibliography)*, 1(3): 323–342.
- Goossens, L. (2009). Metaphtonymy: The interaction of metaphor and metonymy in expressions for linguistic action. I: Dirven, R., Pörings, R. (red.), *Cognitive Linguistics Research: Metaphor and Metonymy in Comparison and Contrast*. Berlin: Mouton de Gruyter, 349–378.
- Grady, J. (1998). The «Conduit Metaphor» Revisited: A reassessment of Metaphors for Communication. I: Koenig, J.-P. (red.), *Discourse and cognition: bridging the gap*. Stanford, Calif.: CSLI Publications, 205–218.
- Grady, J. (1999). A typology of motivation for conceptual metaphor: correlation vs. resemblance. I: Steen, G., Gibbs, R. (red.), *Metaphor in Cognitive Linguistics*. Philadelphia: John Benjamins, 79–100.
- Grady, J. (2005). Primary metaphors as inputs to conceptual integration. *Journal of Pragmatics*, 37(10), 1595–1614. doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.pragma.2004.03.012>
- Grady, J. & Johnson, C. (2003). Converging evidence for the notions of subscene and primary scene. I: Pörings, R. & Dirven, R. (red.), *Metaphor and Metonymy in Comparison and Contrast*. Berlin: Mouton de Gruyter, 533–554.
- Grady, J.E. (2007). Metaphor. I: Geeraerts, D. & Cuyckens, H. (red.), *The Oxford Handbook of Cognitive Linguistics*. Oxford: Oxford University Press, 188–213.
- Grady, J.E., Oakley, T., & Coulson, S. (1999). Blending and metaphor. I: Gibbs, R.W. & Steen, G. (red.), *Metaphor in Cognitive Linguistics*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company, 101–124.
- Granello, D.H., & Gibbs, T.A. (2016). The Power of Language and Labels: «The Mentally Ill» Versus «People With Mental Illnesses». *Journal of Counseling & Development*, 94(1), 31–40. doi:10.1002/jcad.12059
- Grønli, K.S. (2002). Hva er et sort hull? *Forskning.no*, (23.10). Henta frå: <http://forskning.no/universet-romforskning-sorter-hull-stjerner-stub/2008/02/hva-er-et-sort-hull>
- Guillén Galve, I. (1998). The textual interplay of grammatical metaphor on the nominalizations occurring in written medical English. *Journal of Pragmatics*, 30(3), 363–385. doi:[http://dx.doi.org/10.1016/S0378-2166\(98\)00002-2](http://dx.doi.org/10.1016/S0378-2166(98)00002-2)

-
- Gundersen, D., Engh, J., Fjeld, R.V., & Frysjøenden, E.A. (2001). *Språkvett: skriveregler, grammatikk og språklige råd fra a til å*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Gunnarsson, J. (2015, 05-04). Trojansk pellet forbedrar gruvprocessen inifrån. *Process Nordic*. Henta frå: <http://www.processnet.se/alla/trojansk-pellet-forbattar-gruvprocessen-inifran/>
- Gärdenfors, P., & Löhdorf, S. (2013). What is a domain? Dimensional structures versus meronomic relations. *Cognitive Linguistics*, 24(3).
- Haave, P. (2008). *Ambisjon og handling: Sanderud sykehus og norsk psykiatri i et historisk perspektiv*. [Oslo]: Unipub.
- Haavik, J. (2014). Trenger vi genetikk i psykiatrien? Psykiatriske diagnoser i lys av genetisk forskning. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 51(9), 759–762.
- Hagen, J.E. (2000). *Norsk grammatikk for andrespråklærere*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Halliday, M.A.K. (1998). Things and relations. I: Martin, J.R., & Veel, R. (red.), *Reading science : critical and functional perspectives on discourses of science*. London: Routledge, 185–235.
- Halliday, M.A.K., & Matthiessen, Matthiessen, C.M.I. (2004). *An introduction to functional grammar*. London: Arnold.
- Halverson, S. (2012). Metonymic extensions and vagueness : Schengen and Kyoto in Norwegian newspaper language. I: Andersen, G. (red.), *Exploring Newspaper Language : Using the Web to Create and Investigate a Large Corpus of Modern Norwegian*. Amsterdam John Benjamins Publishing Company, 285–306.
- Hansson, S. (2002). *Tangles and prisons: a linguistic analysis of metaphors in a case of family therapy*. Oslo: S. Hansson.
- Harder, P. (2011). Conceptual construal and social construction. I: Brdar, M., Gries, S.T., & Fuchs, M.Ž. (red.), *Cognitive Linguistics : Convergence and Expansion*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company, 305–324.
- Harmon, A. (2004, Dec. 20). How About Not ‘Curing’ Us, Some Autistics Are Pleading. *The New York Times*. Henta frå: <http://www.nytimes.com/2004/12/20/health/how-about-not-curing-us-some-autistics-are-pleading.html>
- Harrington, A. (2012). The fall of the schizophrenogenic mother. *The Lancet*, 379(9823), 1292–1293. doi:10.1016/S0140-6736(12)60546-7

- Haspelmath, M., & Sims, A.D. (2010). *Understanding morphology*. London: Hodder Education.
- Haukvik, U.K., Hartberg, C.B., Agartz, I. (2013). Schizofreni – hva viser strukturell MR? *Tidsskrift for Den norske legeforening*, 8(133), 850–853.
- Haver, B. (2010). Svensk lærebok i psykiatri i ny utgave. *Tidsskr Nor Legeforen* 130(5), 26–526. doi:10.4045/tidsskr.09.1480
- Havnevik, I. (2005). *Den Store norske diktboken : norsk lyrikk gjennom tidene*. Oslo: Pax.
- Hecker, E. (1871). Die Hebephrenie : Ein Beitrag zur klinischen Psychiatrie. *Archiv für pathologische Anatomie und Physiologie und für klinische Medicin*, 52(3), 394–429.
Henta frå: <http://link.springer.com/article/10.1007%2FBFB02329963>
- Heggstad, L., Hødnebo, F., Simensen, E., Hægstad, M., & Torp, A. (1990). *Norrøn ordbok*. Oslo: Samlaget.
- Heiberg, A. (2016, 27. januar). Genetikk. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://sml.snl.no/genetikk>.
- Helse-og-omsorgsdepartementet. (1998–1999). *Ot.prp. nr. 11 (1998–99) Om lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (psykiatriloven)*. Henta frå: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/regpubl/otprp/19981999/otprp-nr-11-1998-99-/9/1.html?id=305780>.
- Hem, E., & Simonsen, Dag. (2015). Språkspalten. E. Hem svarer:. *Tidsskr Nor Legeforen*.
Henta frå: <http://tidsskriftet.no/article/3347622> doi:10.4045/tidsskr.15.0675
- Hemmingsen, R. (1994). *Klinisk psykiatri*. København: Munksgaard.
- Henderson, S., & Malhi, G.S. (2014). Swan song for schizophrenia? *Australian and New Zealand Journal of Psychiatry*, 48(4), 302–305. doi:10.1177/0004867414529382
- Hergenhahn, B.R. (2001). *An introduction to the history of psychology*. Belmont, Calif.: Wadsworth Thomson Learning.
- Herrmann, J.B. (2013). Metaphor in academic discourse: Linguistic forms, conceptual structures, communicative functions and cognitive representations: Amsterdam: Vrije Universiteit.
- Herrmann, J.B., & Sardinha, T.B. (2015). Metaphor in specialist discourse – Investigating metaphor use in specific and popularized discourse contexts. I: Herrmann, J.B. & Sardinha, T.B. (red.), *Metaphor in Specialist Discourse*. Amsterdam: John Benjamins, 3–14.

-
- Herrmann, J.B., & Sardinha, T.B. (red.). (2015). *Metaphor in Specialist Discourse*. Amsterdam: John Benjamins.
- Hjelmsæth, J. (2015). Overvektig eller fet – du er ikke din lidelse. *Tidsskr Nor Legeforen*. doi:10.4045/tidsskr.15.0543
- Hoenig, J. (1995). Schizophrenia – clinical section. I: Berrios, G.E.& Porter, R. (red.), *A History of Clinical Psychiatry*. New York New York University Press, 336–348.
- Hoffmann-Richter, U., Alder, B., Hinselmann, V., Finzen, A. (1998). Schizophrenie in der «Neuen Zürcher Zeitung» – Eine Medienanalyse. *Psychiat. Prax.*, 25, 14–18.
- Holm, H. (1895). *Den specielle psykiatri for læger og studerende: forelæsninger holdte ved Kristiania universitet 1895 med sygehistorier, facsimiler af haandskrifter samt tegninger*. Kristiania: Cammermeyer.
- Hopper, P.J., & Traugott, E.C. (2003). *Grammaticalization*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hornmoen, H. (1994, 01.06). Mentale maskiner og kybernetiske familier. *Apollon*. Henta frå: <http://www.apollon.uio.no/artikler/1994/mentale.html>
- Hoskins, R.G. (1946). *The biology of Schizophrenia*. New York: W.W. Norton.
- Hsu, S. (2014, May 03). Officials mull schizophrenia name change. *Taipei Times*.
- Hustad, T., Reiten, H., & Ropeid, T.J. (2006). *Stor tysk–norsk ordbok*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Husøy, S. (2009). Har fortsatt nedturer. Men Kjell Magne Bondevik har lært å unngå bunnen. *www.nrk.no*. Henta frå: <https://www.nrk.no/livsstil/har-fortsatt-nedturer-1.6831883>
- Hyman, S.E. (2010). The diagnosis of mental disorders: the problem of reification. *Annu Rev Clin Psychol*, 6, 155–179.
- Høyersten, J.G. (2000). *Personlighet og avvik: en studie i islendingesagaens menneskebilde, med særlig vekt på Njála*. [Oslo]: Tano Aschehoug.
- Ijzerman, H., Gallucci, M., Pouw, W.T.J.L., Weißgerber, S.C., Van Doesum, N.J., & Williams, K.D. (2012). Cold-blooded loneliness: Social exclusion leads to lower skin temperatures. *Acta Psychologica*, 140(3), 283–288. doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.actpsy.2012.05.002>
- Ilnér, S.O. (2010). Nyttig lærebok i psykiatri. *Tidsskr Nor Legeforen*, 130(1), 61–61. doi:10.4045/tidsskr.09.0924

- Itkonen, E. (2005). *Analogy as Structure and Process : Approaches in Linguistics, Cognitive Psychology and Philosophy of Science*. Amsterdam, NLD: John Benjamins Publishing Company.
- Itkonen, E. (2006). Three fallacies that recur in linguistic argumentation. *Puhe ja kieli*, 26(4), 221–225.
- Jackendoff, R. (2002). *Foundations of language: brain, meaning, grammar, evolution*. Oxford: Oxford University Press.
- Jackendoff, R., & Aaron, D. (1991). Review of Lakoff & Turner's «More than cool reason: A field guide to poetic metaphor.». *Language*, 67(2), 320–338. doi:10.2307/415109
- Jacobsen, F. (2015). Iskalde fakturaer fra First House. *VG* (27.10.).
- Jansen, J. (2016, 27. mai). Stupor. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://sml.snl.no/stupor>.
- Johannessen, J.O. (2002). Schizofreni – omfang og betydning. *Tidsskrift for Den norske legeforening*, 122(20), 2011–2014. Henta frå: www.tidsskriftet.no website: <http://tidsskriftet.no/article/586658>
- Johnson, C. (1999). Metaphor vs. conflation in the acquisition of polysemy: the case of *see*. I: Hiraga, M.K., Sinha, C. & Wilcox, S. (red.), *Cultural, Psychological and Typological Issues in Cognitive Linguistics*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company, 155–169.
- Jones, G. (2003). Blair puts his foot down and says: I've got no reverse gear. *The Telegraph*.
- Josefsson, D. (2013). *Mannen som slutade ljuga : berättelsen om Sture Bergwall och kvinnan som skapade Thomas Quick*. Lind & Co.
- Jostmann, N.B., Lakens, D., & Schubert, T.W. (2009). Weight as an Embodiment of Importance. *Psychological Science*, 20(9), 1169–1174. doi:10.1111/j.1467-9280.2009.02426.x
- Justis-og-beredskapsdepartementet. (2003–2004). *Ot.prp. nr. 90 Om lov om straff (straffeloven)*. <http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/regpubl/otprp/20032004/otprp-nr-90-2003-2004-/15.html?id=179615>.
- Jäkel, O. (1999). Kant, Blumenberg, Weinrich – some forgotten contributions to the cognitive theory of metaphor. I: Gibbs, R.W., & Steen, G. (red.), *Metaphor in*

- cognitive linguistics : selected papers from the fifth International Cognitive Linguistics Conference, Amsterdam, July 1997*. Amsterdam: J. Benjamins, 9–27.
- Kahlbaum, K.L. (1874). *Die Katatonie : oder das Spannungsirresein, eine klinische Form psychischer Krankheit*. Henta frå:
<https://archive.org/details/39002079238854.med.yale.edu>
- Kahneman, D. (2011). *Thinking, fast and slow*. New York: Farrar, Straus and Giroux.
- Keller, R. (1994). *On Language Change : The Invisible Hand in Language*. Florence, KY, USA: Routledge.
- Kendell, R., & Jablensky, A. (2003). Distinguishing between the validity and utility of psychiatric diagnoses. *Am J Psychiatry*, *160*(1), 4–12.
- Kendell, R.E. (1975). *The role of diagnosis in psychiatry*. Oxford: Blackwell Scientific Publications ; Philadelphia : distributed by J. B. Lippincott Co.
- Keshavan, M.S., Nasrallah, H.A., & Tandon, R. (2011). Schizophrenia, «Just the Facts» 6. Moving ahead with the schizophrenia concept: from the elephant to the mouse. *Schizophr Res*, *127*(1-3), 3–13.
- Keysers, C., & Gazzola, V. (2010). Social Neuroscience: Mirror Neurons Recorded in Humans. *Current Biology*, *20*(8), R353-R354.
 doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.cub.2010.03.013>
- Kim, S.-W., Jang, J.-E., Kim, J.-M., Shin, I.-S., Ban, D.H., Choi, B., Chung, S.-A., Yoon, J.-S. (2012). Comparison of Stigma according to the Term Used for Schizophrenia : Split-Mind Disorder vs. Attunement Disorder. *J Korean Neuropsychiatr Assoc.*, *51*(4), 210–217. Henta frå: <http://dx.doi.org/10.4306/jknpa.2012.51.4.210>
- Kim, Y. (2002). Renaming the term schizophrenia in Japan. *The Lancet*, *360*(9336), 879.
 doi:[http://dx.doi.org/10.1016/S0140-6736\(02\)09987-7](http://dx.doi.org/10.1016/S0140-6736(02)09987-7)
- Kingdon, D., Gibson, A., Kinoshita, Y., Turkington, D., Rathod, S., & Morrison, A. (2008). Acceptable terminology and subgroups in schizophrenia: an exploratory study. *Social Psychiatry and Psychiatric Epidemiology*, *43*(3), 239–243.
- Kingdon, D., Vincent, S., Vincent, S., Kinoshita, Y., & Turkington, D. (2008). Destigmatising schizophrenia: does changing terminology reduce negative attitudes? *Psychiatric Bulletin*, *32*(11), 419–422.

- Kinn, T. (2001). *Pseudopartitives in Norwegian*. Section for Linguistic Studies, Department of Linguistics and Comparative Literature, Faculty of Arts, University of Bergen, Bergen.
- Kircher, T.T.J., Leube, D.T., Erb, M., Grodd, W., & Rapp, A.M. (2007). Neural correlates of metaphor processing in schizophrenia. *NeuroImage*, *34*(1), 281–289.
doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.neuroimage.2006.08.044>
- Kirkebøen, G. (1993). *Psykologi, informasjonsteknologi og ekspertise: en studie av informasjonsteknologiens innflytelse i psykologien – og vice versa : modellering og automatisering av thyroidea-diagnostikk og klinisk nevropsykologisk diagnostisering*. Oslo: Institutt for lingvistikk og filosofi, Universitetet i Oslo.
- Kjos, S.A., & Aas, E.W. (2008). *Helt alminnelig galskap : en oppslagsbok over psykiske lidelser*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Knudsen, R.L., & Fjeld, R.V. (2013). LBK2013: A balanced; annotated national corpus for Norwegian Bokmål. Proceedings of the workshop on lexical semantic resources for NLP at NODALIDA 2013; May 22–24; Oslo; Norway. *NEALT Proceedings Series 19*.
- Knudsen, S. (2003). Scientific metaphors going public. *Journal of Pragmatics*, *35*(8), 1247–1263. doi:[http://dx.doi.org/10.1016/S0378-2166\(02\)00187-X](http://dx.doi.org/10.1016/S0378-2166(02)00187-X)
- Knudsen, S. (2015). A mere metaphor? Framings of the concept of metaphor in biological specialist communication. I: Herrmann, J.B., & Sardinha, T.B. (red.), *Metaphor in specialist discourse* (Vol. 4). Amsterdam: John Benjamins Publishing Company, 191–214.
- Knudsen, T., Sommerfelt, A., Bødtker, K.E., Noreng, H., & Riksmålsvernet. (1947). *Norsk riksmålsordbok : 2:1 : M–skjølp* (Vol. 2:1). Oslo: Aschehoug.
- Korneliussen, I. (2011). Hva er paranoid schizofreni? *Forskning.no*. Henta frå: forskning.no website: <http://forskning.no/psykiske-lidelser-juridiske-fag-psykologi/2011/11/hva-er-paranoid-schizofreni>
- Kraepelin, E. (1896). *Psychiatrie: ein Lehrbuch für Studierende und Aerzte*. Leipzig: J.A. Barth.
- Kraepelin, E., & Barclay, R.M. (1909/1919). Dementia precox and paraphrenia (Barclay, R.M., omsetter.). I: Robertson, G.M. (red.), *From the Eighth German Edition of*

- 'Psychiatrie : ein Lehrbuch für Studierende und Ärzte' (1909), vol. iii., part ii., section on the Endogenous Dementias* Chicago: Chicago medical book co.
- Kreuzthaler, M., & Schulz, S. (2012). Metonymies in Medical Terminologies. A SNOMED CT Case Study. *AMIA Annual Symposium Proceedings, 2012*, 463–467.
- Kringlen, E. (1997). *Psykiatri*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kringlen, E. (2007). *Norsk psykiatri gjennom tidene*. [Oslo]: Damm.
- Kringlen, E. (2011). *Psykiatri*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Kristiansen, M. (2002, 31.12.). – Kontrastfylt og schizofrent 2002-vær. *BT*. Henta frå:
<http://www.bt.no/meninger/--Kontrastfylt-og-schizofrent-2002-var-2408130.html>
- Krüger, R. (2014). *Exploring the Interface Between Scientific and Technical Translation and Cognitive Linguistics. The case of explicitation and implicitation*. (Doctor of Philosophy Ph.d.), University of Salford, Salford, UK. Henta frå:
<http://usir.salford.ac.uk/id/eprint/31872>
- Kuhn, T.S. (1979). Metaphor in science. I: Ortony, A. (red.), *Metaphor and thought*. Cambridge: Cambridge University Press, 409–420.
- Kulbrandstad, L.A., & Kinn, T. (2016). *Språkets mønstre : norsk språklære med øvingsoppgaver* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Kuna, Á. (2014). The conception of diseases in the persuasive sections of Hungarian medical recipes from the 16th and 17th centuries. I: Polzenhagen, F., Kovecses, Z., Vogelbacher, S., & Kleinke, S. (red.), *Cognitive Explorations into Metaphor and Metonymy*. Frankfurt: Peter Lang GmbH, Internationaler Verlag der Wissenschaften, 197–214.
- Kurath, H. (1921). *The semantic sources of the words for the emotions in Sanskrit, Greek, Latin, and the Germanic languages*. (PhD dissertation), University of Chicago, Menasha, Wisconsin. George Banta publishing Company. Henta frå:
<http://ia700304.us.archive.org/30/items/semanticsources00kuragoog/semanticsources00kuragoog.pdf>
- Kövecses, Z. (2000). *Metaphor and emotion: language, culture and body in human feeling*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Kövecses, Z. (2010). *Metaphor. A Practical Introduction* (Second Edition). Oxford: Oxford University Press.

- Kövecses, Z. (2010). A new look at metaphorical creativity in cognitive linguistics. .
Cognitive Linguistics, 21(4), 663–697. doi:10.1515/cogl.2010.021
- Kövecses, Z., & Radden, G. (1998). Metonymy: Developing a cognitive linguistic view
Cognitive Linguistics (includes Cognitive Linguistic Bibliography) Vol. 9-1, 37–77.
- Kåss, E. (2009a, 13. februar). Eponym. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå
<https://sml.snl.no/eponym>.
- Kåss, E. (2009b, 13. februar). Interkurrent. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017
frå <https://sml.snl.no/interkurrent>.
- Kåss, E., Marthilm, G., & Welle-Strand, G. (1998). *Medisinsk ordbok*. Oslo:
Kunnskapsforlaget.
- Lake, C.R. (2012). *Schizophrenia Is a Misdiagnosis: Implications for the DSM-5 and the ICD-11*. Boston, MA: Springer US.
- Lakoff, G. (1987a). The Death of Dead Metaphor. *Metaphor and Symbolic Activity*, 2(2),
143–147. doi:10.1207/s15327868ms0202_5
- Lakoff, G. (1987b). *Women, fire, and dangerous things: what categories reveal about the mind*. Chicago, Ill.: University of Chicago Press.
- Lakoff, G. (1993). Contemporary theory of metaphor. I: Ortony, A. (red.), *Metaphor and thought* (2nd edition). Cambridge: Cambridge University Press, 202–251.
- Lakoff, G. (2008). The Neural Theory of Metaphor. I: Gibbs, R.W. (red.), *The Cambridge Handbook of Metaphor and Thought*. Cambridge: Cambridge University Press, 17–38.
- Lakoff, G., Espenson, J., & Schwartz, A. (1991). *Master Metaphor list : Second draft copy*.
Henta frå: <http://araw.mede.uic.edu/~alansz/metaphor/METAPHORLIST.pdf>
- Lakoff, G., & Johnson, M. (1980a). The Metaphorical Structure of the Human Conceptual System. *Cognitive Science*, 4(2), 195–208. doi:10.1207/s15516709cog0402_4
- Lakoff, G., & Johnson, M. (1980b). *Metaphors we live by*. Chicago: University of Chicago Press.
- Lakoff, G., & Johnson, M. (1999). *Philosophy in the flesh: the embodied mind and its challenge to Western thought*. New York: Basic Books.
- Lakoff, G., & Johnson, M. (2003). *Hverdagslivets metaforer: fornuft, følelser og menneskehjernen*. Oslo: Pax.

-
- Lakoff, G., & Turner, M. (1989). *More than cool reason: a field guide to poetic metaphor*. Chicago: University of Chicago Press.
- Landau, M.J., Meier, B.P., & Keefer, L.A. (2010). A metaphor-enriched social cognition. *Psychological Bulletin*, 136(6), 1045–1067. doi:10.1037/a0020970
- Langacker, R.W. (1993). Reference-point constructions. *Cognitive Linguistics*, 4(1), 1–38. doi:10.1515/cogl.1993.4.1.1
- Langacker, R.W. (1999). *Grammar and conceptualization*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Langendonck, W.v. (2007). Iconicity. I: Geeraerts, D. & Cuyckens, H. (red.), *The Oxford Handbook of Cognitive Linguistics*. Oxford: Oxford University Press, 394–418.
- Langerfeld, C. (2015). *Metaphern und metaphorische Modelle in Artikeln der Wirtschaftspresse und in wirtschaftswissenschaftlichen Zeitschriftenaufsätzen : am Beispiel des Deutschen und Norwegischen*. University of Bergen, Bergen.
- Langfeldt, G. (1951). *Lærebok i klinisk psykiatri: for medisinske studenter og praktiserende leger*. Oslo: Aschehoug.
- Lasalvia, A., Penta, E., Sartorius, N., & Henderson, S. (2015). Should the label «schizophrenia» be abandoned? *Schizophrenia Research*, 162(1–3), 276–284. doi:http://dx.doi.org/10.1016/j.schres.2015.01.031
- Lauveng, A. (2005). *I morgen var jeg alltid en løve*. Oslo: Cappelen.
- Leary, D.E. (1990). *Metaphors in the history of psychology*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Lee, Y.S., Kim, J.-J., & Kwon, J.S. (2013). Renaming schizophrenia in South Korea. *The Lancet*, 382(9893), 683–684.
- Leegaard, C. (1895). *Forelæsninger over sindssygdomme afholdt for distriktslæger høsten 1894*. Kristiania: Aschehoug.
- Leiarartikkel. (2003). Tony Blair's leadership : Bruised, but bouncing back. *The Economist*.
- Levin, T. (2006). Schizophrenia Should be Renamed to Help Educate Patients and the Public. *International Journal of Social Psychiatry*, 52(4), 324–331. doi:10.1177/0020764006065144
- Lexander, A.J. (2015, 29.3.). Etter 18 seire og fire uavgjort kunne champagnen endelig sprettes. *Askøyværingen*. Henta frå: <http://www.av-avis.no/sport/Etter-18-seire-og-fire-uavgjort-kunne-champagnen-endelig-sprettes-289837.html>

- Lian, O.S. (2014). Hva ligger i navnet? Psykiatriske diagnoser og diagnosenes sosiologi. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 51(9), 723–728.
- Lidberg, L. (1997). Ordning, disiplin och reda skulle hjälpa mentalpatienten. *Läkartidningen*, 94(44), 3964–3965. Henta frå:
<http://www.lakartidningen.se/OldArticlePdf/#!/1997/16535>
- Lie, A.K. (2012). Vrangforestillingerens historiske innhold. *Tidsskr Nor Legeforen*, 132(7), 845–846. doi:10.4045/tidsskr.12.0347
- Lieberman, J.A., & First, M.B. (2007). Renaming schizophrenia. *BMJ*, 334(7585), 108–108. doi:10.1136/bmj.39057.662373.80
- Liljenquist, K., Zhong, C.-B., & Galinsky, A.D. (2010). The Smell of Virtue: Clean Scents Promote Reciprocity and Charity. *Psychological Science* 21(3), 381–383. doi:10.1177/0956797610361426
- Lingjærde, O. (2002). Nevrobiologiske funn ved schizofreni. *Tidsskr Nor Lægeforen*, 122(21), 2123–2127. Henta frå: <http://tidsskriftet.no/2002/09/tema-schizofreni/nevrobiologiske-funn-ved-schizofreni>
- Lisødegård, T. (2013, 26. juli). Togpassasjer var helt «bortreist». *Gudbrandsdølen Dagingen*. Henta frå: <http://www.gd.no/nyheter/togpassasjer-var-helt-bortreist/s/1-934610-6776835>
- Littlemore, J., Chen, P., Tang, P., Koester, A., & Barden, J. (2010). The use of metaphor and metonymy in academic and professional discourse and their challenges for learners and teachers of English. I: De Knop, S., & De Rycker, A. (red.), *Fostering Language Teaching Efficiency Through Cognitive Linguistics*. Berlin: Walter de Gruyter, 189–211.
- Lomheim, S. (1984). *Metaforanalyse og metaforomsetjing med utgangspunkt i L'Etranger / Den Framande av Albert Camus*. Upublisert avhandling, Agder distriktshøgskole.
- Lothe, J., Refsum, C., & Solberg, U. (1997). *Litteraturvitenskapelig leksikon*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Lowe, S. (2012, 26.10.). Why Arsenal are lucky to have Santi Cazorla, Spain's best kept secret. *The Guardian*. Henta frå:
<https://www.theguardian.com/football/blog/2012/oct/26/arsenal-santi-cazorla-spain>
- Lundh, L.-G., Montgomery, H., & Waern, Y. (1996). *Kognitiv psykologi: fra oppmerksomhet til tenkning*. Oslo: Ad notam Gyldendal.

-
- Lundquist, G. (1959). *Psykiatri och mentalhygien med kort vägledning i socialpsykiatri*. Stockholm: Svensk sjuksköterför. förl.
- Luty, J., Fekadu, D., & Dhandayudham, A. (2006). Understanding of the term «schizophrenia» by the British public. *World Psychiatry*, 5(3), 177–178.
- Lynn, J., & Jay, A. (2006). *The complete Yes Minister*. London: BBC books.
- Machin, D., & Mayr, A. (2012). *How to do critical discourse analysis : a multimodal introduction*. Los Angeles, Calif: Sage.
- Magliano, L., Read, J., & Marassi, R. (2011). Metaphoric and non-metaphoric use of the term «schizophrenia» in Italian newspapers. *Social Psychiatry and Psychiatric Epidemiology*, 46(10), 1019–1025. doi:10.1007/s00127-010-0274-3
- Malm, A. (2013). Mindre hjernetap etter schizofreni. *Forskning.no*, (21.11.). Henta frå: <http://forskning.no/hjernen-psykiske-lidelser/2013/11/mindre-hjernetap-etter-schizofreni>
- Malt, U. & Kjöll, G. (2014, 10. desember). Neologisme. I: *Store norske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://snl.no/neologisme>.
- Malt, U., & Skålevåg, S.A. (2016, 13. september). Psykiatri. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://sml.snl.no/psykiatri>.
- Malt, U. (2016a, 21. september). Katatoni. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://sml.snl.no/katatoni>.
- Malt, U. (2016b, 21. september). Kjerneschizofreni. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://sml.snl.no/kjerneschizofreni>.
- Malt, U. (2016c, 21. september). Psykose. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://sml.snl.no/psykose>.
- Malt, U. (2016d, 6. desember). Dysfori. I: *Store norske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://snl.no/dysfori>.
- Malt, U. (2016e, 15. januar). Egodyston. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://sml.snl.no/egodyston>.
- Malt, U. (2016f, 12. september). Icd-10. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://sml.snl.no/ICD-10>.
- Malt, U. (2016g, 19. juli). Organisk betingede psykiske lidelser. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå https://sml.snl.no/organisk_betingede_psykiske_lidelser.

- Malt, U. (2016h, 14. november). Schizofreni. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://sml.sn.no/schizofreni>.
- Malt, U. (2016i, 27. mai). Sløvsinn. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://sml.sn.no/sl%C3%B8vsinn>.
- Malt, U.F. (2012). *Lærebok i psykiatri*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Malt, U.F., Retterstøl, N., & Dahl, A.A. (2003). *Lærebok i psykiatri*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Mannsåker, H. (2010). «Inn i noko endå djupare» – *Metaforbruk om sinnet og stemningslidingar*. (Master Thesis), Universitetet i Bergen, Bergen.
- Mannsåker, H. (2016). Pablo Escobars tilbod om «sølv eller bly» er verdas skumlaste ordspråk. *Forskning.no*, (2.12.2016). Henta frå: <http://forskning.no/2016/11/solv-eller-bly-plata-o-plomo-metonymi-pablo-escobar-metonymi-skumleste-ordsprak>
- Maruta, T., Volpe, U., Gaebel, W., Matsumoto, C., & Iimori, M. (2014). Should schizophrenia still be named so? *Schizophrenia Research*, 152(1), 305–306. doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.schres.2013.11.005>
- Matthews, E. (2003). How can a mind be sick? I: Fulford, B., Morris, K., Sadler, J., Stanghellini, G. (red.), *Nature and narrative: an introduction to the new philosophy of psychiatry*. Oxford: Oxford University Press.
- May, A.C.W. (2008). Schizophrenia does not mean split personality. *Nature*, 451(7175), 127. doi:<http://dx.doi.org/10.1038/451127e>
- McConaghey, J.C. (1905). Adolescent Insanity: A Protest against the Use of the Term «Dementia Præcox». *The British Journal of Psychiatry*, 51(213), 340–348. doi:10.1192/bjp.51.213.340
- McGeoch, P.D., Brang, D., & Ramachandran, V.S. (2007). Apraxia, metaphor and mirror neurons. *Medical hypotheses*, 69(6), 1165–1168.
- McGlone, M.S. (2007). What is the explanatory value of a conceptual metaphor? *Language & Communication*, 27(2), 109–126. doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.langcom.2006.02.016>
- McMullen, L. (2008). Putting it in Context. Metaphor and Psychotherapy. I: Gibbs, R.W. (red.), *The Cambridge Handbook of Metaphor and Thought*. Cambridge: Cambridge University Press, 397–411.

-
- McNally, K. (2007). Schizophrenia as split personality / Jekyll and Hyde: The origins of the informal usage in the English language. *Journal of the History of the Behavioral Sciences*, 43(1), 69–79. doi:10.1002/jhbs.20209
- McNally, K. (2012). Definitions of schizophrenia, 1908–1987: The failed essentialism. *Theory & Psychology*, 22(1), 91–113. doi:10.1177/0959354310377821
- Meadows, B. (2007). Distancing and Showing Solidarity via Metaphor and Metonymy in Political Discourse: A Critical Study of American Statements on Iraq during the Years 2004-2005. *Critical Approaches to Discourse Analysis across Disciplines*, 1(2), 1–17.
- Meier, B.P., Hauser, D.J., Robinson, M.D., Friesen, C.K., & Schjeldahl, K. (2007). What's «up» with God? Vertical space as a representation of the divine. *J Pers Soc Psychol*, 93(5), 699–710.
- Meier, B.P., & Robinson, M.D. (2004). Why the sunny side is up: association between affect and vertical position. *Psychol Sci*, 15(4), 243–247.
- Meier, B.P., & Robinson, M.D. (2006). Does «feeling down» mean seeing down? Depressive symptoms and vertical selective attention. *Journal of Research in Personality*, 40(4), 451–461. doi:http://dx.doi.org/10.1016/j.jrp.2005.03.001
- Meier, B.P., Robinson, M.D., & Clore, G.L. (2004). Why Good Guys Wear White: Automatic Inferences About Stimulus Valence Based on Brightness. *Psychological Science*, 15(2), 82–87.
- Meyer, I., & Mackintosh, K. (2000). When terms move into our everyday lives: An overview of de-terminologization. *Terminology. International Journal of Theoretical and Applied Issues in Specialized Communication*, 6(1), 111–138.
doi:doi:10.1075/term.6.1.07mey
- Middleton, W., Dorahy, M.J., & Moskowitz, A. (2009). Historical conceptions of dissociation and psychosis: Nineteenth and early twentieth century perspectives on severe psychopathology. I: Moskowitz, A., et al. (red.), *Psychosis, Trauma and Dissociation : Emerging Perspectives on Severe Psychopathology*. Hoboken, NJ, USA: John Wiley & Sons, 9–20.
- Mojtabai, R. (2000). Delusion as error: the history of a metaphor. *Hist Psychiatry*, 11(41 Pt 1), 3–14.

- Morlandstø, L. (2010). Medier, makt og psykisk helse. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*, 7(02).
- Moskowitz, A., & Heim, G. (2011). Eugen Bleuler's Dementia Praecox or the Group of Schizophrenias (1911): A Centenary Appreciation and Reconsideration. *Schizophrenia Bulletin*, 37(3), 471–479. doi:10.1093/schbul/sbr016
- Munch-Petersen, V.P., & Hartmann, E. (1970). *Svensk-dansk ordbog* (Mindre utg., 12. opl. ed.). København: Gyldendal.
- Müller, C. (2008). *Metaphors dead and alive, sleeping and waking: a dynamic view*. Chicago: University of Chicago Press.
- Møller, P. (2017). Forskingen på schizofreni og psykose er i dyp krise. *Aftenposten*, (26.1.). Henta frå: <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/Forskingen-pa-schizofreni-og-psykose-er-i-dyp-krise--Paul-Moller-613769b.html>
- Møller, P., & Husby, R. (2003). Det initiale prodrom ved schizofreni – kjernedimensjoner av opplevelse og atferd. *Tidsskr Nor Lægeforen*, 123(Nr. 17 – 11. september 2003), 2425–2429.
- Nakken, K.O. (2013). Betegnelsen epileptiker bør unngås. *Tidsskr Nor Legeforen*, 10(133), 1088. doi:doi: 10.4045/tidsskr.13.0452
- Narayanan, S. (1999). *Moving right along: a computational model of metaphoric reasoning about events*. Paper presented at the Proceedings of the sixteenth national conference on Artificial intelligence and the eleventh Innovative applications of artificial intelligence conference innovative applications of artificial intelligence, Orlando, Florida, USA.
- Narayanan, S.S. (1997). *Knowledge-based Action Representations for Metaphor and Aspect (KARMA)*. (Doctor of Philosophy in Engineering), University of California, Berkeley, Berkeley.
- Nath, D. (2013, 13.11.). The schizophrenia stereotype scares the sufferer too. *Independent*. Henta frå: <http://www.independent.co.uk/life-style/health-and-families/health-news/the-schizophrenia-stereotype-scares-the-sufferer-too-8937792.html?origin=internalSearch> doi:<http://www.independent.co.uk/life-style/health-and-families/health-news/the-schizophrenia-stereotype-scares-the-sufferer-too-8937792.html?origin=internalSearch>

-
- Nayman, L. (1994). Reflections on Training: On the Process and the use of Metaphor in Psychiatry. *Australasian Psychiatry*, 2(6), 274–276.
doi:10.3109/10398569409079298
- Neill, J. (1990). Whatever became of the schizophrenogenic mother? *Am J Psychother*, 44(4), 499–505.
- Nerlich, B., & Clarke, D.D. (2001). Serial metonymy: A study of reference-based polysemisation. *Journal of Historical Pragmatics*, 2(2), 245–272.
doi:doi:10.1075/jhp.2.2.04ner
- Nerlich, B., & Clarke, D.D. (2007). Cognitive linguistics and the history of linguistics. I: Geeraerts, D. & Cuyckens, H. (red.), *The Oxford handbook of cognitive linguistics*. Oxford: Oxford University Press, 589–607.
- Nesset, T. (2011). Metafor og metonymi: personkarakteriserende sammensatte substantiv i norsk. *Maal og Minne*, 103(1), 32–64.
- Nietzsche, F. (2001). Om sannhet og løgn i en utenom-moralsk forstand / *Über Wahrheit und Lüge im aussermoralischen Sinne* (Hansen, K.-W., omsetter). I: Læg Reid, S., & Skorgen, T. (red.), *Hermeneutisk lesebok*. Oslo: Spartacus, 2001, 331–343.
- NN. (1974). The diagnosis and psychopathology of schizophrenia in New York and London. *Schizophrenia Bulletin*, 1(11), 80–102.
- NN. (1998, 14.10.). Feirer Derricks farvel. *VG*. Henta frå:
<http://www.vg.no/rampelys/tv/feirer-derricks-farvel/a/32441/>
- NN. (2000). Irish guide on schizophrenia goes global. Henta frå:
<http://www.irishhealth.com/article.html?id=1101>
- NN. (2009a, 5. desember). Projeksjon: matematikk. I: *Store norske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå https://snl.no/projeksjon_-_matematikk
- NN. (2012, 23. desember). Resonans. I: *Store norske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://snl.no/resonans>.
- NN. (2016). Syd Barrett. *Wikipedia*. Henta 12.12.2016 frå
https://en.wikipedia.org/wiki/Syd_Barrett.
- NN. (2009b, 14. februar). Avbildning: matematikk. (2009). I: *Store norske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå https://snl.no/avbildning_-_matematikk
- NN. (u.å.). *Center for Subjectivity Research – about the center*. Henta frå:
<http://cfs.ku.dk/about/>

- Noll, R. (2011). *American madness: the rise and fall of dementia praecox*. Cambridge, Mass.: Harvard University Press.
- Nordahl, M. (2010, 1.12). Tung bør på barn av aidssyke. *Forskning.no*. Henta frå: <http://forskning.no/aids-psykiske-lidelser-barn-og-ungdom-afrika/2010/11/tung-bor-pa-barn-av-aidssyke>
- Nordentoft, M. (2004). Ny lærebok i psykiatri. *Tidsskr Nor Legeforen*, 124(5), 670–670.
- Nordentoft, M. (2009). Ny lærebok i psykiatri. *Tidsskr Nor Legeforen*, 129(16), 1674–1674. doi:10.4045/tidsskr.09.0339
- Nordentoft, M. (2013). Fulminant lærebog i psykiatri. *Tidsskr Nor Legeforen*, 133(3), 325–325. Henta frå: <http://tidsskriftet.no/2013/02/anmeldelser/fulminant-laerebog-i-psykiatri> doi:10.4045/tidsskr.12.1397
- Norman, M.G., & Åsebø, S. (2016, 22.11.2016). Eline (25) ble beltelagt i fjor: – Den verste natten i mitt liv. *VG*. Henta frå: <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/tvang-i-psykiatrien/eline-25-ble-beltelagt-i-fjor-den-verste-natten-i-mitt-liv/a/23853640/>
- Oliveira, R.P.D. (2001). Language and Ideology: An interview with George Lakoff. I: Dirven, R., Hawkins, B., & Sandikcioglu, E., (red.), *Current Issues in Linguistic Theory : Language and Ideology : Volume 1: theoretical cognitive approaches*. Philadelphia: John Benjamins Publishing Company, 23–47.
- Olstad, R.E. (2009). Dansk lærebok i psykiatri. *Tidsskr Nor Legeforen* 129(23), 2512–2512. Henta frå: <http://tidsskriftet.no/2009/12/anmeldelser/dansk-laerebok-i-psykiatri> doi:10.4045/tidsskr.09.1157
- Ortony, A. (1979). *Metaphor and thought*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Ortony, A. (1979). Metaphor: A Multidimensional Problem. I: Ortony, A. (red.), *Metaphor and thought*. Cambridge: Cambridge University Press, 1–16.
- Owen, P.R. (2012). Portrayals of Schizophrenia by Entertainment Media: A Content Analysis of Contemporary Movies. *Psychiatric Services*, 63(7), 655–659.
- Oxford University Press (2016a). *Oxford Dictionary of English*. Henta frå: <https://en.oxforddictionaries.com/>
- Oxford University Press (2016b). *Oxford English Dictionary* Henta frå: <http://www.oed.com/>

-
- Panther, K.-U. (2005). The role of conceptual metonymy in meaning constructions. I: Ibáñez, F.J.R.d.M., & Cervel, M.S.P. (red.), *Cognitive linguistics : internal dynamics and interdisciplinary interaction*. Berlin: Mouton de Gruyter, 353–386.
- Panther, K.-U., & Radden, G. (1999). Introduction. I: Panther, K.-U., & Radden, G. (red.), *Metonymy in language and thought*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company, 1–14.
- Panther, K.-U., & Radden, G. (1999). *Metonymy in language and thought*. Amsterdam: J. Benjamins.
- Panther, K.-U., & Thornburg, L. (2007). Metonymy. I: Geeraerts, D. & Cuyckens, H. (red.), *The Oxford Handbook of Cognitive Linguistics*. Oxford: Oxford University Press, 236–263.
- Panther, K.-U., & Thornburg, L. (2009). The roles of metaphor and metonymy in English *-er* nominals. I: Pörings, R., & Dirven, R. (red.), *Metaphor and metonymy in comparison and contrast*. Berlin: Mouton de Gruyter, 279–319.
- Panther, K.-U., & Thornburg, L.L. (1999). The Potentiality for Actuality Metonymy in English and Hungarian. I: Panther, K.-U., & Radden, G. (red.), *Metonymy in language and thought*. Amsterdam: J. Benjamins, 333–357.
- Panther, K.-U., & Thornburg, L.L. (2007). Metonymy. I: Geeraerts, D., & Cuyckens, H. (red.), *The Oxford Handbook of Cognitive Linguistics*. Oxford: Oxford University Press, 236–263.
- Panther, K.-U., Thornburg, L.L., & Barcelona, A. (2009). *Metonymy and metaphor in grammar*. Amsterdam: John Benjamins.
- Park, J.-H., Choi, Y.-M., Kim, B., Lee, D.-W., & Gim, M.-S. (2012). Use of the Terms «Schizophrenia» and «Schizophrenic» in the South Korean News Media: A Content Analysis of Newspapers and News Programs in the Last 10 Years. *Psychiatry Investigation*, 9(1), 17–24. Henta frå:
<http://www.psychiatryinvestigation.org/html/fulltext.asp?no=0502012003#>
- Parker, G. (1982). Re-researching the schizophrenogenic mother. *J Nerv Ment Dis*, 170(8), 452–462.
- Parnas, J. (2011). A Disappearing Heritage: The Clinical Core of Schizophrenia. *Schizophrenia Bulletin*, 37(6), 1121–1130. doi:10.1093/schbul/sbr081

- Parnas, J., Kragh-Sørensen, P., Mors, O., & Hemmingsen, R. (2009). *Klinisk psykiatri*. København: Munksgaard.
- Parzuchowski, M., & Wojciszke, B. (2014). Hand over Heart Primes Moral Judgments and Behavior. *Journal of Nonverbal Behavior*, 38(1), 145–165. doi:10.1007/s10919-013-0170-0
- Patrick, J. (2006). *Metonymic and holonymic roles and emergent properties in the SNOMED CT ontology*. Paper presented at the Proceedings of the second Australasian workshop on Advances in ontologies – Volume 72, Hobart, Australia.
- Peirsman, Y., & Geeraerts, D. (2006). Metonymy as a prototypical category. *Cognitive Linguistics*, 17(3), 269–316. Henta frå: doi:10.1515/COG.2006.007
- Peralta, V., & Cuesta, M.J. (2003). The Diagnosis of Schizophrenia: Old Wine in New Bottles. *International Journal of Psychology and Psychological Therapy*, 3(2), 141–152.
- Pervin, L.A., & John, O.P. (1997). *Personality: theory and research*. New York: Wiley.
- Pfleiderer, C., & Hackl, R. (2007). High-temperature superconductivity: Schizophrenic electrons. *Nature*, 450(7169), 492–493.
- Pickering, N. (2005). *The Metaphor of Mental Illness*. Oxford: Oxford University Press.
- Pies, R.W. (2012, 13.9.). Mental illness is no metaphor: Five uneasy pieces. *Psychiatric Times*.
- Pinker, S. (2007). *The stuff of thought : language as a window into human nature*. London: Allen Lane.
- Popper, K.R. (1979). *Objective knowledge: an evolutionary approach*. Oxford: Clarendon Press.
- Pragglejaz-Group. (2007). MIP: a method for identifying metaphorically used words in discourse. *Metaphor and Symbol*, 22(1), 1–39. Henta frå: <http://dx.doi.org/10.1080/10926480709336752>
- Radden, G. (2000). How metonymic are metaphors? I: Barcelona, A. (red.), *Metaphor and metonymy at the crossroads : a cognitive perspective*. Berlin: Mouton de Gruyter, 93–108.
- Radden, G., & Kövecses, Z. (1999). Towards a Theory of Metonymy. I: Panther, K.-U., & Radden, G. (red.), *Metonymy in language and thought*. Amsterdam: J. Benjamins, 17–59.

-
- Ramachandran, V.S., & Oberman, L.M. (2006). Broken mirrors: a theory of autism. *Sci Am*, 295(5), 62–69.
- Raskin, D.E. (1975). Bleuler and Schizophrenia. *The British Journal of Psychiatry*, 127(3), 231–234. doi:10.1192/bjp.127.3.231
- Reddy, M. (1979). The conduit metaphor – a case of frame conflict in our language about language. I: Ortony, A. (red.), *Metaphor and thought*. Cambridge: Cambridge University Press, 284–324.
- Retterstøl, N. (1993). *Suicide : a European perspective*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Retterstøl, N. (1998). *Menneskesinnets irrganger: psykiske lidelser i et moderne samfunn*. [Oslo]: Millennium.
- Retterstøl, N. (2009). Gabriel Langfeldt. I: *Norsk biografisk leksikon*. Henta frå: https://nbl.snl.no/Gabriel_Langfeldt.
- Rienecker, L., Strømsnes, H., Kock, C., Hegelund, S., Hedelund, L., & Stray Jørgensen, P. (2006). *Den gode oppgaven : håndbok i oppgaveskriving på universitet og høyskole*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Ritchie, L.D. (2010). Between mind and language: ‘A journey worth taking’. I: Cameron, L., & Maslen, R. (red.), *Metaphor analysis : research practice in applied linguistics, social sciences and the humanities*. London: Equinox.
- Ritchie, L.D. (2013). *Metaphor*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Rizzolatti, G., Fogassi, L. & Gallese, V. (2006). Mirrors in the Mind. *Scientific American*, (295), 54–61. doi:10.1038/scientificamerican1106-54
- Roald, B. (2017, 3. februar). Sykdom. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://sml.snl.no/sykdom.Sykdom>.
- Roald, B. (2015, 2. oktober). Syndrom. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://sml.snl.no/syndrom>.
- Robinson, M.D., Zabelina, D.L., Ode, S., & Moeller, S.K. (2008). The vertical nature of dominance-submission: Individual differences in vertical attention. *Journal of Research in Personality*, 42(4), 933–948.
doi:http://dx.doi.org/10.1016/j.jrp.2007.12.002
- Roggen, V. (2010). *Jo visst kan du gresk og latin!* Oslo: Pax.

- Romm, K.L., & Lie, A.K. (2011). Alvorlig sinnslidelse i et historisk perspektiv. *Tidsskr Nor Legeforen* 131(24), 2507–2511. Henta frå: <http://tidsskriftet.no/2011/12/medisinsk-historie/alvorlig-sinnslidelse-i-et-historisk-perspektiv> doi:10.4045/tidsskr.10.1022
- Rosenberg, R. (u.å.). Erik Strömgren. *Den Store Danske, Gyldendal*. Henta frå: <http://denstoredanske.dk/index.php?sideId=166035>.
- Rosenhan, D.L. (1973). On Being Sane in Insane Places. *Science*, 179(4070), 250–258. doi:10.1126/science.179.4070.250
- Rosenman, S. (2008). Metaphor, meaning and psychiatry. *Australas Psychiatry*, 16(6), 391–396.
- Rostad, I.L. (2013, 16. august). Mann (80) på bærtur havna på bærtur. *Nordlys*. Henta frå: <http://www.nordlys.no/nyheter/mann-80-pa-bartur-havna-pa-bartur/s/1-79-6811987>
- Rozenblit, L., & Keil, F. (2002). The misunderstood limits of folk science: an illusion of explanatory depth. *Cognitive Science*, 26(5), 521–562. doi:10.1207/s15516709cog2605_1
- Ruiz de Mendoza Ibáñez, F.J. (2000). The role of mappings and domains in understanding metonymy. I: Barcelona, A. (red.), *Metaphor and metonymy at the crossroads : a cognitive perspective*. Berlin: Mouton de Gruyter, 109–132.
- Ruiz de Mendoza Ibáñez, F.J. (2011). Metonymy and cognitive operations. I: Benczes, R., Barcelona, A., & Ruiz de Mendoza Ibáñez, F.J. (red.), *Defining metonymy in cognitive linguistics : towards a consensus view*. Amsterdam: John Benjamins, 103–124.
- Rund, B.R. (2017, 5.2.). Fem myter om schizofreni. *Aftenposten*. Henta frå: <http://www.aftenposten.no/meninger/debatt/Fem-myter-om-schizofreni--Bjorn-Rishovd-Rund-614481b.html>
- Rundblad, G. (2007). Impersonal, General, and Social: The Use of Metonymy Versus Passive Voice in Medical Discourse. *Written Communication*, 24(3), 250–277. doi:10.1177/0741088307302946
- Russell, S., Mammen, P., & Russell, P.S. (2005). Emerging trends in accepting the term intellectual disability in the world disability literature. *J Intellect Disabil*, 9(3), 187–192. doi:10.1177/1744629505056693
- Rustand, B. (2007). *Psykiatriens samfunn*. Oslo: Universitetsforl.

-
- Ruud, M. (2010, 29.11). – Vi trenger flere hoder og mer teknologi. *Utdanningsnytt.no*. Henta frå: <https://www.utdanningsnytt.no/nyheter/2010/november/-vi-trenger-flere-hoder-og-mer-teknologi/>
- Røkke, N.A. (2010, 30.11.). Gi folket brød og sirkus. *Adresseavisen*. Henta frå: <http://www.adressa.no/meninger/article1557691.ece>
- Råstam, H. (2012). *Fallet Thomas Quick – att skapa en seriemördare*: Pocketforlaget.
- Saks, E.R. (1999). *Interpreting interpretation*. New Haven: Yale University Press.
- Saks, E.R. (2007). *The centre cannot hold – a memoir of my schizophrenia*. London: Virago.
- Sánchez, M.T., Rodríguez, C.I.L., Linares, C.M., & Faber, P. (2012). Metaphor and metonymy in specialized language. I: Faber Benítez, P. (red.), *A Cognitive linguistics view of terminology and specialized language*. Berlin: de Gruyter Mouton, 33–72.
- Sarbin, T.R. (1990). Metaphors of unwanted conduct: a historical sketch. I: Leary, D.E. (red.), *Metaphors in the history of psychology*. Cambridge: Cambridge University Press, 300–330.
- Sartorius, N., Chiu, H., Heok, K.E., Lee, M.-S., Ouyang, W.-C., Sato, M., Yang, Y.K., Yu, X. (2014). Name Change for Schizophrenia. *Schizophrenia Bulletin*. doi:10.1093/schbul/sbt231
- Sato, M. (2006). Renaming schizophrenia: a Japanese perspective. *World Psychiatry*, 5(1), 53–55.
- Schioldann-Nielsen, J. (1993). Eric Strömngren (1909–1993). *History of Psychiatry*, 4(14), 283–285. doi:10.1177/0957154x9300401408
- Schizophrenia Ireland, Lucia Foundation (1999). *Guide for journalists and broadcasters reporting on schizophrenia*. Henta frå: http://www.sirl.ie/other/repository_docs/82.pdf
- Schlier, B., & Lincoln, T.M. (2014). «Bluttaten» und «schizophrene Politik». *Psychotherapeut*, 59(4), 293–299. doi:10.1007/s00278-014-1058-0
- Schmidt, M. (u.å.). Alexander Friedenreich. I: *Dansk Biografisk Leksikon, Gyldendal*. Henta frå: <http://denstoredanske.dk/index.php?sideId=289719>.
- Schnall, S., Benton, J., & Harvey, S. (2008). With a Clean Conscience: Cleanliness Reduces the Severity of Moral Judgments. *Psychological Science*, 19(12), 1219–1222. doi:10.1111/j.1467-9280.2008.02227.x

- Schomerus, G., Kenzin, D., Borsche, J., Matschinger, H., & Angermeyer, M. (2007). The association of schizophrenia with split personality is not an ubiquitous phenomenon. *Social Psychiatry and Psychiatric Epidemiology*, *42*(10), 780–786.
doi:10.1007/s00127-007-0235-7
- Schubert, T.W. (2005). Your Highness: Vertical Positions as Perceptual Symbols of Power. *Journal of Personality and Social Psychology*, *89*(1), 1–21. doi:10.1037/0022-3514.89.1.1
- Schulte, M. (2013). Mellom metafor og metonymi – Grunnskisse til en kognitiv prosesseringsmodell for skaldediktningen. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, *31*(1), 45–75.
- Schwartz, R.C., & Cohen, B.N. (2001). Psychosocial correlates of suicidal intent among patients with schizophrenia. *Comprehensive Psychiatry*, *42*(2), 118–123.
doi:http://dx.doi.org/10.1053/comp.2001.21222
- Schön, D.A. (1979). Generative Metaphor: A Perspective on Problem-Setting in Social Policy. I: Ortony, A. (red.), *Metaphor and thought*. Cambridge: Cambridge University Press, 254–283.
- Seebold, E. (2011). *KLUGE Etymologisches Wörterbuch der deutschen Sprache* (25., durchgesehene und erw. Aufl. bearbeitet von Elmar Seebold. ed.). Berlin: De Gruyter.
- Selander, S., & Skjelbred, D. (2004). *Pedagogiske tekster for kommunikasjon og læring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Selvik, K.-A. (2006). *Spatial Paths Representing Time: A Cognitive Analysis of Temporal Expressions in Norwegian Sign Language*. (PhD), UiO,
<http://urn.nb.no/URN:NBN:no-46956>.
- Semino, E. (2008). *Metaphor in discourse*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Semino, E., & Steen, G. (2008). Metaphor in literature. I: Gibbs, R.W. (red.), *The Cambridge Handbook of Metaphor and Thought*. Cambridge: Cambridge University Press, 232–246.
- Sherman, G.D., & Clore, G.L. (2009). The color of sin: white and black are perceptual symbols of moral purity and pollution. *Psychol Sci*, *20*(8), 1019–1025.
- Shorter, E. (1997). *A history of psychiatry: from the era of the asylum to the age of Prozac*. New York: Wiley.
- Shorter, E. (2005). *A historical dictionary of psychiatry*. Oxford: Oxford University Press.

-
- Simonsen, E. (2014). Emma Hjorth. I: *Norsk biografisk leksikon*.
https://nbl.sn�.no/Emma_Hjorth.
- Sinclair, J. (1999) (sist oppdatert 31.03.2016). Why I dislike «person first» language. Henta 15.11.2016 frå: <http://autismmythbusters.com/general-public/autistic-vs-people-with-autism/jim-sinclair-why-i-dislike-person-first-language/>
- Sinha, C. (2007). Cognitive linguistics, psychology, and cognitive science. I: Geeraerts, D., & Cuyckens, H. (Ed.), *The Oxford handbook of cognitive linguistics*. Oxford: Oxford University Press, 1266–1294.
- Skjævesland, O.I. (2006, 14.4.). EU splitter Fr.p. *Aftenposten*. Henta frå:
<http://www.aftenposten.no/norge/politikk/EU-splitter-Frp-410020b.html>
- Skoglund, T. (2009). *Schizofreni: splittet personlighet? : en studie av journalisters kunnskap og holdninger til schizofreni*. Universitetet i Oslo, Oslo.
- Skålevåg, S.A. (2016, 13. oktober). Eugen Bleuler. I: *Store medisinske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå https://sml.sn�.no/Eugen_Bleuler.
- Skårderud, F. (2004). Den kommuniserende kroppen – spiseforstyrrelser og kultur. *Tidsskrift for Den norske legeforening*, 124(18), 2365–2368
- Smith, C.U.M. (1993). The use and abuse of metaphors in the history of brain science. *Journal of the History of the Neurosciences*, 2(4), 283–301.
doi:10.1080/09647049309525577
- Smith, J.C., & Strömrgren, E. (1956). *Psykiatri*. København: Ejnar Munksgaard.
- Smith, S.B., Carmichael, S.W., Pawlina, W., & Spinner, R.J. (2007). Latin and Greek in gross anatomy. *Clin Anat*, 20(3), 332–337.
- Solheim, M.A.D. (2014). *Death by Metaphor: A study of metaphors and conceptualisations of death in British and American obituaries*. Master Thesis, Universitetet i Oslo.
Henta frå: <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-47767>
- Solomon, A. (2008, 25.5.). The Autism Rights Movement. *New York Magazine*. Henta frå:
<http://nymag.com/news/features/47225/>
- Solomon, A., Mehren, H., Stokseth, L., & Nilssen, M. (2013). *Langt fra stammen : foreldre, barn og jakten på identitet*. Oslo: Press.
- Soyland, A.J. (1994). *Psychology as metaphor*. London: Sage.

- Spitzer, M. (1994). The basis of psychiatric diagnosis. I: Sadler, J.Z., Wiggins, O.P., & Schwartz, M.A. (red.), *Philosophical perspectives on psychiatric diagnostic classification*. Baltimore: The Johns Hopkins University Press, 163–178.
- Spollen, J.J. (2003). Perspectives in Serious Mental Illness. *Medscape*, (May 20). Henta frå: <http://www.medscape.com/viewarticle/455449>
- Srinivasan, S., Bettella, F., Mattingsdal, M., Wang, Y., Witoelar, A., Schork, A.J., [. . .] Andreassen, O.A. Genetic Markers of Human Evolution Are Enriched in Schizophrenia. *Biological Psychiatry*. doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.biopsych.2015.10.009>
- St. Clair, R.N. (2002). *The major metaphors of European thought: growth, game, language, drama, machine, time and space*. Lewiston, N.Y.: Edwin Mellen Press.
- Steen, G. (2005). Metonymy Goes Cognitive-Linguistic. *Style*, 39(1), 1–11.
- Steen, G. (2007). *Finding metaphor in grammar and usage: a methodological analysis of theory and research*. Philadelphia: J. Benjamins Pub. Co.
- Steen, G., Dorst, A., Herrmann, J., et al. (2010). Metaphor in usage. *Cognitive Linguistics*, 21(4), 765–796. doi:10.1515/cogl.2010.024
- Steen, G.J. (2007). *Finding Metaphor in Grammar and Usage : A Methodological Analysis of Theory and Research*. Amsterdam, NLD: John Benjamins Publishing Company.
- Steen, G.J., Dorst, A.G., & Herrmann, J.B. (2010). *Method for Linguistic Metaphor Identification : From MIP to MIPVU*. Amsterdam, NLD: John Benjamins Publishing Company.
- Stefanowitsch, A. (2006). Words and their metaphors: A corpus-based approach. I: Stefanowitsch, A. Gries, S.T. (red.), *Corpus-based approaches to Metaphor and Metonymy*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Stefanowitsch, A., & Gries, S.T. (2006). *Corpus-based approaches to metaphor and metonymy*. Berlin: M. de Gruyter.
- Storvik, A.G. (2012, 10.2.). Sjenert og sint kan bli psykiatrisk diagnose. *Dagens Medisin*. Henta frå: <http://www.dagensmedisin.no/nyheter/sjenert-og-sint-kan-bli-psykiatrisk-diagnose/>
- Stotz-Ingenlath, G. (2000). Epistemological aspects of Eugen Bleuler's conception of schizophrenia in 1911. *Med Health Care Philos*, 3(2), 153–159.

-
- Strømmen, M., Bakken, I.J., Andenæs, E., Klöckner, C.A., Mårvik, R., Kulseng, B., & Holen, A. (2015). Fet, feit eller bare overvektig? *Tidsskr Nor Legeforen*, 135(19), 1732–1736. doi:10.4045/tidsskr.14.0828
- Stuart, J. (1997). Novel Figurative Language and Patient Experiencing in Psychodynamic Therapy. *Psychotherapy Research*, 7(3), 219–237.
doi:10.1080/10503309712331331983
- Styron, W., & Amlie, A. (omsettar) (1991). *Synlig mørke : erindringer om en depresjon*. Oslo: Aschehoug.
- «Sulten» (2015, 13.02.). KRSby tester Le's Kitchen. *krsby.no*. Henta frå:
<http://www.krsby.no/restauranter/krsby-tester-les-kitchen-17862>
- Svensden, L.F.H. (2011, 29. oktober). Innføring. I: *Store norske leksikon*. Henta 7. mars 2017 frå <https://snl.no/innf%C3%B8ling>.
- Svennevig, J. (2009). *Språklig samhandling: innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse*. Oslo: Landslaget for norskundervisning.
- Svenska Akademien (2016). *Svenska Akademiens ordbok*. Henta frå: <http://www.saob.se/>
- Sweetser, E. (1990). *From etymology to pragmatics : metaphorical and cultural aspects of semantic structure*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Szabó, R. (2014). Kognitive Metaphern in der Jungschen Psychoterapie. I: Polzenhagen, F. (red.), *Cognitive Explorations into Metaphor and Metonymy*. Frankfurt: Peter Lang GmbH, Internationaler Verlag der Wissenschaften, 215–224.
- Szasz, T.S. (1976). Schizophrenia: the sacred symbol of psychiatry. *Br J Psychiatry*, 129, 308–316.
- Sørbø, J.I. (2013). *Til trøyst: å gje språk til psykiske kriser*. Oslo: Samlaget.
- Takahashi, H., Ideno, T., Okubo, S., Matsui, H., Takemura, K., Matsuura, M., [. . .] Okubo, Y. (2009). Impact of changing the Japanese term for «schizophrenia» for reasons of stereotypical beliefs of schizophrenia in Japanese youth. *Schizophr Res*, 112(1-3), 149–152.
- Talmy, L. (2000). *Toward a cognitive semantics*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Tandon, R., Heckers, S., Bustillo, J., Barch, D.M., Gaebel, W., Gur, R.E., [. . .] Carpenter, W. (2013). Catatonia in DSM-5. *Schizophr Res*, 150(1), 26–30.
doi:10.1016/j.schres.2013.04.034

- Tandon, R., Nasrallah, H. A., & Keshavan, M.S. (2009). Schizophrenia, «just the facts» 4. Clinical features and conceptualization. *Schizophrenia Research*, 110(1–3), 1–23. doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.schres.2009.03.005>
- Temmerman, R. (2000). *Towards New Ways of Terminology Description. The sociocognitive-approach*. Philadelphia, PA, USA: John Benjamins Publishing Company.
- Thibodeau, P.H., & Boroditsky, L. (2011). Metaphors we think with: The Role of Metaphor in Reasoning. *PLoS ONE*, 6(2): e16782. Henta frå: <http://www.plosone.org/article/info%3Adoi%2F10.1371%2Fjournal.pone.0016782> doi:10.1371/journal.pone.0016782
- Thibodeau, P.H., & Boroditsky, L. (2013). Natural Language Metaphors Covertly Influence Reasoning. *PLoS ONE*, 8(1), e52961. doi:10.1371/journal.pone.0052961
- Thoresen, B. (2015). – Vi bør slutte å si schizofreni. *Psykisk helse* (4). Henta frå: <http://psykiskhelse.no/bladet/2015/h%C3%A5per-vi-slutter-%C3%A5-si-schizofreni>
- Thys, E., Struyven, C.I., Danckaerts, M., & De Hert, M. (2013). Stigmatization of schizophrenia in Flemish newspapers. *Schizophrenia Research*, 150(2–3), 598–599. doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.schres.2013.08.040>
- Torgersen, S. (2014). Kan Mysterier rommes i et moderne diagnosesystem? DSM-5: Bakgrunn, karakteristika og kontroverser. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 51(9), 708–714.
- Turner, M. (2007). Conceptual integration. I: Geeraerts, D. & Cuyckens, H. (red.), *The Oxford handbook of cognitive linguistics*. Oxford: Oxford University Press.
- UiO/Språkrådet. (red.) (2015) Bokmåls- og Nynorskordboka. Henta frå: <http://nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi>.
- Vahabzadeh, A., Wittenauer, J., & Carr, E. (2011). Stigma, Schizophrenia and the Media: Exploring Changes in the Reporting of Schizophrenia in Major U.S. Newspapers. *Journal of Psychiatric Practice*®, 17(6), 439–446. doi:10.1097/01.pra.0000407969.65098.35
- van Dijk, T.A. (1998). *Ideology*. London, UK: SAGE Publications.
- van Os, J. (2009). ‘Salience syndrome’ replaces ‘schizophrenia’ in DSM-V and ICD-11: psychiatry’s evidence-based entry into the 21st century? *Acta Psychiatr Scand*, 120(5), 363–372.

-
- van Os, J. (2010). Are psychiatric diagnoses of psychosis scientific and useful? The case of schizophrenia. *J Ment Health*, 19(4), 305–317.
- VG-Forbruker. (2000, 15.5.). Brussel på en dag. *VG*. Henta frå:
<http://www.vg.no/forbruker/reise/reiselivsnyheter/brussel-paa-en-dag/a/6871449/>
- Vikør, L.S. (2001). *The Nordic languages : their status and interrelations* (3rd ed. ed.). Oslo: Novus.
- Vogel, A. (2014). Laddade ord: Hur nya uttryck, som kategoriserar människor, tas in i svenskan. *Språk & Stil*, 24, 72–100.
- Vogt, R. (1905). *Psykiatriens grundtræk*. Kristiania: Steen'ske Bogtrykkeri og Forlag.
- Vogt, R. (1923). *Nogen hovedlinjer i medicinsk psykologi og psykiatri*. Kristiania: Steenske forlag.
- Warren, B. (1978). *Semantic patterns of noun-noun compounds* (Vol. 41). Göteborg.
- Warren, B. (1984). *Classifying adjectives* (Vol. 56). Göteborg: Distributors: Acta Universitatis Gothoburgensis.
- Weber, M.M. (1997). Aloys Alzheimer, a coworker of Emil Kraepelin. *Journal of Psychiatric Research*, 31(6), 635–643. doi:[http://dx.doi.org/10.1016/S0022-3956\(97\)00035-6](http://dx.doi.org/10.1016/S0022-3956(97)00035-6)
- Wehling, E. (2013). *A nation under joint custody: How conflicting family models divide US-politics*. (Doctor of Philosophy), University of California at Berkeley.
- Weintraub, K. (2015, 14.09.). A Mother's Perspective. *Association for Science in Autism Treatment*. Henta frå: <http://www.asatonline.org/for-parents/parents-share-their-stories/a-mothers-perspective/>
- Westhrin, V., & Tomter, L. (2015, 27.10.). First House og fylkeskommunen med regning til skattebetalerne: Konjakk, chablis og softis med strø. *NRK*. Henta frå:
http://www.nrk.no/telemark/first-house-med-regning-til-skattebetalerne_-konjakk_-chablis-og-softis-med-stro-1.12619154
- White, M. (2009). *Kart over narrativ praksis*. Oslo: Pax.
- WHO. Blå bok, ICD-10, kap. V, avsnitt F20-F29 Schizofreni, schizotyp lidelse og paranoide lidelser. Henta frå:
<https://finnkode.helsedirektoratet.no/#/icd10/ICD10BlaaBok|BI%C3%A5%20bok|hel|p|contentpages/ICD10/icd10blaabok.htm>

- WHO. *ICD-10. Systematisk del, kapittel V*. Henta frå:
<https://finnkode.ehelse.no/#icd10/0/0/0/2599483>.
- Williams, L.E., & Bargh, J.A. (2008). Experiencing Physical Warmth Promotes Interpersonal Warmth. *Science*, 322(5901), 606–607. doi:10.1126/science.1162548
- Wittgenstein, L., & Tin, M.B. (2010). *Filosofiske undersøkelser*. Oslo: Pax.
- Wulff, H.R. (2003). *Lægevidenskabens sprog: fra Hippokrates til vor tid*. København: Munksgaard.
- Young, N. (1972). Needle and the Damage done. Henta frå:
<http://www.azlyrics.com/lyrics/neilyoung/needleandthedamagedone.html>.
- Zakaria, F. (2008, 29.04.). McCain mot McCain. *Aftenbladet*. Henta frå:
<http://www.aftenbladet.no/meninger/McCain-mot-McCain-2372487.html>
- Zanolie, K., Dantzig, S.v., Boot, I., Wijnen, J., Schubert, T.W., Giessner, S.R., & Pecher, D. (2012). Mighty metaphors: Behavioral and ERP evidence that power shifts attention on a vertical dimension. *Brain and Cognition*, 78(1), 50–58.
doi:<http://dx.doi.org/10.1016/j.bandc.2011.10.006>
- Zhong, C.-B., Bohns, V.K., & Gino, F. (2010). Good Lamps Are the Best Police: Darkness Increases Dishonesty and Self-Interested Behavior. *Psychological Science*, 21(3), 311–4.
- Zhong, C.-B., & Liljenquist, K. (2006). Washing Away Your Sins: Threatened Morality and Physical Cleansing. *Science*, 313(5792), 1451–1452. doi:10.1126/science.1130726
- Zhong, C.-B., & Leonardelli, G.J. (2008). Cold and lonely: does social exclusion literally feel cold? *Psychol Sci*, 19(9), 838–842.
- Zubin, J. (1961). *Field studies in the mental disorders: proceedings of the Work Conference on Problems in Field Studies in the Mental Disorders, February 15-19, 1959, under the auspices of the American Psychopathological Association, supported by U.S.P.H.S. grant No. 3M-9146, National Institute of Mental Health*. New York: Grune & Stratton.
- Øyri, A. (1992). *Norsk medisinsk ordbok*. Oslo: Samlaget.

Vedlegg

Vedlegg 1: Utfyllande opplysingar om lærebokforfattarane og -publikasjonane

Harald Holm: Holm si bok (1895) er den første norske læreboka i psykiatri, og ho består av nedteikna førelesingar haldne ved dåverande Kristiania universitet i 1895 – dette er dei første førelesingane i psykiatri for medisinstudentar i Noreg (Romm & Lie, 2011). Holm underviste norske medisinske studentar i psykiatri frå 1895 til 1905, og han skreiv den første norske doktoravhandlinga innanfor psykiatrifagfeltet i 1893 (Kringlen, 2007). Han var med og planla Dikemark sjukehus og var den første direktøren der.²⁴⁷

Alexander Friedenreich: Boka til Friedenreich (1901) er den første utgåva av ei ifølgje Schmidt (u.å.) mykje nytta dansk lærebok i psykiatri som kom i siste utgåve i 1921. (Eg har nytta eit opptrykk av boka frå 2009 frå Bibliolife, og det ser ut som om boka er trykt opp i 2015 òg.²⁴⁸) I perioden 1898–1916 var Friedenreich dosent i psykiatri, og han var professor ved universitetet i København 1916–19 (Schmidt, u.å.).

Ragnar Vogt: Vogt (1905) si bok er ifølgje Kringlen (2007) ei ufullstendig lærebok, og ho er meir å rekna som ei innføringsbok. I 1923 gav han ut ei fullstendig lærebok (Vogt, 1923), og i perioden før det vart ifølgje Kringlen (2007) ei tysk lærebok anbefalt for studentane. Vogt var den første norske professoren i psykiatri. Han overtok undervisinga etter Holm i 1905, og frå 1907 vart psykiatri obligatorisk for alle norske medisinstudentar. Vogt skreiv den tredje doktoravhandlinga innanfor psykiatri i Noreg. Han hadde studieopphald i Europa under kjende namn som Wilhelm Wundt, Emil Kraepelin og Pierre Janet. Ifølgje Kringlen (2007) hevda Sigmund Freud at Vogt var den første universitetslæraren i verda som gav psykoanalysen ein plass i den

²⁴⁷ <http://runeberg.org/salmosen/2/11/0654.html>

²⁴⁸ <http://www.adlibris.com/no/bok/kortfattet-speciel-psykiatri---scholars-choice-edition-9781296300364>

medisinske undervisinga, nærare bestemt i læreboka frå 1905. Vogt var direktør ved Gaustad asyl til Hans Evensen overtok.

Jens Chr. Smith og Erik Strömrgren: Boka til Smith og Strömrgren (1956) er ei dansk lærebok som ifølgje føreordet byggjer på verket *Psykiatriske forelæsninger* av Smith frå 1939. Femte utgåva er ført i pennen av Strömrgren (etter Smiths død) og sterkt endra i høve til 4. utg. I perioden mellom 4. og 5. utgåve vart psykiatri eksamensfag ved embetseksamen i medisin i Danmark, og psykiatrien fekk raskt veksande tyding. 1956-utgåva er dermed nærare ei lærebok enn 1951-utgåva. Ifølgje Schioldann-Nielsen (1993) hadde læreboka stor suksess, og ho kom i 13 utgåver i perioden 1951 til 1979. Freeman (1993: 700) kallar boka til Strömrgren «the standard Danish textbook of psychiatry». Erik Strömrgren var ein sentral figur i internasjonal psykiatri (Freeman, 1993), og han var direktør ved Aarhus psykiatriske sjukehus. Trass i det svensklingande etternamnet (ikkje minst *ö-en*) kan Strömrgren reknast som dansk, då han var fødd i Danmark som son av den svensk-danske foreldre (Rosenberg, u.å.; Freeman, 1993).

Gabriel Langfeldt: Langfeldt si bok (1951) er ei norsk lærebok som kom i første utgåve 1951, og i tredje og siste utgåve i 1965. Langfeldt (1951) skriv i føreordet at boka kom som følgje av eit møte mellom danske og svenske universitetsprofessorar og han sjølv i 1946, der den presserande trongen for til ei moderne skandinavisk lærebok i psykiatri vart drøfta. Ifølgje Kringlen (2007: 285) byggjer læreboka på omfattande lesing og gjev ei god oversikt over dåtidas psykiatri, «om ikke alltid med like elegant penn». Læreboka hadde stor innflytelse i Noreg og Norden ifølgje Retterstøl (2009). Langfeldt var professor i psykiatri ved UiO og tok over for Ragnar Vogt som administrerande overlege ved universitetet sin psykiatriske klinikk. Her heime er han nok mest kjend for den rolla han hadde i Hamsun-prosessen, men internasjonalt er (var) han kjend for å ha introdusert omgrepet (og termen) schizofreniforme psykosar.

Gunnar Lundquist: Lundquist si bok (1959) er sjette utgåve av ei svensk lærebok som i føreordet er definert som ei konsentrert og elementær lærebok som kan fungera

som introduksjon eller oppfrisking for medisinarar m.m. Lidberg (1997: 3964) skriv følgjande om boka:

Gunnar Lundquists lärobok i psykiatri, «Psykiatri och mentalhygien», egentligen skriven för sjuksköterskor, spreds i många och stora upplagor och förmedlade psykiatrikunskap till all sjukvårds-personal, inklusive de flesta läkare.

Lundquist var m.a. overlege ved Långbro sjukehus og dosent i psykiatri ved Universitetet i Uppsala.

Ulrik Fredrik Malt, Nils Retterstøl og Alv A. Dahl: Denne norske læreboka (2003) er andre og fullstendig reviderte utgåve av ei norsk lærebok som først vart utgjeven i 1994, og som kom i 12 opplag. Boka har lange røter, då ho ifølgje føreordet er ei vidareføring av eit læreverk først publisert i 1971, med Retterstøl og Leo Eitinger som forfattarar. Boka er no komen i 3. utgåve, med Malt som redaktør (Malt, 2012). Når det gjeld norske originallæreverk i psykiatri, kan berre Einar Kringlen sitt verk *Psykiatri*, som kom i 1. utgåve i 1972 og i 11. utgåve i 2011 (Kringlen, 2011), måla seg med denne læreboka i levetid og kanskje òg i utbreiing. **Malt** er professor i psykiatri og har vore avdelingssjef ved Psykosomatisk avdeling, Rikshospitalet. Han var med på å utarbeida diagnostiske kriterium og retningslinjer for psykiske lidningar og åtferdssforstyringar i ICD-10.²⁴⁹ **Retterstøl** var professor i psykiatri og direktør ved Gaustad sykehus. Han er internasjonalt kjend for forskinga si på paranoide psykosar, og boka hans om sjølv mord er utgjeven på engelsk (Retterstøl, 1993). Retterstøl døydde i 2008. **Dahl** var professor i psykiatri ved UiO til 2003, då han vart rådgjevar for psykoonkologisk forskning ved Radiumhospitalet. I tillegg til å vera ein av forfattarane av eit norsk lærebokverk i psykiatri, bidreg han til den danske læreboka til

²⁴⁹ <http://www.med.uio.no/klinmed/personer/vit/umalt/>

Parnas et al. med eit kapittel titulert «Personlighedsforstyrrelser og seksuelle avvigelsar» (Parnas et al., 2009).

Johan Cullberg: Cullberg (2003) si bok er sjuande utgåve av ei svensk lærebok som kom i første utgåve i 1984. Ei tidlegare utgåve av boka (Cullberg, 1999) vart i samarbeid med ei gruppe danske psykiatrar omsett og utgjeven på norsk og dansk, dvs. at Cullberg si bok er nytta i alle dei tre skandinaviske landa. I føreordet til den norske 1999-utgåva kallar Svein Haugsgjerd Cullberg for ein eineståande brubyggjar i nordisk psykiatri. Og sjølv om det medisinske fakultetet ved NTNU hausten 2016 kallar boka ufullstendig som generell lærebok for medisinarar grunna mangelfull oppdatering, er boka likevel lista blant tilrådd litteratur, då boka gjev «[g]od beskrivelse av de psykologiske prosessene ved psykiske lidelser».²⁵⁰ Boka til Cullberg byggjer på såkalla psykodynamisk teori, dvs. på eit syn som utgår frå den psykoanalytiske rørsle, der mennesket si opplevingsverd, personlegdomsutvikling og åtferd er det sentrale. Såleis representerer ho eit humanistisk motstykke til den naturvitskapelege biologiske psykiatrien, der hjernen sin biokjemi står sentralt. Boka er bevisst vald ut av meg for å gje analys materialet mitt betre spreiding i høve til breidda i det moderne psykiatriske fagfeltet. Cullberg er professor i psykiatri og tilknytt eininga for psykoseforskning i Stockholm.

Ole Mors, Per Kragh-Sørensen og Josef Parnas: Parnas et al. (2009) er den fullstendig reviderte tredje utgåva av ei dansk lærebok. Første utgåve av boka kom i 1994, og fjerde utgåve kom i 2016. Den tredje utgåva nyttar heile 97 sider på å omtala schizofreni, noko som gjer at eg har valt å kutta avsnittet om farmakologisk behandling (på totalt 19 sider), slik at materialet frå denne boka skulle samsvara betre med storleiken på materialet frå dei andre to bøkene frå denne perioden. Boka har i tillegg til dei tre redaktørane Parnas, Mors og Kragh-Sørensen elleve andre forfattarar,

²⁵⁰

<https://www.ntnu.no/documents/10268/31870966/Semesterh%C3%A5ndbok+II+C+H%C3%B8st+2016+ver+3+290816.pdf/c7428360-4c24-472d-94d8-503ddca18dca>

deriblant norske Alv A. Dahl og Merete Nordentoft (som har skrive fleire bokmeldingar om skandinaviske lærebøker i psykiatri for *Tidsskrift for den norske legeförening*). Det vil føra for langt å presentera alle 14 forfattarar, så eg nøyer meg med redaktørane:

Mors er professor ved Center for psykiatrisk forskning, Universitetshospitalet Århus. **Kragh-Sørensen** er professor ved Klinisk Institut, Universitetet i Odense. **Parnas** er professor ved Psykiatrisk Center Hvidovre og Danmarks Grundforskningsfonds Center for Subjektivitetsforskning, Københavns Universitet. Parnas har saman med bidragsytar Birte Glenthøj, som er professor i nevropsykiatri (og dermed biologisk orientert) ført kapittelet om schizofreni i pennen i 2009-utgåva av læreboka. Dette kapittelet har ei filosofisk-eksistensialistisk tilnærming, noko som truleg skuldast Parnas si tilknytning til Center for Subjektivitetsforskning, som presenterer seg slik på sine heimesider:

Since 2002 the Center for Subjectivity Research (CFS) has carried out research on the self and its relations to others and the world from an interdisciplinary perspective. Its exploration of subjectivity has explicitly sought to further the integration of different philosophical traditions, in particular phenomenology, hermeneutics, analytic philosophy of mind and philosophy of religion. At the same time, however, much time has been invested in promoting the dialogue between philosophy and empirical science, in particular psychiatry and psychopathology, but also clinical psychology, cognitive science and developmental psychology.

Eugen Bleuler: Bleuler var ein sveitsisk psykiater som studerte psykiatri m.a. hjå Charcot²⁵¹ i Paris. Han var professor i psykiatri og direktør for universitetsklinikken i Zürich (Burghölzli) og gav i 1916 ut ei lærebok i psykiatri som vart mykje nytta i Europa (Shorter, 2005), og som kom i mange utgåver.²⁵² Ifølgje Skålevåg (2016) og

²⁵¹ Charcot var ein vidgjeten fransk nevrolog som m.a. arbeidde med teoriar om hysteri og hypnose, og som gav Freud den ideen at «ideas could lodge in the unconscious portion of the mind where they could produce bodily symptoms» (Hergenhahn, 2001: 451).

²⁵² <https://global.britannica.com/biography/Eugen-Bleuler>

Gilman (2008) var Bleuler ein av dei første innanfor det psykiatriske fagfeltet som nytta psykoanalytiske synsmåtar i forskning og behandling, men kor mykje Bleuler var påverka av Freud, er omdiskutert, sjå Moskowitz & Heim (2011) versus Stotz-Ingenlath (2000). Gustav Jung studerte og arbeidde under Bleuler på Burghölzli og skreiv ei habilitasjonsavhandling titulert *Über die Psychologie der Dementia Praecox* (Shorter, 2005). Ifølgje Berrios et al. (2003) samarbeidde Jung og Bleuler om utviklinga av schizofreniomgrepet.

Vedlegg 2: *Psykotisk, hebefren, kataton, paranoid*: Etymologi, tyding og semantisk relasjon til adjektivet *schizofren*

Psykotisk, av *psykose*, denoterer ein psykiatrisk tilstand eller symptomtype og vert ikkje nytta unikt for diagnosen schizofreni. Psykose ved schizofreni kan likevel ha særtrekk som gjer at han kan skiljast frå psykosar med annan etiologi. Substantivet *psykose* har to ulike tydingar: 1) '(mellombels) patologisk sinnstilstand' (teljeleg og graderbar) og 2) 'alvorleg sinnssjukdom' (uteljeleg og i mindre grad graderbar). Denne polysemien medfører som nemnt at ein kan ha ein psykose (t.d. ha diagnosen schizofreni) utan at ein til kvar tid treng å vera psykotisk, eller fullstendig psykotisk. Gjeve fleirtydigheita til termen kan *psykotisk* fungera både som eit hyperonym og eit hyponym til *schizofren*. Sjukdomstydinga til termen *psykose* er truleg eldst, men etymologien er uklår. Substantivet *psykose* oppstod på 1800-talet av substantivet *psyche* 'sjel' med sjukdomssuffikset *-ose*, av gr. *osis* 'liding', dvs. 'sjels-liding'. Eventuelt kan termen representera ei tydingsendring av det eldre låneordet frå gresk *ps̄ychōsis* 'besjeling' (Seebold, 2011). Avleiingsbasen *psyche* fekk ifølgje Seebold (2011) tydinga 'sjel' først på 1600-talet, på gresk hadde det tydinga 'pust, ande', av verbet *ps̄ychein* 'pusta, blåsa, leva'. OED hevdar at det greske opphavet hadde tydinga 'pust, liv, sjel'. Denne tydingsendringa frå eit sensomotorisk domene til eit psykisk domene er døme på metafor. Adjektivet *psychotic* er attestert frå 1896 i OED. Motivasjonen for val av forledd i termen *psykose* er metonymisk. Setet for sjukdommen/tilstanden (psyken) vert nytta for å referera til sjukdommen.

Hebefren er avleidd av termen *hebefreni*, som før denoterte ein eigen sjukdomskategori, men som fort vart teken opp som undergruppe²⁵³ til *dementia praecox* av Kraepelin og vidareført som undergruppe til schizofreni opp gjennom 1900-

²⁵³ Fenomena hebefren, kataton og paranoid schizofreni vert òg i schizofrenilitteraturen refererte til som forløpsform, forløpsmåte, subtype, reaksjonstype, form, diagnose, sjukdomsbilete, (hovud)kategori, kliniske typar, kliniske undergrupper og symptomrekkljer.

talet.²⁵⁴ Tilstanden hebefreni er unik for schizofreni. Termen *hebefreni* var på eit tidspunkt synonym med *dementia praecox*, før Kraepelin utvida *dementia praecox*-omgrepet i 1899. Kraepelin (1896: 437) skriv: «Man hat daher die Dementia praecox auch geradezu als «Jugendirresein», als «Hebephrenie» bezeichnet». [17] Sjø òg Evensen (1904: 8). *Hebefreni* er ei samansetting av gresk *hēbē* 'ungdom, pubertet' og gresk *phren* 'sinn' pluss suffikset *-ia* '(sjukeleg) tilstand' (altså same etterledd som i *schizophreni(a)*). Kombinasjonen: *hebe* + *fren* + *i(a)* skulle tilseia ei bokstaveleg tyding i retning av '(sjukeleg) tilstand av ungdomssinn'. Motivasjonen for val av forledd og etterledd i termen *hebefren* er metonymisk: Forleddet denoterer debutalderen for sjukdommen (ungdomstida, puberteten), og etterleddet denoterer setet for sjukdommen, sinnet. *Hebefren* er eit hyponym til *schizofren*.

Kataton, av *katatoni*, som før denoterte ein eigen sjukdomskategori, men som frå og med Kraepelin anno 1899 (6. utgåva av læreboka hans) vart teke inn i *dementia praecox*-omgrepet, som ei undergruppe av schizofreni. Tilstanden *katatoni* er ikkje (lenger) rekna som unik for schizofreni, og er no definert som eit nevropsykiatrisk syndrom som kan forårsakast av både somatiske og psykiatriske tilstandar.²⁵⁵ Termen *katatoni* er ifølgje Øyri (1992) samansett av gresk *kata* 'ned' og *tonos* 'spenning, tone' + *-ia* '(sjukeleg) tilstand', ifølgje Dudenredaktion (2007) kjem termen frå gresk *katátonos* 'abwärtsgespannt/nedspent', ein term som truleg er identisk med den som vart lånt inn i latin som *catatonus*.²⁵⁶ Bokstaveleg tyding er vel då noko slikt som

²⁵⁴ Termen *hebefreni* var laga av Kahlbaum og nytta av han i eit verk om psykiatri i 1863 (Evensen, 1904), men det var Kahlbaum sin assistent, Hecker, som gjorde hebefreniomgrepet kjend i ein vidgjeten artikkel i 1871 (Hecker, 1871; Kraam & Phillips, 2012). Kraepelin tok eit (utvida (ibid.)) hebefreniomgrep inn under sitt *dementia praecox*-omgrep i 1896 (Kraepelin, 1896), og Bleuler (1911/2014) vidareførte hebefreni som undertype i sitt schizofreniomgrep. Hebefreni vart av ICD-10 framleis rekna som ei undergruppe av schizofreni, men DSM har no fjerna undergrupper for schizofreni. Termene *hebefreni* og *hebefren schizofreni* vart nytta om kvarandre i mange av læreboktekstane.

²⁵⁵ Termen *katatoni* vart laga av Kahlbaum, og sjukdomskategorien vart presentert av Kahlbaum, munnleg i 1866 (Fink, 2013) og skriftleg i ein artikkel publisert i 1874. (Kahlbaum, 1874; Shorter, 2005). Kraepelin innlemma *katatoni* i sitt *dementia praecox*-omgrep i 1899-utgåva av læreboka si, Bleuler (1911/2014) vidareførte *katatoni* som undertype i sitt schizofreniomgrep, og ICD-10 reknar *kataton schizofreni* som ei undergruppe av schizofreni. Ifølgje Daniels (2009) er *katatoni* oftast ei følge av affektive lidningar eller somatiske eller neurologiske sjukdommar; schizofreni er altså langt frå den vanlegaste grunnen til *katatoni*.

²⁵⁶ Den latinske versjonen av termen, *catatonus*, har ifølgje Glare (1982) tydinga «'low-strung' (app. referring to the length of the tightened skeins which provided the propulsive power of a catapult).» Denne termen er kanskje ein meir sannsynleg

‘(sjukeleg) tilstand av nedspentheit’. Motivasjonen for termdanninga var (KARDINAL)SYMPTOM FOR SJUKDOM.²⁵⁷ *Kataton* kan vera eit hyperonym, hyponym eller ko-hyponym til *schizofren*, alt etter kva nosologisk syn ein har på katatoni, sjå t.d. Kahlbaum (1874), Kraepelin (1896), Goldar, Starkstein, & Hodgkiss (1995), Fink (2013), Bergsholm (2015) og Tandon et al. (2013).

Paranoid vart avleidd av *paranoia* i 1896 av Kraepelin, i uttrykket *dementia paranoides*, og tilstanden dette uttrykket refererte til, vart i 1899 innlemma i *dementia praecox*-omgrepet av same. Avleiinga bestod i å leggja til suffikset *-oides*, som er det latinske etymonet til suffikset *-oid* (jf. termen *schizoid*). Dette suffikset er ifølgje OED dels lånt frå latin, dels frå gresk og vert nytta i vitskapspråk for å danna adjektiv og substantiv: «Forming adjectives with the sense ‘having the form or nature of, resembling, allied to’, and nouns with the sense ‘something having the form or appearance of, something related or allied in structure, but not identical’». Ifølgje Øyri (1992) er tydinga til *-oid* ‘lik, liknande’, av gresk *eidōs* ‘form, skap’. NOB fører i tillegg opp tydinga ‘utsjånad’ for *eidōs*.²⁵⁸ Ordrett tyder altså *paranoid* ‘paranoialikande’.

Paranoid schizofreni (‘*dementia paranoides*’) er ei undergruppe av schizofreni, men tilstanden *paranoia* (paranoid psykose) er ein diagnosekategori som ikkje høyrer inn under schizofreni. Termen *paranoia* kjem ifølgje Seebold (2011) av gresk *paránoia* ‘uklokskap, galskap’, frå gresk *pará-noos* ‘galen’, eigentleg ‘vera ved sida av

avleingsbase for Kahlbaum si orddanning *Kataton-ia* enn *kata-* + *tonos*. Jamfør at Ahlheim (1966) fører opp opphavet til termen *katatoni* som gresk-nylatinsk.

²⁵⁷ Kahlbaum skriv sjølv følgjande om motivasjonen for termdanninga:

«In gleicher Weise sind bei der neuen Krankheitsart die spastischen Symptome mannigfach und wechselnd, diesen Symptomen wird man also eine ähnliche Bedeutung für die Aussonderung einer Krankheitsgruppe zuerkennen dürfen als den paralytischen Symptomen für die Gruppe der „paralytischen Seelenstörung.“ Von diesem Symptom wird man daher auch am besten die Benennung der Krankheitsform hernehmen, und da in jedem Falle eine Abänderung in dem Spannungszustande der Musculatur oder vielmehr der betreffenden Nerven vorausgesetzt werden darf, so möchte ich diese Krankheit das Spannungs-Irresein oder vesania katatonica (Katatonia) nennen, ohne dass mit dieser Benennung über die Natur des Symptoms und der Krankheit eine bestimmte Ansicht präsumirt werden soll.» (Kahlbaum, 1874: 23)

²⁵⁸ Jamfør termen *mongoloid*, tidlegare nytta om Down syndrom, som var motivert av det NOB kallar «ein viss mongolliknande utsjånad».

forstanden', av gresk *nóos* 'forstand, fornuft' + *para-* 'ved sida av'. OED omtalar på si side termen som eit lån frå latin *paranoia*:

< post-classical Latin *paranoia* < ancient Greek *παράνοια* madness < *παράνοος* demented (< *παρα-* para- + *νόος* nous) + *-ία*

Semantisk sett er *paranoia* nært beslekta med *dementia*, då dei begge ordrett tyder 'vekk(e) frå sinnet/fornufta'. Opphavleg var *paranoia*, lik *dementia*, altså ein generisk term for galskap, men den noverande tydinga er mykje smalare. Ifølgje Øyri (1992) er den norske termen *forfølgingsvanvett* synonym med *paranoia*.

Vedlegg 3: Definisjonar av schizofreni i skandinaviske ordbøker

Norsk

I *Norsk Ordbok* finn vi følgjande oppslag:

schizofreni [...] av gr *skhizein* 'kløyva' og *phren* 'sinn', opph 'mellomgolv'
1 med., sinnssjukdom som syner seg med splitta kjensler, flukt frå røyndomen og rangførestillingar [...] **2** overf, uvisse, vingling, tvisyn: *han skriv eigentleg nynorsk, men lir visst av den same forma for språkleg schizofreni som meg* (Hallingd 2006). (Almenningen et al., 2011: 901)

Vi ser at *Norsk Ordbok* fører opp ei metaforisk tyding for *schizofreni* som er konsistent med etymologien til termen, ambivalens og tvisyn. Jamfør ODE, som òg fører opp følgjande metaforiske tyding til *schizophrenia*: «(In general use) a mentality or approach characterized by inconsistent or contradictory elements».

Riksmålsordboken har følgjande oppslag:

schizofreni [...] (gr. nyd. schizophrenia, til gr. vb. *skhizein* 'spalte' og *phren* 'hjerter, sinn'), psykiatr., litt., sinnssykdom karakterisert ved spaltning (oppløsning) av personligheten og svinn av vilje og følelsesliv; særll. ungdomssløvsinn. (Knudsen, Sommerfelt, Bødtker, Noreng, & Riksmålsvernet, 1947: 1400)

Dansk

DDO har følgjande oppslag, der splitting ikkje er nemnt i definisjonen, men der det vert vist til oppslagsordet *personlighedsspaltning*, som ifølgje DDO sitt oppslag på dette ordet ofte opptrer saman med schizofreni:

skizofreni substantiv, fælleskøn [...] Oprindelse af græsk *schizein* 'spalte, kløve' og afledning af *phren* 'forstand' [...] svær (kronisk) sindslidelse med gennemgribende forstyrrelser i den syges tænkning, adfærd og forhold til andre mennesker. Skizofreni er typisk ledsaget af vrangforestillinger, hallucinationer

m.m. **Synonym** ældre betegnelse ungdomssløvsind **Se også**
personlighedsspaltning

ODS har følgende oppslag:

Skizofreni, en. (ogs. skrevet Schizofreni. – m. lat. form Schizo-phrenia. KliniskO.(1921).219). (jf. ty. schizophrenie, af gr. schízein, spalte, kløve og phrén, (egl.: mellemgulv), sind, forstand; jf. Ungdomssløvsind; psyk., med.)

sindssygdом hvor de sygelige processer særlig rammer følelse og vilje, således at der fremkommer en spaltning af personligheden. VTFrO.[1934]. Ved schizofrenien er et af de aller betydningsfuldeste .. symptomer den bristende kontakt med omverden. HHelweg.Den retslige psykiatri.(1939).192. Sindssygdommen Skizofreni. Sal.T.1941-42.158. m. afsvækket bet.: splittethed; ambivalens (S). Som med så mange andre store kunstnere – fristes man til at analysere sig frem til en slags skizofreni i Topolskis mangfoldige streger. [...]

Svensk

SAOB har følgende oppslag:

– **SCHIZO-FRENI** -freni⁴, r.; best. -en l. -n; pl. (om fall av schizofreni) -er. (äv. -phreni) [liksom eng. schizophrenia o. fr. schizophrénie av t. schizophrenie, bildat till gr. φρήν (gen. φρενός), sinne (se frenesi), o. tidigast använt 1911 av den schweiziske psykiatrikern EUGEN BLEULER; jfr -fren] i sht psykiatr. sinnessjukdom som (med bibehållen klarhet i medvetandet) tar sig uttryck i psykiska splittringsfenomen l. söndringsprocesser (förändringar i associationsförlopp o. logisk uppfattning, splittring i viljelivet o. d.) o. ofta slutar i ett tillstånd av (höggradig) slöhet; särsk. om (det stadium i sjukdomen när) splittringsfenomen (uppträda); själsklyvning, personlighetsklyvning. GADELIUS Tro 1: 114 (1912). WIRGIN Häls. 4: 134 (1939).

I oppslaget til schizofreni i *Store medisinske leksikon* finn vi følgende definisjon, forfatta av Ulrik Malt, som òg er medforfattar av den norske læreboka i mitt analysemateriale for perioden rundt år 2000:

Schizofreni, schizofreni (sic), spaltet sinn, alvorlig psykisk lidelse (psykose) over minst en måned kjennetegnet ved forandringer i tenkning

(assosiasjonsforstyrrelser), sansning (persepsjon) og regulering av affekter (affektavflatning), tilbaketrekning fra kontakt (autisme) og uttalt handlingsambivalens samtidig som den intellektuelle kapasiteten for øvrig kan være bevart, og personen er ved klar bevissthet. (Malt, 2016h)

Malt (op.cit.) opplyser i tillegg om etymologi og synonym: «ETYMOLOGI av gr. skhizein, ‘spalte’, og fren, ‘sinn’. OGSÅ KJENT SOM personlighetsspalting».

Norsk medisinsk ordbok definerer schizofreni som «sinnssjukdom med misoppfatting av og flukt frå røyndomen og endra kjensleliv; ter seg m a ved vrangforestillinger, sanseviller (hallusinasjonar); splitta kjensler (ambivalens) [...]» (Øyri, 1992: 698)

Vedlegg 4: Oversikt over undersøkingar av bruk av schizofrenitermane i media

I kronologisk rekkjefølgje følger her ein presentasjon av ei rekkje tidlegare undersøkingar av folkeleg bruk av termane *schiofren* og *schizofreni* i aviser, i høve til materiale, land, metode, metaforisk tyding og andel metaforisk bruk. Undersøkingane ser alle ut til å telja artiklar heller enn treff på søkjeord, dvs. at dei slår saman alle treff på søkjetermane i ein og same artikkel til eitt treff i kategoriseringa, heller enn å handsama kvart treff på søkjetermane for seg. Men dette kjem ikkje alltid så klart fram i metodeskildringane, og utvalskriterium og materiale varierer, så det må understrekast at undersøkingane ikkje utan vidare er direkte samanliknbare når det gjeld prosenttal.

Hoffmann-Richter et al. (1998): Undersøkte bruk av termar med leddet *schizo-* (dvs. termane *schizoid*, *schizophren*, *Schizophrenie*) i ei **sveitsisk** avis i 1994 og 1995. Fann **31 %** metaforisk bruk. Skriv følgjande om metaforisk bruk: «Im metaphorischen Gebrauch, in dem die Wortbedeutungen widersprüchlich, widersinnig, unheimlich, unberechenbar, unerklärlich, gefährlich im Vordergrund stehen.» (ibid.: 18) [18]

Finzen et al. (2001): undersøkte bruk av termane i to årgangar av **tyske** *Der Spiegel*. Fann at **51 %** av bruken er såkalt metaforisk-modulatorisk. Skriv om dei 29 artiklane med metaforisk bruk at: «Schizophrenie als Metapher steht hier für Widersprüchlichkeit (16-mal), Unbewusstes, Fremdes, Dämonisches (9-mal), Auswegslosigkeit und Verzweiflung (4-mal). [19]

Duckworth et al. (2003): samanlikna bruk av termane *cancer*, *cancerous*, *schizophrenia*, *schizophrenic* og *schizo* i **USA-amerikanske** avisartiklar og fann at 1 % av artiklane som inneheldt termane *cancer/cancerous*, nytta termen metaforisk, medan tilsvarande tal for artiklane som inneheldt termane *schizophrenia/schizophrenic/schizo*, var **28 %**.

Chopra & Doody (2007): skil mellom adjektivet og substantivet og fann at av totalt 600 **britiske** avisartiklar med treff på *schizophrenia* eller *schizophrenic* var

substantivet nytta metaforisk i 12 artiklar, medan adjektivet var nytta metaforisk i 55 artiklar. Samla tilsvarende dette **11 %** metaforisk bruk. Undersøkinga er komparativ; dei undersøkte òg bruk av termane *cancer* og *cancerous* i 600 artiklar, og fann at *cancer* vart nytta metaforisk i 0,02 % av artiklane, og at *cancerous* ikkje var nytta metaforisk i det heile. Dei skriv at «The word [*schizophrenic*/-*ia*] appears to stand for all things weird, contradictory or unpredictable.»

Boke et al. (2007): fann at av totalt 878 undersøkte **tyrkiske** avisartiklar som inneheldt schizofrenitermane, vart termane nytta metaforisk i **44 %**. Ifølgje dei vert schizofrenitermane nytta nærast som det ein kanskje kan kalla ein negativt ladd superlativ:

When an author is criticizing individuals or the society for not seeing the truth, or perhaps state his «loneliness» or «loss of self control» instead of using terms like «blindness to truth», «desolation» or «rage» he chooses to employ the word «schizophrenic» to emphasise a state far beyond of what the other terms imply to a general reader. Thus by using the term in such context, the author is reflecting the state of being «schizophrenic» as further more critical than being «blind to the truth» or «out of control». (ibid.: 460)

Den metaforiske tydinga av schizofrenitermane som Boke et al. rapporterer om for tyrkiske aviser, ser ikkje ut til å vera relatert til splittingsmetaforen, snarare til meir «psykotiske» aspekt ved schizofreni, som realitetsbrest og uføreseieleg åtferd.

Clement & Foster (2008): undersøkte 2 årgangar av fem **britiske** aviser (1996 og 2005). Søkjeordet «*schizo**» gav 1196 relevante treff på artiklar. Av desse nytta **23 %** termane metaforisk. Dei fann ingen signifikante skilnadar i samla bruk. Utan å oppgje eksakte prosenttal skriv dei at «metaphors were most often used to infer a ‘multiple personality’ or an unpredictable switching of opposites, but also sometimes to infer being evil or zany». (ibid.: 180)

Magliano et al. (2011): finn at **73,7 %** av bruken av termane i **italienske** aviser er metaforisk. Fordelinga av den metaforiske bruken på semantiske kategoriar var slik:

incoherence/contradiction/split (85, 1%), dangerousness/aggressiveness (4,4 %), eccentricity/oddness (10,5 %). Fordelinga mellom adjektivet og substantivet var høvesvis 61,7 % og 38,3 % for metaforisk bruk og 30,1 % og 69,9 % for ikkje-metaforisk bruk, dvs. at substantivet er meir nytta enn adjektivet i ikkje-metaforisk bruk og vice versa når det gjeld metaforisk bruk.

Dubugras, Evans-Lacko, & de Jesus Mari (2011a): undersøkte bruk av ekvivalentane til termane *schizofreni*, *schizofren*, *psykotisk episode*, *psykose*, *psykotisk* i to årgangar av «a prestigious newspaper» i **Brasil**. Av 219 undersøkte artiklar var schizofrenitermane nytta metaforisk i 75 (**34,2 %**). Dei skriv følgjande om metaforisk bruk av søkjetermane (både schizofreni- og psykoserelaterte termar):

Metaphorical meanings of these terms referred to contradiction, incoherence, splitting or multiplicity, oscillation, lack of reality, obsession, withdrawal, indecision, aggression, authoritarianism, peculiarity, intermediate state, creativity, transformation and boldness. [...] One difference between our analysis and previous studies is that we identified metaphors with positive connotations (14 of 75, 19%), which associated schizophrenia terms with creativity, multiplicity, aggressiveness, and uniqueness of art. The metaphorical references to multiplicity and aggressiveness had both negative and positive connotations.²⁵⁹ Although the analogy between schizophrenia and artistic creativity was presented in the newspaper articles as an attractive idea, this association may suggest that only people with schizophrenia who have extraordinary talents will be accepted by society or that medical treatment is unnecessary. (ibid.: 565)

Vahabzadeh et al. (2011) samanlikna **USA-amerikanske** avisartiklar frå ein femmånadarsperiode i 2000 og i 2010 (altså ein diakron studie). Søkjeord: *schizophrenia* og *schizophrenic*. Dei fann **22,3 %** metaforisk bruk i 2000 og **26,5 %** i 2010 og skriv følgjande om metaforisk tyding av termane:

In vernacular language, the term schizophrenia is commonly used to describe illogical actions. It is often used in situations when a person or organization

²⁵⁹ Ein metafor (1 %) er oppgjeven å ha nøytral konnotasjon.

appears to make two conflicting decisions, feeding into a popular public misconception about schizophrenia and «multiple or split personalities». These misconceptions contrast with a lack of metaphorical association with schizophrenia such as auditory or visual hallucinations. (ibid.: 444)

Park et al. (2012) undersøkte 3 aviser og nyheitssendingar frå tre TV-selskap i **Sør-Korea** frå perioden 2001–2010 og fann **10, 4 %** metaforisk bruk av termene *jungshinbunyeolbyung* ('schizofreni') og *jungshinbunyeol* ('schizofren'). Dei skriv at metaforisk bruk fordelte seg på følgjande kategoriar: «splitting» (65 %), «contradictory» (26 %), «odd» (9 %).

Anda (2013): undersøkte 2010-årgangen av avisene i korpuset A-tekst og fann at i **46 %** av **norske** avisartiklar er bruken av termene metaforisk, og at metaforisk bruk «reflekterte nesten utelukkende ordets etymologiske betydning, altså splittet sinn», ved at det vart «hovudsaklig brukt som metafor for en sinnstilstand eller et handlingsmønster preget av inkonsekvens eller splitting mellom to eller flere motstridende deler.» (ibid.²⁶⁰)

Băban & Calo (2013): undersøkte dei fire største **rumenske** avisene si framstilling av menneske med schizofreni. Av 102 artiklar som inneheldt dei rumenske ekvivalentane til *schizofreni*, *schizofren*, *schizo* frå ein periode på tre årgangar, fann dei at 8 måtte ekskluderast fordi termene der vart nytta metaforisk, noko som vel tilsvarer **7,8 %**. Dette er relativt lite samanlikna med mange andre land, noko forfattarane sjølve påpeikar. Dei skriv følgjande om metaforisk tyding: «[...] the word «schizophrenic» stands for a description of an unusual, unreasonable or even foolish idea or behavior.» (Băban & Calo, 2013: 17)

Thys et al. (2013): undersøkte nettsidene til fem årgangar av sju **belgiske** aviser. Søkjeord: ekvivalentar til *autisme*, *autist(isk)*, *schizofreni*, *schizofren*. Dei fann store

²⁶⁰ Nettversjonen av artikkelen er ikkje paginert.

skilnader i bruken av dei to termsetta: 4,8 % metaforisk bruk av termane *autisme*, *autist(isk)*, **25 %** metaforisk bruk av termane *schizofreni*, *schizofren*. Dei skriv følgjande om metaforisk tyding: «Almost always, these [figurative uses of «schizophrenia»] are pejorative references to multiple personality, ambivalence or hypocrisy.» (ibid.: 598)

Athanasopoulou & Valimaki (2014) undersøkte bruk av substantivet *σχιζοφρένεια* ('schizofreni') (og så vidt eg kan sjå, *ikkje* adjektivet *σχιζοφρενικός* ('schizofren')) i tre **greske** avisnettsider og fann at *σχιζοφρένεια* vart nytta metaforisk i **34 %** av artiklane. 90 % av metaforisk bruk indikerte «'incoherence/contradiction/split'». Economou, Richardson, Gramandani, Stalikas, & Stefanis (2009) undersøkte kunnskap om og haldningar til menneske med schizofreni i Hellas og fann at 81,3 % av respondentane oppgav at schizofrene hadde splitta personlegdommar, noko dei tilskriv den bokstavelege tydinga til termen *schizofreni*:

A striking majority of the respondents also believed that PWS²⁶¹ suffer from split personality, a finding we attribute as stemming from the literal etymology of the word schizophrenia ('split mind' in Greek), that Greeks interpret as 'split personality' disorder. This misinterpretation increases the pejorative and stigmatizing implications for PWS since split personality disorder is associated in the layman's eyes with unpredictability and irrationality, and facilitates schizophrenia with violence. (Economou et al., 2009: 367)

Jamfør med Luty, Fekadu, & Dhandayudham (2006), som stilte respondentar frå Storbritannia spørsmålet «What do you understand by the term 'schizophrenia'?». 40 % nemnde «split personality» eller «multiple personality» i svaret på spørsmålet. Og Schomerus, Kenzin, Borsche, Matschinger, & Angermeyer (2007) fann at 31,6 % av tyskarar busette i store tyske byar assosierer schizofreni med splitta personlegdom.

²⁶¹ PWS: «People With Schizophrenia»

Schlier & Lincoln (2014): undersøkte bruk av termene *Schizophrenie*, *schizophren*, *schizo* (pluss *Psychose*, *psychotisch*, *Wahn*²⁶², *wahnhaft*²⁶³, *Wahnvorstellung/en*²⁶⁴) i 4 tyske aviser (1 tabloidavis og 3 seriøse aviser) i årgangen 2011. Dei oppgjev at:

Auch im Deutschen ist der Begriff «schizophren» neben der Diagnosebezeichnung als eine bildungssprachliche Metapher für etwas Widersprüchliches, Abgehobenes, Absurdes oder Inkonsequentes fest verankert. Der metaphorische Gebrauch des Begriffs reicht bis in die 1920er Jahre zurück, begann also sehr früh nach der Schöpfung des Begriffs durch Bleuler 1911. [...] In 32,1% der Fälle wurde Schizophrenie als Synonym für Widerspruch verwendet. Die mit einer stärkeren Wertung verbundene Verwendung als Synonym für eine Ausnahme war in 4,0% und mit einer stark negativ wertenden Verwendung als Synonym für verrückt in 5,6% der Artikel zu finden. (ibid.: 293, 296) [20]

Dei finn at schizofrenitermane er nytta metaforisk i **40,9 %** av tilfella, og at den metaforiske bruken er vesentleg meir frekvent i dei seriøse avisene enn i tabloidavisene (høvesvis 45,1 % og 17 %). Nærare bestemt fann dei at tabloidavisa i sterkare grad koplar schizofreni med brotsverk og vald («schizofrene personar er farlege»), medan dei seriøse avisene i større grad nyttar schizofreni som metafor («schizofreni er splitta personlegdom»). Likeins fann Chopra & Doody (2007) at 62 % av den metaforiske bruken av termene var å finna i britiske «broadsheets», medan tabloidavisene stod for dei resterande 38 %.²⁶⁵ Boke et al. (2007) rapporterer om ein liknande skilnad mellom tyrkiske aviser. Dette samsvarer med funna til Schomerus et al. (2007), som vha. komparasjon av resultatata av to spørjeundersøkingar i Novosibirsk (Russland) og tyske storbyar fann at synet på schizofreni som splitta personlegdom er eit vestleg fenomen og meir utbreidd hjå dei med høg utdanning (berre 2,0 % av innbyggjarane i

²⁶² *Wahn*: 'villfarelse, villedelse, vrangforestilling' (Hustad, Reiten, & Ropeid, 2006)

²⁶³ *wahnhaft*: 'uvirkelig, illusorisk' (Hustad et al., 2006)

²⁶⁴ *Wahnvorstellung*: 'vrangforestilling' (Hustad et al., 2006)

²⁶⁵ Clement & Foster (2008) undersøkte 1996- og 2005-årgangen av fem britiske aviser og rapporterer om ein reduksjon av metaforisk bruk i britiske «broadsheets» og ein auke i metaforisk bruk i, noko som kan tyda på at skilnaden held på å utjamna seg.

Novosibirsk assosierte schizofreni med splitta personlegdom, mot 31,6 % av tyskarane).

Vedlegg 5: Omsette tyske sitat

[1] Å førestille seg intrapsykiske hendingar hjå ein annan, det er «inga enkel sak». Saksforholda som den kliniske psykiatrien undersøker, kan ikkje utan vidare sidestillast med saksforholda som andre medisinske og biologiske vitsskapar tek føre seg. [...] Språket i den kliniske psykiatrien, sidan han skildrar subjektive saksforhold, er annleis enn språket til andre vitsskapar.

[2] I diskusjonens interesse vil eg nok ein gong trekke fram at det ved den Kräpelinske Dementia praecox korkje handlar om eit naudsynt Dementia eller om eit naudsynt Praecocitas.

[3] [...] ein [kan] ikkje lage adjektiviske og substantiviske orddanningar av uttrykket Dementia praecox [...]

[4] Diverre kunne vi ikkje komme unna den ubehagelege oppgåva med å utforme eit nytt namn for sjukdomsgruppa [Dementia praecox]. Det eksisterande er for uhandterlig. Det kan berre gje namn til sjukdomen, men ikkje til dei sjuke, og ein kan ikkje lage noko adjektiv som kan skildre eigenskapane som følgjer av sjukdomen, sjølv om ein fortvila kollega allereie har late trykkja «precoxe symptom». Ein utførleg differensialdiagnostikk utan eit ord som dette ville vore ille å skrive og endå verre å lese.

[5] Eg trur nemlig at sunderrivinga eller spaltinga av dei psykiske funksjonane er eit framståande symptom for heile gruppa [...]

[6] [...rask] utvikling av eigenarta psykiske svakheitstilstandar. [...] Utviklinga av sjukdomsforløpet kan stoppe på kvart trinn av forsløvingsprosessen, slik at vi som utgang på desse formene for galskap finn ei rekke av tilstandar, som strekker seg frå den lettaste svekkinga av psykiske evner til det djupaste sløvsinn.

[7] Det finst altså ein latent schizofreni, og eg trur mest at dette er den hyppigaste forma, sjølv om han er den som sjeldnast kjem til behandling. [...] Irritable, spesielle,

humørsjuka, einsame, overdrive punktlege menneske er blant dei som vekker mistanke om å vere schizofrene.

[8] [...] særst ofte gjev breva til dei hebefrene eit tilstrekkeleg grunnlag for å stille diagnosen for denne sjukdomsforma [hebefreni]

[9] Slike brev er ikkje sjeldan så ekstraordinært kjenneteiknande at dei i seg sjølv er tilstrekkelege til at diagnosen for dei galskapsformene som her er omtala [dementia praecox i tydinga 'hebefreni'], kan bli avleia med full sikkerheit.

[10] Ved hjelp av to doktorandar [...] har eg i løpet av 8 år på Burghölzli fått gjennomgått dei 647 opptekne schizofreniane i forhold til prognosen.

[11] Vi får berre observere ein særst begrensa del av alle schizofreniar i anstaltane våre [...]

[12] Derimot blir heilt lette schizofreniar sende til anstalten pga. ei interkurrent²⁶⁶ raseriopprusing, ein tukthusgalskap, ei manisk opphissing, eit sjølvmordsforsøk, ein patologisk rus.

[13] [...] eg vil på det sterkaste åtvare mot å overta namnet «schizofreni». Slik det tidlegare blei trekt fram, er det sikkert at namnet dementia praecox ikkje er heilt tilfredsstillande; men vi veit alle kva som dermed er meint, og førebels kan vi arbeide klinisk med det. Derimot vil eg vende meg mot namnet schizofreni, ikkje berre fordi det truleg ikkje vil bli teke opp i språket så lett, men fordi det i staden for å ta utgangspunkt i fenomen som er umiddelbart tilgjengelege for klinisk observasjon, tek utgangspunkt i ei teoretisk oppfatting av sjukdomsprosessens vesen.

[14] I kvart tilfelle finst ei meir eller mindre tydeleg spalting av dei psykiske funksjonane: Er sjukdomen uttalt, så tapar personlegdomen eininga si; det er snart det

²⁶⁶ «Interkurrent, som kommer ved siden av. Uttrykket brukes om sykdommer som opptrer i forløpet av en annen sykdom, men som ikke har årsakssammenheng med denne.» (Kåss, 2009b)

eine, snart det andre psykiske komplekset som representerer personen: den gjensidige påverknaden av ulike kompleks og viljar er utilstrekkeleg eller rett og slett manglande; dei psykiske kompleksa flyt ikkje, slik som hjå friske, saman til eit konglomerat av vilje med einskaplege resultantar, snarare er det eitt kompleks som midlertidig rår over personlegdomen, medan andre førestillings- eller viljesgrupper blir «spalta av» og heilt eller delvis blir uverksame.

[15] Sidan tilfeldige delar av eg-et blir spalta av, og heilt framande førestillingar i staden blir til ein del av eg-et, blir pasientane «depersonaliserte», personen «tapar grensene sine i rom og tid». Dei sjuke kan kjenne seg identiske med ein eller annan person, ja med gjenstandar; med ein stol, med Sveits; omvendt mister dei samanhengen med seg sjølv; einskilde kjenslestyrte idear respektive drifter får eit visst sjølvstende, slik at personen fell i bitar. Desse delane kan eksistere ved sidan av kvarandre og vekselvis innta hovudpersonen, den sjukes medvitne del. Den sjuke kan frå eitt tidspunkt definitivt også vere ein annan. [...] Men også utan at ein kan påvise ei todeling av personen, snakkar nokre pasientar om seg sjølv berre i tredje person, vanlegvis omtalar han seg med eitt av namna sine. [...] I lettare tilfelle er dei sjuke vekselvis snart ein innbilt person, så igjen den riktige; den innbilte kan alltid vere den same eller på si side ta form av ulike gestaltar. Somme sjuke er så konsekvent og fullstendig snart den eine, så den andre personen, at når dei er i den eine rolla, tenkjer dei ikkje på den andre; den personen dei til ei kvar tid representerer, er kvar gong den som førekjem dei å vere sjølvsgd. Andre sjuke er medvitne om vekslinga. [...] Ikkje sjeldan fell ein del av personlegdomen bort og blir knytt til ein annan (transitivisme). Det pasientane hallusinerer eller gjer, er noko dei meiner er andre sine opplevingar. [...] I somme tilfelle er den andre personlegdomen kjenneteikna av eit heilt ulikt språk: Pasienten snakkar venleg og normalt og med si vante stemme med legen, og innimellom totalt forvirra med neologismar og med påfallande tonefall eller kviskrande med stemmene sine. I slike tilfelle kan skiftinga av personlegdom skje med eit par sekunds mellomrom. Nokre sjuke kan òg vere heilt opptekne med hallusinasjonar under ein samtale eller når dei les høgt, og svare stille, men likevel oppfatte

verkelegheita like presist som berre ein oppmerksam frisk person gjer, og t.d. få med seg ein opplesen historie med alle detaljar. Då lauper to ulike personlegdomar heilt parallelt ved sida av kvarandre, kvar av dei med full merksemd. Dei er neppe heilt skilde frå einannan, då ein oftast får vite noko om begge rekkene.

[16] Av praktiske omsyn treng eg ordet [*schizofreni*] i eintal, sjølv om gruppa sannsynlegvis omfattar fleire sjukdomar.

[17] Ein har difor rett og slett beteikna *Dementia praecox* som «ungdomsgalskap», som «hebefreni».

[18] I metaforisk bruk, der ordtydingane motseiande, meiningslaust, uhyggjeleg, uberekneleg, uforklarleg står i forgrunnen.

[19] Som metafor står *schizofreni* for sjølvmotseiing (16 gongar), umedvite, framandt, demonisk (9 gongar), utvegsløyse og fortviling (4 gongar).

[20] Også på tysk er omgrepet «*schizofren*», ved sida av diagnosebeskrivinga, fast forankra som ein danningsspråkleg metafor for noko motseiingsfullt, fråkobra, absurd eller inkonsekvent. Den metaforiske bruken strekk seg tilbake til 1920-talet, og tok altså til særstidleg etter at Bleuler hadde skapt omgrepet i 1911. [...] I 32,1 % av tilfella blei *schizofreni* brukt som synonym for motseiing. Den med ein sterkare verdidom forbundne bruken som synonym for eit unntak var å finne i 4,0 %, og den med ein sterkt negativ verdidom som synonym for gal var å finne i 5,6 % av artiklane.

